

III

# ORDET OG LIVET



*Hjggae Bjerkheim.*

ORDET OG LIVET

Redaktører:

Asbjørn Kvalbein

Reidun Lindheim

Copyright © 2001 Lunde Forlag,  
Sinsenveien 25, 0572 Oslo, Norway  
[www.lunde-forlag.no](http://www.lunde-forlag.no)

Omslagsdesign: Séan Brewer

Tekstarbeid: Laila Kyte, Judith Kvelland Rogstad,

Ågot Fosshaug Grindheim, Nils Dybdal-Holthe  
og Inger Holter

Grafisk utforming: Reidun Lindheim

Satt i Times New Roman 11,5/14 pt

Trykt på 100 g Munken Book Cream

Trykk og innbinding: AIT Gjøvik AS

ISBN 82-520-3480-2

# INNHOOLD

## DIKTSYKLUSENE:

<b>Stormfuglen</b> – Eit kvad om profeten Elia (1953) .....	7
Eit land under dom .....	8
Det store drama .....	18
Mot nye kall .....	31
Dei siste miler .....	40
<b>David</b> (1964) .....	49
Hyrding og harpespelar .....	50
På flukt .....	74
Drama på Gilboa berg .....	98
På ære-tinden .....	117
I ufred og fall .....	144
Beiskare enn døden .....	162
Absalom – min son, min son .....	172
Etter stormen .....	188
Mot solefall .....	199
Hyrdingen hastar heim .....	214
<b>Kristuskvadet</b> (1976) .....	223
Opnings-klanger .....	225
Demring av dag .....	226
Soloppgang frå det høge .....	238
Forfylgjing og flukt .....	250
Ungdoms-år .....	254
Døypt i Jordan – freista i øydemarki .....	257
Evangeliets morgonrøde .....	265
Atter mot nord .....	277
Nåde-år for Galilea .....	284
Herre over storm og sjø – Herre over liv og død .....	310
Herre over vonde ånder – .....	329
Under på under .....	349
Augo vende mot Jerusalem .....	367
På evangelie-ferd i Judea-landet .....	381

Siste ferd til Jerusalem .....	423
Inn i lidings-elden .....	451
Den lange dagen .....	475
Den store soloppgangen .....	498

## FORORD

ORDET OG LIVET er det tredje bindet i en minneutgave som inneholder Trygve Bjerkrheims litterære produksjon.

Trygve Bjerkrheim (1904-2001) fikk et langt og fruktbærende liv som redaktør, forkynner, lærer og dikter. Han var født i Bjerkreim i Rogaland, men vokste opp i Høland i Akershus. Etter fullført teologisk embetseksamen tok han fatt på sitt livsverk: Å redigere misjonsbladet Utsyn. Det meste av sitt liv bodde han på eller i nærheten av Fjellhaug Skoler i Oslo, der han ble mye brukt som timelærer. Særlig i sin lange pensjonisttid fra 1972 til 2001 fikk han utfolde seg som forfatter.

Alle som møtte Trygve Bjerkrheim, satt igjen med et inntrykk av å ha møtt en sjelden og helstøpt kristen personlighet. Han fikk en stor venneskare og viste omsorg for den enkelte.

Bjerkrheim etterlot seg ingen barn, men arven etter ham er en omfangsrik litterær produksjon som Lunde Forlag har samlet det aller meste av i denne minneutgaven, utgitt i 2001-2002. Mange sanger og salmer vil ganske sikkert leve lenge etter hans død.

Bind I, LANDET OG LYSET, inneholder diktsamlingene *Landet og lyset*, *Song under stjernene*, *Det gode år*, *Ved kjærleikens hav*, *Lysande land*, *Songar frå Solrenningslandet*, *Enn bankar mitt hjarta* og *Landet der nordlyset leikar*. (ISBN 82-520-3478-0)

Bind II, LERKA OG GLEDA, inneholder diktsamlingene *Den gylne nøkkel*, *Himmelstigen*, *Mot soloppgangen*, *Når jeg ser din himmel*, *Kongevennen*, *Den andre mil*, *Bak solnedgangen*, *Det underfulle liv*, *Det gylne håp*, *Gleden – Livets glans* og *I livsens lyse hagar*. (ISBN 82-520-3479-9)

Bind III, ORDET OG LIVET, inneholder de storlåtte bibelske diktsyklusene: *Stormfuglen*, *David* og *Kristuskvadet*. (ISBN 82-520-3480-2)

Bind IV, DAGEN OG KALLET, inneholder biografisk stoff om Trygve Bjerkrheim, bakgrunnen for en del av hans kjente sanger, og dikt og sanger fra andre kilder enn bøkene. (ISBN 82-520-3481-0)

Bind V, VÅREN OG VONA, inneholder dikt og sanger som hittil ikke er blitt offentliggjort, samt prosastoff fra hans lange periode som redaktør for bladet Utsyn og bokserien *Når lysene tennes*. (ISBN 82-520-3482-9)

Forlaget har prøvd å være tro mot Bjerkrheims originale språkform, som kan ha variert noe i konsekvens gjennom hans lange liv. Bare i få tilfeller har vi justert det som antakelig må ha vært trykkfeil.

Vi har funnet at enkelte dikt kommer igjen i to diktsamlinger. I denne minneutgaven har vi søkt å unngå at samme dikt gjengis to ganger.

I bind V kommer et alfabetisk register over alle diktene og sangene som gjengis i de fem bindene.

Trygve Bjerkrheim og hans kone Thea så stort på betydningen av kristen litteratur, og Trygve var en aktiv støttespiller og rådgiver for Lunde Forlag.

Dette verket er gjort mulig ved økonomisk støtte fra Trygve Bjerkrheims litteraturfond.

*Lunde Forlag*



# STORMFUGLEN

*Eit kvad om profeten Elia*

1953

## EIT LAND UNDER DOM

*”Profetene er historiens stormfugler.”*

### *Stormfuglen*

Han sit på den høgste tinden,  
i mektig og makleg ro.  
Ei fjell-furu voggar i vinden;  
han krøkjer om greini si klo, –  
skygnar so vide om hav og land,  
skodar ut yver den aude mo;  
dei ytste utsyni timja kan.

Sjå, enno er kvelven blåblank,  
og lognt kviler landet der.  
Men ute i synsrandi auga  
ei trugande toresky ser.  
Ho aukar – ho veks i velde.  
Seg nærmar eit Herrens ver. –  
For konge-ørni sitt auga  
tek uveret fastare form.  
Han ser det som andre ’kje skodar:  
seg nærmar so nifs ein storm.

Han lyfter dei vide vengjer,  
og losnar dei kvasse klør.  
So sigler han ut frå tinden,  
og augo, lik eld dei glør.  
Brått opnar han ørne-nebben,  
og lyfter eit rovfugl-skrík.  
Det vekkjer kvar svevnug skapning,  
det varslar om storm og lik.

I Israels-folket si saga  
oss møter ein stormfugl-her.  
Dei varsla dei store uver,  
som gjestar ei gudlaus verd.  
Profeten sitt ørne-auga  
såg inn i ei ukjend tid.  
So lyfte han høge her-rop.  
So song han om storm og strid.

### *Kjempor*

Stend du og ser  
inn i fjellheimen fager:  
topp attom toppar,  
og tind attmed tind.  
Sume seg tøyer  
høgt yver andre,  
som vil dei stiga  
i himmelen inn.

Stend du og ser  
yver skogane vide,  
øygnar du stundom  
ei kjempa som ris  
rak yver andre, –  
breibygd er kruna,  
brusar i stormen  
og susar i bris.

Stend du og ser  
yver tidene farne,  
skiftande ætter  
i aldrar og år.



Sume seg lyfter –  
slett ikkje mange –  
kjempor som upp  
yver jamn-målet når.

Truleg dei sjølv  
ikkje såg seg so store, –  
vonom dei andre  
ei heller det gjorde.  
Visseleg ville  
dei sjølv vera små,  
at dei var *kjempor*,  
no alle kan sjå.

Herren deim dana,  
adla og aga,  
tidt i ei øydemark  
ut han deim jaga,  
tok deim so att  
som det blankslipte stål,  
ny-kveste piler  
som song mot sitt mål.

Verdi deim vanda,  
vismenn deim vraka;  
stundom dei spit-ord  
og spott måtte smaka, –  
stridde og blødde  
for verdi sitt vel,  
gløymde seg sjølve –  
og berga si sjel.

## *Menn i kamelhårs-kappe*

Dei beste som har budd på jordi,  
stod sjeldan fram i silke-skrud.  
Men trutt dei tolka tidar-ordi,  
og ottast ingen utan Gud.

Kan henda ei kamelhårs-kappe  
med belte kringom, og ein stav  
var deira stas i klede-vegen.  
Det var 'kje stort å stråla av.

Villhonning, vatn, engsprettor attåt, –  
i beste fall litt olje, brød, –  
var deira mat, men endå levde  
dei sutalause til sin død.

Ei mælte mykje Guds profetar.  
Men når dei tala, vart det stilt.  
Det stundom kom som storm om hausten,  
og stundom som eit vår-regn mildt, –

og stundom som om sumarsdagen  
dei dumpe drøn og toreskrall.  
Då lyni skar igjenom lufti;  
det lyste, loga, knall og small.

Dei utan otte møtte kongar,  
for fyrstar steig dei hugheilt fram,  
og for dei høge øvsteprestar.  
Dei lasta lyst og synd og skam.

I store storm- og trengsle-tider,  
når folket frekt og vyrklaust var,  
Guds lov dei tolka, truga, – trøysta  
so mildt og mjukt som mor og far.

Men også desse Guds heroldar  
var menneske med kjøt og blod.  
Og difor stundom etter striden  
dei freista fekk sitt veike mod.

Av dei som ifrå fjerne tider  
for auga våre enno står,  
kan henda ingen som *Elia*  
so sterkt hev teke hugen vår.

### *Frå Gilead var han*

Gilead – med dække dalar,  
der Jabbok-å og Jarmuk renn,  
der Jakob sårt om natti stridde  
og Moses på sitt Nebo stend, –  
der, under dine høge nutar,  
der beiter Basans sterke stutar,  
der uppe i dei bratte kneiker,  
der veks dei dryge Basans eiker.  
Men største kjempa som du bar,  
*Elia* var!

### *Synet og kallet*

Tagal er saga,  
talar 'kje mykje  
og mange ord  
om denne ørn  
me skal teikna og tolka, –  
før ho flaug fram  
på si samtids arena.

Livet sitt morgonland  
ligg i det løynde,  
garden og grendi,  
ætti og heimen,  
mogning og manndom.  
Difor skal togn  
vera også *vår* tale.

Brått stig han fram,  
full-budd og ferdig,  
mannen den myndige,  
høvisk og herda, –  
heilrend med hovdinglag,  
brenn med ein bodskap  
frå herrar sin Herre.

\*

Løyndomen ved at slik storbragd han øvde,  
lyser i saga til seinaste ætter,  
ikkje seig inn i uendeleg gløymsla,  
slokna som fyrblenk på haust-svarte fjorden,  
kvarv uti rømdi som natt-meteoren?

Eingong – me veit ikkje kvar eller når –  
møtte han kallet, skoda han synet.  
Stod han kanhende i Gilead-skogen,  
midt millom kjempor av hard-knadde eiker, –  
då brått det hende at æva seg opna.  
Kjende *Elia* seg underleg teken,  
kjende ei hand som tok tak i hans eigi.  
Handi var Herrens.

\*

Var det som eldingar  
jog gjennom sjeli,  
lyn etter lyn lyste  
ljosbjart i hugen.

Song det som susing  
av vår-regn mot jordi.

Høyrde han røysti,  
akta på ordi.

Utvald frå æva  
hadde han sistpå  
møtt den uendeleg  
heilage, høge.

Ved dette møtet  
vart han profeten.  
Kallet sin fagnad  
og namnlause liding  
fekk han til eige.

Snart demra dagen  
då han vart henta.  
Hardaste dysten  
gjekk han i møte.  
Sjølvaste Akab, Israels-kongen,  
skulle han aga.

Den som skal Herrens  
domar forkynna,  
fer 'kje til sigling  
i solbris på fjorden, –  
stend han i stridaste  
storm-rid ved roren,  
hastar til heitaste  
her-strid på valen,  
hardaste hogg  
millom myrkret og ljuset.

### *Verst det vart då Akab kom*

Det landet søkk, den lyden sig  
når upp på konge-truna stig  
ein drott som æva gløymer.  
Då skugge yver folket fell,  
det vert så skum og kald ein kveld.  
Den klåre sol seg gøymer.

Å, Israel, du ille sveik  
din Gud i trass og trulaus leik!  
So skirt eit ljøs du åtte,  
men bytte Herrens herlegdom  
mot Ba'al-gudens styggedom  
Det gale ganga måtte.

Imedan tunge tider gjekk,  
du Herrens harde refsing fekk,  
men fór frå vondt til verre.  
Han rudde ut dei kongehus  
som synda vilt i sus og dus, –  
men myrkret auka berre.

Og verst det vart då *Akab* kom,  
med avguds-altars styggedom  
for Ba'al og Astarte.  
Ei heidensk dronning valde han,  
*Jesabel* frå Sidonar-land. –  
Då rann det tider svarte.

### *Lynet slær ned*

Som lyn frå skire himmel,  
med skrall og tore-slag,  
kom ordi som Elia  
til Akab sa hin dag.

Han ana ikkje uråd,  
den trygge avguds-træl.  
Då kom han, Herrens hovding,  
med brennhug i si sjel:

”So visst som Herren lever,  
vårt land, vårt folk sin drott, –  
han som eg hugheilt tener  
med truskap dag og nott, –

du ikkje frå Guds himmel  
skal regn og dogg få sjå  
i alle desse åri,  
før eg deg seier frå.”

### *Ramnar med mat*

Han tagna brått,  
og burt att før.  
Då atter lydde Herrens ord:  
Far fort, Elia, herifrå,  
på vegen imot aust no gå!  
Ved bekken Krit du løyne deg,  
han som mot Jordan renn sin veg!  
Der kan du sløkkja torsten din,  
og dagleg brød du ogso finn.  
Eg bode hev ein ramne-flokk  
å flyga til deg føda nok.

So tok han ut, på Herrens ord,  
mot aust, til bekken Krit han før, –  
den bekken renn i Jordan ut.  
Der budde han, var fri for sut.  
Kvar gong det grydde imot dag,  
han hørde sus av vengjeslag.

Og sjå, ein ramne-flokk det var  
som brød og kjøt til honom bar!  
Og når det leid mot kveld og natt,  
då kom dei trugne korpar att.  
Han brød og kjøt å nyo fekk;  
so drakk han av den klåre bekk.

### *Kven tenkte, då ramnane strauk yver skog? –*

Kven tenkte då ramnane strauk yver skog,  
at dei med Guds mat til Elia då drog?

Kven trudde då dei yver åsane fór:  
dei fuglane flyg der på Herren sitt ord?

Kven ana då korpane kom yver mo:  
på Herren sitt bod kjem dei farande no?

Den hender so mangt millom himmel og jord,  
og lys yver livet gjev einast Guds ord.

Med under på under Gud fyller vår verd,  
og sjølv han det veldigste underet er. –

### *Til Sarepta*

Omsider bekken turka burt.  
Der før han flaut, det vart so turt.  
Kvar munter småbekk syrgja laut,  
sjølv trygge kjeldor sistpå traut.  
Då atter kom frå Gud eit bod.  
Han tala til Elia so:

”Tak ut, Elia, og gå mot vest!  
I Sidon-landet du vere gjest!  
Det i Sarepta ei enkja er:  
eg henne baud syta for deg der.”

Då tok han i veg frå den vasslause bekk  
og drog gjennom visnande grender, –  
mot vest og mot nord til Fønikia gjekk,  
og nådde det store havs strender.  
I aust steig mot himmelen Libanons fjell.  
I vest gylte soli på havet mot kveld.

Han byporten nådde i kvelden sin fred, –  
her var han ein framand i verdi.  
Då ser han ei enkja som sank litt ved;  
han trøytt var, og tyrst etter ferdi.  
”Å, kjære, ver gild,” sa han til henne då,  
”og lat ein grann vatn eg no av deg få!”

Ein svale-drykk ville ho henta til han;  
då ropa han brått etter henne:  
”Å kjære, ta med noko brød, lite grann  
når du kjem med vatnet attende!”  
Men naudi var stor, sveltedauden var nær.  
slik var det i Israel, slik var det her.

Ho svara: ”So sant som din Gud lever enn,  
so kan eg deg brød ikkje gjeva.  
For hungeren gneg, og i barmen det brenn;  
eg har ikkje meir enn ei skiva.  
Ein neve med mjøl eg i krukka mi har,  
litt olje i krusi,” – so var hennar svar.

”No ruslar eg her medan soli gjeng ned,  
eg vil eit par vedpinnar sankta.  
Og so vil eg taka dei pinnane med  
og heimatt til huset mitt vanka.  
Til sonen og meg lagar mjølet eg til,  
og so me til døds-svevnen leggja oss vil.”

”Du tarv ikkje ottast!” – Elia si røyst  
so roleg og tillitsfull lydde.  
Til enkja han tala den rikaste trøyst,  
so redsla og dødsangest flydde:  
”Gakk heim, laga til av din olje, ditt mjøl  
eit måltid til sonen din, og til deg sjøl!

Men fyrst skal du laga ei kaka til meg, –  
av kruset du hugleg kan taka, –  
kom ut til meg med det – so kan du åt deg  
og sonen eit kakebrød baka.  
Du hugheilt kan gjera det eg no hev sagt;  
for Herren hev visdom og velde og makt.

For Israels Gud, han hev tala dei ord:  
Di mjøl-krukka skal ikkje tryta.  
Og krusi med olje skal stå på ditt bord;  
Den gull-straum skal rikeleg flyta,  
og ikkje ta ende før dagen då han  
med livs-dogg vil væta det tyrstande land.”

Då gjekk ho, og gjorde som han hadde sagt. –  
Det Gud hadde lova, det hende:  
Det vesle som vart under signingi lagt,  
det varde, og tok ikkje ende.  
So rakk det til honom og henne og deim  
som benkast ved bordet i enkja sin heim.

## *Døden og livet tek tak*

Men ogso her ein skugge fall,  
og han var svart og skum og kald.  
Til døden sjuk vart hennar son,  
ei stakkars mor si framtidsvon.

Og sotti auka stendig på; –  
for mor det var vel sårt å sjå.  
Han talmast burt, den gilde gut,  
og so til sist han anda ut.

På djupe vatn då bårer braut,  
og sjuk av sorg ho klaga laut.  
Var dette takk for velgjort verk?  
So ropa ho, med røysti sterk:

”Å, gudsmann, kva vil du hjå meg?  
Du difor hit har lagt din veg:  
å minna meg om syndi stor,  
ta sonen frå ei einsleg mor.”

Elia svara roleg då:  
”Lat berre meg no guten få!”  
Frå fanget hennar, varleg, stilt  
han sveinen tok, so modernildt.

To sterke armar honom ber  
på salen upp, og legg han der,  
på sengi der han sjølv so tidt  
frå dagsens byrdor sovna blidt.

Han ropa frå si bøne-krå:  
”Kvi skulle, Gud, det soleis gå?  
Her fekk eg bu hjå denne mor, –  
du gav ho tyngste tap på jord!”  
– – –

Elia seg yver sveinen bøyer,  
tri gonger burt yver han seg tøyer.  
Og inderleg han til Herren bed:  
”Min Gud, i miskunn sjå til meg ned!

Lat barnesjeli tilbake venda  
til vesleguten, – å, lat det henda!” –  
Og sjå, han livna, han vakna upp!  
og sevja steig i den visne knupp.

Då raudna kinni som bær i skogen,  
når livsens alde til sist er mogen.  
To augo opnast, – dei smilte, såg.  
Han lys og livsglad på puta låg.

So legg han barnet so vart ved barmen,  
frå salen ber det på sterke armen,  
i stova inn – so fær mor sin skatt  
i namnlaus hjartefryd famna att.

”Sjå, son din lever!” var alt han sagde,  
då han i mors-fammen barnet lagde.  
”Ein gudsmann er du, – det veit eg no.  
Guds ord er sant i din munn,” sa ho.

So såg ho upp imot himmel-klåren, –  
og atter helsa ho voni, våren.  
Eit rop i gleda: Å, guten min! –  
So la ho honom til barmen inn. –

## *Gud seier stopp*

Me nærmar oss det store drama, –  
enn høyrer me frå det ein óm.  
I langmod drygjer Gud med riset,  
men sistpå kjem den dystre dom.

Som havsens bårer veks i velde,  
det vonde stig mot tind og topp.  
Det synest som om alt det øyder,  
men sistpå seier himlen stopp.

I Herrens eige land dei tenkte  
å sturta han frå truna hans.  
Det gjekk ei stund, men so omsider  
Gud sette sjølv den store stans.

Dei herja alle Guds heroldar,  
og førde frekt det store ord.  
Dei trudde visst dei hadde vunne.  
Då Gud forbanna deira jord.

So fekk med eitt dei atter sanna  
at Herren Gud, han lever enn,  
og endå var 'kje alle døde  
av dei som for hans æra brenn.

### *Himmelen stengd*

Med bommar av kopar  
var himmelen stengd.  
Då liknar eit år  
på ei ævelengd.

Då lova dei Herren  
for doggi som datt  
og lippone leska,  
i sumarstill natt.

Då mintest dei skyi  
sin svalande drykk.  
No talmast dei tidt  
under turken sitt trykk.

Då tidleg-regn dala, –  
dei hugsar hin gong.  
Kor lundane livna  
og fuglane song!

No berre er brun-brende  
bakkar å sjå.  
Og soli ho bakar  
frå blåaste blå.

— — —

Alt bleiknar burt:  
Lilja i dalen  
og engi sin urt.  
Vollane visnar,  
sjølv djup-røtte tre  
talmast, og bladi  
dett brun-brende ned.

Alt tornar vekk:  
velbrukte brunnar  
og brusande bekk.  
Buskapen skrantar,  
rautar so sårt,  
saknar sin livsdrykk, –  
dei minnest han klårt.

— — —

Berre solvêrs-skyer lyser,  
ingen av dei lenger hyser  
livsens friske, våte vell.  
Folki styn, og dyri stundar,  
syrgjer ved dei tømde brunnar.  
Soli glør ved gry og kveld.

Då vart vel åri lange, –  
tri år forutan himmel-dogg.  
Det var vel dagar mange,  
med slag på slag og hogg på hogg.

Dei Gud or landet trengde  
og gløymde han i overmod.  
So han sin himmel stengde,  
og stansa livsens friske flod.

### *Gud med regn vil jordi svala*

Lidne er dei lange åri,  
Herren Gud vil no miskunna  
dei som etter straumar stunda,  
og i landet lækja sári.

So han til Elia tala:  
Du til Akab no skal ganga:  
etter turkeåri tronge  
eg med regn vil jordi svala.

Og Elia tok i vegen.  
Stor var naudi då i landet;  
no det løysast skal or bandet;  
difor er han fjåg og fegen.

### *Kongsmannen klagar*

Sin slotts-hovding Akab sende  
so vide ikring sitt land,  
til riket sin ytste ende.  
*Obadja* – so heitte han.  
Frå før han Elia kjende.

Han søkja skal kvar ei kjelda,  
kvar å der litt vatn det er,  
der straumane enn mon vella,  
so budskapen drikkja fær.  
Dei elles lyt dyri fella.

Som no han på vegen vankar,  
han møter med eitt ein mann,  
som gjeng der i eigne tankar:  
*Elia* – med stav i hand!  
I angst då hjarta bankar.

Han gjeng yver berg og dalar,  
han dreg yver å og bekk;  
no skal han til kongens salar  
med bodet frå Gud han fekk.  
Det sælt om utløyising talar.

— — —

Den kongsmannen ottast sin store Gud  
og age for honom bar.  
Og difor han elska hans sendebod;  
han spaklynd og audmjuk var,  
til jordi seg bøyer for Guds profet.  
For honom han vyrndad har.

”Min herre Elia, å, er det du?”  
Han svara: ”Ja, gakk og seg  
til herren din, Akab: Elia er her,  
og no vil han finna deg.”  
Då kongsmannen bivrar, i angst skjelv;  
han reddest den tunge veg:

”Kva vondt hev eg gjort deg at no du vil  
meg gjeva i Akabs hand?  
Han drep deg for visst, han hev søkt deg seigt  
i alle dei folk og land.



Når fåfengt dei leitte, dei sverja laut:  
”Profeten me ikkje fann.”

Og no seier du: ”Gakk til drotten din,  
og hels: Guds profet er her!”  
Men gjeng eg, kjem truleg Guds ande hit,  
og burt han med deg då fèr.  
Han fører deg av til ein ukjend stad;  
eg veit ’kje kvar du då er.

Om eg kjem til Akab med bod frå deg,  
han gjeng og deg ikkje finn,  
då drep han meg visst, og so lyt eg gå  
i dødsskugge-dalane inn.  
Men ottast Herren han alltid hev,  
Obadja, tenaren din.

Seg, vart det, min herre, deg aldri sagt  
kva eg for Guds folk hev gjort  
då dronning Jesabel Guds vitne tok,  
deim førde til dødsens port?  
Eg hundre profetar fekk hjelpa då;  
eg gøymde so vel deim bort.

I hellerar to eg deim dulde vel, –  
i kvar var det femti mann.  
Eg sytte for mat og for drykk åt deim,  
so berging og von dei vann.  
Skal no med ditt bod eg til kongen gå,  
so drep han meg visst, gjer han.”

Då sagde Elia, og ordi fall  
som stødige hamarslag:  
”So visst som han lever, den allhers Drott,  
so skal eg i denne dag  
for Akab, kongen, meg syna fram.  
Til han med den bodskap drag!”

## *Fire augo kvasst skyt lyn*

”Kvar er han, profeten som ulukka lagar,  
som sende til landet dei turketids-dagar,  
som uroar hugen og livet gjer surt  
og himmelen stengjer so alt tornar burt? –

som gjer at eg aldri er frigjord og fege, –  
som stendig meg slengjer ein slede i vegen?  
Me kunne no hatt det so uneleg stødt  
om ikkje den svartsynte fyren var født.

Å, kunne eg berre til sist honom finna,  
eg skulle so visst om hans brotsverk han minna!  
Kvar plan som eg lagde, han kryssa for meg.  
Hans liv ikkje mykje i vektskåli veg.”

— — —

”Kong Akab!  
Elia er her; han vil tala med deg.” –  
Og kongen til møtes med gudsmannen dreg.

Han ikkje før profeten såg  
før ordi han på tunga låg, –  
det som i år var hopa opp  
av hatet heitt i hug og kropp.

So stend dei her – to menn, to syn,  
og fire augo kvasst skyt lyn, –  
ei kjempa og ein avguds-træl,  
profet og drott i Israel.

— — —

”Er du no der,  
du myrke-mann,  
som ulukka dreg  
yver Israels land?”

Dei skifte hogg.  
Guds tolk ei skolv.  
Han stod so stødt  
på gudlagt golv.  
So svara han den Ba'als træl:

”Eg valde ei for Israel  
den tunge tid,  
men *du* det var,  
og ætti di, fordi de bar  
til landet avguds-styggedom,  
Guds bodord braut,  
gav Ba'al rom!

Men send no bod, og lat meg få  
på Karmel heile folket sjå,  
og so profetane åt Ba'al,  
halvfemte hundre no i tal.  
Astartes fire hundre mann,  
som hjå Jesabel føda fann,  
tak ogso med, lat bod deim få!  
Me møtest der – so fær me sjå.”

## DET STORE DRAMA

### *Før doggi kunne dala*

Før doggi kunne dala  
ifrå det høge rom,  
Gud Herren ville tala  
og halda heilag dom.

Fyrst laut hans vreide lyna  
og råka skuldig mann,  
før mildt han kunne syna  
si miskunn mot sitt land.

Før Herren kunne visa  
sin kjærleik mot sitt folk,  
han laut i rettferd risa  
kvar urein avguds-tolk.

Fyrst laut han Ba'al døma  
og aga folket sitt.  
Då kunne vreiden røma,  
hans åsyn lysa blidt.

### *Det er stunder då myrkheimen møter til strid*

Det er stunder då helvetet samlar sin her, –  
deira hovding frå helheimen kvesser sitt sverd.

Det er stunder då myrkheimen møter til strid.  
Store ting står på spel, – i ei lagnadstung tid.

Men då møter òg himmelens lys-fylking stor.  
Dei vert sende til gagn for Guds vitne på jord.

Og om myrkheimens herar mot lys-fronten fell,  
må dei røma med skam når det lider mot kveld.

Det var storstrid på Karmel, – med Gud stod det *ein*.  
Men hans sverd, det var kvasst, og hans skjold,  
den var rein.

Det sprang gneistar den gongen Guds kjempa slo til.  
Då vart berre ein smågut hans motstandar vill.

### *Karmel*

Karmel, du blånande bergrygg,  
som stig frå det storlagde hav  
og milevidt innyver landet,  
til dess du mot sletta fell av!

Karmel – du gror-rike hage,  
det susar i kratt og i skog;  
det blømer og angar, og ingen  
deg gløymer som framom deg drog.

Karmel, so vidt er ditt utsyn:  
mot Saron si sletta i sør,  
mot vest yver havet, der soli  
om kvelden i synsrandi glør.

Mot aust ligg so Esdralon-sletta,  
Megiddo si blod-drukne jord;  
i sør stig Samaria-fjelli,  
og Libanon lyser i nord.

Karmel – i tidene farne  
vart mangt om din fagerdom sagt.  
Guds paradisi-tankar du synte;  
so song dei om Karmel si prakt.

Av alle dei mektige minne  
som soga di nemna oss kan,  
er ingen som det om Elia,  
som stridde mot Ba'al – og vann.

### *Mønstring*

Alt folket til Karmel!  
Profeten er komen!  
Og no vil han møta oss der.  
Ja, no vil han gudane stemna for domen  
og visa kven Herren vår er.

— — —

Dei fer til den store stemna,  
dei fyller kvar stig, kvar veg.  
Til Karmel sin høge vig-voll  
i flokk og i fylgje dei dreg.

Dei kjem ifrå Jordan-landet,  
frå Negev der lengst i sud,  
frå grensa i nord, der Hermon  
stend prydd i sitt snølin-skrud.

Dei gjeng ifrå Juda-fjelli,  
frå dødsskuggedalane der.  
Frå Saron si slett det stemner  
ein høgtidsam alvors-her.

Dei dreg gjennom dalane,  
kverv attom kollane,  
dukkar so opp att, –  
eit bylgjande band  
buktar seg, bårar,  
strøymmer ustanseleg.  
Stemner mot Karmel  
alt Israels land.

Gamle kjem stigande,  
studde til stavane,  
sakteleg sigande,  
oldingar kavande.  
Ungmøyar, unggutar  
enno gjeng rakleg,  
med lentuge ord.  
Småborni smiler –  
sume hev sovna  
på far sine herdar,  
ved barmen til mor.

Alle hev teke  
helgeklær på seg,  
som om dei skulle  
halda ei høgtid,  
sukkar med seg:  
noko nifst er i emning.  
No når seg nærmar  
alvorsam oppgjerd,  
åsyn og augo er vende i spaning  
mot fjellet, – mot Karmel.

Kven er desse svartsmuska,  
skumle og skulande, –  
med augo dei vikande  
vende mot moldi, –

som ugjerne nærmar seg  
staden og stundi? –  
Ba'als profetar,  
Astartes profetar,  
mest tusund i tal!  
Myrkret dei elsker,  
trufast det tener.  
Myrkret deim fylgjer,  
fargar og formar,  
so det sin skugge  
på åsyni kastar.  
Domen hev drygt,  
no til handling han hastar.

Dei samlast, dei samlast  
i titusen-tal.  
Dei kjem frå kvar brunbrend  
og trøysteslaus dal.  
Upp etter åsane  
yr det og kryr det.  
Alle vil stå  
der dei striden kan sjå.

Og der – yver vegen  
frå Jisreel-byen,  
ute på sletta,  
stig det ei støvsky:  
Israels konge,  
no kjem han køyrande,  
sjølvaste Akab  
vil tvikampen skoda,  
nærmar seg fjellet. –  
No er han framme,  
folket han helsar.  
Storstriden byrjar.

## *Den dag var det havblik i himlen*

Den dag var det havblik i himlen,  
dei spanings-stilt der drog ande.  
Og larmen spakna i helheims-djupet.  
I dag skulle stor-slaget stande.

Det var ikkje berre eit folkehav  
som fylgde i spaning hin gongen.  
Nei, himmel og helheim var også med –  
i striden og sigersongen. –

## *Gud eller Ba'al?*

Der stend han, Elia,  
held staven i handi,  
tek seg i skjegget.  
Stor er den stundi,  
og stridt vert det taket.  
Veit han so vel  
han skal myrkheimen møta,  
makter or avgrunnen,  
fårlege, fælslege  
herar frå helvetet.  
Roleg og rakleg,  
høgreist og herdebreid,  
einsam og uredd,  
ein imot titusen.  
Stod den usynlege  
då ved hans sida;  
veg denne eine  
upp millionar.

Stig so profeten  
fram for alt folket.  
Ståket då stilnar.  
Lyfter Elia røysti og talar.

Borne vert ordi  
ut yver havet, –  
havet av folk  
som held anden attende.

Er det 'kje søt-ord  
som mengdi fær høyra.  
Refsande bots-klanger  
når deira øyra.

Han tala ord som tonar  
til siste tidar-bolk:

”Kor lenge vil de halta  
til begge sider, folk?  
Er Herren Gud – so gjev han alt!  
Er Ba'al Gud – til han dykk haldt!”

— — —

Den steinen sokk, til botnar fór,  
og folket svara ei eit ord.

So lyder atter sterke ord  
til folkemengdi still og stor:  
”Av alle Guds profetar er  
eg eine att, – no stend eg her.  
Men fire hundre femti mann  
enn guden Ba'al mønstra kan.

No, godtfolk, høyr av meg eit råd:  
To oksar lyt me hit oss få.

Den eine oxen *de* dykk vel,  
og sidan slær de han i hel.  
De lemar han og legg han så  
på veden, men – kveik ikkje på!  
Den andre sjølv eg lagar til;  
men eld eg ikkje kveikja vil.  
På guden dykkar kallar de;  
men eg til Herren Gud vil be.  
Og han som svarar oss med eld,  
han – han er Gud.” –  
Og folket sa: ”Du tala vel!”

”So tak de dykk no,  
de Ba’als profetar, av oksane to  
den eine, og ofra han fyrst, sidan de  
er mange, – og so må til Ba’al de be.  
Men høyr no, og hugs at de bodet mitt held:  
De kveikjer ’kje eld!”

### *Ein Gud som søv*

Dei ugjerne vil,  
men oxen lyt taka, og laga han til.  
Frå morgon til middags dei kallar på Ba’al,  
og ropar: ”Å, svara oss, Ba’al, og tal!  
Du må ikkje svikta og svika oss no!  
No gjeld det di æra, vårt liv og vårt blod.” –  
Men nei, ingen svarar, ei høyrest eit ord.  
Den togni var stor.

Og soli stig, og tidi går,  
men svar på bøn dei ikkje får.  
So kringom altaret dei hinkar,  
imedan tru og tolmod minkar.

Elia stend og ser på dei.  
Om munnen spelar fyrst ein smil.  
Ved middagsleite tek han til  
å hæda deim som hoppa der:  
”Å, ropa høgare!” han ber.

”Me veit vel Ba’al er gud, men nå  
han kanskje eitkvart grundar på.  
Kan henda avsides han gjekk  
og difor dykkar bod ei fekk.  
Kan henda er han på ei ferd,  
og difor ikkje er so nær.  
Kan vera at han søv og blundar;  
då visst han vaknar og seg skundar!”

Då deira rop i ofse aukar;  
dei kvæser, kvin og hylar, haukar.  
Dei unnte seg ’kje minste kvila, –  
so fårleg deira stoda er.  
Dei rispa seg med spjot og sverd,  
so blodet frå deim flaut og sila.

Det yver nóns-tid lid, – dei masar  
og meir og meir som galne rasar.  
Slik med sin villskap på dei held  
til dess so smått det lir mot kveld.  
Men å, det høyrest ingi røyst;  
ei minste lyd gjev hjarta trøyst.  
Det er ei togn som ned deim tyngjer.  
Når kjem det ord som upp deim yngjer?

— — —

Det dystre drama rekk og varar;  
dei gapar, gaular, – ingen svarar.  
Dei høpp og spring og sprett og dansar,  
men det er ingen som deim ansar.

Det larmar, læt so nifst og vilt;  
men lell det er so dødsens stilt. –

### *Guds altar vert bygt*

Då lydde det som ljod av lur,  
med attersvar frå ås og ur.  
Den røysti kom frå Herrens tolk:  
”Kom hit til meg, alt Israels folk!” –

— — —

For tore-røysti stilnar ståket.  
No var profeten trøytt av bråket.  
So gjeng alt folket innåt han,  
som Herrens altar set i stand.  
Det bygdest eingong til Guds pris,  
var brote ned på skjendarvis.  
No skal det tuftast trygt og godt  
for Israel sin Gud og drott.

På Karmels støe, gamle golv  
han bygde det av steinar tolv.  
So mange var dei altar-steinar  
som talet på dei folke-greiner  
som ætta ifrå Jakob var,  
frå Israel sin ætte-far.

Då altaret var ferdig-bygt  
i Herrens namn, og stod der trygt,  
dei kringum grov so dryg ei veit  
i Karmel-jordi hard og heit.  
Ho svara til eit åkerland  
som to mål såkorn taka kan.  
Til rettes legg han veden då,  
og oksen lema ovanpå. –

— — —

”Fyll fire krukkor med vatn frå kjelda!  
Det skal de ut yver veden hella.  
Ut yver offeret lat det renna,  
og lat det væta til gagns få kjenna!  
De gjer det eingong, ja, gonger to,  
og endå ein! – og dei gjorde so.  
Kring altar-foten det flaut og rann,  
og jamvel djup-veiti fylte han.  
So skulle *det* ikkje verta sagt:  
han ofret tende i eigi makt.

### *Svar meg med eld!*

Det lid imot kveld,  
og stilla sig inn yver hav, yver fjell.  
Og skuggane kryp ifrå Karmel sin kam;  
då er det Elia, profeten, stig fram.  
Då vert det so stilt, og i kvelden sin fred  
til Herren han bed.

Dei einfelde ord,  
i stilla dei stig imot høgdi frå jord.  
Her er ikkje masing og øsing og ståk;  
her er ikkje rasing og ramsing og bråk.  
Her er ikkje ordflaum og ljodande malm  
og lettkorn og halm.

”Å Herre, min Gud,  
du Abrahams, Isaks og Israels Gud,  
lat *det* verta kunnig for alle i kveld  
at du, du er Gud i ditt folk, Israel,  
at eg er din tenar, – det eg hev gjort no,  
er hendt på ditt bod!

So svara meg då!  
Å, svara meg, Herre, so folket fær sjå  
at du er ein Gud som på sigersferd dreg  
og no vender hjarto attende til deg!” –  
Han endar si bøn, – det er stilt som i grav  
på land og på hav.  
I andelaus spaning eit folkehav stod:  
Kva hender vel no?

### *Elden*

Herrens eld fór ned  
og øydde offer, altar, ved,  
ja, våte, mjuke moldi med.  
Det spraka, sjoga, susa, song.  
Heit var den himmel-eld hin gong.  
Han frøste, gneista, gløste, gnog,  
det knitra, knast der fram han drog.  
Han åt og øydde, – alt var øydt, –  
og då han døydd, alt var snøydtd.  
Det frasa fælt då han åt opp  
det veite-vatn på Karmels topp.  
Han sleikte upp kvar dropen som  
i veiti var, so ho vart tom.  
Alt folket såg Guds herlegdom.  
No grant dei skjøna: i sin harm  
hev Herren nækt sin veldes arm.  
I denne store lagnadsstund  
dei kjende seg på heilag grunn.

— — —

I kne dei store skarar seig,  
og so eit rop mot høgdi steig:  
Det breidde seg mot nord, mot sud:  
”Jahvé er Gud! Jahvé er Gud!”

Det stig til det stormar,  
det brusar og larmar,  
som storhavet  
når i sitt velde det marmar,  
som tusund fanfarar,  
av jubel-låt fylte!  
Frå fjelli det svarar,  
av kveldsoli gylte.  
Det ljodar mot vest,  
yver havet og strandi,  
det tonar mot nord,  
imot Libanon-landi,  
mot Jordan i aust  
og til Saron i sud:  
”Jahvé Elohim!  
Herren er Gud  
Herren er Gud!”

### *Domen*

Hyllings-ropet stilnar,  
langt derute døyr.  
No profeten talar  
tunge doms-ord, – høyr!  
”Tak Ba’als profetar,  
som var dykk til mein!  
Lat ei sleppa unnan  
ein einaste ein!”

So fanga dei flokken  
som folket forførde,  
som ovtru og avgudstru  
nærde og nærde, –  
dei spann ’kje imot,  
desse myrkemakts-menn,



for brote var bannet  
som låg yver landet,  
og risane rømer  
når Helios renn.

— — —

Dei sa til Elia:  
”Sjå, alle er her.”  
Og so av profeten  
det bodet dei fær:  
”Til Kison no før deim,  
og drep deim so der!”

Det fór ifrå fjellet  
so trist eit tog:  
Dei dødsdømde prestar  
til Kison drog.

Det fór ifrå fjellet  
ei fange-ferd.  
No skulle dei skiljast  
frå denne verd.

Ein gong hadde alle  
det vonde valt.  
Her tente dei myrkret, –  
og tapte alt.

Or landet vart rudt  
kvar ein giftig blom.  
Det alvorsamt er  
når Gud Herren held dom.

Han toler i langmod  
det gudlause stell.  
Men målet vert fullt, –  
hardt då handi hans fell.

— — —

Seier Elia til Akab, kongen,  
som hadde fylgt han til Kison-bekken:  
”No kan du ganga uppatt på fjellet,  
eta og drikk; for alt eg høyrer  
susen av regn.” –  
Akab gjekk upp og heldt måltid.

### *Sus av regn*

Stig so profeten  
til toppen av Karmel. –  
Eismal han gjeng der,  
sveinen han fylgjer.  
Audmjuk han bøyer  
i bøn seg mot jordi,  
andletet stilt  
millom knei han lagde.  
No – på hans bøn –  
skulle livs-doggi falla.

Der er det igjen!  
Atter han susingi høyrer, –  
døyvd er den sjoging frå skyi;  
ho ligg nok langt uti havet,  
hastar mot heitaste moar,  
hyser dei svalande skurer,  
som landet hev sakna  
i tidene turre,  
so jordi no tyrstar og talmast.

Han seier til sveinen:  
”Gakk upp, øvst på pynten,  
sjå ut yver havet  
om skyer du skodar!”

Kvelds-kvelven ròdar,  
og sveinen, han skygnar,  
men ropar attende:  
”Eg ingenting ser!”

Profeten sitt øyra  
kan susingi høyra.  
Alt sterkare ljodar  
dei blåsvarte skyer.  
”Gakk upp att!” han sagde,  
og sveinen å nyo  
ser ut yver havet,  
ber bod til Elia  
at kvelven er skyfri.  
No trui og tolmodet  
Herren vil trenna.

Sju gonger det skjedde  
at sveinen laut stiga  
til pynten og ut  
imot storhavet skygna.  
Og sjuande gongen  
han helsar attende:  
”No ser eg ei sky  
som nett stig ifrå sjøen.  
Å sjå til ho er  
som ei manns-hand i storleik.”

Då mælte Elia:  
”Gakk upp, seg til Akab:  
Spenn fyre, køyr heim,  
so ’kje regnet deg heftar!”

## *Eit ver frå vest*

Brått braut det laust eit våde-vêr,  
med brak og med stiregn-straumar.  
Folket forfærd, men med fagnad ser  
dei fossande flovers-flaumar.  
Fylgde den floi eit tore-vêr  
som sidan kom att i draumar.

— —

Det knallar og det knakar,  
det brultar og det brakar,  
det ramlar og det rumlar,  
det rullar og det brumlar,  
det skjek og det skrallar  
i høgheimens hallar,  
det skin og det skimtar,  
det glim og det glimtar,  
det lyser og ljonar  
i sky-regionar,  
det brår og det blenkjer  
frå bryn og til bryn  
lyn etter lyn.

## *Kól Jahvé – Herrens røyst*

Salme 29

Herrens røyst yver havet ljodar,  
Gud den herlege er det som torar,  
Herren yver dei store vatni.

Herrens røyst, ho med velde ljodar,  
om Guds herlegdom høgt ho vitnar,  
no ho inn ifrå havet rullar.

Herrens røyst bryt sund seder-trei,  
kløyver kjempor på Libanon.  
Herrens røyst fær dei til å hoppa,  
Hermon, Sirjon som unge oksar.

Herrens røyst slengjer kløyvde lògar,  
Herrens røyst, ho fær øydemarki,  
Kades-audni, til sterkt å skjelva.  
Herrens røyst gjer at unge hindar  
brått sig saman i føde-ridar.  
Herrens røyst snøyder svære skogar.

Herrens røyst, imot aust ho rullar,  
døyr langt ute i øydemarki.  
Stilt det vert når Den store talar,  
i hans tempel, i høge hallar,  
seier allting og alle: ”Æra!”

— — —

Han som torer, so alt må tagna,  
sat på truna i storflods-tidi.  
Og når soga so langt er lidi  
at det sistpå for godt hev dagna, —  
— fort det fram mot den stundi skrid —  
sit han som konge til æveleg tid.

### *Kappsprang*

Det svartnar yver himmelen,  
det sjogar og det susar,  
og stormen fylgjer skyene, —  
av stri-regnet det brusar.

Svint kongen uppi vogni si  
seg svingar då han høyrer

og ser at no det losnar brått.  
Til Jisre’el han køyrer.

Då Herrens hand med velde kjem;  
profeten beltet spenner  
kring livet, — fyre Akab spring,  
til Jisre’el han renner!

Det synet var vel verdt å sjå:  
mens stormen skurer kastar,  
ein konge og ein Guds profet  
om kapp til byen hastar.

Han sit i konge-vogni si;  
på hestane han rappar.  
Framfyre han Elia spring,  
imedan regnet trappar.

I vinden skjegget flagrar vilt,  
og regnet av han siler.  
Han fortare enn hestar spring  
tri fulle, dryge miler.

Dei som si lit til Herren set,  
dei yngjest so som ørnar.  
Dei spring og mødest ikkje lell,  
men sterke vert som bjørnar.

### *Landet fekk regn*

Og landet fekk regn;  
det drakk dogg.  
Vollen saug væta  
i djupe drag.  
Kjeldone atter olla,  
elvane vende attende.

Krøteri sette dei turre snutar  
i svale straumar,  
og drakk, drakk, drakk. –

Lilja si rot som torna,  
kveikna og livna.  
Tre-krunor tome fyltest,  
lundar og lier ljøsna.  
Vakna dei visne vangar. –  
Saron si sletta angar.

Oldingar handi lagde  
ned i dei unge elvar,  
vætte dei visne lippor,  
svala den turre tunga.  
Endå ein gong dei gådde:  
livskraft i åror olla.  
Og i dei dimme augo  
atter ein løge lyste.

Mødrar med magre småborn  
lyfte med lått dei spede  
ut mot den klåre kjelda,  
utyrste drakk dei seg sjølve,  
lagde med von den vesle  
inn til den livnande barmen.  
Vår var det atter i landet.  
Ny-lauga liv drog ande.

### *Ei dronning i kok*

Vond og våt stig Akab inn  
i kongeborgi si,  
so gram i hug og lite blid. –  
Der dronningi han finn.

I spanings-verk ho venta han, –  
der kom han, endeleg!  
”No lyt du fluks fortelja meg:  
Kven var det vel som vann?”

Forfærd ho fekk det fæle bod:  
Profeten sigra stort.  
Ho høyrer om kva han hev gjort,  
om hennar prestars blod.

Då brått kjem hennar blod i kok;  
ho vert so heit og harm.  
Til banning lyfte ho sin arm,  
av sinne skolv og skok.

I ofste arg so sender ho  
den same dag ein mann.  
Omsider han profeten fann,  
og gav han dette bod:

”Dei vreide gudar refse meg  
i dag og alle år,  
om ikkje du i morgon går  
den myrke dødsens veg!”

### *Vonbrot*

Det slær som ein elding  
ned i Elia.  
Vona han visst  
at striden var vunnen,  
vona at kongen  
høgt ville hylla  
Israels Herre  
sidan hans stor-velde  
sterkt hadde synt seg,

Ba'al var funnen  
vesal å vera, –  
vona at dronningi,  
rista av redsla,  
brått ville bøya  
den stiv-stolte nakken,  
no då alt folket  
høgt hadde hylla  
Israels Herre.

— — —

Alt er som før,  
verre enn før.  
Hardt so som horn  
er Jesabel sitt hjarta,  
svart som ein ramn  
hennar ureine blod.  
Makti ho hev  
yver Israels hovding,  
bukti og endane baa.

Folket, det bylgjar  
som bårute havet:  
stundom seg lyfter  
i eldhug og ofse,  
sidan det likesælt  
dovnar og dalar,  
vil ikkje våga  
ein dyst for Guds æra, –  
slik hev det vore, slik vil det vera.

## *Fåfengt!*

Fåfengt, ja, fåfengt  
er alt han hev onna, –  
fåfengd den naudi  
han nedbad då regnet  
ei ville losna  
i åri dei lange, –  
fåfengd den heitaste  
hardstrid han hadde,  
fyrst imot Akab,  
sidan mot Ba'al, –  
fåfengde åri  
han naudbad i bøni  
for dette folket  
han inderleg elska.

Hardt honom tyngde:  
sjølv dette siste  
store som hende,  
også var fåfengt.

Hugen hans hadde  
i høgspaning dirra  
dagen igjenom,  
den gong han stridde  
striden den svære  
mot myrkheimens makter.  
Sistpå Gud Herren  
signa med siger,  
synte alt folket  
sin styrke og stormakt.  
Fåfengt – å, fåfengt!

Fåfengt at folket  
sistpå fekk drikka  
doggi som dala  
og slettene svala, –  
fåfengt det kapplaupe  
med Israels-kongen  
yver ei endelaus  
Jisre'el-sletta. –  
Alt han i åri  
yrka og onna, –  
stor-slaget, sigeren, –  
fåfengt – å, fåfengt!

### *Mot sud*

Brått bryt han upp,  
tek staven i hand,  
stemner mot sud,  
burt frå Israels land,  
berga vil livet,  
kjært trass i alt, –  
sjølv om det stundom  
er audsleg og kaldt, –  
gjeng gjenom Juda,  
Be'erseba når,  
der landet si grensa  
frå gamalt av går.

Drengen han bed  
verta verande der;  
so ut i øydni  
ei dags-leid det bær.  
Sistpå han mødd, –  
medan hjarta hans græt, –  
under ein runne  
av einer seg set.

Høyrer han der  
sjakalane gøy,  
ynskjer so sårt  
han måtte få døy.  
”No er det nok;  
tak no livet frå meg!  
Betre enn fedrane  
er ikkje eg!”

### *Atterslaget*

Han var 'kje einast av eld og stål,  
han åtte også det mjuke mål,  
og møddest i mismods dalar.  
So etter sigerens store dag  
han røynde striden sitt atterslag, –  
i sorgmod til Herren talar.

Som eingong Jonas med vesal von  
sat sorgfull under sin kikajon,  
slik no òg Elia gjorde.  
Han fann seg sistpå eit turka tre  
å syrgja, sukka og klaga ved.  
Meir sterk er 'kje sjølv den store.

### *Makk i maur*

Han vreid seg som ein makk i maur,  
og som ein orm i solsteikt aur.  
Han var i vande, ve og verk,  
den kjempa stor og stø og sterk.  
Seg, er det mon den same mann  
som modig mælte, veldig vann  
då Karmel-bålet heitast brann?

Kva var det vel som tyngde han?  
Hans land var no eit gudlaust land.  
Det hadde vanda livsens ljøs  
og siglde no forutan los  
på fårleg fjord sin eigen kos.

### *Brått kjem ein Herrens engel nær*

So seig han saman og sovna der,  
so søtt under einer-runnen.  
Sin trøytt tenar Gud Herren ser,  
som søv der i ørken-lunden.  
Og brått kjem ein Herrens engel nær,  
han vekkjer or blide blunden.

Han rører ved honom moder-mildt,  
som vinden om kvelden svars,  
og ordi hans fell so lognt og stilt,  
som doggi i djupe dalar.  
”Ris upp, Elia, og ét litt no!”  
Han kjærleg til honom talar.

— —

So vakna han då,  
og som han no skulle ikringom seg sjå,  
ei kaka der framme ved hovudet låg.  
Ei krukka med kjelde-vatn ogso han såg.  
So åt han og drakk, men han modlaus var enn,  
og la seg igjen.

Guds engel kjem att,  
og endå ein gong i profeten tek fatt.  
Han rører ved honom so varleg og stilt,  
og talar til tenaren, myndig, men mildt:  
”Ris upp no og ét! Ja, for elles din veg  
for lang vert for deg!”

## MOT NYE KALL

### *Til Horeb*

So reis han upp, og åt og drakk,  
og av det målet vart so styrkt  
at han i fyrti dagar gjekk  
til dess han fram til Horeb rakk  
og der Guds-fjellet skoda fekk.

Guds mat gjev merg i mødde bein, –  
han gjekk i ur og sand og stein.  
Han veke etter veke drog  
i veglaus audn, i skugge-skog.  
Om dagen vandrar han sin veg,  
og under stjernor fram han dreg.  
I natti still dei helsar han, –  
den underlege ferdamann.

Det var so sterk ein hjartetrong  
som drog Elia imot sud.  
Han måtte sjå den stad der Gud  
for folket synte seg hin gong,  
der han i herlegdom kom nær.  
Han måtte møta Herren der!

Han gjeng i trakter utan liv,  
langs ufser, millom myrke fjell.  
Høgt uppe store ørnar sviv,  
sjakalar gøyr i skume kveld.  
Men enn han eig den indre ro,  
ved kjeldor og på veglaus mo.

I ville heidi gjekk hans veg,  
igjenom øydemarki arm.

Snart mismod bankar i hans barm,  
snart er han ljøs og lukkeleg.  
Når dagen renn, når det vert myrkt,  
av Herrens miskunn vert han styrkt.

No på si fyrti dagars ferd  
han minnst lyt dei fyrti år  
då Israel laut vandra her;  
no fær han kjenna deira kår.  
Men størst av alt: han røynde no  
kor Gud er veldig, vis og god.

### *På heilag grunn*

Den øydemarksferdi er enda.  
No stend han, med staven i hand,  
den store profeten, og stirer  
mot fjelli i Sinai-land.

Der hende det eingong, det store, –  
so lenge det var sidan, no, –  
Gud Herren steig sjølv ned på berget  
og gav eit ubrigdeleg bod.

Der ser han det – Guds-fjellet, Horeb –  
det krinsar ikring det ein hauk.  
No ligg det i kveldsfred og kviler, –  
då skolv det og riste og rauk.

— — —

Ein sus av soga no han når.  
På heilag grunn profeten står.

Den gamle helleren han finn  
– der Moses stod – der gjekk han inn.

Ja, Moses stod i dette rom,  
og framom fór Guds herlegdom.

Guds andlet fekk han ikkje sjå,  
men all hans godleik skoda då.

So gjekk dei mange hundrad år.  
*Elia* no i hola står.

Det kveldar brått, og natt er nær.  
Han ber til Gud, og sovnar der.

### *Kva vil du her, Elia?*

”Kva vil du her, Elia,  
so fjernt frå heimen din?” –  
Det var ei røyst frå Herren  
som kom i hola inn.

Då opnar han sitt hjarta  
for Gud, og røysti skjelv.  
Ho bryt seg fram med ofse,  
den innestengde elv.

So sår ein undertone  
i ordi hans det var.  
Det er det sjuke barnet  
som klagar seg for far.

Det er den trøytt tenar,  
som – når mot kveld det lid –  
med husbonden vil tala  
om hjartekvida si:



”Eg hev brunne av brennhug  
for Gud, allhers Drott,  
for di æra, ditt namn og di makt.  
Men ditt folk, det hev svike di heilage pakt,  
endå du stødt hev synt deim alt godt.  
Dei hev altari dine i røys rive ned,  
og profetane dine med sverd  
hev dei hogge i hel, – eg den einaste er  
som er att, men på flukt, utan fred.”

Svarar so Gud den mismodige mann:  
”Gakk ut, stutt på fjellet  
for åsyni mi!”

— — —

Og Herren Gud der framom fór.  
Fyrst kom ein storm so strid og stor;  
han knasa knausar, flengde fjell,  
men – Gud var ei i stormen lell.

Ein jordskjelv etter stormen kom.  
Han høyrde det ifrå sitt rom:  
det brotna berg i nord og sud.  
Men – i den skjelven var ’kje Gud.

Det stilna millom store fjell.  
Då kom so heit og høg ein eld;  
han lyste, lòga, blenkte, brann.  
Men – heller ikkje der var *Han*.

— — —

Då lydde ein ljod av ei susing linn  
lognt til Elia i hola inn.  
For andletet kapp si drog han då;  
Guds herlegdom kan han ’kje usveipt sjå.  
Og so steig han ut og i døri stod.  
I høgspaning brusa profetens blod.

Då bar det imot han ei røyst som sa:  
”Elia, kva vil du vel her?” –  
Han svara, og ordi dei same var, –  
dei slipte og sterke er:

”Eg hev brunne av brennhug  
for Gud, allhers Drott,  
for di æra, ditt namn og di makt.  
Men ditt folk, det hev svike di heilage pakt,  
endå du stødt hev synt deim alt godt.  
Dei hev altari dine i røys rive ned,  
og profetane dine med sverd  
hev dei hogge i hel, – eg den einaste er  
som er att, men på flukt, utan fred!”

### *Nye kall*

Guds trøyst til sin tenar er nye kall;  
hans arbeidsdag er ikkje enda.  
So løysar han honom frå mismods vald;  
på nytt skal han frygdi få kjenna, –  
den sæla som gjer ein so ung og sterk:  
eg lever for Herren, og gjer hans verk.

”Far herfrå, Elia, mot nord dra din veg,  
alt upp til Damaskus du gange!  
Og der skal du salva, istaden for meg,  
*Hasael* til Syrias konge!

So salve du *Jehu*, – til hovding han ta!  
Han Israels kongstav skal bera.  
*Elisa*, Safats son, ifrå Abel-Mehola,  
profet etter deg skal han vera.

Kvar ein som kjem unna Hasael sitt sverd,  
skal Jehu med livet la bøta.  
Og slepp han frå Jehu, han lell dødsens er;  
Elisa sitt sverd skal han møta.

Men eg vil la sju tusen i landet verta att –  
so stor ein flokk er trufast mot meg funnen –  
som ikkje hev bøygt kne og hev Ba'al til sin skatt, –  
kvar ein som ikkje kysste han med munnen.”

### *Ei tolking*

*Hasael* – han var stormen som føre Herren kom;  
han sidan Israel so hardt fekk herja.  
Og *Jehu* – han var jordskjelven,  
Herrens straffedom;  
mot han sjølv kongar kunne ei seg verja.

*Elisa* – han var elden som øydde og som brann.  
Kvar ein som av Guds ord ei vart forferda  
og søkte Herrens nåde og hans tilgjeving fann,  
dei ved profetens ord vart stokk forherda.

Men dei som ikkje ville på Ba'al-guden tru,  
som Herren ville spara – dei sju tusen –  
dei var ein heilag leivning, der sjølv han ville bu,  
nett som han budde i den stille susen.

So fekk Elia skoda i framtdslandet inn,  
den store mengdi såg som vart forderva.  
Men han fekk også øygna det folk som  
miskunn finn,  
som trur på Gud – og skal hans rike erva.

### *Farvel med Horeb*

So bryt han då upp frå hola,  
tek fatt på den ville veg.  
Med staven i hand Elia  
mot nord, ifrå Horeb dreg.

Han snur seg ein gong, og auga  
vil Sinai atter sjå.  
Han ser desse svarte fjelli  
som stig mot det djupe blå.

Han høyrer ein sus av soga,  
ein óm frå ei tid som svann.  
Han bøyer i bøn sitt hovud –  
og gjeng til sitt eige land.

Han takkar at han omsider  
det heilage fjell fekk sjå,  
og der fekk Gud Herren møta.  
Med song han no heim kan gå.

Han veit at han aldri atter  
skal koma til denne stad,  
men fær han Guds vegar fara,  
då lell kan han ganga glad.

### *Ettermannen*

Dei tok det med tol den tidi,  
dei åtte den djupe ro.  
Og lell var dei like nøgde,  
og fegne, – ja, meir enn no.

Dei nærare æva anda, –  
og nærare jordi med.  
Dei vart 'kje so snart forkava  
omsuste av æve-fred.

Sjå berre på denne syni:  
i austerlandsk mak og ro  
tolv oksespann gjeng for ploegen  
og pløgjer ei moldrik mo.

Om ikkje dei mykje masa,  
og om det 'kje gjekk so fort,  
so bygdest òg då kulturar,  
og stundom vart storverk gjort.

— — —

Tolv par oksar sig i veg,  
seint og seigt, – dei ploegen dreg.  
Fører tolv – det munar godt,  
Då kan ein få noko nått.

Attom tolvte beite-par  
gjeng ein rask og røsleg kar.  
*Elisa*, Safats son, det er, –  
tenkt til hovding for Guds her.

Då profeten framom gjekk,  
Safats son han skoda fekk.  
Fann han her sin ettermann,  
kasta kappa yver han.

Den som er i sanning stor,  
øyder ikkje mange ord.  
Aller sterkast talar tidt  
*verket*, for all tolking fritt.

Difor òg Elisa fort  
skjøna kva som her var gjort.  
Beint frå beitene han gjeng;  
burt til Guds profet han spring:

”Kjære deg, eg lov lyt få  
fyrst til heimen min å gå,  
gjeva, før med deg eg drar,  
velfars-kyss til mor og far!”

Fekk han svaret: ”Berre gakk  
heim, og seg farvel og takk!  
Kva eg no hev gjort med deg,  
skjønar du – gå so med meg!”

— — —

So gjev han foreldri ein velfars-kyss:  
dei oksane to som han pløgde med nyss,  
han slaktar, – med åket på nakken dei hev,  
han kokar so kjøtet, til folket det gjev.  
Han ferdar seg til, med Elia slær lag,  
og tener han trutt til hans døyande dag.

Kor er det vel stort når mot kvelden det lid  
og lite er att av di kostbare tid,  
å møta den mannen som mogen og sterk  
vil vidare føra ditt kjæraste verk.  
Kor godt å få slengja si kappa om han,  
og vidare vandra – mot kvila sitt land! –

### *Ein mann åtte ein vinhage*

Han stelte med varlege hender  
hagen frå år til år,  
og knuppene fylgde med augo,  
til blomen sprang ut om vår.

Og sidan han såg i undring:  
det mogna ei druva der.  
Om hausten han heldt i handi  
det søte, skinande bær.

Han villskot skar vekk og reinsa  
jordi for stubb og stein.  
Det fanst ingen hage i byen  
so velstelt og ven og rein.

Med venlege hender strauk han  
vart yver bær og blom.  
I livet sitt under såg han  
Herren sin herlegdom.

Sæl i si store lukka  
lova han Gud for alt.  
So seig ei sky for soli, –  
då vart det skumt og kald. –

### *Vin eller kål?*

Fyrsten sitt auga kasta  
frekt på den hagen fin,  
ovunda grannen Nabot:  
Hagen skal verta min!

Kom han ein dag til honom,  
ville no nå sitt mål:  
”Vil du din hage selja?  
Her vil eg planta – kål!”

Sume i kvardags-kufte  
hyser ei ånd so fin,  
ut or den arme auren  
odlar dei edel vin.

Andre i konge-klede  
set seg so låge mål:  
nøyer seg med å dyrka  
digraste hovudkål.

Nabot i kvardags-bunad –  
åndi sin adelsmann –  
vil ’kje sin odel selja,  
arven ei svikta kan.

Upp han seg rakleg retter,  
roleg og bjart og brei,  
møter to myrke augo,  
svarar eit kongeleg – *nei!*

### *Udåden i Jisre ’el*

Seg, var det for di han var fanten og fæl.  
at han vart so skammeleg steina i hel?  
Nei, ulukka var at ein konge si borg  
låg tett innåt hagen hans, – det valda sorg.  
For botnalaus mannen si maktsykja er,  
og uretten fyller med tårar vår verd.

Med vinter-palass og ferie-slott,  
og skattar og skogar hev Israels drott  
då endå ’kje nok, – lell misunnar han ein  
som vinhagen rydjer for røter og stein.  
So skjemmest han ei for å leggja seg til  
då Nabot sin fedre-gard selja ’kje vil.

So ligg han og klagar og klynkar og læt,  
til veggen seg vender, og ingenting ét.  
Og dronningi, ovundsjuk, hatefull, harm,

ho kjenner kor blodsinnnet kokar i barm,  
og gudlaus og hjartelaus skriv ho det brev  
som skuldlause stakkaren dødsdomen gjev.

Jesabel dei simplaste snikvegar går,  
dei gjævaste, mektigste menn med seg får.  
For dronningi kryp dei på reddhare-vis,  
den godhjarta grannen sin gjev dei til pris.  
So lokkar dei honom og byd han til fest,  
ved bordet han sessar som gjævaste gjest.  
Han kjem dit so hugleg, dei helsar han fred.  
To skarvar stend upp – og dei dolkar han ned.

Han kongen og Gud heve banna, dei sa;  
det svartna for han som nyst sat der so glad.  
Dei leidde han ut – dei som selde si sjel –  
or byen, og so dei han steinar i hel.  
Dei skuldlause sønene også laut døy.  
Det skræmeleg er høyra blodhundar gøy.

Til dronningi – udyret – gjeng dei med bod:  
Ja, no hev han slokna, og ligg i sitt blod.  
I same sekunden til kongen ho sa:  
”Sjå, no kan du ganga og vinhagen ta!”  
Og so legg ho til med si iskalde ro:  
”For Nabot er ikkje imillom oss no.”  
Og Akab ris upp, ned til vingarden dreg:  
men kanskje han var ’kje so hugsam, den veg.

### *Den beste vin til sist*

Stein på stein  
susa mot ei åsyn rein,  
mot den høge panna.  
Og om sider mødd og mod  
ikkje meir han anda.

Då han so  
saman seig, og i sitt blod  
låg, til døden såra,  
såg dei: på den bleike kinn  
blenkte det ei tåra.

Men dei òg  
fælne og i angst såg,  
medan redsla båra:  
før han herja anda ut,  
skein han som forklåra.

Ill og arg  
flengde, flekte villast varg,  
ribba, reiv og røva.  
Stort den særde sigra lell,  
stod den største prøva.

Knust og knekt,  
og av kalde steinar dekt  
sistpå ut han anda.  
Livet lukkast likevel.  
Han i himlen landa.

Haust og kveld,  
soli seig i blod og eld, –  
steig i morgontimen.  
Sjølv han sæl og utan sår  
skein i æve-glimen.

### *Nidingsverket fær sin dom*

Men Gud på si truna i himmelen er;  
det smæste og største på jordi han ser.  
Hans miskunn er stor, og han kjærleik er varm;  
ved urett og vald brenn hans hjarta av harm.

Det vonde han hemnar, – hans mylna, ho mel  
til tider nok sakte, men visst likevel.  
Men stundom det hender: med eingong det smell.  
Guds dom som ein elding frå himmelen fell.

Og atter Elia det var som laut gå,  
med domsord frå Herren for hovdingen stå.  
So mang ein gong før for kong Akab han stod.  
Gud hadde han gjeve ei løva sitt mod.  
Det kjendest nok hardt når Guds bod då han fekk;  
men lell han i lydnad dei bakkane gjekk.

— — —

Skal tru kva han kjende den gongen, Kong Akab,  
der einsleg i Nabot sin hage han rusla?  
Kan henda han tykte det tasla og tusla.  
Han kvapp berre vinden i lauv-verket pusla.  
Han stokk og skvatt til når ein ljod nådde øyra,  
om berre ein fuglepip grann han fekk høyra.  
Han fann ingen fagnad, han fekk ingen fred.  
Då brått yver brotsmannen ørnen slo ned.

— — —

Atter stormfugl-skrík om kveld,  
varslar hemnens heite eld.  
Atter ørne-vengjeslag –,  
det er doms- og oppgjerds-dag.

”So seier Herren,  
den skræmeleg store:  
Du nidingsverk valda,  
ei ugjerning gjorde:  
Du Nabot hev drepe  
og arven hans røva.  
So seier då Herren:  
Min hemn skal du prøva.  
Der hundane sleikte

Nabot sitt blod,  
skal ditt blod dei sleikja, –  
det lovar eg no.”

Sa til Elia kong Akab då:  
”Heve du sistpå meg funne nå,  
du som min motstandar allstødt var?” –  
Fekk av profeten han dette svar:

”Ja, eg hev funne deg, fordi  
du ville selja sjeli di  
til ei å akta Herrens bod,  
men renna ut uskyldig blod.  
No hemnen hans kjem yver deg;  
du møter honom på din veg.  
Og huset ditt vert armt og audt;  
det vert so stilt, so skumt, så daudt.  
Eg etter deg vil sopa vel  
og rydja ut kvar karmanns sjel,  
kvar myndig og umyndig mann  
i Akabs ætt i alt ditt land.

Og om Jesabel Gud hev sagt,  
ho som med Ba'al skipa pakt:  
Ved Jisre'els voll skal hennar kropp  
av svoltne hundar etast opp.”

Den domen høyrest tung og hard,  
men aldri før i landet var  
ein konge som slik selde seg,  
til synd mot Gud på vondskaps veg,  
av di Jesabael, dronningi,  
til vondt han eggja all si tid.  
Avstyggeleg han bar seg åt  
og dyrka dette avguds-skrót  
som Herren hadde dømt, då han  
til folket sitt gav Kana'an.

Og ut frå gudlaust syndeslott,  
frå dronningi og landsens drott  
seig avguds-straumen strid og sterk,  
i folket valda øydingsverk.

### *Akab i oska*

Meir hard enn bein og stein er den  
som seg for slik ein dødsdom stend.  
Sjølv Akab då laut fæla.  
Som ved eit veldig toreskrall  
ein angest yver honom fall,  
hans livskraft ville stela.

Han kledi sine sunder reiv  
og sekke-ty om kroppen heiv,  
ja, han var mest på gråten.  
Han fasta, og han sov i sekk,  
so still-voren han kringom gjekk;  
han var so reint smålåten.

Eit ord frå Herren lydde då:  
”Elia, kan du kongen sjå, –  
i oska er han komen.  
So sender eg fyrst straffi mi  
i kongssonen si levetid.  
Eg venta vil med domen.”

— — —

Sjå dette var den siste gong  
Elia ut Guds doms-ord song  
for Akab, – so han vende  
attente dit han kom ifrå;  
men kongen laut til domen gå.  
Han fekk ein fælsleg ende.

Gud møtte han med sol og dogg,  
med refsing og med harde hogg,  
han lækte, og han lynte.  
Guds herlegdom han skoda fekk,  
og lell frå vondt til verre gjekk.  
Til sist Guds rom han tynte.

Det vågleg er å selja seg  
til det som vekk frå Gud oss dreg,  
for syndi gjeva etter.  
Då øyder me den fagre skatt,  
frå ljøs me gjeng til nifse natt, –  
til vond og vonlaus vetter. — — —

## DEI SISTE MILER

### *So er det kveld*

Og so er det kveld, –  
med kvelden sitt sorgmod,  
og skuggar frå fjell.  
Enda er dagen og vegen, og så  
legg ein ned staven  
og fèr herifrå.

På grensa han står  
millom himmel og jord.  
Då er det 'kje rom  
for unyttige ord.  
Tankefull, tagal  
profeten var før,  
endå meir fāmælt  
når kvelds-elden glør.

I otta han vakna  
– i Gilgal det var –  
morgonens englar  
eit bod honom bar.  
Fekk han ei helsing  
frå høgheimen då:  
”Elia, i dag skal frå jordi du gå, –  
sleppa å døy,  
for på vogner av eld  
henter eg deg  
når det lir imot kveld.”

Fekk òg *Elisa*  
ei aning hin gong:  
vemodsfullt, sårt  
det i hugen hans song.  
Varsla vart òg  
den profetiske ånd,  
profet-sveinar alle  
i Israels land.

— — —

So tek han då ut  
på den siste ferd:  
den siste dagen  
på jordi han er.  
Elisa gjeng med;  
ifrå Gilgal dei dreg.  
Elisa vil ganga  
åleine sin veg:

”Å kjære, ver att her,  
for Herren meg bad:  
”Du fare radt til Betel!”  
No gjeng eg dit av stad.”

”So visst som Herren lever  
og du i live er,  
so gjeng eg ei ifrå deg!” –  
Til Betel so dei fèr.

### *Profet-sveinar fylgjer*

Komne til Betel  
profet-sveinar helsar  
høvisk sin hovding,  
høgvyrdnad hyser  
dei for sin herre.



Honom dei elsker,  
sannar med sorgmod:  
no er det siste  
gongen me skodar  
han som ein fader  
for oss hev vore,  
han som oss synte,  
Herren sin stordom,  
utsynet gav oss  
yver Guds rike.

Lognt til Elisa  
sveinane kviskrar, –  
vil 'kje den andre  
dette skal høyra:  
"Veit du at Herren  
frå deg vil taka  
meisteren din,  
førenn dagen er enda,  
beint yver hovudet på deg?"

"Hyss! – Ja, eg veit det.  
Teg berre med det!"

— — —

Endå han einsemdi søkjer,  
han som til avferdi bur seg,  
atter til vennen sin talar:  
"Gjer vel og ver att her, Elisa,  
for Herren hev tala til meg  
at eg skal til Jeriko fara.  
Til byen ved Jordan eg dreg."

"So visst som Herren lever  
og du i live er,  
so gjeng eg ei ifrå deg!" –  
Til Jeriko dei fèr.

Høyr, palme-skogen susar,  
og balsam-trei skjelv,  
og middags-soli lyser  
ifrå safir-blå kvelv.

Profetens læresveinar  
med hylling helsar han.  
Det er den sist gongen  
dei honom gleda kan.

For i profetisk klårsyn  
Gud Herren synte deim:  
han snart sin trugne tenar  
til seg vil henta heim.

So lågt og lognt dei talar –  
lik dei i Betel nyss –  
dei kviskrar til Elisa. –  
Det må 'kje høyrast, – hyss!

"Veit du at Herren  
ifrå deg vil taka  
meisteren din  
førenn dagen er enda,  
beint yver hovudet på deg?"

"Hyss! – Ja, eg veit det.  
Teg berre med det!"

— — —

Endå ein gong han freistar  
fara sin veg i einsemd,  
seier til hjarteveinen:  
"Kjære, ver att her, Elisa:  
for Herren hev tala til meg  
at eg radt til Jordan skal draga.  
Og no vil eg fara min veg."

”So visst som Herren lever  
og du i live er,  
so gjeng eg ei ifrå deg.” –  
Til Jordan so dei fër.

Femti profet-sveinar fylgjer,  
vil til det siste få sjå han,  
hovdingen deira, som Herren  
no ifra jordi vil henta.

Soli på himmelen hallar;  
hjarto i sorgmod då bankar,  
medan mot strandi dei vankar.  
Lell er det lite dei talar.  
Sterk er den mann som kan teia.  
Alt frå dei för ifrå Gilgal,  
var det ’kje mykje dei mælte.

### *Kjempor i solefalls-stundi*

Underleg er denne syni:  
kjempor i solefalls-stundi, –  
han som ved vegen sin ende  
talar med Gud og sin tenar, –  
han som skal vidare vandra,  
strida mot vondskapens vargar.

No har dei nådd ned til Jordan.  
Enno langt borte på sletta  
femti profet-sveinar skygnar.  
Tagale, tekne er alle,  
veit at den mann som tok velfar  
aldri dei meir skal få møta. –

— — —

Og so dei to ved Jordan stend,  
der blank og breid ho framom renn, –  
ho stryk ’kje lenger sterk og strid. –  
So tek Elia kappa si  
og rullar henne svint ihop.  
På Jordan-vatnet so han slo,  
og brått det kløyvde seg i to.  
Dei Guds profetar kunne då  
på turre botnen yver gå.

### *I barndomens bygd*

Gjeng dei so den siste stubben  
saman imot aust, frå elvi.  
Her – i Gilead – Elia  
budde sine barndomsdagar,  
unte seg med andre ungar,  
lengta mot ein ukjend lagnad,  
kjende livsens frygd og fagnad  
og den sterke ungdoms-dragnad.  
Her det var han hørde kallet,  
her han vart av Herren vigsla  
til ein doms-herold å vera,  
bod ifrå den Høgste bera.

Her, – der morgonsoli gylte,  
middagssoli gleim og brann, –  
her hans livssol òg skal glada,  
i hans barndoms draumeland.

Gilead, profeten helsar  
dine fjell for siste gong,  
ser attende yver livet,  
minnast lyt sin barndoms song.

Haust med harde uvers-rider  
ogso framom hugen sviv.  
Minnest han dei heite strider  
i eit sterkt og stormfullt liv.

Store menn ei andre gløymer,  
sjølv i seine solefall.  
No ein arv han byd Elisa,  
som han før gav Herrens kall:

— — —

”Seg kva du vil eg skal gjera for deg,  
før eg ifrå deg må fara!”  
spør han Elisa, der saman dei dreg. —  
Grunda han litt før han svara:  
”Å, at ein dobbelt lut eg må  
av åndi di, Elia, få!”

”Svær er den sak som du bed meg om nå, —  
Herren for åndi mon råda, —  
men det du bed om, av Gud skal du få  
om du mi heimferd fær skoda.”

### *Han såg ramnane att*

Der borte ein fugleflokk kjapt flyg sin veg,  
og på desse korpane kjensel han dreg.

Han stend der og ser på den flygande flokk.  
Det ramnane er, — jau, han hugsar dei nok.

Det kjærte var for honom å sjå dei igjen.  
So flaug dei då kring desse traktane enn!

Han minnst kan grant kor dei trufaste var:  
Kvar morgon og kveld dei Guds mat til han bar.

Han helsa god morgon, han baud deim god natt,  
når svint dei strauk inn yver skogane att.

Han smiler ved tanken, so helsar han dei,  
der sistpå dei kverv yver audslege hei. —

### *To tek farvel*

So gjeng dei atter  
saman to-eine:  
skjønar no båe:  
snart sluttar ferdi.  
Difor dei nyttar  
dyre minuttar,  
røder om det  
som deim mest  
brenn i barmen,  
ærleg og ope, —  
myndige menn.

Stoggar dei so  
der ein bråbakke byrgjar,  
ser på kvarandre,  
kjærleg og lenge.  
Tunga, ho teier,  
augo, dei talar.  
Sistpå dei tek  
einannan i handi,  
kviskrar ei takk  
for det trufaste fylgjet  
åri igjenom, —  
skygnar so upp  
imot kvelds-kvelven klåre,  
for dei kan høyra  
ljodar i lufti.

## *Det kjem so fint eit fylgje*

Då brått det susar, sjogar,  
meir skirt enn soli glimar.  
Og i dei høge hallar  
det helgeklokkor kimar.

Det kjem so fint eit fylgje,  
men ei det lenge ventar.  
Til himmelen ei eldvogn  
no eldprofeten hentar.

Eld-hestar drog den vogni, –  
dei fór so fort som lynet.  
Som bjarte soler blenkte  
det skire himmel-synet.

Snøgt som ein solskimt kom det,  
og som eit storm-ver brusa.  
Svint tok dei so profeten,  
og upp mot høgdi susa.

Mot alltid nye rømder  
alt høgare gjekk ferdi,  
der stjerne-soler stråla,  
langt vekk frå denne verdi.

Der Sirius han helsa, –  
ho er so skir ei stjerne.  
Til høgre tindra Orion,  
og andre soler fjerne.

Og no var vinter-brauti  
ei liti lysning berre,  
men vidare gjekk ferdi  
til nye rømder fjerre.

Han såg ei onnor lysning, –  
det tona i hans indre:  
”Å, det er himmelheimen  
som der eg no ser tindre.”

Ein her av himmelånder  
omsider so seg synte,  
og fylgde med den siste veg  
då dei mot målet lynte.

Og so – so var dei framme, –  
no stod han der ved trona.  
Han Herren såg; i hugen hans  
den nye songen tona.

Med eitt han sorg og saknad  
og såre strider gløymde.  
Han Kongen såg, i hugen då  
den store sæla strøymde. –

So, medan himmel-herar  
velkomen heim han helsar, –  
han fell for Herrens føter ned  
og tilbed Gud, sin Frelsar.

## *Han fekk ei fager heimferd*

Han fekk ei fager heimferd, –  
so blidt vart barnet bore.  
I eld og storm han baud farvel, –  
som livet hadde vore.

Gud Herren honom heidra;  
han sende ekstravogner  
ifrå sin høge himmel, –  
det var vel vene gogner.

Her i kamelhårs-kappa,  
han vann 'kje akt og æra.  
No ville Gud til himlen  
i høgtidsvogn han bera.

For han den sanne stordom  
er ikkje konge-klede,  
men trutt å tena Herren  
med hjartans lyst og glede.

Ja, der me bur og byggjer,  
det hender tidt og ofte:  
den ekte adel kler seg  
i sliten kvardags-kufte.

Kor vent det måtte vera  
slikt velfar å få taka!  
Men aller størst for honom  
at han slapp døden smaka

Kor stort i helg og vyrka  
for Herren heilt å leva,  
til sanningi og ljuset  
sin strid seg fullt å gjeva, –

og so, når dagen hallar,  
ved Jesu nåde kjenna  
at livet rår i døden, –  
for dødsens arv er enda!

### *Aleine!*

Elisa stod einsam i solefallet,  
stilla er størst etter toreskrallet.  
Sjølvs fuglane tagde: Kva var det som hende? –  
Han drygde eit bel før han vende attende.

Han kjende seg arm og einsleg  
der still han i sorgmod stod.  
Det var som ein vegg var ute,  
ein haustdag med nordasno.

Eit storhav av sorg er sjeli,  
det bryt der det før var stilt.  
Han kjenner seg meir enn fattig, –  
han hev det so hjarte ilt:

”Far min, å, far min,  
du som var Israels  
vogner og riddarar,  
vernet og vollen  
mot myrkheimens makter,  
argaste åtak  
mot vondskapens velde!”

— — —

Vekke var venaste vogner,  
gloande, glimande gogner,  
hestane høge og hæve,  
Israels hovding, den gjæve,  
trugnaste venen han åtte, –  
syrgja i saknad han måtte. –

— — —

Borte – borte. –  
Heime!

### *Guds tenarar skifter –*

Til teikn på den harm han hyser  
han flengjer sin kjole i to.  
So tek han Elia si kappe, –  
og frihuga kjenner seg no.

Det brusar ei elv i barmen, –  
no eig han Elia sin arv.

Ein lut av si ånd han leivde  
då sjølv han i skyi kvarv.

Det brenn som ein eld i blodet,  
no er han so stø og sterk,  
og vidare fram vil han føra  
profeten sitt fagnad-verk.

So gjeng han sin veg mot Jordan, –  
den vegen dei kom, dei to.  
No er han aleine vorten,  
lell eig han den djupe ro.

Han stend der ved elvebakken, –  
der strøymer den store å.  
Det ber ingi bru yver Jordan,  
og endå Elisa veit råd.

Han gjer som sin store meister,  
med kappa på vatnet han slår,  
imedan på Herren han ropar.  
Og so yver elvi han går. –

Han gjeng imot nye strider,  
han skrid imot nye kall.  
Han stemner mot store sigrar, –  
til kveldstid og solefall.

— — —

Guds tenarar skifter her nede;  
men tenesta, ho varer ved.  
Slik gjeng det, mens tidene skifter, –  
til æva bryt inn med sin fred.

## *Etterklang*

Sidan so sa det profetiske ord:  
Når fredsfyrsten kjem for å frelsa vår jord,  
med velde han då  
imot myrkret skal gå,  
i Elia sin ande og kraft.

\*

Århundrad gjekk.  
Eit møte med Jesus  
profeten då fekk.  
Hin gongen på berget  
han stridde og vann,  
og oppå eit fjell  
fekk han no møta *Han*.  
Og Moses var med.  
So dei Frelseren då  
forklára fekk sjå.

Som soli han skein,  
og klednaden hans  
var som lyn-blenken rein.  
Hans herlegdom braut  
gjennom tenarens drakt;  
med hylling dei helsa  
hans guddom og makt.  
Han tala til dei  
om den vegen som nå  
han snart skulle gå

Men synet, det kvarv.  
Attende dei gjekk  
til sin evige arv.

Men Frelsaren ferdast  
til klunger og kross,  
til fridom og frelsa,  
til livet – for oss.  
Å, sæl kvar og ein  
som vil strida i tru!  
Hjå Gud skal dei bu.

Om kvart eit atom  
deg æra, og i eit uendeleg rom  
kvar stjerna og sol  
deg si høg-hylling gav, –  
og råde du yver  
kvart rike, kvart hav, –  
du lell var ein vonlaus  
og armodsleg mann  
om *Gud* du 'kje fann.

Den mann som me no  
hev teikna, han talar  
med soga si ro.  
Frå fortidi ropar  
hans livs-ferd til oss  
at sæl er kvar ein  
som vil taka sin kross  
og gjeva seg heilt  
til den helt som oss vann  
eit æve-års land.

\*

## *Epilog*

Han våga med Gud, –  
yver verdi han vann,  
og sistpå ein skinande  
sigers-dag rann.

Han vandra i tolsam  
og tillitsfull tru.  
Då sjølv yver avgrunnar  
bygdest ei bru.

Han hadde, han òg,  
same vilkår som me.  
Kva var då hans løyndom? –  
Han lærde – å be!

Gud bygde i honom,  
og viljen vart stål.  
So helsa han sistpå  
det skinande mål. –

— — —

So sterk  
ein mann kan vera,  
slikt verk  
i verdi gjera  
når Gud fær koma til.  
Det syner  
denne soge.  
Ho lyner, –  
lik ein løge  
ho skin i natti still.







DAVID

1964

*Davids dramatiske liv byr oss eit stort og mektig stoff. I denne boki hev eg freista å støypa i verseform det som er fortalt om lagnaden hans, – frå han var liten gjætargut, til han døydde som vurd konge yver eit stort og sterkt rike. –*

*Ikkje alt i livet hans er like spanande, og ikkje alt til heider for hyrding-kongen, men også dette høyrer med til heilskaps-biletet, og difor er so godt som alt teke med. For at ikkje boki skulle verta endå større, er likevel skildringi av nokre av Davids herferder utelatne.*

*Den einaste kjelda til kunnskap om ”mannen etter Guds hjarta” er Bibelen, – fyrste og andre Samuelsbok, fyrste Kongebok og fyrste Krønikebok, – og so Davids Salmar. Av desse er om lag 20 av dei mest sermerkte gjendikta.*

*Det er dristig å gjeva seg i kast med ei slik oppgåva. Og dristig er det å senda ut eit slikt verk. Når eg no likevel vågar å gjera det, er det med von om at Davids andletsdrag må stiga fram frå bladi i denne boki, – og at Guds leiding med han og det folket han førde, må verta til åtvaring og trøyst også for ætti i atom-alderen.*

*Fjellhaug 1964  
 Trygve Bjerkrheim*

## HYRDING OG HARPESPELAR

### Å BETLEHEM, DU KONGEBY

#### *Ei stjerna brenn yver Betlehem*

Det stend ei stjerna skir og stor  
ei nattstill stund, – ho ned mot jord  
dei sylvtråd-strålar sender.  
Høgt yver Betlehem ho stend,  
frå fjerne rymder brår og brenn. –  
Den natti noko hender.

Eit barn vert født, ein bjart-øygd gut.  
Høyr, alt han græt, – den fyrste sut, –  
men so ein smil seg breider.  
Og namnet på det unge liv  
i sogeboki inn seg skriv. –  
gjekk sidan lange leider.

Eit barn er født, – so sped ein svein, –  
på gamalt tre so grann ei grein.  
Men han til stort er boren.  
Igjenom eld og lidings-brand  
han leida skal sitt folk, sitt land  
til fridom, fred – til våren.

Ei stjerna glør og brår og brenn.  
Høgt yver Betlehem ho stend.  
Då noko stort det hende.  
Og sidan – etter tusund år –  
ho atter yver staden står.  
Gud Davids-sonen sende.

## *På Betlehems blomevoll*

Det leikar ein spretten småsvein  
på Betlehems blomevang, –  
like til klokkor kallar  
og soli omsider hallar  
mot vest etter dagen lang.

Han uner seg millom blomar,  
han sprett millom stubb og stein.  
Han høyrer på lammelæte  
og smiler til små-kje-kjæte, –  
den mjuke og mjåe svein.

Og her – på dei vide vollar –  
hev fedrane onna før.  
Her var det at Boas vanka  
og Rut sine korn-aks sankar –  
til kveldskyi glim og glør.

Og guten som sutlaus spelar  
på Betlehems blomevoll,  
ein kostesam arv hev fenge,  
som sidan hev vide gjenge,  
og bore dei fagre foll.

Den litle so godt seg leikar  
bland blomar og lam og kje,  
men trøytnar so smått omsider, –  
spring heim, for mot kveld det lider,  
og soli skal snart gå ned.

## *Han tok til som gjætargut*

”Han tok til som gjætargut,” –  
titt det heiter so i saga.  
Det var ogso Davids lut;  
*der* den fyrste dyst han våga.

Alt som voks seg sterkt og stort,  
byrja i det små og stille.  
Verket vart med truskap gjort, –  
slik som himmelen det ville.

Kjempe-tre i haust-sterk storm, –  
fyrst eit lite frø i lidi.  
År om anna tok det form, –  
og ei kjempa vart med tidi.

Sjølv ei Himalaya-høgd,  
Alpe-tind som himlen stormar,  
vart av ørsmå sandkorn bygd;  
fjom dei fagre fjelli formar.

Verdenshavet, veldig, vidt, –  
drygare enn me kan ana, –  
bårar, bryt og skumar kvitt;  
litle dropar hev det dana.

Og det endelause rom, –  
me ved berre tanken fæler, –  
bygdest av dei små atom,  
som ei noko auga mæler.

Og i hjartans djupe grunn,  
i usynleg sjele-tempel,  
hender noko stund for stund,  
som til sist ber himlens stempel.

Stein på stein vert lagd i løynd;  
truskap hjartans byggverk tryggjer.  
So vert hugen sterk og røynd;  
han med Gud eit tempel byggjer.

Sume rykkjer opp og riv;  
hjartejordi snøgt dei snøyder.  
Deira eine, dyre liv  
smått om senn dei drep og døyder.

Etla til eit adelskap  
og til kongenamn å bera  
vert det sistpå tjon og tap;  
dei Guds veg ei ville læra.

Sæl, ja, sæl er kvar og ein, –  
går han enn i grove klede, –  
som legg trugen stein på stein,  
byggjer bru til framtidsglede.

Sæl, ja, sæl er ein og kvar, –  
gjeng han enn i velbøtt bunad, –  
som mot ljuset lydig var. –  
Han til sist fær livsens kruna.

### *Lamme-leik*

Ding, ding, ding,  
kling, kling, kling,  
lamme-læte,  
kast og kjæte,  
spring, spring, spring!  
hopp og sprett,  
lentug, lett,  
dans og dett,  
ta ein liten sving!

Lam i leik,  
solskins-sleik,  
fugle-tirl,  
bekke-sirl,  
bæ, bæ, bæ.  
Byks og sprang  
dagen lang,  
bræk på eng,  
rove-sleng.  
Kom no, lam og kje!

\*

Vesle David stend og ser,  
barnehjarta godt seg gler, –  
sjølv han høpp og spring og sprett,  
morgonglad og gutung-lett,  
piler skjer, og sender dei  
høgt oppyver gjetle-hei.

Der renn bekken kjeldeklår, –  
David drikk ein lesketår,  
attåt èt sin nistemat  
av so fattigsleg eit fat. –  
Den gong visste ikkje du:  
i eit slott du skulle bu,  
råda yver fri og træl,  
hyrding gjæv for Israel. –

Bekken er so bjart og rein,  
der ligg mang ein blankslipt stein.  
Han deim legg i slyngja si,  
sender deim so langt av leid.  
Målet David alltid fann.  
Ingen var so glup som han.

---

No til kvelds so smått det lid,  
mot den myrke nattetid.  
Kom no, sau og lam og kyr,  
no me snøggast heim oss tyr! –  
Gjætaren gjeng føre deim,  
fører flokken fram og heim.

### *Ætte-trådar*

Trådar vert saman tvunne, –  
to vert til eitt, – og atter  
ætte-treet seg greinar:  
småborn som spede kvister. –  
Dei ogso veks og mognar.  
Ættene soleis aukar.

Samanhengen ei skiplast:  
livs-safti flyt frå stommen  
ut til dei ytste greiner, –  
soleis vert ætte-arven  
endelaust utyver boren.

Herren i slekti byggjer,  
vil han so gjerne gjeva  
gjævaste ervegullet.  
Vert det med truskap vyrdsla,  
aukar det jamt med åri:  
Allstødt bryt bjartare blomar;  
eingong omsider me skodar:  
fågraste rosa er runni. –

Hugsa då, når dei deg hyller,  
arven frå framfarne ætter!  
Takka dei trurøkne fedrar  
som honom odla og auka!

Ovmodast ikkje, men ottast,  
æra din fader, di moder, –  
dei hev det dyraste gjeve!

Kva hev vel du, om du ikkje  
arven frå ættene åtte?  
Ja, kva hev *eg*, – du deg spyrje, –  
som eg ei fekk utav andre,  
og som dei sjølv fekk av Herren? –  
Ynkast dei arme, som ikkje  
fegnast ved skatten den store!

Minnest du ogso, kong David,  
fedrane gilde og gjæve:  
Boas og Rut og No'omi, –  
Obed og Isai sidan,  
dei som i Betlehem bygde!

\*

Brast på den greini dei bjartaste blomar,  
edlaste alde som nokon hev skoda, –  
verdi si venaste, reinaste rosa.  
Frelsaren føddest i Betlehems-byen,  
og han or Isai's rot-stuv er runnen.

### *Davids vår*

Vår fylgjer vinter, og år legst til år, –  
barndomens land vert eit minne.  
Hugen vert stundom so underleg sår, –  
sorgmodet susar derinne.  
Atter det bytest i gledekvad, –  
våren si lerka er oftast glad.

Ungguten kjenner kor han vert sterk,  
blodet i årene brusar.  
Huga han er på dei hæve verk, –  
bragder frå fortidi susar.  
Rosone raude på kinni brenn, –  
slik unge David i våren stend.

Finn si utløysing den unge svein  
fyrst i det daglege yrke.  
Gjætaren gjeng under kvelven rein,  
øver sitt mod og sin styrke.  
Smidig og sterk vert den spede tein,  
nett som ei ny-runni bjørkegrein.

Alle var glad' i den guten gild,  
ljøsynd og open og ærleg.  
Han mot dei veike var mjuk og mild,  
og imot stakkaren kjærleg.  
Snåva han, vedgjekk han stødt si skuld, –  
er dette huglag meir verdt enn gull.

Gjeng han so stillsleg ikring i dag, –  
bølingen beiter i lidi, –  
er i eit underleg vekjømd-lag,  
minnest den framfarne tidi.  
Far hev fortalt han om ætti hans, –  
skin ho i minnet med vemods-glans.

Er det vel underleg at han no  
teken mot synsrandi stirer?  
Soga om slekti i aftan-glod  
lyser og logar og tirer.  
Soga om Boas og Rut, – kor fin!  
Klårare ho enn krystallar skin.

Høyrer han susen av vengjeslag, –  
klokkor frå høgheimens hallar.

Israels Gud kjem so nær i dag,  
kjærleg den unge han kallar.  
Hjarta han opna for fyrste gong.  
Lydde i himmelen høgtids-song.

### *Den fyrste dyst*

Å vera på gjetle-bakken  
i dagar og veker og år,  
det er ikkje berre hugnad  
i blidaste solskins-kår.  
Det er ikkje berre kjæte  
og ljuvlege lamme-læte  
i vaknande, vonfull vår.

Tidt lyt ein om natti vaka, –  
om vinter'n er vinden sur.  
Då søkjer han inn i holer  
med buskapen still og stur.  
Då dryp det so kaldt i nakken, –  
å vera på gjetle-bakken  
er tyngre enn mange trur.

Men verre enn argast uver  
er *ydyret*, nifst og vilt.  
So tidt tok det beste kui,  
og lammet so ljost og gildt.  
Når bjørn eller ulv og løva  
ein lamunge so hadde røva,  
då vart det vel sorgmod-stilt.

Men stundom det også hende  
at bjørnen i graset beit.  
Han sleikte seg alt om munnen  
ved tanken på steiki feit.

Han er no ein gamal luring,  
men gløymde: den vesle hjuring,\*  
han hadde ein hug so heit.

Det brakar og brest,  
det knakar og knest,  
eit beist bykser fram,  
i skogkanten løynt,  
og stel seg eit lam.  
So fælände fort  
det valds-verk vart gjort,  
og bølingen rømer i redsla bort.

Men ei rømde hjuringen redd sin veg,  
ung David var mjå, men modig.  
Og so etter udyret svint han dreg,  
som flyktar med fengdi blodig.  
”Om *det*” – tenkjer David – ”skal me bli to!  
Den alltid lo best, som på sisten lo.”

Det knakar i kvas,  
og det knest i kvist  
og so når han udyret att til sist.  
Det snur seg, og augo i ofse glør.  
Det fræser på villdyr-vis,  
spør om du tør.

No opnar det gapet,  
og lammet glepp ut,  
i mjukaste graset fekk detta,  
og før som ei pil ifrå bjørn og frå gut, –  
det var ikkje seint til å smetta!  
Men David stod att med ei binna sint.  
Ho slengde med labbane sterkt og svint.

\* Hjuring = hyrding.

\*\* Barke = strupe.

Ho tennene flekkjer, ris opp på to,  
i argaste ofse ho fræser,  
og augo, dei glør lik ei glimande glo,  
i villskap ho kvin og ho kvæser.  
Han tek ho i barken,\*\* - til Herren bed, –  
og slengjer so beistet i bakken ned.

## UNGT KONGS-EMNE

### *Lagnads-stund i Israel*

Han som vart til konge krynt,  
hev sin adel tapt og tynt.  
*Saul* sin Gud og skapar sveik;  
Herrens Ande frå han veik.  
Bandet brast, som vel var knytt,  
gullet vart i glas-bròt bytt.  
Vonde ånder tok det rom  
fordum fylt av herlegdom.  
Selde han si dyre sjel.  
Lagnads-stund i Israel

Sjølv om alle stjerner fall  
frå den høge himmelhall,  
ikkje valda det slik sorg  
i dei sæle englars borg  
som når ein, til stordom skapt,  
vik frå vegen, og gjeng tapt.

Syrge også *Samuel*,  
hyrding god i Israel.  
Kvar ei krå i hjartans borg  
fyltest av den store sorg.  
Svarte elvar fløymde fritt  
gjennom hugen sterkt og stridt.

Hugsar han so vel hin gong  
då til heilag vigsle-song  
frå det høge himmelslott  
Saul vart vald til Israels drott.  
Minnest han den morgonstund  
han braut salve-krukka sund,  
kyste kongen ung og sterk,  
etla til dei store verk.

Ljose voner huste han  
for sin konge, folk og land.  
Vonbrot vart det lell til sist.  
Tok han likevel i mist?  
Stålet brast, – det var ein brest:  
hjarta var til verdi fest.

– – –

Aldri Gud gjev opp si sak;  
om det glepp, det fyrste tak,  
finn han alltid andre menn,  
som for Herrens æra brenn,  
når dei fyrste vrakast lyt;  
for hans tolmod aldri tryt.

Frese-verket gjeng sin gang  
vert enn vegen trong og lang.  
Unge menn i emning er,  
førarar for Herrens her.  
Sviktar *ein*, ein ny han vel, –  
mist 'kje modet, Samuel!

### *Betlehem i Judaland*

Å, Betlehem i Judaland,  
du vart ein kongeby.  
So låg og liten, – likevel

du vann deg verdensry.  
For store søner fostra du:  
Kong David, og til sist, –  
ei stjernenatt, mens englar kvad, –  
vår Frelsar, Jesus Krist.

Når alt var ute, gav du raust  
dei store bergingsmenn.  
Årtusund gjekk, men deira verk  
og minne lever enn.  
Når verdi eig ei livsens sol,  
og kjærleik, tru og von,  
det er avdi du, Betlehem,  
oss gav ein kongeson.

I stilla og i løynd rann upp  
ein edel ætte-tein.  
Omsider kom or klårast knupp  
ei rosa raud og rein. –  
So gjekk det tusund tunge år, –  
ein teinung atter rann:  
Av Isai's stuv, or jordi arm,  
vår verd sin frelsarmann.

### *Ein mann og ei kviga*

Til Samuel i sorgmod senkt  
kjem klåre himmel-ord:  
"Seg meg, kor lenge hev du tenkt  
å gå i sorgi stor?  
Kong Saul hev no min kjærleik krenkt,  
og eg hev vraka han.  
Han skal 'kje vera hovding meir  
og drott i dette land.



Fyll enn ein gong no hornet ditt  
med salve-olje klår!  
Til Betlehem i Juda-land  
du i mitt ærend går!  
Og der, i ein av heimane, –  
til Isai, – gjeng du inn.  
Han som eg sjølv hev valt meg ut  
til konge, der du finn.”

”Kor kan til Betlehem eg gå?” –  
so sagde Samuel.  
”Når Saul fær fretta at eg fer,  
so slær han meg i hel.” –  
Men Herren svara: ”Du skal ta  
ei kviga med deg dit!  
So kan du seia, når dei spør:  
”Til ofring kjem eg hit.”

Og når du vel er komen fram,  
til offermåltid bed!  
Når so de samlast, hugsa då  
at Isai vert med!  
So skal eg sidan syna deg  
kva du skal gjera då,  
og tak so salvekrukka di  
når eg deg seier frå!” –

— — —

So tok han då ut frå Rama,  
og kviga, ho fylgde med.  
Dei vandrar den lange vegen,  
og yver deim fuglar kved.  
Til Betlehem kjem dei omsider,  
i austerlandsk solfallsfred.

Der syter han vel for dyret,  
og klappar det vårt på kinn.

So gjeng han, med’ myrkret aukar,  
i huset til Isai inn.

Og høvisk han husbonden helsar:  
”Guds fred yver heimen din!”

Det spurdest i Betlehems-byen  
at sjølvaste Samuel  
var komen, – den vyrde vismann  
og domar i Israel. –  
Då skjelvande sagde dei eldste:  
”Ditt kome, seg, varslar det vel?”

Han svara deim: ”Ja, eg er komen,  
og ofra til Herren eg vil.  
Og no lyt de alle dykk helga,  
og ferda til festen dykk til.” –  
Sjølv helga han Isai-heimen,  
til fest bad den huslyden gild.

### *Det er fest i Betlehem*

Det er fest i Betlehem, –  
høgtid vert for Herren haldi.  
Vyrde menn og kvinner kjem.  
Heilag song me høyrer tona. –  
Kven skal bera kongekrona?

Samuel i spaning står:  
Kven av Isai’s mange søner  
mon den høge miskunn får, –  
den uvisnelege æra  
Israel sin drott å vera?

Fyrst han *Eliab* fekk sjå,  
høgbygd, hæv og ven på vokster.  
Samuel, han trudde då:

Her er han som høgt skal bera  
hovdingstav til Herrens æra.

Herren sa til Samuel:  
”Du det ytre ikkje skoda!  
Eliab eg ikkje vel!  
Her gjeld ei den bjarte bunad, –  
han fær ikkje kongekruna.

Menneski, dei einast ser  
yttersida, alt som glimar,  
og om ein seg storlagd tér. –  
Gud -- han ser på hjarta berre,  
kven som der er vorten herre.”

Kjem det so ein annan gut;  
*Abinadab* fram seg syner.  
Gud hev ikkje valt han ut.  
So kjem *Samma*, – tredje gongen  
same utfall, same songen.

Fram stig søner sju i alt;  
Samuel må atter seia:  
”Gud hev ikkje desse valt.” –  
Andre gutar var derinne  
ikkje til å sjå og finne.

– Hev du ikkje fleire att? –  
– Jau, den yngste, men han gjæter. –  
– Sjå å få i honom fatt!  
Me går ei til bords forutan  
denne yngste, – gjætarguten. –

– – –

Han sit der på gjetle-bakken,  
David, i solfalls-fred.

Han ser kor seg lammi kjæter,  
og so han eit kvelds-kvad kved.  
Han kjenner ein styng i hugen:  
han fekk ikkje vera med!

No samlast dei alt til festen,  
men David er yngst, og så, –  
ja, nokon må hjordi gjæta,  
det finst ingi onnor råd.  
”Friskt mod! – eg vil ikkje anka;  
eg kved opp mot kvelven blå!”

### *Salva til konge*

”Da-a-vi-id-! No fort må du koma;  
for Samuel ventar på deg!  
Kom snøggast du vinn, – deg forutan  
til bords ikkje sessar dei seg!”

Då braut dei ei båra av gleda  
og undring i barmen ung.  
So skunda han heim føre flokken, –  
den dagen fall vegen ’kje tung.

Kva ville vel Samuel honom, –  
profeten som alle heldt av?  
No skulle han gudsmannen møta,  
som Israel glede-ord gav!

Han fjelga seg litt, seg flidde,  
og hugheil i stova steig inn.  
Der alle dei øvste i byen  
med Samuel samla han finn.

– – –

Med same profeten sitt auga  
den gjætaren ung fekk sjå,  
då kjende han noko i hugen,  
og glad vart den gudsmannen då.

Han var ikkje høgreist og røsleg,  
men raudleitt og blid og bjart.  
Og augo var opne og ljose;  
han førde seg fint og vårt.

Då lydde i Samuels indre, –  
og røysti frå Herren var:  
”Ris opp, og den guten salva!  
*Han er det eg utvalt har.”*

So tok han då olje-hornet,  
og medan dei stille stend,  
ned yver det unge hovud  
det glimande gullet renn. –

Og sidan den gamle gudsmann  
attente til Rama dreg.  
Den gongen han gjekk åleine  
den eldgamle ålmanne-veg.

Men David var ikkje den same:  
Guds Ande kom til han hin dag,  
og fylgde han sidan på ferdi,  
til hjarta sitt siste slag.

### *Guds Ande vik frå Saul*

Når samvitet fåfengt lyt døma  
og Anden den heilage røma  
det rom som åt Herren var helga, –  
då inn flytter åndene arge,

og huset finn feia og fjelga.  
to frontar i verdi finst berre, –  
og er ikkje Herren din herre,  
då gjeng det frå vondt og til verre.

Det tungt er å tapa Guds glede, –  
og tapa seg sjølv alt hernede.  
Då gjeng ein so fredlaus på ferdi,  
og rotlaus ein attpå seg kjenner,  
er framand og vonlaus i verdi.  
Slik gjekk det kong Saul då han vraka  
Guds hugnad, som før han fekk smaka.  
Ein heimlaus sin stav laut han taka.

---

Det kom so brått, det vonde, –  
det aldri sjølv seg varsla.  
Svint svartna kongens andlet, –  
nett som når toreskyer  
snøgt sigler fram og myrkjer  
den blanke, blåe himmel.

Då bleikna kongens sveinar, –  
dei aldri kunne vita  
kven vreiden ville råka,  
for alltid er det uvisst  
kven eldingen vil søkja  
når toreveret trugar.

---

Ein dag då det var yver,  
og kvelven atter klårna,  
dei arme sveinar våga  
å nytta dette høvet, –  
ei rådgjerd hadde funne  
og nemnde det for kongen.

Kong Saul, dei høvisk sagde,  
orsaka at me seier:  
I bråe rider stundom  
so vond ei ånd deg vitjar.  
No synest dine sveinar  
ei hjelperåd å øygna.

Du byd oss, høge herre,  
at opp ein mann me leitar  
som kan på harpa leika.  
Når so den vonde åndi  
kjem yver deg i rider,  
han spelar, – og du besnar.

### *Ung David vert henta til kongens hall*

Kong Saul med eitt var viljug, –  
til tenarane sagde:  
Ein spelemann de finne,  
og hit de honom hente! –  
Dei gode drenger hadde  
då alt ein gut i tankar.

Og ein av deim so sagde:  
I Betlehem eg kjenner  
so glup ein harpespelar, –  
han ordhag er og fager  
og våpendjerv og uredd.  
Gud Herren er med honom.

Saul brått eit bod då sende  
til Isai, og sagde:  
Send David, son din, til meg,  
han som er saue-hyrding! –  
Det var den andre gongen  
eit konge-kall han nådde.

Og Isai, han klyvja  
eit asen med ei vin-hit,\*  
eit kje og andre saker  
og sende det med David.  
So drog dei då til kongen  
med desse vene-gåver.

— — —

Ein tenar kjem og melder  
at gjætaren er komen.  
Det var det fyrste møte  
imillom Saul og David.  
Og kongen hug-la honom,  
til våpensvein han valde.

Og difor bod han sende  
til Isai, og bad han:  
Lat David stogga hjå meg,  
for eg hev honom huglagt. –  
Slik enda vente-tidi  
i gilde gjetle-lidi.

So tidt den arge åndi  
kom yver arme kongen,  
tok David fram si harpa  
og lindt på henne leika.  
Då letna det omsider, –  
det vonde slepte taket.

### *Gjætaren spelar i kongeberg*

Gjætaren spelar i kongeberg,  
døyver og druknar den djupe sorg.

\* Hit = skinnsekk.

Gjætaren spelar i kongeslott, –  
sturen og strunk sit der Israels drott.

Gjætaren leikar på harpa si,  
gladværug, ljøslyndt og bjart og blid.

Åndene arge, dei slit og riv, –  
tonane mjuke på dør deim driv.

Tonane strøymer frå harpa klår,  
friskt som ein fjellbekk i fager vår.

Gjætaren leikar på harpestreng, –  
tonane like til hjarta gjeng.

Flyktar frå kongen ei toresky.  
Vondskapens velde til sist laut fly.

Då lyder, – til tonefylgje  
av harpa, – ei røyst so klår.  
No syng han, den unge hyrding  
om gudsbarnets sæle kår:

”Gud Herren er sjølv min hyrding;  
det vantar meg ingen ting.  
Han fører mi sjel til kvila  
ved klåraste kjeldespring.  
Til læger på grøne engjar  
han leider meg kvar ein dag.  
Han kveikjer den mødde sjeli;  
i fred slær mitt hjarta sitt slag.

Han fører på rettferds stigar  
meg fram, for si eigi skuld,  
og gjeng eg i dødsskuggedalen,  
av fårar og fiendar full,  
so ottast eg ikkje for noko,

for du, Gud, er med på min veg.  
Din kjepp og din stav, dei meg trøystar, –  
då hugleg eg framyver dreg. –

Om bord åt meg ogso du dukar,  
for augo på fiendar flokk.  
Du salvar mitt hovud med olje, –  
i mitt staup vert det meir enn nok.  
Og lukka og miskunn berre  
meg fylgjer på livsens ferd.  
Til sist eg i ævelengdi  
skal bu i Guds sæle verd. –”

— — —

Det var so tyst i salen  
då songen stilna av.  
Til sist kong Saul seg reiste,  
og lyfte so sin stav:  
”Gud sign deg, unge David,  
deg fylgje på din veg!  
Du berga fedre-arven, –  
meir sæl er du enn eg.” –

## DYSTEN I EIKEDALEN

### *Filistarane fylker seg*

Frå Kaftor kom dei fiend-folka, –  
frå Kreta-øy i Middelhav, –  
som utan miskunn Israel svolka,  
og slag på slag gudsfolket gav.

Det var ’kje berre leik og gaman,  
i denne jarn- og ulvetid.

Filistarane stemnde saman  
på nytt sin store her til strid.

So lægra dei seg ved Azeka,  
og ville Soko-byen ta.  
Men Saul og Israel ei tvika, –  
dei òg i striden ville dra.

Dei lægra seg i Eikedalen,  
og der dei fylkte seg til slag.  
Der stod dei, – såg ut yver valen, –  
ein strids-dag er ein alvors-dag.

Sjølv stod dei på den eine sida  
av Eikedalen, og på hi  
filistarane stod og bia,  
fullt budde til den store strid.

### *Goliat*

Då hende det, – og fyrst dei bisna,\*  
då dei den syni skoda fekk;  
men sidan blodet i deim isna,  
og kalde bårer kom og gjekk.

For fram ei kjempa stig på valen,  
ein jøtul lik, ein rise stor.  
Då vart det stilt i Eikedalen, –  
det vart 'kje sagt eit steinsens ord.

Hans namn er vidspurt no i verdi, –  
du visst hev høyrte om *Goliat*.  
Men veit du at han byrja ferdi  
som liten gut i byen *Gat*?

\* Bisna: glo, sjå på noko med undring.

Men det var vokster-to i karen,  
og meir enn andre auka han.  
Og so han var 'kje betre faren, –  
han vart seks alner og ei spann!

Då han voks til, dei andre sagde:  
"Den guten der vert grum og god."  
So meir og meir han på seg lagde, –  
og ikkje minst i overmod.

No stod han der i morgon-timen, –  
den karen var 'kje dårleg skodd, –  
med koparhjelme i solar-glimen,  
og brynja vóg fem tusund lodd.

Sjølv føtene var kopar-budde, –  
det spenger var på kvar ein fot.  
Og sjølv dei sterkaste seg grudde  
då dei fekk sjå hans digre spjot.

Det var av kopar, hang på ryggen, –  
eit vevbom-skaft med jarnsett odd.  
Og tung han var, med spjotspiss-styggen, –  
han eine vog seks hundrad lodd.

### *Kjempa briskar seg*

No stod han der i morgon-stundi  
og briska seg og spjotet vog.  
Enn var 'kje nokor kjempa funni  
som sjølv mint ut mot honom drog.

Og so til Israel han ropar, –  
fullt viss om deira nederlag:  
"Kvi dreg de ut med dykkar hopar  
og fylkjer dykk til vonlaust slag?" –

Han sterkt tek i, og folket fælar:  
”Er ikkje eg filistar-mann?  
Og de, for kongen – Saul – de trælær;  
han gjev dykk ingen fridom, han.

No skal ein mann de ut dykk velja,  
la han hit ned i dalen gå.  
Og drep han meg, me skal oss selja, –  
til trælær skal de då oss få. –

Men er det han som bit i bakken,  
for alltid de til oss dykk sel;  
då fær de åket vårt på nakken. –  
No hev eg svivyrdt Israel.”

Då slik han Herrens fylking hædde, –  
so stend det i den gamle bok, –  
vart Saul og folket ovleg redde;  
det var ’kje fritt dei skolv og skok.

Slik Goliat heldt på og erta,  
i fyrti dagar, – morgon, kveld.  
Med kvasse svipor han deim snerta, –  
slik hædde han Guds Israel.

### *David dreg til Eikedalen*

”Sinnet veks, og makti minkar,” –  
det er ikkje blide kår.

Sælt eit folk i slike stunder  
når ein bergingsmann det får!

Kjem han der me minst det ventar,  
sløkkje brått den beiske sut.  
Han som denne gongen berga,  
var ein uredd gjætargut.

Ja, han gjætte atter smalen,  
heime hjå sin gamle far.  
Eljab, Abinadab, Samma, –  
brørne hans, – i krigen var.

Isai sa med David, son sin:  
”Tak ei skjeppe steikte aks!  
Du med deim og desse brødi  
gjeng til brørne dine straks!

Søtost-skivor ti du take,  
og til føraren deim gjev!  
Du skal sjå kor brørne hev det, –  
kvitting\* med deg heim du hev!”

Tidleg neste morgon David  
syter fyrst for smalen sin, –  
fær ein annan hyrding, – sidan  
gjeng til Eikedalen inn.

Han hev med dei steikte aksi,  
brødi ti, – som far hans sa, –  
søtost-skivor ti han ogso  
ned i nistetina la.

Då han Israels vognborg nådde,  
fram til fylking heren gjekk,  
medan høge her-rop lyftest. –  
Det var syni David fekk.

Båe herar stod no budde,  
fylking imot fylking, der.  
Sume slo på sine skjoldar,  
sume svinga sine sverd.

\* Kvitting = Kvittring.

Fyrst gjekk David burt til trænet, –  
dei hans føring\* passa på, –  
Sidan sprang han svint til heren,  
brørne sine der fekk sjå.

Han frå far og heimen helsa,  
spurde om dei levde vel.  
Medan der han stod og rødde,  
fekk han sjå ei kjempa fæl.

Visst han hadde høyrte om honom, –  
gjetord gjekk so vidt om land, –  
no for fyrste gongen risen,  
jætul-kjempa, skoda han.

Atter stod han der og brauta,  
briska seg, som ofte før:  
”Vil de slåst, stig ned i dalen!  
Berre kom, om nokon tør!”

### *Gull og grøne skogar*

Alle hermenn undan rømde  
då dei Goliat fekk sjå;  
for dei stokk av ovstor redsla.  
Ein av folket sagde då:

”Ser de han, den svære karen,  
som or fylkingi stig fram?  
Yver Israel han fører  
svivyrding og spott og skam.

Den som denne kjempa feller,  
kongen – Saul – gjev gode kår:

\* Føring = sending, tilsend gáva, t.d. av gjestebodskost.

heider, æra, rike skattar, –  
dotteri han attpå får.

Ikkje nok med det, men ætti  
vert for alle tyngsler fri.  
Skattar slepp dei måtta ut med,  
heile deira levetid.” –

David attmed stod og lydde,  
merka seg dei sagde ord.  
heilag harm i hugen hyste,  
heit og heftig, strid og stor:

”Kven er denne uomskorne  
fyren frå Filistarland?  
Gud – den levande – si fylking  
hæda, håna vågar han!

Kva fær den som feller honom,  
friar ut vårt eige land, –  
burt frå Israel tek skammi  
som han valdar, denne mann?”

Dei tok oppatt same ordi:  
”Gull og grøne skogar fær  
dei som feller einvigs-kjempa,  
denne risen, røsleg, svær.”

### *Frende er frende verst*

Frende tidt er verst mot frende;  
arg vart Davids eldste bror.  
Harmen koka heit i barmen  
då han høyrde desse ord.



”Seg, kva vil du her?” han ropa,  
utan skjemsla lagde til:

”No den vesle smaleflokken  
gjeng i øydemarki vill.

Vyrklausa er du, full av vondska,  
berre vil på slaget sjå.” –

”Seg, kva hev eg gjort? – eg berre  
spurde, ” sagde David då.

Ord hev vengjer, – snart det spurdest,  
det den unge hadde sagt.

Nådde det til sjølve kongen,  
Davids ord og djerve akt.

Saul då sende bod på honom. –  
David kom, og sagde så:

”Eg vil slåst med denne kjempa.  
Ingen modet mista må!”

---

Då svara Saul og sagde, –  
han såg kor ung han var:

”Du kan ’kje gå i striden  
mot slik ein kjempekar.

Ein unngut er du berre,  
frå fredelege kår,  
men Goliat ein stridsmann  
frå sine barneår.”

### *Gamle minne gjev godt mod*

Men David hugleg svara:  
”Eg tidt laut ta ein tørn, –

då eg for far min gjætte, –  
med løva og med bjørn.

Tok dei ein sau av flokken,  
eg fylgde etter kjapt,  
og reiv or udyr-gapet  
det dyret som var tapt.

Og kom det so imot meg  
på to, eg utan stogg  
tok strupetak på beistet  
og gav det banehogg.

Når no din tenar, konge,  
hev løva felt, og bjørn,  
då vil eg ogso våga  
med kjempa ta ein tørn.

Gud Herren som meg fria  
or bjørn- og løveklør,  
frå Goliat meg bergar, –  
eg difor ganga tør.

Han hev Guds fylking svivyrdt;  
det alltid hemnar seg.”  
”Gakk!” sagde Saul, ”og Herren,  
vår Gud, vil fylgja deg.”

### *Best å bera eigen bunad*

Ein røsleg kar var kongen,  
hans herbunad var tung. –  
No hengde han alt dette  
på David grann og ung.

Han gav han våpenkjolen;  
ein kopar-hjelm vart sett  
på hovudet, – og brynja,  
ho var 'kje heller lett.

Han kongesverdet spende  
kring våpenkjolen vid,  
og freista so å ganga  
i drakti stor og sid.

Men uvant var det hava  
so svær ein bunad på,  
og so han sa: ”Med dette  
eg kan umogleg gå!”

So la han av seg stasen, –  
han gjorde vel i det.  
Ja, – best seg sjølv å bera,  
i eigne klær seg kle!

### *Fem små bekkesteinar*

Istaden tok han staven  
og gjætar-skreppa si.  
So gjekk han ned til bekken,  
som rann nett der forbi.

Fem håle steinar David  
i bekkefaret fann.  
Dei lagde han i skreppa,  
og slyngja tok i hand.

Fem små bekke-steinar,  
ei slyngja og ein stav  
var heile Davids bunad, –  
ei stort å skryta av.

So gjeng den unge krigar  
i Eikedalen ned,  
han Goliat skal møta, –  
ei bøn til Gud han bed.

Dei på den andre sida  
seg undra då dei såg  
ein unggut koma mot dei,  
so raudleitt, ven og fjåg.

### *Dverg og jøtul*

Det var eit underleg syn å sjå:  
unge David mot Goliat gå, –  
ein dverg mot ein jøtul diger.  
Han gjeng so roleg og rett og rak;  
han veit at striden er Herrens sak, –  
han syta vil sjølv for siger.

Og kjempa ogso til dysten dreg, –  
sin skjold-svein hev han framføre seg.  
No David er nær han komen.  
”Du slette tid, kva *er det* for syn!  
Ei liti loppa, eit vesalt gryn!”  
Slik blés han åt stakkarsdomen.

Overmodig var han, den ville varg,  
og ropa yver til David, arg,  
med årone svall på panna:  
”Seg, meiner du at ein hund eg er  
avdi med stavar du mot meg fer?” –  
Han David ved Dagon\* banna.

\* Dagon - filistar-guden.

”Men berre kom, du, kom hit til meg!”  
han ropa hatig, og ilska seg,  
”so skal eg dit kjøt snart gjeva  
til fuglane som omkring oss sviv,  
dei ville dyr som i marki driv, –  
no skal du ’kje lenge leva!

### *I Herren Sebaots namn*

Verdig og vyrdeleg David då svara,  
modig og myndig han veik ikkje unda:  
”Du kjem imot meg med våpen og verja, –  
lang-spjot og kaste-spjot, sverdet ved sida.  
Eg kjem imot deg i namnet åt Herren,  
herskarars drott, som er Gud for dei alle  
Israels fylkingar, som du hev svivyrddt.

Herren i dag i mitt vald vil deg gjeva;  
eg skal deg fella, og halshogga sidan.  
Soleis eg gjer med soldatane dine:  
kroppane deira til mat skal eg gjeva  
himmelens fuglar og villdyr til mette.  
So skal all jordheimen endeleg skyna:  
Israel hev då ein Gud og ein Herre.

All denne mengdi som ser på i spaning,  
no skal dei merka, om før ei dei gjorde:  
Ikkje med sverd og med spjot Gud gjev siger.  
Striden er Herrens, – han gjer at de taper.”

### *Då var det stilt i Eikedalen*

Ordi hev tala,  
våpni fram skal halda;  
stundi den store,

no er ho komi.  
*Ein* lyt no falla,  
gå til dei døde,  
skal ikkje lenger  
soli få skoda,  
møta dei kjære,  
vakna til dagsens  
gleda og møde.

*Ein* att skal standa,  
heidrast og hyllast,  
vidare vandra  
vegen mot livet,  
lyset og leiken, –  
berga det dyre,  
eine og einaste.

Kven skal det verta?  
Trenng ein å spyrja?  
Kven kan seg standa  
i digraste dysten:  
Lamungen - løva?

Stilt var det då  
i dei Eikedals-lider,  
spaningi stor  
hjá dei skodande skarer.  
Sigerssviss stod han,  
fiende-heren.  
Hjarto hjå Israels-  
lyden for David  
banka i angst.  
Brennande bøner  
steig mot det høge.

## *Den store dyst*

Filistaren bur seg,  
dreg sverdet or slira,  
tek so sitt vevbom-spjot  
ned ifrå ryggen,  
vandrar den vesle  
David til møtes.  
Lett skal han verta,  
dagen sin døds-leik,  
mest som me tyner  
ei mus eller høna!  
Vel er det smått for  
so storfeld ein sværing;  
kjennest det svivyrdsleg,  
men – det må gjerast.

Medan den andre seg budde,  
svint som ei vindflaga David  
spring imot Goliat-kjempa.  
Handi han sting ned i skreppa;  
ein av dei hålaste steinar  
tek han og legg han i slyngja.  
So – før den digre fær sukka,  
samla dei slag-våpni svære,  
setja dei inn i eit åtak,  
hende det utenkte lynsnart.

Han svingar seg kvast,  
og slengjer so steinen  
i susande hast, –  
han søkk i filistarens panna.  
Dei høyrer ein smell, –  
til jordi han fell, –  
snart Goliat sluttar å anda.

David spring fram,  
triv filistarens sverd,  
og dreg det or slira,  
so svært som det er.  
Han svinga det,  
Goliat banehogg gav,  
og so han med sverdet  
hogg hovudet av.

— — —

Men då filistarane såg  
at kjempa deira drepen låg,  
ei fælska fall på kvar og ein;  
dei rømde yver stokk og stein.

Og Juda-heren etter drog,  
i juv og gjel og gjenom skog.  
Den dagen flaug dei hermenn fort,  
og fylgde alt til Ekrons port.

Og falne fiendar det låg  
so langt som augo rakk og såg, –  
til Sa'arajim, Ekron, Gat. –  
tilbake drog so heren att.

## *Utakk er verdsens løn*

Det gjekk ei glede-iling  
igjenom Israel.  
Men Saul var heller sturen, –  
han burde vore sæl.

Kan henda denne tanken  
igjenom hugen drog:  
*Eg* burde vore mannen  
som einvigs-kjempa vóg.

Då David gjekk mot kjempa,  
Saul lest som om han enn  
ei visste om den guten  
som av slikt strids-mod brenn.

So sagde han med Abner,  
som førde kongens her:  
"Kven er den guten son til?" –  
"Eg veit 'kje kven han er."

Då David kom attende  
og kjempa hadde felt,  
tok Abner honom med seg  
til kongen, Saul, sitt telt.

Der stod han, krigar-guten,  
heit etter dysten hard,  
og goliat sitt hovud  
han byrg i handi bar.

"Kven er du, David, son til?"  
Dei ordi einast kjem. –  
"Til Isai, din tenar,  
som bur i Betlehem."

Nei, ingen takke-tone  
frå konge-lippor kom.  
Men David fekk i folket  
eit varmt og varig rom.

## VENSKAP OG EKTESKAP

### *David og Jonatan*

Frå Goliat gå til Jonatan,  
det er frå eit ishav dra  
og ned til ein vermande golf-straum.  
Du kjenner deg gripen og glad.

Det er frå ein jungel koma  
til bjartaste bjørkelund,  
frå buring av bryske løvor  
til sylv-spel frå vårfugl-munn.

Det er ifrå tistel-teigar  
å vandra til blomevang,  
der kjærleikens liljor lyser  
i audmykt all dagen lang.

Det er frå demonar ganga,  
der myrkret i hjarta rår,  
til livsens og ljosesens rike,  
der Gud skapar Andens vår.

Den reinaste venskaps-rosa  
som raudna i svunni tid,  
rann opp i Jonatan kongs-son  
og David so tyd og blid.

Dei finaste venskaps-bandi  
som knytttest i farne år,  
ein kongsson og so ein gjætar  
batt saman i kjærleik klår.

Den varmaste venskaps-loge  
som lyste på denne jord,

han skein millom desse unge, –  
til livs-kvelden, – skir og stor.

Det byrja den gongen David  
kom heim frå si sigersferd  
og ope med kongen tala.  
Jonatan fekk honom kjær.

### *Han elska han som si eigi sjel*

Han elska David so inderleg,  
og kjærleiken *gjeva* måtte.  
Han gav seg sjølv til sin hjarteven,  
og so det beste han åtte.

Han våpen-kjolen og kappa gav,  
og sverdet, det gylne, gilde.  
Ja, jamvel bogen og beltet sitt  
til venen han gjeva ville.

Han gløynde David ein gjætar var,  
at sjølv han var konge-boren.  
Han elska han som si eigi sjel.  
So varm var den venskaps-våren.

Og David budde i heimen hans, –  
Saul sende han ei attende. –  
Han yver krigsheren sette han,  
i herferder honom sende.

Og lukka fylgde han kvar han før;  
so mang ein siger vart vunnen.  
Og folket tykte so vel om han, –  
kvar ein vart til honom bunden.

” – *Men David tynte ti tusund!* ”

Men fårleg er det når folket slik  
ein mann framom kongen hyller.  
Då renn i hugen so beisk ei rot,  
og ovundskap hjarta fyller.

Slik bar det til på den store dag  
då sistpå kjempa var vegen.  
Då båra gleda i Israel  
kvar sjel var so hjartans fegen.

Frå alle byar i deira land  
dei takksame kvinnor strøymde,  
langs vegen leika til trumme-slag, –  
og lovsong om landet fløynde.

Til låt av triangel fram dei drog,  
kong Saul dei no ville helsa,  
men alle kvinnone visste vel  
at *David* vann folket frelsa.

Og so dei leika, i lukka song:  
”Kong Saul tusund menner tynte;  
men David, han hev ti tusund tynt!” –  
Då harmen hjå kongen lynte.

Han ille lika dei sungne ord,  
og var ’kje so klok han tagde.  
”Ti tusund hev dei til David gitt,  
og tusund til meg,” han sagde.

”No berre kongskruna vantar han,” –  
slik lydde misunnings-songen. –  
Og Saul med skakk-auga jamleg såg  
på David ifrå den gongen.

## *Den vonde dagen*

Når vonde ånder i huset herjar,  
og ikkje himmelske ånder verjar,  
vert dagen sol-laust og skum og grå.  
Og stakkars dei som er inne då!

Slik dagen etterpå kongen rasa.  
Han skjende, smelte og slo og masa.  
Den dag var fredlaus og fæl og lang,  
og tenarane forskræmde sprang.

Som elles David den dagen spela, –  
det var 'kje fritt at han stundom fæla  
då han såg burt til den myrke mann  
som sat der skummel, med spjot i hand.

Han freista fåfengt dei harpe-strenger, –  
men fekk 'kje luft under sine venger.  
Kvar tone støyte imot ein mur, –  
ein konge usæl og strunk og stur.

Brått noko utenkt og uhøyrte hende:  
kong Saul sitt spjot imot David sende.  
Han tenkte renna det gjennom han,  
til det i veggen sitt feste fann.

Men David snøgt som ei pil seg skunda,  
og ifrå spjotet seg bøygde unda.  
Det hende *ein* gong, og enn ein gong  
at spjotet fåfengt imot han song.

Då fælna Saul, for han grannleg skyna:  
Gud fylgde David, og honom løna,  
men hadde rømt frå *hans* hjarterom.  
Demonar fylte den plassen tom.

Frå David difor han vekk seg vende,  
og ut på herferder honom sende.  
Han førde herfolket ut og heim.  
Gud lét det lukkast for han og deim.

Då hellet fylgde han heile vegen,  
vart kongen atter av redsla slegen.  
Men folket elska den gjæve gut  
som førde deim både heim og ut.

## *Giftarmål og revestreker*

Revestreker, fusk og fant  
hev det vore alle dagar.  
Når eit hjarta ei er sant,  
det dei falske fellor lagar,  
nyttar sløgd og lygn og list, –  
*sjølv* det narra vert til sist.

”Her er eldste dotter mi,  
*Merab*,” Saul til David sagde.  
”Ho skal verta kona di!” –  
Vonde råder lell han lagde:  
”*Eg* drep ei den unge mann;  
fell han for filistar-hand.”

So han tala falske ord  
til den guten open, ærleg,  
der dei sat ved same bord, –  
hørdest det so sant og kjærleg:  
”Gå du djerv i Herrens strid!  
Sidan fær du dotter mi.” –

Og han stridde mangt eit slag;  
sistpå kom den store stundi, –

dagen tenkt til bryllaupsdag, –  
men då tidi ut var runni,  
Adriel frå Mehola  
Merab fekk til ekte ta!

### *Mikal*

”Mister du ein, stend det tusund tilbake!”  
seier eit ordtøke gamalt og godt.  
Miste han Merab, so fanst det eit anna  
elskande hjarta i kongen sitt slott.

Det var *Mikal*, – ho i løynd hadde lenge  
huglagt den glade og godlynte gut.  
Då han so ikkje fekk Merab til kona,  
vakna det voner og sløktest ei sut.

Kongen fekk vita at David ho elska.  
Smilte då drotten, og lika det vel:  
”Visst ho ei snara for David skal verta.” –  
Kjende han godt hennar svikfulle sjel.

”Ho skal nok brasene greia, og lura,  
lirka det til so i fiendehand  
David skal koma, – og so eg omsider  
slepp denne hepne, ulidande mann.”

Smørblid og sleisk han til David so seier, –  
stod han for kongen frimodig og fjåg:  
”Dotter mi, Mikal, til kona eg gjev deg.  
So skal du likevel verta min måg.”

Sidan han sagde til mennene sine:  
Tala til David i løynd no, og seg:  
”Kongen held av deg, og alle deg likar,  
no til sin måg han vil gjerne ha *deg*.

Spaklynd og smålåten svara då David:  
”Eg er ein fattig og stakkarsleg kar.  
Det er for stort for meg kongs-måg å verta.” –  
So dette svaret til kongen dei bar.

### *Mist ikkje modet, unge mann!*

Atter gjekk det bod til David:  
”Mist ’kje modet, unge mann!  
Kongen krev til festar-gåva  
berre det du makta kan.  
No skal du ei herferd taka  
atter til Filistar-land!

Hundrad fiendar skal drepast, –  
prov på det du kongen gjev.  
Då han hemn til sist hev fenge, –  
ikkje meir av deg han krev.” –  
”Då filistarane drep han,”  
tenkte Saul, den sløge rev.

Då so David dette høyrde,  
vart han fegen, fugle-fjåg.  
Han, – den unge sauegjætar, –  
skulle verta kongens måg!  
Brått han sine hermenn mønstra,  
til Filistar-landet drog.

Var hin gong det harde tider, –  
hundrad mann, og meir enn det,  
drap dei der, og drog attende,  
prov til kongen hadde med.  
Då laut endeleg den drotten  
dotter si til David gje.



## *Var det kjærleik?*

So rann då den store dagen,  
so kom ho, den store stund.  
Soli, ho tirde i morgongryet,  
og fuglane kvad i lund.

No hadde den unge hyrding  
det storgjæve livsmål nått.  
Ei festarmøy hadde han funne,  
prinsessa i kongens slott.

So seier den gamle saga  
at David si festarmøy,  
ho elska den ven ho valde.  
Og lell laut den lukka døy.

Ein orm låg ved lukke-treet,  
ved roti han gnog og gnog.  
Og sistpå so vel han snøydde  
den ljósaste lukke-skog.

Ho elska – men elska David?  
Kva var vel for honom først?  
Var æra og konge-vyrðnad, –  
var kvinna sin kjærleik størst?

Ho elska, men var det *kjærleik*,  
usjølvisk og sterk og rein?  
So tidt heng det falske frukter  
på kjærleikens fagre grein.

Til sist må me ikkje gløyma:  
prinsessa var kjøpt med blod.  
Kva under at elskhugs-soli  
laut glada i feber-glod!

## *Uven for livet*

Og vonde ånder herja stødt og stadig  
den arme Saul ved natt og gry og kveld.  
So sveiv han kringom, usæl og elendig, –  
til myrke makter var for godt han seld.  
So stend det i den gamle boki skrive:  
han Davids uven vart for heile livet.

Men David sjølv i herferd stødt laut fare,  
hans sverd og spjot fekk sjeldan stå i ro.  
Han møtte mang ein mektig fiend-skare.  
Då lydde sverdsong, og då flaut det blod.  
Men alltid han med siger heimatt vende,  
og heile Israel hans namn no kjende.

## PÅ FLUKT

### FORFYLGD

#### *Troll i hugen*

Kven kan vel styra sitt eige sinn  
når arge ånder er slepte inn?  
Kven kan då døyva det hat, den harm  
som brenn og brakar i her-sett barm?

Han kan 'kje sleppa den tanken fæl:  
den unge David å slå i hel.  
Dei troll som herjar i hugen hans,  
dei mel og masar forutan stans.

So vert det kjærleikens gode strid,  
imedan månader myrke skrid,  
å finna utveg or ulveklo  
for hjartevenen ein elsker so.

#### *Byllen brest*

Kvar frukt og kvart frø imot mogningi gjeng.  
Til sist dei på haust-greini fullmogne heng.

Slik mognast òg svullen av vondskap kvart år,  
og sistpå han gulnar, det hol på han går.

”No David skal drepast!” sa kongen ein dag,  
då han med dei handgangne menn var i lag.

Jonatan det hørde, – i honom det sokk.  
Det svartna for augo, han skolv og han stokk.

Han gjekk til sin hjarte-ven, sagde han alt  
kva Saul hadde varsla og honom fortalt.

”I morgon, min ven, må du vara deg vel,  
for Israels konge vil slå deg i hel!

So finn deg eit løyndar-rom, der haldt deg still!  
Med far min eg sidan dit ut ganga vil.

Eg talar med honom derute om deg,  
og det som vert sagt, fær du høyra av meg.”

#### *Du far!*

Dei vandrar, dei to, på vollane ut,  
den nattmyrke kongen, den dag-ljose gut.

Kong Saul snur synet mot mold og jord.  
Jonatan mæler forsoningsord.

Og David ligg i sitt løyndar-rom.  
Hans hjarta liknar ein haust-skjelv-blom.

Han høyrer steg, og han høyrer ord.  
Det kongen er, og hans fosterbror.

”Du far!” – Jonatan si røyst er mjuk.  
Han veit at kongen er sjelesjuk.

”Mot David må du 'kje synda, far;  
mot kongen aldri han synda har!

Han hev deg gagna so tidt og godt,  
til bate vore i stort og smått.

Han våga livet, – du veit det vel, –  
då Goliat hædde Israel.

Gud gav ein siger vedunderleg.  
Du såg det sjølv, og du gledde deg.

Du må ’kje synda mot skuldlaust blod  
og grunnlaust drepa den guten god!”

Dei ordi vegen til hjarta fann.  
Det gode endå ein siger vann.

Ved Allhers Herre kong Saul då svor  
å spara sonen sin fosterbror.

Då sprang Jonatan so glad og fjåg  
til han som gøynd i sitt løynrom låg.

”Du, David, kongen hev lova meg:  
han heile livet vil skona deg!”

Han tok då honom til drotten med.  
So var det – fyrebels – frygd og fred.

### *Endå ein gong sat kong Saul i si hall*

Endå ein gong sat kong Saul i si hall, –  
hjarta var hemn-sjukt, og hugen hans kald.  
Spjotet han hadde i handi hin gong.  
David, han spela på harpa og song.

Endå ein gong vart eit nidingsverk øvt, –  
var det ’kje fyrste gong dette vart prøvt:

spjotet han sende so hardt og so brått, –  
skulle det jarn gjennom David ha gått.

Sveinen med harpa svint undan seg skaut,  
og den uvituge erga seg laut.  
Spjotet, det hamna i hard-veggen att.  
David, han rømde sin veg same natt.

### *Ein husgud under åklædet*

Han budde eit bel i sin eigen gard,  
men heller ’kje der var han trygg.  
Det fylgde honom ein skugge stygg  
kvart einaste fotefar.

Ein kveld kjem det nokre av kongens menn,  
seg lægrar om Davids heim.  
Kong Saul hadde gjeve det bod til deim:  
”Drep David når soli renn!”

Men kona det gådde før soli steig,  
og sagde til han ifrå:  
Om du ikke livet ditt bergar nå,  
so er du i morgon feig!”

So fira ho han gjennom glaset ned,  
i natti so skum og svart.  
Og David smatt undan so svint og snart,  
med takk og – trass alt – med fred.

---

Og so stend fortalt i den gamle bok  
at kona hans David ein husgud tok  
og honom i sengi la.

Og sløg som ho var, fekk ho sidan sett  
kring guden sitt hovud eit geitehårs-nett.  
Slik løynde ho honom bra.

Det grydde av dag då dei kongsmenn gjekk  
i heimen inn og den helsing fekk  
at David var vorten sjuk.

Og dei til kongen med dette fór.  
Då mælte han desse harde ord, –  
han var 'kje i hugen mjuk:

”Ber honom hit til meg i sengi,  
so me kan drepa han!”

---

Då folki igjen kjem i huset inn,  
ein husgud dei der borti sengi finn!  
Eit geitehårs-nett kringom hovudet låg.  
Dei slukøra vart då dei dette såg.

Saul spurde Mikal: Kvifor sveik du meg,  
lét uvenen min få røma sin veg? –  
”Han truga meg, David,” – so skrøna ho –  
”du hjelpe meg, elles eg drep deg no!” –

### *Elden brenn*

Men David, som var ifrå livet dømt,  
han hadde til Rama, til Samuel rømt.  
Om verdi var fårleg og livet var kaldt,  
der fann han ein ven, og fortalde han alt.

I venskap og truskap dei to var i lag.  
Og sidan til Nevajot strauk dei ein dag, –  
Men kongen fekk vita at David var der,  
so sende han hermenn med spjot og med sverd.

---

Då desse menn, med sverd og spjot,  
omsider kom til Nevajot,  
so underleg ei syn dei såg:  
Guds Ande sterkt og mektig låg  
på alle hans profetar der. –  
Dei i profetisk eldhug er. –  
Der Samuel, gudsmannen, stend,  
er førar for ein flokk som brenn.  
Og som dei hermenn stod og såg,  
dei kom i eldhugs-brand, dei òg.

Då kongen, Saul, det høyra fekk,  
han sende andre, og dei gjekk.  
Dei kom til Nevajot mot kveld,  
vart tende av den store eld.  
Det nye kom, – for tridje gong.  
Dei òg vart med i heilag song.

So var det ingi onnor råd:  
No fekk han sjølv til Rama gå!  
Han tok i veg ei morgonstund,  
til Seku kom, – der var ein brunn.  
Han stoggar, og spør folket der  
kvar Samuel og David er.  
”I Nevajot,” til svar han fekk.  
Og kongen til den staden gjekk.

Han var so olm og arg og ill,  
so myrk og morsk, so vond og vill.  
Han hadde ikkje ro og rist  
før han fekk David tynt til sist.

## *Er Saul òg millom profetane?*

Men før han Nevajot hev nått,  
med eitt han støkk, og stansar brått.  
Inn i eit kraftfelt hev han gått.  
Guds Ånd har slege ned i han  
og kveikt profetisk eldhugs-brand.  
Den eld gav glod og makt og mot, –  
slik gjekk han, alt til Nevajot.

Då der han Samuel fekk sjå,  
hans heite eldhug auka på.  
Med eitt han klædi av seg riv,  
og rundt ikring seg plaggi hiv.  
Forstøkt alt folket stod og såg  
han datt i koll, og naken låg  
den dagen, alt til soli seig, –  
ja, til ho neste morgon steig.

Og sidan det ordet på folketunga låg:  
”Er kongen vår, Saul, blant profetane òg?”

Atter ein gong hadde himmelen rørt  
ved kongen sitt hjarta, hans altar-eld nørt.  
Men slik som han sovna  
på bakken, slik dovna  
den Gud-tende elden.  
So myrkna det atter mot hausten, mot kvelden.  
Han svikta sin Herre;  
frå vondt og til verre  
gjekk vegen hans då.  
Til sist han den ovdjupe avgrunn fekk sjå. –

## *Eit steg millom meg og døden!*

Me David finn atter på farande fot.  
Han rømde frå Rama og Nevajot.  
So ublide kår livet framleides baud;  
han strauk til Jonatan, og klaga si naud:  
”Kva ustykke hev eg mot far din vel gjort  
at han vil meg føra til døden sin port?”

Jonatan vil trøyta sin nedbøyge bror.  
”Du aldri i verdi skal døy!” var hans ord.  
”Før far deg vil senda til døden sin port,  
han seier meg til, – so hev allstødt han gjort.  
Kvi skulle han vel løyna dette for meg?  
Og so vert det tid til ein utveg åt deg.”

”Ånei”, svara David, ”han veit altfor vel  
at du hev meg huglagt, – han ikkje fortel  
at han vil meg føra til døden si borg, –  
for elles Jonatan fær hjartedjup sorg.  
Nei, bror min, ved Herren eg vitnar for deg:  
Det er berre eit steg millom døden og meg!”

— — —

Då lova Jonatan sin hjarteven gild:  
”Eg gjera skal alt som du seier meg til!”

## *I morgon er nymånedag*

”I morgon,” sa David, ”er nymånedag;  
då skulle eg vera med kongen i lag,  
og sitja til bords der i stova.  
Men ikkje eg vågar til honom å gå.  
No gjeld det å finna meg utveg og råd,  
og so må ein ting du meg lova:

Om kongen meg saknar, du melde ifrå  
at David, han bad deg so tynt å få gå,  
i heimbyen folket sitt gjesta.  
Der samlast all ætti ein gong kvart eit år,  
og no han med deim opp til Betlehem går;  
for der skal dei ofra og festa.

Og seier so kongen til deg: ”Det er vel!”  
då veit eg han vil ikkje slå meg i hel,  
og fulltrygg din tenar kan vera.  
Men ser du han heitnar, vert hatig og harm  
og lyfter i trass og i trugsmål sin arm,  
då vil han det verste meg gjera.

Gjer vel då, Jonatan, mot tenaren din, –  
av di du meg elskar, – men om du so finn  
at eg i eit brotsverk er saka,  
so, kjære, gjer vel og tak livet mitt *du*,  
so slepp eg attende til kongsgarden snu,  
og døds-drykken beisk der får smaka!” –

Då lova Jonatan: ”Slik skal det ’kje gå!  
Vil kongen deg drepa, du varsel skal få,  
om det du heilt fullviss kan vera.” –  
”Men kven,” spurde David, ”skal varsla om det:  
om Saul svarar blidt, eller døds-songar kved?  
Seg, kven skal det bodet meg bera?”

### *Kjærleiken oftast ein utveg finn*

Kjærleiken oftast ein utveg finn,  
søker so trutt både ut og inn,  
strider so tappert for venen sin.

Bergast må blomen i nordanbris,  
bergast frå klake og snø og is,  
friast frå døden for kvar ein pris.

Kongen sitt hat glør som heitast glod, –  
David sin kjærleik er ljuv og god.  
Kongssonen stend millom eldar to.

Sa so Jonatan, den gilde gut, –  
hjarta hans var som eit hav av sut:  
”Kom, lat oss ganga på marki ut!”

Gjekk dei derute i hugverk stor.  
Atter han lova sin ven og bror  
bera til honom kong Saul sitt ord:

”Vita du fær om han vil deg vel,  
varsla du vert vil han slå deg i hel  
deg eg hev kjær som mi eigi sjel.

Sidan i fred kan du dra din veg, –  
Israels Gud, må han fylgja deg!  
So lyt du, David, ei gløyma meg!

Når du då kongs-kruna eingong ber,  
Israels rike til eige fær,  
minnast meg, – om eg i live er!

Når eg då blodhunden høyrer gøy,  
hugsa meg du, so eg ei tarv døy,  
bleikna som sumarens blom og høy!

Når du hev vunne den harde strid,  
Herren vil senda ei hemnar-tid,  
minnast i miskunn då ætti mi!

Naudbad Jonatan av all si makt. –  
Då dette ordet til sist var sagt,  
gjorde han atter med David pakt.

Han hadde honom so hjartans kjær,  
som inkje anna i denne verd.  
Den store kjærleik til offer driv.  
Han elska han som sitt eige liv.

Om denne kjærleiks-sol sistpå seig,  
ein æve morgon ho atter steig.  
Den trøysti hev me på heimsens øy:  
den store kjærleik kan aldri døy.

### *Når du er vekke, vil du verta sakna*

Jonatan dei ordi mælte:  
”I morgon er nymånedag.  
Då sit dei i hallen sessa  
hjá kongen i høgtidslag.

Og truleg vil Saul deg sakna  
når plassen din tom han fær sjå.  
Og difor i overmorgon  
du ut på marki må gå.

Du set deg ved Ezel-steinen,  
og der lyt du slå deg til tåls.  
So skyt eg tri piler framom,  
nett liksom eg skaut til måls.

Då veit du eg sender sveinen  
å finna dei pilane tri.  
Og ropar eg: ”hitanfor ligg dei!” –  
du kjenner deg trygg og fri.

Men om eg til guten mæler:  
”Sjå, pili ligg bortanfor deg!” –  
då skal det eit teikn for deg vera,  
då fljott må du fly din veg!”

So kom han, nymåne-dagen,  
og det var i hallen fest.  
Kongen sat i sin høgsete-sess,  
og Abner sat honom nest.  
Men tomt var romet til David.

Saul gat ’kje noko den dagen.  
”Det hev han vel eitkvart hendt.”  
Dagen etter det bar soleis til  
at sinnet hjå Saul vart tent.  
For tomt var romet til David.

Han sa til Jonatan, son sin,  
som sat der i måltids-lag:  
”Kvi sit ’kje David, Isai’s son,  
ved bordet heller i dag?  
Han også i går var borte.”

Då svara Jonatan far sin,  
so høvisk i ord og ferd:  
”David ville til Betlehem gå,  
for ætti held offerfest der.  
Og bror hans bad han å koma.

Han bad meg so vent og vakkert,  
han ville so gjerne gå,  
fara til fedreheimen sin  
og brørne sine få sjå.  
Sjå, difor han sit ’kje ved bordet.”

## *Blod-sinne*

Då brennande harm vart kongen,  
han svara Jonatan svint.  
Blodet brusa i kvar ei år,  
so ropa han stygt og sint:  
”Du son til ei tuktlaus kvinna!

Seg, var det ’kje det eg visste:  
du Isai’s son hev kjær,  
til skam for deg sjølv og mor di, –  
den kvinna so stridig er.”  
Dei ordi som svipor snerta.

”So lenge den karen lever, –  
han hev’e so sleisk ein munn, –  
stend du og ditt kongedøme  
på sviktande, utrygg grunn.  
Men no skal han lata livet!”

Då svara Jonatan får sin:  
”Kva hev vel den arming gjort  
at du vil i åri unge  
han føra til dødsens port?” –  
Saul kasta sitt spjot imot han. –

Då skyna han grant, Jonatan,  
av ofsen hjå ovsint far:  
David sitt liv er ’kje mykje verdt.  
So sorgfull og harm han var. –  
Han reiste seg brått frå bordet.

Han smaka ’kje mat, den dagen,  
og hugen var sorgmodsfull.  
So gjekk han der still, og sturde,  
for venens, for Davids skuld.  
For Saul hadde honom svivyrtdt.

## *Piler ber bod*

Det kvarv ei nott, og ein morgon rann,  
med sol yver Juda fjell.  
So bjart ho brann, yver land og strand,  
og halla mot hav ved kveld.

Jonatan gjekk, so som lova var,  
i otta på marki ut.  
Og pil og boge han med seg har,  
og attpå ein liten gut.

Han sa til sveinen: ”Når no eg skyt  
dei piler eg med meg hev,  
då svint du spring, – du deim finna lyt,  
attende til meg deim gjev!”

Den litle sveinen, so snøgt han sprang,  
og pili flaug framom han.  
Ho song og sjoga ein veg so lang,  
men sistpå sitt mål ho fann.

Og guten såg kor ho datt til jord,  
men då han so bøygde seg,  
Jonatan ropa til han dei ord:  
”Ligg pili ’kje bortanfor deg?”

Han ropa atter til sveinen sin:  
”Å, skunda deg, statt ’kje der!”  
Men guten pilene sistpå finn,  
og deim til Jonatan ber.

Og sveinen slett ingen ting forstod  
av dette som nyst vart sagt.  
Men David skyna Jonatans bod:  
No broti var kongens pakt.



Jonatan sagde til drengen sin:  
"Tak du desse våpen her!  
Ver gild og ber deim i byen inn!" –  
Og sveinen til byen fer. –

### *Farvel!*

Han stod der aleine, Jonatan,  
ei liti, tankefull stund.  
Det båra og braut i hjarta,  
det bivra om bleike munn.

Og der kom imot han David,  
som nyst attom steinen låg.  
So still og so stur var guten  
som før var so frank og fjåg.

Han la seg på kne, seg bøygde  
til jordi dei gonger tri,  
og so dei einannan kysste, –  
ein glededag var forbi.

So grét dei i lag, og David,  
han storgrét i sorg og harm.  
Det var som eit barn som hiksta  
og hulka ved moders barm.

Men skiljast dei laut omsider.  
"So gå i Guds fred! min skatt!"  
Jonatan til David mælte.  
Sjølv gjekk han til byen att. –

### *Ein flyktning fær heilagt brød*

David er på flyktning-ferd,  
og han dreg mot sud.  
Han til *Akimelek* gjeng,  
øvsteprest for Gud.

Budde han i byen Nob,  
nær Jerusalem.  
Presten støkk då han fær sjå  
David einsam kjem.

"Hev du noko mat hjå deg,  
so lat meg det få,  
fem små leivar, – kva som helst,  
for eg hungrar så."

"Eg hev berre heilagt brød,"  
*Akimelek* sa.  
So han henta skode-brødi.  
"Desse fær du ta!"

Dei for Herrens åsyn låg,  
men var nyleg bytt, –  
brødet vart kvar sabbats-dag  
skifta ut med nytt.

I Guds heilagdom den dag  
heldt det til ein mann.  
Hatig såg han David der.  
*Doeg* heitte han.

Øvste gjætaren åt Saul  
denne mannen var,  
ætta ifrå EDOM-land, –  
hatefull og hard.

## *Goliat-sverdet igjen*

So hadde den fredlause fenge seg mat,  
men var utan våpen og verja,  
på flukt for det heite og fælslege hat  
som ville han hogga og herja, –  
So spurde han då Akimelek:

”Du skulle ’kje hava eit spjot eller sverd,  
for våpenlaus måtte eg fara?  
Og tryggare er det, når herfrå eg fer,  
om eg kan meg verja og vara.”  
Då sa Akimelek til David:

”Jau, sverdet til Goliat, han som du slo,  
då Gud gav til Israel siger,  
det våpnet heng her i Guds heilagdom no, –  
den verja er veldig og diger.  
Og vil du det hava, so tak det!”

So finn Akimelek det Goliat-sverd, –  
då David å nyo fær sjå det,  
han minnest det grant, og so takksam han er  
at no i si naud han skal få det:  
”Det finst ikkje maken i verdi!”

## *Galen i Gat*

So vide den fredlause vankar,  
i otte han tidt dreg ande,  
og hjarta i angest bankar.  
So fór til Filistar-landet  
den utlæge\* unge David.

\* utlæg = fredlaus.

Der var det – imillom dei andre –  
ein kongsby som Gat dei kalla.  
Dit ser me ein fredlaus vandre  
då dagen tok til å halla.  
Og kongen i Gat var *Akis*.

— — —

So gjekk då David til kongens borg,  
og helsa den hovding hæve.  
Men tenarane, dei kjende att  
den Israels helt, den gjæve,  
som Goliat-kjempa tynte.

Og difor dei til kong Akis sa:  
”Er dette ’kje Israels-kongen,  
som folket hylla med høge rop,  
og æra med sigers-songen  
då fallen var Goliat-kjempa?”

Då kvad dei kvinnor i Israel,  
til trumme-låt og til fløyte-spel:  
”Vår fiend seg fylkte i Eike-dal,  
kong Saul deim felte i tusental,  
men David titusen-tal felte.”

— — —

Den fredlause fraus og fælte, –  
han òg desse ord fekk høyra;  
med same dei nådde hans øyra,  
skolv hjarta i angest og otte.  
Han reddast for Akis, kongen.

Og so han seg galen skapte, –  
for livet han berga måtte,  
den einaste arven han åtte.  
Då var det vel nifst honom skoda, –  
han rasa og augo rengde.

Han rita på alle vegger,  
og bykste bortetter golvet.  
Og hadde dei før ikkje skolve,  
dei *måtte* ved denne syni.  
Han raut, og i skjegget sikla.

Kong Akis tok då til orde, –  
det var ikkje fritt at han fælte, –  
til husfolket sitt so han mælte:  
”De ser vel at han er frå vitet;  
kvi kom de til meg med honom?”

Hev før eg ’kje nok av galne?  
Kvi skal denne her meg plåga?” –  
Og vreiden i honom loga. –  
”So hav honom ut av huset!” –  
Men David han berga livet.

## I ADULLAM

### *David i Adullam-hola*

So bar det ut i dei ytste audner,  
der ulvar ylte, sjakalar gøydde,  
til skugge-dalar der ingen andre  
enn fark og fredlause våga vandre.

Der fann han fram til dei djupe holer,  
der myrkret råder i år og aldrar,  
der bergmål svara, og dumpt det drunde  
når nokon mælte eit ord i myrkret. –

Adullam-hola hev rom til mange, –  
ho låg ’kje langt ifrå Davids heimstad.

Dit tydde han då han brått laut flykta  
frå byen Gat i Filistar-landet.

Men ei åleine han var i hola;  
dit kom hans brør ifrå barndomsheimen,  
og alle andre i denne ætti  
då jordi under deim byrja brenna.

Og attåt deim kom det mange andre  
som kvar og ein hadde svin på skogen.  
Her var ein skuldbunden, her ein misnøgd,  
og her ein naudstadd som trongt det hadde.

Dei alle flokka seg kringom David,  
og han vart hovding for denne fylking.  
Det sistpå vart innpå fire hundrad.  
Adullam-hola den hopen hyste.

Dit inn dei drog seg når natt seg nærma,  
og åt i stilla, med’ bålet blakra.  
Og so dei sov i det djupe myrkret,  
og atter vakna når dagen demra.

### *Far og mor vert send’ til Moab*

Tidt fjoromfotom\* dei ganga måtte, –  
det var ’kje alltid so høgt i hallen.  
Og vinters bel var det stridt og stusseleg.  
Og stundom vart det helst smått med føda.  
For gamle var her ’kje godt å vera.

Og David tenkte på sine kjære,  
på far og mor som til års var komne.

\* på fire.

Og difor drog han til Moab-landet,  
til byen Mispe, og sa til kongen:

”Høgvyrde hovding, mi bøn du høyre!  
Kan far og mor hit til deg få koma,  
og her få vera til eg fær skoda  
kor Herren Gud det for meg vil laga?”

So drog dei gamle til grannelandet,  
og David førde deim fram for kongen.  
Dei fint vart fagna, og der dei budde  
so lenge sonen heldt til i hola.

### *Kva er då eit menneske, Herre, min Gud!*

Salme 8

*Ei natt med stille stjernor,  
og månen skir i sud,  
stend David under kvelven, –  
han teken lovar Gud:*

Herre, vår Herre, kor herleg ditt namn  
er yver jord-heimen all, –  
du som den skinande prydnad hev breidd  
ut yver himmelens hall!

Av munnen på småborn og sogborn du hev,  
Gud Sebaot, grunnfest ei makt,  
so du dine motmänner målbinda kan,  
og kullkasta fiendar's akt.

Når månen og stjernone, Herre, eg ser,  
og himmelens veldige her, –  
du skapte det alt med di mektige hand,  
ei endelaus, underfull verd, –

kva er då eit menneske, Herre, min Gud, –  
du kjem han i hug like vel!

Og kva er eit menneskebarn at du ser  
til honom, og signar hans sjel!

Ja, du hev han gjort lite lægre enn Gud,  
og herlegdoms krana han gav,  
ein ære-krans gjæv kringom panna hans la, –  
ei lysande von yver grav.

Og yver dei verk dine hender hev gjort,  
til herre du honom hev sett.  
Ja, under hans føter du allting hev lagt,  
gav honom den rådande rett, –

yver sauer og uksar, ja, alle i hop,  
og jamvel dei villaste dyr,  
dei fiskar som ferdast på havet sin veg,  
kvar fugl som mot himmelen flyr.

Å Herre, vår Herre, kor herleg ditt namn  
er yver jordheimen all!

### *Det dreg opp til tore-vêr*

Det dreg opp til tore-vêr, –  
fort det myrknar millom fjelli.  
Svint so bryt det ut med bulder,  
brak og skralling bergimillom.  
tora rullar yver landet.

Brått det blenkjer i, so kvelven, –  
nattsvart, – bjartnar, atter myrknar,  
til det neste, nifse lynet.  
Sistpå skjer det millom skyer  
eldingar som glim og glimtar.

Dyri skjelv, og fuglar tagnar,  
alt som krypa kan og vengja,  
søkjer livd i løynde holer,  
sit mo stille der i myrkret.  
Alle vegane vert aude;  
ingen mann vil ute vera, –  
kjem seg inn i skjol og stover.  
Alle sit med knepte hender.

David i Adullam-hola  
høyrrer kva som er på ferde.  
Berget skjelv når tora skrallar;  
inne i dei djupe hallar  
mulm og myrker kverv kvar gongen  
lynet lyser inn i hola.

Sjølv dei barske, kalde karar, –  
Davids sterke, djerve stridsmenn,  
som so mang ein dyst hev våga, –  
stille sit dei der i berget,  
medan tore-veret buldrar,  
kjenner seg so stakkarslege.  
Kva er dei mot desse krefter!

David sjølv, han stend i undring.  
Age, otte hugen fyller.  
Det er Herrens røyst han høyrrer:  
Kol Jahve om landet Ijodar.

---

Og då det so atter stilnar,  
bjartnar millom Juda-bergi,  
tek han atter fram si lyra:

## *Kól Jahve - Herrens røyst*

Salme 29

Herrens røyst yver havet Ijodar,  
Gud den herlege er det som torar,  
Herren yver dei store vatni.

Herrens røyst, ho med velde Ijodar,  
om Guds herlegdom høgt ho vitnar,  
no ho inn ifrå havet rullar.  
Herrens røyst bryt sund seder-trei,  
kløyver kjempor på Libanon.  
Herrens røyst fær dei til å hoppa,  
Hermon, Sirjon som unge uksar.

Herrens røyst slengjer kløyvde logar,  
Herrens røyst, ho fær øydemarki,  
Kades-audni, til sterkt å skjelva.  
Herrens røyst gjer at unge hindar  
brått sig saman i føde-rider.  
Herrens røyst snøyder svære skogar.

Herrens røyst, imot aust ho rullar,  
døyr langt ute i øydemarki.  
Stilt det vert når Den store talar,  
i hans tempel, i høge hallar,  
seier allting og alle: ”Æra!”

---

Han som torer, so alt må tagna,  
sat på truna i storflods-tidi.  
Og når soga so langt er lidi  
at det sistpå for godt hev dagna  
– fort det fram mot den stundi skrid –  
sit han som konge til æveleg tid.

## *Profeten gjestar Adullam-hola*

Det var `kje Guds tanke  
at David i hola  
seg stødt skulle halda.  
Og difor ein dag  
ved profeten sin, *Gad*,  
han på flyktingen kalla:

”No skal du `kje lenger  
her nede i fjellborgi vera.  
Du fredlause fugl, statt no opp,  
førebu deg til ferda!  
Di tid her i hola Adullam  
ei lenger lyt vara;  
drag burt, no du heimatt  
til Judaland fortast skal fara!”

Profeten tok kjeppen,  
fôr burt etter fullenda ærend.  
Og David stod einsam  
ved hola og såg etter honom.

So var han `kje gløymd, –  
nei, han var ikkje gløymd av den Høgste.  
Han var ikkje einsam i verdi,  
blant ylande ulvar.  
No visste han vel:  
Det var ein som på armingen tenkte,  
som kom han i hug  
i uendeleg miskunn og kjærleik.  
*Han* visste nok utveg  
or einsemd og ytterste fåre. –  
So draup det frå kinni  
i takksemd ei titrande tåre.  
---

So tok han ut, mot nord han drog,  
til Judaland, til Haret-skog.

## *Det tonar ut yver øydemarki*

Salme 57

Men før han fôr, det ein morgon hende:  
han sat med harpa ved heller-døri.  
Og kringom han stod i togn og lydde  
den hardhaus-hopen på fire hundrad.

Det tonar ut yver øyde-marki, –  
sjakalar lyder i løynde holer.  
Ein krigar lovar sin høge Herre, –  
sin gråt, si gleda, sin siger tolkar:

---

”Av hjartans djup eg ropar:  
Min Gud, meg nådig ver!  
Som fugl i fjellet flyg mi sjel  
til deg – so redd ho er.

I dine vengjers skugge  
eg leitar livd og lyd.  
Til ulukka gjeng yver, vil  
til deg, min Gud, eg ty.

Eg ropar til den Høgste,  
til Gud, som – stor og sterk –  
for meg fullføra vil ein dag  
sitt fagre frelse-verk.

Han sender frå det høge  
si hjelp, og bergar meg  
når alle som meg gløypa vil,  
med spott imot meg dreg.

Mi sjel er millom løvor,  
og millom deim eg bur  
som sprutar eld, – til tenner hev  
dei spjot som mot meg snur.

Frå munnen deira piler  
so fljott imot meg fer;  
til tunga hev dei, ein og kvar,  
so kvast eit tvi-egd sverd.

Eit garn dei set for foten, –  
no nedbøygde er mi sjel.  
Dei grev ei grav for meg i løynd, –  
og sjølve nedi fell.

Gud, syn deg høg og heilag,  
og gjer di æra kjend!  
Din truskap og di miskunn rik  
ifrå din himmel send!

Mitt hjarta, Gud, er roleg,  
mi sjel er roleg no.  
Eg syngja vil, og lova deg, –  
du – einast du – er god.

### *Eg vil vekkja morgonroden!*

So vakna då, mi æra,  
mi harpa, min cithar!  
Eg morgonroden vekkja vil.  
Ja, vakna – og ver snar!

Eg millom folkeslagi, –  
kvart folkeferd på jord, –  
lovsyngja vil ditt høge namn;  
for einast du er stor.

Til himmelen di miskunn når, –  
til høge skyers lag  
din truskap rekk, og herleg er  
ditt veldes store dag. – ”

So stilna dette harpe-spel  
i døkk Adullam-dal.  
I løynde holer lydte vel  
sjølv hare og sjakal.

So tagna dette tone-vell,  
dei sterke lovsongs-ord.  
Men sidan frå Adullam-fjell  
dei gjekk utyver jord.

## BLOD-DÅDEN I GIBEA

### *I hine harde tider*

I hine harde tider  
då gjekk so heitt det til.  
Når hugen er forherda,  
då vert han vond og vill.

So hende mang ein udåd,  
som fyller oss med gys.  
Me undrast – og me fæler,  
me kulsar, og me frys.

Når menneski vert ulvar,  
som flekkjer, flengjer, riv,  
då veg i vekti lite  
det eine, dyre liv, –

\*

Saul sit på haugen i Gibeaa,  
han spjotet i handi si held.  
Rundt ikring han stend herfoket hans, –  
og dagen skrid imot kveld.

Sit han der under eit kjempe-tre,  
ein velvaksen, ven tamarisk.  
Høgt i krunga det susar stilt  
av kveldsvinden sval og frisk.

Kongen, han er 'kje i godlag no, –  
nei, blodet hans brusar og brenn.  
For dei hev bore til han eit bod  
om David og alle hans menn.

So tek han til ords, medan redsla fell  
på alle som kringom han stend.  
I otte dei anar kva no det gjeld. –  
"Å høyr meg, de Benjamins menn!

Seg, tenkjer de Isai-sonen vil no  
dykk åkrar og vinhagar gi,  
og at so hjå honom de alle som ein  
skal gjævaste hovdingar bli?

Det lyt eg vel tru sidan kvar av dykk hev  
seg svore i hop imot meg,  
og ingen meg varsla då Isai's son  
og sonen min sameina seg.

Og ingen av dykk tykkjer vondt om meg meir,  
og ingen fortel meg eit grand, –  
at son min hev eggja min tenar mot meg.  
No David forfylgjer meg, han."

### *"Far fluksens til Nob!"*

Då var det at Doeg, frå Edom, steig fram, –  
av hirden den øvste han var.  
Han hølte\* for kongen, var fårleg og falsk,  
og hugen var hatig og hard.

No tok han til ords: "Vyrde konge," han sa,  
"då eg var i Nob på ei ferd, –  
den byen der no Akimelek er prest, –  
då såg eg at David var der.

Og meiner du ikkje at Akitub's son\*\*  
lét David få Goliats sverd!  
Og attåt han gav honom heilage brød  
til mat på hans flyktninge-ferd!"

Det var som ein elding i kongen slo ned;  
det var som ein orm honom beit.  
Og blodet hans brusa i ofse og eld, –  
so sagde han, hatig og heit:

"Far fluksens til Nob,  
Akimelek tak hit,  
og ætti hans all!" –  
Han av sinne var kvit.

### *Ein prest tek ut på den tunge ferd*

Akimelek tok ut på den tunge ferd,  
og prestane alle slo lag.  
So møtte dei saman for kongen fram, –  
ein fårefull lagnads-dag.

\* smigra.    \*\* Presten Akimelek var son til Akitub.



”Høyr her, Akitubsson,” sa kongen kvast.  
Han svare: ”Ja, her er eg.” –  
”Seg, kvifor hev David og du,” – sa Saul,  
”dykk svore i hop mot meg?”

Kvi gav du han då både mat og sverd  
og spurde din Gud for han,  
so han skulle setja seg opp mot meg,  
den fårlege fiendsmann?”

Då sagde til Saul Akimelek so –  
i åsyni undring låg – :  
”Kven er vel meir veltrudd av kongens menn  
enn David, din eigen måg?”

Du samrår deg med han, – han høgvyrd er  
i huset ditt, vyrde drott.  
Og dette var ikkje den fyrste gong  
til Gud eg for han hev gått.

Og aldri kunne eg koma på  
mot Israels konge stri.  
Kong Saul må ikkje til slikt meg tru,  
og ingen i ætti mi!

Om dette du nemner, eg hev ’kje høyr  
og visst sjølv det minste grand.” –  
Men kongens blodsinn kolna ei,  
og difor so svara han:

”Du lyt lata livet,  
Akimelek, no!  
Du og heile ætti di  
liggja skal i blod!”

So sa han til sine hirdmenn,  
som stod kring hans hovding-stav:  
”Gakk fram og drep Herrens prestar!  
for David si hjelp dei gav.

Dei visste han var på røming,  
men varsla meg ikkje lell.” –  
Men dei som til hirden høyrer,  
dei handi attende held.

Då døds-stilt det var i hallen,  
ei ofseleg uhygge-stund.  
Dei venta på neste lyn-blenk.  
So opna kongen sin munn:

”Gakk fram, du Doeg frå Edom,  
og Herrens prestar hogg ned!” –  
Då fæler kvar hug i hallen,  
i angst til Gud dei bed.

### *Med drege sverd*

Og Doeg stig fram, dreg sverdet  
det lyfter til dødsens slag.  
Og åtti og fem Guds prestar  
han myrda på denne dag.

So drog han til prestebyen,  
til Nob, på kong Saul sitt bod.  
Der drap han dei små og store,  
og herja med brand og blod.

Sjølv søgborn han ikkje skåna,  
der full han av hat før fram.  
Han uksar og asen tynte,  
og drap både kje og lam.

Då uveret sistpå enda  
og soli seig ned i blod,  
det var berre ein i byen  
som berga frå elden stod.

Den mannen *Abjatar* heitte, –  
hans far Akimelek var. –  
Han rømde, og var so heppen  
å sleppa den lagnad hard.

Han fór yver haug og hamar,  
og sistpå han David fann.  
Han høvisk på honom helsa,  
og sidan han fylgde han.

Abjatar til David melde  
om alle som livet lét.  
Han høyrde, han fraus, han fælte, –  
han grudde, og hjarta grét.

”Abjatar,” han sa, ”den gongen  
eg gjesta i Nob din far,  
eg visste alt då at Doeg  
frå Edom der også var.

Eg visste han ville fara  
og bera til kongen bod.  
Han hemna seg hardt, – eg, David,  
er skuldig i deira blod.

No skal du hjå meg få vera, –  
du trygg kan deg kjenna her.  
Og so vil me saman strida, –  
vår fiend den same er.”

No tri tusen år er farne  
frå David dei ordi sa;  
men enno med gru oss fyller  
den udåd i Gibeá. –

### *Dristig herferd*

Folk bar det bod til David:  
”No hev filistar-heren  
kringsett byen Ke’ila,  
og dei lik ravnar ranar  
kornet på treskjevollen.”

Då spurde David Herren:  
”Skal eg i herferd fara,  
og denne fiend tyna?” –  
Fekk han av Herren høyra:  
”Ja, du skal åtak gjera,  
og fria ut Ke’ila!”

Folket hans David var ’kje  
huga på denne dysten.  
So dei til honom sagde:  
”No me i Juda-landet  
kringom i otte vankar, –  
so skal me attpå fara  
ut mot filistar-flokken,  
og fria ut Ke’ila!”

Då spurde David Herren  
endå eingong, – fekk svaret:  
”Far du med dine herfolk  
ned til Ke’ila-byen!  
Eg i ditt vald vil gjeva  
heile filistar-heren.”

David med sine menner  
drog då på dristig herferd,  
stridde mot fiend-flokken.  
Stort vart då mannefallet  
millom filistar-folket.  
Feet dei hadde fange,  
fritt han attende førde.  
Soleis han berga alle  
som i Ke'ila budde.

### *Den gongen ei*

Då Saul so fekk spurt at David  
var ned til Ke'ila komen,  
han sagde: "Gud kjennest ikkje  
ved honom, og difor hev han  
i hendene mine gjeve  
til hemn og til dom min motmann, –  
no sidan han sjølv hev stengt seg  
i byen Ke'ila inne, –  
ein by som hev venge-portar  
med slåer av jarn framfyre.  
Der fint skal eg honom fanga."

So mønstra han alt sitt herfolk  
til fylking, og ville fara  
med deim til Ke'ila-byen  
og der ringa David inne  
og alle han våpen-sveinar.

Då David om dette hørde,  
og skyna det var mot honom  
at kongen på vondt no emna,  
då gjekk han i bøn til Herren,  
i lag med Abjatar, presten.

"Gud, Israels Gud," han sagde,  
"eg, tenaren din, hev fenge  
det gjetordet høyrte at kongen  
seg ned til Ke'ila etlar,  
for mi skuld vil byen øyda.

Vil då dei som bur i byen,  
i hendene hans meg gjeva?  
Lat tenaren din få vita  
om kongen hit ned vil fara." –  
"Han kjem hit," Gud Herren svara.

Då David tok ut frå byen,  
og seks hundrad mann han fylgde.  
Dei flakka omkring i audni.  
Men Saul fekk om dette høyra,  
og drog ikkje ned til Ke'ila.

### *Hjå deg er livsens kjelda*

Salm 36, 6-10

*I øydemark, på flukt, forfylgd,  
gjeng Davids hug og tankar  
til han som livsens kjelda er.  
I frygd hans hjarta bankar.*

Å Herre, di miskunn til himmelen når,  
din truskap til stjernor og skyer,  
Di rettferd som fjelli mot høgheimen går, –  
din nåde seg stendig fornyer.

Og domane dine som havdjupet er, –  
å skyna deim *du* maktar berre.  
Og dyri og mannsborni, Gud, hev du kjær.  
I miskunn du bergar deim, Herre.

Din kjærleik er betre enn livet, enn alt, –  
kven maktar vel honom å rugge?  
Der hjarta seg vermer i vinddraget kaldt,  
der finn det ein svalande skugge.

Og mette til fullnads me vert ved ditt bord;  
di glede-elv fritt mot oss fløymer.  
Ja, Herre, din fagnad er havdjup og stor,  
og fullt han kring sjeli vår strøymer.

For livet si kjelda, vår Gud, er hjå deg, –  
med milde du evig skal råda.  
Som Far du oss fører på frelsa sin veg,  
og ljøs i ditt ljøs fær me skoda.

## ATTER I ØYDEMARKI

### *Den dagen kom det so kjær ein gjest*

So laut han atter i audni ut,  
i øydemarki som Sif dei kalla.  
I dökke fjellborger budde han, –  
og der sitt hovud til kvild han halla.

Men kongen søkte han jamt og samt, –  
til nye hellerar laut han fara.  
So fekk han røynd frå dag til dag  
at Herren, Israels Gud, han vara.

Ein dag då David i Hores var,  
i øydemarki, so grant han skyna  
at kongen, Saul, hadde fare ut,  
og skulle endeleg honom tyna.

Den dagen kom det so kjær ein gjest:  
Jonatan, venen, – han kjende røynda. –  
Han styrkte David sitt mod i Gud,  
og som ein far han den dømde trøynda.

Han sa til honom: ”Ver hugheil, du!  
for kongens hand skal deg ikkje snerta.  
Og du vert konge i Israel, –  
nest etter deg eg i rang skal verta.”

Den same dagen dei vener to  
si brors- og venskaps-pakt oppattnydde.  
I Hores David vart verande, –  
Jonatan heimatt i bråhast flydde.

## *Sviken*

Nye fårar truga David;  
trulaust folk med sleiske tungor  
fór frå Sif til Saul og sagde:  
”David, han hjå oss seg løyner,  
held no til i heller-holer  
heime på Kakila-høgdi, –  
ho ligg sør for øydemarki.

Tekkjest det deg no å draga  
ned til oss, so gjer det, konge!  
Då det vert vår sak å gjeva  
honom i di hand, vår hovding.” –

---

Saul då sagde: ”Ver velsigna  
av den Høgste, at de synest  
synd i meg, og vil meg hjelpa!

Far no heimatt, vyrde menn,  
og få endå meir å vita!  
De lyt fretta vel, og finna  
kvar den fule fanten ferdast.  
De må merka dykk den mannen  
som dykk melder: Eg hev sett han!

De lyt greida få på alle  
løynde holer der han held seg.  
So de kjem til meg attende  
når de vissa hev'e fenge;  
då eg ned med dykk vil draga.  
Er det so han finst i landet,  
skal eg vita opp han leita,  
sjølv om eg lyt honom søkja  
millom alle Juda-ætter." –

Svikarane fór so heimatt,  
fyre Saul, til øydemarki.  
Då var David og hans menn  
på ei heid i Maon-audni, –  
ho låg sør for svikar-folket.

### *Berga*

Då so Saul med sine hermenn  
drog på leiting etter David,  
denne hørde gjete dette.  
So han strauk sin veg, seg gøymde  
på ein hamar der i Maon.  
Men kong Saul fekk dette frette,  
brått han etter David sette.

Der, på kvar si sida fjellet,  
drog dei fram, kong Saul og David.  
Best som denne gjekk i angest,

ville sleppa burt frå kongen, –  
nett som Saul med sine hermenn  
freista ringa inn og fanga  
David og hans karar, kom det  
bod til Saul: "Du må deg skunda!  
Kom, ver snar! filistar-heren  
inn i landet vårt hev falle."

So laut Saul frå Maon fara,  
slutta med å jaga David.  
Mot filistarane drog han. –  
Frå den dagen hev dei kalla  
staden Sela-Hammahlekot, –  
det er utlagt Bergings-knausen.

### *Ved geite-kjelda*

Havet mot morgonen – havet det daude.  
Kringom ligg strendene, ofseleg aude.  
Døden med lakan-kvit, knokkelhard hand  
sløkte alt liv på den saltlake-strand.

Berre der bekkene veg hev seg grave  
ned gjennom dalane, ned imot havet,  
der du det lysande livet kan sjå,  
klokkone klåre og blomane blå.

Austom dei fælslege Juda-ørk-fjella,  
like ved Salthavet, ligg det ei kjelda,  
porlande, klår, – ifrå urgamal tid  
kjelda hev bore det namn En-Gedi.\*

\* En-Gedi = Geite-kjelda. Ho ligg om lag midt på vestsida av Daudehavet.

Dit drog då David, – i fjellborger kalde  
laut han seg halda, og mennene alle.  
Her – millom havet og fjelli i vest –  
budde den flakkande, fredlause gjest.

---

Kongen kom heim frå filistarlands-ferdi;  
fekk dei 'kje tid til å rusta, dei sverdi;  
for han fekk høyra kvar David heldt til.  
Då vart han hatig og vondsken og vill.

Tvo tusund mann han or Israel valde;  
då dei var mønstra og væpna og talde,  
var det ei fylking so fager og traust, –  
drog dei mot En-Gedi-audni, mot aust.

### *Ein flik av kongens kappa*

No er dei komne til Steinbukk-berga,  
til sauegardane attmed vegen.  
Der er ein heller, so djup ei hola;  
dit inn gjekk Saul i sitt eige ærend.

Men ei han visste at inst i hola,  
der var det hjarto som skolv i spaning,  
som på ein fugl i den ytste fåre:  
Der David sat og hans morske menner.

Dei sat i nattesvart heller-skugge,  
men lyset leika der hola byrja,  
og difor såg dei so grant då kongen,  
so rak og røsleg, steig inn i berget.

Til David kviskra hans trugne karar:  
"No er han komen til sist, den dagen

som Gud deg varsla den gong han sagde:  
"I dine hender eg Saul vil gjeva."

Då reis han opp, bort til Saul seg stiltra,  
drog sverdet sitt, og i løyndom skar han  
ein snipp av sjølvaste kongekappa. –  
Men med det same hans samvit slo han.

Og difor sa han til sine sveinar:  
"Gud Herren fri meg frå slikt å gjera,  
og handi mi på min herre leggja;  
han er då den som min Gud hev salva!"

Han sidan strengt sine karar truga,  
og meinka deim yver Saul å falla. –  
So såg dei kongen gå ut or hola,  
med sine menn skulle lenger fara.

Då også David reis opp og skunda  
seg ut or helleren, ut i dagen.  
Der høgt han ropa: "Å, herre konge!" –  
Då stansa Saul, og attende skygna.

### *Kvi vil du høyra på dette drøset?*

Og David kasta seg brått å gruve,  
og bøygde andletet ned mot bakken.  
Til Saul han ropa, og kongen lydde.  
Kva ville no vel hans uven mæla?

Det var i undring han hørde ordi  
frå fredlaus mann som han stødt forfylgde:  
"Kvi vil du høyra på dette drøset  
at David lurar på ilt imot deg?"

Med eigne augo du sjølv hev sett det  
i dag at David ditt liv hev spara,  
trass i at Herren deg hadde gjeve  
i mine hender der inni hola.

Det var på tale deg der å drepa;  
men eg deg sparde med di eg tenkte:  
”Eg vil ’kje hand på min herre leggja;  
for han er det som Gud Herren salva.”

Sjå sjølv, min far, ja, sjå her i handi  
eg no held fliken av kongens kapp!  
Når eg skar av denne kappe-snippen,  
og sparde livet ditt, – kva var grunnen?

Jau, du må skyna og sjå at ikkje  
hev eg eit brotsverk mot deg i sinne,  
og at eg ei hev gjort synd imot deg,  
du som meg søkjer, mitt liv vil taka.

So skal då Gud døma oss imillom,  
og han skal hemna meg på deg, konge;  
men *mi* hand skal ikkje mot deg lyftast, –  
eg vil ’kje drepa den Gud hev vigsla.

Her gjeld i sanning det gamle ordtak:  
”Det er frå vonde at vondskap strøymer.” –  
Kven er det Israels drott drog ut mot?  
Ein dåen hund! Og ei einsleg loppa!

Men Herren Gud, han skal domar vera,  
og oss imillom han sjølv vil døma.  
Han skal sjå til, han mi sak vil føra,  
og ut meg fria or dine hender.”

## *Barnet braut fram*

Villskap og vondskap,  
argskap og ilska  
hardt hadde herja  
i den arme hugen.  
No det seg synte:  
barnet var ’kje burte!  
Endå det anda,  
hikstegrét og hulka.

David sitt storsinn  
sigra yver trollet,  
lokka dei beste  
blomar til å bresta.  
Solskinet tina  
tung og ovdjup tele.  
Endå ein gong laut  
vonde vargar røma.

Difor, då David  
hadde tømt sitt hjarta,  
ropa til honom  
kongen, Saul, og sagde:  
”Er dette røysti  
di, du David, son min?” –  
Sidan den sterke  
morske mannen storgrét.

Atter tok Saul  
til ords og sa til David:  
”Retten er din, min son,  
og eg hev urett.  
Du hev gjort godt mot meg,  
men eg hev einast  
vond mot deg vore.

Nett no i dag  
du hev meg synt kor edel  
du mot meg er,  
med di du ikkje drap meg,  
endå Gud Herren  
no i dine hender  
hadde meg gjeve.

Når nokon råkar  
ein som er hans uven,  
plar ein då lata  
han i fred få fara?  
Herren deg løne  
rikkleg for det gode  
du no meg synt!

Sjå, no eg skynar  
du skal konge verta;  
fast i di hand  
skal fyrstedømet vera.  
Men no ved Herren  
du ein eid må gjera, –  
det du meg love!

Når eg er dåen,  
må du ikkje øyda  
ætti mi ut,  
og namnet mitt ei stryka  
ut or mi farsætt!”

— — —

Den eiden gjorde David,  
med trygge, trugne ord.  
Og kongen, Saul, tok velfar.  
So strauk han imot nord.

Men David og alle hans karar,  
dei drog opp i fjellborgi att.  
Det kvelda, men lenge det drygde  
før flyktningen sovna den natt. –

## *Himlane fortel Guds æra*

Salme 19

*Ein kveld stend han utanfor hola, –  
ser stjernor som brår og brenn.  
Då stillest hans harpa til heilag kvad, –  
ein lovsong som lyder enn:*

Himlane, dei høge, klåre, –  
denne blåe, blanke kvelv,  
der dei tusund millionar  
stille stjernor skin og skjelv, –  
Herrens æra, den åleine,  
desse bjarte bod fortel,  
vitnar at hans hender er det  
som hev gjort det verk so vel.

Eine dagen let sin tale  
strøyma til den andre ut.  
Og ei natt den andre melder, –  
medan stjernor skin på nut, –  
denne dyre, sæle kunnskap:  
det er Gud som alt hev gjort, –  
hav og høg fjell, himmelkvelven,  
verdensromet vidt og stort.

I all verdi finst det ikkje  
slikt eit veldig lovsongs-kor;  
endå er det ingen tale,  
ikkje hørest det eit ord.



Himlane si røyst me ikkje  
nokonsinde høyra kan.  
Mælesnori deira endå  
når til alle heimsens land.\*

### *Skirare enn sylv*

Til soli eit skinande tjeld hev han laga, –  
den blånande himmelen, høg-kvelvd og breid. –  
Ho er lik ein brudgom som gjeng frå sin kove,  
som ei kjempa seg gled til å renna sitt skeid.

Frå enden av himmelen er hennar utgang,  
mot kvelden og natti ho hi sida når.  
Og alle fær kjenna dei signande strålar,  
til laupet er enda, – i havet ho går.

Men Herren si lov er det fullkomne vitne,  
ho kveikjer mi sjel, gjer den einfalde vis.  
Ja, trufast og rett er ditt vitnemål, Herre, –  
det hjarta vårt gled; difor kved me din pris.

Ditt bodord er reint, lyser opp våre auge,  
og rein er din age,\*\* stend æv'leg ved lag.  
Guds lover er sanning, rettferdige alle,  
meir skire enn sylv av det edlaste slag.

Meir verdfulle er dei enn gullet som glimar,  
ja, fint gull i mengd, som er skirsla i eld.  
Og søtare er dei enn honning i kupa,  
ja, honning som ut ifrå vokskakor vell.

\* Forkynningi deira rekk ut yver all jordi.

\*\* Guds lov, som lærer menneski otte og age for han.

Din tenar vert ogso ved ordet ditt påmint,  
og løni for den som det aktar, er stor.  
Lykti for foten og ljoset på stigen  
er, allhers Herre, ditt evige ord.

---

Herre, kven merkar kor tidt han fer vilt,  
augo ved fåfengdi fester?  
Minnast i miskunn din tenar, – forlat  
meg mine løynlege brester!

Vara for skamlege synder meg du, –  
lat deim 'kje yver meg råde!  
So utan skuld for misgjerning eg vert.  
Herre, sjå til meg i nåde!

### *Samuel døyr*

So stilna det store hjarta, –  
det slo ikkje fleire slag.  
So brast desse bjarte augo, –  
ein underleg alvorsdag.

Eit folk hadde mist sin førar,  
ein hovding av store mål.  
Det fanst 'kje ein flekk, ei ripa  
på skjolden sitt blanke stål.

Slik var han – ei Herrens gáva,  
ei stjerna so skir og stor.  
Ho slokna – men enno signar  
eit strålevell varmt vår jord.

Det spurdest i alle bygder  
at Samuel slokna var.  
Og Israels ætter merka:  
No hadde dei mist ein far.

Og so dei til Rama stemnde,  
for Samuels heim var der.  
Der græt dei, og so sin førar  
med sorgmod til gravi ber.

Men David var framleis fredlaus, –  
laut ferdast i fjell og skog.  
Då Samuel so var gravlagd,  
til Paran-audni han drog.

## DRAMA PÅ GILBOA BERG

DÅ LUKKESOLI RANN

### *Rikingen*

Det budde i Maon so rik ein mann.  
Ja, *Nabal* var rik som få.  
For tri tusund sauer, det åtte han,  
og tusund geiter attpå.

Og vitug og ven var *Abiga'il*, –  
det namnet åt kona var.  
Om ho var ljoslyndt og gjæv og gild,  
var Nabal vondlyndt og hard.

Det tungt må vera å gå i lag  
og dra under same åk,  
når *ein* er bjart som ein junidag,  
den andre tronglyndt og låk.

No er det nett på det årsens bel  
då sauene klyppast lyt.  
Då er det ståking og styr og spel,  
ei bækting\* som ikkje tryt.

I Paran-audni fekk David spurt  
kva Nabal heldt på med no.  
Han åtte snart korkje vått ell' turt, –  
ti sveinar han sende med bod:

\* Bækta = bræka. (Om sauer.)

”Far opp til Karmel, der Nabal er  
og klypper sin saue-flokk!  
Hjå han kan henda litt kjøt me fær, –  
den karen hev smale\* nok.

Frå meg de helsar han: ”Heil og sæl  
og fred med ditt hus, med deg!  
Må du og dine få leva vel  
og vandra ein lukke-veg!

No hev eg høyrte at du nett held på  
med saueklyppingi di.  
Då vil eg nemna at det er så  
at no i den siste tid

hev dine hyrdingar halde seg  
kvar dag i vårt grannelag.  
Eg heldt meg undan, – eg akta meg,  
og dei hev ’kje mist det slag.

Du dine tenarar spyrja kan,  
om dette ’kje sanning er.  
So vil dei svare deg alle mann:  
Me gjekk dei ikkje for nær.

No kom me hit i so god ei stund,  
til Karmel, du Nabal gjæv.  
So syn oss godhug, oss noko unn  
av det du for handi hev!”

### *Eit hjarta so hardt som stål*

Ja, Davids tenarar sagde so.  
So sagde dei og gav tål.

\* Smale = sauer.

Men Nabal lika ’kje dette bod, –  
hans hjarta var hardt som stål.

”Kven er vel David? Kven mon *de er?*”  
so spotta den girug-knark.  
”So mange no frå sin husbond fer;  
her fartar so mang ein fark.

So skulle eg taka brødet mitt  
og dyri eg slakta her  
åt dei som no hev med klypping stridt,  
og gjeva til folk som fer!” –

Då snudde sveinane svint og brått, –  
her var det so trongt og kaldt. –  
Då heim til David dei hadde nått,  
fortalde dei honom alt.

— — —

So sagde David til sine menner:  
”Statt opp! spenn sverdet om dykkar lender!”  
Dei gjorde so.  
Han òg seg væpna, tok so av garde;  
det fylgde honom so stor ein skare.  
Ved førings-vognene vart igjen  
ein flokk på to hundrad væpna menn.

### *Tenk deg om – tenk lenge!*

Imedan dette hende, –  
det bryggja opp til strid, –  
kom ein av Nabals drenger;  
han kom i rette tid.

Han kom til Nabals kona, –  
Abiga'il det var. –

Om det som nyleg hende,  
til henne bod han bar:

”Frå øydemarki kom det  
ein flokk av Davids folk  
med helsing til vår husbond.  
Han gav deim hædings-svolk.

Men desse menn fortente  
slett ikkje hogg og stein,  
for dei hev gilde vore  
og aldri gjort oss mein.

Me aldri miste noko  
den tid me fylgdest åt.  
Me kan deim ikkje skulda  
for sjølv det minste brøt.

Dei var ein mur ikring oss,  
eit vern ved natt og dag,  
i all den tid me gjætte  
i deira grannelag.

So tenk deg om, tenk lenge  
og vel kva gjerast skal!  
For no vår husbond, heimen  
og huset stend for fall.

Han sjølv er hard og hatig,  
og ingen tala tør  
eit ord til honom; difor  
me kjem til deg og spør.”

## *Abiga'il*

Abiga'il, Nabal si kona,  
var storgjæv og gild og klok.  
Og difor to hundrad leivar  
og to hitar vin ho tok.

Dessutan fem saueskrottar  
ho raust ville med seg ta  
og to hundrad fike-kakor, –  
alt saman på kløv-asni la.

Og hundrad rosinkakor attåt  
vart med i den sending gild.  
So sa ho til sveinane sine:  
”Far fyre! eg fylgja dykk vil.”

Som ho no reid fram på asnet  
og kom i ein hól-veg ned  
i fjellet, ho møtte David,  
og alle som fylgde med.

Men David, der fram han stemnde,  
han var både heit og harm.  
Han kjende kor sinnet koka  
og løga som eld i barm:

”So er det til ingi nytte  
eg verna so vel om alt  
som høyrde til Nabals hjorder.  
Han godt hev med vondt betalt!

So visst som min Gud meg hemnar,  
so skal ikkje nokon mann  
som høyrer til Nabals huslyd,  
sjå komande morgon-rand.” –

— — —

Myrk og morsk og harm i hugen  
gjeng han gjennom ovdjup hól-veg.  
Bryni hans er samandregne,  
skugge yver augo kviler,  
lippone er kvite, knepte;  
ingen smil fær lov å krusa  
kinn som ofte spegla solskin.  
Båe hender hardt han knytte.

### *Møte med morsk krigar*

Då, med eitt, ung David stoggar.  
Krigaren hev sett ei kvinna  
som kjem ridande imot han.  
Kven det er? – jau, Nabals kona,  
som Abiga'il dei kalla, –  
namnet tyder fader-gleda.

Då ho såg den unge hovding,  
steig i hast ho ned av asnet,  
og til jordi djupt seg bøygde,  
for hans føter ned seg kasta.

”Herre, det er eg,” ho sagde,  
”det er eg som her lyt svara  
for den misgjerd som dei gjorde.  
Men gjer vel, lat tenestkvinna  
di få tala til deg, herre.  
Og eg bed deg, lyd på ordi  
som ho vågar fram å bera.

Ikkje bry deg, du, om Nabal!  
Som han heiter, soleis er han. –  
Nabal-namnet tyder ”dåre”, –  
full av dårskap er han ogso.

Men di tenestkvinna hev 'kje  
sett dei sveinane du sende  
med eit ærend opp til Karmel.

No, so visst som Herren lever, –  
og du ogso er i live, –  
hev han deg frå dette halde:  
blodskuld yver deg å føra  
og deg sjølv til rettes taka.  
No skal fiendane dine, –  
alle som deg mein vil gjera, –  
verta slik som Nabal, dåren.

Tenestkvinna di hev med seg  
denne gåva til deg, herre.  
Sveinane kan henne hava,  
dei som trugne stødt og stendig  
fylgjer deg på dine ferder.

### *Gud gjev deg den store signing*

Sidan Herren Gud skal byggja  
deg eit hus som stødt skal standa;  
for hans strid det er du strider,  
og det hev hjå deg 'kje funnest  
noko vondt frå fyrste stundi.

Om det nokon fram vil stiga  
som forfylgjer deg og freistar  
føra deg til dødsens dalar,  
livet ditt då lell skal vera  
visst og varleg gøymt i flokken  
av dei levande hjå Herren.  
Men i slyngja skal han leggja  
livet åt dei arge motmenn, –  
som ein stein deim burt skal slengja.

Når so Gud ein gong vil gjera  
det som han hev sagt deg, herre, –  
la deg få den store signing,  
alt det gode han hev lova,  
og hev sett deg til ein hovding  
yver Israel, ditt eige, –  
då det ikkje skal deg valda  
samvits-agg, til fall deg føra  
at eit skuldlaust blod du øydde,  
tok deg sjølv til rettes, herre.  
Og når Gud gjer vel imot deg,  
kom i hug di tenestkvinna!”

### *Då ljosna David sitt andletsdrag*

Den kona var – som so mange – klok,  
og ei var ho låk og listig.  
Men stor var naudi, og ho var dristig,  
og ordi David om hjarta tok. –

Då ljosna David sitt andlitsdrag;  
brått slokna det store sinne.  
Han lova Herren, som denne kvinne  
til møtes sende med han den dag.

”Velsigna vere ditt vit!” han sa,  
”velsigna du sjølv skal vera!  
No slepp eg sidan på blodskuld bera  
ved sjølv til rettes med sverd meg ta.”

Og so han sa til Abiga’il  
at var ’kje so snøgt ho komen,  
då Nabals folk skulle møta domen, –  
han ville slege kvar mann i hel.

Dei gilde gåvor ho hadde med,  
med takk han tok, so han sa til henne:  
”No kan, Abiga’il heim du vende.  
Di bøn er høyrd – far din veg i fred!”

### *Nabal døyr*

Abiga’il seg nærmar Nabals gard, –  
nett då eit gjestebod i huset var.  
Det drukke vart, og dansa, spela, sunge,  
eit gjestebod som hjå ein storgjæv konge.

Ho høyrde denne larm og lettsinn-låt,  
og Nabal drukken var, og kaut og kåt.  
Ho ingen ting til han om noko sagde;  
til soli rann, heldt kona tett, og tagde.

Om morgonen, – då soli atter steig  
og ruset endeleg av Nabal seig, –  
ho sa han alt; han stivna, bleikna, kolna.  
vart som ein stein, – han stokk, han fælna, folna.

Ti dagar etter råka Herrens hand  
den harde, myrke, miskunnsause mann.  
No ville Gud han ikkje lenger spara, –  
so laut han fattig frå sin rikdom fara.

Då David høyrde at han slokna var,  
han lova Gud, – han såg hans fotefar, –  
fordi til doms han hadde Nabal stemna,  
fordi han slapp seg sjølv på han å hemna.

Han sidan til Abiga’il bar bod, –  
den kvinne klok og gild og gjæv og god.  
Han ikkje berre ville henne skona, –  
han ogso ynskte henne ha til kona.

## *Lukke-ferdi*

Hans tenarar om det bar bod  
til Karmel, til Abiga'il.  
Det var ei tidend ljøs og god,  
ei helsing ljuvleg, gjæv og gild.

Då brusa det i hennar barm  
ei gledebylgja blank og klår.  
Ho kjende seg so rik og varm, –  
og såg med song sin lukke-vår.

Ho reiste seg, Abiga'il,  
so bøygde ho seg djupt til jord.  
Og røysti var so mjuk og mild  
då stilt ho sagde desse ord:

”Tak denne helsing med dykk heim:  
Di tenestkvinna vil eg vera,  
og ringast gjerning gjerne gjera, –  
två føtene til alle deim  
som tener deg, – det vert mi æra.”

— — —

So ferda ho seg til  
so snøgt ho berre kunne.  
No fort ho fara vil  
til han ho hadde vunne.

Fem møyar fylgde med  
på denne lukke-ferdi.  
Og so ho fór i fred.  
Farvel med skugge-verdi!

Då tenarane sistpå kom  
frå friar-ferdi heim,  
Abiga'il og møyar fem  
i fylgje var med deim.

## *So møttest dei på nytt, dei to*

So møttest dei på nytt, dei to. –  
På Davids sterke arm  
ho lyfta vart frå asnet ned, –  
i lukka rik og varm.

Og endå ho i heimen hans  
ei onnor kona fann, –  
*Akinoam* ifrå Jisre'el, –  
var lukka stor og sann.  
Men henne som han elska fyrst, –  
Mikal frå kongens gard, –  
var gjeven til ein annan mann  
av hennar eigen far.

Og det var *Palti La'is-son*  
som vart Mikal sin mann.  
Han var 'kje lite byrg og breid  
då lukkesoli rann.

## ATTER PÅ KAKILA-HAUGEN

### *Sinne som ikkje sloknar*

Seigt var sinnet hjå dei som budde  
i øydemarki som Sif dei kalla.  
Du minnest kanskje den fyrste gongen  
då bod dei sende til Saul, og sagde

at David heldt seg i heller-holer,  
der sør hjå dei, på Kakila-høgdi, –  
ho ligg nett sunnanfor øydemoen.

Det glapp den gongen, – men ei dei gløynde;  
å nyo ville dei no seg hemna.  
Og so igjen dei til Saul seg vende,  
til kongen kviskra: Veit du at David  
hev atter søkt til Kakila-haugen,  
som ligg der beint imot øydemoen?

Hjå Saul var heller 'kje sinnet slokna, –  
den elden aukar der dei han hyser. –  
So tok han atter tri tusund hermenn, –  
dei aller fremste i heile folket, –  
og saman drog dei til øydemarki,  
og lægra seg på Kakila-haugen.

Då David hørde at Saul var komen,  
han sende speidarar ut og frette  
kvar han og heren seg hadde lægra.  
So tok han ut, til den staden stemnde,  
og såg kvar kongen og Abner Nersson  
var gått til kvile, til ro for natti, –  
Den Abner Nersson var herens hovding.

### *Tri tusund mann som slumrar*

Natt yver øydemarki! –  
Månen bak svarte skyer  
makleg på kvelven sigler,  
mektige skuggar kastar  
yver Kakila-haugen.  
Skapningen søv og kviler, –  
einast sjakalar yler.

Fram yver aude moar  
David i løynd seg stiltrar.  
*Abisai* honom fylgjer, –  
son åt Seruja var han,  
bror åt den vyrde *Joab*. –  
Men dei var ei tvo-eine;  
med deim var *Akimelek*,  
ein av hetitar-folket.

Månen sin ljóske kastar  
yver Kakila-haugen. –  
Brått desse stridsmenn stoggar:  
Der – der er kongens læger, –  
tri tusund mann som kviler!  
Midt i den hermanns-hopen  
er det ei borg av vogner,  
og i den borgi blundar  
kongen og Abner Nersson.

Skuggar frå svarte skyer  
svint yver åsen flakkar.  
Brått fell ein månestråle  
yver ein her som slumrar,  
fell yver kongens åsyn, –  
David kan klårt det skoda.  
Bleikt er det arge andlet;  
sorgmod i det seg speglar,  
angest og otte, – ufred.  
Undrast kva kongen drøymer?

David vert mild av medynk.  
Betre det er å vera  
fredlyst enn ufreds-herja;  
betre det er å flakka  
fri gjennom øydemarker,  
bu i ein nattsvart heller,  
enn på ein kongsstol sitja,



råda og rikja andre,  
sjølv vera basta, bunden,  
lagd i dei lange lekkjor.

Tok han til ords og kviskra  
lågmaelt til dei som fylgde,  
Abisai og Akimelek:  
”Kven av dykk to vil ganga  
med meg til kongens læger?”  
”Eg!” svara svint den fyrste.  
Eventyr-huga var han.

### *Drep ikkje Herrens salva!*

Då det leid ut på natti,  
nærma dei to seg heren.  
Såg dei at kongen slumra  
midt i ei borg av vogner.  
Spjotet han hadde stunge,  
so det stod stødt i marki,  
oppe ved hovud-gjerdi.  
Attmed låg Abner Neresson, –  
tri tusund hermenn kringom.

Abisai sa til David:  
”Sjå, no i dag hev Herren  
gjeve din arge uven –  
kongen – i dine hender.  
Lat meg no renna spjotet  
gjenom han, ned i marki!  
Eg med ein støyt det maktar,  
treng ikkje gje han fleire.”

”Drep han ’kje!” David svara.  
”Kven la vel nokonsinde  
strafflaust si hand på honom

Gud hev til hovding salva?  
Herren skal sjølv han råka,  
anten han døyr som andre,  
eller han dreg i herferd  
og fær ein blodig bane.

Herren frå det meg frie:  
leggja mi hand på denne  
som han til drott hev salva!  
Men gjer no vel, tak spjotet,  
stødt ned i bakken staura  
oppe ved hovud-gjerdi!  
Krukka med vatn tak ogso, –  
lat oss vår veg so ganga!”

Stilt tok dei spjotet, krukka  
burt ifrå hovud-gjerdi,  
fór so sin veg frå lægret, –  
ingen det var som såg det,  
ingen som dette gådde,  
ikkje ei sjel som vakna;  
sov kvar ein mann og slumra.  
Herren det var som hadde  
sendt deim den tunge svevnen.

### *Svarar du ikkje, Abner?*

Sidan – då dagen demra –  
David gjekk yver dalen,  
stod på den andre sida  
oppå ein diger fjellknaus,  
fjernt ifrå fiendflokken. –  
So, medan soli spela  
stilt yver øydemarki,  
ropa han burt til heren,  
hovdingen, Abner, hødde:

”Svarar du ikkje, Abner?” –  
Denne attende ropa:  
”Kven er vel du som kaukar  
hityver til vår konge?”

Då svara David Abner:  
”Du er for visst ein gjæving!  
Kan det i heile folket  
ikkje din like finnast!  
Søtt hev i natt du sove;  
kvi hev du ikkje vaka  
yver din herre, kongen?  
Det hev ein hermann vore  
inne i sjølve lægret  
og vilja honom drepe.

Nei, det var ikkje vakkert, –  
om i din stad eg vore,  
ville av skam eg raudna.  
Verde de var å lata  
livet av di de ikkje  
hovdingen dykkar vakta,  
han som Gud Herren salva.  
Sjå om de no kan finna  
kongen sitt spjot og krukka  
oppe ved hovud-gjerdi!”

— — —

Kong Saul hadde ogso vakna, –  
den svevnen var tung som bly.  
No stod han i dagning-stundi,  
i morgonen ung og ny.

Han høyrde kor David ropa  
og hæde hans hovudsmann.  
Med eitt han det målet kjende,  
den røysti so god og grann.

”Å, er det *ditt* mål eg høyrer,  
du son min, du David-gut?” –  
Det kom frå eit nattsvart hjarta,  
som skolv i den såre sut.

### *Ei åkerhøna i fjellet*

”Ja, konge, eg er det,” svara  
ung David, og sagde so:  
”Kva gjer at min herre søker  
å øyda mitt liv og blod?

Kva hev eg vel gjort deg, konge,  
kva vondt er i handi mi  
at du meg so stendig jagar  
og eggjar til agg og strid?

Om Herren, min Gud, hev eggja  
deg opp imot meg, ver gild  
og gjev han ei offer-gåva,  
so han vert å nyo mild!

Men er det ein annan, herre.  
han vera ein bannstøytt mann!  
Han gjorde at eg ’kje lenger  
fær bu i Guds eige land.

So høyr meg då, herre konge, –  
eg nemner mi såre sut:  
Langt burte frå Herrens åsyn  
mitt blod må ’kje rennast ut!

Kven er det som Isra’els konge  
no jagar med all sin her? –  
Ei åkerhøna i fjellet,  
ei einsleg loppa det er!”

## *Kom heim att, David, sonen min!*

Då sa kong Saul: ”Eg hev synda.  
Kom heim att, David, min son!  
Eg skal ’kje meir vondt deg gjera;  
du fridde mitt liv frå tjon.

Du livet mitt dyrt hev halde, –  
det var deg ein rikdom stor.  
Men eg hev uvitug vore,  
og fælände vilt eg för.”

Han tagde, og David svara:  
”Sjå konge, her spjotet ditt er!  
Send hit ein av sveinane dine;  
attende til deg han det ber.

Gud løner meg nok for mi rettferd,  
min truskap mot drotten min.  
Han gav deg i mine hender  
då eg kom i læg’ret inn.

Men eg ville ikkje våga  
å leggja mi hand på deg  
som Herren, min Gud, hev salva,  
og difor eg gjekk min veg.

Ja, gjævt eg ditt liv hev halde,  
og det er mi visse von:  
So gjævt Gud mitt liv vil akta,  
meg fri or all naud og tjon.”

Då sagde kong Saul til David:  
”Gud løne deg, sonen min!  
Hans signing som dogg vil falla,  
som solskin på vegen din.”

— — —

Slik enda då denne soga,  
og David, han för sin veg.  
Kong Saul sine hermenn samla,  
og so drog han heim til seg.

## *Atter i filistar-land*

Dei vene ordi som kongen sa, –  
han meinte deim *vel* for visst;  
men David hadde av røynsla sår  
si tiltru til drotten mist.

Og so han tenkte med sjølve seg:  
”Eg fell nok for kongens hand.  
Her ventar meg ikkje noko godt, –  
eg fêr til Filistar-land!”

Ein gong – me minnest – han tedde seg  
heilt galen i byen Gat,  
der Akis Maoksson konge var.  
No såg han den staden att.

Med sine menner han drog dit ned, –  
seks hundrad i tal dei var.  
Med sine huslyder fekk dei bu  
i byen og kongens gard.

Kong Saul fekk høyra at dei var der, –  
han leita ’kje lenger då.  
Han fredlaus vandra sin vonde veg, –  
og snart fekk sitt kveldsland sjå. –

Men David vann tiltru hjå kongen i Gat, –  
det gjekk på den visi til:  
Ein dag han sagde til drotten gjæv:  
”Hjå deg ikkje bu eg vil.

Det høver seg ikkje at tenaren din  
skal bu her i kongens gard.

Nei, lat meg få bu i ein liten by, –  
so mange av deim du har.”

Og same dagen – før kveldsoli seig –  
av kongen han Siklag fekk.

Til denne byen med sine menn  
og koner og born han gjekk.

### *På herje-ferd*

I seksten månaders tid han var  
den gong i filistar-land.

Mot fiendflokkar i strid han fór,  
og siger på siger vann.

Og dag for dag auka heren hans  
med kjempor frå Israel.  
Dei kunne svinga dei tunge sverd,  
og kasta og skjota vel.

Mot gesurittane stridde han,  
og andre av deim som bur  
frå gamalt ned mot Egyptarland,  
og bortimot audni Sur.

So kom dei heimatt med fengdi si,  
med asen og anna fe, –  
kamelar, stutar og sau og geit, –  
og klede dei hadde med.

Det rauta, bæhta der fram dei fór,  
det gloa og glimta, gleim  
i glimesteinar og skarlaks-ty  
som dei hadde med seg heim.

### *Dei hjelpte David då striden brann*

Då David var i Siklag, kom kjempor til han der.  
Dei væpna var med boge, med spjot og skjold og  
sverd.

Og desse hermenn hjelpte han i striden.

Dei kunne slyngja steinar, – so fienden stupa ned.  
Dei skaut med høgre handi, og med den vinstre med.  
Det vel kom med å hava slike kjempor.

Og då i øydemarki ein flyktning David var,  
i hellerar og holer, – kom mang ein stridsfør kar,  
Dei djerve menn med skjold og spjot var væpna.

Dei rappe var som hindar, som flyg i fjell og nut, –  
som snøggaste gasellor, – som løvor såg dei ut.  
Av Gad si ætt var desse kjempekarar.

Den ringaste av desse var god som hundrad mann.  
Med spjot og sverd han leika so lett i oppøvd hand.  
Den gjævaste, han jamgod var med tusund.

Og i den fyrste månad dei yver Jordan gjekk,  
då elvi flødde yver, – og sette slik ein skrekk  
i folket der, – mot aust og vest dei rømde.

Og av Benjamins søner, – av Juda-ætti med, –  
var nokre djerve karar som strauk til David ned,  
då han i djupe hellerar seg gøymde.

Då David so fær høyra dei karar komne er,  
då gjeng han ut or borgi, og dette bod deim ber, –  
til sine stamme-frendar so han talar:

”Om de kjem hit med fred, – og om meg de  
hjelpa vil,  
so skal min hug, mitt hjarta dykk alltid høyra til,  
og de og eg i hop skal trufast halda.

Men om de meg vil svika, meg gjev i fiend-hand, –  
sjølv om de ingen urett hjå David finna kan, –  
so gjev vår fedre-Gud må sjå, og refsa!”

Då Anden greip *Amasa*, den hovding hæv og gild.  
”Deg, David,” varmt han sagde, ”me einast høyrer til.  
Og me i lag med deg vil trugne standa.

Fred, fred no vere med deg og dine hjelpesmenn!  
For Herren Gud hev hjelp deg, og vil deg hjelpa  
enn.” –

Då David tok imot deim der i borgi. –

– – –

Slik kom til Davids læger i ørkenborgi der  
det dagstødt nye stridsmenn, – til sist ein ovstor her, –  
som eit Guds her-læger imillom fjelli.

## SAUL OG HANS SØNER FELL

### *Mot nord dreg filistarlands-heren*

Ei av dei svartaste stunder  
i saga me nærmar oss no.  
Til randi ho fyltest av redsel,  
av uhygge, vonbrot og blod.

Filist’rane fylkte seg atter,  
og herane samla til strid.  
Mot Israel ville dei ganga, –  
ein fiend frå framfaren tid.

Då sagde kong Akis til David, –  
den modige mauren han bed:

”No lyt du meg fylgja i striden,  
og mennene dine tak med!”

Han svara: ”Kva stort eg kan gjera  
i slaget, du skal nok få sjå!” –  
Til hovding for livvakti sette  
kong Akis den djervingen då.

Mot nord dreg filistarlands-heren, –  
ein skræmeleg fylking å sjå, –  
Dei gjeng gjennom Juda-bygdi  
og Efra’ims landet, og så  
seg opnar den store sletta.

### *Den bloddrukne Jisre’el-sletta*

Frå gamalt ho Jisre’el heiter, –  
frå havet i vester ho går,  
og tøyser seg inn gjennom landet,  
til Gilboa-berget ho når,  
med byane Sunem og En-Dor.

I sør stryk ho tett frammed Karmel,  
den blod-drukne Jisre’el-jord.  
Ho strekkjer seg mot Galilea  
og ovfagert Tabor i nord,  
som grønkledd ser ut yver sletta.

Her møttest i tidene farne  
dei vel-budde herar til slag.  
Her blodet i straumar hev flote  
på striden sin skytunge dag.  
Her finn me då òg Harmageddon.

Og no var det alvor i leiken, –  
i dag skulle alt setjast inn.  
Filistarlands-folket seg fylkte, –  
den heren i Sunem me finn,  
ein by under Gilboa-berget.

Og der, på det fjellet seg lægra  
kong Saul og alt Isra'els her.  
Dit søkte kvar våpenbudd borgar,  
og fiende-flokken var nær.  
Dei såg kor det svartna på sletta.

Saul såg det, og hjarta hans bivra,  
som ospetre-lauvet i lund.  
Han kolna og kvitna i kinni  
ei lagnadstung uhyggestund. –  
Guds Ånd hadde frå honom fare.

I stor-naudi spurde han Herren;  
men ikkje eit ord kom til svar  
i draumar og urim og tummim\*  
Den stoda var vonlaus og hard.  
Og alle profetane tagde.

Men svar laut han hava, – han *måtte*, –  
kvar so han fekk ta det ifrå,  
om enn han til skuggetung helheim  
i svartaste natti laut gå.

\* Urim og tummim = ljøs og fullkomenskap. Gjenom urim og tummim openberra Herren sin vilje for øvstepresten og gjenom han for folket og gav rettleiding og råd. – 2. Mos 28,30.

## *Til troll-kvinna i En-dor*

So sa han til mennene sine:  
”Ei spåkvinna til meg de finn,  
som daudingar fram att kan mana!  
Til henne vil eg so gå inn.”

Og mennene svara: ”I En-Dor,  
som ligg ikkje langt herifrå,  
der veit me det finst slik ei kvinna, –  
ho manar, og ho kan gje råd.”

— — —

So skifter kongen klede,  
og hamar so seg til  
at ingen kan han kjenna,  
når no han ganga vil.

To menner tek han med seg,  
og so dei gjeng av stad.  
Men ingen i det fylgjet  
var ljøs og nøgd og glad.

So skreid dei ned av fjellet, –  
til byen En-Dor gjekk.  
Det var so nifst i natti,  
so myrkt som i ein sekk.

Men karane er kjende, –  
til sist dei huset finn.  
Dei bankar på, dei lyder, –  
det opnast, dei gjeng inn.

To svarte, skræmde augo  
dei ser i romet der,  
eit andlet bleikt, – ho stotrar:  
”Seg, kvifor er de her?”

”Jau, det skal me deg segja,” –  
kong Saul seg gjorde blid –  
”hjelp du meg til ein spådom  
med manar-kunsti di!”

”Og so,” han sa til kvinna,  
”eg hev eit ynske til:  
at du opp til meg hentar  
den mann eg nemna vil.”

I redsla kvinna svara:  
”Du veit kva Saul hev gjort,  
at kvar ein åndemanar  
han hardhendt hev rudt bort.

Kvi set de då ei snara  
for meg, so eg kjem til  
for visst å lata livet?  
At de so vondt meg vil!”

Då svor kong Saul ved Herren  
ein eid, og sagde so:  
”So visst som Herren lever,  
tak denne sak med ro!

Det ingi skuld skal koma  
på deg, det kan du tru,  
og ingen fær det vita.  
Ver berre hugheil, du!”

Då roa ho seg, kvinna,  
og sa: ”Kven er det vel  
som eg skal henta til deg?”  
Saul svara: *Samuel!*”

### *Eit ill-skrik i natti*

Det gjekk ei stund i spaning,  
i venting dødsens still.  
Det var som hjarto deira  
i barmen stansa vil.

Då lydde brått eit ill-skrik, –  
i natti skum og sein, –  
då Samuel ho skoda.  
Det gjekk til merg og bein.

So sagde ho til kongen, –  
ho bleik var som eit lik:  
”Du – du er Saul, vår konge!  
Kvi narra du meg slik?”

Men han til kvinna sagde:  
”Ver ikkje redd! Fortel!  
Han som du no fekk skoda,  
seg meg, kven er han vel?”

”Eg såg ein gud,” ho svara,  
”han opp or jordi steig.  
Kva under då at redsla  
og rygdi på meg seig?”

Då spurde Saul i spaning,  
or hjarta fullt av sut:  
”Den mannen som du skodar,  
seg, korleis ser han ut?”

Og tankefull ho svara:  
”Eg ser ein gamal mann  
no stiga opp or jordi, –  
i kåpa kledd er han.”

## *Doms-ord*

Saul kasta seg til jordi,  
for no han visste vel:  
han atter skulle møta  
gudsmannen Samuel.

I ålvor denne mælte, –  
då isna kongens blod:  
”Kvi hev du opp meg henta,  
og brøte brått mi ro?”

Eit selsomt syn i natti:  
ein konge, ein profet.  
So svara Saul, og hjarta  
i verk og våde grét:

”Eg er i naud og vande, –  
alt fløkjer fort seg til.  
Filistar-heren trugar,  
og brått oss tyna vil.

Og Gud hev vike frå meg, –  
han svarar ei som før,  
i draumar, ved profetar,  
når eg om råd han spør.

Eg difor kom til En-Dor,  
den myrke midnatts-veg,  
og kvinna på deg kalla  
at du skal råda meg.”

”Hev Herren frå deg vike,  
og hev han gått sin veg  
og er din uven vorten, –  
kvi kallar du på meg?”

No hev det hendt, alt saman,  
som han ved meg hev sagt:  
No hev han frå deg rive  
ditt rike og di makt.  
Og til ein annan – David –  
han kongedømet gav.  
Han skal i heider bera  
di krone og din stav.

Fordi du ikkje gjorde  
som Gud hin gong deg baud  
og tynte kong Amalek,  
du kom i denne naud.

Og no skal Herren gjeva  
deg sjølv og Israel  
i arge motmennis hender, –  
før dagen når sin kveld.

Ja, før det atter kveldar  
og soli løyner seg,  
skal du og dine søner  
i helheim bu, hjå meg.”

## *Et, konge*

Som skoten Saul til golvet fall,  
i koll han stupte, klam og kald.  
Slik låg han der, so lang han var,  
den kaute, knekte kjempekar.

Dei domsens ord for mykje vart  
for vonlaus hug i natti svart.

Og attåt maktlaus kongen var, –  
den som ’kje ét, han vert snart klar;



han hadde ikkje smaka mat  
den heile dag, og all den natt.

Og kvinna gjekk burt til honom, –  
då so ho den drotten såg,  
der redsle-still, arm og usæl  
han nå-bleik på golvet låg, –

då sagde ho: ”Herre konge,  
du bad, og eg lydde deg.  
Ja, då du meg naudbad, herre,  
då livet mitt våga eg.

So lyd du no meg – eg bed deg –  
når bordet eg duka vil.  
Og ét so ein liten bete,  
so kongen kan styrkjast til!”

”Eg vil ikkje eta!” sa han,  
men sveinane tagg og bad.  
Og trollkvinna naudbad honom, –  
ho ikkje so snart seg gav.

So lét han seg sistpå segja,  
reis opp, – og han sette seg  
på sengekanten, og sturde,  
men kvinna, ho la i veg.

Ho hadde ein gjødkalv heime,  
og svint fekk ho slakta han,  
tok mjøl, fekk det knadd og baka, –  
so fort som ho berre vann.

So bar ho det fram for kongen, –  
òg sveinane hans ho bad.  
Dei åt – og den same natti  
i myrkret dei gjekk av stad.

## *Drama på Gilboa berg*

Hardt gjekk dei på i striden,  
dei menn ifrå Kaftor-øy.\*  
Slaget båra på Gilboa berg, –  
den dagen laut mange døy.

Stridde som ville vargar  
folk frå Filistarland.  
Sistpå Israel røma laut, –  
då stupte so mang ein mann.

Ville skrik gjennom lufti jog,  
stridsalarmen auka på.  
Skolv i våpen-gny Gilboa skog.  
Dagen var døkk og grå.

Israels konge til flukti tek, –  
sønene rømer òg, –  
flyg so fort som dei berre vinn,  
dreg yver deld og drøg.

Sistpå trøytnar dei søner tri, –  
blytung vert foten då.  
So dei sakkar alt meir og meir, –  
fienden kan deim nå.

Piler sjogar, og spjoti syng,  
tvieggja sverd hogg til.  
Brått *Jonatan* til bakken fell,  
blødande, bleik og still.

Snart hans brøder gjeng same veg:  
Sauls son *Malkisua*.

\* Filistarane var komne frå Kaftor = Kreta.

*Abinadab* vert hoggen ned,  
fell på den same stad.

Saul kom opp i ein strid so hard, –  
skyttarar trengde på.  
Piler regnde, – den arme drott  
vreid seg i redsla då.

### *No er min banedag!*

Sagde han so til sin våpensvein:  
”Sverdet or slira drag!  
Støyt det gjennom meg!” la han til,  
”no er min banedag.

Betre det enn at Kaftor-menn –  
heidningar – hogg meg ned,  
skamfer Israels vigde drott.  
Sverdet ditt drag! eg bed.”

Ikkje våga den våpensvein  
hogga sin herre ned.  
Modig krigar på dødsens dag  
var alt for redd til det.

Bogeskyttarar trengde på, –  
døden var viss, og nær.  
Saul ei visste seg onnor råd:  
stupte seg på sitt sverd.

Kvit av redsla den våpensvein  
kongen den døde såg.  
Best å fylgja, – og om eit bel  
sjølv han på sverdet låg.

Døden gjorde so svær ein haust:  
Saul og hans søner tri,  
våpensveinen og mange menn. –  
Fåe den dag slapp fri.

Snart det spurdest i Israel:  
Tapt var det store slag,  
kongen fallen, hans søner med, –  
alt på ein våde-dag!

Ut or byane rømde radt  
ov-redde Israels-menn.  
Kaftor-karar i staden kom.  
Herja vart by og grend.

### *Harde hugar – og milde menn*

Dagen etter at Saul var dåen, –  
han fekk seg so hard ein ende, –  
fiendfolket fann liket hans,  
det plundra og stygt det skjende.

Fann dei ogso hans drepne søner, –  
det same med deim dei gjorde.  
Kongens hovud dei so hogg av, –  
slik gjekk det den drotten store.

Sidan rana dei kongens våpen,  
og rundt i sitt land deim sende,  
lét forkynna eit fagnadbod  
i templi, til landsens ende.

Sidan inn i Astarte-templet  
dei våpni åt kongen slengde.  
So dei hans og hans søners lik  
på muren i Bet-San hengde.

– – –

Men då folket i Jabes-byen –  
dei trurøkne var, og gilde –  
hørde gjete kva der var gjort,  
dei tykte at det var ille.

So dei fór ifrå Gilead –  
det var nett då soli glada –  
kvar ein våpenfør Jabes-mann,  
og yver Jordan dei vada.

Heile natti dei gjekk og gjekk,  
og då det i auster roda,  
var dei komne so langt mot vest  
at dei Bet-San-byen skoda. –

Då dei nærare byen kom,  
dei fire lik såg på muren:  
kongen – Saul – og hans søner tri. –  
Kvar kar vart då still og sturen.

Tok dei liki frå muren ned,  
og drog til Jabes attende.  
Karar øya, og kvinnor grét,  
og sidan liki dei brende.

Under eiki i Jabes by  
dei beini grev ned, og klagar. –  
Sidan syrgjer alt folket sårt,  
og fastar sju heile dagar.

### *Med døds-bod til David*

I Siklag var David då bodet han nådde  
at Saul og hans søner i strid hadde stupa.  
Ein dag då han sat der og grunda og gruvla,

og undrast kva utfall den dyst hadde fenge, –  
då såg han ein mann som i tan-sprang seg skunda,  
med sundrivne klede, med mold på sitt hovud.

Då David han nådde, han brått fall å gruve.  
Og medan han låg der, på bakken, dei spurde:  
”Kvar kjem du ifrå?” – ”Eg hev kome meg undan  
frå Israels-lægret,” den framande svara.

Då hjarta i barmen til David vel banka.  
”Kor hev det då gjenge? Du snøgt må meg svara!”  
Og so fekk han høyra det svære som hende:  
”Dei rømde frå striden, dei Israels-menner,  
og mange av herfolket stupte – og døydde.  
Og kongen og son hans, Jonatan, er døde.” –

”Kor veit du at Saul og Jonatan hev falle?”  
Det kom som eit skrik ifrå David sitt hjarta.

”Det høvde seg soleis,” den tidend-svein svara,  
”til Gilboa kom eg, då stor-striden rasa.  
Og der fekk eg sjå korleis kongen seg studde  
til spjotet, alt medan dei hardt honom trengde;  
for inn på han hestfolk og stridsvogner sette,  
og pilene kring honom sjoga og svirra.

Då snudde kong Saul seg og såg på meg, – sidan  
han ropa meg burtåt, og då eg meg nærma,  
han spurde: ”Kven er du?” og eg til han sagde:  
”Ein amalekit!” – og då var det han bad meg:  
”Kom, drep meg! for visstnok hev krampen  
meg gripe,  
men enno eg kjenner at livskjelda ollar.”

So gjekk eg då fram, – bane-styngen eg gav han.  
Eg skyna han kunne ’kje lenger no leva,

då han yver kvass-eggja sverd hadde stupt seg.  
So tok eg hans hovud-gull av, og ein armring.  
Og no hev alt dette til deg eg då bore.”

### *Sorg – og straff*

Då var det at David reiv sund sine klede,  
og sameleis gjorde dei, alle hans sveinar.  
Dei øya og grét, – alt til kvelden dei fasta;  
for Saul og Jonatan for sverd hadde falle, –  
og Israels ætt og Guds folk gjekk til grunne. –

So vende seg David å nyo til honom  
som bod hadde bore om alt dette svære:  
”Kvar er du ifrå?” – Og han fekk dette svaret:  
”Ein framand-manns son, og ein son av Amalek.”

”Kor våga du,” sagde då David med honom,  
”å leggja di hand på den Herren hev salva,  
og drepa han, Israels førar og konge?”

So ropa han fram ein av sveinane sine,  
og sagde til honom: ”Du ned skal han hogga!”  
Og lydig mot bodet han banehogg gav han. –

”Ditt blod kome yver ditt hovud!” sa David,  
”for munnen din eigen imot deg hev vitna.  
Du sagde: ”Eg drap den som Herren hev salva.”

### *Syrgjesongen*

Då soli den kveld gjekk til kvila,  
tok David si harpa i famn.  
So song han sitt ”Kvede om bogen”, –  
hans syrgjekvad fekk dette namn.

Han song medan kveldsoli gladde,  
han kvad medan hjarta var gråt.  
Han spela, og tonane titra, –  
i moll gjekk den klagande låt:

”Aa, Israel, din prydnad,  
no drepen ligg på berget.  
Der fall dei, dine kjempor.  
Ai ei! No er dei burte.

Lat ikkje fiendfolket  
det fagnadbodet høyra!  
Lat ei filistar-døtrer  
seg yver dette fryda,  
dei born av u-omskorne!  
På gatone i Asdod  
og Askalon og Gasa  
og Gat dei ei seg fagne!

Og Gilboa, du fagre,  
gjev doggi ei må dala  
på deg, – og dine åkrar  
ei gro med offer-gåvor!  
For der dei digre kjempor  
laut sine skjoldar kasta,  
og dei med blod vart flekka.  
No Saul sin skjold – han aldri  
med olje meir skal salvast.

Av bøygde frå sitt bytte  
Jonatans boge aldri.  
Han sende sine piler,  
og dei hans motmenn møtte.  
Og Saul sitt sverd, det aldri  
kom att med ugjord gjerning.

Ai ei! Saul og Jonatan,  
de ljuvlege og elska,  
uskiljande i livet, –  
i døden ei vart skilde,  
var snøggare enn ørnar,  
og sterkare enn løvor.

Gråt yver Saul, de døtrer  
i Israel, og klaga!  
For han i fagrast skarlak  
dykk kledde, og han prydde  
med gullsaum dykkar klede.

Aa, at dei skulle falla  
i striden, desse kjempor!  
På dine berg ligg drepen, –  
du Israel, – Jonatan. –

Eg hjartans sårt deg syrgjer,  
min ven Jonatan, bror min.  
Eg inderleg deg elska,  
meir verd var meg din kjærleik  
enn kvinnors varme elskhug.

Ai ei! at desse kjempor  
i striden fekk sin bane,  
og baa slag-sverd øydeest!”

## PÅ ÆRE-TINDEN

ENNO GJENG HAVSENS BÅROR HØGT

### *Ein flyktning fer heim*

No er dei omsider enda,  
dei ovlange utlægs-år.  
No kunne han atter venda  
attente til trygge kår.

Han kjende seg fjåg og fegen;  
no kunne han anda fritt.  
Han kjende so sterkt seg dregen  
til landet og folket sitt.

No skulle han heim få fara, –  
av Gud han eit råd vil få.  
Og Herren då honom svara:  
”Til Hebron du no skal gå!”

### *Enno venta djupe dalar*

Men enno venta djupe dalar,  
og mang ei turr og tornut mo,  
før inn han steig i gylte salar  
og landet hadde fenge ro.

Enn skulle blod og tårar flyta,  
i broderstrid so tung og sår,  
før folket fekk sin freds-vår nyta,  
og trivdest i dei trygge kår.

## *Salven strøymer*

Konge-hylling i Hebron!  
Judaætti er samla.  
Salvast skal stammen sin prydnad, –  
David, – til høgste hovding.

Lydde det spel og songar  
då i den gamle byen.  
Heilag og høg var stundi,  
helst for den unge David, –  
hyrdingen hadde vore,  
harpespelar ved hoffet,  
helten frå Goliat-dysten,  
flyktning i heller-holer  
og i filistar-landet.

Stilt han sitt hovud halla;  
angande salve strøymde;  
hymner mot himlen hevjast;  
tok han i audmjuk takksemnd  
kruna frå allhers Herre.  
Hyrdingen no var konge!

## *Messias er Davids Herre*

Salme 110 –

I åndi kong David fekk skoda  
*Messias* som koma skal.  
Av himmelens Gud fekk han Riket,  
og makt yver verdi all:

”Gud Herren, han sa til min Herre:\*  
Ta plass ved mi høgre hand,

\* Davids Herre = Messias.

til dess eg kvar fiend fær lagt for din fot,  
i alle dei heimsens land!

Gud sjølv ut frå Sion skal retta  
ditt velde sin herskar-stav.  
Ver midt millom fiendar herre,  
og herska frå hav til hav!

\*

Og folket ditt møter viljug fram  
på ditt veldes dag.  
Din ungdom kjem til deg i heilagt skrud,  
til det store slag, –  
kjem til deg som skinande dogg på vang  
or morgonroden sitt fang.

Herren hev svore med æveleg eid,  
og ikkje han angra det skal:  
”Prest skal du vera i æva all, –  
konge og prest er ditt høge kall, –  
som Melkisedek det var.”

\*

Og på sin store vreide-dag,  
då – i det siste ålvors-slag –  
han knasar kongar, dom han held;  
til fote kvar ein fiend fell.  
på all den vide jord.

Or bekken frisk og kjeldeklår  
han drikk, der han på vegen går.  
Ny kraft i hug og hold han får, –  
di lyftar han hovudet høgt.

## *Dei menn ifrå Jabes fær kongens takk*

Det fyrste han emna på truna si,  
var hylling og heider til deim  
som Saul sitt lik tok frå muren ned,  
og bar det til Jabes heim.

Han tykte so gildt om det venskaps-verk, –  
ein truskap so traust og stor.  
So sende han bod på dei Jabes-menn,  
deim helsa med desse ord:

”Velsigna av Herren so vere de!  
Han unne dykk menn alt godt,  
fordi de gjorde det kjærleiks-verk  
å gravleggja Saul, dykkar drott!

So syne Herren sin kjærleik då,  
sin truskap so stor og rik!  
Og sjølv so vil eg dykk løna vel  
fordi de hev handla slik.

Ver uredde no, og ver djerve menn!  
For vel er ’kje Saul meir her,  
men Judaætti hev salva meg.  
Eg no deira konge er.”

## *Borgarkrig*

Strid millom brøder  
til den beiske ende, –  
mon noko verre  
folk og land vel hende?  
Israel gjekk no  
imot slike tider,  
blodige strider.

Og det var Abner Nersson, –  
Sauls hovding hadde vore, –  
han tok Sauls-sonen *Isboset*  
og han til konge gjorde.

Han rådde yver Israel,  
og det var Juda berre  
som trugen imot David var  
og hadde *han* til Herre.

Og fyrti år var Isboset  
då han fekk kongekruna.  
I Mahana’im budde han, –  
to år han sat på truna.

## *Sverd-åkeren*

Snart skulle dei saman støyta,  
to herar av same ætt.  
Ved Gibeon-tjørni dei møttest,  
kong David og Isboset.

Og førar for Davids herfolk  
var *Joab* Serujason.  
Den andre vart førd av Abner.  
Dei møttest ved Gibeon.

Dei stod på kvar sida av tjørni, –  
då Abner til Joab sa:  
”Lat sveinane halda ein krigsleik!”  
Og Joab, han straks svara ja!

Tolv karar steig fram for Benjamin,  
or flokken åt Isboset.  
Og tolv møtte fram for kong David.  
Dei var utav Juda ætt.

Kring hovudet treiv dei kvarandre  
og vende dei kvasse sverd,  
kvar ein i den andre si sida.  
Og so fall dei alle der.

Til minne om utenkt villskap  
den strids-stad det namnet ber:  
*Helkat hassurim*, – ein åker  
med blod ifrå mange sverd.

Den dagen vart striden ovhard, –  
eit blodig og bittert slag.  
Det enda med Davids siger  
og Abner sitt nederlag.

### *Ein strids-hug heit og stor*

Lettføtt som ein hind i heidi  
var *Asael*, Joabs bror.  
Han var med i dette slaget,  
med ein strids-hug heit og stor.

Då so Abner måtte flykta,  
strauk *Asael* etter han,  
veik 'kje av til nokor sida  
frå den arme slegne mann.

Abner snudde seg mot honom,  
spurde kven han var, og sa:  
"Elta\* meg no ikkje lenger, –  
vend deg du ein annan stad!

Gå til åtak på ein hermann,  
prøv å taka våpni hans!"

\* Jaga, forfylgja.

Men han ville ikkje gi seg,  
elta Abner utan stans.

Atter ein gong ropa Abner  
tilasael, som heldt på:  
"Lat meg vera! Elles lyt eg  
sistpå deg til jordi slå."

Men han ville ikkje fira;  
so tok Abner spjotet sitt,  
støytte det igjennom honom.  
So var han den motmann kvitt.

Dei som fylgde etter honom,  
stogga alle då dei såg  
kor *Asael* bleik og blodig,  
livlaus der på bakken låg.

### *"Trass alt er me brør!"*

Dei andre Seruja-søner,  
den døde *Asaels* brør, –  
Joab og *Abisai*, – eltar  
Abner til aftansoli  
ute i vester glør.

Då var dei ved *Amma-haugen*,  
som beint imot *Giah* er,  
på vegen til *Gibeons*-audni.  
Der stansa omsider Abner,  
og fylkte sin *Benjamins*-her.

Då ropa Abner til Joab:  
"Skal sverdet då halda på  
å øyda i alle ævor?"



Seg, skynar du ei at dette  
ein skræmeleg ende vil få?

Kor lenge vil enn du drygja  
før folket det bodet fær:  
dei skal oss 'kje lenger jaga?  
For det kan me gjerne minnast:  
Trass alt me då brøder er!”

”So sant som Gud Herren lever” –  
det svar han av Joab fekk –  
”me hadde deg ikkje elta  
om ikkje til strid du yppa.  
Fyrst då me til åtak gjekk.”

So blés han i luren, Joab,  
og folki hans stana der.  
Dei jaga 'kje lenger Abner;  
i fred fekk sin veg han fara, –  
og etter kom all hans her.

Og heile den natti gjekk dei  
mot aust gjennom mang ei mo.  
So sette dei yver Jordan,  
og fór gjennom heile Bitron, –  
og til Mahana'im so.

Tri hundrad og seksti stridsmenn  
dei sakna frå denne ferd. –  
Men Joab, han vanta nitten,  
forutan sin bror Asael.  
Det tapet leid Davids her.

So tok dei Asael med seg, –  
til Betlehem heim han bar,  
i gravi åt far hans la han.

So song dei eit syrgjekvede, –  
og soli i vester glar.

Då tonane sistpå tagnar,  
då tek dei på ferd igjen.  
Og heile den natti gjeng dei.  
Fyrst då fær dei Hebron skoda  
då soli i auster renn.

### *Striden aukar*

Striden vart lang-dryg, –  
gjekk frå vondt til verre,  
auka i villskap, –  
kven skal verta herre?  
David vart stendig  
sterkare med tidi;  
Saulsætti minka i makt.

Medan då striden  
bylgja, braut og båra,  
David i Hebron  
budde desse åra.  
Søner han åtte, –  
dei var seks i talet,  
ein av deim *Absalom* var.

### *Det store mistak*

Og det var Isboset Sauls-son,  
han bar seg uviseleg åt;  
han støyte frå seg sitt beste støde.  
Det enda i gru og gråt.

Han krenkte sjølvaste Abner,  
og såra han djupt og svært.  
Han hadde i livet sin skule  
lite og ingenting lært.

Han sa til den djerve krigar:  
”Seg, kvi hev du halde deg  
med fylgjekona til far min?”  
Då Abner tok hardt på veg.

Han harmast, og hugen heitna,  
og blodet hans kom i kok.  
Han hadde ’kje venta dette,  
og difor til ords han tok:

”Held eg, som ein hund, med Juda?  
Nett no gjer eg sælebot  
mot far din si ætt, og endå  
du slengjer meg vondord imot!

Eg vernar deg mot å falla  
i David si harde hand.  
So kjem du med denne skulding,  
og gjer meg til ærelaus mann!

Men Gud late Abner bøta  
og svi for det all min dag  
og eg ikkje no og sidan  
med David vil halda lag!

For Herren hev David svore, –  
i eiden dei ordi sa:  
”Din kongstav du ut skal retta  
frå Dan til Be’erseba.”

Då Isboset kolna, kvitna,  
og fekk ikkje fram eit ord.

Han skolv for ein mann i sinne, –  
den ofsen var sterk og stor. –

— — —

Som sagt, so gjort, – det drygde ikkje lenge  
før Abner sende David dette bod:  
”Ved eid av Herren hev du landet fenge.  
Og dersom du med meg gjer samband no,  
eg hjelper deg, og du kan lita på  
at yver på di sida skal heile folket gå.”

### *Sin fyrste kjærleik fær David att*

”Det er vel, svara David,  
men eit vilkår eg hev:  
at du dotter åt Saul  
no attende meg gjev.”

Og til Isboset sende han  
sveinar som sa:  
”No kong David attende  
vil kona si ha!”

Då han våga ’kje anna,  
den Isboset-mann,  
og so sende han sveinar  
so svint som han vann.

Dei til Paltiel kjem,  
og Mikal tek dei med,  
endå husbonden syrgjer  
og klagar og bed.

Her var sterkare krefter  
på ferde enn han

kunne meistra og makta,  
den syrgjande mann.

Han var berre ei brikka  
i andre sitt spel.  
Snart dei lukka han gjev,  
snart dei att henne stel.

Kor han gleddest den dag  
då frå Saul det kom bod:  
”Du mi dotter, Mikal,  
skal til kona ha no!”

Men i dag svartna soli,  
og brått vart det natt  
då dei kom og tok med seg  
hans dyraste skatt.

Han vart kvit som eit lakan,  
og bleik som eit lik.  
Då dei fór med Mikal,  
kom eit skræmeleg skrik.

So han gråtande fylgde  
Mikal då ho fór.  
Og han sleit seg i håret,  
med øyande ord.

Slik det gjeng heilt til fylgjet  
hev nått Bahurim.  
Då tek Abner og trugar,  
og jagar han heim. –

Han gjeng gråtande heimatt  
den vegen han kom.  
Der er solskinet borte.  
Plassen *hennar* stend tom.

## *Abner held fram med det store spel*

Men Abner heldt fram med det store spel:  
å semja det sundslitne Israel.

Han samrødde seg med dei øvste menn, –  
av ihuge hjarta i Abner brenn.

Han minner deim om deira hjartans lengt:  
Dei lenge på David til drott hev tenkt.

So minner han deim om kva Gud hev sagt:  
ved David fri folket frå fiends-makt.

Han tala med ættene der i nord,  
med Benjamin òg, – og til Hebron fór.

So kom han til Hebron med tjuge mann.  
Eit gjestebod David då laga i stand.

Og best som dei sat der ved Davids bord,  
då reiste seg Abner, og sa desse ord:

”Lat meg, herre konge, no fara i veg,  
og samla alt Israels folk ikring deg.

Då fær du for vissa ei drusteleg fengd,  
og konge du vert for ei endelaus mengd.”

Og Abner drog ut til all Israels bygd.  
Kong David han sende, og gav han full trygd.

## *Abners bane*

Den soga me no skal få høyra,  
ber svartaste syrgje-rand.

Ho enda med Abner sin bane, –  
den gjæve og ov-djerve mann.

Det hadde seg slik at då Abner  
var faren frå David igjen,  
kom Joab frå herferd attende,  
med herfang og handgangne menn.

Då fekk han den tidendi høyra  
at Abner hev nyst vore her,  
at David full trygd hev han gjeve  
og sendt han av stad på ei ferd.

Då brått koka blodet i Joab,  
då ilskast og argast han fort.  
Svint gjekk han til David, og spurde:  
”Kva er det du no vel hev gjort?”

Fyrst Abner kjem til deg, kong David, –  
so ov-arg ein fiend av deg, –  
med trygd du han sender ifrå deg,  
so fritt kan han fara sin veg.

Du kjenner då vel Abner Neresson,  
ein kløktig og svikefull kar.  
Når han kjem til David i Hebron,  
det eine i hugen han har:

Han eitkvart utor deg vil lokka,  
og gløgt vil han gjæta på deg.  
Du fer – og hans auga deg fylgjer, –  
han ser når du heimatter dreg.”

Då Joab kom ut att frå David,  
han brått sende sveinar av stad.  
Dei Abner tok med og han førde  
attende frå Bor-Hassira.

So stend han då åsyn til åsyn  
med Joab, den jernharde kar. –  
Å, løyn deg, du sol, attom skyi!  
Ein lagnads-tung time det var.

Han Abner tok med inn i porten,  
som ville i einmæle han  
no tala med honom om eitkvart, –  
den arme og usæle mann.

Der gav han då banesår Abner, –  
eit sverd inn i sida hans gjekk.  
Til jordi han seig, og frå hjarta  
det risla so blodraud ein bekk.

Det skulle han hava for dråpet  
på Asael, Joab sin bror. –  
Når hemnen i hjarta fær råda,  
er usæl den blod-drukne jord. –

### *David syng atter i sorg*

Men David, han kolna og kvitna  
då drapet på Abner vart kjent.  
Og sidan han heitna og harmast, –  
og sinnet i hjarta vart tent.

”Det veit eg for visst,” so han sagde,  
”Gud sakeslaus halda meg skal  
– og ætti mi – for dette dråpet.  
Eg førde ’kje Abner til fall.

Å, gjev det kjem att yver Joab,  
vert hemna i heile hans ætt!  
Må aldri i huset hans vanta  
ein mann som Guds dom ei hev sett,

som spillsykja hev, eller utflod,  
som fell for det øydande sverd,  
som stavrar seg fram på ei krykkja,  
som brødlaus og utarma er!”

So sa han til Joab og folket  
som tagale kring honom stod:  
”De sund dykkar klede skal riva!  
I sekk skal de sveipa dykk no!

Og so fyre båri åt Abner  
de alle skal øyande gå,  
med jamring fordi me ein hovding  
på lægjet no likbleik lyt sjå!”

So drog dei av garde, til Hebron,  
og alle var sveipte i sekk.  
Men sist i det syrgjande fylgjet  
kong David gråtande gjekk.

So bar dei då Abner til gravi,  
i Hebron ein kvilestad fann.  
Og kongen grét høgt i den stundi.  
Hjå her-folket tårone rann.

Og David tok atter si harpa,  
å nyo eit syrgjekvad song, –  
at Abner laut døy som ein niding,  
for farkehand fall han hin gong.

### *Ein hovding hev falle i Israel*

Alt folket heldt ved med å syrgja, –  
ved gravi åt Abner i gråt.  
Langt utyver bygdi det hørdest  
ein klagande, øyande låt.

Og sidan so kom dei til David:  
”Ver gild, herre konge, og ét  
før dagen til ende hev lide.” –  
Men kongen, han syrgde og grét.

”Gud late meg bøta,” han sagde,  
”dei dagar eg enno hev att,  
om mat eller anna eg smakar  
før soli i vester hev gladt!”

Alt folket forstod det, og lika  
det godt, det han gjorde og sa.  
Ja, heile hans framferd dei fagna;  
i kongen sin folket var glad.

Den dagen alt Israel skyna  
at David det slett ikkje var  
som valda at Abner vart drepen,  
og fekk denne lagnaden hard.

Og sidan til hirdfolket mælte  
kong David, og sa desse ord:  
I dag hev i Israel falle  
ein hovding so hæv og so stor.

Men eg – enno veik eg meg kjenner,  
om salva til konge eg stend.  
For Joab og Abisai – bror hans –  
dei to er nok sterkare enn.

### *Nidings-verket*

Då Sauls-sonen Isboset hørde  
at Abner sitt liv hadde mist,  
då seig han i hop, og han sturde,  
og gjekk der so tagal og trist.

No budde to mennar hjå honom, –  
dei herjeflokk-hovdingar var.

*Ba'ana* og *Rekab* dei heitte,  
og hugen hjå båe var hard.

Ein dag – i den heitaste solsteik –  
til Isboset kom desse to.  
Det var midt i middags-kvild-stundi;  
han heldt seg i huset i ro.

Dei lest vilja kveite-korn henta,  
og soleis i huset slapp inn.  
Og Isboset – verjelaus arming –  
på sengi dei sovande finn.

Med sverd dei han såra i livet, –  
det inn gjennom sida hans gjekk.  
Og so hogg dei hovudet av han.  
Slik Isboset banesår fekk.

Nidingar finst det i alle folk, –  
dei lever i alle land.  
Betre å hamrast av hardast svolk  
enn falla for nidings hand.

Verst han fær det då sjølv til sist, –  
han øyder sitt sanne verd.  
Og når sjeli sin merg er mist, –  
då inkje attende er.

### *Ein udåd fær si løn*

Med Sauls-sonens hovud til Hebron dei gjekk,  
og venta seg løni raust.  
I staden dei hemnen den heite fekk,  
seg henta so hard ein haust.

Det blodige hovud dei med seg ber,  
og natti til endes går.

Mot sør, gjennom moane, fram dei fer,  
om morgonen Hebron når. –

Til David dei kjem med den fæle fengd, –  
dei kjenner 'kje blygd og skam.  
Til Israels konge dei syner frekt  
det blodige hovud fram.

So heldt dei ein tale, og sagde so:  
"Sjå Isbosets hovud her,  
den sonen åt Saul, som din uven var.  
Det hemnen åt Herren er."

– – –

Men David, han heitna og harmast,  
og kvitna og kolna igjen.  
Han fæler ved synet han skodar,  
og blodet hans brusar og brenn.

So tek han til ords, og han talar  
til *Rekab* og *Ba'ana* so:  
"Ein mann kom med døds-bod og trudde  
han gjekk med eit gledeleg bod. –

Han melde at Israels konge  
på Gilboa berg fallen var.  
Han venta seg løn, og det fekk han;  
han røynde ein lagnad so hard.

For eg lét han drepa i Siklag, –  
og de som framfyre meg stend,  
kor skulle vel dykk då eg spara,  
de utru og gudlause menn!

Den rettvise Isboset drap de, –  
i heimen hans eigen det var,  
og medan i sengi han kvilde, –  
de blodskuld på hendene har.

Det blodet av dykk lyt eg krevja,  
og rydja dykk ut or vårt land.  
Det nidings-verk Herren vil hemna:  
de myrda ein sakeslaus mann.” –

Han tala til sveinane sine,  
og svint drog dei tvieggja sverd.  
So hengde dei liki ved tjørni,  
som tett attmed bymuren er.

Men Isbosets hovud, det tok dei,  
i gravi åt Abner det la.  
So var ein tragedie enda.  
Og ingen i landet var glad.

Men såraste sorgi må minka,  
og livet lyt vidare gå.  
Ei storm-tid, ein blods-bolk er enda.  
No lysning av dag er å sjå.

## MI HJELP KJEM FRÅ ISRAELS GUD!

### *Varme vindar vekte våren*

Store stormar no var stilna,  
år i angst sistpå enda.  
Havet la seg trøytt til kvila, –  
sukka tungt før inn det sovna, –

pusla kringom stille strender,  
som eit barn i blunde ledar  
lett med sine lubne hender.

Vinter-tidi kald var kvorven,  
varme vindar vekte våren.  
Fjåge fuglar fylte lufti  
med ein flaum av fløyte-tonar.  
Blomar brast av berre gleda;  
Sarons liljor ut seg falda  
i ein straum av ljuvleg ange.  
Kje og kalv og lam seg kjætte,  
borni unte seg med blomar, –  
alle som til års var komne,  
budde seg til konge-hylling.

### *For det var gleda i Israel*

No dreg det til Hebron frå Israels land  
tri hundrad firti tusund våpenføre mann.  
Frå Juda i sør til Naftali i nord  
det strøymer ein her so uhorveleg stor.  
Dei David som konge vil hylla.

Frå Negev dei dreg, ifrå havet si strand,  
frå Hermon sitt fjell, og frå aust-Jordanland, –  
med alle slag våpen dei brukar i strid.  
For folket det demra ei ny, fager tid.  
Dei David som konge vil helsa.

Til sist då dei stridsmenn Hebron kom nær,  
ei fylking dei skipa, ein drusteleg her.  
Ein hjarteleg godhug i barmane brann  
for kongs-emnet David, – kvar einaste mann  
som Israels drott vil han helsa.

I dagane tri dei hjå David då var.  
Dei åt og dei drakk, – brørne deira, dei bar  
den maten dei trong, og han laga til deim.  
Stor glede det var i kvar Israels heim.

Frå kvar ei grend kom ei nøgd av føda:  
dei førde grjon-mat av årsens grøda, –  
og fikekakor og olje fin,  
og bu-fe, sauer og korn og vin.

Når alle ætter stend trufast saman,  
då er det glede, då er det gaman.  
Slik var det den gong i Israel.  
Og difor gjekk det då òg so vel.

### *Kongehylling i Hebron*

Guds finger hadde skrive  
i Israel si saga,  
so klårt at alle måtte  
dei reine runor skyna, –  
at Saul sitt kongedøme  
no var for alltid ute.  
Det *David* var som Herren  
til hovding hadde etla.

So strøymde dei til Hebron,  
dei herja Israels-ætter. –  
Til David so dei sagde:  
”Her er me, herre konge.  
Me er av same folket;  
for me og du hev runne  
or same ætte-roti.

Og alt for lenge sidan, –  
då medan Saul var konge, –

du stødt gjekk fremst i flokken  
når ut til strid me stemnde.  
Og me i brodden såg deg  
når heimatt me fekk fara. –

Og Herren Gud sa til deg:  
”Du folket mitt skal gjæta.  
Og fyrste yver Israel  
du all din dag skal vera.”

Slik tala vyrde menner  
i Israel til David,  
hin gong i Hebron-byen. –  
Og han for Herrens åsyn  
ei pakt med folket gjorde.  
Og so dei salva honom –  
som hyrding hadde vore –  
til Israel sin hovding.\*

– – –

So still ei glede strøymde  
igjenom hjartedjupet;  
for alle såg og skyna:  
den nifse natt var enda;  
omsider var dei komne  
inn i Guds gode tankar.

Men under-strenger dirra  
i sorgmod og i saknad.  
So mange menn var miste,  
so mykje blod var burte  
og unge krefter øydde.  
Den kalde isen enno

\* Tri gonger vart David salva: av Samuel, av Juda-ætti og til sist av heile Israel.



låg gufsande i sjeli;  
han hadde nettopp losna  
frå hjartans stille strender.

Sjå, difor var 'kje songen  
so fri, og full av fagnad,  
på kongehyllings-dagen  
som visst han hadde vore  
forutan tapi tunge.

### *Då Salve-straumen fløynde*

I Davids hjarta ogso  
var gråt med gleda blanda;  
det skifta millom is-drypp  
og varme vårsol-bårar.  
Han stod der, still og statleg,  
då salve-straumen fløynde  
med ange mot hans åsyn.

Han stod der, tagal, teken,  
og hørde hyllings-kvadet  
med styrke mot han stiga.  
Han mintest barne-åri –  
den glade gjetle-guten –  
den tunge tevlings-tidi,  
dei lange år i ufred.  
Og no – no var han komen  
med eitt til ære-tinden.  
No var han konge vorten  
for folket Gud seg valde.

Ja, alt han såg, – og sidan  
han augo sine vende  
mot det som låg og venta:  
Eit land i ufred øyde;

i fred det no skal byggjast,  
dei leide sári lækjast,  
og grensene skal tryggjast. –

Med Gud skal folket førast  
inn i ei fager framtid. –  
Han ser dei store syner,  
og i hans hjarta tonar:  
*"Mi sjel, mi sjel, lov Herren!"*

### *Han var berre tretti år*

Han stod i sin beste brage, –  
litt att var av livsens vår.  
Den gongen då David vart konge,  
han var berre tretti år.

Han rådde for land og rike  
ein fyrtiårs tidarbolk.  
Ein himmel so høg seg kvelvde,  
so klår yver land og folk.

Sju år var han fyrst i Hebron,  
og resten av tidi si  
Jerusalem heimen hans hyste, –  
det var tretti-tri års tid.

### *"Ørnereiret" vert teke*

Fyrst laut han Jerusalem taka, –  
ei fjell-festning stolt og sterk,  
eit ørnereir oppe i fjellet, –  
det var 'kje eit latmanns-verk.

For der budde Jebus-ætti, –  
eit stridshuga folkeferd.  
Dei kunne den kunst å svinga  
det tveiggja, tunge sverd.

Men eingong – for lenge sidan –  
då Israel Kana'an tok,  
dei vann yver Jebus-kongen.  
So stend det i Josva bok.

Hans namn var Adoni Sedek, –  
han stupte for Josvas hand.  
Men ikkje dei makta å taka  
det berg-lendte Jebus-land.

So låg ho der, Jebus-borgi, –  
ei festning i fiend-vald, –  
til David tok ørnereiret.  
Den saga vert her fortald.

Med heren han fór frå Hebron,  
seg lægra i Hinnoms dal.  
So fylkte dei seg og storma  
mot byen i tusundtal.

Men dei som i borgi budde,  
me byrge og kaute finn.  
Og difor dei sa til David:  
”Nei, hit kjem du aldri inn!

Sjølv blinde og lame,” sa dei,  
”skal vakta vår gard og grind,  
når berre det ord dei mæler:  
”Kong David kjem aldri hit inn!”

Men so er det sagt frå gamalt  
av ovmod stend stødt for fall.

Og David tok Sions-borgi  
før dagen var vorten all.

Men hard var den heite striden,  
og midt i den digre dyst  
sa David at den skal bli hovding  
som slær mine motmenn fyrst.

So slost dei ved gamle murar,  
og Joab var fyrste mann  
som nådde til Sions-toppen.  
Då hovding-namnet han vann.

### *Slik bar det til*

Ifrå ævordoms tid  
hev det utanfor byen –  
i aust, nedi dalen –  
olla ei kjelda,  
som *Gihon* dei kalla.  
Ho måtte i ufredstid  
ikkje i fiend-hand falla.

So hogg dei seg inn  
under byen, mot vest,  
frå kjelda i dalen.  
Og vatnet, det fylgde.  
Der gangen so stansa  
derinne i berget,  
ein vass-brunn dei laga.  
Og derifrå førde  
ei tropp opp til Ofel.\*

\* Det eldste Jerusalem vart ogso kalla Ofel og Sion.

Det var denne vegen  
som Israel nytta  
då byen dei hertok.  
Med Joab i brodden  
dei fylgde den gangen  
som førde frå kjelda  
og innunder borgi.  
Og vidare gjekk dei  
opp troppi frå brunnen  
derinne i berget.

Med eitt fekk dei Jebus-menn,  
slegne av redsla,  
midt inne i Sion  
ein fiend-flokk skoda.  
Det urde og krydde  
av Israels-menner,  
med skjoldar og spjot  
og med tvieggja slag-sverd.

Den striden som fylgde,  
han vart ikkje langdryg.  
Og so laut ovmodige  
Jebus-menn sanna  
at borgi dei trudde  
'kje nokon fekk taka,  
var endeleg teken, –  
ein tidebolc enda. –

### *Med han var Israels Gud*

Storslaget stilna omsider,  
her-rop og skrik døydd av.  
Særde vart borne til borgi,  
døde vart lagde i grav.

Endeleg – no var det teke,  
reiret der ørnar heldt til.  
Flaksa dei fælt før dei spakna. –  
Byen ligg blodig og still.

Kongen seg lika på Sion, –  
vart i den fjellborgi glad,  
budde der oppe, og byen  
kalla dei David sin stad.

Mangt låg i røys og ruinar, –  
atter dei bygde det opp.  
Vakrare, vidare byen  
blenkte på Sion sin topp.

David og hovdingen Joab  
sette so mange i sving,  
bygde rundt stor-tårnet Millo, –  
Sion og Ofel ikring.

Auka i vidd og velde  
David sitt rike og land.  
Gong etter gong han i striden  
stort yver motmänner vann.

Ut sine grenser han tøygde,  
langt imot aust og mot sud.  
Stod han so stødig på tilja,  
*med* han var Israels Gud.

Enn var han audmjuk i hugen –  
trass i alt aukande gull –  
skyna at Gud lyfte riket  
høgt for sitt eige folks skuld.

## *Seder frå Libanon*

Vener han vann millom fyrstar, –  
såg dei at David var stor, –  
soleis kong Hiram i Tyrus,  
hovding i landet i nord.

Han budde under Libanon, –  
der seder-skogar susa, –  
og nær ved havet blått og blankt,  
der breide båror brusa.

Sjølv hadde han det same lag, –  
det storsinn og den songen. –  
Og difor me til denne dag  
må minnast Tyrus-kongen.

Ei gåva gjæv han laga til, –  
det var vel vakre tankar, –  
til David sende han eit skip  
med sedertre og -plankar.

Den veden er vel ven og lett, –  
å du, kor godt han duftar!  
So er det gjævt, kvart hus som dei  
på slike stolpar tuftar. –

Og difor i Jerusalem  
av dette vyrket gilde  
eit slott for Israel sin drott  
kong Hiram byggja ville.

Han timbre-menner sende med, –  
han storlagd var i gjerdi, –  
og dei som kunne hogga stein,  
var også med på ferdi.

Dei fagna vart, – og gjekk i gang,  
dei gode Tyrus-menner.

Eit slott so stort og gildt og gjævt  
vart bygt av vene-hender.

## *Arve-fienden kjem att*

Det vanka ikkje berre vener;  
han fekk 'kje leggja sverdet ned.  
So sjeldne er dei år på jordi  
då det er berre frygd og fred.

Han rørde på seg, fiend-flokken  
der nede i Filistar-land.  
Dei ville ikkje roleg sjå på  
at David vart ein mektig mann.

So drog dei ut or sine byar,  
ein fiend-flokk i tusundtal,  
og spreidde seg so vidt utyver  
i Refa'im sin djupe dal.

Då kongen, David, dette hørde,  
fyrst inn i borgi si han steig.  
Dei myrke tankar hugen hyste,  
og ned i bøn for Gud han seig.

Han spurde: "Herre, skal din tenar  
mot denne store hopen dra?  
Vil du i mine hender gje deim?"  
Og Herren svara honom: "Ja!"

## *Himmelens hjelp*

So drog han ut med heile heren,  
og fylkte honom svint til slag.  
Som ulvar slost filistar-folket,  
men sistpå leid dei nederlag.

— — —

Då striden var stilna, sa David:  
”Gud Herren framfyre meg gjekk  
og brått gjennom fiendar braut seg,  
som flaumfull og fossande bekk.”

Og difor den strids-staden gav dei  
det namnet som høvde so vel:  
*Ba'al Perasim* dei han kalla.\*  
Om himmelens hjelp det fortel.

Men utyver valplassen låg det  
av avguds-bilete ei mengd.  
Dei tome Filistarlands-gudar  
vart Davids og Israels fengd.

Med Gud skal me bryta igjennom  
den sterkaste fiende-her.  
Men lit me på makti vår eigi,  
me veike og kraftlause er. —

## *Det susar i baka-tre-skogen*

Kleggen kjem alltid attende,  
om stendig du burt honom slær.  
Slik var Filistarlands-folket:  
dei allstødt kom att med sin her.

\* *Ba'al Perasim* tyder ”gjennombrytaren”.

Dei *skulle* ta knekken på David,  
og drog – eit uhorveleg tal –  
mot Israels her, og å nyo  
seg spreidde i Refa'ims dal.

Då David til borgi seg skunda,  
og atter til Herren han sa:  
”Vil du at eg heren skal fylka,  
mot fiendeflokkane dra?”

Men no Herren Gud honom svara:  
”Du skal ikkje beint på deim gå!  
Gakk utanikring deim, til dess de  
kjem bak på deim, – so gyv de på!

Men venta til dess du fær høyra  
på baka-tre-toppane steg!  
Når so denne ljod når ditt øyra,  
då skunda deg, for – då kjem eg!

Eg ut hev framfyre deg drege, –  
eg fyrst skal mot fienden gå.  
Eg sjølv imot honom vil strida,  
filistar-herfylkingen slå.”

Og kongen og folket hans gjorde  
som Israels Gud hadde sagt.  
Dei venta ved baka-tre-skogen, –  
i bakhald dei hadde seg lagt.

So høyrde dei susing deroppe, –  
i toppane ljoden av steg.  
Då skyna dei: no er det Herren  
som mot våre fiendar dreg.

Og so dei han fylgde i striden,  
og difor dei vann dette slag. –  
Når Herren framfyre vil draga,  
då sigrar me – ogso i dag. –

### *Mitt ljøs og mi frelsa er Herren*

Salme 27

*Kringsett av fiend-herar,  
tidt tyngd av sut og sorg,  
er det kong Davids lukka:  
bu i Guds trygge borg:*

Mitt ljøs og mi frelsa er Herren, –  
kven skulle eg ottast for då?  
Og Herren er verni for livet, –  
kven skulle eg reddast for nå?

Når illmenne nærmar seg mot meg  
og kjøtet mitt eta dei vil,  
dei sjølve lyt snåva og falla.  
Eg ser det, og sjeli er still.

Om herar seg mot meg enn lægrar,  
mitt hjarta i otte 'kje brenn.  
Om ufred seg reiser imot meg,  
eg hugheil og trøystig er enn.

\*

Om eitt hev eg bede Herren,  
og sårt etter dette mon stunda:  
å bu i hans hus kvar ein livsens dag  
og der i hans tempel grunda,  
få skoda hans ynde og herlegdom  
og glad til hans pris meg skunda.

For han på den vonde dagen  
meg trygt i si hytta gøymer,  
i løynrom i tjeldet sitt løyner meg,  
og aldri han der meg gløymer.  
Han fører meg opp på so høgt eit berg, –  
hans kjærleik ikring meg strøymer.

Mitt hovud skal no seg lyfta  
mot deim som meg vondt vil gjera.  
Og offer med fagnad-ljød i hans tjeld  
med gleda eg fram vil bera.  
Eg prisa og høglova honom vil,  
og syngja til Herrens æra.

\*

Å, høyr meg, Herre, eg ropar høgt,  
ver nådig, – i miskunn svara!  
Mitt hjarta ber fram for deg ordet ditt, –  
den trøysti vil alltid vara:  
"Mi åsyn søk!" – so til meg du sa.  
Eg søkjer di åsyn, min Gud, og vert glad.

Å, løyn ikkje åsyni di for meg,  
og vis meg i vreide 'kje frå deg!  
Mi hjelp hev du vore frå år til år, –  
å, må eg få stødt vera hjå deg!  
So støyt meg 'kje burt, gå 'kje frå meg, Gud,  
men kle meg i frelsa si klåre skrud!

### *Davids kjempor*

Langt nådde David i makt og i velde,  
bygde eit rike so sterkt og so stort.  
Hadde 'kje kjempor i lag med han vore,  
hadde han ikkje so mykje fått gjort.

Fyrst av dei alle kjem *Joseb-Bassebet*,  
han var den fremste av kjempone, han.  
Yver dei falne i striden han svinga  
spjotet, – i alt åtte hundrade mann.

Nest etter han *Eleazar* me nemner;  
fylgde han – ein av dei stridsmenn tri –  
David den gongen Filistarlands-heren  
gjekk imot Israel, samla til strid.

Israel svivyrde fiendeflokken,  
drog seg attende, – men han heldt då stand,  
hogg på filist'rane laust til han trøytna;  
trena\* kring sverdet den utmødde hand.

Herren sin siger so stor gav den dagen;  
folket, det hadde då berre å snu,  
fylgja med honom og fienden plundra, –  
røynde filist'rane krigen si gru.

Nest etter honom me *Samma* lyt nemna, –  
møta filist'rane atter dei laut.  
Striden tok til på ein åker med linsor;  
folket, det flydde, og blodet, det flaut.

Då tok han post midt på åkeren, *Samma*,  
verna han vel og filist'rane slo.  
Herren den dag ein stor siger gav folket,  
og for ei tid var i landet det ro.

\* Stivna.

## *Dristige karar*

Ein gong drog tri av dei dristige karar\*  
ned til Adullam, til helleren der.  
David dei fann, – men i Refa'ims-dalen  
lægra då låg ein Filistarlands-her.

David i fjellborgi låg, og han visste  
fiendens utpost i Betlehem var.  
"Der, attmed byporten, finst det ei kjelda,"  
tenkte då David, for torsten var hard.

Sagde han då til dei karane djerve:  
"Gjev einkvan ville til Betlehem gå,  
taka litt vatn ifrå brunnen ved porten,  
gjeva til meg, so eg drikka kan få!"

Då braut dei stridsmenn tri gjennom lægret,- \*\*  
modige, uredde karar det var, –  
auste so vatn utor Betlehems-brunnen,  
og dei med fagnad til David det bar.

"Drikk, herre!" sa dei, men ikkje han ville, –  
helte so vatnet for Herren han ut.  
"Aldri i verdi eg dette vil gjera!"  
sagde den heil-rende, godhjarta gut.

"Blodet eg drikka 'kje vil av dei karar  
som gjekk av stad, våga livet for meg!" –  
Sovore gjorde dei tri djerve menn, –  
våga å gå på den vådlege veg.

\* Dei hørde til ein flokk av tretti hovdingar. 2. Sam 23,13.

\*\* Filistar-lægret.

## *Djerve, sterke og store*

Og so var det *Abisai*, Joabs bror, –  
hans hender, dei var ikkje valne;  
for ein gong svinga han spjotet sitt  
alt yver tri hundrade falne.

Han hovding yver dei hine var,  
og høgvyrd av trimanns-laget.\*  
Men opp til dei karane nådde han ei, –  
*dei* var av det sterkaste slaget.

So var det *Benaja Jojadason*,  
av dådrike fedrar var runnen.  
Han var det som ned steig ein snøversdag  
og tynte ei løva i brunnen.

Han felte egyptaren rise-stor, –  
ja, fem alner høg var den karen.  
Og spjot-skafte hans som ein vev-bom var,  
men lell var han ille faren.

Benaja gjekk mot han med staven sin,  
og spjotet or handi hans rykte.  
No komi var risen si banestund,  
for spjotet i honom han trykte.

Han namngjeten var millom kjempone tri,  
før stødt nye storverk vart frette.  
Og David høgt oppe ved rådsbordet sitt  
den dugande stridskjempa sette.

\* Dei tri djervaste kjempene: Joseb-Bassebet, Eleazar og Samma..

Og tretti i talet dei kjempone var,  
dei djerve og sterke og store.  
I Krønikebøkene namna du finn,  
og litt av dei verki dei gjorde.

## VÅRVIND – OG KALD-SNO

### *Guds ark hadde vanka so vide*

Guds ark hadde vanka so vide:  
frå fyrst ho i Silo stod,  
vart henta på herstrids-dagen,  
då vollen vart vætt med blod.\*

Guds ark hadde vanka so vide, –  
ho fall i filistar-hand  
den dagen dei slost ved Afek,  
og førd til eit framandt land.

Guds ark hadde vanka so vide, –  
til Asdod, i Dagens hall.  
Men avguden, stakkar, stupte,  
med bulder og brak han fall.

Guds ark hadde vanka so vide, –  
frå Asdod og so til Gat.  
Og so vart ho førd til Ekron,  
og sidan til Israel att.

For ulukka arki fylgde,  
og svullar og sott braut ut.  
So var det då best å teppa  
den kjelda til sorg og sut.

\* Då Israel tapte mot filistrane ved Afek. 1. Sam 4,3.



Guds ark hadde vanka so vide:  
Bet-semes den skatten fekk.  
Der ogso ho ulukka valda,  
til Skogbyen\*\* sidan ho gjekk.

So vide Guds ark hadde vanka,  
og lagnaden skifte med åri.  
Og Israels-folket seg anka, –  
no hjarta i glede-takt banka;  
for arki skal heim verta bori.

### *Arki skal heim til Jerusalem*

Det vart ein høgtids- og minnedag  
som sidan dei aldri gløymde.  
I saga si bok og i hjartans djup  
den hendingi trutt dei gøymde.

For tretti tusund tok David med, –  
so fór dei av stad med fagnad.  
No enda var, etter lange år,  
Guds-arki sin utlæg-lagnad.

Til Kirjat Jearim drog dei då, –  
den byen som arki hyste.  
Guds herlegdom yver henne skein,  
og millom kjerubar lyste.

I Amminadab sitt hus ho stod, –  
den heimen Guds kista gøymde.  
Då arki ut dei på tunet tok,  
eit lyshav om henne fløymde.

\*\* Skogbyen =Kirjat Jearim

Av sterke armar ho opp vart lyft,  
og sett på ei vogn so varleg.  
Aa vera nær denne heilagdom  
var vågalt og livsens farleg.

Eit rop, eit rykk, og dei tok i veg, –  
av uksar vart vogni dregen.  
Til sist so vart det so drygt eit tog, –  
det svartna av folk på vegen.

Frå Abinadab sitt hus dei var,  
dei to som fekk arki kjøre.  
Den eine – Ussa – i taumen heldt,  
og Ahjo, han gjekk framfyre.

### *Rør ikkje ved det heilage!*

So skreid det fram, dette store tog,  
og fjågt var folket, og glad var kongen.  
Det lydde alle slag tonespel,  
og opp mot høgdi steig takkesongen.

Det lydde harpor og trumme-låt,  
dei høyrde bjøllor og cymbalar klinga.  
For Herrens åsyn dei dansa då,  
i heilag leik dei i frygd seg svinga.

Men svint ei sky framom soli seig, –  
ei uro kom yver begge dyra  
som vogni drog med den dyre skatt,  
og vandt det var desse stutar styra.

Det var ved Nakon sin treskjevoll  
at styringi dei heldt på å mista.  
Då Ussa handi si rette ut, –  
so tok han tak i Guds sambands-kista.

Men so stod skrive i Herrens lov  
at ingen måtte i arki taka.  
Då Ussa braut dette gamle bod,  
han måtte vreiden og straffi smaka.

Han brått vart råka av Herrens hand, –  
sin heilagdom han for folket syner.  
So døydde Ussa i same stund, –  
Det alvor er når Guds vreide lynar.

Han hadde sagt: Det er Levi ætt,  
og berre den, som skal arki *bera*.  
Men fyrst av alt skal dei helga seg,  
so dei til hugnad for meg kan vera.

### *Det var eit endelaust gledetog*

Det skrive stend i den gamle bok:  
Hardt dette hendet kong David tok.  
Han tykte dagen med eitt vart døkk.  
For allhers Herre han fekk ein støkk.

So sagde han: ”Det er ikkje råd  
at eg med kista kan lenger gå!  
Eg ikkje lenger med henne dreg, –  
vil ikkje ta henne heim til meg.”

Ein annan heim dei for arki finn,  
til Obed-Edom tek henne inn.  
Dei sette henne på Obeds golv;  
der stod då arki i veker tolv.

Den heimen røynde Guds signings gull,  
frå dag til dag, for Guds kista skuld.  
For no var huset ein heilagdom.  
Og dette David for øyra kom. –

Det vakna voner, – han vart so glad;  
om ikkje lenge han drog av stad.  
Til Obed-Edom sitt hus han fór,  
og flutte kista med fagnad stor.

Seks steg dei gjeng, dei som kista bær;  
på kongens bod brått dei stansar der.  
Eit offer bær han til Herren fram, –  
han ofrar uksar og kje og lam.

Sjølv dansar David av all si makt,  
for Herrens åsyn, i prestedrakt. –  
So dreg dei vidare, til dei kjem,  
til Davids-staden, Jerusalem.

Med låt av lur og med fagnadrop  
dreg inn i byen den digre hop.  
Det var eit endelaust glede-tog  
som inn i byen med arki drog.

Og denne gong det levittar var, –  
på berestenger dei kista *bar*,  
slik Herren hadde ved Moses sagt,  
den gong han gjorde med folket pakt.

I brodden songarar vyrdsamt stig,  
og tone-bylgjone veks og sig.  
Eit fagert syn var den songar-her;  
dei harpor, cymblar og lurar bær.

### *Ingen kan kvessa ein kniv so kvass*

Ingen kan setja eit sverd so djupt  
som den som oss kjenner best, –  
like til hjarta sin inste grunn, –  
og såra oss aller mest.

Ingen kan kvessa ein kniv so kvass,  
og rispa so vondt og ilt,  
som den som kjenner vår veike stad  
og før tykte om oss gildt.

Kjærleiken vender seg om til hat,  
og moklar seg opp til mjøl,  
når han i den som ein elsker her,  
hev elska einast seg sjølv.

— — —

Mikal sat heime då David drog  
og arki til Sion henta.  
Ho stod ved glaset, – det digre tog  
attente til byen venta.

Der kjem det, – høyr dette tonespel,  
og sjå desse glade hopar!  
Det lyder trumme- og cymbel-slag,  
og høgt dei av hugnad ropar.

Der ser ho David, sin husbond hæv, –  
med vilje ho honom ansar.  
Med hjartans vanvyrndad ser ho ned  
på kongen som høpp og dansar.

### *Arki finn sin kvilestad*

Men David og høgtidshopen,  
dei vidare glade drog.  
Og sistpå omsider stana  
det veldige folketog.

So fører dei Herrens kista  
i tjeldet, det nye, inn.  
Frå åri i utlæg lange  
til sist ho si kvila finn.

No var ho til Sion komi, –  
der fann ho sin kvilestad.  
Der skulle dei Herren møta,  
og difor var folket glad.

Og difor kong David ofra  
til Herren i heilagt skrud.  
So signa han heile hopen  
i namnet åt Herren Gud.

So skifta han ut åt alle –  
til kvinna så vel som kar:  
rosinkake, brød, og attpå  
eit stykke med kjøt til kvar.

Ein høgtidsdag no er enda,  
og folket på heimveg dreg.  
Og kongen, so fjåg og fegen  
og takksam gjeng heim til seg.

### *Ein mur av is*

So godt det skulle smaka  
med svevn og kvila no.  
Det annsamt hadde vore,  
og han var trøytt og mod.

Lell glad og lett i hugen  
i stova stig han inn.  
”Gud signe dykk, de kjære!  
Han signe heimen min!”

Men andlets-dragi stivnar,  
hans åsyn vert som stein:  
Der kjem Mikal imot han,  
med hjarta hardt som bein.

— — —

Han kjem med lov og takk og pris, –  
der møter han ein mur av is.

Han kjem med sol og smil og song, –  
der møter han ein hug so trong.

Han kjem so glad og nøgd og fjåg, –  
der møter han ei dør so låg,

Han kjem so open, blid og bjart, –  
der møter han ein hug so svart.

Han kjem, – ein konge til sitt slott.  
Ho møter mutt sin høge drott.  
Ho fekk ein husbond gjæv og gild, –  
ho møter han so vond og vill.

– – –

Og ordi er som sylv,  
med gift i kvar ein odd.  
Ho sender sine pilar, –  
kvar hev so kvass ein brodd:

”Kor må ’kje Israels konge  
seg kjenna høgvyrd no,  
som hev for tenestfoket  
i dag skjemt ut seg so.

Som skamlaust folk seg nækjer,  
du hev i dag deg nækt  
for dine tenestgjentor.  
jau, det er fint og frægt!”

## *Det seig so svart ein skugge*

Då ille vart til mode  
den edle Israels drott.  
Han stod der svivurd, sulka,  
her i sitt eige slott.

Det seig so svart ein skugge  
ned yver Davids drag.  
Han svara, då han kom seg  
av dette svær slag:

”For Herren *hev* eg danse,  
han som meg inn hev sett  
til konge, framfor far din  
og framfor all hans ætt.

For Herren *vil* eg dansa,  
om endå meir enn nå  
eg vanvyrd vert og audmykt,  
og hædd av deg lyt gå.

Om ring i eigne augo  
eg tola lyt din snert, –  
av mine tenestgjentor  
eg veit eg høgvyrd vert.”

Men ho som gav sin husbond  
dei miskunnsause slag  
– Mikal – ho gjekk der barnlaus  
alt til sin døyand dag.

## *Tagal sit kongen og tenkjer*

Ein dag sat David i borgi,  
og tankane vide før.  
Han mintest dei fyrste åri  
der heime hjå far og mor.

Tagal sit kongen i borgi.  
Takksame tankar strøymer, –  
minne om miskunn i faren tid, –  
åri han aldri gløymer.

Minnest han gjætle-guten,  
sveinen som song for kongen,  
Goliat-striden og ufreds-åri, –  
endeleg sigers-songen.

Havet til kvila la seg, –  
før det i storstorm brusa. –  
grannefolki ei yppa seg meir;  
freds-palmor fagert susa.

Tagal sit kongen og tenkjer,  
grundar på livs-eventyret.  
Stend det so stort for hans indre syn:  
Herren hev stade for styret!

Blenkte ein elding for auga:  
”Korleis hev han du då lova?  
Herrens kista, ho bur i eit telt, –  
du i ei seder-stova!”

Sende han bod til profeten,  
tala om tankane sine.  
”Herren er med deg,” sa Natan då,  
”fullfør du planane dine!”

## *Men natti etter kom Guds ord til Natan*

Men natti etter kom Guds ord til Natan,  
eit bod som han til David skulle bera:  
”So seier Herren: Etlar du å byggja  
eit hus for meg, der eg skal sidan vera?

Eg hev då ikkje budd i noko tempel  
den lange tidi under ørken-ferda  
og alt til no; men i eit tjeld, ei bud  
eg hev flutt rundt, – slik ville eg det gjera.

Og i den lange, tunge domar-tidi, –  
då desse menn eg baud mitt folk å tryggja, –  
mon eg då sa det minste ord til deim  
at dei eit seder-hus til meg skal byggja?

No skal til David ifrå meg du seia:  
”So seier Herren: Då du smalen gjætte,  
frå beitemarkene eg henta deg,  
til fyrste yver folket mitt deg sette.

Og eg var med på alle dine vegar,  
men dine motmenn fekk ’kje lenger leva.  
No vil eg deg eit av dei største namn  
som finst i heile jorderike, gjeva.

Eg Israel, mitt folk, ein bustad etlar;  
der skal dei trygt få bu i heim og hagar.  
Deim aldri nidingar skal kua meir,  
med harde hender, som i gamle dagar.

Eg fred deg gjev ved alle landegrensor, –  
den fagre arven skal so vel eg tryggja.  
Og no forkynner Herren, Israels Gud:  
at *han* åt *deg* so gjævt eit hus vil byggja.

Når æva di er all og du fær kvila, –  
i fred til dine feder skal få fara,  
eg høgt i heider lyfter ætti di;  
og henne rikt velsigna vil, og vara.

Din son sitt kongedøme fast eg tuftar;  
hans kongsstol eg til evig tid vil tryggja.  
Og han skal lyfta arven etter deg, –  
eit tempel for Gud Herren han skal byggja.

Eg vil i miskunn vera far for honom,  
og han skal allstødt sonen min få vera.  
Og gjer han noko gale, mis-fer seg,  
med tukt eg han den rette veg skal læra.

Men aldri skal mi miskunn frå han vika,  
som det med Saul, den arme mannen, hende.  
Nei, alltid skal mi signing fylgja han,  
til tidarmålet hans eingong tek ende.

Stødt skal ditt hus, ditt kongedøme standa;  
til evig tid skal eg mi miskunn gjeva.  
Uruggeleg skal Davids kongsstol stå, –  
nei, ikkje skal han rikkast i all æva.”

### *Då drygde David lenge for Guds åsyn*

Då gjekk kong David inn i heilagdomen,  
for Herrens åsyn drygde lenge der.  
I bøn, tilbeding, takk so djupt han anda.  
So sælt det var å vera Herren nær.

”Kven er eg, Herre, Herre,” – so han sagde, –  
”kva er mi ætt at du hev dette gjort?  
Og endå syntest dette deg for lite, –  
so opnar du ein fager framtid-port.

Du talar om mi ætt langt fram i tidi.  
Kva skal so David tala til deg meir?  
Du kjenner sjølv din tenar, Herre, Herre,  
og veit eg er eit kjereld gjort av leir.

Men for ditt ord skuld gjorde du alt dette, –  
din lovnad og ditt store hjartelag.  
No hev du kunngjort det for meg, din tenar.  
Ditt namn eg lova vil til cymbel-slag.

For du er stor, du allhers drott og Herre!  
Det ingen er som du i verdi vid.  
Og ingen utan du er Gud, – det veit me.  
Du er og var og vert til evig tid.

Og kvar på jordi finst eit folk som dette, –  
eit einaste, – som *ditt* folk, Israel,  
eit folk som Gud kom sjølv og atterløyste,  
då det i framandlandet var ein træl, –

eit folk som til sitt eige Herren gjorde,  
til pris og æra for sitt høge namn, –  
og so han kunne gjera dette store  
for landet sitt, og ta oss til sin famn?–

Du ut det løyste or Egyptar-landet,  
frå heidningfolk og avguds-ætt i sud,  
so Israel ditt eige folk skal vera  
i æva all, – og du vart deira Gud.

### *Lat lovnaden lysa!*

Lat det no verta sannrøynt i all æva, –  
det ord du tala, lat det stå ved makt!  
Lat yver meg og ætti mi det lysa!  
Å, Herre, Herre, gjer som du hev sagt!

Då namnet ditt vert stort i alle ævor;  
som Israel sin Gud du vidt vert kjend.  
Og huset åt din trugne tenar David,  
det for di åsyn stort og stødig stend.

For, Herre, allhers Gud, du til meg tala,  
at du eit hus vil byggja sjølv åt meg.  
Og difor eg, din tenar, hev meg våga  
å bera denne bøni fram for deg.

Du hev din tenar denne lukka lova,  
og ordi dine, Herre, sannast lyt.  
So lat det no deg tekkjast å velsigna  
din tenars hus, – til tidarmålet tryt!

### *De portar – lyft opp dykkar hovud!*

Salme 24,7-10

De portar, lyft opp dykkar hovud,  
so hovdingen opne dykk finn!  
Og lyft dykk, de evige dører,  
so herlegdoms-kongen kjem inn!

Kven er han, den herlege kongen,  
som inn gjennom portane rid?  
Det *Herren* er, ovsterk og veldig,  
ja, Herren, allveldig i strid.

De portar, lyft opp dykkar hovud,  
so hovdingen opne dykk finn!  
Og lyft dykk, de evige dører,  
so herlegdoms-kongen kjem inn!

Kven er han, den herlege Kongen,  
som utanfor porten no er?  
Gud Sebaot, herskarars Herre,  
*han* Herren den herlege er! –

## I UFRRED OG FALL

### UFREDS-ELDAR

#### *So tørna David på nytt i hop*

Men ufreds-eldane loga opp, –  
det skulle 'kje mykje til. –  
Ei liti glo vart so brått eit bål,  
og striden vart heit og vill.

So tørna David på nytt i hop  
med herar frå fiend-land, –  
filistar-fylkingen møtte fyrst,  
og siger å nyo vann.

Han hovudstaden ifrå deim tok –  
og bygdi omkring, og Gat.  
Han Moab-folket i lekkjor la;  
dei svara åt honom skatt.

Då *Hadadeser* til Euftrat drog –  
den kongen i Soba-land, –  
han ville styrkja sitt velde der, –  
då David på honom vann.

Han syttan hundrad til fange tok  
av deim som på hestar reid,  
og tjuge tusund av folk til fots, –  
det var vel ei veldig skrid!

Men frå Damaskus det kom ein her  
av syrarar same dag,

til hjelp for kongen i Soba-land.  
So fylkte dei seg til slag.

Om syrar-heren var stor og sterk,  
han bita i graset laut.  
Frå tjuge tusund, og vel so det,  
då blodet i straumar flaut.

Og syrar-folket laut svara skatt, –  
dei seg under David gav.  
Og i Damaskus og rundt ikring  
han hervaktar sidan la.

#### *Slaget i Salt-dalen*

På heimveg frå syrar-slaget  
han møtte so stor ein her.  
Det blenkte i blanke skjoldar  
og blinka i spjot og sverd.

So laut han då atter fylka  
sitt folk til eit alvors-slag.  
Men sidan den dagen nemnest  
ein strålende sigersdag.

I Salt-dalen striden loga, –  
sin bane der mange fann.  
For Edom-heren laut bøta  
med to gonger ni tusund mann.

So fall ogso Edom-folket  
til fote for Davids makt.  
Omsider i heile landet  
der hervakter ut var lagt.



Og so var det fred og fagnad  
og fridom i Israel.  
Kong David med rettferd rådde,  
og folket hans levde vel. –

### *Jonatans son*

Ein dag då kong David mintest  
Jonatan, sin ven og bror,  
han kom med eitt til å tenkja på:  
Finst nokon av hans att på jord? –  
Han hugsa ein gamal lovnad,  
og no vil han halda ord.

So kalla han *Siba* til seg,  
ein tenar i Saul si ætt.  
Han fram for kong David møtte, –  
den veg sprang den sveinen lett. –  
”Er dette Siba?” – so vart han spurd.  
Han svara: ”Ja, det er rett!”

Då spurde kong David honom:  
”Er ingen av Sauls ætt igjen,  
so eg kan få gjort Guds miskunn  
imot han?” – og Siba stend  
med sylv i sitt hår og svarar:  
”Jonatan sin son lever enn.

Han lam er i båe føter, –  
han fekk seg ein lagnad hard.”  
”Kvar er han?” kong David spurde,  
og Siba gav dette svar:  
”No bur han hjå Ammiels-sonen,  
hjå Makir, i Lo-Debar.

Den gongen Jonatan døydde,  
fem år var den guten då.  
Og barnfostra hans tok honom,  
og heimen ho rømde ifrå. –  
Den vesle datt ned, og lamast.  
Det var vel ein ynke å sjå!”

– – –

Erving til Israels truna  
var han i åri dei unge, –  
erving til glimesteins-kruna.  
Men – so kom tidene tunge.  
Døds-sigden sjoga og sopa,  
ætti or Israel øydde.  
Einsam i angest han ropa, –  
alle hans kjære, dei døydde.  
No stod han einsleg attende, –  
rivne var kjæraste røter, –  
attpå i angest han kjende:  
veikna og visna hans føter. –

Hausten hev herjande stormar,  
skyut og kaldsleg er dagen.  
Arge og øydande ormar  
tærer på trei i hagen.  
Men det kjem vår etter vetter, –  
signing frå federne strøymmer,  
rikt til dei tusundtals ætter.  
Herren sin lovnad ei gløymer.

### *Ein arming vert opphøgd*

”Mefiboset! Mefiboset!  
Bod frå kongs-garden deg ventar!  
Skunda deg! – frå Lo-Debar  
dei til David no deg hentar.”

Mefiboset – arme krypling,  
av eit fall for livet såra –  
skolv og stivna ved dei ordi.  
Redsla gjenom hugen båra.

”Ai, no er det ute med meg!  
Davids sverd mot meg seg vender.” –  
So han vert til vogni boren,  
lyft av sterke hermanns-hender.

Sterke stutar vogni rikka;  
byrja so den lange ferdi.  
Sat og sturde Mefiboset,  
vonlaus i den vonde verdi.

No dei køyrer yver Jordan,  
sidan imot sud dei vender, –  
vegen gjeng imillom bergi,  
gjenom grøderike grender.

Der er byen, hovudstaden!  
Mefibosets hjarta bankar.  
Og då vogni sistpå stanar,  
sit han enn i tunge tankar. –

Inn i borgi vert han boren,  
hjelpelaus med lame føter.  
Og for fyrste gong i livet  
Mefiboset David møter.

Armingen på kne seg kastar,  
bøyer andletet mot jordi. –  
”Mefiboset!” kom det kjærleg.  
Sidan lydde desse ordi:

”Unge mann, du må ’kje reddast,  
ottesam du tarv ’kje vera!

Eg for skuld Jonatan, far din,  
berre vel vil mot deg gjera.

Alt som Saul, din farfar, åtte,  
gjev eg deg, – det skal du vita.  
Sjølv du skal, frå no og alltid,  
dagleg ved mitt bord få eta.”

Kongen var so varm i røysti, –  
sit han still ei stund og drøymer  
om Jonatan, hjarte-venen.  
Store minne på han strøymer.

### *Mefiboset græt av gleda*

Atter det i golvet dunkar, –  
denne gong i ljøs og lukka.  
Mefiboset græt av gleda, –  
nyst i svartast sorg han sukka.

”Kva er eg, din usle tenar?  
Eg slikt storsinn skynar ikkje.  
Kvifor kan om meg du bry deg,  
slik ei daud og dåen bikkje?”

Enn ein gong vart Siba kalla  
inn til konungen å koma.  
Høgtidssamt han honom helsa,  
og so fekk han dette bodet:  
”Alt det Saul og ætti åtte,  
gjev eg no til Mefiboset.

Du og dine femten søner,  
attåt dine tjuge sveinar,  
eigedomens hans skal dyrka,  
hemla grøda inn om hausten.

Den som garden kastar av seg,  
skal til kost og tæring vera  
for din herres son, som alltid  
ved mitt bord som ven skal sitja.”

”Alt det du, min herre konge,  
byd din tenar, skal eg gjera,”  
svara Siba, – dermed gjekk han  
ut or hallen, og han sette  
alle sine unge søner,  
og dei tjuge trugne sveinar  
til å tena Mefiboset.

### *Litle Mika*

Og det var Mefiboset, –  
han hadde ein son so grann.  
Han var so glad i den litle svein,  
og *Mika*, det heitte han.

Han var av kongs-ætt boren,  
men bar ikkje kongeskrud.  
Lell Mefiboset var storleg glad:  
”Eg hev honom fått av Gud.”

Hans vegar er ’kje våre, –  
og tidt me dei ei forstod.  
Men når han er enda, vår livsens veg,  
me vitnar at *Gud er god!*

### *Svivyrde sveinar*

Når grannen lid tap og skade,  
då er det ein gamal sed

at dei som bur kringom honom,  
i sorgi og saknet er med.

No hende det seg at *Nahas*, –  
det kongen i Ammon var, –  
vart sjuk, og sovna i døden.  
Til gravi hans folk honom bar.

Og son hans vart konge – *Hanun* –  
då David sagde med seg:  
”Eg venskap vil honom visa;  
for det gjorde far hans mot meg.”

So sende han sine sveinar  
til kongen i Ammons land.  
I sorgi yver den døde  
dei mildt skulle trøysta han.

Men møtte dei vart med kulde,  
og mistanke vond og hard,  
av fyrstane yver Ammon.  
I hugane hat dei bar.

Og so dei til kongen sagde, –  
dei ville til vondt det snu:  
”At David vil heidra far din,  
du aldri i verdi må tru!

Han ende på byen vil gjera,  
og ”trøystarar” sender til deg,  
som byen skal granska og njosna;  
og so vil dei fara sin veg.”

So tok dei då Davids sveinar,  
og sidan dei halvraaka deim,  
og kledi skar av opp til seten,  
og soleis dei sende deim heim.

— — —

Det koka i Israels konge  
då han dette u-stykket frette.  
Og so han lova med sjølv seg:  
Dei skulle få svi for dette.

Han harmast og heitna i hugen,  
at sovore stygt kunne hende,  
og sende sveinar til møtes med deim  
som heimatt med skammi vende.

”Til skjegget hev ut igjen vakse,”  
dei sagde, ”i Jeriko stana!  
Og so kan de heimatter koma.”  
For æra ifrå dei var rana. —

### *Kvi ståkar heidning-folki?*

Salme 2

*Heidning-folki er som eit brusande hav, —  
men HERRE er han som til hjelp Gud oss gav, —  
MESSIAS, hans Son ifrå æva:*

Kvi ståkar heidning-folki  
og stilar på fåfengt verk?  
På jordi kongane reiser seg,  
legg råd imot Herren sterk  
og den som han sjølv hev salva:

”Lat bandi deira oss slita sund  
og deira tog av oss kasta!”  
Slik lyder ordi i deira munn  
når dei Guds lover vil lasta.

Men han som tronar i himmelen,  
han ler, — Herren spottar dei.  
So skræmer han deim i sin heite harm,  
han talar fordi han er vreid:  
”Og eg hev då salva min konge  
på Sion, mitt heilage fjell!”

Ei rådgjerd frå æva eg kunngjera vil, —  
ho evig skal standa ved lag:  
Gud Herren sa til meg: Du er min son.  
Sjå, eg hev født deg i dag!  
Og krev so av meg, og eg gjeva deg skal  
jordheimen all  
og heidningefolki til eiga.

Du skal deim styra med jarnstav,  
som leir-kar deim krasa og knusa.  
Sistpå skal jordheimen all lyda deg,  
lovsongen æveleg brusa.

Og no, de kongar, far visleg fram,  
de domarar, lat dykk då segja!  
Ten Herren med age, med otte dykk gled, —  
all jordi i vyrdnad må tegja!

Kyss Sonen, so han ei skal vreidast på dykk!  
Då gjeng de på vegen til grunne!  
For vil de i ovmod ei hylla hans namn,  
hans harme lett kveikjast då kunne.  
Ja, lov han, de ætter i kvart eit land!  
Sæle er alle som flyr til han! —

## DEN SOT-SVARTE SOGA

### *David, kvi gjorde du dette?*

Ei av dei svartaste sider  
i Israels saga me møter.  
Enno det valds-verket vonde,  
grufulle, hugen vår grøter.

David, kvi gjorde du dette?  
Varsam då ver med å lasta!  
Den som er rein, sagde Jesus,  
han kan den fyrste stein kasta!

Syner den sot-svarte saga:  
synd føder synd, som me seier.  
Fallet, det aukar dess lenger det lid, –  
ringen seg vidare breider.

Fælsleg er syndi si fall-lov;  
ja, me har grunn til å gråta.  
Sistpå då sigrar ei sterkare makt.  
Gud finn ei løysing på gåta.

### *Det tok til med ei herferd*

Det tok til med ei herferd, den årsens tid  
då kongar i krigen plar draga.  
På David sit bod heile Israels her,  
med Joab, til striden seg laga.

So drog dei mot aust, yver Jordan dei gjekk,  
og alle bar våpen og verja.  
Dei kringsette Rabba i Ammon sitt land,  
og bygdene kringom dei herja.

Men David, han drog ikkje ut denne gong, –  
meir makeleg vert ein med åri. –  
So gjekk han då heime i byen og sveiv, –  
der fekk han dei djupaste sår.

So var det ein dag, – ut mot kvelden dei leid, –  
at kongen stod opp frå si kvila.  
På taket til kongshalli gjekk han og dreiv, –  
såg kveldsoli mildt mot seg smila.

Og som han slik gjekk der og såg seg ikring,  
då var det eit syn møtte auga:  
ei kona so vakker, so ovende ven.  
No heldt ho nett på og seg lauga.

Då David lét spyrja kva kvinna det var.  
Det *Batseba* meldest attende.  
”Og mannen, det *Uria* er, ein hetit,”  
So var ho ein annan sitt kvende.

I kongen sin hug hadde heitna ein trå, –  
som eldar i skogbrand han loga. –  
Han freista ’kje lystene leggja i band,  
so vart det ei syrgjeleg saga.

### *Lange skuggar*

Han såg dit han ikkje skulle, –  
lik Eva i Edens hage.  
Når auga dregst i ulovleg leid,  
då gjeng det so mangt or lage. –  
Og syndi hev lange skuggar.

Han såg dit han ikkje skulle,  
og lysti i hugen lòga.

So gav han etter for elv i flaum, –  
og fallet gjekk inn i soga. –  
For syndi hev lange skuggar.

I freisting-stundi er syndi søt,  
men sidan som salt ho svider.  
Sjølv tåre-elvar ei vaskar vekk  
den verken i trege-tider.  
For syndi hev lange skuggar.

Den eine syndi, ho vil so lett  
den andre etter seg draga.  
Det er den fælslege konsekvens.  
Slik livsens lover er laga.  
For syndi hev lange skuggar.

Og når dei skuggar seg sveiper tett  
og skoddi sig yver sjela,  
då finst det bere *ei* makt på jord  
som atter gjev sol og sæla, –  
eit under av Herrens *nåde*. –

### *Ein udåd skal dyljast*

”Eg er med barn!”  
*Det* var den bodskap berre  
som Batseba til David sende inn.  
So gjekk det då den vegen som han trudde,  
dei dagane han gjekk og berre grudde,  
imedan skammi fylte sjel og sinn.

Ho er med barn!  
Med Israel sin konge!  
Imedan mannen slæst for folk og land!

”Eg skjensel yver Gud og ætti fører,  
og nye tider alltid elden nører,  
ein vel fortent forakt sin heite brand.”

Det kjem ei røyst:  
”Ein usling hev du vore;  
statt opp, kong David, vis deg som ein mann!  
Di synd for Gud og menneske du sanne!  
Den veg er tung, men då med lyfta panne  
du vidare din livsveg vandra kan.”

Men ikkje før  
den tonen hadde tagna  
før kongen tennene i saman bit:  
”Nei, heller døy!” han hardt og trassig mæler.  
Det er ’kje fritt, – han både frys og fæler,  
og kinni hans er både kald og kvit.

”For kvar ein pris  
den udåd eg må dylja,  
so ingen vita fær at *eg* er far!

No tør ein time lenger eg ’kje venta;  
eg Joab bed heim Uria å henta,  
so alle vita skal at *han* det var.”

### *Ein konge rømer for sin undersått*

Som sagt so gjort, –  
dei tok han ifrå striden,  
som heitare enn nokon skogbrand brenn.  
Han undrast nok då han tok ut på ferda,  
kva kongen ville, – kva kan det vel vera?  
Med slike tankar han i halli stend.

Med ryggen rak  
framfyre drotten stend han,  
og ærleg honom ser i augo inn,  
ein trugen stridsmann som hev aldri svike,  
men tappert kjempa for kong Davids rike.  
Ein ikke ofte slik ei støyping finn.

Og undan vik  
det vonde samvits augo, –  
ein konge rømer for sin undersått! –  
Det Uria si vonde aning styrkte;  
ei sky av sorgmod andlets-dragi myrkte, –  
med undring såg han på sin store drott.

”Velkomen ver!  
Kor gjeng det dykk i krigen?  
Kor stend det til med Joab og hans her?” –  
Kong David hadde ikkje meir å seia.  
Og Uria, han hadde hug å teia.  
Var *dette* grunnen til at han stod der?

”Du heim kan gå  
og dine føter lauga,  
frå dumbut veg, og roa deg eit bel!”  
la David til, – den sanne meining dylgde. –  
Då mannen gjekk, ei kongegåva fylgde. –  
So trudde drotten alt var godt og vel.

Men Uria,  
han lét seg ikkje kjøpa,  
han drog ’kje heim, kor lokkande det var.  
Istaden gjekk han inn i drengestova,  
med kongens tenarar han ville sova,  
Til David bod om dette nokon bar.

## *Men Uria vil ’kje til heimen gå*

Då kongen sa:  
”Du kjem då frå ei utferd!  
Kvi gjeng du ikkje då til heimen din?” –  
Men Uria, han stod der trygg og trugen,  
og trass i alt det rådde ro i hugen.  
Det rette svar i rette tid han finn.

Han sagde so:  
”I telt bur heile heren,  
imedan striden bårar att og fram.  
Og Joab ligg i læger utpå marki,  
og folket hans, – det same gjer òg arki.\*  
Gå heimatt no, – det vera vil ei skam.

Nei, ei vil eg  
gå heim og eta, drikka, –  
som var det fred, – og vera hjå mitt viv.  
So sant han lever som er Gud i æva,  
so sant du lever, eg det svar lyt gjeva:  
Eg gjer det ikkje for mitt berre liv!”

Kong David sa:  
”I dag du her kan stana;  
i morgon vil eg senda deg av stad.”  
Og Uria i hovudstaden venta,  
den dag, og neste, – sidan David henta  
hetiten til seg, – det var soleglad.

Dei åt og drakk,  
og David drakk han drukken.  
”No,” tenkte han, ”vil heim til seg han gå.”

\* 1. Sam 4,4.

Men Uria om sine tankar tagde.  
Han gjekk, og seg med tenarane lagde.  
So brast ei von for David også då. –

### *So verkar syndi si fall-lov for fullt*

Og so verkar syndi si fall-lov for fullt:  
kong David, han dett og han dett.  
Ein udåd skal løynast, og so han 'kje spør  
om kva som er sanning og rett.

Den natti han hadde på augo 'kje blund;  
ein utveg han søkte, – og fann:  
No Uria rydja av vegen han lyt,  
den tapre og trurøkne mann.

Det dagast i aust, og kong David ris opp,  
so sturen og strunk, utan fred.  
Eit brev han til Joab, sin herfører, skriv,  
det sender med Uria med.

Og ikkje han visste at domen hans der  
stod skriven med David si hand,  
då brevet han varsamt ved barmen sin bar,  
den trauste og trufaste mann.

”Der striden brenn hardast,  
lengst framme,” det stod,  
”der Uria setja du skal!  
Røm undan frå han, so han banehogg fær!” –  
Slik lydde den meldingi kald.

Og Joab, han kringsette byen nett då,  
eit fiende-åtak var nær.  
Han visste kvar djervaste karane kom,  
og Uria sette han der.

Eit utfall vart gjort, og med Joab dei slost,  
og likare ikkje det gjekk:  
Det nokre av Israels hermener fall.  
Og Uria banen sin fekk.

Mot bakken han fall, og der anda han ut;  
no låg han der, livlaus og bleik.  
Han stridde til døden for konge og land.  
Han stupa, men aldri han sveik.

### *Mann med viktig melding*

So sende Joab melding, –  
på leiken var han med, –  
om det som nyst  
i siste slaget hende.  
Han gav den fyresegni –  
til mannen som han no  
til kongen med ei viktig  
melding sende:

”Når no du kjem til kongen  
og hev meldt frå om alt  
som hende i det siste  
harde slaget,  
og han tek til å harmast,  
og vreiden logar opp  
fordi me leid  
det beiske nederlaget,  
so spør han deg:  
”Kvi kom de  
dei murane so nær?  
De måtte då vel vita  
kva de fekk møta der, –  
at fienden frå muren  
ville skjota!



De minnest vel frå soga,  
den gong dei Tebes tok,  
og sidan fåfengt  
freista tårnet vinna.\*  
Kven var det vel som banen  
hans Abimelek vart?  
Det var 'kje nokon hermann,  
men ei kvinna!  
Ho stod på muren, kasta  
ein kvernstein ned på han,  
på Abimeleks hovud, –  
han slik sin bane fann. –  
Eg spør: Kvi kom so nær  
de innåt muren?" –

Då skal du svara David:  
"Hetiten Uria,  
han òg sin bane møtte der i slaget." –  
So gjekk då sendemannen, fortalde David alt,  
om striden og det leide nederlaget.  
"Dei hardt gjekk på," han sagde,  
"då ut mot oss dei drog,  
i opi mark oss møtte,  
men fienden me slog,  
og honom dreiv attende  
alt til porten.

På tenarane dine  
frå muren då dei skaut;  
dei råka ogso nokre  
kongsmenn glupe.  
So fekk dei der sin bane, –  
og Uria med deim, –  
ein flokk i fremste fylking  
såg me stupe."

\* Dom 9,53

Då svara David mannen  
med ekle hyklar-ord:  
"Du Joab, herren din,  
frå meg skal melda:  
"Ver ikkje leid for dette,  
at det so ille gjekk!  
Snart ein, snart hin  
vil sverdet alltid fella.  
Nei, berre gakk på byen  
med endå større makt,  
til dess du hev han rive  
og alt i øyde lagt!" –  
Med desse ordi  
hugen hans du styrkje!"

### *For alltid, alltid borte!*

Då Batseba fekk høyra  
at mannen var 'kje meir,  
so sårt ho grét,  
og yver honom øya.  
Det gjekk igjennom hjarta  
eit kvasst, tvieggja sverd,  
ein vind som ville lukkeskogen snøyda.  
Han var so heil i hugen,  
so open, god og sann.  
Og ho – ho hadde sviike  
sin eigen, trugne mann! –  
No var han død, –  
for alltid, alltid borte! –

---

Då syrgjetidi enda,  
då sende David bod, –  
for no han ville ikkje  
lenger venta. –

Då Uria var død,  
skulle kona vera hans,  
og heim til seg  
han Batseba so henta. –  
Ho fekk ein son omsider, –  
og det var gjævt og stort, –  
men det som David hadde  
av vonde valdsverk gjort,  
var ilt i Herrens augo,  
står det skrive. –

### *Morkna bein*

Han tagde i trass, den arme træl, –  
no var han 'kje fri og fegen.  
Det tyngde ein stein på ei saka sjel,  
og såra han var, og slegen,  
og hugen mot myrkret dregen.

Og livs-safti torna då turken brann  
og dogg ei i hugen dala.  
Til sist var hans hjarta eit avsvidd land  
der aldri ei regnskur svala.  
Men lell han til Gud ei tala.

Og beini hans morkna, – han maktlaus var,  
der kvilelaus om han vanka.  
Det tyngde på honom ei hand so hard, –  
han angest og uro sank.  
Og hjarta i ufred banka.

Han stundeslaus, usæl ikringom sveiv,  
si åsyn mot moldi snudde.  
Han åtte 'kje bidlund, men gjekk og dreiv,  
mot veggen seg stundom studde.  
Og hjarta hans grét og grudde.

Han hugsa hin gongen han lo og kvad  
og lammi i lidi gjætte.  
Å, kor han dei åri var ung og glad,  
med kje og med lam seg kjætte,  
seg leika på føter lette! –

### NATAN

#### *Gud hadde eit sannings-vitne*

Gud hadde eit sannings-vitne  
han fullt kunne lita på.  
Han gjekk, – om det var i elden, –  
når Gud sagde til han: Gå!

Gud hadde eit sannings-vitne, –  
kor stort at det slike finst! –  
Dei spør 'kje om gunst og æra,  
dei spør 'kje om gull og vinst.

Gud hadde eit sannings-vitne,  
då tidi var dim og døkk.  
Han talar eit ord frå Herren,  
so hovdingar skjelv og støkk.

Gud hadde eit sannings-vitne,  
og *Natan* var namnet hans.  
Det enno i ætti glimar  
og gloar som stjerneglans.

## *Natan kjem*

Profet og drott, – dei trådar to er tvunne  
i Israel si gamle soge-bok.  
Snart dei i fred og frygd hev saman runne,  
og snart i digre dyster tak dei tok.  
Det braka laust, so berg og bakkar dunde.  
Dei skifta hogg, so hugen skolv og skok.

Kven skulle tru profetar måtte risa  
den drott som låg Guds hjarta serleg nær,  
han som so herleg hev sin skapar prisa,  
frå livsens morgon hadde honom kjær!  
No Guds heroldar lyt kong David visa  
at heilag, høg og nådig Herren er.

Ein dag han gjeng i sine tunge tankar  
og talmast vekk, og syrgjer, sukkar, styn,  
frå rom til rom han redd og rolaus vankar,  
med myrke, samandregne augnebryn.  
Då brått seg svarte skyer saman sankar, –  
so blenkjer det med bjarte, blanke lyn.

## *Eit einaste lam*

So stend han der, mager og myndig,  
profeten, frå himmelen send. –  
Framfyre han, skjelvande, syndig,  
ein oskegrå storhovding stend.

”Kong David!” han talar til drotten sin,  
og roleg han ser han i augo inn:

”Det budde to menn i den same grend, –  
den eine i velmakt og æra,

den andre i vanmakt og lite kjend,  
var u-vyrd og vesal i verda.

Den rike, han hadde so hæv ein gard,  
og nøgdi med naut og smale.  
Den fattige åtte eit lite lam, –  
det hadde han kjøpt og ale.

I litle lammet dei glade var, –  
det var som eit barn i huset.  
So voks det opp med hans egne born,  
og drakk av det same kruset.

Det fekk seg mat av det same fat,  
og tidt i hans fang fekk kvila,  
som om den vesle hans dotter var, –  
han tykte han såg det smila.

So var det ein dag at ein framand kom  
og ville den riking gjesta.  
No skulle det vel verta gjestebod,  
no skulle til gagns dei festa!

So gjekk han vel til sin bøling ut,  
som burte på bøen beita,  
og fann seg i flokken so feit ein stut,  
og opp seg ein ungsau leita?

Men nei, han tok lammet til armingen  
og laga det til åt gjesten.  
I armods-heimen so sårt dei grét, –  
dei andre tok til med festen. ” –

Kong David hørde, og harmen brann,  
so heit han i hugen lòga.  
Med eitt han lova å hemna hardt  
den mann som slik udåd våga.

## *Den mann er du!*

Han svor ved Herren: "Han visst skal døy,  
fordi han so vond hev vore,  
og bøta firfaldt det lam han tok, –  
han hjartelaust åt hev seg bore!"

Men Natan svara: "*Den mann er du!*  
No domen din sjølv du felde." –  
Det ord er eit av dei djervaste  
som ætti si saga melde.

– – –  
Profetens ord den domens dag,  
dei fall som hogg og hamarslag.  
Frå Herren Gud han bar eit bod:  
"Eg stødt mot deg hev vore god.

Du konge vart i Israels land;  
eg fridde deg or Saul si hand.  
Og alt han åtte, det fekk du;  
i glim og glans eg lét deg bu.

Og landet, alt frå nord til sud,  
til arv du fekk av Herren Gud.  
Var *det* 'kje nok, då skulle eg  
lagt attåt eitt og hitt åt deg.

Lell hev du vanvyrdt Herrens ord,  
og gjort ei synd so stygg og stor.  
For Uria, hetitens, liv  
du tok, og etterpå hans viv.

No sverdet aldri vika skal  
frå huset ditt, i tidi all.  
For du hev svivyrddt Herrens namn,  
ei framand kona tok i famn.

So seier Herren, allhers drott:  
Ei uvers-sky skal koma brått.  
Det du hev gjort på vyrdslaus veg,  
skal andre gjera imot deg.

Det du hev gjort i natti svart,  
ein annan gjer i ljoset bjart.  
Og ein av huset ditt det vert  
som gjev deg denne svipe-snert."

## *Då bøygdest den stive nakken*

Då bøygdest den stive nakken,  
då brotna den hugen hard.  
Då tina eit islagt hjarta,  
so gav han eit audmjukt svar.

Då løystest den frosne fossen,  
då sprengdest ein flaumfull dam,  
og ut frå dei inste grunnar  
eit smertefullt rop braut fram.

Eit barn let seg viljug tukta,  
for riset vart ført av far.  
So sagde han til profeten:  
"*Eg synda mot Herren har!*"

Han augo mot golvet vende,  
og Natan stod roleg der.  
I hjarta sitt djup han kjende:  
han hadde kong David kjær.

Han stod der med salve-krukka,  
og brått tok han loket av.  
I namnet åt miskunns Fader  
han trøyst og tilgjeving gav.

So still og so stor var stundi,  
seg opna ein miskunns-port:  
”So hev då òg Herren teke  
di synd og di misgjerd bort.

Du skal ikkje døy, – men sidan  
Guds fiendar grunn du gav  
til spotting, lyt veslebarnet  
ditt gå i ei tidleg grav.”

So gjekk han, profeten Natan,  
det sterke Guds sendebod. –  
Og kongen stod att, – då brusa  
i sorgmod og takk hans blod.

— — —

Fall då frå hjarta den tunge stein, –  
livsmodet ville han knusa. –  
Styrke det kom i dei morkna bein,  
blodet i årene brusa.  
Livssafti steig i den turka tein,  
treet i gledebrus susa.  
Ope det var millom Gud og han.  
Morgonen atter i auster rann.

### *Sæl er den som syndi si fekk løynt!*

Salme 32

Ja, sæl er den som syndi si fekk løynt,  
so Herren Gud ei lenger kan ho finna!  
So beisk ein lagnad hev mitt hjarta røynt,  
den svarte synd fekk basta meg og binda.  
Fyrst tagde eg, – då morkna mine bein.  
Og syndi låg på bringa som ein stein.

Eg var som blom i sumarturken hard.  
Som såra dyr om natt og dag eg stunde.  
Eg ropa ei, – fekk difor ikkje svar,  
mi livssaft kvarv, – eg bløma ikkje kunne.  
For Herrens hand på meg låg tungt og hardt,  
og himmelen var stengd og låg og svart.

So pressa det eit rop, eit skrik seg fram:  
”Eg synda hev, min Herre Gud!” eg sagde.  
Og han med eitt tok burt mi skuld og skam,  
og frelse-jubel i min barm han lagde.  
Då himmelen var atter høg og blå;  
med frimod kunne eg Guds åsyn sjå.

### *Ein konge i bot og bøn*

Salme 51

Med vekt av eit høg-fjell tyngde  
syndi si svære skuld.  
Talmast og tyntest David,  
hugsjuk og angerfull.

Kastar han seg til jordi,  
nedtyngd av synd og skam.  
Det er i slike stunder  
bøni pressar seg fram.

Det er i slike stunder  
bøni er meir enn ord.  
No treng han berre nåde, –  
naudi er svart og stor.

— — —

Gud, ver meg nådig, nådig!  
Stans i di miskunn min gråt!  
Etter din store godhug  
sletta du ut mine brot!

Reinsa meg frå mine synder,  
rein frå mi skuld du meg två!  
For mi misgjerning eg kjenner;  
alltid mi synd kan eg sjå.

Einast mot deg hev eg synda,  
gjort det som vondt for deg er;  
so fær du rett når du talar,  
er rein når du dømer meg her.

Sjå, eg er fødd i misgjerning, –  
arven frå federne ber.  
Eg hev han munaleg auka;  
skuldi og skammi er svær.

Hug hev du, Herre, til sanning, –  
sanning i djupaste grunn, –  
lær meg då visdom i hjarta, –  
helga min hug og min munn!

Reinsa frå synd meg med isop,  
so eg vert rein, Herre Gud!  
Två meg, – då kvitare vert eg  
enn snøen sitt solskire skrud!

Lat meg få fagnad-rop høyra, –  
unn meg ei glederik stund!  
Ja, lat dei beini seg frygda  
som du hev slege i sund!

— — —

Herre, di åsyn du løyne,  
so du mi synd ei kan sjå, –  
alle misgjerningar sletta;  
dei kan ei skilja oss då!

Skap i meg, Gud, eit reint hjarta,  
so eg kan elska din veg!  
Og ei ny ånd, som er stødug,  
gjeve du inne i meg!

Kast meg 'kje burt frå di åsyn, –  
dit eg din smil ikkje ser!  
Tak ei din Heilage Ande  
frå meg, å Herre, eg ber!

Frygdi av frelsa di, Herre,  
gjeve du atter til meg!  
Og med ei ånd som er viljug,  
oppe meg hald på min veg!

Fri meg frå blodskuld, min frelsar,  
og dine vegar meg vis!  
Herre, lat opp mine lippor,  
til å forkynna din pris!

I brennoffer hev du 'kje hugnad,  
og ikkje til slaktoffer lyst, –  
eg skulle deg elles det gjeva,  
for takki, ho brenn i mitt bryst.

Nei, offer for Gud er den åndi  
som brotna og ikkje veit råd.  
Eit sundknust og sundbrote hjarta  
det vil, Gud, du ikkje forsmå.

Gjer vel imot Sion i nåde;  
Jerusalems-murane bygg!  
Då skal me di miskunn forkynna;  
vår ferd og vår framtid vert trygg.

Då hugnad du hev i dei offer  
som folket i rettferd ber fram.  
Då skal dei, min Gud, på ditt altar  
ofra dei skuldlause lam.

### *Sona-tapet*

Han vrir sine hender i ve og verk,  
han øyar i hjarte-kvide.  
Kva tek slik tak i den drotten sterk,  
ved dag og ved natte-tide,  
kvi lyt han so namnlaust lide?

Den son han fekk i si villferds natt,  
no stridde med sotter sterke.  
Han talmast og torna, den litle skatt,  
og panna bar dødsens merke.  
Skal *han* få fullenda verket?

Han fasta strengt, og til Gud han bad  
for guten i feber-rider.  
For i den vesle han er so glad,  
og græt når so sårt han strider.  
Då er det vel tunge tider.

— — —

Gledelaus er kvar ein dag,  
stivna alle andletsdrag.  
Og når soli sig bak fjell  
og det myrknar imot kveld,  
gjeng kong David heim til seg, —

han på tunge tankar dreg,  
kastar seg på golvet ned,  
kvilelaus og utan fred.  
Heile natti ligg han der.  
svevn på auga ikkje fær.

— — —

Dei som i huset hans lengst hadde vore,  
våga seg endeleg inntil, og sa:  
”David, vår konge, me inderleg bed deg:  
Reis deg frå golvet, og ét litt!” dei bad.

Men han vart verande der i si kvida,  
ville ’kje eta og reisa seg upp.  
Og so omsider – den sjuande dagen –  
døydde ifrå han den ny-sprotne knupp.

Hjarta det litle, det stana i barmen,  
augo dei unge, dei slokna og brast.  
Kinni vart kvite og kalde som klake, –  
livstreet losna i stormkastet kvast.

Sveinane torde ’kje seia til David  
guten var slokna, – dei tenkte med seg:  
”Ikkje han lydde då guten hans levde,  
no endå mindre vel ordet vårt veg.

Fær han no høyra den litle hev fare,  
kunne han gjera seg fort noko ilt.” –  
Kongen, som låg der på golvet i kvide,  
gådde då lell at dei kviskra so stilt.

Skyna han då: No hev guten min slokna.  
Varleg han spør dei som kringom han stod. –  
”Ja,” laut dei svara, ”no ut hev han anda.” –  
Då synte David ei kongeleg ro.

## *Livet må levast om tapet me møter*

Brått reis han opp ifrå golvet og tvo seg,  
salva si åsyn, der tårar nyst flaut,  
klede han skifte, og Herren han tilbad,  
gjekk so til bords, og Guds gåvor han naut.

Sveinane undrast, og sagde til kongen:  
”Ikkje me skynar kor no du fèr åt.  
Medan den litle var endå i live,  
faste du, og for hans skuld var i gråt.

Aldri so snart hev han slokna, den vesle,  
so ris du opp og ditt andlet du tvær,  
salvar di åsyn, og klede du skifter,  
gjeng so til bords, og du føda deg fær.”

Svara då David: ”So lenge han levde,  
fasta og grét eg, – eg tenkte som så:  
Kanskje Gud Herren seg lell vil miskunna,  
og lata guten min leveår få.

No som den litle hev fare ifrå meg, –  
ligg der på puta, mi rosa, min skatt, –  
seg meg, de sveinar, kvi skal eg no fasta?  
Kan eg vel henta den avlidne att?

Eg lyt ein gong fara dit der den litle  
lever – men aldri kjem *han* att til meg.  
Livet må levast om tapet me møter.” –  
Vidare gjeng han med frimod sin veg.

– – –

Og han som tok den dyre skatt,  
han noko gildt og gjævt gav att.  
Ein son han fekk, – ei gåva god.  
Dei kalla honom *Salomo*.

Og Batsaba var gutens mor.  
Ho gleddest ved den gåva stor.  
Hans namn vart velkjent i vår verd.  
Og Herren hadde honom kjær. –

## *Ei hugsprengd ånd er eit Herrens tempel*

Salme 34

*David tolkar si lukka, –  
ei sæla so djup og stor. –  
So lovar han Herrens miskunn,  
med stille og sterke ord.*

Eg Herren Gud vil lova til kvar ei tid og stund  
for miskunn og den store frelse-gåva.  
Hans pris skal alltid vera og ljoda i min munn,  
ja, evig vil hans dyre namn eg lova.  
Og dei som ottast Herren, skal glade dette sjå;  
so vil i lag me vandra, på livsens vegar gå,  
til morgon-landet utan uvêrs-skyer.

So lova Herrens velde med meg, lat oss i dag  
høglova namnet hans og honom prisa!  
Eg søkte han på naudi sin store alvors-dag,  
og han i miskunn ville nåde visa.  
Han fria meg frå alt som meg skræmde på min veg;  
istaden han si åsyn let lysa yver meg.  
No skal eg einast rosa meg av Herren.

Dei lyste av lukka og gleda,  
alle som opp til han såg.  
Nei, aldri turvte dei blygjast,  
ljøs yver anletet låg.



Her er ein arming som ropa, –  
Herren, han hørde mi røyst,  
or alle trengslor meg frelste, –  
han hev so herleg meg løyst.

Sjå, Herrens engel seg lægrar  
kring deim som ottast hans namn,  
friar deim ut ifrå fåren,  
fører deim trygt til Guds hamn.

Smaka og sjå då at Herren er god!  
Sæl er den mannen som flyr til hans famn.

\*

Unge løvor li naud og svelt,  
sjølv sterkaste panter skrantar;  
men dei som søkjer til Herren inn,  
ei noko godt dei vantar.  
Ottast då Herren, hans heilage folk!  
Då saknar de ingen ting.

Kom, born, kom høyr på meg!  
Eg vil dykk noko læra:  
å ottast Herrens namn  
er dykkar høgste æra.  
Om du hev lyst til liv,  
deg ynskjer lukke-dagar,  
sjå til at dine lippor du  
til svik og lygn ei lagar!

Ifrå det vonde vik,  
til godt ditt hjarta vende!  
Søk fred, far etter han,  
om so til heimsens ende!

For Herrens augo, dei vende er  
til deim som gjeng rettferdsvegar,  
og øyro hans høyrer på deira rop.  
Den livsferd de aldri tregar.

Men Herrens åsyn er myrkt mot deim  
som vandrar dei vegar vrange.  
Og deira minne han rydjer ut, –  
for syndi har skuggar lange.

\*

Hine ropar, og Herren høyrer,  
or alle trengslor deim friar ut,  
er deira gøymsla og faste festning,  
der dei fær gløyma si sorg og sut.

Og dei som ber på eit broste hjarta,  
hjá deim er Herren i nåde nær.  
Ei hugsprengd ånd er eit Herrens tempel,  
for han med frelsa er ogso der.

Vel ogso den som i rettferd vandrar,  
fær mang ei ulukke tidt å sjå.  
Men Herren friar han ut or alle;  
dei myrke makter kan ei han nå.

Han vel tek vare på alle beini,  
og ikkje eit av deim brjotast skal.  
Men dei som vandrar dei vonde vegar,  
dei drepne vert i det djupe fall.

Og deira sjeler som trutt han tener,  
so lint han lækjer og løyser deim.  
Av deim som flyr til han, ingen sakast.  
Og sistpå når dei den gode heim.

## BEISKARE ENN DØDEN

### SYND OG UFRED I DAVIDS HEIM

#### *Nattsvart skugge*

Tidt i dei beste heimar  
timest det tunge såre, –  
stundom verre enn når ein ven  
ligg likbleik på dødsens bære.

Sjølv i den hævaste kongshall  
hender det simple og svarte.  
Fuglen skitnar sitt eige reir,  
og sulkar det skire og bjarte.

Ogso i Davids huslyd  
fall desse nattsvarte skuggar.  
Då skin ikkje eit einaste ljøs  
inn gjennom glas eller gluggar.

#### *”Eg elsker Tamar!”*

Vakker og ven var Tamar, –  
ho dotter til David var.  
Amnon Davidsson – halvbror hennar –  
på elskhug til Tamar bar.

Ein ofse-eld brann og spraka;  
det gleim i ei urein glo.  
Slik sut han hadde for hennar skuld, –  
han åtte ’kje rist ell’ ro.

So talmast Ammon frå dag til dag,  
og tærdest av lyst og trå.  
For ho var møy, – han var hennar bror.  
Han visste seg ingi råd.

Ein ven han hadde, eit syskinbarn, –  
*Jonadab* den mannen var, –  
ein son av Simea, Davids bror, –  
ein utkropen, ov-klok kar.

Ein vakker dag han til Amnon sa:  
”Du kongsson, kor hev det seg  
du ser kvar morgon so vesal ut?  
Aa, seg det då vel til meg!”

”Eg elsker Tamar,” sa Amnon då, –  
ho Absaloms syster var. –  
Då tenkte venen seg om eit bel;  
so gav han eit råd til svar.

Og Amnon fylgde det vene-råd, –  
so simpelt og svart som sot.  
Gud, fria oss ifrå lygn og list,  
som tærer vår livsens rot!

Han la seg sjuk, og då far hans kom,  
han sa kva han ynskte seg:  
”Å, gjev at Tamar vil koma inn,  
og laga litt mat åt meg!”

#### *Og Tamar kom i si gode tru!*

Og Tamar kom, i si gode tru,  
ei syster so gjæv og gild.  
Ho helsa honom med munter smil,  
og kakor ho laga til.

Men han tok tak i ei skuldlaus møy,  
og øvde mot henne vald.  
Ho bad so inderleg: ”Skona meg!”  
Hans hug var so heit – og kald.

”Kvar skal eg fara med skammi mi?  
Du øyder min uskylds-arv.  
Og du vil gjelda i år som kjem,  
for Israels verste skarv.

Slik gjer dei ikkje i Israel!  
Øv ikkje slikt skjemdar-verk!” –  
Han lydde ikkje på syster si.  
Kven tem vel ein vill berserk?

Men brått han slokna, den heite brand;  
ho kolna, den raude glo.  
Då opp det lòga ein annan eld:  
Han hata si syster no.

Og hard i mælet han sagde so:  
”Ris opp, og gakk brått din veg!”  
Ho svara: ”Valda meg ikkje sorg!  
Og driv meg ’kje burt frå deg!

For endå verre det verta vil  
enn det du mot meg hev gjort.” –  
Men hard i hugen han høyrer ei, –  
han driv henne kaldsleg burt.

”Høyr her!” han ropar på sveinen sin,  
som honom til hande gjeng.  
”Hav henne der ut or huset mitt,  
og døri for henne steng!”

— — —

Harde hender tak i henne tok.  
Stakkars Tamar ut på gata ók.

### *Tamars gråt*

Gråtande gjeng ho på gata ut,  
tyngd av si sorg, og tærd av si sut.  
Uskuldi øydd, og møydomen mist!  
Himmelen sky-tung og tåkut og trist.  
Tamar – ein klagande haust-fugl på kvist.

Hev ho ein fotsid erm’kjole på, –  
slik som prinsessone alltid pla gå.  
Kongs-døtrer alltid den bunaden bær,  
teiknet på møydomen deira det er.  
Gråten til Tamar i hjarta oss skjer.

Tamar tek oska og strør i sitt hår,  
øyande nedyver gatone går.  
Erm’kjolen sid ho i sunder so riv;  
hendene hennar i hovudet triv.  
Lagnaden hennar: eit øydelagt liv!

Absalom, bror hennar, ser henne slik.  
Skjer han i hjarta dei såraste skrik.  
”Teg deg, mi syster, din bror han då er!  
Du må av dette ei ta deg so nær!”  
Endå ho græt yver lagnaden svær.

Einsleg og vonlaus hjå bror sin ho bur,  
dag etter dag sit ho tagal og stur.  
David det høyrde, vart ovende harm,  
heitna i hugen, – det brann i hans barm.  
Hjarta hans syrgde, i fars-kjærleik varm.

## *Hatet*

Det bygdest ein mur,  
ein vegg av is,  
millom bror og bror.  
So mælte dei ikkje  
eit steinsens ord, –  
på fiendars vis.  
Og Absalom hemn  
i sitt hjarta svor.

So stod denne is-mur  
frå dag til dag,  
ifrå år til år.  
Det var som eit  
svellande verkje-sår,  
eit horn-hardt nag.  
Kor nifst når slikt broder-hat  
grunnen rår!

”Ja, Amnon hev syster mi,  
Tamar, krenkt.  
Det hemnast skal!” –  
No kjærleikens dør  
hev for godt han stengt, –  
det er so kaldt.  
I hatet sin nordan-sno  
visnar alt. –

## *Saue-klypping hjå Absalom*

Slik gjeng to lange år  
i iskaldt drag frå nord.  
Då bleiknar bjartast blom, –  
men hatet gror.

Han aukar, denne blåe eld,  
og aldri fell.  
Aa, usæl kvar ei stakkars sjel  
som hatet vel! –

Saueklypping hjå Absalom.  
Og attpå fest!  
David fær helsing: ”Å kjære, kom,  
hjå meg ver gjest!  
Eg alle kongssøner ogso bed,  
og mennene dine du òg tek med!

Kong David svara: ”Hav takk som byr!  
Men koma me ikkje kan alle.  
Me vert so mange at me deg bryr,  
til bry vil me ikkje deg falle.” –  
Om Absalom nøydde, han endå ’kje vil,  
men ynskjer sonen sin lukka til.

”Men far, om *du* ikkje koma kan,  
lat Amnon i lag med oss vera!” –  
Då spør kong David kvi nettopp han  
skal få slik vyrdnad og æra.  
Han visste litt om den elden varm  
som gleim og gløste i gutens barm.

Men Absalom, han gjekk atter på, –  
han spela på mange strenger, –  
so David visste ’kje onnor råd,  
han meinka han ikkje lenger:  
”Fordi so inderleg du meg bed,  
skal alle brørne få vera med.”

## *Hemnen*

Ein mord-plan hadde han longe lagt,  
det før var hans eigen løyndom.  
Han hadde trutt med den tanken tagt.  
No skal det til sist verta røyndom.  
Hans hug er hard, og hans vilje stål,  
han stend ved hemnen sitt stygge mål.

So samlar han sveinane om seg,  
før festen for godt tek til.  
Med otte og undring dei høyrer  
den mordplanen våg'leg og vill.

”Sjå etter,” han sagde, ”når Amnon  
av vinen er vorten fjåg,  
då skal honom ned de hogga!”  
Det ålvor i ordren låg.

”De tarv ikkje ottast,” han sagde,  
”for skuldi aleine eg ber.  
Eg byd at de dette skal gjera.  
Ja, djerve og hjartige ver!”

So festa dei utetter kvelden,  
og fjågare vart etter kvart.  
Og Amnon – han ana 'kje uråd –  
av alle den fjågaste vart.

Det brått tok ein ofseleg ende, –  
med øksar og knivar dei kom.  
So særde dei Amnon til døden,  
og snøgt i sitt blod seig han om.

Eit redsle-skrik skar gjennom salen, –  
kvar einaste kongsson spratt opp,  
på muldyri steig – og dei rømde.  
Som galne dei reid, i galopp.

## *Brodermord*

Det gjeng ein sukk  
gjennom all natur,  
og lauvfalls-skogen  
stend still og stur.  
Det gjeng ein støkk  
yver all vår jord  
når nokon myrdar  
sin eigen bror.

Det gjeng ein klage  
frå nord til sud,  
og såre spursmål  
stig opp mot Gud.  
Det gjeng ei skjelving  
i sud og nord  
når einkvan myrdar  
sin eigen bror.

Slik hev det vore  
frå Abels tid, –  
den fyrste, fælslege  
broderstrid.  
Men Gud hev lova  
det kjem ein vår  
då kjærleiks-bylgja  
om verdi går.

## *Kongen i sorg*

Me hørde nyst at kvar ein kongsson rømde  
i rygd og redsla frå ein blodig fest, –  
at Amnon, Davids-sonen, ned vart hoggen,  
då han hjå bror sin, Absalom, var gjest.

Men medan dei på vegen var til byen, –  
Jerusalem, – det ord vart bore ut  
at alle Davids søner no var drepne.  
Kva under då at stor vart kongens sut.

Han reiste seg, og kledi reiv han sunder,  
og so han kasta seg på jordi ned.  
Og alle mennene, med rivne klede,  
stod kringom han, og ropa akk og ve.

Då skar det sverd på sverd igjenom hjarta;  
det var 'kje meir enn båten for han bar.  
I slike stunder svartnar det i skogen.  
Då er det ikkje lett å vera far.

Då David slik på jordi log og stunde,  
*Jonadab*, brorson hans, til honom sa:  
"Nei, ikkje alle sønene er drepne.  
Du, konge, må 'kje slik på vegen ta!

Det berre Amnon er som hev mist livet;  
for etter det som Absalom hev sagt,  
det var ei avgjord sak alt frå den dagen  
då Tamar, syster hans, han tok med makt.

So gjer deg ikkje ilt av dette, konge,  
at dei hev sagt at alle livet lét.  
Det berre Amnon gjeld," so sa *Jonadab*  
til David som på bakken låg og grét.

## *Absalom rømer*

Då utkiks-mannen so ikring seg skoda,  
han såg at det kom farande ei skreid.  
Dei nærma seg, på vegen attmed fjellet,  
på trøytt muldyr siste stegi reid.

Då sa *Jonadab* oppøst til kong David:  
"Der kjem dei! No kan kongen vera glad!"  
Han la so til, den lure, kloke karen:  
"So gjekk det nett som tenaren din sa!"

Og ikkje før var desse ordi sagde  
før kongens søner kom dit David var.  
Dei brast i gråt, og kongens menner storgrét.  
Men aller sårast syrgde Ammons far.

Men Absalom, han rømde, kom seg unda,  
til Gesur-kongen *Talmi* fort han før.  
Og David syrgde son sin heile tidi.  
For hjartesår det finst som aldri gror.

Men sorg og sagn, dei mildnast då omsider,  
til Absalom no hugen drogst på nytt.  
Tri år var gått, ifrå den svarte stundi  
då han til Gesur-kongen hadde flytt.

## *Kona frå Tekoa*

Ja, Davids hjarta drogst i løynd  
til Absalom, – trass alt han var  
hans eigen son; han sjølv var far.  
Han lengta både dag og natt:  
"Aa, gjev eg kunne sjå han att!"

Den gamle krigar Joab såg  
at David hadde det 'kje godt, –  
han vantrevst i sitt vene slott.  
Og difor no han til seg bad  
ei kona klok frå Tekoa.

Han sa til henne: ”Kjære deg,  
no skal du gå til borgens borg,  
og fata som om du hev sorg!  
I syrgjedrakt du skal deg kle,  
og som ei enkja du deg te!

Med olje du ei salve deg,  
for du på mannen syrgjer enn,  
og når du so for kongen stend,  
so skal du tala slik!” han sa  
til kona ifrå Tekoa.

So gjeng ho då til kongen inn,  
og kastar seg for honom ned,  
med anletet mot jordi bed:  
”Hjelp, konge, hjelp!” ho ropar ut.  
”Eg er so tyngd av sorg og sut.”

Då spurde kongen, medynks-full:  
”Kva er det så som vantar deg?” –  
”Ai ei, eg er ei enkja, eg.  
Eg longe mannen min hev mist;  
so hende noko meir enn trist.

Di tenestkvinna hadde att  
to søner, men ein vakker dag  
det tretta vart, og nid og nag.  
Den eine hogg til hin, og so  
han skuldig vart i brorens blod.

No heile ætti hev seg reist  
mot tenestkvinna di, og krev  
at sonen min til deim eg gjev:  
”Kom hit med han som bror sin drap!  
No skal han lida same tap.”

So vert dei òg ein erving kvitt,  
men sløkkjer då mi siste glod;  
for ut vert rent eit ættar-blod.  
Min mann si slekt – og namn – døyr ut.  
No skynar du mi svære sut.”

*”No kan du ganga heim!”*

Ho hadde ordet i si makt,  
den kvinna ifrå Tekoa.  
Då flaumen stilna, kongen sa:  
”For denne saki syter eg.  
No kan du ganga heim til deg!”

Men kona svara: ”Herre drott,  
i slike høve dødsdom gjeld.  
På meg og mine skuldi fell  
om sonen ei lèt livet sitt;  
men skuldlaust vere huset ditt!”

Kong David svara kona slik:  
”Om nokon hemnar truga tør,  
so berre hit til meg han før!  
For visst det siste gongen er  
at han skal ganga deg for nær.”

Men kona, ho heldt hugleg fram:  
”Kom Herren Gud i hug!” ho bad,

”so hemnaren ei gjeng av stad,  
or vegen rydjer sonen min,  
so ikkje meir eg honom finn.”

Tolmodig hørde kongen på:  
”So sant Gud lever, – Herren vår, –  
skal ikkje verta skadd eit hår  
på hovudet åt guten din.” –  
Og røysti hans var logn og linn.

### *No dømde kongen sjølv seg*

So var vel kona ferdig då?  
Nei, *snart* den kjelda ikkje tryt.  
”Di tenestkvinna endå lyt  
eit ord få lov å seia deg.”  
Og kongen svara: ”Berre seg!”

”Kvi hev du, herre, tenkt so vondt  
imot Guds folk?” var hennar svar.  
”Då kongen tala so, det var  
slik om han dømde sjølv seg.” –  
Slik kvinna modig la i veg.

”Ein burtstøytt son hev kongen òg, –  
han bror sin drap ei vådenatt, –  
no fær han ikkje koma att.  
Visst lyt me alle eingong døy, –  
som gras på voll vert visna høy.

Me liknar vatn som ut vert rent  
på marki, – turr av hete-brand, –  
som ingen oppatt samla kan.  
Men Gud vil helst at kvar og ein  
skal friast ifrå dødsens mein.

Og difor alt som tenkjast kan,  
han grundar ut til bergings-von  
for kvar ein stakkars burtstøytt son,  
so han hjå Herren leva kan  
og sleppa bu i framandt land.”

Slik tala kvinna, – vende so  
attente til si eigi sak, –  
ho runda av, var vis og vak:  
”Eit ord frå kongen, tenkte eg,  
heilt visst vil sutlaus gjera meg.

For du, vår konge,” la ho til,  
”er som Guds engel, var og vis, –  
du høyrer både ros og ris.  
So vere Herren med deg, drott,  
og signe deg i stort og smått!”

### *Er Joab med i dette spel?*

Då kongen tok til ords og sa:  
”Du ærleg no skal svara meg  
på det som eg vil spyrja deg!” –  
Og kvinna viljug var med eitt, –  
sitt ja ho svara, svint og greidt.

So spurde kongen, rakt på sak:  
”Seg, *Joab* skulle ikkje vel  
ha handi med i dette spel?”  
Og svaret svint frå munnen før, –  
ho var ’kje nøgd med fåe ord:

”So sant du lever, – herre drott, –  
når fyrst du talar, ingen mann  
det finst som undan koma kan.



Om han til høgre vender seg, –  
til vinstre so, han finn 'kje veg.

Jau, Joab er det, sant og visst,”  
sa kvinna ifrå Tekoa.

”Han meg kvart ord i munnen la.  
Han ville at du skulle få  
i anna lys den saki sjå.

Men som Guds engel er du vis,  
du konge yver Israel,  
so alt som hender, veit du vel.” –  
Med denne blom og desse ord,  
ho runda av, og heim ho fór.

Og kongen sende beinast bod  
og henta Joab heim til seg:  
”Ja, godt og vel! eg lyder deg.  
Far av, før heim den unge mann!”  
Og Joab, han var fegen, han.

For kongen djupt han bøygde seg,  
velsigna han, og sagde so:  
”No skynar eg du er meg god,  
avdi du gjorde det eg bad.” –  
Og so var han – og kongen – glad.

## EIN MUR AV IS

### *Absalom vender heim*

So ljøs i hugen og lett på tå  
gjeng Joab med song sin veg.  
No skal han Absalom henta heim,  
og difor til Gesur dreg.

Han helsar kongs-sonen, glødd og glad,  
og gjev han det gledebod:  
”No kan til kongen du koma heim!”  
Den tidend var ljuv og god.

Men då so sonen på vegen var,  
han bod ifrå kongen fekk:  
”For mine augo du ikkje kjem!” –  
Då heim til seg sjølv han gjekk.

Men djupt i hjarta det brann ein eld  
og gløste ei glød so varm.  
Han hata far av sin heile hug,  
var hemnsjuk og heit og harm.

Men vakker var han, – i Israel  
det fanst ikkje maken hans.  
Og namnet Absalom vanka vidt,  
det skein med ein eigen glans.

Det fanst 'kje lyte frå hæl til haus, –  
han var i sin manndoms år. –  
Og ingen skulle vel maken sjå  
til Absaloms fagre hår.

Det var so tungt han laut klyppa det,  
kvart nyttår, den kaute knekt.  
Då fann dei ut at to hundrad lodd  
det vog, etter kongens vekt.

Tri søner fekk han, – ei dotter òg,  
so fager og tyd og blid.  
Og namnet *Tamar* han henne gav, –  
det var etter syster si.

So gjeng då tidi, eit år og to, –  
han bur i Jerusalem.  
Ein is-mur stengjer, og Absalom  
ei kongen for augo kjem.

### *Ein byggåker brenn*

Ille likar Absalom  
denne skilje-muren, –  
myrknar meir for kvar ein dag,  
gjeng der sint og sturen,  
sender etter Joab bod;  
han skal gå til kongen.  
Joab kjem 'kje fyrste gong,  
ikkje andre gongen.

— — —

So sa han til sveinane sine –  
han var vel ein utkropen kar:  
”De veit at tett innmed mitt jorde  
ein byggåker gild Joab har.

Og no skal de ganga, de gutar,  
på åkeren kveikjer de eld!” –  
Dei tende, det fata, det spraka  
og skein i den kolmyrke kveld.

Då Joab so såg kor det lyste  
og loga og raudna og rauk,  
då brått spratt han opp, og i sinne  
til Absalom beinveges strauk.

”Seg, kvifor hev sveinane dine  
sett varme på åkeren min?” –  
Og Absalom svara: ”Du ville  
slett ikkje til meg koma inn.

Eg ville til kongen deg senda,  
og gje han den helsingi her:  
”Kvi kom eg då heim ifrå Gesur?  
Eg hadde det likare der.”

No fram eg for han vil få te meg,  
og so fær det gå som det vil.  
Om eg i eit brotsverk er saka,  
so fær han då berre slå til.” –

— — —

Joab gjeng inn til kong David,  
og seier kva sonen hans sa.  
Fars-hjarta smeltar omsider, –  
i sjeli sitt djup er han glad.

Kallar han kongssonen til seg, –  
Absalom kastar seg ned.  
Faren den heimkomne kysser.  
So er det – fyrebels – fred.

### *Det blæs 'kje berre blide vindar*

Det blæs 'kje berre blide vindar  
deroppe på dei øvste tindar,  
der kongar, fyrstar, stormenn bur.  
Det ruskar verre enn ein trur.

Det fekk kong David ogso kjenna,  
frå fyrst, og til hans livsferd enda.  
Snart strauk den linne sunnan-bris,  
snart sno, so modet fraus til is.

Verst er det når eins eigne søner  
med vondskap faderhjarta løner.

Det er ein lagnad tung og hard,  
som døden beisk for trugen far.

Det riv og slit i hjartans røter  
når slik ein lagnad mannen møter.  
Og David ogso røyna fekk:  
hans eigen son imot han gjekk.

### *Hjarte-tjuven*

No kjem me til ein av dei svartaste strek  
i Israels bilet-bok:  
Absalom hjarta åt folket stal,  
han frekt ifrå far sin det tok.

Han vogner og hestar seg fekk, og so  
ein flokk på halvt hundrad mann.  
Når so han var ute på køyretur,  
då sprang dei framfyre han.

Han var 'kje for god til å møta fram  
kvar morgon når soli rann,  
ved vegen til byporten, – der han stod  
og stana kvar ferda-mann.

Han skulle til kongen med saki si,  
og avgjerd i henne få.  
Då Absalom frette, so tyd og blid:  
"Kva by er den mannen frå?"

Og vidare sa han: "Den saki di,  
so rett og so god ho er.  
Men kjem du til kongen, du ingen finn  
som høyrer på henne der.

Men hadde de vit til å velja *meg*,  
og eg vart til domar sett,  
eg skulle nok vita å døma slik  
at kvar fekk sin fulle rett."

Og kom det so ein, ville bøya seg  
for kongssonen kaut og kjekk,  
han rette ut handi, tok fatt i han, –  
ein kyss han på kinni fekk.

Og slik fór han åt med kvar ein som kom  
til kongen med saki si.  
Han hjarta åt Israels-mennene stal, –  
var hyggeleg, rund og blid. –

# ABSALOM — MIN SON, MIN SON!

## ABSALOMS OPPRØR

### *Andre akt i dystert drama-spel*

So tek den andre akti til  
i dette dystre drama-spel.  
Det er mest ikkje til å tru,  
men sann er saga me fortel.

---

Fire lange år er lidne, –  
Absalom ein dag bed kongen:  
”Lat til Hebron meg få fara!  
Der eg vil ein lovnad halda  
eg hev gjort åt allhers Herre.

Då i Syria eg budde, –  
åri tri i Gesur-byen, –  
denne lovnaden eg gjorde:  
”Dersom Gud meg gjev den lukka  
til Jerusalem å draga, –  
koma heim frå framand-landet –  
då vil eg åt Herren halda  
offerhøgtid nedi Hebron.”

”Far i fred!” kong David svara. –  
Han reis op, og drog til Hebron.  
Og då vel han dit var komen,  
njosnarar\* i mengd han sende  
ut til alle Israels-ætter,

\* Speidarar.

med dei ordi: ”Når de høyrer  
luren ljoda yver landet,  
Absalom hev vorte konge;  
han i Hebron-byen råder.”

Frå Jerusalem var med han  
hundrad mann, og endå hundrad.  
Dei var bedne om å fylgja, –  
og dei ana ikkje uråd.  
Difor skal dei ikkje svertast.

Medan Absalom då ofra  
der i Hebron, bod han sende  
og lét *Akitofel* henta,  
Davids rådsman, ifrå Gilo.  
So ho voks og steig i styrke,  
samansverjingi mot David.  
Folket no i store mengder  
brått til Absalom gjekk yver. –  
Soli som ein hårsekk svartna.

### *Skal livet bergast, lyt ein fly*

Dei slær alarm i hovudstaden, –  
eit il-bod kjem frå Hebron by:  
at Israel hev svike David  
og teke seg ein konge ny.  
Då finst det ingen annan utveg:  
Skal livet bergast, lyt ein fly.

Frå høgste tind er David sturta, –  
midt i sitt velde nyst han stod.  
Hans eigen son hev dette valda, –  
so hjarta kunne gråta blod.  
Når lukke-soli sig i havet,  
då sviktar sjølv det største mod.

”Av stad! Av stad!” då David ropa, –  
han miste ikkje hug og hått.  
”No lyt de skunda dykk, og røma,  
før Absalom kjem på dykk brått  
og folket drep i byen her!  
Det hardt fer fram, ein svikars sverd.”

Og tenarane samlyndt svara:  
”Me budde er til alt du vil.” –  
Dei kunne ikkje honom svikta, –  
ein hovding hæv og god og gild.  
Dei ville ikkje frå han gå  
då dagen sollaus vart, og grå.

So gjekk då kongen fyrst i ferdi  
og alle husfolk med han drog,  
og folket der i byen fylgde, –  
det var so langt eit syrgjetog. –  
Ti fylgjekonor lét han att;  
dei vakta kongens hus og skatt.

*”So fær du fylgja med oss!”*

Då ved Bet-Hammerhak dei stogga,  
gjekk kongens livvakt framom han,  
og likeins alle tenest-folki,  
og dei frå Gat, – seks hundrad mann, –  
filistar-menn som Goliat.  
Dei hadde fylgt han ifrå Gat.

Og ein av desse heitte *Ittai*.  
Til honom sagde kongen så:  
”Seg, kvifor gjeng du ogso med oss?  
No kan du fritt attende gå.  
Hjá han som no er konge, ver!  
Ein heimlaus utlending du er.

Du kom i går! So skal eg ikkje  
i dag deg lata reika her  
ikring med oss på rømnings-vegar, –  
eg veit ’kje sjølv kvar leidi ber.  
Tak brørne dine med, og drag!  
Må miskunn timast dykk kvar dag!”

Men Ittai svara David soleis:  
”So sant som Herren Gud er til;  
so sant du lever, herre konge,  
der *du* er, der eg vera vil.  
Om det til liv ell’ daude ber,  
der du held til, din tenar er!”

Kong David sagde då til Ittai –  
i hjartans djup han kløkt seg gled:  
”Ja, ja, so fær du fylgja med oss!” –  
Gats-mannen Ittai drog då med,  
og barneflokket fylgde han,  
og folket hans, seks hundrad mann.

*Det dreg eit fylgje yver Kedron-dalen*

Det dreg eit fylgje yver Kedron-dalen,  
og fremst i ferdi skrid ein sviken drott.  
Han nyst laut røma ifrå Davids-truna,  
frå hovudstaden og so gildt eit slott.

Men sårast var det måtta fly for sonen, –  
for Absalom, hans eigen grumme gut, –  
og for det folk han hadde tent so trufast.  
Og difor hjarta skolv i sorg og sut.

Og heile landet der ved Kedron storgrét  
då folket ifrå byen framom gjekk.

So fylgde alle etter syrgje-toget,  
då kongen fremst gjekk yver Kedrons bekk.

So tok dei vegen ut mot øydemarki;  
levitane og *Sadok* òg var med,  
Guds sambands-kista hadde teke med seg.  
So stogga dei, og kista sette ned, –

til dess alt folket var nådd fram frå byen,  
og millom deim *Abjatar* ogso var.  
Då alle so var samla, sagde David  
til *Sadok* og til deim som kista bar:

”Guds kista heim til byen skal de føra!  
Og syner han meg miskunn, skal eg få  
attente til min heimstad eingong koma.  
Der fær eg han og bustaden hans sjå.

Men om han ikkje miskunn vil meg visa,  
då er eg budd, – han gjere som han vil!” –  
So tala David, med eit audmjukt hjarta.  
Han snudde seg til *Sadok*, og la til:

”Du sjåar er. I fred du heimatt fare!  
Tak med deg son din, og *Abjatar*s son!  
So vil ved ferjestadene\* eg venta  
på bod frå dykk, – eg bia vil med von.”

So førde presten *Sadok* og *Abjatar*  
Guds kista heim til hennar gamle stad,  
til heilagdomen oppi hovudstaden,  
og stana der, som deim kong David bad.

\* Ved Jordan.

## *Ein konge gjeng med gråt opp Oljeberget*

Ein konge gjeng med gråt opp Oljeberget,  
med tilsveipt hovud, og han berrføtt er.  
Og tilsveipt andlet hev det folk som fylgjer, –  
ei gråtande, tungsindig flyktning-ferd.

Dei kjem til David, melder: ”Akitofel  
er millom deim som gjeng med Absalom.”  
Då kongen bad: ”Gud, gjer hans råd til skammar!”  
Den bøn vart høyrd i Herrens heilagdom.

Då David øvst på fjellet so var komen, –  
den staden der dei Herren tilbe plar, –  
det kom ein mann med sunderrivne klede  
og mold på hovudet, – det *Husai* var.

Kong David sa til honom: ”Gjeng du med meg,  
du berre vert til bry for saki vår.  
Eg difor rår deg til attende fara.  
Til Absalom med desse ord du går:

”Din tenar vil eg vera, herre konge,  
som Davids – far dins – tenar eg var før.” –  
Då kan du skipla Akitofels planar,  
og sløkkja desse heite helvet-glør.

I byen er òg *Sadok* og *Abjatar*, –  
og alt du fretter ifrå kongens gard,  
du melda må til dei og deira søner!” –  
Det *Akima 'as* og *Jonatan* var.

So vende *Husai*, Davids ven, attende, –  
han baud farvel med dette syrgjetog, –  
gjekk inn i byen i den same stundi  
som Absalom inn gjennom porten drog.

## *Siba svik Mefiboset*

So skrid ho vidare mot aust,  
den store flyktningferd.  
Om litt fær kongen sjå ein mann,  
ein gamal kjend det er.  
Og namnet hans er *Siba*.

Han trutt hev tent i Saul si ætt,  
i sol-vêr og i sut.  
No er han Mefibosets dreng, –  
Jonatans lame gut,  
som David synte miskunn.  
Ein gamal luring var han nok, –  
det fær me høyra no.  
Det myrkt såg ut for David då,  
men saki hans er god, –  
det trudde endå *Siba*.

No vil han gjera seg til vens  
med Israel sin drott.  
Og so han lyg på herren sin. –  
det var 'kje vent og godt.  
For lygn legg rust på sjeli. –

To klyvja asen hev han med, –  
to hundrad brød dei ber.  
og hundrad stykke sumarsfrukt  
i denne gåva er,  
og attåt det ein vin-hit.\*

Og endå hundrad kakor til  
på asen-ryggen låg, –  
dei av rosiner laga var, –

\* hit = skinnsekk

då David dette såg,  
han sa: ”Kva tyder dette?”

Og *Siba* sa, den gamle rev, –  
han svaret snøgt på tunga hev:  
”Asni skal kongslyden rida på,  
brødet og frukti skal sveinane få.  
Vinen skal drikkast av mødde menn  
når soli i øydemarks-sanden brenn.”

”Men kvar er son åt herren din?”  
Det spørsmål *Siba* fekk. –  
”Han i Jerusalem seg heldt  
då eg ifrå han gjekk.

Han trur for visst at Israel  
til konge vil han ta.  
Og difor var det at han ei  
frå byen ville dra.” –

Kong David trur den sløge rev,  
til *Siba* seier so:  
”Kvar smitten Mefiboset eig,  
det ditt skal vera no.”

”Eg takkar deg,” sa *Siba* svint,  
”du drott, på mine kne.  
Og gjev at kongen kvar ein dag  
sin nåde vil meg te!”

## *Sime'i bannar David*

No kjem me til so svart ei soga, –  
me freista vil å finna ord, –  
men sjeldan i kong Davids lagnad  
me møter han so sterk og stor.

Då dei til Bahurim var komne,  
det kjem ein mann av Saul si ætt.  
Og *Sime'i* – det namnet bar han –  
slik simpel sjel vart sjeldan sett.

Han stig på vegen ut, og bannar;  
i einingi so nifst han sver.  
Me synest kjenna svovel-angen,  
ei lik-lukt frå den vonde verd.

Og alt imedan susar steinar  
mot kongen og hans gjæve menn.  
Han ansar ei dei djerne stridsmenn  
og folket som ved vegen stend.

Og medan slik han sver og svertar,  
han skrik og ropar: ”Burt med deg!  
Ja, burt med deg, din niding, blodhund!  
Sjå til at fort du vekk deg dreg!

No Herren yver deg seg hemnar  
for alt det raude blod som rann  
i Saul si ætt då du omsider  
som konge fylgde etter han.

Men no er kongedømet gjeve  
av Gud til son din, Absalom.  
Som du hev reidt, du no lyt liggja,  
du blodhund under Herrens dom!” –

*”Lat han berre meg få banna!”*

Davids menner hørde, harmast.  
 *Abisai* til kongen sagde:  
 ”Kvifor skal den daude hunden  
 deg få banna, herre konge?

Lat meg no dit burt få ganga,  
hogga hovudet av honom!”

Men kong David honom svara:  
”Seg meg, de Seruja-søner,  
kva hev eg med dykk å gjera?  
Når han bannar meg, – når Herren  
sa til honom: ”Banna, David!”  
kven vil våga då å spyrja:  
”Kvifor gjorde du no dette?”

Heldt so drotten fram, og mælte:  
”Når min eigen son meg jagar, –  
han, mitt eige kjøt og blod, –  
og vil livet av meg taka,  
kan ein noko anna venta  
då av den benjaminiten?

Lat han berre meg få banna!  
For min Herre honom sagde  
at han so med meg skal gjera.

So kan henda Herren sidan  
i mi naud på meg vil tenkja,  
og i staden for forbanning  
lata noko godt meg møta,  
so for meg det atter dagast.”

---

So vandra han vidare frametter vegen,  
David, og mennene hans.  
Jamte med han, lenger oppe i lidi,  
*Sime'i* gjekk og han banna  
og svor utan stans.  
Og han kasta stein, og han hivde sand,  
den villfarande, ukjerne mann.



Etter ei stund drog kong David og folket, –  
den flyktande her, –  
inn i Ajefim, og kvilde seg der.

### *Gud – du er min Gud!*

Salme 63

*Då David der i øydemarki var,  
og lagnaden som aldri før var hard,  
eit rop, eit skrik seg pressa fram, – han bad.  
Og bøni vart so tillitsfullt eit kvad:*

”Gud, du er *min* Gud, eg årle deg søkjer,  
for sjeli mi tyrstar so sårt etter deg.  
Ja, som ein blom i den solsvigde audni  
hjarta mitt lengtar i barmen hjå meg.

Slik – som min Gud – eg so ofte fekk sjå deg.  
før, i din heilagdoms herlege hall.  
Herre, di miskunn er betre enn litet,  
og mine lippor deg høglova skal.

Deg vil eg lova so lenge eg lever,  
hendene mine eg lyfter mot deg, –  
vil i ditt heilage namn opp deim lyfta,  
ganga med lovsong min til-etla veg.

Sjeli skal mettast av mergfulle retter,  
lippone lovsyngja deg kvar ei tid.  
Og når eg kjem deg i hug på mitt lægje,  
tenkjer eg på deg mens timane skrid.

For du hev vore mi hjelp får min ungdom, –  
fridde og frelste når eldane brann.  
Difor i skuggen av vengjene dine  
ogso i trengslone fegnast eg kan.

Sjeli heng fast ved deg, kan deg ’kje sleppa.  
No held meg oppe di veldige hand.  
Du med di miskunn meg alltid vil møta,  
og med di hjelp storverk gjera eg kan.

Men dei som stendig meg står etter livet, –  
støyta meg vil ifrå fløgbratte stup, –  
sjølve skal snåva og verta til skammar,  
koma til jordi sitt djupaste djup.

Sverd skal deim øyda, og revar deim snøyda.  
Slik gjeng det alle som vondskapen vel.  
Kongen skal gle seg i Gud og sin frelsar.  
Kvar den som sver ved han, prisar seg sæl.

### *”Leve kongen!”*

Men Absalom i hovudstaden rådde, –  
Jerusalem, – der far hans hadde bygt.  
Han ogso Akitofel hadde med seg,  
den mann som David, kongen, sveik so stygt.

Arkiten Husai, som me nyleg nemnde,  
som David sende til Jerusalem,  
han ropar: ”Leve kongen! Leve kongen!”  
imedan innåt Absalom han kjem.

Men denne svarar Davids-venen Husai:  
”Seg, er det slik du vyrder venen din?  
Kvi fylgjer du han ei på røming-ferdi?” –  
Men Husai, gløgg og snartenkt, svaret finn:

”Nei, den som Herren Gud og heile folket  
hev valt til konge, vil eg høyra til.  
Og elles: er du ikkje son av David?  
Som *han* eg tente, *deg* eg tena vil.”

## *Akitofels råd*

Som svar frå Gud galdt Akitofels råder, –  
slik hjå kong David, slik hjå Absalom. –  
Kan henda var det so den fyrste tidi,  
men sidan veik han av, og fekk Guds dom.

”Kva skal eg gjera? spurde Davids-sonen.  
Kom med ei råd!” – Og Akitofel sa:  
”Du skal med far dins fylgjekonor liggja,  
dei som vart att då David strauk av stad!

Når heile Israel so hev høyrte gjete  
at du hev far din hatig gjort på deg,  
nytt mod dei fær, og viljug vil dei fylgja  
når vidare på sigers-ferd du dreg.”

Som sagt, so gjort, og dermed vart han oppfylt,  
den domen Natan sa då David fall. –  
Slik kastar mang ei misferd lange skuggar,  
og usæl den som er i myrkers vald!

## *Akitofel er klok –*

Me er i ein lagnads-time  
i Israel’s sogebok.  
Det nær hadde gjenge ille,  
men onnorleis Gud det ville.  
Og so han sjølv taumane tok.

---

For – god var rådi Akitofel kom med,  
og oppglødd tolka med so sterke ord.  
No ville han slå til med stridsmenn snøgge.  
Då, meinte krigaren, den gamle, gløgge,  
er voni viss, og sigeren vert stor:

”Lat meg få velja ut tolv tusund mann,  
so vil eg dra i veg so snøgt eg kan.  
Ja, alt i natt eg etter David fer,  
kjem yver honom medan myrkt det er.

Eg skræmer honom, veik og mødd og mod.  
Då rømer alle som med honom stod.  
So drep eg kongen, hogg for fot han ned.  
Då folket kjem attende, vil ha fred.”

---

Den rådi lika dei alle vel,  
og Akitofel vart fagna  
av dei som styrde i Israel  
og rådde for landsens lagnad.  
Og Absalom, han var ogso med;  
no fær han siger, og folket fred.

## *Men Husai er lur*

Men so han tenkte ved sjølve seg:  
”Me ogso Husai vil henta,  
og høyra kva han vil råda meg:  
Skal me slå til, eller venta?” –  
Dei henta honom, og Husai kom,  
so sagde til honom Absalom:

”So hev til oss Akitofel sagt, –  
han snøgt i striden vil renna,  
so djerv ein plan fram for oss hev lagt;  
lat *di* råd no oss få kjenna!  
Seg berre fram det du meiner no!” –  
Han sa: ”Den rådi er ikkje god!

Du kjenner din far og hans djerve menn, –  
so gramme som argaste binna,  
når ho inni skogen hev ungane mist,  
og ikkje deim atter kan finna.  
Og far din, han visst vil ta riket att, –  
du må 'kje tru at han søv i natt!

I eikor hola han hev seg løynt,  
kjem brått yver mennene dine.  
Når dette spørst i den dökke natt,  
då seier nok alle dei hine:  
”Du store rygd for eit mannefall!”  
Og otte fell yver heren all.

For er det aldri so djerv ein kar,  
med mod som ei løva i barmen,  
han skal nok skjelva i kne'i då,  
og dovna og veikna i armen.  
Dei veit at far din ei kjempa er,  
at han hev med seg ein utvald her.

Og difor er det trass alt mi råd:  
Du heile Israel samle!  
Det vert ein stor-her som havsens sand,  
av unge og røynde gamle,  
frå Dan i nord til Be'ersheba.  
Du sjølv i striden med deim lyt dra!

Når me so råkar han einkvan stad  
der han seg i holer gøymer,  
so skal me kasta oss yver han,  
som regn yver vollane fløymer,  
og ikkje spara ein einaste mann  
av Davids stridsmenn, – og ikkje han.

Og om i ein by han so stikk seg av, –  
om redd han vil røma frå valen,

legg Israel reip kringom byen der;  
so dreg me han heilt ned i dalen,\*  
til dess ikkje stein det vert att på stein,  
og staden for fiendar er sopt rein.” –

Og Absalom lydde, og so han sa  
til folket i Israel:  
”Den råde som Husai, arkiten, gav,  
ho likar eg mykje vel,  
ja, betre enn rådi som me hev fått, –  
som Akitofel oss til hev rådt.”

Men Herren det var som det laga so, –  
han ville kong David vel, –  
til inkjes gjorde den rådi god  
Akitofel gav Israel.  
For no skulle ulukka, død og dom  
råka den trulause Absalom.

### *To menn ved ei kjelda – og so i ein brunn*

Til Sadok og Abjatar, – prestane, –  
fortalde so Husai alt:  
at Absalom vraka den gode råd,  
og Husai's råd hadde valt.

Og so la han til: ”De dykk skunda må,  
til David de gange med bod:  
I øydemarki, på moane,  
han må ikkje drygja no!

\* Byane låg alltid på ein haug.

I natt yver elvi\* han setja lyt,  
so snøgt som han berre kan, –  
det elles er ute med kongen sjølv  
og alle som fylgjer han.” –

Og prestesønene: Jonatan  
og Akima’as det var  
som alle meldingar høyra fekk,  
til kongen dei vidare bar.  
Ved kjelda En-Rogel\*\* dei då heldt til, –  
i byen ’kje våga seg inn.  
Ei tenestgjenta bar bod til deim,  
det deretter kongen finn.

Men so det hende: det var ein gut  
som såg desse søner to.  
Den karen tok vegen til Absalom,  
og melde han dette bod. –  
Men då dei seg skunda, so fort dei vann,  
dei gjekk utan stogg og stans.  
Og sistpå so kom dei til Bahurim,  
Jonatan og venen hans.

Der bankar dei på, til ein mann gjeng inn,  
om berging so vent dei bed.  
i tunet var det ein open brunn, –  
i den fekk dei stiga ned.  
Og kona i huset ei rya tok,  
ho den yver brunnen la,  
og oppå tok ho og strådde gryn.  
Den krigslisti lukkast bra.

\* Jordan.

\*\* Ho låg nedst i Kedron-dalen, der denne møtest med  
Hinnoms-dalen.

Då Absaloms menn inn i huset kom,  
so spurde dei kona der  
om Akima’as og Jonatan.  
Ho svara: ”Dei er ’kje her.  
Dei nyst yver småbekken la si lei.” –  
Og mennene leita, men fann dei ei.

Vel farne attende, steig hine opp  
or brunnen, og bar det bod  
til kongen, David: ”Deg reidug gjer,  
set snøgt yver åi no!”  
Og so dei melde til honom alt  
som i En Rogel vart deim fortalt.

### *David dreg yver Jordan*

Då David tok ut med alt folket sitt,  
og dei yver Jordan drog.  
Då dagen rann, yver elvi var  
det veldige folketog.  
For den som sin veg set i Herrens hand,  
vert alltid førd til den trygge strand.

Men Akitofel, – då han fekk sjå:  
dei lydde ’kje rådi hans,  
han sala asnet og heimatt strauk, –  
han reid utan stogg og stans, –  
la alt til rettes i heimen sin,  
for eigi hand gjekk i døden inn. –

Då Absalom gjekk yver Jordan  
med alle dei Israels-menn,  
var forspranget stort for kong David, –  
i Mahana’im han stend.

Og Absalom fylgde, slo læger, –  
i Gilead-landet det var.  
*Amasa* var her-hovding vorten, –  
ein frende til Absaloms far.

### *Litt mat skal nok smaka godt*

Då David var i Mahana'im,  
han fekk eit handslag, trygt og traust.  
Tri trugne borgarar kom til han,  
dei gav han hjelp, so rikt og raust.

Og det var *Sobi Nahasson*,  
frå Rabba i Ammons land.  
Og *Makir* kom ifrå Lo-Debar;  
og *Barsillai* ifrå Rogelim, –  
han var ein Gileads-mann.

Dei kom med senger og skåler,  
med bollar og krus og fat.  
Dei kveite og bygg bar med seg  
og elles alle slag mat, –  
som linsor og mjøl og bøner  
og honning og mjølk og ost;  
med finaste småfe kom dei, –  
ein retteleg herre-kost.  
For David, dei tenkte, og folket  
som fylgjer den flyktande drott,  
er trøyte og svoltne og tyrste, –  
litt mat skal nok smaka deim godt.

### *Einast hjå Gud er sjeli mi still*

Frå salme 62

*I fåre, på flukt for sin eigen son,  
er Israels Gud hans einaste von:*

Einast i von til Israels Gud  
er sjeli mi still.  
For ifrå honom mi frelsa kjem.  
Han ikkje svikta meg vil.  
Han, einast han, er mi frelsa, mitt fjell.  
Han er mi borg, der eg roleg meg held.

Nei, ikkje mykje dei rikka meg skal,  
fiendars flokk.  
Han ifrå motmenners velde og vald  
frier meg nok.

Einast hjå Gud ver då still, mi sjel!  
For voni mi kjem frå han.  
Han er mi berging, mitt fjell, mi borg;  
ikkje dei rikka meg kan.

Hjå Gud er mi frelsa, mi æra all, –  
og kraft høyrer honom til.  
Mitt sterke fjell og mi livd er i Gud.  
På honom eg vona vil.

So lit då på Herren all tid, de folk,  
for livd de hjå honom finn!  
Og renn dykkar hjarta for honom ut!  
Då freden hans strøymer dit inn! –

## SLAGET I EFRAIM-SKOGEN

### *Kong David mynstrar folket sitt*

Kong David mynstra folket sitt, –  
det var ein alvorsdag.  
Dei skulle møte Absalom  
i strid, – eit lagnads-slag.  
So gav han heren førarar,  
og under deim igjen  
han sette underførarar  
av sine beste menn.

Her er dei øvste hovdingar:  
Den eine Joab var,  
og Abisai Serujason, –  
dei hadde same far.  
Den tridje var frå byen Gat,  
og Ittai heitte han.  
Dei delte heren millom seg, –  
dei mange tusund mann.

Og David sa til folket sitt:  
”Med dykk i strid eg går!”  
Men heren svara kongen sin:  
”Du ikkje draga får!  
Om me lyt røma, ingen finst  
som då om oss seg bryr.  
Om helvti av oss drepne vert,  
me gløymde vert som dyr.  
Du, herre konge, jamgod er  
med tie tusund mann.  
Det betre er om du til hjelp  
frå byen koma kan.”

Og kongen sagde: ”Det de trur  
er best, eg gjera vil.” –  
So tok han attmed porten post,  
og der han heldt seg still.  
Men heren ut or byen drog,  
i fylking, budd til slag.  
Det livet eller døden galdt,  
den lagnadstunge dag.

*”Far varsamt med den unge mann!”*

Til Joab og til Abisai  
og Ittai kongen sa:  
”Far varsamt med den unge mann,  
med Absalom!” han bad.  
Det var eit skrik frå hjartans grunn,  
det var eit rop frå *far*. –  
Og heile folket hørde det,  
og heren teken var. –

Og heren drog ut i opi mark;  
dei Israel møtte til slag.  
I Efraim-skogen, der dundra det laust;  
der slogest dei hardt hin dag.

Og Absaloms-heren vart slegen der,  
og blodet i straumar rann.  
For mannefallet vart stort hjå deim, –  
i alt tjuge tusund mann.

Og slaget spreidde seg meir og meir  
utyver dei bygder der.  
Det tette skogen drap fleire folk  
enn øydde det vart ved sverd.

## *Og det var stakkars Absalom*

Og det var stakkars Absalom, –  
han byrja den såre strid  
som ikkje gløymdest i tusund år,  
men minnest frå tid til tid.

Den dagen slaget i skogen stod,  
han oppå eit muldyr reid.  
Han møtte nokre av Davids menn  
tett attmed ei eik so breid.

Og dyret kom inn under greinene, –  
det skræmdest og hadde hast.  
Og Absaloms hovud med eitt vart klemmt  
imillom to greiner fast.

Og dyret han reid på, det sprang sin veg, –  
det burt millom trei før,  
og Absalom, han vart hangande der  
og sveiv millom himmel og jord.

Det svartna for Absaloms augo, –  
so blenkte det fram eit lyn.  
Og brått han eit liv i dårskap  
fekk sjå i eit dag-klårt syn.

---

Han seig i eit hav av angst,  
frå avgrunnen steig eit skrik.  
Å, Absalom, fagre kongsson,  
at du skulle enda slik!

## *So stilna slaget*

Ein mann som såg det, melde frå til Joab:  
”Eg fekk sjå Absalom, – han heng i eiki der!” –  
Då spurde Joab: ”Kvifor tok du ikkje  
og gav han banehogget med ditt blanke sverd?  
Ti dalar og eit belte radt eg gav deg;  
for slik ei gjerning, – ho er mykje verd.”

Men mannen svara, – det var gull i honom:  
”Sjølv om eg no i neven min fekk lagt  
ein sum på tusund dalar, lell eg ikkje  
mot Davids-sonen ville bruka makt.

Me høyrde då med våre eigne øyro  
kor kongen baud dykk tri då ut me før:  
”Far varsamt med den unge mannen, son min!” –  
Me andre høyrde også desse ord.

Og hadde eg gjort svik og teke livet, –  
for ingen ting vert løynd for kongen vår, –  
då hadde eg med livet late bøta,  
men du gjekk fri, og heldt deg utanfor.”

”Eg vil ’kje hefta tidi lenger med deg!”  
sa Joab, og tri spjot i handi treiv.  
Den kalde krigaren, han ikkje drygde,  
i Absalom si bringa han deim heiv.

Og so kom ti av Joab’s våpensveinar, –  
dei Absalom med eitt gav banehogg.  
Den gamle krigar Joab bles i luren;  
so stilna slaget, det vart stans og stogg.

## *Det vart enden på dei ville vegar*

So tok dei Absalom, den arme mannen,  
og kasta honom i ei diger grop  
der inni skogen, og ei veldig steinrøys  
oppyver honom hauga dei i hop.

Sjå, det vart enden på dei ville vegar, –  
slik sluttar kvart eit gudlaust eventyr.  
Det ingen finst som ikkje sistpå tregar  
ei sjølvstyrtd ferd, – for ho vert meir enn dyr. –

Slik gjeng det Nero, Hitler og Herodes,  
kvar ein som yppar seg, vil vera stor.  
Dei fær til sist so skræmeleg ein ende. –  
I audmykt-dalen livsens lilja gror. –

Alt medan Absalom enn var i live,  
ein minnestein for seg han hadde sett.  
I Kongedalen stod den merke-steinen, –  
”eg barnlaus er, frå meg kjem ingi ætt.”  
so sagde han, ”som namnet mitt held oppe.”  
Han difor kalla steinen etter seg.  
I Kongedalen stod han lange tider;  
dei siste rester longe før sin veg.

Ei steinrøys i den tette Efraim-skogen,  
eit minnesmerke i ein gamal dal, –  
dei baa burte er, og vert ’kje funne,  
lik gløymde graver utan mål og tal.  
Men det som gjer at minnet enno lever,  
og det som namnet gjennom soga bar,  
det er det såre, svære, lagnadstunge:  
Han gløymde Gud, og sveik sin gode far. –

## SVERDET I DAVIDS HJARTA

### *To karar spring med syrgjebod*

Og det var *Akima ’as*  
han ville gjerne gå  
med gledebod til kongen:  
”Å, lat meg springa få!”

So ville han seg skunda  
og løypa svint og lett,  
og melda frå: ”Gud Herren  
hev hjelpt deg til din rett.”

Den kloke Joab svara:  
”Det vert ’kje fagnadbod  
du hev i dag å bera,  
og ingi tidend god.

For det er son åt kongen  
som fall i frende-slag.  
Nei, du med fagnad-ærend  
kan gå ein annan dag.”

Og Joab baud ein annan,  
ein sprek og spenstig kar,  
å gå med bod til kongen.  
Ein etiop det var.

”Gakk du og seg til David  
det du i dag hev sett!” –  
Han bøygde seg for Joab;  
so sprang han svint og lett.

— — —



Men Akima'as, han gav seg ei,  
og andre gongen han Joab bad:  
"Lat berre koma kva koma vil,  
eg fylgjer etter, eg spring av stad."

Då Joab svara, som gongen før:  
"Kvi vil du dette, då, guten min?  
Det er då ikkje eit gledebod,  
so løn for tenesta ei du finn."

Men Akima'as heldt fast på sitt;  
han sagde: "Kome kva kome vil,  
eg spring!" og Joab, han svara mutt:  
"So spring då berre!" – og han sprang til.

Og Akima'as ein snarveg tok,  
og etiopen til sist tok att,  
om Jordan-kverven han la sin veg,  
den andre sistpå la attom seg.

*"Kva so med Absalom,  
den unge mann?"*

Inne i dobbelt-porten  
sit David, stillsleg og stur.  
Ein vaktmann stig opp på taket  
tett attmed den gamle mur.

Han skodar mot vest, – der ser han  
det springande kjem ein mann.  
Han melder ifrå til kongen  
so snøgt som han berre kan.

"Seg, kjem han åleine?" spurde  
kong David i tvungi ro,

"so veit eg han kjem frå slaget,  
ber med seg eit fagnadbod."

Men medan seg mannen nærma,  
fekk vaktmannen atter sjå  
det springande kom ein annan, –  
til portvakti melde ifrå.

Då David dette fekk høyra:  
"Ein til kjem springande no!"  
han sagde, med von og gleda:  
"Han òg kjem med fagnadbod."

"Det er Akima'as, konge,  
den fyrste av desse to.  
Eg ser det på fota-laget.  
Han nærmar seg porten no."

So vaktmannen sa, og kongen,  
han svara med hugheilt mod:  
"Han kjem nok med fagnad-tidend, –  
det høver den mannen god."

— — —

"Herre konge, heil og sæl!" –  
Trøytt og utmødd Akima'as  
inn igjennom porten hastar,  
ned for kongen han seg kastar  
som ein underdanig træl.

"Lova vere Herren Gud!  
Han hev deg dei menner gjeve,  
dei som handi lyfta hev'e  
mot deg, du vår vyrde drott."

Men kongen spurde, – det var eitt som brann:  
"Kva so med Absalom, den unge mann?"

Unnvikande vart svara desse ord:  
"Eg såg ein manne-muge mykje stor  
då ifrå Joab me med melding fór.  
Men ikkje kan eg seia kva det galdt."

Då sgade David, stutt og kort:  
"Gakk du dit bort,  
og statt so der!"

### *Eit sverd gjekk i David sitt hjarta inn*

Nett då kom etiopen, –  
han sprang det beste han vann.  
Han kjasta,\* var mo og utmødd,  
og sveitten sila og rann.

"Eit fagnadbod ber eg, konge:  
Gud Herren hev gjeve deg rett  
mot deim som hev reist seg mot deg,  
og opp mot vår drott hev seg sett."

Men kongen den sende-mann spurde, –  
mens elden i hjarta hans brann:  
"Kor gjeng det med Absalom, son min?  
Kor lever den unge mann?"

Då svara den etiopen:  
"Å, gjev det må ganga so  
med alle dei kongens motmenn,  
som opp mot sin herre stod,  
som no det med han hev gjenge, –  
med Abslaom, sonen din!"

---

\* Kjasta, eller kjåsta = stønna, pusta sterkt.

Eit tvieggja sverd då trengde  
i David sitt hjarta inn.

So stilt gjekk han opp på salen,  
og døri att etter seg lét.  
Det blødde eit sår i sjeli, –  
han hulka, han hikstegrét.  
Alt medan han gjekk, han jamra;  
for sorgi var svart og stor,  
og sidan i soga ei gløymdest  
dei skakande smerte-ord:

*"Absalom, min son!  
Absalom min son, min son!  
Gjev eg var død i staden for deg!  
Absalom, min son, min son!"* –

### *"Kongen må ikkje fortvila!"*

Til folkesorg vart vend den store siger,  
for heren hørde at kong David grét.  
Lik rømingar dei inn i byen stal seg,  
og kvar ei dør so stillsleg att dei lét.

Og kongen hadde sveipt ikring sitt andlet  
eit plagg, og jamra høgt og ilt seg bar.  
Det var so tungt å taka sonetapet;  
for trass i alt so var han endå – far.  
Og no var kvorven kvar ei von:  
"Å, Absalom, min son!  
Absalom, min son, min son!" –

---

Men kongen må ikkje fortvila  
i landet si lagnad-stund.

Den kalde krigaren, Joab,  
han opnar atter sin munn.

Han gjeng inn i huset til kongen,  
og ber denne helsing fram:  
”I dag hev du soleis det laga  
at heren din raudnar av skam, –  
endå i dag dei hev berga  
ditt liv, – då dei son din slo ned, –  
og livet til sønene dine,  
til døtrene, konene med.

Du elsker då deim som deg hatar,  
men dei som sin konge hev kjær  
og fylgde deg trugne i striden,  
for deg inkjevetta dei er.

Om Absalom enn var i live,  
du gleddest, – det skynar eg no.  
Om alle me andre var drepne,  
for deg var det glederikt bod.

### *Ris opp – kong David!*

Ris opp! Og gakk ut, tala venleg  
til deim som for deg gjekk i strid!  
For gjer du det ikkje, so veit eg  
du trega det vil all di tid.

For ikkje ein einaste hermann  
i natt vil då vera hjå deg.  
Den sværaste ulukka vert det  
av deim du hev møtt på din veg.” –

Då kongen reis opp,  
ned i porten han gjekk,  
og sette seg der.  
Og kunngjort det vart  
for den sigrande her:  
”Sjå, kongen, han sit no i porten.” –  
Og so steig dei fram,  
kvar einaste mann,  
høgt hylla dei han  
som sigra, men sonen sin miste. –

## ETTER STORMEN

### HEIMFERD

*”Kvi hentar de ikkje hovdingen heim?”*

Då slaget i Efraim-skogen omsider  
var enda og Absalom ute or spelet,  
då flydde hans hermenn so fort som dei kunne,  
attende til Israel, heimane sine.

Og so vart det misnøye, murring og tretta,  
og sinte og arge dei sa til kvarandre:  
”Det var då kong David som alltid oss berga  
frå fiende-vald og Filistarlands-folket.  
Og no laut han landet for Absalom røma.  
Men han, som me salva til konge, er drepen.  
Kvi seier de ikkje eit ord om å henta  
kong David attende?”

Den tidend kom ogso kong David for øyra.  
Då henta han prestane Sadok, Abjatar,  
og bad at dei fram dette bod ville bera:  
”De to til dei øvste i Juda skal tala:  
”Kvi vil de då vera dei siste som hentar  
til kongsgarden hovdingen dykkar attende?  
Eg ogso er runnen av Juda, og difor  
de er mine brør, og me er same folket.  
Kvi vil de då vera dei siste, eg spør dykk  
som hentar attende til kongsgarden kongen?”

*”Kom heim til ditt folk og ditt land!”*

Kongen kan ikkje gløyma  
at Joab det var som drap  
Absalom der i skogen  
og valda det tunge tap.

Han skulle ’kje lenger vera  
førar for Israels her.  
Amasa fekk denne æra.  
”Av same folket me er.”

So sagde kong David, og mintest:  
i ætt med einannan dei var.  
Han valde Amasa, ein svikar, –  
han var ikkje noko til kar.\*

Men Juda-hjarto var vunne, –  
kvar einaste mannen han vann.  
So sende det bod dei til kongen:  
”Kom heim til ditt folk og ditt land!” –

Og David, han snudde på heimveg, –  
det atter var demring og dag.  
Men aldri han seinare gløymde  
det svære og sviande slag.

Ved Jordan var Juda-folket  
møtt fram, og dei helsa sin drott.  
Dei fylgja han vil yver elvi  
og heimatt til kongens slott.

Men vil de no låna meg øyra,  
so skal me fyrst nærmare høyra  
om det som ved Jordan-å hende.

\* 2. Sam 17,25 1. Krøn 2,16-17

## *Kong David hemnar seg kjærleg*

Eg tenkjer de *Sime*'i minnest,  
som banna kong David so fælsleg  
då han unnan Absalom rømde,  
ein niding og blodhund han kalla.  
No ottast han kongen sin vreide,  
og skalv for den hemnande rettferd.  
Av Sauls ætt han var, av Benjamin,  
men no han med Juda slo fylgje  
då dei skulle møta kong David.  
Med honom var med frå Benjamin  
ei fylking av hermenn på tusund.

Ein annan av Sauls-ætti, *Siba*,  
var med i det fylgjet hin dagen.  
Han sveinen åt Saul hadde vore.  
Me minnest han sveik Mefiboset, –  
han laug på den Sauls-sonen lame  
og sa: han vil kongs-truna røva.\*  
Som sagt slo han fylgje med flokken  
som drog for å møta kong David,  
og sønene – femten i talet –  
var med, og hans tenarar tjuge.

Dei drog yver Jordan med ferja  
som kongen og folket hans skulle  
til åi si vest-sida føra.  
Då kongen so sjølv skulle fara  
med ferjebåt yver den elvi,  
då *Sime*'i brått fall å gruve  
for kongen, og sagde til honom:

”Å, Herre, du må ikkje minnast  
kor ille imot deg eg gjorde!  
På misferdi mi du ’kje rekne  
den dagen då du, herre konge,

laut ut frå Jerusalem fara!  
Nei, bry deg ’kje om det, eg bed deg.  
Din tenar so grant no kan skyna:  
Mot deg hev eg grovt meg forsynda.  
Eg difor i dag er den fyrste  
av Josef sitt hus som er komen  
å møta deg, herre og konge!”

Då talen sin straum var til ende,  
tok Joab sin broder til orde –  
det Abisai var – og han sagde:  
”Jau, *Sime*'i livet skal lata;  
han banna den Herren hev salva!”

Men då svara David i vreide:  
”Kva hev eg med dykk vel å gjera,  
de sønene to av Seruja\*\*  
med di no i dag de dykk syner  
å vera iblant mine motmenn?  
Nei, ingen av Israels-lyden  
i dag skal med livet sitt bøta.  
Eg veit at i dag hev å nyo  
eg konge for Israel vorte.”

Og so han til *Sime*'i sagde:  
”Du skal ikkje døy! Du skal leva!”  
Og eiden på dette han gjorde. –

## *David møter Mefiboset*

Og so var det Mefiboset,  
den trugne venen hans David,  
den lame Sauls-ætling, stakkar,

\* 2. Sam 16,3

\*\* Abisai og Joab var søner av Seruja, Davids syster.

som kongen synte slikt stormod,  
for faren, Jonatans, skuld.  
Han hadde eit hjarta av gull.

Og aldri so kunne han gløyma at  
han fekk til kongsgarden koma  
og sitja ved bordet derinne,  
kvar einaste rannande dagen  
og kjenna seg hjarteleg heime.

Og no hadde han ogso fare  
med andre til møtes med kongen;  
men ven var han ikkje å sjå til.  
For føtene hans var 'kje vølte,  
og uflidd og ugreidt var skjegget,  
og kledi han hadde 'kje tvege  
frå dagen då kongen laut flykta,  
til no han kom heim att med heilo.

Då han so ved Jordan fekk møta,  
i lag med Jerusalems-lyden,  
kong David, då fekk han det spursmål:  
"Kvi fylgde du ei, Mefiboset,  
med meg, då eg fór ifrå byen?"  
Då svara den kongs-ætling lame:  
"Min tenar meg sveik, herre konge.

Eg villa ha asnet mitt sala  
og setja meg oppå og rida  
av stad, og i lag med deg, konge;  
du veit eg er lam, kan 'kje ganga. –  
Men so hev i staden han loge  
so ille på meg som han kunne.

Men du, konge, er som Guds engel;  
so gjer det som best du no synest!  
For farshuset mitt, heilt og halde,

fortente 'kje anna enn dødsdom  
av deg, herre, Israels hovding.  
Og lell ved ditt bord du meg sette.  
Kva rett hev eg då meir å krevja?  
Kan kongen om meir eg vel beda?"

Då svara kong David og sagde:  
"Du tarv ikkje meir om det tala!  
Den kongs-jord som Siba hev fenge,  
du helvti av henne skal hava."

Då sa Mefiboset til honom:  
"Han gjerne må eiga alt saman,  
no sidan du, konge, er komen  
attende frå striden med heilo." –

### *Ein heidersmann*

Gamal og grå var *Barsillai*, –  
i Gilead budde han, –  
i Rogelim-byen, – var åtti år,  
den gjestmilde, gjæve mann.

Me hørde kor vel han sytte  
for konge på flyktning-ferd.\*  
No ville kong David han løna,  
og det var han sakta verd.

Den gamle, frå Gilead drog han,  
men kongen til Jordan han fór,  
og fylgde so med yver elvi.  
Då sagde kong David dei ord:

\* 2. Sam 17,27-29

”Du fylgja meg skal, eg vil syta  
for deg, som du sytte for meg,  
den gongen på flyktninge-ferdi,  
den tronge og tornute veg.”

Men Barsillai svara so visleg, –  
og visdom er hjarta sin skatt:  
”Kvi skulle vel kongen eg fylgja?  
Eg hev ’kje so mange år att.

Eg åtteti år fekk til gáva, –  
og livshausten sein hev eg nått.  
Kor skulle eg lenger då greida  
gjera skilnad på vondt og på godt?  
Og maten meg smakar ’kje lenger, –  
med sorgmod eg sanna det lyt:  
Når songmøyar spelar på harpa,  
eg tonane lenger ’kje nyt.

Kvi skulle då lenger eg vera  
til bry, herre konge, for deg?  
Eg ville bli med yver Jordan,  
og fylgja eit stykke på veg.

Lat tenaren din fara heimatt  
og døy der i heimbyen min,  
der far min og mor mi ligg jorda!  
Hav takk då for kjærleiken din!

Men sjå, her er *Kimham*, din tenar!  
Lat honom få fylgja med deg,  
og gjer so for han det du synest,  
når snart eg no vidare dreg.”

Då svara kong David den gamle:  
”Ja, Kimham skal fylgja med meg.

Eg gjer mot han alt det du ynskjer. –  
Guds signing og sol på din veg!”

Alt folket gjekk so yver Jordan,  
og kongen gjekk yver, han med.  
Han Barsillai kysste på kinni, –  
og heim drog den gamle i fred.

### *No skulle vel alt vera song og stas?*

No skulle vel alt vera song og stas  
og semja og fred og fryd?  
Idyllen, han er – akk – so skyrt eit glas,  
og før me veit av det, han gjeng i knas, –  
ein skurrande single-lyd.

---

No kom då dei Israels-menner,\* –  
i sningi heller var svinte.  
Dei tala til kongen, og sagde so, –  
var furtne og arge og sinte:

”Seg, kvifor hev brørne våre,  
dei nærskyldde Juda-menner,  
stole seg til å få tak i deg, –  
tok saki i sine hender, –  
og førde deg so yver Jordan-å,  
og alle i huset ditt, store og små?”

Og Juda-mennene svara, –  
dei ordhage var, dei med:  
”Kong David stend nærmare oss enn dykk.  
Kvi er de då harme for det?”

\* Folk frå stammene i nord. Juda (og Benjamin) budde i sør.  
Det var rivalisering millom desse to.

Hev *me* levvt på kongen?  
Og hev det hendt  
at han nokor gåva  
til oss hev sendt?”

— — —

Då svara dei Israels-menner:  
”Ein lut som er ti gonger større hev me  
i han som er konge, —  
i David, — enn de!  
Kvi hev de oss vanvyrdt?  
For me det då var  
som fyrst utav alle fram tanken bar  
å henta kongen vår heim.”

Og so vert fortalt i den gamle bok:  
Då Juda-ætti gav svar  
på desse ordi av Israels menn,  
det mykje kvassare var.

### *Seba heiser opprørs-fana*

Det eine ordet det andre tok,  
dei heite hugane kom i kok.  
Av harm dei riste og skolv og skok.  
Og *Seba Bikrison* blés i lur.  
Eit illmenne var han, med vond natur.  
No sprengde illskapen kvar ein mur.

Han blés i luren og ropa ut:  
”Me hev i David slett ingen lut,  
og ingen arvlut i Isai’s gut.  
Heim, kvar til seg, alle Israels menn!”

— — —

Og alle Israels-menner,  
dei gjekk ifrå David då,  
og Seba Bikrison fylgde.  
Men Juda fall ikkje frå.  
Frå Gilgal ved Jordan førde  
dei trugne sin vyrde drott.  
So kom han til hovudstaden  
og helsa sin heim, sitt slott.

### UFRED OG UÅR

#### *Eit sår som enno blødde*

Men såret, det enno blødde, —  
som Absalom eingong slo.  
Det var ikkje fred i landet,  
og folket var delt i to.  
So laut dei i striden fara  
før havet seg la til ro.

Og difor baud kongen Amasa,  
som nyst var til herfører sett:  
”I hop innan tri dagar stemne  
du alle av Juda ætt!

So drog då Amasa, og stemnde  
i hop heile Juda sin her.  
Då dagane tri var til ende,  
han lell enno ferdig ei er.

Då David til Abisai sagde, —  
de veit han var Joab sin bror:  
”Eg ottast at Seba vil valda  
oss mein og ei ulukka stor, —



ja, større enn Absalom, son min,  
hev valda mitt folk og mitt land.  
Tak heren åt herren din med deg,  
og skunda dykk, set etter han,  
før byar og borger han vinn seg  
og herar og hjelpesmenn finn seg –  
og so set mi truna i brand!”

So drog dei då ut frå Jerusalem,  
og Seba dei elta ville.  
Abisai førde dei Joabs menn,  
og strids-karar gjæve og gilde.  
Kongen si livvakt drog ogso ut, –  
der var mangein storlagd og ovgild gut.

### *Joab drep Amasa*

Vel dei var komne til Gibeon, –  
til steinen den store der, –  
dei møtte Amasa, som sveik si plikt;  
ei stemnde for David sin her.  
Då loga i Joab so heit ein brand:  
”Sjå, der er rivalen! No kverkjer eg han!”\*

Han gjekk i den kappa han jamnast bar, –  
kring livet eit belte var spent.  
Der hang det ei slira med sverdet i,  
og hjarta av hemn-eld var tent.  
Sverdet datt ut då fram han gjekk.  
Med vinstre handi han tak i det fekk.

So spurde Joab Amasa  
korleis det med honom stod til, –  
med høgre handi i skjegget hans tok,

\* Amasa var vorten herfører i staden for Joab.

og lest som han kyssa han vil.  
Amasa, han vara seg ikkje  
for sverdet i Joabs hand.  
So fekk han ein støyt i livet, brått,  
so tarmane, ut dei rann.  
Han døydde på flekken, der og då.  
Slik andast den arme mann.

Men Joab og Abisai, broren,  
so kalde karar dei er,  
dei elter hardt Seba Bikrison,  
held fram på forfylgjings-ferd.  
Men ein av Joabs husfolk,  
han stod der Amasa datt.  
Då Joab og Abisai vidare drog,  
vart tenaren standande att. –  
Han ropa so alle det hørde,  
eit eggjande, fengjande bod:  
”Alle som held med kong David,  
fylg etter Joab no!”

— — —

Men alle som kom framom, brått dei stogga  
attmed Amasa, der i blod han låg.  
Då mannen tok og skuva liket undan,  
ei kappa kasta yver, for han såg  
kor alle stana då dei såg Amasa.

Og då so liket var or vegen teke,  
drog alle framom, etter Joab fôr.  
Med honom Seba Bikrison dei elte,  
forfylgde honom lenger imot nord.

Dei drog gjennom alle fylke,  
til Hermon omsider dei såg,  
ved Israels nordlege grensa.

Der Abel-Bet-Ma'aka låg.  
Der ogso so mangen ein våpendjerv mann  
seg samla kring Joab og fylgde han.

### *Den kloke kona*

Og svikaren Seba seg gøymde  
i Abel-Bet-Ma'aka.  
Dei kasta ein voll imot byen opp, –  
og freista so honom å ta.  
Alt folket åt Joab, dei streva med  
få muren til å falla, og riva han ned.

Då ropa frå byen ei kona klok:  
"Høyr her! Be Joab gå hit,  
so eg fær tala med honom litt!"  
Og Joab, han skunda seg dit.  
"Er dette Joab?" – Han svara ja. –  
"Høyr det eg seier!"  
"Ja vel," han sa.

Då sagde ho: "Før i tidi  
dei alltid pla seia so:  
"I Abel er det dei spør etter råd."

So tok dei ei avgjerd god.  
Den trugnaste er eg i Israels land,  
og fredsam, – eg alle vil vel.\*  
Du freistar å øyda og tyna ein by  
som ei mor er i Israel.  
Kvi vil du slik drepa med sverd og svolk  
Guds eige folk?" –

---

\* Kona talar i byen sitt namn.

Då svara Joab: "Nei, for alt i verdi  
eg folket ikkje øydeleggja skal.  
Det hev seg ikkje so, men det er Seba  
som Davids truna føra vil til fall.  
Frå Efraim's fjellbygd er han, Bikri-sonen, –  
gjev honom berre yver no til meg,  
so skal eg skona kvar ei sjel i byen,  
og so med fred eg burt med heren dreg."

---

Då svara kona, – no var ho fjåg.  
og slett ikkje sint og sturen:  
"Hovudet hans skal den dag i dag  
verta kasta til deg yver muren."

Og so ho gjekk, – med si kloke råd  
til folket i byen hasta.  
Av Seba hovudet svint dei hogg,  
og ut det til Joab kasta.

Han blés i luren, og heren drog,  
kvar ein til sin heim attende.  
Og Joab sjølv til Jerusalem,  
til kongen tilbake vende.

### *Uår*

Stundom det hender eit sår vil 'kje gro.  
Kanskje me trur at det heila er no;  
men under skorpa ligg verken der enn.  
Atter i såret det svider og brenn.

Tri store uår det fylgde på rad.  
Kongen, han sturde og var ikkje glad.  
Sistpå i sorgi til Herren han gjekk,  
spurde om grunnen, og svaret han fekk:

Blodskuld det kviler på Saul og hans ætt.  
Han imot Gibeon gjorde 'kje rett.  
Gibeonitane tok han og drap.  
No lider landet dei tungaste tap.”

Gibeonitane hørde 'kje til  
Israels folk, men Gud verja deim vil.  
Israel eiden til deim hadde gjort:  
”Me skal or landet ei rydja dykk bort.”

Lell hadde Saul vore hardhendt og fus, –  
ihuga var han for Israels hus,  
freista å tyna dei Gibeons menn.  
Det var det såret som verkjer og brenn.

David no gibeonitane spør:  
”Kva kan eg gjera for dykk, mine brør?  
Kor kan eg sona det brotet, so de  
signa oss vil, om alt godt for oss be?”

Svara dei menner av Amor si ætt:\*  
”Til nokon å drepa me hev ikkje rett.  
Sylv eller gull av Sauls hus me 'kje krev.” –  
Det er det svaret som David dei gjev.

Kongen so spurde: ”Kva ynskjer de då  
at eg skal gjera? Seg berre ifrå!” –  
Hemnen i Gibeon-mennene brann:  
auga for auga, og tann for tann!

Difor dei kravde sin blodhemnar-rett,  
kongen dei bad om sju mann av Sauls ætt.  
”Dei me i Gibeon so legg på stegl.” –  
David på dette sette sitt segl.

\* Gibeonitane var amoritar, (2. Sam 21,2), av Kana'ans ætt.  
(1. Mos 10,15-16)

## *Det våren var då livet sitt dei lét*

So vart dei tekne ut, dei arme sju, –  
me tenkjer på det enn med sorg og gru. –  
Dei fyrste to som no til døden gjekk,  
var sønene som Saul med Rispa Ajadotter fekk.

Dei fem som fylte ut det fulle tal,  
var sønene til stakkars Sauls Mikal,  
som sjølv han eingong ifrå David tok.  
Om det er før fortalt i denne bok.\*

So vart på stegl dei lagde, alle sju.  
Den soga enn oss fylla vil med gru.  
Dei fekk sin bane alle på ein gong.  
I redsla kvinnor syrgjekvede song.

Det våren var då livet sitt dei lét.\*\*  
Kva under då at kvinnone dei grét!  
Ein gufs av vinter gjennom grendi gjekk  
då desse stakkars sju sin bane fekk.

## *Ei kvinna syrgjer i Gibeon*

Og det var *Rispa Ajadotter*, –  
ho hadde to søner mist.  
Soli gjekk ned attom åsen,  
og dagen vart tung og trist.

\* Ho vart gift med Adriel Barsillaison frå Mehola. 1. Sam 18,19.  
Der vert ho kalla Merab, og er soleis ikkje den Mikal som David  
sidan ekta.

\*\* ”Det var dei fyrste skurddagane, då byggskurden tok til.”  
(2. Sam 21,9). Kornet vart hausta om våren, bygget frå midt i april.

Til Gibeabyn gjekk ho,  
der sønene livet lét.  
Der døde dei låg på fjellet,  
og attmed ho stod og grét.

So tok ho sin syrgjebunad  
og ut yver berget la.  
Ho stod der på vakt kvar morgon,  
kvart einaste soleglad.

Ho lét ikkje himlens fuglar  
slå ned på deim dagen lang.  
Om natti ho villdyri skræmde,  
når glupske dei stod på sprang.

Slik trutt ho dei kjære vakta,  
frå våren, då skurden tok til,  
og alt til dess landet fekk kjenna  
den fyrste regnskuri mild.

Din truskap i soga lyser,  
og aldri du gløymast skal.  
Ditt namn, Rispa Ajadotter,  
det skin no for ætti all.

### *Sauls og Jonatans bein*

Då David so spurde det ho hadde gjort,  
då fall han i undrande tankar.  
*Ho* viste vyrdnad for deim som gjekk bort, –  
hjarta i truskap det bankar.  
Minnest han Saul og Jonatan som fall;  
hugen til Gilead vankar.  
Der ligg – i Jabes – dei to sine bein.  
Enn om han heimatt deim sankar?

Saul og Jonatan på Gilboa fall;  
liki i Bet-San vart hengde.  
Hang dei på torget til spott og til spe,  
svivyrde, dolka og dengde.  
Det som for andre var kjærast av alt,  
fiendar sulka og slengde.

Folket frå Jabes i løynd tok deim ned, –  
mildare tankar dei nørde.  
Israels stormenn skal kvila i fred!  
Liki til Jabes dei førde. –  
No kom kong David og henta deim heim,  
beini til Sela han kjørde.

Der vart dei jorda, – i Benjamins land, –  
i gravi som før Sauls far gøynde.  
Der vart òg lagde dei sju stakkars mann  
som nyst vart til stegl-døden dømde. –  
Blodskuldi burte – og morgonen rann.  
Regnet frå himmelen fløynde.

### KONGENS LOVSONG

#### *David tek harpa si ned*

Då stormar og strider var enda  
og alt anda tryggleik og fred, –  
for Gud hadde fridd han frå fåren, –  
då David tok harpa si ned.

Det høgtid og helg var i hugen,  
og livet han såg i Guds ljøs.  
Når båten or brøtsjøen bergast,  
det var av di Herren var los.

— — —

Mitt berg og mi festning er Herren, –  
mitt fjell som eg flyr til, min skjold.  
Mitt frelse-horn er han, mi høgberg,  
mi livd og min vernande voll.

Min frelsar han er, som meg frier  
frå fårlege fiendars vald.  
Eg kallar på Gud, den høglova.  
Han lyfte meg opp når eg fall.

Straumar av vondskap meg skræmde;  
dauden sin brotsjø og brand  
kringsette meg i ei stormnatt, –  
auga mitt øygna 'kje land.

Helheimens snorer var snørde  
kring meg, dei ov-sterke reip.  
Dauden si snara meg fanga,  
dødsrike-angest meg greip.

Då, i mi trengsla, eg ropa,  
kalla på Gud i mi naud.  
Og frå sitt tempel han hørde  
ropet, og hjelp han meg baud.

### *Då Gud greip inn*

Jordi skolv og skók seg,  
himmelens grunnvollar dirra, –  
riste, for harmen hans loga opp,  
fiende-folket forvirra.

Røyk steig opp frå nasen hans,  
gloande kol frå han loga;  
eld frå munnen hans åt ikring seg, –  
den heilage harmen si plåga.

Himmel'n han lægde, og ned han steig,  
ved myrkaste nattetide, –  
fór fram på kjerubar og flaug og sveiv  
på stormvindens vengjor, dei vide.

Og myrkret han gjorde til åkle kring seg,  
og kolsvarte skyer var tjeldet.  
Frå glansen ikring han brann gloande kol,  
og fiendeflokkar vart felde.

Herren tora i himmelen, –  
det skralla og skok og rulla.  
Lyn-piler skaut han og spreidde deim,  
og eldingar beint deim fortulla.

Då havsens straumar kom opp i dagen,  
og heimsens grunnvollar kom til syne  
ved Herrens trugsmål, ved vreide-domen,  
då mine motmenn han ville tyne.

Og handi rette han ut frå høgdi,  
og greip meg gjorde hans æve-armor.  
Han drog meg opp or dei store vatni,  
frå dødsens djuphav, som mektig marmor.

### *Han frelste meg då eg dauden øygna*

Dei fór imot meg på motgangsdagen,  
ein flokk av fiendar, fårleg sterke.  
Men han meg studde og ut meg fridde.  
Eg lovar Gud for utløysings-verket.

Ja, han meg førde ut i det frie,  
og mine motmenn meg ikkje skadde.  
Han frelste meg då eg dauden øygna,  
for i sin tenar han hugnad hadde.

For eg tok vare på Herrens vegar,  
i vondskap ei frå min Gud eg fall.  
Han etter rettferdi mi meg lønte  
og ut meg fridde or fiend-vald.

Eg hadde rettane hans for auga;  
hans bodord ikkje eg veik ifrå.  
Eg var ulastande for hans åsyn,  
tok meg i vare for syndig trå.

Og Herren såg mine henders reinleik  
og at eg vandra den gode veg.  
Han etter rettferdi mi meg lønte,  
og i sin nåde miskunna seg.

### *Eg spring med min Gud yver murar*

Mot den som er godlyndt, du godlyndt deg syner,  
mot rettvise kjempor sjølv rettviss du er.  
Og, Herre, du syner deg rein mot den reine  
og rang mot dei rangsnudde i deira ferd.

Elendige armingar frelser du, Herre.  
I sundbrotne hjarto du bur med din fred.  
Men augo du mot dei ovmodige vender;  
om høgt dei seg lyfter, du tvingar deim ned.

For du er mi lampa, Herre,  
og Herren gjer myrkret mitt bjart.  
So ottast eg ikkje, om natti  
er aldri so kolmyrk og svart.

Ved deg eg mot herflokkar renner,  
eg stormar imot deim, og vinn.  
Eg spring ved min Gud yver murar,  
i sterkaste by-borger inn.

Som skirsla gull er ordet ditt;  
fullkomen er din veg.  
Ein skjold du er for alle deim  
som flyr, min Gud, til deg.

For kven er Gud forutan han, –  
kven, utan Gud, eit fjell,  
han som meg gyrder med si kraft  
og på sin veg meg held?

### *Han gjev meg føter som hindane*

Han gjev meg føter som hindane,  
som svint yver fjelli renner,  
og lærer hendene opp til strid,  
so koparbogen eg spenner.

Du ned deg bøygde, meg gjorde stor;  
di miskunn vart meg til sjele-helsa.  
Du lækte meg ved ditt livsens ord,  
til skjold og verja meg gav di frelsa.

For stigi mine du gjorde rom,  
og oklo mine, dei ikkje vagga.  
So mine motmenn forfylgde eg  
og alle fiende-flokkar stagga.

Eg gjorde ende på deim, og slo  
i knas dei karar som kaute kneisa.  
Dei under føtene mine fall,  
og ikkje vann dei seg meir å reisa.

Med kraft i striden du gyrde meg,  
og ryggen til meg kvar fiend snudde.  
Og brått du bøygde deim under meg;  
deim som meg hata, eg undan rudde.

Dei såg seg om – ingen frelste deim,  
for Herren høyrde 'kje naudrop-ordi.  
Og eg som søyla deim trakka ned;  
eg smuldra deim so som dust på jordi.

### *Herren lever – sæle røyndom*

Du frelste meg ut ifrå Israels ufred;  
til hovud for heidningar vara du meg.  
Dei folk som eg slett ikkje kjende, meg tente.  
Sjølv ukjente folkeferd smeikte for meg.

Ved gjetordet om meg dei lydnad meg lova.  
Ja, framandfolk fælte og beint visna av.  
Dei skjelvande gjekk ut or borgene sine;  
dei heider og hylling og gåvor meg gav.

\*

Herren lever! Sæle røyndom!  
Høglova vere han, mitt fjell!  
Ja, opphøgd vere Gud, min skapar,  
mitt frelse-berg som trygt meg oppe held!

Du yver mine motmenn høgt meg lyfter,  
legg under mine føter deira land,  
meg ut frå fiendane mine fører,  
og bergar meg frå valdsmanns harde hand.

Di vil eg millom heidningar deg prisa,  
ditt namn lovsyngja, du gjer allting vel.  
Du miskunn gjer mot honom du hev salva,  
til evig tid gjer kongen sigersæl. –

– – –

Herre, min styrke, mi festning du er.  
Deg hev eg hjarteleg kjær!” –

## MOT SOLEFALL

### MEN DAVID TRØYTNA

#### *Skyer kjem att etter regnet*

Skyer kjem att etter regnet, –  
det er dei jordiske kår.  
Sol-veret skifter med stormkast,  
vinteren vekslar med vår.

Fager er freden i landet;  
strids-hornet gjallar på nytt.  
Skyene svartnar, og soli  
snart er i stormbyer bytt.

Stridsglad var David den unge;  
mødd var han vorten og mod, –  
elska dei fredlege dagar.  
lika den ljuvlege ro.

Lell han, då strids-luren lydde, –  
etter ein årelang fred, –  
herfolket fylgde og førde,  
drog mot Filistarland ned.

So var det atter å strida, –  
strida og slåst dagen lang. –  
”Men David trøytna,” so stend det.  
Sorgmod det ligg i den klang.

## *Israels lampa kan slokna!*

Det var i det slaget det hende:  
Ei kjempa med brask og med bram,  
og eit spjot på tri hundrad lodd kopar,  
på vigvollen brauten steig fram, –  
*Jisbo-Benob*, ein ættling av Rafa.\*

Han tenkte kong David å drepa,  
då fram han i eldlina gjekk.  
Men Abisai sverdet sitt svinga;  
filistaren banesår fekk. –  
Serujason, kongen du berga!

Då hende det: Israels hermenn  
seg fylkte kring kongen tett.  
No såg dei i skirast dags-ljos  
det før berre dimt var sett.  
So svor dei ein eid til honom, –  
han minnest i verdi vid:  
”Du må aldri meir, Herre konge,  
draga med oss i strid!  
Elles kan Israels lampa slokna!”

## *Ein ny Goliat*

Sidan stod det ei slag ved Gob.  
Der var det ein kjempekar.  
Han hadde eit spjot som ein vev-bom svært  
og bror han til Goliat var.  
Ein Betlehems-mann honom felde.

\* Etterkomarane til Rafa – refa’itane – hørde til det kjempestore folket som budde i Kana’an i eldgamle tider.

Sidan det stod eit slag ved Gat.  
Der var det ein storvaksen mann.  
Seks tær han hadde på kvar ein fot,  
seks fingrar på kvar ei hand, –  
fire og tjuge tilsaman!

Som Goliat forðum han svivyrde Gud;  
men *Jonatan*, son av David sin bror,  
treiv sverdet og svint honom banehogg gav.  
Og so seig kjempa til jord.  
For Gud let seg ikkje spotta.

I alt var det fire av Rafa si ætt, –  
som den gong sin bane fann.  
Vel kjempor dei var, men kvar og ein  
der møtte sin overmann.  
Mot Gud strider kjempor fåfengt.

## *Kor store og sterke er me?*

Stort og sterkt var Israel, –  
ovmod gjennom folket strøymde.  
Dei – og David – no mest gløymde  
det var Gud som hjelpe gav.

Stormodstankar David hyste,  
no på sine gamle dagar.  
Han var komen inn i kvelden;  
Satan pusta trutt til elden:  
Kongen folket sitt vil telja.

Difor Joab fekk det bodet:  
”Far, igjennom heile landet!  
Telja skal du alle ætter;  
sidan kjem du, eg deg fretter  
og fær vita folketalet!”



Krigaren var lite lysten;  
difor tala han til kongen:  
”Gjev at Herren Gud må gjera  
dette folket stort i verda, –  
hundrad gonger større enn  
det er no! – det ynsket brenn.

Gjev at du med eigne augo  
må få sjå det, herre konge!  
Men eg spør: kvi hev du fenge  
hug på slikt, – kvi hev du gjenge  
til det steg å telja folket?”

Like vel stod bodet fast, –  
kongens rett det er å byda,  
og so laut då Joab lyda.  
uglad gav han seg i kast  
med å telja heile folket.

*”Ja, me nådde millionen!”*

Hovdingane tok han med;  
yver Jordan fyrst dei drogo,  
ved Aroer læger slogo,  
folket samla seg dei bed.  
Sidan nord til Dan gjekk ferdi.

Til Fønikia dei fór,  
langt mot vest, der soli glader,  
Sidon, Tyrus, – kjende stader.  
David rådde ogso der.

So mot sud gjekk deira ferd, –  
Juda-landet, Be’ersjéva.  
No dei snart kan kongen gjeva  
talet, – eit som storfelt er!

Benjamin vart ikkje med  
i det store folketalet;  
Joab visste det var gale, –  
David drog Guds vreide ned.\*

Ferdi vara tri kvart år, –  
til Jerusalem dei skunda,  
og so kjem den store stunda  
dei framfyre kongen står.

Joab roleg seier frå:  
”Ja, me nådde millionen, –  
helvti til!” – den sigerstonen  
ut til folket no skal nå.

Og so må me minnst vel:  
Berre våpenføre valde  
Joab då han hin gong talde  
Juda ætt og Israel.

*Men Davids hjarta slo han*

Men Davids hjarta slo han, –  
det er so tungt eit slag.  
Då svartnar sjølv den skire  
og bjarte solskinsdag.

So djupt han gjeng i hjarta,  
den kvasse torn og tagg.  
Det tyngste som kan timast  
ei sjel, er samvits-agg.

\* Heller ikkje Levi-ætti vart tald, for dei var prestar og gjorde ikkje her-tenesta.

Då ikkje noko lenger  
er gjævt og gildt og godt,  
då hev ein fant det betre  
enn kongen i sitt slott.

Og David sa til Herren:  
”Det var uvisleg gjort!  
Eg hev meg stygt forbrote,  
ja, eg hev synda stort.  
Å, tilgjev no din tenar,  
og støyt meg ikkje burt!”

Den natt var lang for David,  
han som ein makk seg v Reid.  
So seint som orm i sanden  
dei nattestunder skreid.  
Omsider dagen demra,  
og det mot morgon leid.

Då David reis or sengi, –  
alt anna var enn glad, –  
då hadde svaret *kome*  
til sjåaren, til *Gad*.  
Og Gud til honom sagde:  
”Til kongen gakk av stad!”

Og seg: ”So seier Gud Herren:  
Tri ting legg eg fram for deg.  
Av deim kan då *ein* du velja  
til straff for du synda mot meg.”

Og so laut profeten atter  
med dom til ein hovding gå.  
Med sorgmod han steig til slottet;  
der fekk han kong David sjå.

*”Eg vil ikkje falla i menneskehand!”*

Guds ord han la fram for drotten:  
”Det fyrste du velja kan,  
er sju svære, svarte uår  
som heimsøkjjer folk og land.

Det neste du so kan velja  
av himmelens harde tukt,  
det er i tri månader røma,  
for uvener vera på flukt.

Og endeleg, – det er det siste  
som fritt du no velja kan:  
I dagane tri med drepsott  
eg heimsøkjjer alt ditt land.

No kan du på dette tenkja, –  
so sagde profeten til sist, –  
og svaret ditt gjev eg Herren.” –  
Kong David sat taus og trist.

– – –

So sa han omsider dei ordi,  
som sidan gjekk vide om jord:  
”I Herrens hand lat oss falla!  
Eg veit at hans miskunn er stor.  
Min vande er svær,” – og so la han til:  
”I menneskehender eg falla ’kje vil.”

*Og Herrens engel tok sverdet*

Og Herrens engel tok sverdet, –  
so lynande kvasst det var.  
Han heimsøkte heile landet, –  
han gjekk ifrå gard til gard.

Snart bleikna det blide barnet,  
og snart var det mor og far.

Frå by og til by han vandra, –  
frå Dan til Be'ersjeva.  
Og når han sin veg hadde fare,  
so song dei eit syrgje-kvad:  
for sju gonger titusund syrgdest  
ved tridje dags soleglad.

No stod han i solefallet,  
Jerusalem ganske nær.  
Han ut yver byen rette  
det blinkande, blanke sverd.  
For no skulle døden hava  
den hævaste haust òg der.

Men Herren hev hug til miskunn, –  
til engelen so han sa:  
”Eg tenkjer det *nok* kan vera!  
Di hand no attende dra!” –  
So stansa den svære drep-sott, –  
ved tridje dags soleglad. –

Men staden der Herrens engel  
det himmelske bodet fekk,  
han minnest i verdi enno,  
for inn han i saga gjekk.

Då sverdet han sistpå senka, –  
den kniven so kvit og kvass, –  
då stod han ved jebusiten  
Aravna sin treskje-plass.

## *Ein treskje-voll gjeng inn i saga*

Men då David såg Guds engel  
som imillom folket herja,  
tala han til Herren soleis:  
”Det er eg som heve fare gale.  
Alle desse stakkars sauer,  
seg, kva heve *dei* vel gjort?  
Gjev at handi di må venda  
seg mot meg og imot mine!”

Same dagen kom til David  
atter Gad, Guds trugne vitne,  
og han sagde so med honom:  
”Gakk av stad og bygg eit altar  
åt Gud Herren, – det skal standa  
på den same treskje-vollen  
der den svære drep-sott stogga, –  
treskje-plassen til Aravna.” –

Kongen lydde sjåar-ordet,  
gjekk av stad, som bodet sagde.  
Tenarane fylgde honom.

Då Aravna, jebusiten,  
skoda ut og såg kong David  
koma der med sine sveinar,  
gjekk han ut og fall å gruve  
for den høge drott og spurde:

”Kvifor kjem du, herre konge,  
til din tenar?” – David svara:  
”Eg vil kjøpa treskje-vollen  
din, og byggja der eit altar  
for Gud Herren, so den sotti  
stana må som hardt hev herja.”

Då Aravna sa med David:  
”Tak og ofra kva du tykkjer  
høveleg, min herre konge!  
Her er fe som du kan taka, –  
og til ved me godt kan nytta  
ukse-oket, treskje-vogni.  
Alt eg gjev deg, herre konge, –  
eg, Aravna. Må so Herren  
alltid hava hugnad i deg!”

Kongen svara jebusitten:  
”Nei, eg alt av deg vil kjøpa,  
og full pris for allting gjeva.  
Ikkje vil eg offergåvor  
gjeva Gud som inkje kostar.” –  
So han kjøpte treskje-vollen, –  
feet òg – for femti dalar.

Heile plassen, der dei sidan  
bygde tempelet, det fagre  
og dei store fyregardar,  
kosta fleire hundrad sekel,  
vogne opp i ekte gull.\*

### *Altar og offer*

David bygde so eit altar  
åt Gud Herren, og han ofra  
der til takk og synde-soning. –  
Herren høyrde, sotti stogga.

Sidan bygde Davids-sonen,  
Salomo, det fyrste, fagre

tempel der på treskje-vollen  
til Aravna, jebusiten.

Kjem du so til lovnads-landet, –  
snart tri tusund år er farne, –  
vil du enn på tempel-berget  
finna denne treskje-vollen.  
Der so mykje blod hev flote  
til ei minning om det sanne  
offer som Guds-sonen ytte  
då på Golgata han blødde  
for å stogga synde-sotti,  
lækjedom åt verdi vinna. –

### TEMPEL-SYNET

#### *Ein tanke som ikkje vil tagna*

Tanken om tempelet ville ’kje tagna, –  
atter og atter i David sin barm  
dukka han opp, tidt i nattstille stunder.  
Såg han dei syner som gjorde han varm.

Såg han ein heilagdom stråla i soli, –  
oppe på Moria-berget han skin.  
Kveldsoli gløder og glimar i gullet  
før ho i vest attom åsane dvin.

Visste han vel: ”Eg skal ei byggja huset;  
lell vil eg gjera det beste eg kan.  
Difor han baud: ”De skal no kalla saman  
kvar einaste framand i Israels land!”

\* 600 sekel gull. 1. Krøn 21,25.

Dei skulle hogga dei tusundtals steinar  
som skulle setjast i murane inn. –  
Jarn til å nyttast i naglar og kjengar\*  
David i ovstore mengder òg finn.

Mengdi med kopar dei kunne 'kje vega.  
Sedertre-bjelkar, – eit utal det var.  
Menner frå Tyrus og Sidon deim skipa  
like til Joppe, og derfrå deim bar.

Slik gjorde David; for soleis han tenkte:  
"Salomo, son min, han sped er, og ung;  
ovende stort er det hus han skal byggja, –  
oppgåva honom kan verta for tung.

Templet for Herren skal vera til gjetord,  
heider og æra i land etter land.  
So – før eg døyr – vil eg Salomo hjelpa,  
ovmykje vyrke vil samla åt han."

### *Far og son*

So han ein dag kallar Salomo til seg, –  
han møter fram i sitt finaste skrud. –  
"Son min," han sagde, "eg inderleg bed deg  
byggja eit tempel åt Israels Gud.

Eg hadde sjølv tenkt meg til byggja huset;  
men då frå Herren kom til meg eit ord:  
"Du hev rent ut mykje blod i di livstid,  
herferder gjorde i sud og i nord.

Difor skal du ikkje tempelet byggja, –  
sjølv om det bod gjev deg sorgmod og sut, –

\* krampe, jarnkrok.

for du so ovmykje blod hev på jordi  
år etter år for mi åsyn rent ut.

– – –

Men du skal få ein son, kong David,  
og han skal bli ein fredsæl mann.  
Eg gjev han fred med fiend-folki  
i alle dine granneland.

For Salomo\* hans namn skal vera,  
og i hans dagar ro og fred  
eg yver Israel let kvila, –  
frå elvi\*\* og dit sol gjeng ned.

Han skal eit tempel åt meg byggja,  
min kjære son han vera skal.  
Eg kongedømet hans skal tryggja  
i Israel i æva all.

So vere Herren med deg, son min!  
Du have lukke på din veg,  
so du fær byggja Herrens tempel,  
so som han tala hev om deg!

Vil Herren berre visdom gjeva  
når drott du vert i Israel, –  
og hjelpa deg hans bod å halda, –  
so veit eg det skal gå deg vel.

Då skal du hava lukka med deg,  
når vel du aktar på Guds bod.  
Ver sterk og stød, – du skal 'kje fælast!  
Ver uredd, hav eit hugheilt mod!

\* fredsam.    \*\* Euftrat.

## *Edle malmar*

Og trass i all mi naud eg no hev fenge  
so mykjen malm til dette huset sendt;  
av gull det vart i alt eit hundrad tusund, –  
og tusund gonger tusund sylv-talent.

Og dertil kjem det òg av andre malmar,  
av jarn og kopar, meir enn vegast kan,  
og eg hev rådt meg stein og timber-vyrke  
og seder-plankar frå Sidonar-land.

Av arbeidsfolk du også hev'e nøgdi,  
av steinhoggarar og av timbremenn.  
Og folk som hage er til anna arbeid,  
av alle slag ei mengd alt reide stend.

Og gullet, sylvet, koparen og jarnet  
ein kan slett ikkje halda rekning på.  
I miskunn vere Herren med deg, son min!  
So tak no fat på dette verket då!”

Til Israels hovdingar David då sagde:  
”No Salomo, sonen min, hjelpa de må!  
Og Herren er med dykk, han fred hev dykk gjeve;  
ved grensone alle han ro lét dykk få.

Dei folki som før åtte heime i landet,  
han alle som ein hev deim gitt i mi makt.  
Ja, landet frå Negev i sud og til Hermon,  
det er under Herren og folket hans lagt.

So vend dykkar hjarta og hug til å søkja  
Gud Herren, og bygg so hans tempel i tru, –  
ein heilagdom der han i nåde dykk møter,  
eit hus der frå ætt og til ætt han vil bu!”

## *Dei gav av sitt glade hjarta*

Berre det beste er godt nok åt Gud, –  
edelt og glødt skal det vera, –  
skirsla dei malmar me verdige finn  
Herren sitt tempelbygg bera:

”Gull til det som skal vera av gull,  
sylv til det som skal vera av sylv,  
kopar til det som skal vera av kopar,  
jarn til det som skal vera av jarn,  
tre til det som skal vera av tre.  
Og glimesteinar skal det prydst med:  
Svartblanke, brokute steinar,  
sjoham-steinar, marmor i mengd.”

So sagde kong David, og lagde til:  
”Eg gullet mitt eige òg gjeva vil:  
Tri tusund talent med Ofir-gull,  
sju tusund talent med skirsla sylv  
skal tempel-veggjene kledda.  
Eg gjev det med hjartans gledda.  
Og om nokon annan so vil og kan  
med gåvor godviljug fylla si hand,  
og glad deim til Herren bera,  
eg bed at de vil so gjera.”

– – –

Det strøymde ein gullstraum av gåvor  
frå Israels gjævaste menn,  
frå alle dei hovding-hallar, –  
dei kom frå kvar einaste grend.  
Og haugen av edle malmar,  
som vart til Guds tempel sendt,  
han voks til han vart omsider  
titusentals tunge talent.

Og alle som var so hepne  
å eiga ein glimestein, –  
han låg der og gleim og gløste,  
han stråla so skir og rein, –  
dei kom med den dyre eiga,  
gav henne til Herrens hus.  
Dei gav av sitt glade hjarta.  
So steig det ein lovsongs-brus.

So gildt det var å få gjeva, –  
det var vel ein lukkedag.  
Kong David òg glede seg storleg.  
So lova dei Gud i lag.

### *Ei lerka steig mot det høge blå*

Då tolka David si djupe lukka,  
og den som folket hans kjende på.  
Frå barmen braut det ei elv av lovsong, –  
ei lerka steig mot det høge blå:

”Du, Herre Gud, vere storleg lova,  
på jordi og i din himmelhall!  
Ja, allhers drott, me ditt namn vil æra  
frå no og inn gjennom æva all.

Deg, Herre, stordom og makt og æra  
og bragd og herlegdom høyrer til,  
ja, alt som andar i jord og himmel,  
ditt namn og høgvelde lova vil.

Og ditt er riket i alle ævor,  
og du skal råda frå hav til hav.  
Frå deg kjem rikdom og makt og æra, –  
fast i di hand ligg din herskarstav.

Du fremjar sjølv våre henders gjerning, –  
det stend til deg gjera stor og sterk.  
So prisar me deg, vår Gud og Skapar;  
ditt namn me lovar, ditt veldes verk.

For kva er eg og det folk eg fører  
at sjølve skulle me makta gi  
so raust ei gåva, og det friviljug?  
Nei, det me gav, kjem frå handi di.

For me er framande for di åsyn, –  
som våre feder er gjester her.  
Og som ein skugge er våre dagar, –  
ei liti stund, og me burte er.

Vår Gud og Herre, all denne rikdom  
me drog i hop, so me byggja kan  
eit hus for namnet ditt, allhers Herre, –  
det alt er kome ifrå di hand.

Eg veit, min Gud, du ransakar hjarta,  
i det hev hugnad som rettvist er.  
Med ærleg hjarta eg fram hev bore  
godviljug dette som her du ser.

Og eg med gleda hev sett kor folket –  
ditt eige folk, som her hjå meg stend –  
hev sjølv mint kome med sine gåvor.  
For namnet ditt deira hjarto brenn.

– – –

Herre, du Gud åt Abraham,  
Isak og Israel, federne våre, –  
gullet og sylvet, den edle malm,  
no fram til deg hev me bore.  
Lat det då alltid slikt hjartelag  
råda i folket ditt, dag etter dag!

Gjeve du Salomo, sonen min,  
at stødt han må heilhjarta vera,  
so han seg held etter ordet ditt,  
alltid din vilje vil gjera,  
og reiser den bygnaden gjæv og gild  
som no eg hev samla slikt tilfang til!”

### *For hyrdingen David var livsmålet nått*

Då David var teken i hjartans djupe grunn, –  
det var vel ei heilag og høgtidsam stund.  
Den aldrande drotten, i kongeleg skrud,  
til folket so sagde: ”Tilbed dykkar Gud!”

Då steig det frå skaren so mektig eit kvad;  
Gud Herren dei lova, og honom tilbad.  
For Herren og kongen dei kastar seg ned.  
Eit folk og ein førar, – i Gud dei seg gled.

Og offer i mengd dei for kongen bar fram:  
fem hundrad par uksar og so tusund lam.  
Og talet på verar, det òg tusund var,  
og drykkoffer attåt for Gud fram dei bar.

For Herren si åsyn dei åt og dei drakk,  
med hjarteleg gleda og inderleg takk.  
Dei Salomo hylla og helsa som drott.  
For hyrdingen David var livsmålet nått.

### TIL SENGS FOR GODT

#### *Kongen må ikkje frysa!*

Kongen er komen til sengs for godt;  
mot alderen vernar ’kje æra og slott.  
Mot alderen vernar ’kje heider og ros.  
Sælt er i kvelden å eiga Guds ljøs!

– – –

Hævaste hovding lyt tasa,\*  
tærest av tidi si tann.  
Ustød vert foten den sterke,  
og han ber oldinge-merket;  
skjelv sjølv den stødaste hand.  
Varmen frå kroppen vil røma, –  
blodet, det brusar ’kje no.  
Oldingen kulsar om kvelden;  
spakt brenn på livs-arnen elden,  
gløser den sloknande glod.

Kongen, han må ikkje frysa!  
Han hev oss varma so tidt.  
Soleis hans tenarar tenkte, –  
kjærleiken båra og blenkte,  
blikta som kveldssoli blidt.

Difor til David dei sagde, –  
visste han snart skulle døy:  
”No vil åt kongen me finna,  
til vyrdsling og vaking, ei kvinna,  
ei ung og oppofrande møy.

Og kvar gong kulden vil koma,  
sengi di verma ho skal.

\* ”tasa” = veikjast, missa makti.



Sjølvs om me no breider på deg,  
kulden vil ikkje gå frå deg,  
og du om knei er kald.”

So leita dei i landet,  
so godt dei berre kunne.  
Og glade var dei gutar  
då dei kvinna hadde funne.  
Og møyi heitte *Abisag*, –  
dei henne fann i Sunem.  
Og ho med deim slo lag.

Ven var ho som ein vårdag,  
som dogg i morgonstundi.  
Til kongen tok dei henne med,  
med same ho var funni.  
So kom ho då til kongens gard,  
og stelte vel med honom.  
So bjart og blid ho var.

### *Adonja vil verta konge*

Til Davids siste levedag  
det råka honom slag på slag.  
Dei kom frå fjerr, dei kom frå nær, –  
dei siste slagi sværest er.

Snart var det ifrå Absalom  
det kalde knytteneven kom;  
det denne gong *Adonja* var  
som valda sorg sin gamle far.

Før David seg til kvila la,  
”eg konge vera vil!” han sa.  
Han vogner fekk og femti mann  
som skulle springa fyre han.

Han hadde ikkje fenge tukt;  
no synte seg den beiske frukt.  
Nest etter Absalom han var,  
og ov-ven var den kaute kar.

Med Abjatar på råd han gjekk;  
av han og Joab hjelp han fekk.  
Det var før han ein glededag  
då desse to med han slo lag.  
Å vinna andre var hans von;  
men Benaja Jojadason,  
profeten Natan, Sime’i,  
dei ville ikkje med han bli.  
Og Davids kjempor, alle var  
mot han som svikta stygt sin far.

### *Då steig profeten Natan atter fram*

Adonja sette alle klutar til;  
for kvar ein pris han konge verta vil.  
Ved Ormesteinen, attmed Rogel-brunnen, –  
som enn i dag i Kedrons dal vert funnen, –  
han slaktar uksar, kalvar, anna fe, –  
dit vil til seg han alle brørne be,  
og attåt alle gjæve Juda-menn  
som enn i tenesta hjå kongen stend. –  
Benaja, Natan, bror hans, – Salomo, –  
og Davids kjempor, dei fekk ikkje bod.

Då stig profeten Natan atter fram,  
til mor åt Salomo – Batseba – talar:  
”Du ogso hev vel fenge dette bod:  
Adonja, han er vorten konge no, –  
dei veit det ikkje i kong Davids salar.  
Det stend om livet; difor no eg vil, ”  
sa Natan, sjåaren, ”ei råd deg gjeva.

Om berre no du høyra vil på meg,  
skal svikaren ei koma nokon veg,  
og du og son din, Salomo, fær leva.

Gakk inn til kongen, David, seg til han:  
”Min Herre konge, hev du ikkje lova  
at Salomo, min son, skal konge bli,  
og etter deg få erva truna di?  
Kvi hev Adonja fenge denne gåva?  
Og medan du stend derinne  
og talar med drotten din,  
og nemner med han om Adonja,  
då sjølv skal eg stiga inn.  
Og det som vert sagt, skal eg sanna  
og stadfesta ord for anna.”

### *Batseba gjeng inn til kongen*

So gjekk ho inn i sengeromet,  
der kongen bleik og kvithærd låg.  
Og Abisag frå Sunem stelte  
so stilt med honom, fin og fjåg.  
Og Batseba seg audmjukt bøyer,  
for kongen ned ho kastar seg.  
Og David ser ei stund på henne,  
so seier han: ”Kva vil du meg?”

Ho svara honom: ”Høyr, min herre!  
Ved Herren Gud du lova meg  
at Salomo – og ingen annan –  
skal verta konge etter deg.  
Han i din kongsstol sitja skal  
og råda i din hovdinghall.

Men sjå, no er Adonja konge,  
og ingenting til deg vart sagt.  
No freistar han å vinna vener  
som styrkja skal hans kongemakt.  
So hev han slakta gjødde kalvar  
og uksar, lam og anna fe  
i mengd, og bede sine vener  
til gjestebod å koma med.  
Han alle kongssøner hev bede;  
Abjatar er der ogso no,  
og Joab – hovdingen for heren –  
men Salomo fekk ikkje bod.

No vender heile folket augo  
til deg, kong David, vita vil  
kven det vel er av dine søner  
som kongedømet høyrer til  
når dine dagar her hev enda.  
For elles kan so lett det henda:  
når du til kvila inn hev gjenge, –  
med dine feder samlast fenge, –  
vert eg og son min, Salomo,  
som alltid ved di sida stod,  
for arge brotsmenn rekna!”

### *Salomo skal vera konge!*

Medan endå ho stod der  
og tala med kongen,  
ein tenar kom inn.  
Og han melde ifrå  
at profeten var komen:  
”Natan er her!” –  
Han for kongen steig fram  
og å gruve seg kasta  
på jordi for honom.

So til David sa Natan:  
”Min herre og drott,  
er det so du hev sagt:  
Når di livstid er slutt,  
skal Adonja bli konge  
og rikja og råda  
i kongsstolen din?  
For i dag hev han fare  
til Ormsteinen ned,  
slakta uksar og kalvar  
og sauer i mengd,  
alle kongssøner bede,  
kvar herfører med  
og presten Abjatar  
til gjestebods-gilde  
der nede i dalen.

No ét dei og drikk dei  
med honom og ropar:  
”Leve, leve kong Adonja!”  
Men eg som er trugen  
mot David, og Sadok  
og Salomo, son din, –  
oss hev han ’kje bede.  
Kan dette vel vera  
i samsvar og samklang  
med kongen sin vilje?”

Då svara kong David,  
med sveinane sagde:  
”De svint no må Batseba  
hit til meg ropa!” –  
Og hitåt ho steig;  
då ho stod framfor kongen,  
svor David og sagde:

”So sant Herren lever,  
som trufast hev løyst meg  
or trengslone alle:  
Som før eg hev svore  
deg til ved Gud Herren:  
at Salomo, son din, –  
han konge skal vera  
når sjølv eg er burte,  
i min stad i kongsstolen  
råda og rikja,  
so gjer eg det ogso i dag.”

*”Set Salomo, son min,  
på kongen sitt muldyr!”*

Då Batseba bøygde  
seg ned for sin make  
og andletet audmjukt  
mot jordi ho vende.  
Ho kasta seg ned  
for sin husbond og herre,  
og sa: ”Gjev kong David  
må æveleg leva!” –

Og sidan sa kongen:  
”De inn til meg rope  
Benaja Jojadason, Natan, – profeten, –  
og so presten Sadok!”  
Og då dei for David steig fram,  
sa han til dei:  
”Tak herfolket med dykk,  
set Salomo, son min,  
på kongen sitt muldyr,  
og far so med honom  
til kjelda, til Gihon!

Og der presten Sadok  
og Natan, – profeten, –  
skal Salomo salva  
til Israels konge.

Og der skal de blåsa  
i luren og segja:  
”Leve kong Salomo!  
Leve kong Salomo!” –  
So skal de fylgja han  
oppatt til slottet,  
og han i kongsstolen min  
skal seg setja.  
For det er han som eg  
sette til hovding.  
Han yver Juda og Israel råde!” –

Svara Benaja kong David og sagde:  
”Amen! Må Israels mektige Gud  
segja det same som du nett no sagde!  
Som han med deg, herre konge, hev vore,  
ogso med Salomo, son din, han vere,  
kongsstolen hans endå sterkare gjere,  
meir herleg og veldig enn din, herre konge!”

### *Det fer eit fylgje til Gihon-kjelda*

Det fer eit fylgje til Gihon-kjelda,  
det sit ein kongsson på Davids muldyr,  
av liv-vakt verna.  
Og Salomo hev so gjævt eit fylgje:  
profeten Natan og so Benaja  
og presten Sadok.  
No skal til konge dei honom salva.

Og presten Sadok tok oljehornet  
som stod i tjeldet, og salva honom.  
Dei blés i luren, so langt det ljoma,  
og folket ropa i frygd og fagnad:  
”Må kongen, Salomo, lenge leva!”  
Og sidan fylgde so heile folket  
den unge Israels-kongen oppatt  
med slik ein lurlåt og fløyte-blåster  
at jordi kunne med eitt ha rivna.

Og dei som festa ved Rogel-kjelda, –  
det var Adonja og alle hine  
som dit var bedne, –  
dei høyrde omen av denne hylling,  
nett då dei måltidet hadde enda.  
Og då so Joab, den kloke krigar,  
fekk høyra lur-ljom og fløyte-blåster,  
han spiste øyro, og so han sagde:  
”Kva er vel dette for ståk og ståhei  
og glam i byen?”

### *Kaldt vatn i blodet*

I same stundi kom dit Jonatan,  
son åt Abjatar, den øvste presten,  
og so til honom Adonja sagde:  
”Kom hit, ein fagnadmann var og er du,  
som visst eit gledebod hev å bera!”

Jonatan svara: ”Å nei då, – David,  
den gamle kongen, i dag hev kåra  
Batsebas son til sin etterfylgjar.  
Han baud at Sadok, – den gamle presten, –  
profeten Natan og so Benaja, –

Jojada-sonen, – og kongens livvakt,  
dei skulle Salomo alle fylgja  
til stemne-staden i Kedron-dalen.

På kongens muldyr dei honom sette.  
So hev då Sadok og Natan salva  
til konge honom, ved Gihon-kjelda.  
Og dei med fagnad hev oppatt fare,  
og heile byen er no på beini.  
Det er det ståket som her de høyrer.

Og Salomo hev no alt òg sett seg,  
med' folket jublar, på kongetruna.  
Og kongens menner, dei dit er komne,  
hev David hjarteleg ynskt til lukka,  
med di dei sagde: Gjev Gud vil gjera  
det slik at namnet åt denne son din  
må verta større i makt og velde  
enn ditt hev vore, vår vyrde konge!”

So hev òg David på sjukelega  
til Herren bede og honom lova:  
”Høglova vere den Herre, Herre,  
som no i dag i min kongsstol sette  
ein ettermann, so eg kan få sjå det  
med eigne augo, før snart eg sloknar!”

### *Adonja lyt bita i graset*

Då vart det brått ein annan leik  
for deim som trulaust David sveik, –  
no vart det andre greider.  
Forferda vart då kvar ein gjest  
som hjå Adonja var i fest, –  
dei rømde alle leider.

Adonja ottast Salomo:  
”For visst han kjem og tek meg no!” –  
Han strauk til heilagdomen,  
og tenkte nok med sjøelve seg:  
”Han ikkje torer tyna meg  
når vel eg dit er komen.”

Til kongen vart det bore bod:  
”Adonja ottast Salomo,  
til altaret laut røma,  
tok tak om altar-horni der,  
so ikkje honom du med sverd  
til døden skulle døma.”

Kong Salomo sagde:  
”Gjev honom det svar  
at ber han seg åt som ein fagnadkar,  
då skal eg 'kje røra eit hår på han,  
men steller han seg som ein simpel mann,  
so skal han døy!”

So sende kong Salomo folk av stad,  
og dei til den skrømde Adonja sa:  
”gakk ut i fred!” –  
Han kom då, for kongen han kasta seg ned,  
og Salomo såg på sin slegne bror;  
so sagde han berre dei stutte ord:  
”Du kan fritt ganga heim til deg sjølv!”

### *Det var den siste stormen*

Det blæs på alle sjøar,  
det bårar på kvart hav.  
Slik fylgde stormen David  
frå vogga og til grav.

Det var den siste brotsjø  
som imot strandi braut,  
den siste svære stormflod  
som inn mot kysten flaut.

Det var det siste stormkast  
som yver fjorden fauk.  
Brått fór han ned frå fjelli, –  
det riste og det rauk.

*Det var den siste iling  
som yver fjorden fór.  
Men atter fann kompasset  
si nål det sanne nord.*

*Det var den siste stormen  
som David røynd fekk.  
Og sidan ned i havet  
i fred hans livssol gjekk.*

## HYRDINGEN HASTAR HEIM

### KVERN-DUREN SPAKNAR

#### *Snorene fall meg på ljuvlege stader*

Salme 16

So mangt stilnar av når det lider mot kveld  
og soli seg nærmar dei blånande fjell.  
I kvelds-klåren ser ein det jordiske liv  
i ope og endelaust lys-perspektiv.

Når kvern-duren spaknar, då ser ein so grant:  
det Herren hev vitna, er æveleg sant.  
Då bleiknar alt anna mot dette: å gå  
til livet, til lyset, og Skaparen sjå.

”Vara meg, Gud, for eg flyr til deg,  
min einaste hjelpar i verdi vid!  
Ditt namn vere lova til æveleg tid!

”Du er min Herre,” eg seier til Gud,  
”mitt einaste gode i liv og i død,  
mi von og mi vinning, mitt levande brød.”

Dei heilage som her i landet bur,  
dei herlege, eg vil meg halda til deim.  
Der hev eg min hugnad, der hev eg min heim.

Men dei som seg snur frå den levande Gud  
og søkjer si gleda i jordiske ting, –  
deim sorger i hopetal sårar og sting.

Nei, Gud er min tilmælte del og mitt staup,  
og herleg min lut og min lagnad du gjer.  
Kven er vel som du i den vidande verd!

---

Snorene\* fall meg på ljuvlege stader,  
då til kvar einskild du arv etla ut;  
gav du meg ein som eg inderleg elskar.  
Meg er tilfallen ein yndeleg lut.

Alltid eg Gud vil framfyre meg setja;  
for han kvar stund ved mi høgre hand stend.  
Difor eg aldri i æva skal rikkast.  
Sistpå den skyfrie morgonen renn.

Difor mitt hjarta seg gled, og mi æra\*\*  
fagnar seg høgt, og eg jublar av frygd.  
Sjølv om eg eldest, so eig eg den vissa:  
ogso mitt kjøt skal hjå deg bu i trygd.

For du mi sjel ikkje vil yverlata,  
so ho i helheimen evig skal bu.  
Du vil 'kje lata din heilage skoda  
undergang, – det er mi fulltrygge tru.

Nei, du vil kunngjera meg livsens vegar;  
eit havdjup av gleda for di åsyn er,  
fagnad til æveleg tid ved di sida,  
der skal eg bu når frå verdi eg fer.”

---

Det som kong David her syng om si sæla,  
fekk si oppfylling i Frelsaren, Krist.

\* Mæle-snorene som dei nytta når dei tilmælte ein stamme eller ein mann jord.

\*\* Mi sjel.

Han hev det evige livet oss vunne.  
Døden – den arge – sin odd no hev mist.

Me skal 'kje døy, – me skal æveleg leva.  
Porten er opna til livet sitt land.  
Difor vår hylling me Herren vil gjeva, –  
her, og på æva si salige strand.

### *Dei siste ord til sonen*

”Eg gjeng no den vegen all verdi må fara,  
for livet tek ende, og døy lyt eg no.  
So bed eg deg, son min, at vel du vil vara  
Guds vegar og rettar og lover og bod.

Ja, kvar du deg vender, og kva du vil gjera,  
so ferdast i truskap av heile di sjel!  
Du vist fare åt, og Guds lov må du læra, –  
som Moses hev gjeve, – då gjeng det deg vel!

Då Herren den lovnad han gav meg, skal halda:  
”På Israels kongsstol det vanta ei skal  
ein ettermann som etter David vert kalla  
når berre han føtene varar frå fall.”

Ja, no gjeng eg vegen all verdi lyt fara.  
Gud signe deg, son min, som *han* berre kan!  
Frå ætt og til ætt hans velsigning vil vara.  
*Ver sterk då, kong Salomo! Vert du ein mann!”*

## *Ein morgon utan skyer*

Israels ljuvlege songar  
sa i eit framsyn dei ord  
like før lampa hans slokna  
og han frå jordlivet før:

”Herrens Ande i meg hev tala,  
og ordi hans er på tunga mi.  
Han som er Israels berg, sa til meg, –  
han som er konge til evig tid:

”Den som råder, gjer rett og rettferd,  
og den som rikjer i frykt for Gud,  
han liknar dag-sprett når soli glitrar  
og doggi glimar i reinleiks skrud, –

ein fager morgon forutan skyer,  
når graset grønkar på voll og vang,  
i sol og regn frå Guds høge himmel,  
som han gjev jordi so fullt i fang.

Er det ’kje so med mitt hus hjå Herren?  
Han gjorde æveleg pakt med meg.  
Ja, alt som vert meg til frygd og frelsa,  
det strør han visseleg på min veg.

Og slik det vert i ein fager fullnad  
når Guds Messias til jordi kjem.  
Det vert ein morgon forutan skyer, –  
eg ser det nye Jerusalem.” –

## SONGEN OM GUD

### *Livsens under*

Salme 139

Stilt det er i Davids-borgi, –  
berre kongen sjølv ligg vaken.  
I dei kyrre nattetunder  
grundar han på livsens under, –  
tendrar so eit ljøs i staken,  
gjev oss sine djupe tankar  
om det aller største, Gud:

”Du kjenner meg, Herre, ransakar meg vel, –  
du veit om eg sit eller stend.  
Og tanken min skynar du langan leid,  
kvar lyst som i barmen min brenn.

Mi gonga og lega, – du røyner dei ut,  
kvar veg som eg gjeng, veit du vel;  
for ikkje eit ord på mi tunga det finst  
som du ikkje kjenner og tæl.

Og bakfrå og framme du kringom meg held,  
og stilt legg du på meg di hand.  
Slik kunnskap for høg og for underfull er,  
og ikkje eg greida han kan.

### *Tok eg vengjene til morgonroden –*

Kvar skal eg fly frå ditt andlet,  
fara frå Anden din, Gud?  
Du ved kvart vegskil meg møter,  
dreg eg mot nord eller sud.



Fór eg enn opp til din himmel,  
Herre, so er du då der.  
Reidde eg seng millom døde,  
du òg i helheimen er!

Og tok eg vengjene til morgonroden,  
og ved det ytste havet slo meg ned,  
so ville ogso der di hand meg leida;  
di høgre heldt meg fast, – for du var med.

Og om eg sagde: ”Myrker no meg løyne  
og dagsens ljós bli natt ikringom meg!”  
So ville ikkje myrkret myrkt det gjera;  
men ljós som dagen natti var for deg.

### *Du dana meg*

Du kjenner meg, – du skapte mine nyro,  
og du i moders liv hev verka meg.  
Eg takkar deg av di at eg er laga  
so underfullt og løyndomsfullt av deg.

Ja, dine verk er underfulle, Herre,  
og sjeli mi, ho dette veit so vel.  
Med age eg ved skaparverket stoggar;  
du dana meg, – min Gud, kor eg er sæll!

For deg var ikkje beini mine dulde  
då eg i løynd vart laga av di hand,  
då eg med kunst vart verka djupt i jordi,\*  
so underfullt som berre du det kan.

Då eg eit foster var, såg meg ditt auga,  
og i di bok var alle skrivne upp, –

\* I mors liv.

dei dagar som for meg du hadde fastsett,  
då enn eg var ein liten blomknupp.

Kor dyre er dei for meg, dine tankar,  
som du hev tenkt – so eg skal koma heim!  
Eg grundar på deim i dei stille netter.  
Kor store, Gud, er summane av deim!

Og vil eg telja deim, so er dei fleire  
enn stjernone i kvelvens vinterveg.  
Den eine tindrar fagrare enn hine.  
Eg vaknar opp – og enno er hjå deg.

Ransaka meg, min Gud, og kjenn mitt hjarta!  
Kjenn mine tankar, Herre, prøv du meg!  
Og sjå om eg på vegen er til pinsla,  
og leid meg på den ævelege veg!”

### SONG I SOLEGLADET

#### *Såri gror*

Salme 103

Ein annan gong, – det var i morgonstundi, –  
og stilla rådde i dei store salar, –  
bak Oljeberget nyst var soli runni. –  
Då høyrer Abisag, som steller der,  
at David med sin Gud og frelsar talar:

”Mi sjel, mi sjel, din Gud og Herre lova!  
Og alt som i meg er, syng høgt av gleda!  
Gløym ikkje burt hans grenselause gåva!  
Hans namn er heilag, – du hans pris må kveda!

Du tilgjev skuld og lækjer alle sári, –  
av alle ting er det det aller største.  
Av det eg trong opp gjennom alle ári,  
er lækjedom det siste og det første.  
So mange hogg eg fekk, og slag på slag, –  
du sári grødde, alt til denne dag.

Og fagrare en venast kongekruna  
er, Herre Gud, din miskunns hovud-krans.  
So skal med deg eg sitja på di truna  
og evig fegnast i din guddoms-glans.  
Og om mi sol til sist so gjeng i hav,  
du, Herre, løyser lint mitt liv or grav.

### *Atter ung som ørnen*

Mi sjel du alltid med det gode metta,  
so eg lik ørnen sterk vart etter ung.  
Ja, du med livsens brød min hunger stetta,  
og styrkte foten som so tidt var tung.  
Var dagen heit, av kjelda klår eg drakk.  
So segjer eg deg, Herre, hjartans takk.

Ja, miskunnsam og nådig, Herre, er du,  
langmodig, og på miskunn rik og stor.  
Ei etter mine synder med meg gjer du,  
men dukar dag for dag ditt nådebord.  
På vreide gøymer du 'kje æveleg,  
men gløymer alt, – kor du er god mot meg!

So høg som himmelen er yver jordi,  
so veldig er di miskunn yver deim  
som ottast deg og fylgjer himmel-ordi,  
som leider oss på vegen til din heim.  
So langt som aust er ifrå vester-ætt,  
so langt vår synd frå oss du vera lèt.

Som far miskunnar borni, sine kjære,  
miskunnar du kvar ein som ottast deg.  
Du til det gode vender sjølv det svære;  
det fekk eg sjå so tidt på livsens veg.  
Du sjølv hev skapt oss, – lekam, ånd og sjel, –  
at me er dust, du veit og minnest vel.

### *Eg liknar vesle blomen*

Eg – som dei andre – liknar vesle blomen:  
Han stend i dag, i morgon fell han av.  
Alt kjøt er gras, stend under daude-domen;  
ved enden av vår veg det ligg ei grav.  
Di miskunn, Gud, ho varer evig ved,  
frå tid til tid, til nye ættar-led.

Din kongsstol, Gud, i himmelen du sette,  
og yver alle ting ditt rike rår.  
Di hand du opnar, gjev kvar skapning mette,  
og alt av deg sitt liv, sin fullnad får.  
Å, må all verdi, Herre, minnast då  
å lova deg som allting kjem ifrå!

De høge englar, av Guds glans forklåra,  
du kjempe-her som set hans ord i verk,  
lat dykkar lovsong gjennom rymdi båra,  
til Herrens æra med ein tone sterk!  
Lat songen stiga ifrå paradís,  
til alle ætter syng sin skapars pris!

Ja, lova Herren, alle de hans herar,  
de tenarar som glad hans vilje gjer!  
Når alle verki deira skapar ærar,  
då er Guds sæle rike kome nær.  
I tid og æva gjer han berre vel.  
So lova Herren, – lova han, mi sjell!”

## *Som symra på Karmel-berget*

Det er stilt i solfalls-timen, –  
berre Abisag frå Sunem  
trugen stend i sjukestova,  
i den siste solskins-glimen.  
No ho høyrer David lova  
Herren for hans store miskunn:

”Som symra på Karmel-berget,  
som Saron sin kvite blome,  
slik bleiknar eg burt og brått fell av  
når hausten sin vind hev kome.  
Men Herrens miskunn skal vara ved,  
og denne voni, ho varmt meg gled.

Alt kjøt er som gras på marki, –  
i morgon so hev det fare.  
Men Herrens miskunn fell aldri burt, –  
frå ætt og til ætt skal ho vare.  
So skal eg bløma i paradisi  
og evig syngja min Skapars pris.”

## *Israels ljuvlege songar*

Israels ljuvlege songar, –  
det namnet han alltid vil bera.  
Alt frå han kvad for sau og kje,  
song han til Herrens æra.

Alt frå han kvad i kongehall, –  
då han var gjætargut berre, –  
var det hans djupe hjartans trong  
å lovsyngja Israels Herre.

Harpa han kan ’kje halda, –  
veik er den visne armen.  
Men – medan soli for godt gjeng ned,  
tonar det enn – i barmen.

Landgangen snart skal takast,  
båten leggja frå bryggja.  
harpa tonar i hjartans tempel:  
Gud er mitt ljøs, mi hyggja!

---

Useieleg mildt er kvart andlets-drag, –  
no ser han dei veldige vyer.  
Han ventar på demring av æveleg dag, –  
ein morgon forutan skyer.

## *Ein konge skal fara frå landet*

Det stilnar i kongeborgi, –  
dei høyrer kong David dreg ande.  
Kvinnene kviskrar, og mennene teier.  
Ein konge skal fara frå landet.

Det stilnar i kongebyen;  
kvar borgar veit vel kva som hender.  
Ei bøn for den døyande drotten  
til himmelens Herre dei sender.

Sjølv ligg han i hovding-borgi, –  
veit vel at det no hev kvelda.  
Ung Abisag gjev han den siste skåli  
av vatn ifrå Gihon-kjelda.

Alt kjøt lyt den vegen fara, –  
han sjølv hev om dette sunge.  
Men Gud vere lova at livsens brunn  
på Moria berg heve sprunge!

### *Hyrdingen hastar heim*

”Eg vandrar i dødsskugge-dalen;  
men angest eg veit ikkje av.  
Herren, min Gud, er min hyrding,  
meg trøystar hans kjepp og hans stav.” –  
Slik syng han den siste kvelden,  
og soli gjeng snart i hav.

---

So slær då Davids hjarta  
dei siste trøytt slag.  
Ei lysning legg seg yver  
dei bleike andlets-drag.  
Den dökke dalen endar, –  
der framme demrar *dag*. –

– Kva ser du, Herre konge?  
Kva gjer deg no so sæl?  
– Eg ser den gode Hyrding, –  
han gjorde allting vel.  
Mi sjel – mi sjel – lov Herren!  
Ja, lova han, mi sjel!  
Han lækte alle sår,  
han tilgav all mi skuld.  
Og om eg tidt hev snåva, –  
han var av miskunn full.  
Og livet mitt han løyser  
ifrå den myrke grav.

So skal eg evig leva,  
og bu ved livsens hav.  
Ja, – eg – skal – bu – i – Herrens – hus –  
i ævelengd.  
Mi sjel – lov – – !

---

Soli gjeng ned i havet i vest.  
Og so er det stilt. –  
Hyrdingen hastar heim.  
Barnet hev sovna.

### *So hadde dagen sigra*

Stormane reiv og rasa  
natti so lang.  
Kolsvarte skyer siglde, –  
berre ei einsleg stjerna  
fram millom bankar blenkte.

So det i auster skirna,  
dagrandi bjart seg synte.  
Sky-hausar høge skunda  
seg yver himmel-kvelven.  
Stjernone brann og blikta,  
månen var blank som nysylv.

Inn ifrå djupe rømder  
ljøs-geislar skein og strøymde,  
auka og voks i velde.  
Dagen det var som demra;  
soli seg sistpå synte.  
Fuglar i fjell og skogar  
kvad for Den store konge.  
Ein morgon forutan skyer!

---

So hadde dagen sigra.  
Æveleg ung han strøymde.

### *Etterklang*

Eit liv som lukkast, – seg, kva er vel større,  
sjølv om det gjeng igjennom nederlag?  
Å, for ein fagnad inn i alle ævor  
når oppgjerds-dagen vart ein sigersdag! –

Eit liv som lukkast, sjølv om litle båten  
i bære-brotet stundom skolv og skok!  
Kven minnest *det* når på den store dagen  
han ser sitt namn i livsens gylne bok?

Eit liv som lukkast, – me i soga stundom  
fær møta ein som sigers-kruna ber.  
Det ligg ein lysglans kring den klåre panna,  
der fram han skrid i Herrens kvite her.

Me høyrer namnet, – då det klokkor kimar, –  
sjølv om år-tusund fór ifrå hin gong.  
Og palmeskogar susar ved hans minne.  
I undring høyrer me den soge-song.





# KRISTUSKVADET

1976

Med takksame tankar  
til den Menneskeson  
som er verdi sin frelsar  
og einaste von.

*I 1953 kom boki "Stormfuglen", eit kvad om profeten Elia, ut – og elleve år etter "David", eit dikt om Israels ljuvlege songar. – Det var ikkje då i mine tankar å freista å skildra i verseform "Davids son", den største som hev vandra på vår jord. Denne dristige tanken dukka opp laurdag den 6. november 1965 i millionbyen Osaka i Japan. Norges-venen KENZO AIBARA hadde invitert kona mi og meg til å vera med og sjå den store Kristus-filmen "The Greatest Story ever Told" (Den største saga som nokonsinne vart fortald).*

*Den vart synt på kjempe-skjermen i det største kinolokalet i Osaka. – No er det ulike meiningar om slike filmar; men det var eit og anna ved denne som gledde og greip meg. Han som spela hovudrollen, MAX VON SYDOW, gjorde det på ein mykje sympatisk måte. Dernest var fleire av Jesu underverk tekne med. Og mange sentrale evangelie-ord kom på skjermen, både på japansk og engelsk. På denne måten fekk titusentals japanarar for første gong eit visst kjennskap til kristendomen.*

*Filmen gjekk for fulle hus heile vinteren, laurdagar og sundagar to gonger kvar dag. Ein og annan scenen var også gripande, t.d. då Lasarus vart vekt opp frå dei døde. Me såg han langt borte stiga ut or gravi. Der stod også Kristus, begge i kvite klede. So stemte eit stort kor i Händels halleluja. Det gjorde det også til slutt, ved himmelfarten.*

*Medan eg sat der, var det at tanken kom: Enn om du freista å skildra Jesu liv på same måten som Elia`s og David`s? – Eg kunne i alle fall gjera ein freistnad. Og alt på toget tilbake til Kobe, i*

*lag med Aibara, tok eg til. Eg tenkte ikkje stort på at det var eit svært lerret å bleika. – Arbeidet var "stort og vidløftig", og det var ikkje alltid so mykje tid til å driva på med det. Det kunne gå lange bolkar mellom kvar gong det vart arbeidt med stoffet. Difor kjem denne boki først no, elleve år etter; – og etter ikkje so lite tvil om eg skulle våga meg til å gjeva henne ut.*

*Planen hev heile tidi vore å ha med ALT om Jesu liv, heile livsgangen, slik han er skildra i dei fire evangelie-skriftene. Desse er so å seia smelta saman til eit heile. Slik hev alle detaljar og nyansar kome med. Me hev soleis her – truleg for første gong – ein sokalla evangelie-harmoni i bunden form. På denne måten ville me få heilskapen og oversynet.*

*Sjølvsagt ville det ha vore enklare og lettare å teke med bare dei forteljande og dei meir "dramatiske" drag i Jesu liv. Men me ynskte å ha med alle trekk i Jesus-biletet, også bodskapen hans.*

*– I dei fleste skildringane er det nytta enderim. Det let seg for det meste ikkje gjera i Jesu talar. Men i alle høve hev me freista å gjennomføra rytme.*

*Av litteratur eg hev nytta – utanom ymse bibelomsetjingar og fortolkningar – nemner eg særleg "A New Harmony of the Gospels", av ALBERT CASSEL WIEAND, – ei gåve frå den då 92 år gamle Japan-misjonæren J.M.T. WINTHER. Ei særleg takk lyt eg få gjeva min ven KENZO AIBARA. Utan hans innbyding til å sjå "The Greatest Story" hadde truleg denne boki ikkje vorte til.*

*Må so "Kristus-kvadet" verta til signing for den vyrde lesar, og til æra for han som er hovudpersonen i "Den største saga sagt på jord!"*

Oslo 21. april, anno domini 1976  
Trygve Bjerkrheim



## OPNINGS-KLANGAR

### *Den største soga sagd på jord*

Den største soga sagd på jord, –  
kven kan vel finna form og ord  
til henne rett å måla?  
Kven kan vel tolka Jesus Krist  
frå aller fyrst til aller sist, –  
kva han for oss laut tola?

Den største utav mannsens born,  
han vart det livsens sædekorn  
som lagdest djupt i jordi.  
Men då han liv åt verdi gav.  
Og levande han steig or grav.  
Då lydde sigers-ordi.

Han var so kjærleg, heil og sann.  
No lyt me alltid elska han, –  
Kor kan me anna gjera? –  
Han synte slikt eit heilag mod.  
Til sist han gav sitt hjarteblod.  
Han verdsens synd laut bera.

For visst me trur han er Guds Son,  
Men òg vår bror, vår trygge von  
og livsens djupe kjelda.  
Han var Guds eige offerlam,  
og løyste oss or skuld og skam.  
Hans verk skal evig gjelda.

### *Han hadde sine røter i paradís*

Han hadde sine røter i paradís.  
Der song Guds høge englar hans lov og pris.

Han hadde sine røter i paradís.  
So kom han hit til verdi sin kalde is.

Han var hjå Gud frå æva, før tid og rom.  
So kom han hit og gav oss Guds herlegdom.

Han var hjå Gud frå æva, – sjølv Gud han var.  
So kom han hit til jordi, vårt bilet' bar.

Han hadde sine røter i paradís.  
So steig han inn i ætti på underfull vis.

Ein blome brast på verdi si vintre-grein.  
Maria møy fekk bera den rosa rein.

Men livsens Ande verka det under stort.  
Det er so djup ein løyndom, av Herren gjort.  
So stend me her i undring, ved livsens port.

### *Det hende i æva, før verdi vart til*

Det hende i æva, før verdi vart til:  
Gud visste om fallet; no frelsa han vil.

So tok han den rådi: å ofra sin Son,  
so verdi kan frelsast frå tap og frå tjon\*

Det hende i æva, – Gud tenkte på oss,  
So sende han Sonen, til krybbe og kross.

\* TJON = tynning

Det hende i æva – då planen vart lagd,  
om Sonen sin store og strålande bragd.

So lovsyng me Faderens evige råd,  
og Sonen sin store og dristige dåd.

### *Lilja i dalen*

Han er ”lilja i dalen”, den ljose og reine.  
Han er ”Saron si rosa”, den einaste eine  
som skuldløysa berga frå paradiset.  
Og ikkje ho øyde i verdens is.

Han er stjerna den skire, som syner oss leidi,  
so ei me gjeng vilt på den vegause heidi.  
Ho blinkar og vinkar i verdi si natt.  
Den stjerna er ætti sin fagraste skatt.

Han er perla imillom dei perlane mange.  
Han er svaret på spørsmåli vridne og vrangle.  
I han er den ov-tunge livsgåta løyst.  
Og difor er Kristus vår von og vår trøyst.

Han er skatten som gjer oss useieleg rike.  
Sjølv døden og domen for honom må vike.  
Til livslandet vigde han vegen for oss.  
Det kosta han døden på skammi sin kross.

## DEMNING AV DAG

### *Gjevaste Teofilus!*

”Det er alt mange, Teofilus,  
som hev`e teke seg til  
å setja opp ei fråsegn  
om det som hev føre seg gjenge, –  
det som hev hendt her hjå oss, –  
so som dei fram hev det bore,  
dei som hev augvitne vore,  
alt frå den første stundi,  
og vart ærend-sveinar åt ordet.

Difor eg sette meg føre, eg òg –  
sidan eg alt ifrå grunnen  
vel hev`e granska –  
å skriva det opp åt deg,  
gjevaste Teofilus,  
stykke for stykke,  
soleis som det heng saman,  
so du kan sjå kor truverdig ho er,  
den soga som du hev`e høyr.”

Slik tek han til, lækjaren Lukas,  
når han skal skildra  
soga om Jesus,  
den største sagd på jord.

## *Herolden*

Når kongen skal koma,  
herolden rid føre.  
Og vegen lyt brøytast  
der drotten skal kjøre.

I ætter og aldrar  
Gud gjorde sitt verk.  
Og sistpå kom Døyparen,  
storlagd og sterk, –  
av deim som er fødde  
av kvinnor, den største.  
Men han som kom etter,  
var endå den første.

Dei lyser i ætti si saga, dei to.  
Det verket dei gjorde,  
me lever på no.

## *Eit prestepar*

Det var i den tid då Herodes  
konge i Jødeland var.  
Då budde i Juda bergland  
eit aldrande prestepar.  
ELISABET, so heitte kona. –  
SAKARJA var namnet *han* bar.

Dei bae vandra med Herren  
i rettferd, i otte for Gud,  
fylgde hans føresegner,  
alle hans heilage bud.  
Ingen fann noko å lasta deim for.

Og bae frå Levi var ætta.  
Ho hørde til Aron si grein.  
Dei lukkeleg levde i saman;  
Men der òg det tyngde ein stein.

Dei langt oppi åri var komne;  
ja, no var dei gamle og grå.  
Elisabeth var ikkje barnkjømd,  
so born kunne ikkje dei få.

Dei hadde nok sukka i saman;  
men voni – ho ute var no.  
Då kom det, ein dag då han ofra,  
frå himlen eit høgtidsamt bod.

## *Ein engel ved gull-altaret*

Han hørde til prestelaget  
som namn etter Abia har.  
Kvar einaste dag i templet  
røykofferet inn dei bar.  
Dei kasta lut, som visi var,  
og i dag fall luten på han.

Han var i Guds heilagdom inne,  
ved røykoffer-altaret stod.  
Og røyken – symbolet på bøni –  
han steig imot himmelen no.

Han steig frå det gull-lagde altar –  
so heilag han var, denne stad. –  
Og folket i røykoffer-stundi  
stod utanfor, medan dei bad.

Då fekk han med eitt sjå ein engel  
ved gulloffar-altaret stå.  
Han såg denne skinande skapnad,  
og ottefull presten vart då.

Han stokk; men Guds engel sa til han:  
"Ver hugheil, og ottast 'kje no!  
Di bøn, ho er høyrd, – frå det høge  
eg kjem med so herleg eit bod:

### *Eit barn skal det koma i heimen!*

"Eit barn skal det koma i heimen!  
Ein gut skal omsider de få.  
JOHANNES skal namnet hans vera.  
Og rikt skal de gleda dykk då.

Og mange med dykk skal seg fagna  
ja, frygdast med far og med mor.  
For sonen som no de skal fostra,  
skal himmelens Gud kalla stor.

Med vin skal han ikkje seg fylla  
og ikkje med rusdrykken sterk.  
Men fylt av Den Heilage Ande  
han maktar dei veldige verk.

Ja, alt ifrå morslivet Anden  
skal helga hans hug og hans hått.  
Og sidan han mange skal venda  
til Israels Herre og drott.

Og sjølv føre Gud skal han ganga –  
som før av profetane spådd –  
i ande og kraft som Elia.  
Og difor skal målet bli nådd:

Å snu sjølv dei stoltaste hjarto,  
og vera Guds kjærleik sin tolk,  
so han kan av Israel vinna  
åt Gud eit vel førebudd folk.

Han skal hjarto åt federne venda  
til borni, – so samklang det gjev.  
Og han skal dei ulydige gjeva  
den hug som rettferdige hev."

### *Ein tvilar i heilagdomen*

"Kor kan eg vita om det er sant?"  
til engelen presten sa.  
"For eg og kona, me gamle er,  
og nær ved vår soleglad."

Då svara han: "Eg er Gabriel,  
som stødt for Guds åsyn stend.  
Og no er eg komen med gledebod  
til deg ifrå himlen send.

Men no du tagna og teia lyt –  
i togn skal du gå din veg,  
alt til den dagen då dette skjer –  
fordi du 'kje trudde meg.

Men det eg sagde, det sannast skal.  
Det skal du få sjå til sist." –  
So kvarv Guds engel; ein prest stod att  
som hadde sin mæle mist.

I føregarden stod folket enn,  
og venta på presten sin.  
Dei undra seg; det so lenge var  
no sidan han dit gjekk inn.

Då ut han kom og såg folket der,  
han ikkje eit ord fekk sagt.  
Då skjøna dei: han hev hatt eit syn.  
Gud Herren hev synt si makt.

Sjølvs nikka presten, og gjorde teikn,  
men sa 'kje eit ord til deim. –  
Då tenest-tidi til endest var,  
Sakarja fór fege heim.

### *”Eg er med barn!”*

Ho hadde lengta ein livslang dag;  
no hjarta slo sine lukkeslag.  
Ho hadde venta frå år til år;  
no lyste sylvet i hennar hår.

Ho skulle aldri den lukka få:  
det vesle barnet på fanget sjå.  
Ho skulle aldri få lyfta upp  
på moder-armen den spede knupp.

Ho skulle ikkje få skoda inn  
i augne-djupet på guten sin, –  
imedan munnen mot henne lo, –  
la honom drikka av kjeldor to.

Den tidi var det ei skam so stor  
når kvinna ikkje fekk verta mor.  
Den gongen var det ein lagnad hard  
når ikkje mannen fekk verta far.

Men no: ho visste det fullt og visst.  
Og vekk var stroke alt tungt og trist.  
No kjende ho: Eg skal verta mor!

Og gleda olla i desse ord:  
”Eg er med barn! Eg er med barn!

Eg gamal er; men det lell er sant!  
At det var Herren, eg skjøna grant.  
Han nådig laga det slik for meg  
at utan skam eg kan gå min veg.  
Snart vert eg mor!”

### *Ei møy som heitte Maria*

I lagnadstunge tider  
Gud sender høge bod.  
Herolden Gabriel me so  
fær atter møta no.  
Men denne gongen kjem han  
til grendene i nord.  
Den litle byen NASARET  
fær høyra himmel-ord.

Han ukjend var av mange,  
den Galilea-by.  
Kven trudde då han skulle  
få slikt eit verdens-ry?  
Men Gud det vesle vel seg –  
det alltid var hans vis –  
og difor sjølv atomet  
skal syngja Herrens pris.

Kven skal herolden gjesta;  
kven fær den æra no?  
Ei liti stova er det  
som skal få himmelbod!  
Der bur ei møy – MARIA –

ho trudde minst av alt  
at himlen hev til storverk  
den vesle kvinna valt.

So rik ei lukke olla  
i hennar unge barm.  
I kjærleiks-våren var ho,  
so rein og rik og varm.  
Ein ven ho hadde funne,  
den møy fra Nasaret.  
Og venen heitte JOSEF.  
Han var av Davids ætt.

Ein dag ho stend i stova,  
og gjeng og steller der,  
ho ser med eitt ei lysning.  
Det stend ein engel her!  
Ho tek seg brått om bringa,  
ho fæler og ho skjelv.  
So snøgt han hadde kome,  
som lyn på nattsvart kvelv.

*”Ver ikkje redd, Maria!”*

Guds engel henne helsa  
so mildt: ”Guds fred!  
Stor nåde hev du fenge.  
Gud sjølv med deg er med.  
Velsigna millom kvinnor,  
i alle ættarled!”

Ved desse ordi stokk ho,  
og tenkte so med seg:  
”Kva er det for ei helsing  
som han no sender meg?”

Men Gabriel so sagde:  
”Maria, uredd ver!  
For du hev nåde funne  
hjá Gud, – han hev deg kjær.

Du no med barn skal verta,  
og du skal få ein son,  
og kalla honom JESUS –  
ein frelsar – verdsens von.

Stor skal han vera,  
og han skal kallast  
son åt den Høgste.  
Gud skal han gjeva  
David sin kongsstol,  
ættfaren hans.  
So skal han vera  
drott i all æva,  
Israels konge.  
Ikkje skal riket hans  
rikkast og skakast”.

*”Korleis skal det ganga til?”*

Svara då møyi Maria:  
”Korleis skal det ganga til,  
sidan eg ei veit av mann?”

Herolden frå himmelen sagde:  
”Den Heilage Ande skal koma  
frå høgheimen ned over deg.  
Den Høgste si kraft skal over deg skyggja,  
med velde ho ovra seg skal.  
Og difor det heilage barn som vert fødd,  
skal kallast Guds Son.

Og høyr no, Maria:  
Elisabet, din frende,  
skal òg få ein son,  
i sin alderdoms haust,  
då ho minst hadde tenkt det,  
og ute var all hennar von.

Vel sa dei: ”Ho er ikkje barnkjømd, ho;  
men i sjetten månaden er ho no.  
For ingen ting, – det eg seier deg, –  
for Gud er umogeleg.”

*”Sjå – eg er Herrens tenar!”*

Då mælte Maria, det still ho stod, –  
i undring brusa det unge blod,  
og hjarta, i takk det slo:  
”Her stend eg,” sagde ho mjuk og mild,  
”Ein Herrens tenar eg vera vil.  
I von til Gud og hans miskunns makt  
lat det meg henda som du hev sagt!”

Ei sak var avgjord, eit oppdrag enda.  
Guds høge bodberar heim kan venda.  
Han kvarv – som lynet i kolsvart natt –  
den unge kvinna stod einsam att.

Ho stod i undring, i djupe tankar,  
og hjarta heftig i barmen bankar.  
Å, for ei oppgåve, veldig, stor:  
Ho skulle verta Messias` mor!

Ja, sæl er du som deg viljug sagde  
då store oppdrag på deg vart lagde!  
Kor sæle alle som sa med deg:  
”Eg er din tenar, – sjå, her er eg!”

Om sverdet so skal ditt hjarta stinga  
og sorgi legg seg so tung for bringa,  
når Herren kallar, då gjeng det vel.  
Og alle ætter deg priser sæl. –

*Til Juda bergland*

Det er som om barmen vil sprengjast;  
for hjarta er meir enn fullt.  
Ho dela det må med ein annan.  
Ho maktar `kje halde det dult.

Ho minnest at engelen nemnde  
ein frende som budde der sud:  
Elisabet, kona til presten.  
Ho ogso var gjesta av Gud.

Ho drygde `kje lenge, Maria.  
Ho makta `kje vera i ro.  
So fór ho, so snøgt som ho kunne,  
og gjekk over ås, over mo.

Først kryssa ho Jisre`el-sletta, –  
so ov-dryg og veldig og vid,  
med minne frå Israels saga,  
om stor-slag i eldgamal tid.

I aust såg ho Tabor-fjell risa;  
ho Gilboa skimta i sud,  
der Saul fekk ein skræmeleg ende, –  
han svikta sin Herre og Gud.

Ho skreid over Efraim-fjelli,  
ho gjekk over dalar og drøg.  
Ho Ebal og Garasim skoda.  
Der framme Jerusalem låg.

Ho såg korleis tempelet glima  
og gløste i marmor og gull.  
Ho hadde 'kje tid til å stana,  
for hugen av spaning er full.

Ho vidare hastar; omsider  
ho Betlehem-byen fær sjå,  
og minnest at han som ho elsker,  
Josef, er nett derifrå.

No er ho i Juda bergland.  
Og der – der ho målet sitt ser.  
Og hjarta, det bankar i barmen.  
Ei bøn ho til himmelen ber.

Ho bankar so varleg på døri.  
Det venleg vert svara: ”Kom inn!”  
Og stilt over dørstokken stig ho,  
sin frende, Elisabet, finn.

*”Eg mor til Messias skal verta!”*

”Maria!” Elisabet ropar  
i undring og fryd hennar namn.  
Mens augo av tårar vert dogga,  
ho tek henne inn i sin famn.

So opna ho attlatne dører,  
den møyi frå Nasaret.  
Ho sa det useieleg store,  
og hjarta med eitt vart so lett:

Ho mor til Messias skal verta!  
Ho sa det med stillslege ord.  
Men også dei tyngjande tankar  
vil knuga den kvinna til jord.

Kor kan ho den oppgåva orka,  
so urøynd og ulærd ho er?  
Og kva vil vel Josef då seia  
når høyra om dette han fær?

Og alle dei giftige tungor  
der heime i Nasaret!  
Nei, oppgåva – stor som ho stråla –  
i sanning ho var ikkje lett.

### *Herolden helsar*

Sakarja stod still der og lydde.  
Ved sida Elisabet stod.  
Då brusa i undring og age,  
i fagnad og fryd hennar blod.

Då helsingi hennar ho hørde –  
ein bodskap so ljuv og so gild –  
det barnet ho bar under hjarta,  
brått kjende ho kor det sprang til.

Herolden det var som slik helsa  
det barnet Maria alt bar.  
Ei underfull, løyndomsfull ovring  
av himmelske krefter det var.

Slik verdi sin frelsar – sjølv ufødd –  
av barnet i mors liv vart hyllt.  
Elisabet, sæl i den stundi,  
av Den Heilage Ande vart fylt.



## *Ei kvinna kved med heilag røyst*

Med høg og heilag røyst ho kvad.  
Ho var so glødd, ho var so glad.  
Ho kvad med høg og heilag røyst  
om Israel si store trøyst.

”Velsigna millom kvinnor, du  
som var mot himmelkallet tru!  
Velsigna òg ditt livs frukt er,  
det barn du under hjarta ber!

Kvi skal det timast meg so stor  
ei miskunn at Messias’ mor  
kjem hit den lange ferdaveg,  
frå Nasaret, og helsar meg?

For då di helsing nådde øyra –  
med eitt ditt mæle eg fekk høyra –  
då hoppa barnet som eg er,  
av fryd fordi at *Han* er her.

Eg skjønar at Maria grudde.  
Men sæl, ja, sæl er ho som trudde!  
For det som er av Herren sagt,  
skal førast fram av himmelmakt.”

## *Maria møy tek tonen*

So tagna ho, og stod der still.  
Men no Maria møy tek til.

Ho kved eit herleg lovsongs-kvad.  
Ho var so glødd, ho var so glad.

”Mi sjel høglovar Herren.  
I Gud mi ånd seg gler,  
seg fagnar i min frelsar.  
So stor mi sæla er.

Han tenkte på sin tenar –  
uverdige er eg vel. –  
Frå no skal alle ætter,  
kvart folk meg kalla sæl,

av di for meg den Høge  
so store ting hev gjort.  
Han mektig er, og namnet hans,  
det heilagt er og stort.

Frå ætt til ætt hans miskunn  
so høg som himlen er  
mot deim som honom ottast  
og age for han ber.

Eit veldig verk han gjorde  
med allmakts-armen sin.  
Men høge hugar spreidde  
han brått for ver og vind.

Frå deira høge sete  
han støyte stormenn ned,  
og låge opp han lyfte,  
so dei i Gud seg gled.

## *Mi sjel høglovar Herren*

Med gode gåvor metta  
han den som hungrig er.  
Men sjå, med tome hender  
sin veg dei rike fer.

Han kom i hug si miskunn  
som lenge lova var,  
den dyre, rike lovnad  
til Abraham vår far.

Han ville honom signa,  
hans ætt til ævleg tid.  
So Israel han hjelpte,  
sjølv i den tyngste strid.

Mi sjel høglovar Herren.  
Ja, lova han, mi sjel!  
Frå no skal alle ætter  
og folk meg kalla sæl.”

### *Ei lerka syng over Juda-landet*

Ei lerka syng over Juda-landet.  
Ho slær i fryd sine trille-slag.  
Det strøymer perlor, ein barm vil sprengjast:  
So sæl ei gjesting ho fekk ein dag.

Kan større miskunn eit hjarta møta:  
Tenk, Herren ville til henne sjå!  
At sjølv han kom – det var nåde, nåde!  
Og difor jublar og syng ho så.

Ei lerka syng over Juda-landet.  
Dei klåre trillor so vide gjeng.  
Ein barm vil sprengjast av berre lukka.  
So slær ho hugleg sin harpestreng.  
Ei lerka syng – og til sist ho tagnar,  
når soli sig mot det blåe hav.  
Og so ho dalar, men enno tonar  
ei takk til honom som miskunn gav.

To tusund år hev det sidan gjenge, –  
so stort eit tidarmål frå den gong  
ei lerka song over Juda-landet.  
Men enno tonar den lerkesong. –

### *Maria hastar heim*

I denne heimen var det godt å vera.  
So snøgt ho skreid, den gilde samværs-tid.  
Ei ljuvleg kvilestund det var på ferda.  
Maria vart då der månader tri.

Ho baud farvel, ein dag i morgongryet,  
og leidi la mot Nasaret, mot nord.  
Med song ho gjekk mot dagen sin, den nye.  
I hugen tona endå engle-ord.

Ved tanken på det veldige og store  
ho kjende seg so vesal og so veik.  
Men mod og kraft ho drakk av engle-ordet.  
For himmelen sin lovnad aldri sveik.

### *Kva skal barnet heita?*

So kom då den tid då Elisabet  
sitt barn skulle føda, – ho fekk ein son.  
Og gleda var stor, ikkje minst av di  
dei mist hadde all si von.

Og grannar og skyldfolk var glade med.  
Guds miskunn mot henne var stor, dei sa.  
Til lukke dei ynskte den aldrande mor;  
i ordi dei hjarteleg la.

Då dagane åtte til endes var,  
då bar det so merkeleg, underfullt til:  
Dei omskjera skulle den vesle gut, –  
Sakarja dei kalla han vil.

Men mori til guten, ho tok til ords:  
”JOHANNES er namnet hans! seier eg.”  
”Men ingen i ætti hans heiter so,”  
dei svara, og storleg dei undra seg.

Eit teikn dei so gjorde til faren hans,  
kva *han* ville kalla den spede tein. –  
Han bad om ei tavla, ”Johannes” skreiv. –  
Dei undra seg, kvar og ein.

### *Kva skal det verta av dette barn?*

Men i den same stundi  
han mål og mæle fekk.  
Og gjetordet om dette  
kring Juda-heidi gjekk.

Og otte fall på alle  
som budde der ikring.  
For aldri før dei hadde høyr  
so underfull ein ting.

Og alle som det høyrde,  
på hjarta sitt det la.  
”Kva skal det bli av dette barn?”  
dei gode grannar sa.

For grant det var å merka:  
Gud heldt si gode hand  
ikring den litle guten.  
Han voks – og vart ein mann.

### *Ein far bryt ut i lovsong*

Då presten so merka: det losna, tunge-bandet,  
då fyltest han brått av Den Heilage Ande.  
Han tala profetord og kvad:

”Høglova vere Herren!  
Ja, lova vere Gud,  
fordi han såg om folket sitt,  
og so det løyste ut!

Eit horn åt oss han reiste,  
ei frelsar-makt so sterk.  
I Davids ætt det brått skaut opp.  
Og det er Herrens verk, –  
som han frå fordum tala,  
ved sine sendebod:  
ei frelsa frå kvar hatar-hand,  
frå deim som mot oss stod.

Han ville gjera miskunn –  
det alltid er hans akt –  
og minnast kor han gjorde  
med våre fedrar pakt,  
den eld han hadde svore  
åt Abraham, vår far:  
han ville ut oss fria  
or fiend-handi hard,

og gjeva oss å tena  
han utan angst og gru,  
i heilagdom og rettferd  
kvar dag me her skal bu.”

## *So tok han barnet i famnen*

So tok han den spede guten  
i famnen so vart og mildt.  
So venleg og varm var røysti;  
han mælte so mjukt og stilt:

”Du òg, mitt barn, skal kallast  
profeten åt den Høgste.  
Du fram for Herrens åsyn  
skal gå, hans vegar rydja,  
og folket hans gi kunnskap  
om frelsa, ved forlating  
for alle deira synder,  
for skodd Guds store miskunn,  
hans rike hjartelag,  
han som lét soli renna,  
so det vart dag.

Det ljuset som oss gjestar,  
det kjem frå høge himlar.  
Det lysa skal for deim som sit  
i skodd og daudeskugge,  
og styra våre føter  
trygt inn på fredens veg.”

Og so var hans lovsong enda.  
Han guten til mori gav.  
Men enno den songen tonar,  
og aldri han stilnar av.

## *God natt!*

Og guten voks og art sterk i åndi;  
han danast til mogen mann.

Det fanst ikkje svikt i det trugne hjarta.  
For rettvis han var, og sann.

Han alltid fylgde dei gode vegar,  
i samklang med himlen var.  
Til hugnad var han kvar dag i heimen,  
til gleda for mor og far.

Dei to var gamle, og fort det kvelda.  
Og so kom det reisebod.  
Farvel dei bad, medan takki tona,  
for livsdagen lang og god.

Og sonen stod ved det siste lægjet,  
og lét deira augo att.  
Ei tåra lista seg ned langs kinni.  
So kviskra han stilt: ”God natt!” –

No var han løyst ifrå heim og kjære.  
Han takka Herren for alt han fekk.  
So bar det ut i den store audni, –  
til Juda øydemark ferdi gjekk.

## *I øydemarki*

Der heldt han til i dei myrke holor.  
Der er det audsleg, der er det stilt.  
Sjakalar yler i nattetimen;  
i dökke dalar det er so vilt.

I mange månader soli steikjer,  
og sidan stri-regnet høljar ned.  
Men so kjem våren, – då bjarte blommar  
dei brende bakkane blidsleg gled.

Åleine var han, med seg – og himlen.  
So var han ikkje åleine lell.  
So hev han med seg ein gamal bokrull,  
og grev og granskar ved gry og kveld.

Kamelhårs-kappa er all hans klednad;  
om livet lerbeltet fast er spent.  
Litt honning finn han, og et grashoppar.  
Og signing vert ifrå himlen sendt.

No meir og meir det for honom demrar,  
det høge, herlege, harde kall:  
”Eg Herrens vegar for Han skal rydja, –  
er den Elia som koma skal.”

Frå audner store dei tidt er komne,  
dei menn som gjorde dei største verk.  
Og då so dagen til dåd var komen,  
var hugen heilag, og åndi sterk.

### *Josef – tømmermannen*

Maria var JOSEF si festarmøy.  
Dei hadde kvarandre kjær.  
Han tømmermann var, ifrå Betlehem;  
men no han budde ’kje der.

Han hadde sin bustad i Nasaret,  
den byen der oppe i nord.  
Han møtte MARIA, – ho vart for han  
den venaste blomen på jord.

Dei drøymde so vakkert om heimen sin,  
som dei skulle byggja, dei to.  
Der skulle dei leva ein lukke-dag,  
mens småborni leika og lo.

Men no hadde skyene soli løynt, –  
han visste ’kje att eller fram.  
”Maria med barn!” – men han rett-tenkt var:  
Ho må ikkje koma på skam!

So stilt som han kan, han no skiljast vil  
frå henne han hadde so kjær.  
For visst han det veit: det er ikkje hans  
det barn under hjarta ho ber.

### *Du Davids son – du treng ikkje vera redd!*

Imedan han grunda på denne sak  
og tankane var som ei elv i flaum,  
det hende ei natt at ein engel kom,  
for Josef seg synte i nattleg draum.

Han sagde til honom: ”Du Davids son,  
høyr no dette ord av meg:  
Du treng ikkje ottast, men hugleg ta  
de festarmøy heim til deg.

For barnet som ho under hjarta ber  
og snart skal fødst til jord,  
det frukt av Den Heilage Ande er.  
Den løyndom er djup og stor.

Ein son skal ho eiga, Maria møy;  
du JESUS han kalla skal.  
For han skal frelsa sitt eige folk  
frå syndi sitt djupe fall.”

## *Immanuel – med oss er Gud*

Men alt dette hende av di det laut sannast,  
det ordet som Herren frå himmelen tala  
då fordum han sa ved Jesaja, profeten:

”Sjå, møyi skal verta med barn, og ho føder  
ein son som skal namnet Immanuel bera.”  
Når namnet vert tolka, ”Gud med oss” det tyder.

Då Josef so vakna or svevnen den djupe,  
han gjorde som engelen sagde i draume.  
Han henta som hustru Maria til heimen.

Men framleies var dei som berre trulova. –  
Og so kom den stund, den ufatteleg store:  
Ho sonen sin fekk, – og dei kalla han Jesus.

No kan dei myrke makter  
med velde kring oss rasa, –  
me veit om ein som ormen  
sitt hovud alt hev krasa.  
Og vil du namnet vita  
på han som alt gjer vel,  
han heiter ”Gud er med oss!”  
Det er Immanuel.

## SOLOPPGANG FRÅ DET HØGE

*Prolog og portal*

*Evangeliet etter Johannes, 1,1-18*

### *Ordet var Gud*

I alle tings opphav var Ordet.  
Og Ordet, hjå Gud det var.  
Og Ordet var Gud, frå æva, –  
i opphavet var hjå sin Far.

Og allting vart til ved honom.  
Og ikkje ein einaste ting  
av alt som vart til i tidi,  
i verdi sin vide kring,  
vart til utan honom, Ordet.

I honom var liv, og Livet  
var ljuset åt menneskeborni.  
Og ljuset, det skin i myrkret,  
og myrkret tok ikkje imot det.

### *Det stod fram ein mann*

Fram stod det ein mann – Johannes.  
Han vide om verdi vart kjend,  
denne største fødd av ei kvinna.  
Frå himmelens Gud vart han send.

Til vitnemål kom denne mannen.  
Han skulle om ljuset vitna,  
so alle på det kunne tru.  
Det var ikkje han som var ljuset;  
eit vitne om ljuset var han.

Det sanne ljuset  
som lyser opp  
kvart menneskebarn,  
var den gong på veg  
til verdi.

### *Men dei som velkomen han helsa –*

I verdi var han, og verdi  
ved honom er vorten til.  
Og verdi kjende han ikkje.

Han kom til sitt eige, – hans eigne  
dei ikkje imot honom tok.

Men dei som velkomen han helsa  
og tillitsfullt tok han i famn,  
deim gav han den herlege retten  
å verta Guds egne born,  
i tru på hans heilage namn.

Og dei er av blod ikkje fødde,  
av kjøts vilje ikkje heller,  
og ikkje av mannens vilje.  
Men dei er fødde av Gud.

### *Ordet vart kjøt!*

”Kai ho Logos sarks egéneto!”  
Dei ord gjennom ætti tonar.  
Ordet vart kjøt, feste bu hjå oss.  
Vår frelsar han vart, vår forsonar.

Guds herlegdom over honom låg,  
og denne herlegdom klårt me såg,

som den ein einboren Son hev fått  
ifrå sin himmelske Fader,  
full av nåde og sanning.

Ja, av hans fullnad me alle fekk,  
nåde og atter nåde.  
For lovi gjeven av Moses vart;  
men nøgdi av nåde og sanning  
vart til gjennom Jesus Kristus.

Aldri hev nokon sett Herren Gud.  
Den einborne Sonen i Faderens fang,  
som til verdi vart send,  
han hev gjort honom kjend.

### *Augustus*

Mektig var keisar Augustus.  
Han råde so mange land.  
Fjernaste avkrokar lydde  
kvar vink av hans myndige hand.

Riket det store han ervde  
då Julius Cæcar fall.  
Sidan han rikte og råde  
mest over verdi all.

Først laut rivalen han tyna:  
Antonius banen sin fekk  
i slaget det svære ved Actium.  
I heims-soga inn det gjekk.

Han sat på si herskar-truna  
som cæcar år etter år.  
Det var medan han styrde riket,  
at verdi fekk møta sin vår.

Då føddest det ein som var større.  
Til verdi han kom i ein stall.  
Han slokna på Golgata-krossen,  
No styrer han verdi all.

### *All verdi skal skrivast i manntal!*

All verdi skal skrivast i manntal!  
Det bod over landi gjekk,  
frå keisar Augustus i Roma,  
Og alle høyra det fekk.

Det lydde kring Middelhavs-strandi;  
det spurdest i vest og i nord.  
Det sagdest i Asia Minor\*  
og nedover Syria för.

Det nådde det Heilage Landet,  
som då under Syria stod.  
Kvirinius landshøvding var det  
som vidare sende det bod.

Slik kom det til bygder og byar,  
frå Dan\*\* og til lengst i sud.  
Men ei visste keiser Augustus  
at då gjekk han ærend for Gud.

For so var det meldt av Mika:  
I Betlehem fødast han skal,  
den son som skal ætti frelsa  
frå syndi sitt djupe fall.

\* Asia Minor = Litle-Asia

\*\* Dan var den nördste byen i Israel

Når nå dette ord vart sanna,  
so var det av di det kom  
eit bod om å skrivast i manntal,  
frå keisar Augustus i Rom.

### *Cæsar og Kristus*

Han døydde, den store cæsar,  
av år og av alder mødd.  
Når namnet i saga kan finnast,  
so er det av di me skal minnast:  
at då vart vår Frelsar fødd.

*Han* vann 'kje eit jordisk rike.  
Han føddest til tronge kår.  
Hans livsdrykk med gall vart blanda, –  
då ut han på krossen anda,  
han vann oss Guds rikes vår.

Det var 'kje med sverd han herska;  
han lyfte 'kje handi til slag.  
Men då han på Golgata blødde  
og livsblodet fløymde og flødde,  
leid myrkret sitt nederlag.

### *No grev dei i gamle ruinar*

Det bygdest so mange rike.  
Dei reistest med urett og vald.  
Dei blømde; men sidan dei bleikna.  
Dei briska seg – visna og veikna.  
Og eit etter eit dei fall.

No grev dei i gamle ruinar,  
der eingong var strålande slott.



For sanden dei storbyar gøymde;  
so låg dei der øydde og gløymde.  
Og over ligg grushavet grått.

Dei freista Guds rike å tyna,  
med pinslor, med eld og med blod.  
Men sjølve dei støyttest i sunder.  
Guds kyrkja – det er som eit under –  
i eldprøva sigrande stod.

Mot enden av tidene kjem det  
eit rike som før ikkje fans,  
eit villdyr som riv og som rasar.  
Men Kristus det knuser og knasar.  
Han strålar i æveleg glans.

### *Til Betlehem*

Det var vel eit underleg folketog!  
Til byen sin eigen kvar einskild drog,  
seg skulle i manntalet skriva.  
Om vegen var lang og bakken var bratt,  
so måtte dei alle på vegen ta fatt,  
og laus ifrå heimen seg riva.

Maria og Josef i Nasaret,  
dei òg hadde bodet frå Roma frett.  
So var det 'kje anna å gjera:  
Dei helst ville drygja, men laut av stad.  
Maria, ho venta seg, var ikkje glad;  
men lell tok dei ut på ferda.

So drog dei mot sud, mot Jerusalem;  
men etla seg elles til Betlehem,  
ein småby imillom dei mange.

Om Josef no budde i Nasaret,  
so var han av David si kongeætt,  
og difor dit ned måtte vandre.

### *Til byen dei kom medan soli gjekk ned*

Til byen dei kom medan soli gjekk ned.  
Det låg over landet ein underleg fred.  
Med hugnad dei heimbyen helsa.  
Han lyfte Maria frå eselet sitt,  
so varleg han kunne, so venleg og blidt,  
og takka for vern og for frelsa.

Når kvinna skal føda, då sorgfull ho er.  
Og når ho so attpå er ute på ferd,  
då tidt kjem dei tyngjande tankar.  
Maria, ho kjende: no kom hennar tid.  
Ho veit at det ventar ein smertefull strid.  
Og hjarta i spaningi bankar.

### *Det største hende i ein stall*

Folksamt det var i den vesle by.  
Kvar skal dei vel då finna nattely?  
Der er eit herberge – best spørja der.  
Svaret dei fekk: ”Ikkje rom er det her!”

Natti seg nærma, og kvelden var kald.  
Sistpå dei søkte seg inn i ein stall.  
Hepne dei var at ei hola dei fann.  
Ute frå rømdi ei stjerna brann.

I natti der inne ho fødte ein son,  
verdi sin frelsar og ætti si von.

Ho sveipte han varleg, og lagde han så  
i krybba på klutar og halm og strå.

Ho modernildt ned på den vesle såg.  
Om stallen var liten og skum og låg,  
han rømde det største i verdi vid.  
Velsigna han vere til evig tid!

### *Den kvelden det skein ei stjerna stor*

Den kvelden var kvelven høg og klår,  
og stjernone skein og brann.  
Det la sitt ljøs over bygd og by  
utover det heile land.

Den kvelden det stilt i himlen var;  
for no noko stort skal skje,  
som verdi sin lagnad venda skal  
til lukka og ljøs og fred.

Den kvelden det skein ei stjerna stor  
so vide om austerland.  
Den stjerna fylgde dei vise menn.  
Ho bjart over Betlehem brann.

### *Den kvelden stod hyrdingar trutt på vakt*

Den kvelden stod hyrdingar trutt på vakt,  
på Betlehems vide vang.  
Dei vakta hjordi som kvilte trygt  
i fjellhola natti lang.

Brått braut det eit ljøs i natti fram.  
Frå himmelens høgdet kom.

Ein engel stod der, og kring dei gleim  
den himmelske herlegdom.

Dei hyrdingar fælte ved denne syn.  
Kven ville 'kje gjera *det*?  
Men engelen tala; då lagde seg  
i sjeli den store fred.

### *Den store gleda*

”De må ikkje reddast! – for eg kjem med bod,  
ei tidend dykk melder, so trøysterik, god,  
forkynner ei gleda vidunderleg stor.  
Den gleda skal timast alt folket på jord:  
*I dag er fødd dykk ein frelsar,  
i Betlehem, Davids by.  
Den frelsar er Kyrios, Kristus.\**

Og det skal de hava til merke:  
Eit barn skal de finna for visst.  
Det sveipt er, og ligg i ei krybba.  
Det barnet er Jesus Krist.”

Brått var det med Herrens engel  
ein stor-hær av himmel-ånder.  
Dei høglova Gud og kvad:

”Gloria in excelsis Deo!  
Ære skje Gud i dei høge himlar!  
På jordi fred!  
Guds hugnad med menneske!”

\* Kyrios (gresk) = Herre – Kristus (Christos) er den greske omsetjing av det hebraiske Messias = den salva.

## *Og dette evige gloria*

Og dette evige gloria  
hev aldri sidan tagna.  
Kring all vår jord dei kved hans pris  
som vende vår vonde lagnad.  
I verdi all dei lovar Gud  
som lét det so fagert dagna.

Og dette evige gloria  
som havsens marm skal stiga.  
Ei bylgja av lovsong lyfter seg,  
og aldri ho meir skal siga.  
Og dette evige gloria  
i æva all skal ljoma.  
Det stig som brus av mange vatn  
når me ser Kristus koma.

## *Dei hyrdingar dreg til Betlehem*

Og englande fór frå dei hyrdingar bort,  
og heim til Guds høge himmel.  
Dei stod og såg kor i natti kvarv  
den skinande, ljose vrimmel.  
Det var som det sloknande, skire lyn.  
Aldri gløymde dei dette syn.  
Og medan dei stod der i natti still  
og stjernone tindra, dei tagde.

Men inne i hjarta eit ljøs vart tent,  
og so til kvarandre dei sagde:  
”Lat oss no like til Betlehem gå,  
og saman dei herlege under sjå  
som englane melde nyst no hev hendt!”

So skunda dei seg, so fort som dei vann,  
til Betlehem-byen; der glade dei fann  
Maria og Josef og barnet som låg  
i krybba, – med undring den litle dei såg.

## *Dei stirde på han som i krybba var lagt*

Dei stirde på han som i krybba var lagt,  
fortalte so alt som om barnet var sagt.  
Og alle som hørde dei hyrdingars ord,  
dei undra seg storleg, – mest undra seg mor.

Kvart ordet ho gøymde i hjarta sitt vel.  
No grunde på deim, og ho kjende seg sæl.  
Det største i ætti si soga var hendt.  
Med barnet i krybba var livslyset tent.

So sa dei farvel, og attende dei fór,  
dei hyrdingar fegne, og gleda var stor.  
For alt denne natti dei høglova Gud.  
Og stjernone blikta i nord og i sud.

## *Etterklang*

Det hende i nattstille stunder,  
i æveleg austerlands-ro,  
eit sælt og useieleg under,  
snart to tusund år sidan no.

Heroldar frå himmelen helsar.  
Å, høyr dette herlege kvad:

”I dag er det fødd dykk ein frelsar,  
ein konge i David sin stad!”

Mi sjel, ogso du treng ein frelsar  
på vegen frå vogge til grav.  
Og difor velkomen eg helsar  
den gåva som himmelen gav.

### *Dei gav han namnet Jesus*

Då åtte dagar var lidne,  
den litle til templet dei tok.  
Der skulle dei omskjera honom,  
som skrive det stend i Guds bok.

Og JESUS dei då honom kalla,  
som engelen hadde deim lært.  
Av alle dei namni i verdi  
er dette mest dyrt og mest kjær.

Det namnet gjev ein fullnad av frelsa,  
av solskin, av liv og av von.  
Og difor me evig skal hylla  
den Guds- og den Menneskeson.

### *Dei første bloddropar*

Den dagen han fekk dette namnet,  
dei fyrste dropar av blod  
draup frå den litle lekam, –  
ei heilag uskyldig flod.

Og sidan so skulle hans sveitte  
falla som bloddropar ned.  
Til sist gav han hjarteblodet  
for verdi si frelsa og fred.

Men alt i den tempelstundi  
det fyrste blodet han gav.  
Då gjekk han inn under vårt ansvar  
og lovi sin dom og krav.

Og difor i alle ævor  
skal tona ein takkesong  
fordi han med hjarteblodet  
løyste oss ut eingong.

### *To turtelduvor*

Då fyrsti dagar var lidne, –  
Maria si reinsings-tid, –\*  
dei Jesus tok med til Jerusalem,  
den guten so grann og blid.

Der skulle dei fram han syna  
for Herren i tempelhall.  
Kvar førstefødd son var heilag  
for Herren sin livsdag all.

Og so ville fram dei bera  
eit offer, som skrive stend:  
”to turtelduvor åt Herren.” –  
Det offer me minnest enn.

Dei elles skulle ha gjeve  
eit lytelaust lite lam.  
No fekk dei i staden bera  
dei turtelduvone fram.

\* 3. Mos 12,3

## *Dei levde i enkle kår*

Det offer av duvor syner:  
Dei levde i enkle kår,  
Maria og mannen hennar,  
då Jesus var ung av år.

Det offer av turtelduvor,  
det syner Guds hjartelag:  
Han legg ikkje svære bærer  
på mannen i livsens dag.

Det offer av turtelduvor  
var det dei for Gud bar fram.  
Men Jesus, han gav for verdi  
seg sjølv som eit offerlam.

Han hadde 'kje glimesteinar  
då sterk han i striden stod.  
Han åtte 'kje gull og perlor.  
So gav han sitt hjarteblod.

## *Og det var gamle Simeon*

Simeon venta på Israels trøyst;  
gamal av år var han no,  
hadde sin heim i Jerusalem.  
Rettvis han var, og god.  
Den Heilage Ande var over han;  
den lovnad han Simeon gav:  
"Du Guds Messias for visst skal sjå  
før du frå verdi fer av."

No kom han til Herrens tempel,  
den gamle, kvitkrona mann.  
Bøygd er ryggen, og seint han gjeng;  
staven han hev i hand.  
Guds Ande var det som dit han dreiv;  
han laut til Guds tempel gå.  
Og som han stoggar og ser seg om,  
so fint eit syn fær han sjå.

So stilt det kjem eit foreldre-par.  
På armen eit barn dei ber.  
Maria og Josef frå Nasaret  
med Jesus-barnet det er.

Då tok den gamle den litle tein,  
på armene lint honom la.  
So lova Simeon Israels Gud.  
Han tala profetisk og sa:

## *No kan eg fara i fred*

"Herren, no gjev du din tenar  
heimlov, som ordet ditt lydde,  
og let han fara i fred.  
For no fekk auga mitt skoda  
frelsa di, som du hev skipa  
for åsyni åt alle folk,  
eit ljøs som for heidningar lyser,  
for Israel – folket ditt eige –  
ei æra som ei finn sin like."

Maria og Josef, dei stod der,  
og storleg foreldri seg undra  
då Simeons bodskap dei høyrde.

## *Ogso deg skal eit sverd stinga*

Og Simeon varmt deim velsigna.  
Til mor hans, Maria, han sagde:  
”Det barnet du ber attmed barmen,  
til fall og oppreisning for mange  
i Israel Herren det sette,  
og so til eit teikn som vert motsagt.

Men sverdet, det òg skal deg stinga.  
Det gjennom ditt hjarta skal ganga.  
Og då kjem det opp kva for tankar  
som mange i hugane lyser.”

So tagna den trøytt tenar,  
og Simeon gjekk til si kvila.  
Det siste han såg før han slokna:  
ein strålande smil ifrå barnet. –

## *Gamle Anna*

Den eine profet-røysti tagna,  
og so tok ei onnor til.  
Ho kom frå ei gamal kvinna,  
gudfryktig og god og gild.  
Anna Fanuelsdotter ho heitte.

Av Asers ætt var ho runni.  
Ho møtte sin kjærleiks vår.  
Men kvelds-skuggar fall, og mannen,  
han døydde i unge år.  
Sju sumrar den lukka varde.

Og sidan so sat ho enkje.  
Ho fire og åtti var no.

Men etter dei åri mange  
ho sanna at Herren var god.  
Hans miskunn var ny kvar morgon.

So vel han for henne sytte,  
og trutt fylte all hennar trong.  
So fyltest det gamle hjarta  
av solskin og heilag song.  
Kor sælt når ein slik kan eldast!

Ho veik ’kje frå Herrens tempel.  
Der var hennar hjartans skatt.  
Ho tente i bøn og faste  
sin Gud både dag og natt.  
Og fred hennar hjarta fylte.

## *Den fyrste songen om Jesus*

Då Simeons røyst var tagna,  
fram steig denne kvinna still.  
Som sylv skein den kvite kruna.  
Ho stod der so ljøs og mild.  
Og so tok ho til å syngja.

Ho lova og priste Herren,  
og glødd var den gamle røyst.  
Ho tala om barnet til alle  
som venta på Israels trøyst,  
Jerusalems fred og frelsa.

So gjekk ogso ho til kvila;  
men aldri me gløyma ho kan.  
Enn minnest vår jord hennar lovsong;  
han bårar frå land til land,  
den fyrste songen om Jesus.

## *Lyst vart det – lyst mot kveld*

So brann den siste, litle luten  
av livsens-lyset ned.  
Logen blakra litevetta.  
So sovna ho inn i fred.

Dagen var lang, og stundom tung.  
Lyst vart det – lyst – mot kveld.  
So – medan makti og mergen minkar –  
ho tempel-tenesta held.

No hennar lagnad i sogalysar,  
syner den sanning fin:  
Sjølvs om ein eldest og inkje orkar,  
bøni si lampa skin.

Sjølvs om ein eldest og stålet minkar,  
tener vår Gud me enn.  
Klårt i dei dørke nattetimar  
bøni si lampa brenn.

Aldri vert nokon for gamal her nede.  
Aldri vår tenesta tryt.  
Kanskje dei fagraste frukter seg syner  
når livs-safti lognare flyt.

Kanskje dei stillaste storverk vert gjorde  
av gamle som tener i bøn.  
Verdi ei veit det, men Gud hugsar på deim,  
og gjev deim ei kongeleg bøn.

## *Sorgi sitt såkorn gjev mange nek*

Livet sin lagnad er stundom tung  
og vegen er trong og bratt.

Mange fekk røyna i alder ung  
at dagen med eitt vart natt.

Mange hev medbør, – i solskins-laug  
dei sigler langs livsens kyst.  
Skuggane innover andre smaug,  
og vekk vandra livsens lyst.

Sæl er kvar ein som det tunge tek  
med takk av Guds Faders hand!  
Sorgi sitt såkorn gjev mange nek,  
til signing for folk og land.

Sorgi kan skapa ei adels-ætt,  
og gullet i eld vert glødt.  
Milde og mjuke vert dei som rett  
hev livet sin motgang møtt.

Herre, din veg er forunderleg:  
Til vinning du tapet snur.  
Difor, trass alt er det lukkeleg,  
det folk som på himlen trur.

## *Det tonar i tempelhall*

Det tona i tempelhallen  
eit gledefyllt kvad hin gong.  
Og sidan han aldri hev tagna,  
den heilage tempelsong.

Han byrja med gamle røyster  
av kvitkrona kvinna og mann.  
Og so tok dei unge tonen.  
Han gjekk ifrå land til land.

Og emnet var alltid *Barnet*,  
som føddest til jord for oss,  
og eingong – til frelsa for verdi –  
døydde på Golgata kross.

Det tonar i tempelhallar  
ut over all vår jord.  
Og eingong skal Frelsaren hyllast  
i himmelens tempelkor. –

### *Vismenn på veg*

Natt etter natt på si vakt dei står,  
stend og speidar, frå år til år.  
Med eitt fær dei skoda ei stjerna klår.

På kvelven i vest so skir ho stend.  
Dei ser kor ho bliktar og brår og brenn.  
Kvar kveld over synsrandi stilt ho renn.

Då skjønar dei vismenn: no fødd han er,  
han som skal berga den falne verd.  
So tek dei ut på den lange ferd.

Dag etter dag imot vest dei dreg.  
Vådleg og vand er den ørken-veg.  
Kveld etter kveld syner stjerna seg.

Villydyri yler i natti svart.  
Kjem ikkje dagen med demring snart?  
Stjerna dei såg strålar skir og bjart.

### *Kvar er han, jødekongen stor?*

Ein dag når dei grensa til Kana`an.  
Og so stig dei inn i det heilage land.  
Då loga i hjarta ein lengtings-brann.

Det spør seg fram til Jerusalem,  
og so til den heilage byen kjem.  
I solfallet tempelet glim og glør.  
So fagert eit syn ikkje såg dei før.

Kvar ein av deim var mo og mødd.  
So mange trin dei hadde trødd.  
Men no dei stend på heilag grunn.  
Det var so stor og sæl ei stund.

Og som dei no ved målet var,  
det store spørsmål fram dei bar:  
”Kvar er han, jødekongen stor,  
som nyst er komen til vår jord?  
Me såg hans stjerna gleim og brann  
på kvelven klår i austerland.  
No vil me gjerna hylla han.”

### *Kongen forfærd*

Herodes, kongen, hørde det;  
forfærd han vart, og ille ved.  
Og det vart heile byen med.

Dei øvste prestar han saman lét kalle,  
dei skriftlærde menner i landet, alle:  
”Kvar er det Messias til verdi kjem?”  
Dei svara honom: ”I Betlehem,  
den litle byen i Juda-grend;  
for so hjå profeten det skrive stend:



”Du Betlehem, du Juda-bygd,  
av Juda-jarlane er du  
visst ikkje ringaste i rang:  
Or deg ein fyrste skal gå fram  
som Israel, mitt eige folk,  
liksom ein hyrding gjæta skal.”

### *Vise menn i Herodes-hall*

Då kalla kong Herodes  
i løynd dei vismenn til seg.

Og dei gjekk opp til slottet,  
mens hjarta i deim banka.

Han sa: ”De vyrde vismenn,  
som kjem frå austerland,  
no vil eg høyra med dykk  
om de meg seia kan  
kva tid det var at stjerna  
på vester-kvelven brann.”

Og viljug dei fortalde  
til kongen stund og tid.  
So tok han velfar med deim,  
og sagde, tyd og blid:

”Til Betlehem de gange,  
og der de vel skal spørja  
om barnet som dei seier  
er fødd i denne byen.

Og når de det hev funne,  
so seg til meg, – eg ogso  
til Betlehem vil fara  
og hylla dette barnet.” –

So sa den sleiske drotten,  
ein ulv i manne-klede,  
ein av dei aller verste  
som fekk på jordi trede.

### *Stjerna viser veg*

Dei vise menn frå austerland,  
dei vel på kongen høyrde,  
og tok so til på vegen.  
Kvar ein var glad og fegen.  
Dei no var nære målet.

Og best det var, so fekk dei  
den same stjerna skoda  
som gleim i austerland.  
Framføre deim ho vandra  
til dess ho kom opp over  
den stad der barnet var.  
Der vart ho standande.  
der skein ho stor og klår.

Og då dei vise menner  
såg stjerna, vart dei glade.  
Dei aldri hadde vore  
so hjartans glade før.

### *So fekk dei Jesus-barnet sjå*

So gjekk dei inn i huset,  
fann mori, møy Maria, –  
og so det litle barnet,  
fall ned og tilbad honom.

Og so dei opna skrini,  
bar fram til barnet gåvor,  
det venaste dei visste:  
gull, røykelse og myrra.

I draume Gud deim varsla:  
dei ikkje måtte fara  
attente til Herodes  
Og so dei tok ein annan veg  
tilbake til sitt land.  
I hjarto deira loga  
ein evig glede-brand.

### *De var dei fyrste frå heidningland*

De var dei fyrste frå heidningland  
som fram til verdi sin frelsar fann.  
De vandra dei mange miler.  
Men gløymd var møda med eitt de såg  
det kongebarn som i krybba låg.  
So blidt det til vandraren smiler.

De var dei fyrste – de sæle var,  
og sidan i dykkar fotefar  
gjekk tallause millionar.  
Dei kjem ifrå nord, ifrå sud, aust, vest.  
Som de dei hyller den store gjest.  
Ein æveleg lovsong tonar. –

## FORFYLGJING OG FLUKT

### *Herodes den store*

Eit udyr i menneske-skapnad,  
ein blodhund han var, ein demon.  
Frå Jakob sin bror var han ætta.  
Han ulukka valda og tjon.\*

So drap han dei nære og kjære, –  
eit rovdyr som rasar og riv.  
Den lagnad fekk òg Mariamne,  
hans aller kjæraste viv.

Han bygde dei sterkaste borger,  
dei stilreine, strålande slott.  
Han vølte Jerusalems tempel.  
Men vond var hans hug og hans hått.

Til sist han i Jeriko slokna.  
Ein skræmeleg ende han fekk.  
Og ser me tilbake – eit blodfar  
igjennom hans livssoga gjekk.

Men det som hev gjort at han minnest –  
og alltid i soga vil bu –  
er mordet på Betlehems-borni.  
Det fyller vårt hjarta med gru.

\* Herodes den store var ifrå Idumea (Edom), sør for Israel.  
Folket der var ætta frå Esau, som fekk tilnamnet Edom, bror  
til patriarken Jakob.

## *Tak barnet, og røm til Egyptarland!*

Ikkje før var frå Betlehem farne  
dei vise frå austerland,  
so truga ein fare barnet:  
Herodes, den blod-sulka mann.

Og atter i draume seg synte  
Guds engel for Josef, og sa:  
”Statt opp, og tak barnet og mori,  
og svint til Egyptarland dra!

For no etter barnet Herodes  
vil leita, og tyna det brått,” –  
Og Josef stod opp, tok dei kjære  
og rømde mot sud same nott.

Det var ’kje so stort dei fekk med seg;  
eit teppe, litt mat, – det var alt.  
I gloheite audner gjekk ferdi.  
Ved natt var det kolsvart og kaldt.

Maria med barnet fekk rida,  
seg kvilde på eslet sin rygg.  
Den vesle ho heldt inn til barmen.  
Der kvilde han, hugleg og trygg.

Til sist dei Egyptarland nådde,  
med Theben og Memfis og On.  
Der budde den heilage huslyd.  
Og berga han var, deira son.

## *Men ingen der nede visste –*

Der sfinxen dei såg, pyramidar  
som alt bar på tusundtals år.

Dei stod der då Israel streva  
i Gosen, i trældomens kår.

Men ingen der nede då visste  
at barnet, Maria sin son,  
som føddest i Betlehems-stallen,  
var verdi sin frelsar og von.

So skulle profetordet sannast,  
som var til Hosea sagt;  
ei djupare meining i ordet var lagt:  
”I Israels ungdom eg hadde han kjær,  
or Egyptarland kalla min son.”

## *Blodsinnnet brusa*

Då dei vismenn ei kom attende  
og melde til kongen ifrå,  
han skjøna: dei hadde han narra.  
Brennande harm vart han då.

Blodsinnnet brusa i honom.  
Han rasa og raut som eit dyr.  
Alle som kan, smyg seg unnan,  
og svint ifrå uveret flyr.

Han hadde ’kje gløymt hva dei melde:  
Ein konge – Messias – er født.  
No harmen hans loga og lyste,  
som jarnet i eld-omnen glødd.

Ein kongsson! – Han unnan må rydjast,  
so ikkje i vegen han kjem! –  
So sender han vel-væpna stridsmenn  
til David sin by, Betlehem.

## *Barnemordet*

Å, redsel, og rygd kva som hende!  
Dei trengde i heimane inn,  
kvar gut på to år og derunder  
tek med seg, so mange dei finn.

So svingar dei sverdi dei kvasse  
og drep desse spedde og små.  
Det var vel ei stund då Guds englar  
i sorgmod seg vende ifrå.

Sjølv grendene rundt ikring byen  
dei gjesta med mord og med blod.  
I heimane, stive av redsla  
foreldri og syskeni stod.

For guten som sutlaus seg leika,  
han livlaus på bakken no låg.  
So nåbleik og still såg dei drengen  
som nyst var so blid og so fjåg.

## *Då driv demonar sitt spell*

Der Gud ei på jordi fær råda,  
demonar fær driva sitt spell.  
Dei tyner den ljosaste lukka;  
dei songen og solskinet stel.

So vart det profet-ordet sanna, –  
i Boki den gamle det stend.  
Det var Jeremia som sa det;  
no vart det ein røyndom igjen:

”Dei høyrde ei røyst i Rama  
sår gråt og ei øying stor.  
Rakel, ho græt for borni sine,  
og ansar ’kje trøystar-ord.  
For borte er borni – borte.”

## *Rama-ropet*

Eit rop vart høyrte i Rama.  
Det klaga sårt og ille.

Rakel grèt over borni sine,  
og ikkje ho trøystast ville.  
For borte er dei, – borte.

Ho aldri meir skal sjå deim,  
og aldri meir deim gagna.

Rakel hulkegræt, – aldri hjarta  
skal meir kjenna fryd og fagnad.  
For borte er dei – borte.

Og sidan gjennom soga  
det skriket steig i styrke.  
Borni syrgjer foreldri sine, –  
det klagar i helg og vyrke.  
For borte er dei – borte.

Det susar gjennom skogen.  
Kvar ein lyt einkvan miste.  
Alle stod me ein gong, og to,  
og gret ved ei blomeprydd kiste.  
for borte er dei – borte.

Og alle var me unge.  
Dei sagde: ”Berre barnet!”

So seier me, med sorgmods sukk:  
"No snart er åri farne:"  
Ja, borte er dei – borte.

Ein høyrer gråt i hausten,  
når blad og blomar bleiknar.  
Det skin i sylv, det glør i gull,  
når strå og stylkar veiknar.  
Snart er dei borte – borte!

### *Men eingong renn ein morgen*

Slik lyder Rama-ropet  
utover verdi vide,  
snart døyvt og kjøvt, snart sterkt og høgt,  
ved gry og aftantide.  
Å, dei er borte – borte!

Det er det svære, såre  
ved dagen her på jordi  
at me lik Rakel alle stend  
og hulkar Rama-ordi:  
"For borte er dei – borte!"

Men eingong renn ein morgon.  
Då Rakel stend og stirer.  
So lysnar hennar andletsdrag,  
lik soli augo tirer.  
For ho ser borni sine!

Me møter att vår ungdom.  
Me turkar av kvar tåre.  
Me lovar høgt vår frelses Gud.  
So bytjar æve-året.  
Og me er *heime – heime!*

### *Martyr-blomen*

Dei var dei fyrste blomar  
som bleikna for Jesus Krist.  
Dei evige blømer i paradys.  
Det trur me for sant og visst.

Det var dei fyrste borni  
som døydde for Jesu skuld.  
Men borne vart dei til paradys,  
til livsvåren underfull.

Og aldri me vil deim gløyma.  
For Jesus dei livet gav.  
No syng dei i evig sæle  
sin lovsong ved livsens hav.

Og sidan so mange fylgde.  
Eit blod-far i soga går.  
Men dei som for Kristus døydde,  
dei gjeng til den sæle vår.

### *Drag attende til Israels land!*

Eit udyr er borte – Herodes er død.  
No fritt kunne folket dra ande.  
So kjem det ein engel til Josef med bod,  
der sud i Egyptarlandet.

Han synte seg for han i draume ei natt:  
"Statt opp, og tak barnet og mori!  
Og drag so attende til Israels land!"  
So lydde dei himmelbod-ordi.

”For no er dei borte, dei mordlystne menn  
som våpni mot barnet ditt vende.” –  
So braut då dei tri frå Egyptarland opp;  
til Israel drog dei attende.

Gud vernar sitt folk til dess verket er gjort.  
Hit ned når dei evige armar.  
Han båten legg inn i den lognaste vik  
frå havet som brusar og marmar. –

### *Arkéla'us er vorten konge!*

Arkéla'us fylgde sin far, kong Herodes,  
på truna i Juda land.  
So våga 'kje Josef til Betlehem fara.  
Han ottast den vonde mann.

Og difor han gjorde som Herren han varsla –  
i draume – han vidare fór.  
Og ikkje han stogga før sistpå han nådde  
Nasaret-byen i nord.

Og soleis vart sanna det ordet som fordum  
vart sagt av profetars munn:  
Messias skal kallast ein nasarear,  
frå fyrste stund.

## UNGDOMS-ÅR

### *Nasaret*

Der Galileas høgland endar,  
med fjell ikring ligg Nasaret.  
Ser du mot sud, då ut seg breider  
Jisre'el, den store slett.

Og lenger sud, der blånar Karmel.  
Elia eingong stridde der.  
Og sør i skaret ligg Megiddo.  
Der møttest mang ein vel-budd hær.

Og ingi slett på jord hev drukke  
so mykje blod som Jisre'el.  
Me minnest Gideon si saga.  
Dei var vel få, men sigra lell.

I vest, der blåna Middelhavet.  
I aust låg Harpesjøen djup.\*  
Og langt i nord steig Hermon-fjellet,  
med evig snø og store stup.

Og like ved gjekk ferdselsvegen  
frå Babel til Egyptarland.  
Der drog dei store karavanar,  
og mang ein framand ferdamann.

\* I Det gamle Testamentet vart Gennesaretsjøen kalla Kinneret-  
sjøen = Harpesjøen, fordi han er forma som ei harpa.

## *I denne byen bygde Josef*

I denne byen bygde Josef  
og Jesu mor so gild ein heim.  
Dei verna vel den vesle guten.  
Og han var lydig imot deim.

Og barnet voks, vart fullt av visdom,  
vart sterkt, og mognast til ein mann.  
Og størst av alt: Guds hugnad kvilde  
kvar dag og time over han.  
Han fylgde mor si trutt til kjelda.  
Ho flør og ollar enn i dag.

Han hjelpte Josef, timbre mannen,  
med truskap og med hjartelag.

Me veit 'kje stort om kva med Jesus hende  
i Nasaret då han var ung av år.  
Eit slør er drege framom; men ei hending,  
so fin og festleg for vårt auga står:

## *Til påskefest i Sions stad*

Fromme fedrar fylgde heilag påbod,  
som det skrive stod i Herrens ord.  
År om anna Josef og Maria  
til Jerusalem, til påskehelgi før.

Då so Jesus nådde tolv års alder,  
drog dei ogso opp, som visi var.  
Gledde seg i Herrens føregardar  
guten gild, i lag med mor og far.  
Der dei gjekk i høge tempelhallar,  
fram eit offer til Gud Herren bar.

## *Kvar er barnet?*

Høgtidsdagane enda.  
Alle på heimveg dreg.  
Maria og Josef vandrar,  
med vener, mot nord sin veg.

Noko dei ikkje gådde.  
Barnet i byen vart att!  
Hjarta i barmane banka  
då dei 'kje såg deira skatt.

”Han er nok i ferdafylgjet,”  
dei tenkte med sjølve seg,  
leita blant skyldfolk og kjenningar.  
Slik drog dei då fram ein dags veg.  
Men barnet var ikkje å finna,  
og otte og angst auka på.

So drog dei attende til byen.  
Der ville dei etter han sjå.

Dei vandrar i tempelhallar,  
i Salomos søylegang.  
Ottent augar, og hjarta slær.  
Tidi ho fell so lang.

## *Der sit han! sa mor, Maria*

Då dagane tri var til endes –  
frå då dei hadde han mist –  
der inne i tempelhallen  
fann dei honom til sist.

Der sit han! sa mor, Maria.  
Av glede ho skein og gleim.  
Han sat midt i lærarlyden  
og lydde, og spurde deim.

Og alle som høyrde honom,  
dei reint opp i undring var.  
For visdom den guten syntel!  
Og so – slike kloke svar!

Mest frå seg av undring vart dei,  
foreldri, då dei han såg.  
Han sat der so ven og vaken  
so open og fri og fjåg.

### *Visste de ikkje?*

Då brast det ut av Maria, –  
det var som ein flaumfull foss:  
”Me sårt etter deg hev leita.  
Kvi gjorde du so mot oss?”

”Kvi hev de då etter meg leita?”  
Slik lydde det undrande svar.  
”Visste de ikkje eg alltid lyt  
vera i huset til Far?”

Kva meinte han vel med dei ordi?  
Dei kunne ’kje skjøna det då.  
Men me som fær fylgja hans livsferd,  
me lettare kan deim forstå.

Kor stort når ein ung fær leva  
i samfunn med Gud sin vår!  
Og her er det Menneskesonen.  
Frå lys og til lys han går.

*Me* bandet med Gud hev brote.  
Hjå han var det sterkt og fast.  
For han var eitt med Gud, sin far,  
til hjarta på Golgata brast. –

### *Å du, for ein fager vår!*

So drog dei av garde, og Jesus  
deim fylgde til Nasaret heim.  
So vent stend det skrive om honom  
at lydig han var mot deim.

Men mor hans, ho mintest dei ordi  
som kom ifrå sonen sin munn.  
So gøymde ho vel dette minnet  
i hjarta sin djupaste grunn.

Og Jesus gjekk fram i visdom  
og vokster frå år til år,  
i hugnad hjå Gud og grannar.  
Å du, for ein fager vår!

### *Far fell bort*

Med åri auka syskenflokken;  
om brør og systrer høyrer me:  
Jakob, Simon, Judas, Joses,  
og fleire systrer – meir enn tre?\*

Ein dag vart Josef sjuk, og døydde.  
So kjær han var for ein og kvar.  
Det var som om ein vegg var ute.  
Dei syrgde, og dei sakna far.

\* Matt 13,56



Men Jesus, han er sterk og mandig.  
Han tek den tyngste ansvars-bør.  
Han hjelper trugen mor, Maria,  
og gagnar sine yngre brør.

### *Og so omsider stod han ferdig*

So tidt når soli seig i havet  
og gull dei siste trålar bar,  
gjeng Jesus einsam opp i fjellet.  
Der talar barnet ut med Far.

Kvar kviledag, når folket samlast  
i Herrens hus, gjeng Jesus med.  
Han syng dei gamle Davids salmar.  
Og hjarta fyllest av Guds fred.

So voks han då, til mann han mognast,  
i heilag ferd, i åndi sterk.  
Og so omsider stod han ferdig  
til alle ætters største verk.

## DØYPT I JORDAN — FREISTA I ØYDEMARKI

### *På verds-arenaen*

Me nærmar oss den tid, dei timar  
då dette store skulle henda  
som verdsens sogeblad fekk venda  
og vonlaus vinterkulde enda.  
Høyr, høgtidssamt dei klokkor kimar!

AUGUSTUS var or heimen faren,  
slik som det med kvar skapning går.  
TIBERIUS sat no på truna.  
Han hadde rådd i femtan år.

PILATUS rådde i Judea.  
HERODES ANTIPAS lenger nord  
var fylkeskonge i Galilea,  
imedan FILIP, hans eigen bror,  
rådde der oppe i Iturea  
og so i Trakonitis-landet.  
I Abilene, ved Libanon,  
var LYSANIAS fylkeskonge.

ANNAS og KAIFAS var øvsteprestar.  
Dei ei fortente den æra stor.  
Då til JOHANNES i øydemarki  
kom Herrens heilage himmel-ord.

## *Ei røyst som ropar i øydemarki*

Han stod og tala i Juda-heidi.  
I Jordan-kverven han kringom fór.  
"Vend om!" han ropa, "nær er Guds rike!"  
Som stein i vatnet, so sokk hans ord.

Det er om honom profeten tala:  
"Høyr han som ropar i audni der:  
Guds vegar rydje! Han stigar jamne!  
Kvart djuv skal fyllast! Guds dag er nær.

Kvart fjell skal lægjast, kvar haug, kvar bakke!  
Beint skal det verta som krokut var.  
Og kvart eit liv skal Guds frelsa skoda." –  
Den sterke bodskap Johannes bar.

## *Mannen i kamelhårs-kappa*

Eit barn er no vakse vorte,  
er heilrend og viljesterk.  
Men spør om den djupaste grunnen, –  
so er det Guds nådes verk.

Der ute i øydemarki  
han gjeng 'kje i silkeskrud.  
Kamelhårs-kappa med belte kringom  
ber mannen som ottast Gud.

## *Dei høyrde Johannes-ropet*

Dei høyrde Johannes-ropet,  
og folket ut til han kjem,  
frå Juda-landet og Jordan-kverven,  
og so frå Jerusalem.

Dei dregne vart av profeten  
som vantar all jordisk prakt.

Dei *må* gå vegen om Jordan-elvi,  
og høyra kva han hev sagt.  
Han stend i kamelhårs-kappa,  
med beltet kring livet fest.

Han ropar: "*Vend om! Lat dykk døypa!*" –  
Av alt trong dei dette mest.

So sannar dei syndene sine,  
og ut dei i elvi går.  
Johannes deim døyper, ein for ein.  
Forlating og fred dei får.

## *De ormeungar!*

Harde var ordi som lydde  
til folket som ut til han kom, –  
ordi om bot og omvending,  
ordi om vreide og dom.

Hardaste helsing nok møtte  
dei menner som førarar var:  
den sjølv gode farisear,  
saddukearen verdsleg og hard.

"De ormeungar, kven lærde  
dykk fly ifrå vreiden sin eld,  
den øydande brand ifrå Herren  
når dom over verdi han held?

Ber frukt då, omvendingi verdig!  
Tenk ei: "Abraham er min far!"

For Gud kan av desse steinar  
vekkja born opp åt ættfaren dykkar,  
om steinen er livlaus og hard.

Øksi, ho ligg alt ved roti.  
Kvart tre som god frukt ikkje ber,  
vert hogge, og kasta på elden.  
Den domen dei fruktlause fær.

### *Hev du to trøyer, so skifta!*

”Kva skal me då gjera?” dei spurde,  
i redsla for domens brand.  
Då tok han atter til ords og sa,  
den uredde, rakrygga mann:

”Hev du to trøyer, so skifta  
med honom som ingen hev!  
Den som hev mat, han brødet  
til den som er svolten gjev!”

### *Hærmenn og tollmänner kom*

Det kom nokre tollmänner til han.  
Dei også om dåpen bad.  
”Meistar, kva skal me gjera?”  
til Herrens profet dei sa.

”Krev ikkje meir,” han svara,  
”enn det som er føresagt!”  
Dei einfelde kvardags-ordi  
vart deim på hjarta lagt.

Likeins kom nokre hærmenn.  
Dei spurde døyparen so:

„Kva skal me då gjera, mester?“  
Han gav deim den rådi god:

”De skal ikkje plaga folket,  
for pengar deim ikkje flå!  
De nøya dykk skal med løni,  
og ei etter gullet trå!”

### *Mannen med kasteskovli*

Men folket, dei gjekk i venting.  
Dei spurde med sjølve seg:  
”Skal tru om han er Messias?  
Guds rike – er det på veg?”

Då tok han til ords, Johannes,  
den hovding so sterk og stor.  
Og enno i ætti tonar  
hans einfelde alvorsord:

”Med vatn til omvending eg døyper.  
Men etter meg kjem det ein mann  
som sterkare er, – og uverdigg  
eg er til å tena han.  
Eg er ikkje verdigg å bøya meg ned  
og løysa skoreimi hans.

Han skal dykk døypa med Ande og eld.  
Han kasteskovli i handi held,  
og låven sin reinsa han vil.

Kornet han samlar i løa si.  
Det vel er verna til æveleg tid.  
Men agnene skal han brenna  
i ein aldri sloknande eld.”

Dette, og mykje anna,  
han folket på hjarta la,  
og kunngjorde fagnadbodet –  
ei tidend so god og glad.

### *Då ser han ein mann nærma seg*

Ein dag stend Johannes ved Jordan  
Då ser han ein mann nærma seg.  
Han skjønar med eitt: Det er Jesus!  
Han gjeng der so roleg sin veg.

Han hev ifrå Nasaret fare.  
Hans himmelske Far bad han gå.  
Og no er han framme ved målet. –  
og der fær han døyparen sjå.

Dei stend der, og ser på einannan,  
dei største som kvinnor hev født.  
No er det sto lenge sidan  
dei kjempor kvarandre hev møtt.

Omsider so seier då Jesus:  
”Eg gjerne vil døypast av deg.” –  
Johannes er teken av undring,  
og svaret lyt venta på seg.

### *Det er eg som treng døypast av deg!*

Omsider den gudsmannen mæler:  
”Det er eg som treng døypast av deg.”  
Han visste at her stend Messias. –  
”I staden so kjem du til meg!”

Men Jesus frå Nasaret svarar:  
”Lat det like vel no vera så!  
For då gjer me det som Gud ventar,  
og fullbyrder himmelens råd.”

So steig dei to ut i Jordan,  
og Jesus i elvi seig ned.  
Den stundi var stor i Guds rike,  
og himlen seg inderleg gled.

### *Ei himmelrøyst høyra han kan*

Straks Jesus var døypt, steig han opp att.  
So roleg og still stend han der.  
Og himlen seg opnar for honom.  
Guds fred er so underleg nær.

Han såg mot det blå, og Guds Ande  
kom dalande ned over han, –  
i duva sin skapnad, – og stod der.  
Ei himmelrøyst høyra han kan:

”Sjå, dette er Son min, den kjære!  
I han all min hugnad eg har.”  
Slik lydde den himmelske røysti,  
ei helsing til Sonen frå Far.

### *Då Jesus gjekk ut i Jordan –*

Då Jesus gjekk ut i Jordan,  
han steig i vårt syndehav ned,  
tok til på den tunge vegen  
som førde til fridom og fred.

Då Jesus steig ned i Jordan,  
då tok han den tunge arv,  
gjekk inn under ætti sitt ansvar.  
*Me* børi ei bera tarv.

Då Jesus gjekk ut i Jordan,  
eit skuldberg so stort vart hans.  
For oss han det bar, og evig  
no strålar vår rettferdskrans.

Og Faderens smil han styrkte,  
og Anden var med kvar dag.  
So sigra han stort i striden  
og vann det avgjerande slag.

### *Til møtes med Satan*

Godviljug går ingen  
til møtes med Satan, i audnene ut.  
Sjølv Kristus ved tanken  
på dårings-demonen var nedtyngd av sut.

Som menneskeson skulle ormen han møta.  
Den draken er fæl. Kva under vel då  
at den heilage, reine no skolv i si sjel?

Det difor stend skrive at Anden dreiv Jesus  
i freistingi inn. Og so i den fælslege,  
fårlege audni me Frelsaren finn.

Han var millom vilddyr som ylte i natti.  
Dei kvæste og kvein. Og sandkledde kollar  
i måneskins-kvelden som kvit-knoklar grein.

I dalar med dødsskugge einsam han vandra,  
og mat ikkje naut. Kva under at makti  
og mergen då minka og kreftane traut?

### *Førti dagar forutan brød*

Det var i ein ljuvleg hage  
at ADAM si freisting møtte.  
I ville heidi, forutan mat,  
vår frelsar hans lovbrot bøtte.

I sjølvaste paradiset,  
der frukti på trei lava,  
gav Adam etter, og eplet tok.  
Vår frelsar i audni kava.

I førti dagar, og netter med,  
ein matbit han ikkje fekk njota.  
I denne lange og tunge tid  
han fekk 'kje ein brødbit brjota.

Kva under var det at svolten gnog  
då førti dagar tok ende?  
So veik han var, og han kjende grant  
kor heite hungeren brende.

Han var eit einaste rop om mat.  
So sårt etter brød han stunda.

Og nettopp då, når han veikast var,  
seg Satan til honom skunda.

## *Den arge ormen nærmar seg*

Han stend der i øydemarki,  
og svolten, han sveid og brann.  
Og då han ser opp – der kjem det  
imot han ein ukjend mann.

Og fårleg han var, ein fiend  
av alle som ande dreg.  
For SATAN, den arge ormen,  
seg nærmar på vondskaps veg.

Eg tenkjer meg at han helsa:  
”God dag! og Guds fred med deg!” –  
So byrja det arge åtak.  
Den striden gjaldt deg og meg.

## *Brød og steinar*

”Her er det ’kje godt å vera, –  
ei livlaus og matlaus verd.  
Og her var du førti dagar!  
Eg tenkjer du svolten er.

Og vil du her vera lenger,  
då vert det den visse død.  
Men er du Guds Son, so byd no  
at steinane her vert brød!”

Då svara den svoltne stridsmann –  
dei ordi om verdi fór:  
”So stend i Guds bok det skrive:  
”Mennesket lever ’kje berre av brød,  
men av kvart eit ord  
som gjeng ut ifrå Herrens munn.”

## *På tempel-tinden*

Han gav seg ikkje, den arge, –  
det ligg i hans hug og hått.  
Han unnar ’kje nokon av Adams søner  
det som er gildt og godt.  
So tok han Frelsaren med seg  
i byen den heilage inn,  
lét på eit svimlande stup han standa,  
på høgaste tempeltind.

Og atter til Jesus sa han:  
”Er so at Guds Son du er,  
so kasta deg berre utføre;  
for ingen skade deg skjær!

For so stend det skrive,” sa han,  
”at englane bjoda han skal  
på hendene sine deg bera.  
Då gjeng det deg vel på ferda;  
då møter deg ei nokon mein.  
Du støyter ’kje foten på nokon stein.”

Men Frelsaren lygni skjøna. –  
ho kom i so skirt eit skrud:  
”Det atter stend skrive,” sa han:  
”Du skal ikkje freista din Gud!”

## *All verdi sin herlegdom*

Den vonde, han gjev seg ikkje,  
men hatefull på han held.  
Og so tek han Jesus med seg  
opp på eit ov-høgt fjell.

”Sjå! seier han. ”Sjå! – og peikar.  
Dei over all jordi ser,  
alle dei rike i verdi vid.  
Han fram deira herlegdom tær.

Der blånar dei fagre fjelli,  
og der bårar havet vidt.  
Der duvar dei djupe skogar,  
og der drøymer sjøen blidt.

Han peikar på store byar,  
på grøderik, vårvarm jord.  
Han syner dei skire skattar  
som strålar i sud og nord.

Han peikar på folkeslagi  
som ferdast i vest og aust,  
dei tallause manne-hærar  
som aukar seg endelaust.

### *Det vonde vilkår*

”Sjå der!” han å nyo seier,  
og peikar på verdi all.  
Menneskesonen skal dårast  
og svikta sitt høge kall.

No ser han den vide verdi.  
Ho strålar i glim og glans.  
GUD vil han skal vinna henne  
ved kors og ein klungerkrans.

Men Satan til honom seier, –  
han tær seg so fin og from:  
”Alt dette vil eg deg gjeva,  
all verdi sin herlegdom.

For dette til meg er gjeve,  
og no eg deg byd det fritt.  
Fall berre ned og tilbed meg,  
og so er alt saman ditt!”

Men Frelsaren svara Satan, –  
i ordi var brand og eld.  
Dei tonar enn over verdi,  
vil ljoda til siste kveld.  
Enno dei førest frå land til land:  
*”Herren, din Gud, skal du tilbe!  
Du tena skal han, einast han!*

### *So stilna det store slaget*

So stilna det store slaget.  
Og sigerherren var han  
som ut-mødd og ut-tærd stridde  
for ættene alle, og vann.

So var det då *ein* i verdi  
som ei gav det vonde rom,  
men ville det himlen ville, –  
ein u-sulka uskylds-blom.

Den vonde var overvunnen.  
Han måtte gi tapt til sist.  
Hans fotfeste her i verdi  
for alltid, for godt var mist.

Han bura som illsint løva,  
han grylte og gremma seg.  
Det var ikkje anna å gjera.  
Og so gjekk han arg sin veg.

Men gi seg han ikkje ville.  
Han gav ikkje opp sin strid.  
Han Jesus i fred lét vera, –  
men berre ei liti tid.

### *Og englane kom*

Men ute i audni stod Jesus att, –  
av spaning skjelvande, mødd og matt.

Til jordi seig han, – so klår han var.  
Den strid han stridde, var heit og hard.

Ein sus av vengjer! Det englar er.  
Til verdsens frelsar dei hjelpi ber.

Dei varleg steller med utmødd mann.  
dei mildt og moderleg hjelper han.

Dei turkar sveitten med kjærleg hand.  
Dei kjem med brød til den svoltne mann.

Dei kjem med vatn ifrå kjelda klår.  
So ljuvt det svala den lippa sår.

Han somnar – vaknar av soli kyst.  
So gjeng han ut – ut til den nye dyst.

### *Den gongen stod alt på spel*

Den gongen galdt det liv og daude.  
Den gongen stod alt på spel.

For hadde 'kje Kristus vunne,  
då vigde me var til hel.

Ja, hadde 'kje Kristus vunne  
og svinga sin sigers-stav,  
då hadde 'kje Golgata kome,  
og ikkje den tome grav.

Det difor var stilt i himlen  
då striden stod på hin gong.  
Og sidan dei harpone stilte.  
Då brusa ein sigerssong.



## EVANGELIETS MORGONRØDE

### *Høge herrar på vandring*

Høge herrar på vandring!  
Dei gjeng frå Jerusalem,  
ned gjennom Juda øydemark.  
Og so dei til Jordan kjem.

Levittar og prestar er dei –  
ei høgtidsam sendeferd. –  
Dei skulle Johannes spørja:  
”Du døypar, seg kven du er!”

Han ser på dei høge herrar,  
som stoda sondera skal  
og bodet attende bera  
til Rådet i høge hall.\*

Han fritt og frimodig vitna,  
den mann i kamelhårs-skrud:  
”Eg er ’kje Messias, Kristus,  
utløysaren, send av Gud.”

### *Men kven er du då?*

”Men kven er du då?” dei spurde.  
”Mon tru du Elia er?” –  
”Eg er ikkje!” stutt han svara  
ei høgtidsam sendeferd.

\* Dei var sende frå Synedriet, Det høge råd.

”Men seg, er du då profeten,  
som Moses oss lova hev?”  
Eit ”nei” var det stutte svaret  
som døyparen atter gjev.

Då sagde dei: ”Seg, kven er du?  
so me med eit svar kan gå heim.  
Kva kan om det sjølv du seia?” –  
Johannes då svarar deim:

”Ei røyst av ein som ropar  
i audni, det er eg:  
”Gjer Herrens stigar rette,  
og jamne vel hans veg!”

### *Enno eit spørsmål brenn*

Av farisear-flokken  
dei var, dei vyrde menn.  
I hjartedjupet deira  
eit spørsmål enno brenn:

”Kvi døyper du sidan du ikkje  
Messias, Guds utvalde er,  
ei heller Elia, den lovde,  
og ikkje profeten me ventar  
skal koma og gjesta vår verd?”

”Eg døyper med vatn til omvendning.  
Men millom dykk stend det ein mann, –  
med Ande og eld skal han døypa.  
Men enno de kjenner ’kje han.

Han etter meg kjem, Guds Messias.  
Han kjem, og han alt er oss nær.

Eg er ikkje verd til å løysa  
hans skoreim og skorne hans bera,  
gudslammet som syndene ber.”

Det hende på hi sida Jordan,  
der døyparen var nettopp då.  
Den staden Betania heitte.  
Og folket gjekk til og frå.

### *Det store vitnemålet*

Den dagen som deretter demra,  
var ein av de store på jordi.  
Johannes stend og ser Jesus koma.  
Då kjem dei ugløymande ordi:  
”Sjå der Guds lam  
som ber all verdsens synd!

Om han var det nyleg eg sagde  
at etter meg kjem det ein mann  
som no alt hev framom meg gjenge  
av di ifrå æva er han.

Eg gjende han ei; men han skulle  
seg syna for Israels folk,  
og difor eg stend her og døyper.  
Gud vil eg skal vera hans tolk.

Eg Anden hev sett, kor han dala  
som ei duva frå himmelen ned  
og over den utvalde stana.  
Den stundi var fylt av Guds fred.

Eg kjende han ikkje,” han vitna.  
”Men Herren det teiknet meg gav:

Den Anden frå Gud dalar ned mot –  
vert standande over – han er det  
som døyper med Ande og eld.  
Eg sjølv hev det sett, og eg vitnar  
at han er Messias, Guds Son.” –  
Slik vitna Johannes ved Jordan.

### *Dei fyrste som fylgde*

Atter ein dag over Israel demra.  
Atter Johannes ved Jordan stod.  
To unge menn var i lag med profeten.  
Jesus frå Nasaret nærmar seg no.

Då han kjem gangande mot deim, Johannes  
peikar og seier: ”Sjå, der er Guds lam!” –  
Han som skal sona eit havdjup av synder,  
syner profeten for andre gong fram.

Dei to som Johannes fylgde,  
dei høyrde i undring hans ord.  
Då han på forsonaren peika,  
det tok deim med age stor.

So fylgde dei etter Jesus,  
og Mesteren snudde seg om.  
Han tala til deim då han gådde  
at dei etter honom kom:

”Kva søker de?” Jesus spurde.  
Han såg på deim, varmt og mildt.  
”Kvar bur du, rabbi?” dei svara.  
Det lydde so lognt og stilt.

”Kom berre og sjå!” han sagde.  
Og so dei med honom gjekk.  
Dei fylgde han heim – den dagen  
hjá Jesus dei vera fekk.

### *Det var ved den tiande timen*

Og ein av dei to, Johannes,\*  
han hugsar til kvelden sein:  
Det var ved den tiande timen  
han vart Frelsarens fylgjesvein.

Me veit ’kje kva Jesus sagde,  
men visst var det sæle ord.  
Dei unge, dei sat og lydde.  
Kompassnåli nådde sitt nord.

Den dagen so smått det demra  
at han som dei funne har,  
på livet si store gåta  
kan gjeva det sanne svar.

### *Dei første som gjesta Jesus*

Dei første som gjesta Jesus  
og fylgde hans fotefar,  
var Jakob sin bror, JOHANNES.  
Den andre ANDREAS var.

Andreas finn bror sin, SIMON,  
og vitnar i lukke stor:  
”Me Jesus hev funne, – Messias!”  
Han førde til Jesus sin bror.

Og Meisteren ser på honom,  
og so desse ordi fell:  
”Du Simon Johannesson heiter.  
Du Kefas skal kallast – fjell.”

På gresk er det namnet Petros.  
Men ikkje dei visste då:  
Det namn skulle sidan i saga  
ut over all verdi gå.

### *Ogso Filip får kallet*

Og so var det dagen etter.  
Han òg inn i saga gjekk.  
For då andre vonfulle unge  
av Meisteren kallet fekk.

Den morgonen ville Jesus  
til Nasaret heimatt dra.  
Då var det han møtte FILIP.  
”Fylg meg!” han til honom sa.

Og Filip var frå Betsaida,  
ved Harpesjøen der nord.\*\*  
Andreas og Peter òg budde der. –  
Han lydde Meisterens ord.

\* Apostelen Johannes, Jakobs bror

\*\* Betsaida Julias lågved nord-aust-bredden av Gennesaret-sjøen (Harpesjøen)

## *Noko godt frå Nasaret?*

No Filip NATANAEL møter.  
Frå byen Kana han var, –  
ein småby i Galilea, –  
ein open og ærleg kar.

”Du, no hev me funne honom!  
MESSIAS me no hev sett,  
som Moses og profetane spådde om –  
JESUS frå Nasaret!”

”Kan vel noko godt det koma  
frå Nasaret-byen der nord?”  
So spurde Natanael Filip.  
Og enno vert hermede hans ord.

”Kom, so skal du sjå! var svaret.  
Natanael kom – og fann.  
Då Jesus so såg honom koma,  
han sa om den unge mann:

”Sjå, der er ein israelar, –  
i han finst det ikkje svik.” –  
Å, sæle deg, unge Natanael!  
Kor var du vel ovleg rik!

”Kvar kjenner du meg ifrå, Jesus?”  
Natanael undra seg. –  
”Eg såg deg – du sat under fikentreet –  
før Filip kalla på deg.”

Då svara Natanael Jesus –  
han alt hadde fenge han kjær:  
”Rabbi, Guds Son i sanning  
og Israels konge du er!”

## *De skal få sjå Guds englar!*

”Seg, trur du fordi eg såg deg  
då under treet du var?  
Du større ting skal få skoda.”  
So lydde Meisterens svar.

”For visst og sant eg dykk seier,”  
so lydde Frelsarens ord:  
”De skal sjå himmelen open, –  
ein stige frå høgdi til jord, –  
Og englar frå Gud stig opp og ned  
over Menneskesonen!”

## *Hévreka – eg hev funne!*

Den dagen lydde eit ”hévreka!”\*  
Og enno tonar det gledeskvad.  
Ein æveleg dag hadde runne.  
Kva under då at dei fylgde han  
som voni åt deim hadde vunne?

Eit hévreka lyder frå ætt til ætt  
alt vidare ut over jordi:  
Me løysing på livet si gåta hev sett.  
Me høyrde dei heilage ordi.  
Me himmelstigen den høge gjeng,  
og benkast ved himmelbordi.

\* Hevreka (gresk): Eg hev funne. – Det var dette ordet Arkimedes sa da han styrta ut frå badet etter å ha oppdaga lovi om oppdrift.

## *Beden til bryllups*

No nærma seg dei store stunder.  
Til byen Kana Jesus kom.  
Der gjorde han sitt første under.  
Der synte han sin herlegdom.

Der skulle det eit bryllup vera.  
Maria beden var til fest.  
Og Jesus, han fekk òg den æra  
med sine vener vera gjest.

Og dei seg glede, mann og kvende,  
det gilde høgtids-samvær naut.  
Men gleden tok so brå ein ende  
for brur og brudgom: vinen traut.

## *Dei hev ikkje vin!*

Til Jesu mor dei det fortalde,  
den kvinna audmjuk, still og fin.  
Og ho til sonen dette melde.  
Ho sagde: ”Dei hev ikkje vin!”

Men Jesus svara henne: ”Kvinne,  
eg berre Far mins vilje gjer.”

Og so han mor si la på minne:  
”Min time ikkje komen er.”

Maria lell ikkje modet miste.  
”Han hjelper nok,” med seg sjølv ho visste,  
til dei som stelte ved bordi, sa:  
”Gjer alt han seier til dykk!” ho bad.

## *Seks anker med vatn*

Føre kvart måltid dei hendene tvo.  
Difor seks vass-kar av stein der stod.

Om lag to-tri anker kvart eit av deim tok.  
So stend det fortalt i vår bibelbok.\*

Brått kjende Jesus: Guds time er no.  
Han difor dei bordsveinar gav dette bod:  
”Fyll kjeri med vatn!” Og dei gjorde so.  
Til sist var dei fylte til randi.

Då atter han bad deim: ”Aus opp no, og ber  
til kjøkemeisteren!” – Dei so gjer.

## *Då skjedde det store under*

Då skjedde so stort eit under  
ved Jesus frå Nasaret.  
I alle dei år og aldrar  
slikt noko aldri var sett.

Og soga om det som skjedde,  
ho enno i verdi skin.  
Ein vink av hans heilage hender –  
og vatnet, det vart til vin!

Då han som var kjøkemeister,  
fekk smaka den drykken god  
og ikkje om underet visste,  
han ikkje stoda forstod.

\* Eit anker tok om lag 40 liter

So ropa han brudgommen til seg.  
"Eg skjønar 'kje dette," han sa.  
"Kvar mann tek då først fram den gode vin, –  
slik er det på kvar ein stad, –  
når folk er blitt drukne, den ringare.  
Eg kan ikkje dette forstå;  
for du hev gøymt den gode vin  
til nå."

Dette var Frelsarens første teikn,  
i Kana, i Israels land.  
Då lèt han sin herlegdom lysa fram.  
Og disiplane trudde på han.

### *Den beste vin til sist*

Me hyller deg, Herre og meister.  
Me tilber deg, Jesus Krist.  
God er den vinen du gjev oss.  
Den beste du byd oss til sist.

Du enno i dag er den same,  
og enno det under skjer:  
Vår kvardag til høgtid du vender;  
for vatnet til vin du gjer.

Det beger som verdi tidt byd oss,  
det perlar og lokkar og dreg.  
Men ofte på botnen ligg bermen,  
og traurig og trist vert vår veg.

Men du gjev oss alltid det gode.  
Og det vil me vona for visst:  
Du gjev oss, i Lammet sitt bryllup,  
den beste vinen til sist. –

### *Til Kapernaum og Jerusalem*

Då so denne høgtid var enda,  
tok Jesus Maria med,  
og brørne og venene sine  
og drog til Kapernaum ned.

Den byen låg nede ved sjøen –  
Gennesaretsjøen – i nord.  
Der budde dei då nokre dagar.  
Og sidan dei vidare før.

Til Sion – Jerusalem-byen,  
den heilage – no gjekk hans ferd.  
Dit drog dei i flokk og i fylgje.  
for påskehelgi var nær.

### *No er han løva av Juda*

Men då noko underleg hende:  
Jesus i templet stig fram.  
Og no er han løva av Juda,  
og ikkje det tålige lam!

For der – inni heilagdomen –  
var handel og ståk og styr.  
Der veksle dei pengar og selde sauer  
og duvor og andre dyr.

Vel skulle dei skapningar nyttast  
til offer i tempelhall.  
Men pengekjærleiken herja i hjarta,  
og hugen var hard og kald.

Då vakna ein heilag vreide;  
han loga i Meisterens barm.  
Han stod ei stund, og han såg alt styret.  
Då vart han i hugen harm.

### *Profeten svingar svepa*

Av reip han seg laga ei svepa  
kvar ein ut av tempelet dreiv,  
med alle oksar og sauer.  
Og vekslar-bordi han velta,  
småpengane utover heiv.

Til deim som med duvor handla,  
han sagde: ”Tak dette bort!  
Guds hus skal vera eit bønehus.  
Til ei krambu de no hev det gjort!”

Då læresveinane såg det,  
dei hugsa at skrive det stend:  
”Brennhug for ditt hus skal eta meg opp.” –  
Kor stort når eit hjarta slik brenn!

### *Torevêr i tempelet*

Det var som eit brakande toreskrall  
rulla igjennom den tempelhall.  
Det var Løva av Juda som der fór fram.  
Han var ikkje berre det tålege lam.

Då torevêret var stilna,  
stod jødane der og fælte.  
Sidan tok dei til ords og mælte:  
”Kva teikn vil du syna oss, sidan  
alt dette du no hev gjort?”

Han svara: ”Riv dette tempelet ned,  
og eg skal det oppatt reisa  
på dagar tre!”

### *Han tala om lekamens tempel*

Då sagde dei til han: ”I førti-seks år  
dei bygde på tempelet her.  
På dagar tri vil du reisa det oppatt.  
Kva meiner du vel med det der?”

Det var om sin lekams-tempel  
han tala dei djerve ord.  
Og då han stod opp frå dei døde  
og heim til sin Fader før,  
då mintes hans læresveinar  
at han hadde dette sagt.  
og trudde den heilage Skrifti.  
No såg dei hans velde og makt.  
Men sidan det skulle seg syna:  
Det ordet som nyst var sagt,  
vart nytta mot Jesus Kristus  
då han var i lekkjor lagt.  
Dei rengde hans ord, – han sa ’kje:  
”Eg templet skal føra til fall,”  
men: ”Om de det ned vil riva,  
eg reisa det oppatt skal.”

### *Dei første under i Jerusalem*

Han var nokre dagar i byen,  
i helgi den høge og store.  
Og mange trudde på namnet hans  
då dei såg dei teikni han gjorde.

Men Jesus til deim ei seg trudde,  
av di han kjende deim alle.  
Han visste sjølv kva som budde i sjeli:  
I vantru dei djupt hadde falle.  
Dei trudde på ”løva av Juda”,  
der ho med velde fór fram,  
men hadde ’kje bruk for Guds Lam.

### *Ein vandrar i natti*

Det er natt i den heilage byen.  
Det er myrkt millom Sions fjell.  
Du ser ikkje handi føre deg.  
Ein vandrar er ute lell.  
Han lampa i handi held.

Det hev brunne ein brand i barmen.  
Det hev loga ein ny-tend eld.  
Frå dag til dag hev det auka på.  
Og verst var det no i kveld.  
Det Jesus frå Nasaret gjeld.

Ein lærar i Israel er han,  
ein rådsherre høg og hæv.  
Han velnøgd hev vore med sjølve seg, –  
ei løn for hans strid og strev, –  
av folk halden gild og gjæv.

So møtte han Jesus Kristus,  
hans heilage andlet såg.  
Ein glans frå den evige verdi  
over hans åsyn låg.  
Han fekk honom høyra òg.

### *Det floka seg til der inne*

Og ordi hans søkk i sjeli.  
Dei tende ein uro-brand.  
Han var ’kje den same karen  
etter det møtet med han,  
den heilage Herrens mann.

Det floka seg til der inne.  
Hans byggverk, i røys det datt.  
Av sjølgode, stolte tankar  
det var ikkje mykje att.  
So gjeng han – og det er natt.

Han må den profeten finna.  
Han anar at han hev svar  
på livet sitt store spørsmål,  
og løysing på floken hard.  
Men redd han for folket var.

So valde han nattetimen,  
og fram til profeten finn.  
Han bankar, og porten opnast.  
So gjeng han til Jesus inn,  
med urofylt, søkjande sinn.

### *No er han framme*

Han kom med varlege, stille steg.  
Ei liti lykt lyste opp hans veg.  
Det store livs-spørsmål presser på.  
No må på gåta han løysing få.

Kven kjem på gjesting no nattes tid  
når det alt ut imot midnatt lid?



Ei dør vert opna, inn stig ein mann.  
I lampeljoset dei kjenner han.

Dei skjønar vel: Her stend noko på;  
for kven vil elles på vitjing gå  
når andre menneske gjeng til ro  
og søkjer svevnen og kvila god?

Ein læresvein lét han venleg inn.  
Og so dei meisteren, Jesus, finn. –  
"Velkomen ver! Ver so god sit ned!  
Guds fred! Guds fred!"

### *Samtale i still natt*

Jesus ser på den vyrde mann.  
Han ser i hjarta ein lengsels-brand.  
I Jesu auga ser gjesten inn,  
ein kjærleiks-fullnad der inne finn.

So tek ein samtale sistpå til  
som aldri ættene gløyma vil.  
Den gongen lydde frå Jesu munn  
so sæl ei sanning den midnattstund.

"Rabbi, meister" – det ære-ord  
det ber oss bod om ein vyrdnad stor.  
Ein tømmermann ifrå Nasaret, –  
han ned i visdomens djup hev sett.

### *Korleis gå inn i Guds rike?*

"Rabbi, me veit du ein lærar er.  
Frå Gud er du komen til denne verd.

For desse under og teikn du gjer,  
kan ingen makta om ei med han  
er Gud."

Meisteren gjeng rett på sak.  
Han stend der roleg, trygg og rak.  
Han kjenner til dei tunge tak  
som NIKODEMUS måtte ta,  
og slitast millom tvil og tru.

GUDES RIKE undrast han so på.  
Dit inn han ville gjerne gå.  
Men ingen kan det riket sjå  
som ei vert fødd på nytt  
og myrkret fær i dags-ljos bytt.

### *Til botnen Nikodemus vil*

Til botnen Nikodemus vil:  
"Kor kan vel dette ganga til?  
Kor kan vel ein som gamal er,  
på nytt bli fødd til denne verd?  
Han kan vel ikkje koma inn  
i moders liv for andre gong  
og so bli fødd på nytt?"

Då svara den store meister,  
ei livslov åt ætti gav.  
Ho gjeld under alle himmelstrok  
og råder ved alle hav:

"Det seier eg deg for sant og visst," –  
so sagde den Herre Jesus Krist, –  
„utan ein fødest av vatn og Ånd,  
kan han ei koma inn i Guds rike.

For det som er født av kjøtet, er kjøt.  
Og det som er født av Anden, er ånd.

Du må ikkje undrast på det eg sa  
at de lyt fødast på nytt!  
Vinden, han blæs i kva leid han vil.  
Du tydeleg høyrer han tyt.  
Men kvar han kjem frå,  
det ikkje du veit,  
ei heller kvar vinden fer av.  
So òg med kvar ein  
som av Anden er fødd.”

### *Korleis kan dette gå til?*

I undring spør rådsherren atter:  
”Korleis kan vel dette gå til?”

”Og du som er Israels lærar,  
og veit ikkje det!” lydde svaret.  
”Me talar om det som me veit,  
og vitnar om det me hev sett.  
Men lell tek de ikkje imot  
det vitnemål som me dykk gjev.

Når no eg hev tala til dykk  
og vitna om jordiske ting,  
og de ikkje trur, –  
kor skal de då tru  
når eg talar til dykk  
om det som frå himmelen er?

Og ingen hev stige til himmelen opp  
utan han som frå himlen steig ned,  
den Menneskeson som i himmelen er.

Og liksom Moses i øydemarki  
tok koparormen og opp han lyfte,  
slik Menneskesonen lyt òg lyftast opp,  
so kvar den som trur, skal ha evig liv – i han.

### *Ordet om evig liv*

For Gud so høgt denne verdi elska  
at han den einborne Sonen gav,  
so kvar og ein som vil tru på honom,  
skal ikkje fortapast,  
men hava æveleg liv.

Gud sende ikkje sin Son til verdi  
til dom for henne, men for at verdi  
skulle ved honom bergast.

Han vert ikkje dømd, den som trur på honom.  
Den som ei trur, han alt er dømd  
fordi han ikkje hev trutt på namnet  
til Guds einborne Son.

Og det er domen,” – so sagde Jesus –  
”at ljuset, det hev til verdi kome;  
men mannsens born lika myrkret betre.  
For deira gjerningar, dei var vonde.

For kvar og ein som gjer det som låkt er,  
han hatar ljuset, kjem ikkje til det.  
Han ikkje vil at dei vonde verki  
skal openbarast og verta refsa.

Men den som gjer etter sanningi,  
han kjem til ljuset det klåre,  
so det han gjer, kan for dagen koma.  
For det er gjort i Gud.”

## *Rabbi – hav takk!*

Nikodemus ris opp.

Og Menneskesonen det same.  
Dei ser einannan i augo inn, –  
meisterens fulle av kjærleik,  
rådsherrens fulle av undring,  
av gryande von og gleda.

So bøyer gjesten seg djupt og seier:

”Rabbi, hav takk! – Sjalom!”

”Det same – Guds fred!”

Ei liti lampa  
kastar blakrande ljoske  
i myrke gator.  
Det syng i ei sjel  
som fekk ljøs – og svar  
på hjarta si djupe gåta. –

## *I Ænon ved Salim*

Sidan tok Jesus læresvein-flokken  
med seg, og ut or Jerusalem gjekk dei.  
Til Judea dei Meisteren fylgde.  
Der var han ei tid med dei og døypte.

Ogso Johannes den gongen døypte.  
Han var ikkje endå i fengsel kasta.  
Det var i Ænon, tett attmed Salim,  
døyparen heldt seg.  
Der var det nøgdi av vassrike kjeldor.

So kom det ein jøde ein dag til Johannes.  
Med Johannes’ disiplar han gav seg i ordstrid.

Om dåp og om reinsing dei då disputerte.  
So gjekk dei i lag til Johannes den døypar,  
og sagde til honom:

”Vår lærar og meister,  
sjå, han som var med deg  
på hi sida av Jordan, –  
du vitna for honom, –  
no ogso han døyper.  
Til han kjem dei alle.”

## *Då svara den store lærar*

Då svara den store lærar, –  
so rikt var hans hjartelag.  
Og ordi han den gong sagde,  
dei lever den dag i dag:

”Eit menneske kan ikkje noko få  
med mindre det honom vert gjeve  
frå himlen, av Gud.  
De sjølve er mine vitne, –  
de veit at eg eingong sagde:  
”Eg er ikkje Messias,  
men eg føre honom er send.”

Det brudgomen er som hev bruri.  
Men brudgomens ven, han stend innmed  
og lyer på brudgomens røyst.  
Og venen seg hjarteleg gleder  
når han fær mælet hans høyra.  
Slik gleda eg no hev fenge,  
og gleda hev vorte fullkomi.

## *Eg lyt minka –*

Han lyt veksa – eg lyt minka.  
Han som kjem ovanntil, er over alle.  
Den som frå jordi er, han er av jordi.  
Den som frå himlen kjem,  
er over alle. –

Det han hev sett og høyrte,  
vitnar han om.  
Men endå vil ingen  
hans vitnemål fagna.  
Den som i hjarta  
hans vitnemål hysar,

han ogso hev stadfest  
at Gud er sannordig.  
For den som Gud Herren frå himmelen sende,  
talar Guds ord.  
For Gud gjev han Anden  
i botnalaust mål.

Faderen elsker sin Son  
og hev gjeve alt i hans hender.  
Den som trur Sonen,  
hev livet, det evige.  
Men den som ikkje  
på Sonen vil tru,  
fær ikkje sjå livet.  
Guds rettvise vrede  
skal over han vera.”

## *I fangehol med han!*

Det hender i saga igjen og igjen:  
I fengsel vert kasta dei edlaste menn.  
Dei sanningi seier, – som salt i sår  
det svir når ho inn i samvitet går.  
Og sjølv for sitt vitenmål svida dei får.

Slik òg med Johannes, den rakrygga mann.  
Ein dag kjem det hærmenn og hentar han.  
Dei legg han i lekkjor, i bolt og jarn,  
det reinhekla, raklege menneskebarn.

I fangehol med han, det skume og svartel!  
Der hamna Johannes, den gjæve og bjarte.  
Han var ikkje varsam, – han uredd vart funnen.  
Og det til hans fengsling var djupaste grunnen.  
”Du hev ikkje lov,” til Herodes han sa,  
”til hustru Herodias, brorkona, ta!”

Han også Herodes for andre ting lasta,  
og dermed so vart han i fengselet kasta.  
Der døyparen dagane sine fekk enda.  
Ai ei, at slik urett den beste skal henda!

## ATTER MOT NORD

### *Til Galilea han ville – heim*

Ein dag kom det Jesus for øyra –  
då han i Judea var:  
Hans fiendar hadde fått høyra  
han fleir enn Johannes vann,  
og døypte fleire enn han –  
endå det ikkje var Jesus sjølv,  
men læresveinane hans  
som døypte so mange då.  
Og attpå kom bodet so tungt og trist:  
Johannes var fengsla, hadde fridomen mist.

So tok han ut frå Judea,  
og vegen han la mot nord.  
Til Galilea han ville heim  
og der forkynna Guds ord.  
Han gjennom Samaria-landet fór.  
Den vegen måtte han fara.

### *Dei kom til Sikem-dalen*

Dei kom då til Sikem-dalen,  
med Garisim-fjellet i sud.  
På nørde sida ligg Ebal-berget,  
med minne om Israels Gud.\*

Og der såg dei byen Sikem,  
der Abraham busette seg  
den gongen han kom ifrå austerlandet,  
den eldgamle øydemarks-veg.

Og aust for Sikem låg Sykar,  
ei langt frå det stykke jord  
som Jakob gav Josef, sin son, –  
han hadde kjøpt det av Hemors born  
då han heim ifrå Karan fór.\*\*

Nær Sykar er Jakobs-brønnen,  
so forseggjord, fin og rund,  
bygd til botnen av hogne steinar.  
Og overdjup er denne brunn.

### *Det kom ei kvinna til Sykars brønn*

Jesus var trøytt av ferdi,  
for strid hadde vegen vore,  
og no var det solvarm middagsstund.  
Føtene hans var nok såre.  
So sette han seg ved Jakobs brønn.

Då kjem det ei kvinna frå Sykar.  
Ei krukka på hovudet ber ho.  
Ho vatn vil draga or brønnen.  
Av Samaria-folket er ho.  
Av blandings-blod er ho runnen.\*\*\*

Ho heisar ei bytta frå botnen,  
med vatnet det friske og klåre.  
Ho ofte den drykk heim hev bore. –  
Og Jesus, han ser denne kvinna,  
vil henne for himmelen vinna.

\* Josva 8,30 fg.    \*\* 1. Mos 33,18-20

\*\*\* Samaritanarane var eit blandingsfolk av jodar og assyrarar.

## *Lat meg få drikka!*

So seier han: ”Lat meg få drikka!”  
For sveinane hans, dei var farne,  
til byen – til Sykar – var gangne.  
Der skulle dei kjøpa seg mat.

Ho stussa – at han som var jøde  
og so som ein jøde seg skikka,  
bad henne, eit viv frå Samaria, om drikka.

For jødar og samaritanar,  
dei er ikkje gode grannar  
og ei med kvarandre seg blandar.  
Ned på kvarandre dei jamnast såg,  
i uvenskap med einannan låg.

## *Eit vatn som vell opp til evig liv*

Jesus då sagde dei sterke ord, –  
enno dei lyder ut over jord:  
”Dersom du kjende Guds gåva stor,  
og dersom du visste kven denne er,  
han som i dag deg om drikka ber, –  
då bad du honom, og han deg baud  
levande vatn.” –

”Herre,” so lydde kvinna sitt svar:  
”du hev ikkje krukke, du hev ikkje kar  
so du kan dra vatnet opp.  
Og brønnen er ovleg djup.  
Kvar hev du det levande vatnet frå då?

Ætti vår er ifrå Israel\* runnen.  
Han var det – Jakob – som gav oss brunnen.

Sjølv hev han drukke av dette vatnet,  
og sønene hans og buskapen med.” –  
Kvinna det svaret fær:

”Kvar den som drikk av det vatnet her,  
som ollar og renn,  
vert tyrst igjen.

Men den som drikk av det vatnet eg gjev,  
han aldri i æva skal tyrsta meir.  
For det vatnet eg byd,  
vert ei kjelda i han  
som vell opp til evig liv.”

”Herre,” sa kvinna, ”so gjev meg det vatn,  
so eg ikkje meir vert tyrst,  
og ikkje treng koma hit og dra  
vatn av den djupe brunnen!”

## *Ei pil i hjarta*

Då kjem det frå Jesus eit uventa ord,  
og kvinna det høyrer i undring stor.  
Han seier til henne so:  
”Gakk og henta mannen din hit!  
Og kom so tilbake, de to!”  
”Eg hev ingen mann,” svara kvinna. –  
”Der sagde du sant,” mælte han.

”Fem menn hev du hatt,  
og den du hev no,  
han er ikkje din mann!  
Med rette svara du so.”

\* ”Israel” er det namnet Gud gav Jakob.

”Herre, eg ser at du er ein profet.” –  
So var han ein gudeleg mann! –  
”Fedrene våre, dei òg tilbad Gud,  
på Garisim-fjellet, men de seier so:  
I Jerusalem tilbed han!”

### *Messias – det er eg!*

Då Meisteren seier til kvinna:  
”Tru meg – det kjem ei tid  
då de skal tilbe Faderen  
ikkje på dette fjellet  
og ei i Jerusalem heller.

De tilbed det de ei kjenner,  
men me det me kjenner vel.  
For frelsa frå jødane kjem.

Men koma skal tidi –  
ho alt er her no –  
då dei som vil Faderen tilbe,  
skal tilbe i ånd og sanning.

Det er slike som gleder Guds hjarta.  
For Gud er Ånd.  
Og dei som vil tilboda honom,  
lyt tilbe i ånd og sanning.”

So seier kvinna til honom:  
”Eg veit at Messias kjem.  
Og når so den tidi er komen,  
då skal han læra oss alt.”

Då seier Jesus til henne,  
for fyrste gong på sin veg:  
”Messias som Skriftene lova,  
er eg – eg som talar med deg!”

### *Kvifor talar han med ei kvinna?*

I det same kom ifrå byen  
læresveinane att.  
Dei undra seg over at Jesus,  
som endå ved brønnen sat, –  
at han med ei kvinna tala.  
Men like vel var det ingen  
som våga å spørja honom  
kva han vel ville henne,  
og kvifor med henne han tala.

Men kvinna, ho lét krukka stå.  
Ho fekk so mykje å tenkja på.  
Til byen ho hasta, til folket sa:  
”Kom med meg til brønnen,  
og sjå noko stort:  
ein mann som hev sagt meg  
alt det eg hev gjort!  
Skal tru om han er Messias?”

### *Et, rabbi!*

So fór dei i flokk og i fylgje.  
Og mens dei på vegen var,  
bad læresveinane Jesus:  
”Et rabbi!” – dei fekk til svar:  
”Eg hev ein mat å eta  
som ikkje de veit om.”

Då sa dei seg imillom:  
”Skal tru om det nokon er  
som mat hev til honom bore  
mens me hev i byen vore?”

Då svara han sine vener;  
han sagde: ”Min mat det er  
å fullføra Far mins vilje,  
og at eg verki hans gjer.

### *Åkrane gulnar mot haust*

Seier ’kje de dykk imillom:  
”Det er fire månader til  
den tidi når kornet er moge.”  
Men høyr kva eg seia dykk vil:

Lyft opp dykkar augo og skoda  
åkrane der,  
kor alt dei kvitnar mot hausten!  
Skuronne no er nær.

Den som haustar, fær løn,  
sankar grøda til evig liv,  
so dei baa skal gleda seg saman,  
den som såkornet strør,  
den som haustar i hus.

For her høver det ord:  
Det er ein som skal så  
og ein annan som haustar eingong,  
millom fullmogne åkrar fær gå.  
Slik hev eg dykk sendt ut  
til å hausta den sæd  
som de sjølve ei mødde dykk med.

Andre hev streva, og de  
i deira arbeid gjekk inn, –  
haustar frukti, og hjarta seg gled.”

### *So strøymde det evige livet*

So drakk ho av livsens kjelda,  
i djupe og fulle drag.  
Og aldri i livet sidan  
ho gløymde den sæle dag.

So strøymde det evige livet  
inn i den arme sjel.  
Og sidan Samaria-kvinna  
levde og døydde sæl.

So demra den ljose dagen.  
Og hugen vart full av song.  
Ho gløymde aldri den vandringsmannen  
som fylte hjarta sin trong.

So vakna det rike vårliv  
i hjarta sin djupe grunn.  
Og aldri ho sidan gløymde  
den sæle solrenningsstund.

### *Kom – ver hjå oss!*

Mange frå byen Sykar trudde på Jesus då,  
for kvinna si skuld, som ved brønnen  
eit djup av hans visdom fekk sjå, –  
trudde då kvinna vitna so stort:  
”Den mannen hev sagt meg alt eg hev gjort.”



Då so dei samaritanar  
kom ut til Sykars brunn,  
bad dei om Jesus ville  
vera hjå deim ei stund.

To dagar han drygde hjå deim.  
Mange kom då til tru  
for skuld det ordet han tala.  
Og so til kvinna han sagde:

”No trur me ikkje lenger  
for skuld det du hev tala  
og om Messias vitna.  
For me hev sjølve høyrte han,  
og no me veit for visst  
at han er Guds Messias, den Herre Krist.  
Han er den som skal frelsa verdi.”

### *Til Galilea*

Då so dagar to var lidne,  
drog Jesus sin veg med gleda.  
Læresveinane fylgde han  
på vegen til Galilea.  
For sjølv han vitna at ein profet  
i sin heimstad ikkje vert æra.  
No kunne han verka i fred for ”dei fromme”<sup>\*</sup>  
som berre han vondt ville gjera.

<sup>\*</sup> ”Dei fromme” er her brukt om farisearane. Dei stamma frå asidéarane – som tyder ”dei fromme” – på makkabear-tidi, halvtanna hundreår før Kristus.

### *Velkomen, undergjerar!*

So vende Jesus, i Andens kraft  
heim til si barndoms-grend.  
Og folket, velkommen dei helsar han  
då dei får sjå han igjen.  
Dei vitne var til hans underverk  
i Jerusalem.  
No er dei glade at heim han kjem,  
i åndi sterk.  
Dei treng slik ein undergjerar, –  
men mindre ein himmelrikslærar.

I alle bygdene der ikring  
kom gjetordet ut om han.  
Når dei på sabbaten samlast,  
han lærde i synagoga,  
vart prisa av alle mann.

### *Ein kongsmann fekk hjelp*

Ein dag kom han atter til Kana,  
der oppe i Galilea,  
der vatn han gjorde til vin hin gong  
og suti vende til gleda.  
No bar det so til: I Kapernaum  
den gongen ein kongsmann budde.  
Han hadde ein son som var mykje sjuk.  
Den mannen på Jesus trudde.

Då so han fekk høyra at Jesus  
var komen ifrå Judea  
og no var i Galilea,  
då gjekk han til honom, den lange veg,  
frå heimen til Kana dreg.

Han Meisteren møter, og honom bed  
at han ville gå til Kapernaum med,  
og lækja son hans, som låg på det siste.  
Han ville so nødigg den skatten miste.

Meisteren svara: "Ser de 'kje teikn  
og under, so trur de ikkje."  
Kongsmannen naudbed: "Herre,  
kom ned innan barnet mitt døyr!"

### *Han lever!*

"Gakk heim!" seier Jesus til honom.  
"Han lever, din son," la han til.  
Mannen trudde det Jesus sa.  
So gjekk han sin veg, var i voni glad.

Då han alt var på heimveg, hans tenarar kom  
imot han og sa: "Guten lever!" –  
"Kva tid vart det betre med honom?" –  
spurde ein lukkeleg far. –  
"I går, ved den sjuande timen det var  
at sotti honom slepte."

Då skjøna faren at sotti snudde  
den same timen som Jesus sagde  
at son hans levde. –  
Kva under at han på Jesus trudde,  
han og heile hans hus?

Det var det andre teiknet  
Jesus frå Nasaret gjorde,  
då han no atter var komen  
opp frå Judea-fylket  
til Galilea-landet.

### *Harde hugar i Jesu heimby*

Dei var so harde i Jesu heimby.  
So stor ein argskap mot han vart synt.  
Ein sabbatsdag han til folket tala,  
dei nære på hadde honom tynt.

Det var ein kviledag dette hende.  
Til synagogen i Nasaret  
han hadde gjenge, som han var van med.  
Der vart det lese og sunge, bedt.

So reiste Jesus seg, ville lesa.  
Dei gav han rullen; han honom tok.  
Han opna rullen, og fann dei ordi  
som skrivne stend i Jesaja's bok.

### *Fangar skal no få fridom*

"Herrens Ande er over meg.  
Han salva meg til å forkynna  
ein fagnadbodskap for fattige,  
at himmelriket er deira.  
Han sende meg til å ropa ut  
at fangar skal no få fridom.  
Dei som er blinde, skal syni få.  
Dei som er trælka, or tvang skal løysast.  
Eit hugnads-år ifrå Gud skal renna."

So let han den gamle bokrullen att,  
la honom i tenarens hand.  
Han sette seg, og kvart augnepar  
såg mot den myndige mann.

So tok han til ords, og han byrja so,  
med ålvorsamt andletsdrag:  
”Det ordet eg las frå Jesaja’s bok,  
er oppfylt for dykk i dag.”

### *Han er då berre ein tømmermanns son!*

I fyrstningi alle lèt vel om han.  
Det var òg ei mektig stund.  
Dei undra seg over dei ovfagre ord  
som kom ifrå Meisterens munn.

”Kor kan dette ha seg?” dei sa med seg.  
”Kvar hev han sin visdom frå?  
Er han ’kje snekkeren Josefs son?  
Korleis kan han tala så?

Mor hans, Maria, me kjenner òg,  
og systrene hans bur òg her.  
Og Jakob og Joses og Judas og Simon,  
dei alle hans brøder er.” –  
Og so dei stygdest ved han.

Men Jesus sa til deim! ”De seia visst vil  
til meg som i ordtøket sagt:  
”Du lækjar, sjølv du deg lækja lyt!”  
No må du visa di makt  
på heimstaden din, som dei seier at du  
hev gjort i Kapernaum by!”

### *Strengje ord*

Men Jesus sa til deim: ”Ingen profet  
er velsedd i heimbygdi si.  
I ætti si eigi, der vanvyrd han er,

å ja, i sin eigen heim.”  
Han undra seg stort over vantrui deira.  
So tala han strengje ord:

”Det seier eg dykk for sant og visst:  
I profeten Elia’s dagar  
det mange enkjor i Israel var  
då himmelen stengdest tri år og eit halvt.  
Då visna dei tyrstande hagar.  
Og svolten var svær, og naudi var stor  
i Israels land, ifrå sud til nord.

Og endå vart ikkje Elia send  
til nokon av enkjorne der;  
men til ein by i Sidonar-land  
med bod frå Herren han fer.  
I byen Sarepta ei enkja er  
som himmelens helsing skal få.

Det var mange spedalske i Israel  
i profeten Elia si tid.  
Men ingen av desse vart atter rein, –  
det hende berre ein einaste ein.  
Na`aman frå Syria.”

### *Utover fjellet med han!*

Brennande harme vart alle då  
som høyrde dei djerve ord.  
I sinne dei opp ifrå sessane før,  
og Meisteren driv or byen ut.

Dei førde han med til det ytterste bryn  
av fjellet som byen var bygd på. –  
Å du, for eit tragisk og jammerleg syn! –  
dei ville han støyta utføre,

den heilage, store og sanne,  
med klårleiken kringom si panne.

Men Jesus gjekk midt gjennom flokken, –  
av trugande hender ein skog. –  
Og bort han drog. –

### *Etterklang og overgang*

Å, arme me menneske!  
Veit 'kje vår eigen bate.  
Lyset var kome til verdi.  
So ville verdi det hate.  
Frå fyrste stund denne striden stod.  
Til sist det kravde hans hjarteblod.

Han gjekk omkring, og han gjorde vel.  
Han lækte dei som var sjuke.  
Han stilte stormen i fredlaus sjel  
med ordi milde og mjuke.  
Han høyrde armingars audmjuke bøn.  
Forfylgjing fekk han so tidt til løn.

Lell gjekk han fram på sin soningsveg.  
Han svikta ikkje på ferdi.  
Frå dag til dag han 'kje sparde seg.  
So gav han sitt liv for verdi.  
Men oppatt stod han frå død og grav.  
Og evig liv han til ætti gav.

So hev me freista å fylgja han.  
No stend han i middagstimen.  
Me prøver seinare om me kan  
han fylgja til solfalls-glimen.  
Den største soga sagd på jord  
me vil fortelja med einfelde ord.

## NÅDE-ÅR FOR GALILEA

### *I byen ved sjøen busette han seg*

Nede ved sjøen Kapernaum låg.  
Der busette Jesus seg no.  
Han flytte frå Nasaret, barndomens by,  
med stilla og fred og ro.

Kapernaum låg på Naftali`s grunn.  
No sannast dei ord frå Jesaja`s munn –  
profeten – han sagde so:

”Sebulons land, og Naftali`s land,  
som langs med sjøen ligg,  
og dei som bur bortom Jordan,  
og den heidne bygde-krins –  
nørdst i Galilea –  
det folk som sat i myrker,  
so stort eit ljøs fekk sjå.  
Dei satt i dødsens skoddeland,  
men ljøset strålar nå.”

### *Kongens bodskap*

Frå denne tidi tok Jesus til  
å tala til folket, og sagde  
den største kongebodskap  
som lydde på vår jord,  
det beste gledebodet,  
med fåe, sterke ord:

”No tidi er fullkomi.  
Guds rike er kome nær!”  
Dei ordi tonar enno  
i all den vide verd. –  
”Vend om, og tru Guds gledebod,  
det gode evangelium!”

### *Fire fiskarar får kallet*

So gjekk han ein dag langs strandi,  
ved sjøen so blank og blå.  
Der fekk han med eitt to brødre sjå:  
Simon, som PETER vart kalla,  
og bror hans, – ANDREAS han heitte.  
Dei kasta ei not i sjøen,  
for fiskarar var dei då.

So seier han til deim:  
”Kom no og fylg meg!  
So skal hjå meg de vera.  
Til menneskefiskarar  
vil eg dykk gjera.”

Då gjekk dei beint ifrå garni,  
med Meisteren slo dei lag.  
Og sidan dei fylgde honom  
all sin dag.

Då Meisteren vidare vandra,  
so såg han to andre brør:  
søner åt Sebedeus,  
JAKOB og so JOHANNES.  
Han kjende deim òg frå før.  
Dei sat i båten til far sin,  
garni sine dei greidde.  
Det same til deim han sagde.

Med eingong dei Jesus fylgde,  
lét far sin og leigefolket  
attente i båten vera.

### *Den store fiskefangsten*

Det hende den dagen ved sjøen, –  
Gennesaretsjøen der nord, –  
folket om Jesus seg flokka  
og høyrde dei livsæle ord.

Då såg han to båtar ved strandi;  
men ingen nett då var om bord.  
For mannskapet stod skylde garni,  
og løgn låg den blånande fjord.

Då Jesus steig ut i den båten  
som høyrde hans ven, Simon, til,  
bad han å leggja eit stykke frå land. –  
Og sjøen låg blank og still.

Han sette seg ned der i stammen  
og tala til folket på land. –  
So stana den livsæle straumen.  
Still stod kvar kvinna og mann.

Då sa han til Simon Peter:  
”Legg de ut på djupet nå!  
Og garni set ut, so fangst de kan få!”

”I heile natt hev me streva  
og ikkje ein fisk me fekk.  
Men på ditt ord set me garni ut,”  
sa Peter, – til arbeids dei gjekk.

Då sjøen tok til å livna;  
det koka i bylgja frisk.  
Og garni heldt på å rivna, –  
dei stengde ein brote med fisk.

So vinka dei til hin båten,  
til lagsbrørne sine der,  
at dei skulle koma og taka i.  
Og brått kom den båten nær.  
Begge båtane fyltest av fisk, –  
det var nære på at dei sokk.

### *Gakk frå meg, Herre!*

Då Simon såg det synet,  
minka hans djerve mot.  
Den uredde fiskaren kasta  
seg ned for Meisterens fot.  
So sagde den sterke karen, –  
med' tårer på kinni rann:  
"Gakk bort frå meg, Herre Jesus!  
For eg er ein syndig mann!"

For det kom ein støkk på honom  
og alle som med han var,  
for skuld all fisken dei fanga  
og som dei i land no bar.

Slik var det med Jakob ogso, –  
han var Sebedeus sin son, –  
og bror hans, som heitte Johannes.  
Men Jesus gav trøyst og von.

Han sa til den sorgtunge Simon:  
"Du skal ikkje vera redd!  
Frå no skal du menneske fanga." –

Dei ordi hev mange gledd. –  
Den soga stend i ein eigen glans.

So rodde dei båtane sine til lands,  
gjekk ifrå alt – og fylgde Jesus.

### *Ei urein ånd på døri lyt*

So kom dei til Kapernaum.  
Og første kviledag  
han gjekk i synagoga inn,  
med folket der heldt lag,  
og lærde deim Guds veg.

Og dei reint opp i undring var  
då Jesus fram si læra bar,  
med mynde og med velde,  
og ei som deira lærde menn,  
som kjende Skriftene so vel,  
men merkte var av dust og elde.  
For det var makt i talen hans,  
og ordi skein med fager glans.

Den gongen var der i lyden  
ein stakkar med ei urein ånd.  
Og brått han sette i å ropa;  
han huja so høgt han kunne:  
"Hu! Kva vil du oss? Kva vil du oss,  
Jesus frå Nasaret?  
Er du komen for oss å tyna?  
Eg veit nok kven du er,  
du heilage frå Gud!"

Men Jesus truga åndi,  
den ureine, og sagde:  
"Teg still, far ut or honom!" –

Då reiv og sleit ho hardt i mannen,  
og kasta honom ned på jordi.

Ho ill-huja, – so fór ho ut,  
men skadde honom ikkje.

Og alle vart forfærde  
og spurde seg imillom:

”Kva kan vel dette vera?

Ei ny og ageleg læra!

For jamvel vonde ånder lyt  
lystra når han til dei talar  
med mynde og med makt.” –

Og gjetordet om Jesus  
flaug over alle bygder  
i Galilea-landet.

### *I Simon Peters hus*

Godt å få kvila og koma til ro  
når dagen var strid og hard.  
Han fylgde Andreas og Peter heim.  
Johannes og Jakob i lag med deim var.

Der òg vart han møtt av den harde naud,  
so snart dei var komne inn.  
Simon si vermor låg sjuk til sengs;  
i feberbrann henne dei finn.

Til Jesus dei tala om henne straks  
og bort til den sjuke han gjekk,  
tek henne i handi, og opp ho ris.  
Ho helsa attende fekk.

### *Då soli var gått ned –*

Då soli var gladd, – det var svalt ved kveld, –  
då kom det so stor ein hær:  
Forgjorde og sjuke dei med seg tok,  
til Meisteren fram deim ber.

Til sist utfør døri mest byen all  
var samla, om hjelp dei bad.  
Han lækte mange, dreiv ånder ut.  
Då mang ein stakkar var hjartans glad.

Demonane skreik medan ut dei fór,  
ropa igjen og igjen dei ord:  
”Du er Guds Son! Du er Guds Son!”

Men han deim truga, gav ei deim lov  
til å tala meir,  
avdi dei visste han var Messias.

Det var eit tidarvende,  
og dette store hende  
so ordi skulle sannast,  
dei som Jesaja tala:  
”På seg han våre sotter tok,  
og våre sykjer bar.”

### *Ein morgon i bøn*

Lenge før dagen demra, –  
endå heilt myrkt det var, –  
Jesus reis opp, og ut han gjekk  
til ein øyde stad.  
Der var han og bad.

Simon og dei som var med han,  
skunda seg etter honom.  
Og då dei han fann,  
dei hardheldt på han,  
so han ei skulle ganga frå deim.  
Dei sagde til honom:  
”No leitar dei etter deg, kvar og ein.”

Men Meisteren svara:  
”Lat no oss fara  
til ein annan stad,  
til byane her omkring,  
so eg kan få tala  
for folket der òg  
eit gledebod om Guds rike.  
For difor er det at ut eg gjekk,  
og difor vart eg sendt ut.”

### *I Galilea-landet*

Sidan fór Jesus ikring i alt Galilea-landet,  
i bygd etter bygd, i grend etter grend,  
i by etter by, som på berget stend,  
med vide utsyn mot sud og nord.

Han gjesta kvar synagoge,  
forkynte Guds evige ord,  
gledebodet om himmelriket,  
lækte all sjukdom og sott og mein.  
ein stakkars spillsjuk vart atter rein.

Og gjetordet om han gjekk vide om land,  
ogso i Syria's bygder.  
So kom dei med armingar alle til han,  
forgjorde og lame og nedfallsjuke.

Han gjorde deim gode att.  
Då enda den vonlause, svarte natt.  
Og folket høglova Gud.

### *Midt millom motmenn*

Då nokre dagar var lidne,  
han kom til Kapernaum att.  
Det spurdest at han var heime.

Då samla det seg so mykje folk  
at det var ikkje rom for fleire.  
Dei fekk ikkje plass framfor døri eingong.

Meisteren tala til folket.  
Og i denne store skaren  
var ogso skriftlærde med  
og fleire sokalla fromme,  
frå farisear-flokken,  
komne frå kvar ein by og grend  
i Galilea-landet.  
Ja, alt frå Judea kom dei,  
og frå Jerusalem.

Midt imillom dei motstands-menn  
Meisteren mildt, men myndig stend  
og talar Guds ord til deim.  
I talen er det ein heilag brand.  
Guds kraft til å lækja er over han.

### *Det kjem nokre menn med ei båra*

Då kjem fire menn med ei båra.  
Der ligg det ein mann som er lam.



Kva vil dei? – jau, armingen bera  
like til Meisteren fram.

Men han er der inne i huset,  
og folkestimen er tett.  
Det mange er som vil høyra  
profeten frå Nasaret.

Dei menner som bar den sjuke, –  
ein tanke so ljøs dei fekk:  
Dei opp på det flate taket  
med mannen og båra gjekk.

Dei skauv nokre steinar til sides,  
tok sengi – og mannen med –  
og fira deim so gjennom holet  
midt framfor Jesus ned!

Det var vel ei merkeleg sending  
som ned ifrå taket kom!  
Då stilna og stokk det i folket  
som fylte det stove-rom.

Men Meisteren stod og undrast:  
So fager ei tru han fann  
hjá deim som den armingen hjelpte.  
Han sa til den sjuke mann:  
”Ver hugheil son! Gå glad din veg!  
For alle dine synder  
dei er tilgjevne deg!”

### *Murring*

Då vart det ei murring og mulling.  
Dei skriftlærde tenkte med seg, –

dei ”fromme” tenkte det same, –  
det gjekk deira sjølv gode veg:

”Kva er dette for ein som talar  
mot Gud slike spottande ord?  
For kven er det vel på heile vår jord,  
i nord og i sud,  
som kan tilgi synd, utan ein –  
utan Gud?”

Men Jesus skjøna kva dei tenkte.  
Og so han tok til ords og sagde:  
”Kva er det vel for nokre tankar  
som de i dykkar hjarto hyser?”

Kva er vel lettast: anten seia  
at ”dine synder er tilgjevne,”  
eller seia til den lame:  
”Statt no opp, og gå din veg?”

Men so de no for visst skal vita  
at makt eg hev på jordi fenge,  
ei fullmakt til å tilgi synder,  
so seier eg deg,” – Jesus sagde  
til denne stakkars lame mannen:

”Statt du opp og tak di båra!  
Gakk so heim til dine kjære!”

### *Då hende det underfulle*

Då hende det underfulle,  
det herlege, mektige, store:  
Meisteren ifrå Nasaret  
det veldige teiknet gjorde.

Den lame stend opp ifrå lega si  
fram for dei undrande augo,  
rullar i saman si enkle seng.  
So gjeng han heim. Og han høglovar Gud.

Å, eg kan gå!  
Kvar muskel kan tøyast.  
Kvar finger kan bøyast,  
og kvar ei tå! –  
Han dansar av stad,  
so glødd og so glad.  
Han høpp og han sprett,  
so ledig og lett.  
Det syng i hans sjel.  
Han er heil, han er sæl.  
Han er frelst, han hev fred.  
Og i hjartans djup  
han lovsongar kved.

### *I dag hev me sett utrulege ting*

Då folkemengdi såg dette,  
dei tekne av undring var.  
Og samstundes ogso i hjarto  
på otte og age dei bar.  
Dei mintest ordi som vart sagt,  
og lova Gud som slik ei makt  
hadde gjeve til menneske.

So sagde dei til kvarandre, –  
og røysti var ljøs og fjåg:  
”Slikt noko me aldri, nei, aldri såg.  
Utrulege ting me i dag hev sett  
av profeten frå Nasaret.”

So gjekk han ut til sjøen att.  
Då kom alt folket til han.  
Det var ei mengd so svær og stor.  
Og han deim lærde livsens ord.

### *Han stelte med protokollar*

På tollbui sat han frå dag til dag  
og stelte med protokollar.  
Augnekast fekk han som svipeslag,  
den vanvyrde, arme tollar.  
Han tente den romerske overmakt,  
av jødane difor for hat vart lagt.

Og tollbui låg i Kapernaum,  
den byen der Jesus budde.  
Og Meisteren stundom der framom kom,  
og sume han hørde og trudde.  
Ein dag stod òg Levi og lydde på.  
Han gløymde ’kje det han fekk høyra då.

So smått det dagna: her var det ein  
som livet sin løyndom åtte.  
Han skjøna: Jesus var heil og rein;  
den sanning han vedgå måtte.  
Han drogs mot honom, – kan henda han  
hjá Jesus løysing på livsgåta fann.

### *Ein tollmann skifter spor*

Og so det skjedde en vakker dag  
som Levi sin lagnad vende.  
Solvinden leika i lette drag, –  
då brått det ugløymande hende:  
Jesus om tollbui la sin veg,

og sagde til Levi: ”Følg du meg!”  
Og Levi stod opp i same stund,  
lèt att sine protokollar.  
Ei avgjerd var gjord i hans hjartegrunn, –  
han var ikkje lenger ein tollar.  
Og sidan den son av Kapernaum  
gav verdi Guds Sons evangelium.\*  
Det truleg var Jesus som kalla han  
Matteus, – det tyder Guds gåva.  
Han lite tapte, og alt han vann,  
og difor Guds miskunn han lova.  
I det nye Jerusalem namnet hans  
skal lysa med æveleg glim og glans.\*\*

### *Gjestebod for Jesus*

I si nyvunne, sæle lukka  
gjorde Levi eit gjestebod stort.  
Dit bad han Jesus frå Nasaret, –  
i kjærleik til han var det gjort.  
Og mange tollmenn ein ogso såg  
kring bordet saman med Jesus låg.\*\*\*

Dei skriftlærde misnøgde murra:  
”Dei fromme”, dei knurra òg  
då dei såg den store glade flokk  
kring bordet hjå Levi låg:

”Kvifor ét de og drikk de her i dag,  
med tollmenn og syndige folk held lag?”  
dei læresveinane spurde.

\* Evangeliet etter Matteus, eit anna namn for Levi

\*\* Joh Openb 21,4

\*\*\* På Jesu tid sat dei ikkje til bords, men ”låg til bords”, på benker som stod ut frå bordet.

Då Jesus tok til ords og sagde, –  
ei utsegn so dyr og kjær:  
”Dei friske, dei treng ikkje lækjar.  
Det gjer dei som sjuke er.

Gå og lær kva det ordet tyder,  
som profeten Hosea hev sagt:  
”Eg hev ikkje hugnad i offer,  
men i kjærleik og miskunns makt.”

Eg skal ikkje rettferdige kalle,  
at dei skal til Gud venda om,  
men tollmenn og syndarar alle.  
Difor til verdi eg kom.”

### *Bryllup og faste høyrer 'kje saman*

Døyparens læresveinar  
til Meistaren kom, og sagde:  
”Kor hev det seg vel at me, –  
som òg ”dei fromme” og deira sveinar  
tidt og ofte lyt fasta og be,  
men dine læresveinar et og drikk  
og ikkje fastar?”

Då svara Jesus: ”Kan bryllupsfolket  
syrgja og fasta so lenge  
dei brudgomen hjå seg hev?  
Men det kjem ei tid då brudgomen  
ifrå deim vert teken.  
Når den tidi kjem, då fasta skal dei.”

### *Ei bot av ustampa ty*

Han sagde deim òg ei likning:  
”Ingen riv eit stykke av ustampa ty  
av ein kjole som er ny,  
og hev han til bot på ein gamal.  
For då riv han ’kje berre  
den nye kjolen sund,  
men boti han tok av den kjolen,  
ho høver slett ikkje på den gamle.  
For ho riv noko av gamleplagget bort,  
og rifti vert berre større.

### *Den gamle vin er best*

Og ingen hev den nye vin  
på dei gamle flaskor av ler.  
For då vil den nye vinen  
sprengja flaskone sund.  
Dei rivnar, og vinen renn ut,  
og flaskone forferst.

Ny vin lyt ein hava  
på dei nye flaskor.  
Då vert bae berga.

Og ingen som hev drukke den gamle vin,  
hev hug på den nye.  
Han seier: ”Den gamle er best.”

Ja, den gamle vinen er best.  
Det finst ’kje i verdi hans like.  
Gud byd oss til bords i sitt rike.  
Der vert det ein æveleg fest. –

### *Det hende ved Betesta dam*

Det er høgtid og helg i Jerusalem,  
og Meisteren ogso dit drog.  
Dei samlast frå grender i nord og sud,  
eit endelaust, bårande pilgrimstog.  
På vegen dei høglova Gud.

No fanst det i byen ein diger dam, –  
du enn kan han finna i nord.  
Og søylehallar det kringom gjekk.  
Betesda var namnet som dammen fekk,  
og ”miskunns-hus” tyder det ord.

I søylehallane låg det ei mengd, –  
forkømne og arme dei var, –  
sjuke og lame og nomne og blinde  
kunne kvar dag dei møta der inne.  
Deira lagnad var tung og hard.

### *Sjuk i snart førti år*

Imillom dei mange det var ein mann  
som der i en søylehall låg.  
Han sjuk hadde vore mest førti år  
og tidt var han vonlaus og trøytt og sår.  
Den mannen Meisteren såg.  
Han tykte so inderleg synd om han  
då soga hans høyra han fekk.  
Og venleg han bort til den sjuke gjekk,  
og spurde: ”Vil du verta frisk?”  
”Herre”, han svara, ”eg hev ingen, eg,  
som ut i dammen kan hava meg  
når vatnet tek til å rørast.

So medan eg enno på vegen er,  
då er det alltid ein annan der  
som før meg i dammen stig ned.”  
Meisteren seier til honom då:  
”Statt opp, venen min, tak di seng og gå!” –  
Og straks vart han frisk og tok sengi si.  
Den lange lidingstid no var forbi;  
den nifse natti tok ende.  
det var ein sabbat dette hende.

*”Du hev ikkje lov bera sengi di!”*

Då jødane sagde til han som vart lækt:  
”Det sabbatshelg er i dag!  
Du hev ikkje lov bera sengi di!” –  
Han svara: ”Den mann som meg gjorde fri  
frå årelang sjukdom, han sa til meg:  
Tak sengi og gakk din veg!”  
Då spurde dei han: ”Kva var det for mann  
som sa: Tak di seng og gå?” –  
Men han som var lækt, visste ikkje det,  
for Meisteren brått drog seg derifrå  
då so mykje folk han fekk sjå.  
Sidan i tempelet Jesus han såg.  
Han gjekk der so lukkeleg, lett og fjåg  
og var so useieleg glad.  
Meisteren då desse ordi sa:  
”No hev du fenge att helsa di;  
enda er sjukdomens harde rid.  
No synda meir ikkje du må!  
For då kan det verre deg gå.”

*”Det var Jesus som gjorde meg frisk”*

Den glade mannen med eitt gjekk av stad  
til dei som han spurde, og hugleg sa:  
”Det var Jesus som gjorde meg frisk!” –

Og difor forfylgde no jødane han;  
i barmen det loga ein ovunds-brann.

Dei prøvde å råka med harde slag  
av di dette var gjort på ein sabbatsdag.

Men Jesus deim svara med hjartans ro:  
”Far min arbeider til no.  
Eg arbeider òg.” –  
Med dette Meisteren unnan seg drog.

Men jødane endå meir hatige vart,  
og huga å drepa han.  
I hjarto det lyste so heit ein brann  
fordi han ei bare sabbaten braut,  
men attpå so djerv og frimodig var  
å kalla himmelens Gud sin Far,  
og gjorde seg lik med Gud. –

*Enno han stend ved Betesta dam*

Av alder og år vert me brotne ned,  
og sjukdomar herjar i kropp og sjel.  
Kor stort då at *ein* gjeng på vegen med!

Han enno, som fordom, gjer allting vel.  
Om åri vert mange, i von ser me fram  
til han som enn stend ved Betesta dam.

Om livsblomen bleiknar i haust og kveld  
og sumaren endar for kvar og ein,  
so veit me ei kjelda som livsfrisk vell.  
Ho æveleg ollar, so rik og rein.

So ser me med von – trass vår visning – fram.  
For enno Han stend ved Betesta dam. –

### *Ein tale om liv og død*

So tok Jesus til ords og sa til deim:  
”Det seier eg dykk for visst og sant:  
Sonen kan ingen ting gjera  
av sjølve seg,  
anna enn det han ser Faderen gjer.  
For det Faderen gjer, det gjer Sonen òg  
like eins.

For Faderen, han hev Sonen kjær,  
og syner han alt det som sjølv han gjer.  
Og han syna honom skal  
dei verk som er større enn desse.  
Då kjem de nok til å undrast.

For liksom Faderen vekkjer opp  
dei døde og liv deim gjev,  
soleis gjev Sonen ogso liv  
åt kven han vil.

For Faderen dømer ’kje heller nokon,  
men heile domen hev gjeve  
over til Sonen,  
so alle skal Sonen æra  
slik som dei ærar Faderen.

Den som ’kje ærar Sonen,  
ærar ’kje Faderen heller,  
som hev honom sendt.

### *Evig liv – og ingen dom!*

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Den som høyrer mitt ord  
og på honom trur som sende meg,  
han hev æveleg liv.  
Han for domen ei kjem,  
men over hev gjenge  
frå døden til livet.

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Det kjem ei tid, – ja, alt kome ho hev,  
då dei døde skal høyra Guds Son si røyst.  
dei som lyder på henne, skal leva.

For liksom min Fader hev liv i seg sjølv,  
so gav han òg Sonen den gåva  
liv i seg sjølv å hava.  
Og han gav honom fullmakt til dom å halda,  
av di han ein menneskeson er. –

### *Koma skal det ein time*

De må ikkje undrast på dette!  
For koma skal det ein time  
då dei som i gravene ligg,  
skal høyra Guds Son si røyst.  
Då ut skal dei koma.  
Dei som godt hev gjort,  
til liv skal stå opp.

Dei som hev gjort vondt,  
skal stå opp til dom.

Av meg sjølv kan eg ingen ting gjera;  
etter det som eg høyrer, eg dømer.  
Og domen min er rettfærdig;  
for etter min eigen vilje  
ikkje eg gjeng,  
men etter hans vilje som sende meg. –

### *Ei lampa som brann og skein*

Dersom eg vitnar no om meg sjølv,  
ikkje mitt vitnemål sæter.  
Ein annan er det som vitnar om meg,  
og eg veit at det vitnemål som han meg gjev,  
det er sant.

De hev sendt bod til Johannes.  
Og han hev for sanningi vitna.  
Men eg noko vitnemål tek 'kje imot  
av eit menneske.  
Dette nemner eg bare av di eg vil, –  
ja, eg gjerne vil de skal frelsast.  
Han var ei lampa som brann og skein.  
Og de hadde hug til å gle dykk eit bel  
i ljuset hans.

Men eit vitnemål hev eg, –  
større enn det frå Johannes.  
For dei verki som Faderen gav meg  
og vil at eg fullføra skal,  
dei verki vitnar om meg  
at Faderen hev meg sendt.

Og Faderen, han som meg sende,  
han sjølv hev vitna om meg.  
Hans røyst hev de aldri høyrte,  
og hans skapnad de aldri hev sett,  
og hans ord ber de ikkje i hjarta dykkar.  
For den som han sende, ikkje de trur.

### *Kvi vil de 'kje koma til meg og få liv?*

De Skriftene granskar, av di de tenkjer:  
i deim hev de æveleg liv.  
Og so er det dei som vitnar om meg.  
Og endå vil de 'kje koma til meg  
so de kan få liv.

Eg tek 'kje mot æra av menneske.  
Men eg kjenner dykk for at de ikkje hev  
Guds kjærleik i hjarta dykkar.

Eg er komen i namnet til Far min,  
og de ikkje imot meg tek.  
Kjem ein annan i namnet sitt eige,  
han tek de imot!  
Korleis kan de vel tru, de som tek imot  
æra og ros av kvarandre,  
men ikkje søkjer den æra  
som kjem frå den einaste Gud?

### *Det er Moses som klagar dykk*

De må ikkje tru at eg klaga dykk vil  
for min himmelske Far!  
Det er ein som dykk klagar:  
Moses det er, han som de vonar på.

For trudde de Moses, so trudde de meg:  
for om meg er det han hev skrive.  
Men når no de 'kje trur hans skrifter,  
kor skal de då tru mine ord? –

### *Aks-eting på kviledagen*

Den nest-første sabbatsdagen  
bar det so til at han gjekk  
gjennom ein mogen åker.  
Læresveinane reiv av aks,  
deim millom hendene gnutte,  
og soleis litt mat seg fekk.

Då sagde ”dei fromme” med honom:  
”Sjå læresveinane dine!  
Sjå kva dei gjer på sabbaten! –  
slikt som ingen hev lov til.”

Då tok han til ords og sagde:  
”Hev de då aldri lese  
kva David den gongen gjorde  
då han leid naud og svalt, han og mennene hans, –  
at han gjekk inn i Herrens hus,  
den tid Abjatar var øvsteprest,  
tok skodebrødi og åt –  
det prestane bare skal eta –  
og fylgjet sitt med seg gav?”

### *Herre over sabbaten*

Eller hev de 'kje lese i lovi  
at prestane sjølve bryt helgi  
i templet på kviledagen, –  
og endå dei skuldlause er?

Men det eg dykk seier at her er det  
som større enn templet er.  
Og hadde de visst kva som ligg i det ord:  
”Det er miskunn, og ikkje offer  
som eg hev hugnad i,”  
so hadde de ikkje fordømt  
desse uskulldige menn.

For Menneskesonen er herre  
òg over sabbatsdagen.”

### *Ein stakkars mann med ein nomi hand*

Ein annan sabbatsdag bar det so til:  
i synagoga gjekk han inn og lærde.  
Der var det ein mann med ei nomi hand.  
Og det var den høgre handi  
som so hadde visna bort.

Og Meisterens fiendar gjætte på han:  
Skal tru om han på ein kviledag  
ville lækja den arme mannen, –  
so dei noko kunne finna å klaga han for.

So spurde dei han: ”Skal tru det er rett  
å lækja på sabbatsdagen?”

Då sa han til mannen som hadde  
den maktlause, nomne handi:  
”Reis deg opp, og kom fram!”  
Då reiste han seg, og fram han steig.

Og Jesus sa til dei: ”Eg spør dykk:  
Er det rett gjera godt på sabbaten,  
eller å gjera vondt,



berga liv eller øyda liv?” –  
Dei tagde. Og Meisteren sagde:

”Kven er det vel av dykk  
som ikkje dreg opp att ein sau  
som ned i eit dike hev dotte,  
om det er ein sabbatsdag?  
Og kor mykje meir er ’kje mennesket verdt  
enn ein sau?  
So må det då vera rett og godt  
gjera vel på ein kviledag.”

So såg han rundt ikring på deim.  
Både sorgfull og harm han var  
fordi dei var so stride  
og hugen so kald og hard.

So sa han til mannen: ”Rett handi di fram.”  
Han fram henne rette, og like god att vart ho,  
nett som den andre var. –

### *Illsinte menn*

Då vart dei så vonde, –  
dei var reint frå vitet, –  
farisear-flokken.  
Ut dei gjekk, og straks tok til  
å samrå seg med deim som trutt  
ivra for Herodes,  
korleis dei vel skulle få  
Jesus rudt or vegen.

Då Meisteren var vis med det,  
han ned til sjøen fór.  
Ein folkehøp so ovleg stor  
frå Galilea, Judaland,

frå Ti-by-landet\* fylgde han,  
Dei alt frå Idumea kjem,  
frå Trans-Jordan,\*\* Jerusalem  
og bygdene kring Tyrus, Sidon,  
der nord i Fønikar-landet.  
Ja, over heile Syria  
det gjetord gjekk om honom.

Dei om hans storverk høyra fekk,  
i flokketal til honom gjekk.  
Dei kom til han med kvar og ein  
som drogst med sjukdom, sott og mein,  
som hadde vondt, forgjorde var, –  
den lagnad er vel tung og hard, –  
og lame, nedfallsjuke.  
Og han deim gjorde gode att.  
Dei helsa fekk, so dyr ein skatt.

### *Ureine ånder*

Då bad han læresveinane  
å rigga til ein båt til han  
og leggja litt frå land,  
for folkemengdi skuld,  
som trengde han frå alle sidor.

For Jesus lækte mange då.  
Og alle dei som hadde plågor,  
seg trengde innpå honom  
og ville taka i han.

Og kvar gong dei ureine åndene såg han,  
dei kasta seg ned for hans føter og ropa:

\* Ti-by-landet = Dekapolis, eit forbund av 10 byar, i Austjordan-landet.

\*\* Transjordan = Austjordanlandet

”Du er Guds Son!”

Men både tidt og strengt han deim forbaud  
å gjera honom kjend.

### *Han skal ikkje bryta eit broste strå*

Slik skulle det sannast, det ord som er tala  
gjennom Jesaja, profeten, som seier:

”Sjå sveinen unge, som eg ut meg valde,  
han som eg elsker, han min hjartehugnad!  
På han vil min Ande eg leggja.  
Og rett skal han for folki lysa ut.

Han skal ikkje tretta. Han skal ikkje ropa.  
Ingen skal røysti hans høyra på gata.  
Eit broste røyrstrå han ikkje skal brjota,  
og ikkje sløkkja ein rjukande veik,  
før han hev ført retten til siger fram.  
Og til hans namn skal heidningfolki  
setja all si von.”

### *Ei natt i bøn*

Det hende i dei dagar:  
Då Jesus såg folkemengdi,  
då gjekk han opp i fjellet  
og ville beda der.  
Og heile natti var han  
i bøn til Gud.

Dagen etter han skulle  
taka so stor ei avgjerd,  
velja dei menn som sidan  
skulle hans vitne vera.

Då det vart dag, han kalla  
læresveinane til seg, –  
dei som sjølv han ville, –  
og dei gjekk bort til Jesus.  
Då tolv han valde ut.  
Han kalla deim apostlar.

Dei skulle i lag med han vera,  
og so ville han deim senda  
ut til å tala for folket.  
Makt han deim òg ville gjeva  
over dei vonde ånder.

### *Dei tolv apostlar*

Den første var Simon, PETER, –  
det tilnamn han fekk av Jesus, –  
og bror hans, som heitte ANDREAS,  
JAKOB og bror hans, JOHANNES,  
søner av Sebedeus.  
Han Boanerges deim kalla, –  
toresveinar det tyder, –  
FILIP og BARTOLOMEUS,  
tollmannen LEVI og TOMAS,  
og JAKOB, son åt Alfeus,  
og SIMON, kalla Selotes,  
og JUDAS, son åt Jakob, –  
ogso kalla Taddeus, –  
og JUDAS ISKARIOT,  
som skulle Meisteren svika.\*

\* Bartolomeus er den same som NATANAEL. –Apostelnamnet til Levi var MATTEUS. ”Selotes” – på hebraisk KANANEUS – tyder ”ivraren”. Selotane var ihuga for at jødefolket skulle verta fri romar-veldet. – Judas Taddeus, ogso kalle LEBBEUS.

## *Det var ein av dei store dagar*

Det var ein av dei store dagar,  
ein av dei største på jord.  
Eit folkehav stod og hørde  
på Meisterens mektige ord.

Frå alle kantar av landet  
i flokk og i fylgje dei kjem,  
frå heile Judea-landet  
og nordanfrå Tyrus og Sidon, –  
byane ute ved havet, –  
og so frå Jerusalem.

Dei ville so gjerne høyra  
det livsæle gledebod.  
Og mange armingar vona  
på lækjedom heil og god.

Og alle freista å koma  
Meisteren ganske nær.  
Ei kraft gjekk ut ifrå honom  
og lækte ei liding svær.

Og dei som av ureine ånder  
var herja og plaga hardt,  
dei jubla og lo av gleda  
då frie og frelste dei vart.

## *Den store talen på berget*

Då Jesus såg folkemengdi,  
opp i fjellet han går.  
Hans læresveinar kjem borttil,  
og so – på ei sletta der oppe –  
so mektig ein bodskap dei får.

Han lyfte opp augo og såg på deim,  
og røysti er sterk og klår.

Der oppe, på berget ved sjøen,  
han tala dei store ord,  
ein bodskap om himmelriket,  
slik det seg ovrar på jord.

So mange taler vert gløymde;  
men to tusund år snart hev gått,  
og preika der oppe på berget,  
ho lever, og alltid vil leva,  
so vide kring verdi hev nått.

## *Salig – Salig!*

Sæle er dei som fattige er i åndi!  
For himmelriket er deira.  
Sæle er dei som syrgjer og græt!  
For dei skal verta trøysta.  
Ja, dei til sist skal le.  
Sæle er dei som tolsame er!  
For dei skal erva jordi.

Sæle er dei som hungrar  
og tyrstar etter rettferd!  
For dei skal verta metta.  
Sæle er dei miskunnsame!  
For dei skal miskunn få.

Sæle dei reine av hjarta!  
For dei skal skoda Gud.  
Sæle er dei som stiftar fred!  
For dei skal kallast Guds born.

Sæle er dei som forfylgde vert  
fordi dei rettferdige er!  
For himmelriket er deira.  
Sæle er de når dei spottar dykk,  
forfylgjer og talar vondt om dykk  
for mi skuld, – og lyg det!

Ja, sæle er de når dei hatar dykk,  
og når dei stengjer dykk ute,  
ikkje vil vita av dykk  
og bannlyser namnet dykkar  
som noko vondt  
for Menneskesonen skuld.

Den dagen må de dykk gleda,  
ja, hoppa av frygd de må,  
for stor er løni som ventar dykk  
i himmelen.  
For soleis forfylgde fedrene dykkar  
Guds profetar i farne tider.

### *Men ve – !*

Men ve over dykk som rike er!  
De hev dykkar hugnad fenge.  
Ve over dykk som er mette no.  
For de kjem til å svelta.  
Ve over dykk som sutlause ler!  
For de skal syrgja og gråta.  
Usæle er de når alle folk  
einast vel om dykk talar!  
For soleis fór deira fedrar åt  
mot dei falske profetar i faren tid.

### *Saltet på jordi – ljuset i verdi*

De er jordi sitt salt!  
Men om saltet vert dove, –  
det mister si kraft, –  
kva skal so det saltast med?  
Det duger då ikkje til anna  
enn ut å kastast og trakkast på.

De er verdi sitt ljus!  
Den byen som ligg på eit berg,  
ikkje dyljast han kan.  
Ingen kveikjer eit ljus,  
under skjeppa det set, men i staken.  
Då det lyser for alle i huset.  
Soleis skal de dykkar ljus  
lata lysa for folk  
so dei ser dykkar fagre ferd  
og høglovar Far dykkar,  
han som i himmelen er! –

### *Ikkje ein einaste prikk skal forgå*

De må ikkje tru  
at eg difor til jordi er komen:  
lovi å avlysa  
eller dei gamle profetar!  
Nei, ei for å avlysa kom eg,  
men for å fullføra deim.

For sanneleg, sanneleg seier eg dykk:  
Før himmel og jord forgjengst,  
skal ikkje den minste bokstav,  
ikkje ein einaste prikk  
i lovi forgangast,  
før det alt saman er fullgjort.

Om då nokon bryt eit einaste eitt  
av de minste bod  
og lærer andre soleis,  
so skal ha kallast den minste  
i himmelriket.  
Men den som deim held og deim lærer ifrå seg,  
i himmelriket han stor skal kallast.

For det eg dykk seier for visst og sant:  
Er ikkje rettferdi dykkar  
mykje større enn deira  
som gjeld for å vera fromme  
og dei som Skriftene granskar,  
de aldri kjem inn i Guds rike.

### *Det er sagt til dei gamle, men –*

De hev høyrte det er sagt til dei gamle:  
”Drepa du ikkje skal!  
Den som drep, skal for retten koma.”  
Men det eg dykk seier for visst og sant  
at den som hatar sin bror utan grunn,  
han skal koma for retten.

Og den som seier til bror sin: ”Din stakkar!”  
han skal koma for Rådet.  
Og den som seier: ”Du dåre!”  
skal koma i helvetets eld.

Når fram du då gjeng med ditt offer  
til altaret, og du der minnest  
at bror din hev noko imot deg,  
so late du offeret liggja  
der framfor altaret, – gakk so  
og gjer det godt at med bror din!  
So kan du koma og ofra!

Ver snar til å laga deg etter  
din motpart den stundi du vandrar  
saman med honom på vegen!  
Elles din motmann deg stemner  
for domaren, og denne atter  
over til futen deg sender,  
og du vert kasta i fengsel.  
Det seier eg deg for visst og sant:  
Du slepp ikkje ut att før du hev betalt  
den siste øre. –

### *Riv auga ut!*

Du hev høyrte det er sagt til dei gamle:  
”Du skal ikkje gjera hor.”  
Men det eg dykk seier for visst og sant  
at den som ser på ei kvinna  
og lyster etter henne,  
han hev alt gjort hor  
med hennne i hjarta sitt.

Om ditt høgre auga deg freistar,  
riv det ut og kasta det frå deg!  
Du er betre faren du mister ein lem, –  
gjeng einøgd inn i Guds rike, –  
enn at heile din lekam med augo to  
vert kasta i helvetet,  
der ormen deira ikkje døyr  
og elden ikkje sloknar.

Om den høgra handi di freistar deg,  
so hogg henne av og hiv henne vekk!  
Du er betre faren du misser ein lem  
og gjeng vanfør inn til livet  
enn at du baa hendene hev  
og heile din lekam i helvetet kjem,

i den usløkkjande elden,  
der ormen deira ikkje døyr  
og elden ikkje sloknar.

Og dersom foten din freistar deg,  
so hogg honom av!  
Det er betre du einføtt til livet gjeng inn  
enn at baa føter du hev  
og vert kasta i helvetet,  
der ormen deira ikkje døyr  
og elden ikkje sloknar.

Det er sagt: ”Den som skil seg frå kona si,  
skal gi henne skilsmåls-brev!”  
Men det eg dykk seier for visst og sant:  
Den som skil seg frå kona  
for anna enn utruskap,  
han valdar at ho gjer hor.  
Og den som gifter seg med ei som er fråskild,  
han òg gjer hor.

### *Ja, ja! – og nei, nei!*

De hev ogso høyrte det er sagt til dei gamle:  
”Rang eid skal du ikkje gjera,  
men svara Herren for eidane dine!”

Men eg seier dykk: De aldri skal sverja,  
korkje ved himlen – for den er Guds truna –  
eller ved jordi – for den er hans fotbenk –  
ei heller ved Jerusalem,  
for det er Den store kongen sin by!

Ei heller du sverje ved hovudet ditt!  
For du kan ikkje gjera eit einaste hår  
svart eller kvitt.

Når de då talar, so lat det vera:  
”Ja, ja – og nei, nei!”  
For alt som er meir enn dette,  
det av det vonde kjem.

### *Den andre mil*

De ogso hev høyrte det er sagt:  
”Auga for auga, og tonn for tonn!” –  
Men eg dykk seier: Set dykk ei imot  
den som er vond med dykk!  
Om ein då deg slær på den høgre kinn,  
so snur òg den vinstre til han!

Vil nokon tretta trøya di til seg,  
so lat han få kjolen med!  
Og tvingar deg nokon å følgja seg  
ei mil på veg,  
so fylg honom miler to!

Gjev den som bed deg, og snu deg ’kje frå  
den som av deg vil låna!  
Og tek nokon det som ditt er,  
so skal du ’kje krevja det att!  
Gjer mot dei andre som sjølve de vil  
at andre skal gjera mot dykk!

### *Elska din fiende!*

De hev høyrte det er sagt:  
”Du skal grannen din elska,  
din fiende hata!” –  
Men det eg dykk seier for visst og sant:

Dykkar fiendar skal de elska,  
deim som dykk bannar, velsigna,  
gjera vel mot deim som dykk hatar,  
beda for deim som forfylgjer dykk  
og ille om dykk talar!

Då er de rette borni  
av dykkar himmelske Far.  
For han let soli si skina  
over dei vonde og gode,  
og han let regnet falla over rettferdige folk  
og dei som i urettferd vandrar.

For elsker de deim som elsker dykk,  
kva løn kan de venta for det?  
Gjer ikkje tollmänner like eins?  
Sjølv syndarar gjer det same.  
Og om de gjer vel imot deim  
som gjer vel imot dykk,  
kva er det å takke dykk for?  
So gjer syndarar òg.

Og om de låner til deim  
som de ventar få lånet att av,  
kva er det å takka dykk for?  
Syndarar ogso til syndarar låner  
for like mykje å få igjen.

Og om de helsar sjalom – Guds fred! –  
bare til brørne dykkar,  
kva stort gjer de då?  
Gjer ikkje heidningefolki det same?

Nei, elska dykkar fiendar!  
Gjer vel imot deim og lån bort!  
Og venta ikkje få noko att!  
Då skal den løni de fær, vera stor,

og de vera born å den høgste.  
For han er god imot deim  
som utakksame er, og vonde.

### *Tilgjev – og gjev!*

Syn miskunn, som Far dykkar miskunnsam er!  
Tilgjev, so fær de tilgjeving!  
Gjev, og dei gjeva dykk skall!

Eit godt og stappa,  
sikka og overfylt mål  
skal dei i fanget dykk gjeva.  
For med det målet de mæler,  
skal dei åt dykk mæla att.  
Ver de då fullkomne,  
som Far dykkar er,  
han som i himmelen bur!

### *Blås ikkje først i luren!*

Akta dykk at de ikkje  
gjer dykkar gode verk  
for augo på andre folk,  
so dei skal sjå kor gjæve de er!  
for då ingi løn dykk ventar  
hjá dykkar himmelske Far.

Gjev du ei sælebots-gåva,  
so blås ikkje først i luren,  
som hyklarane plar gjera,  
på gata og i synagoga,  
so folk skal rosa deim!  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Dei hev alt fenge si løn!

Nei, gjev du ei sælebots-gåva,  
so lat 'kje den vinstre handi  
vita kva handi den høgre gjer!  
Lat gåva di vera dult,  
og Far din som ser det som dult er,  
skal løna deg opp i dagen. –

### *Når du bed*

Og når du bed, far ikkje åt  
på hyklarars vis!  
For dei på gatehyrno helst vil standa,  
og halda bøn, i synagoga ogso,  
so dei for folk seg fram kan syna.  
Det seier eg dykk for sant:  
Dei alt hev fenge si løn.

Nei, når du vil beda,  
gakk inn i ditt kammers,  
lat døri di att, og bed til din Far  
som er i det dulde!  
Og Far din som i det dulde ser,  
skal løna deg opp i dagen.

Ramsa 'kje opp mange ord når de bed,  
so som heidningar gjer!  
For dei trur deira bøner skal høyrast  
for dei mange ordi skuld.  
Gjer då ikkje som dei!  
Dykkar himmelske Far,  
han veit kva de treng  
før de bed han om det.  
De soleis skal be:

### *Herrens bøn*

Fader vår, som i himmelen er!  
Lat namnet ditt helgast!  
Lat riket ditt koma!  
Lat viljen din råda på jordi  
so som i himmelen!  
Gjev oss i dag vårt daglege brød!  
Og forlat oss vår skuld,  
som me òg våre skuldmenn forlet!  
Og før oss ikkje i freisting ut,  
men frels oss ifrå det vonde!  
For riket er ditt,  
og makti og æra i æva all!  
Amen.

For om de dei andre forlet  
når dei syndar mot dykk,  
so skal dykkar Far,  
som i himmelen er,  
tilgjeva dykk òg.  
Men dersom de ikkje dei andre forlet,  
so skal heller ikkje dykkar Far  
tilgjeva dykkar misgjerning.

### *Salva ditt hovud!*

Når de so fastar,  
de skal ikkje laga dykk sturne  
på hyklarars vis!  
Dei seg skaper i andletet til  
so folk skal sjå at dei fastar.  
Det seier eg dykk for sant:  
Alt no hev dei fenge si løn.



Men du, når du fastar,  
so salva ditt hovud, två andletet ditt,  
so ikkje dei andre,  
men din Far i det dulde  
kan sjå at du fastar!  
Og Far din, som ser i det dulde,  
han løna deg skal.

### *Samla dykk skattar i himmelen!*

Samla dykk ikkje skattar  
på jordi, der mol og makk  
ét og øyder, – og tjuvar  
bryt seg inn og stel!  
Men samla dykk skattar i himmelen,  
der korkje mol eller makk  
øyder, – og tjuvar aldri  
bryt seg inn og stel!  
For der skatten din er,  
der hjarta ditt ogso vil vera.  
Sel det de hev, og gjev sælebots-gåvor!  
Gjer dykk pungar som ikkje vert gamle,  
og ein skatt som aldri forgjengst!  
Ottast ikkje, du vesle hjord!  
Det er Far dykkars vilje å gjeva dykk riket.  
Augo er lampa i lekamen.  
Er auga ditt klårt,  
vert heile lekamen ljøs.  
Er auga ditt dimt,  
vert heile lekamen myrk.  
Når då ljøset i det er myrkt,  
kor stort vert 'kje myrkret då!  
Ingen kan tena to herrar.  
For anten den eine han hata vil  
og halda seg til den andre, –  
eller halda seg til den eine

og vanvyrda hin.  
De kan ikkje tena  
både Gud og Mammon.  
Difor seier eg dykk for visst:  
Syt ikkje for livet dykkar,  
kva de skal eta og kva de skal drikk,  
ei heller for lekamen dykkar,  
kva de skal kleda dykk med!  
Er ikkje livet meir enn maten  
og lekamen meir enn kledi?

### *Fuglane og liljone*

Sjå på himmelens fuglar:  
Ikkje dei sår, og ikkje dei haustar,  
og samlar ikkje i hus.

Og dykkar himmelske Far  
føder deim like vel.  
Er ikkje de mykje meir enn dei?  
Og kven av dykk kan vel med all si sut  
leggja ei einaste aln til si livslengd?  
Kan de no ikkje so mykje gjera,  
kvi syter de då for det hitt?  
Og kvi syter de for kledi?  
Sjå liljone på marki,  
korleis dei veks!  
Dei arbeider ikkje, og ikkje dei spinn;  
men det eg dykk seier: Sjølv Salomo  
i all sin herlegdom  
var ikkje kledd som ei av deim!

Og kleder no Gud soleis graset på marki,  
som stend der i dag  
og i morgon vert kasta i omnen,

seg, skulle han då ikkje mykje meir  
kleda dykk, de som lite trur?  
So må de då ikkje syta og seia:  
”Kva skal me eta? Kva skal me drikka?  
Kva skal me kleda oss med?”  
For heidningane er det  
som spør etter dette.  
Men Far dykkar, han som i himmelen er,  
han veit at alt sovore treng de.

So søk først Guds rike og rettferdi hans,  
so skal de alt dette få attpå!  
Og syt so ikkje for morgondagen!  
Morgondagen lyt syta for seg.  
Kvar dag hev nok med si eigi møda. –

### *Døm ikkje!*

Døm ikkje! De elles vert dømde.  
Ingen fordøm! – so skal ikkje nokon  
heller fordøma dykk.  
For etter den domen de dømer,  
sjølve de dømast skal.  
Og det målet de gjev,  
vert det målet de får.

Ei likning han ogso sa til dei:  
Kan ein blind mann leida ein blind?  
Vil dei ’kje baa detta i grøfti? –  
Ein læresvein er ikkje over sin meister.  
Men er han heilt utlærd,  
vert han meisteren lik.

### *Flis og bjelke i auga*

Kvi ser du flisi i auga åt bror din,  
men bjelken som sit i ditt eige auga,  
den vert du ikkje var?

Eller kor kan du seia med bror din:  
”Kom, lat meg taka flisi  
ut or ditt auga!”  
Og sjå, det ein bjelke  
sit i ditt eige!

Din hyklar, du først lyt draga  
bjelken ut or ditt auga!  
So kan du sjå å taka  
flisi or auga åt bror din.

Gjev ikkje hundane det som er heilagt,  
og kasta ’kje perlone dykkar for svini!  
Dei kjem bare til under føtene sine  
trø deim, og snu seg og riva dykk sund.

### *Leita – banka – bed!*

Bed – so skal de få!  
Leita – so skal de finna!  
Banka på – so skal døri  
opnast for dykk!

For kvar den som bed, han får.  
Og den som leitar, han finn.  
Og den som bankar på,  
vert det opplate for.

Eller er det vel nokon av dykk som er far,  
og gjev sonen ein stein når han bed om brød,  
eller gjev han ein orm når han bed om ein fisk?

Når no de veit å gjeva åt borni dykkar  
gode gåvor, – de som er vonde, –  
kor mykje meir vil 'kje då dykkar Far,  
som i himmelen er,  
gi noko godt til deim som bed han.  
Alt de då vil  
at andre skal gjera mot dykk,  
det skal de gjera mot deim!  
For so er Guds lov, og profetane.

### *Vegen til livet*

Gakk inn gjennom porten den tronge!  
For vid er den porten,  
og brei er den vegen  
som til fortaping fører.  
Og mange er dei som der gjeng inn.

Men trong er den porten, og smal er den vegen  
som fører til livet.  
Og få er dei som han finn.

### *Grådige ulvar i saueham*

Tak dykk i vare for falske profetar!  
I saueham kjem dei til dykk, men innvertes  
grådige ulvar dei er.

På fruktene deira de kjenna deim skal.  
Kan ein vel druvor hausta av klunger,  
eller fiken sankar av tistlar?

Soleis ber alle dei gode tre  
den gode frukt,  
men låke tre ber den vonde.  
Det gode tre kan 'kje vond frukt bera,  
og eit låkt tre ikkje den gode.

Men kvart eit tre  
som god frukt ikkje gjev,  
det vert hogd ned  
og på elden kasta.  
So skal de deim kjenna  
på fruktene deira.

### *Ikkje nok med "Herre, Herre"!*

Kvi kallar de meg "Herre, Herre",  
og gjer ikkje det som eg seier?  
For ikkje alle som seier til meg:

"Herre, Herre!" skal koma inn  
i himmelriket, men dei som gjer  
det som Far min i himmelen vil.

Mange skal seia til meg på den dagen:  
"Herre, Herre, seg, hev me 'kje tala  
profetord i namnet ditt,  
drive ut vonde ånder i namnet ditt  
og gjort mange under i dette namn?"

Men då skal eg seia beint ut til deim:  
"Eg aldri hev kjent dykk.  
Gakk bort ifrå meg, de illgjerds-menn!"

## *På berg eller sand*

Dei som høyrer dei ordi eg talar  
og gjer etter deim,  
han vert lik ein vetug mann,  
som bygde sitt hus på berg.  
Han grov djupt i tufti,  
og grunnvollen la han på fjell.

Og regnet sila, og elvane fløynde,  
og vindane bles og sette mot huset.  
Men flaumen og straumen og stormen  
vann ikkje rikka det,  
av di det so godt var bygt.  
Det stod – det var tufta på berg.

Men den som høyrer dei ordi eg talar,  
og ikkje gjer etter det som han høyrer,  
med ein fåvis mann kan han liknast,  
som huset sitt bygde på sand,  
på berre marki, forutan grunnvoll.

Og regnet sila, og elvane fløynde,  
og straumen braut mot huset.  
Då datt det i hop med ein gong.  
Og fallet vart stort då det huset datt.”

Då Jesus slutta å tala,  
var folket reint opp i under  
over hans ord og læra.  
For han lærde som ein som hev velde,  
og ikkje som deira skriftlærde menn.

## *Den store talen er enda*

Den store talen er enda.  
Ikkje eit ord var skrive.  
Men det som han sagde, vart teikna ned  
av trufaste læresveinar,  
og utover jordi bore.  
Dei ordi Meisteren tala  
den gongen der oppe på fjellet,  
dei vart ikkje dulde og gløynde.  
På ferdi de ættende fylgde.  
Frå sekel til sekel dei lyste,  
gjeng vidare utover verdi.  
Dei visdom og von gjev til mann og møy.  
Dei ordi frå æva kan aldri døy. –

## *Spedalsk!*

Verste lagnad nokon visste, –  
mod og merg og makt det tynte, –  
når seg kvite flekker synte  
på ein elles livsfrisk lekam.

Då vart mang ein redsle-slegen,  
såg med skrekk på flekker kvite.  
Då for visst han kunne vite:  
No eg òg spedalsk er vorten!

Vondt det var sjå lemer visna,  
sidan falla av ved leden.  
Verst det var å verta beden  
fly frå folk, og ropa: ”Urein!”

Ein det var som kunne makta  
lækja denne vonde veila,  
sjølv spedalske folk å heila:  
Jesus ifrå Nasaret. –

### *Om eg vil? –*

So hende det seg: slik ein stakkar kom,  
som full av spillsyka var.  
Og då han såg Jesus, han fall på kne,  
ei underleg bøn fram han bar.

Han lengta so sårt etter lækjedom  
frå sværaste sott og mein,  
og sagde til Jesus: ”Er so at du vil,  
so kan du gjera meg rein.”

Med eitt det la seg ein skugge  
over Meisterens andedrag.  
So sårt at nokon kan tvila  
på Frelsarens hjartelag!

Hans hjarta vart fylt av medynk;  
so rette han ut si hand,  
tok bortpå den sjuke, og sagde  
mildt til den arme mann:  
”Eg vil. Vert rein!”  
Med eingong gjekk spillsjuka av han.  
No lækt han var frå sitt mein.

Det hadde hendt noko underfullt.  
Det var som ein draum.  
Han kjende: igjenom han gjekk ein straum,  
og i same stund var han rein og sunn.

Jesus sende han frå seg,  
og so gjekk mannen av stad.  
Men Meisteren dette på hjarta hans la, –  
det siste han høyrde før takksam han fór:  
”Du skal ikkje seia til nokon eit ord!  
Men gå, og deg sjølv fram for prestane té,  
og det offer ber fram som Moses hev sagt,  
for reinsingi di!  
Det eit vitnemål for dei skal bli.”

### *Glad gut*

Det var gut som var glad  
då frå Jesus han gjekk.  
Og i barmen hans brusa  
den vår-viltre bekk.  
Han var frisk som ein fisk;  
han var rein frå sitt mein,  
og hans himmel var klår.  
Det var von, det var vår.

Lenge voni var mist;  
alt var ute til sist.  
Tung var hugen, og trist.  
So han Meisteren møtte,  
Jesus Krist.  
No det song i hans sjel.  
Alt var godt, alt var vel.

### *Noko han gløymde*

Men han gløymde heilt bort  
det som Meisteren sa,  
no han god att var blitt  
og so hjarteleg glad.

Ikkje før var han faren,  
so laut han få sagt, –  
fortelja om Meisterens miskunn og makt.

Han utover bar det, fortalde på ny,  
so Jesus ei berrsynt gjekk inn i ein by,  
men utanfor heldt seg, på aude stader.  
Men der ogso flokka seg folket ikring han,  
frå alle leider av landet,  
ville lækjast frå sott og sjukdom  
og høyra Guds gode ord.

Sjølv heldt han seg avsides mykje, og bad,  
ute i øydemarki. –

## HERRE OVER STORM OG SJØ – HERRE OVER LIV OG DØD

### *”Drengen min dregst med døden”*

Og Jesus gjekk inn i sin eigen by –  
Kapernaum – nede ved strandi.  
Der òg kom dei til han, for naudi var svær.  
Han gav deim den lækjande handi.

Ein hovudsmann hadde ein tenar der, –  
den guten hadde han hjartans kjær, –  
han lam var, og hardt laut lida.  
No drogst han med døden, – det vondt var å sjå  
kor sårt denne drengen laut strida.

Om Jesus han hørde, den hovudsmann hæv.  
Ei von han i barmen då kjende.  
Og so nokre jødiske styresmenn han  
med naudbøn til Meisteren sende.

Dei inderleg bad han å gjera so vel  
å berga frå døden den arme:  
”Han vel er det verd du gjer dette for han,”  
dei sagde med von og med varme.  
”For han – hovudsmannen – han elsker vårt folk,  
og bygde åt oss synagoga.” –  
Slik var dei den hovudsmanns varmhjarta tolk.

### *Ikkje eingong i Israel –*

Og Jesus gjekk med deim; han sa ikkje nei,  
frå naudstadde aldri seg vende.

Men då han til huset ei langt hadde att,  
den hovudsmann bod til han sende.

Dei sa: ”Herre, du skal ’kje umaka deg!  
For eg er for ring at du kjem til meg,  
inn under mitt tak no vil stiga.  
Og difor eg heller ’kje verdig meg heldt  
å koma, men sende eit bod.  
Men seg du eit ord, so vert drengen min god.

For med meg er det so: under andre eg stend.  
Dei som større er, lyda eg må.  
Men eg hærsvainar hev som stend under meg att.  
Om eg då seier ”gå!”, vil han gå.  
Til ein annan eg seier: ”Kom hit!” og han kjem, –  
til min tenar: ”Gjer det!” – han so gjer.”

Då Meisteren høyrde dei einfelde ord,  
ei stund stod han tagal; hans undring var stor.  
Han vende seg om, og til folket han sa, –  
og han var både teken og glødd og glad:  
”Eg hev ikkje eingong i Israel  
funne so stor ei tru.

### *Mange skal koma frå aust og vest*

Og det skal de vita, at mange skal koma  
både frå aust og frå vest,  
og til bords seg setja i himmelriket,  
med Abraham, Isak og Jakob.  
Men dei som riket var etla til,  
skal ut i myrkret utanfor,  
der det gråt og tanngnistring er.”

So sa han til dei som var sende:  
”Gakk heimatt no!

Det skal verta so som han trudde.”  
Og drengen vart god att i same stundi.

Då sendebodi attende kom  
til honom som hadde deim sendt,  
dei fann at det myrke til ljøs var vendt.  
I undring og frygd fekk dei sjå at no  
var drengen lækt, – han var heil og god. –

### *Det hende ved Nain`s port*

Ho hadde ’kje andre enn sonen tilbake.  
Eingong var dei tri.  
Ho minnest i sorgmod ei lukkeleg tid.  
Ein dag var han borte, den husbond ho elska.

Med eitt fall ein slagskugge inn over livet.  
For no var ho enkja, – so svær var den lagnad.  
Men tidi, ho døyvde den såraste sut.  
Trass alt var ho heppen, – ho hadde ein gut.

Dei budde i Na’in, – det namn tyder ynde.  
Han låg attmed Tabor, det velkjende fjellet.  
Om byen var liten, – der var deira heim.  
Om heimen var einfeld, han hyste då deim.

Ein dag vart ho var: det var noko i veggen.  
Han bleikna, den blomen ho inderleg elska.  
Han visna, og so han ei kveldstund fall av,  
mens soli langt ute i vest seig i hav.

So var ho aleine, – ho alt hadde mist.  
Ho var som i hausten den bladlause kvist.

Og so var det gravferd.  
Det skrider eit fylgje.

Og fremst ligg den blomen  
som bleikna, på båra.  
Og innmed gjeng mori.  
På kinni brenn tåra.

So mange frå byen  
slo fylgje den dagen.  
Dei ville ei enkja  
si medkjensla syne.  
Og no var dei nett  
utom byporten komne.

### *Det kjem eit anna fylgje*

Sjå, der kjem eit anna fylgje!  
Kring Jesus frå Nasaret,  
som nærmar seg byen Na'in,  
ein folkehop flokkar seg tett.  
Han ser denne syrgjeskaren, –  
ei båra, ein blom, ei mor.  
Og Meisterens hjarta bankar.  
Hans medynk er varm og stor.

Han ser denne stakkars kvinna  
som miste sin einaste gut.

Han inderleg ynkar henne  
som tærest av sorg og sut.

So seier han mildt, men myndig:  
"Gråt ikkje!" – han teken var,  
gjeng innåt og tek i båri.  
Då stansa dei, dei som bar.

So lydde dei mektige ordi,  
som minnest i verdi enn:

"Statt opp, unge mann!" Og guten,  
han opp frå dei døde stend.

Og høyr – han tek til å tala,  
med einfelde undrings-ord.  
Og Jesus tek guten i handi,  
og gjev han attende til mor.

### *Gud hev gjesta sitt folk!*

Tekne av otte vart alle,  
tekne av age stor.  
So lova dei Gud i det høge,  
og tilbad med takksame ord:

"Ein stor profet hev stått fram millom oss!"  
Og: "Gud hev gjesta sitt folk!"

Ut over Det heilage landet  
og alle bygder ikring  
det ordet kom ut om honom  
som gjorde so store ting. –

### *Guds ørn i bur*

Johannes – Guds ørn – sit med stekte vengjer,  
basta og bunden i tunge lekkjor,  
djupt i ei sollaus celle  
høgt oppi fjellet ved Dødehavet,  
i Machærus, Herodes si festning.

I dag sit profeten i tunge tankar.  
Alt ramlar i røys:  
livsgrunnlag, von og tru. –



”Kristus – Messias, Menneskesonen –  
han som eg trudde på,  
han som eg vona på,  
han som eg vitna om,  
er han å lita på?  
Kvar er han? – Kva gjer han?  
Eg høyrer han dreg kring i landet  
og talar til folket.  
Men kvar er elden?  
Kvar er då domen?  
Vondskapen veks, urett og vald.  
Sjølv sit eg her, gøymd og gløymd,  
djupt i den myrke jordi,  
i eit fælt og fuktig hol,  
halden i harde lekkjor. –  
Ser han då ikkje?  
Bryr han seg ikkje?  
Kjem han då ikkje?  
Kvar er det rike han lova?  
Er han då ikkje Messias?

### *Gjester i fangehola*

Inn stig hans læresveinar,  
gjestar den bundne ørnen,  
melder om det som hender  
utanfor fengselsporten:  
”Meister,” dei seier, ”Jesus,  
han som du døypte i Jordan,  
no gjer han mektige under.  
Oppe i byen ved sjøen  
lækte han nyleg ein dødssjuk,  
hovudsmannen sin tenar.  
Og dagen etter, i Na’in,  
hende det noko utruleg:

Der reiste han opp frå dei døde  
einaste son til ei enkja.  
Og folket, i otte og age,  
jublar og høglovar Herren:  
Ein stor profet er stått fram millom oss.  
Gud hev gjesta sitt folk.”

Det tendrast ei von i dei dökke augo  
To læresveinar profeten kallar  
til seg, og deim han til Jesus sender.  
”Spør: Er du den som skal koma?  
Skal me ein annan venta?”

So gjeng dei, og Meisteren møter,  
seier: ”Johannes den døypar  
sende oss til deg, let spørja:  
Seg, er du den som skal koma?  
Skal me ein annan venta?”

### *Gå og fortel Johannes!*

Og sjå, i den same stundi  
lækte han mange sjuke,  
og deim som demonane herja.  
Og mange blinde han synet gav att.

Då svara Jesus, og sagde til deim:  
”Gakk bort og fortel Johannes  
det som de høyrer og ser:

Blinde fær syni. Lame gjeng ikring.  
Spedalske vert reine.

Dauve høyrer. Døde stend opp.  
Og fagnadbodet, det vert forkynt  
for deim som fattige er.  
Og sæl er den som ikkje styggjest ved meg.”

### *Kvifor gjekk de ut i øydemarki?*

Då sendebodi var farne, –  
til Johannes attende fór, –  
då tala Jesus til folket,  
om Døyparen sa desse ord:

”Kvifor var det de gjekk ut i audni?  
Var det vel for å sjå ei røyr  
som i vinden svagar?  
Eller kvifor gjekk de dit ut?  
For å sjå ein mann kledd i stasklær?  
Sjå, dei som gjeng prektig kledde, –  
i vel-livnad alltid lever, –  
dei finn de i kongens salar.

Men kvifor gjekk de dit ut?  
For å sjå ein profet?  
Ja, seier eg dykk,  
og det ein som er meir enn profet.  
Det er han det er skrive om: ”Sjå,  
eg sender mitt bod for di åsyn.  
Han skal rydja din veg for deg.”

### *Den største fødd av kvinnor*

Og no seier eg dykk for sant og visst:  
Nokon større enn Johannes den døypar  
hev aldri stått fram  
millom deim som er fødde av kvinnor.

Men jamvel den minste i himmelens rike  
er større enn han.  
Og alt folket som høyrde han, – tollmenner med, –  
dei Gud gav rett, og døypa seg lét  
med Johannes sin dåp.  
Men ”dei fromme”, og skriftlærde menn  
hev Guds råd gjort til inkjes for seg.  
Hans dåp tok dei ikkje imot.

Men frå Johannes den døypar si tid  
til i dag bryt folk seg med makt  
i Guds rike inn.  
Dei som inn seg bryt,  
dei til seg det riv.  
For alle profetar, og lovi med,  
dei spådde alt til Johannes.  
Og vil de det tru, den Elia han er  
som koma skal.  
Høyr etter, kvar som øyro hev!

### *Småborn som leikar på torget*

Kven skal eg då likna denne ætti med?”  
spurde den store meister.  
”Dei liknar born som på torget sit,  
og ropar til andre born:

Me lét i fløyta for dykk,  
og de dansa ikkje.  
Me eit syrgjekvede song,  
og de ikkje grét.

For først kom Johannes den døypar.  
Han ét ikkje brød, og drikk ikkje vin.  
So seier de: ”Han er forgjord!” –  
So kom Menneskesonen. Han ét og drikk.

Og då det lyder frå dykk:  
”Sjå for ein etar og drikkar. –  
Godvener er han med tollmenn og syndarar.” –  
Men si rettferd hev visdomen prova  
med sine gjerningar.  
Ja, at visdomen er i sin fulle rett,  
hev alle borni hans sanna.”

### *Ei stakkars kvinna i Simons hus*

Ho vakna ein dag, og fekk livet sitt sjå.  
Det var sulka i søyla og synd.  
Ho var urein og svart ifrå topp og til tå,  
lik eit plagg som er drege i dynd.  
Den livsfriske rosa vart gusten og grå.

Av menneskeverdet var ingen ting att,  
der ho svivyrd og nedpåsedd gjekk.  
So billeg ho selde si perla, sin skatt,  
og i staden ho fillene fekk.  
Istadenfor solskin kom skuggar og natt.  
Ho vakna ein dag, og fekk sjå: ”Eg er vrak!  
Alt er øydt, alt er sulka og spilt.  
Eg frå ungdomen av ville sigla i mak,  
og det lettlynte liv var so gildt.  
No skjønar eg: Båten or livs-leidi rak.”

### *Det var eit møte med den store Meister*

Det var eit møte med den store Meister  
som gjorde at ho livet sitt fekk sjå.  
Han var so sterk, so rein, so sann og ærleg,  
og like vel so mild og mjuk og kjærleg.  
Eit hav av synd hjå seg ho øygna då.

No såg ho kor ho syndig var, og sulka,  
kor djupt ho hadde sokke i si skam.  
Ho hadde brote livsens høge lover.  
Ho hadde misbrukt Herrens gode gåver.  
Eit hav av sorg og anger då braut fram.

Ho var ein makk, ja, noko endå verre!  
Ho stygdest ved seg sjølv, eit ureint kryp.  
Ein træl av last og lyst ho hadde vorte.  
Og barndomen si uskyld no var borte.  
I hjarta angeren som isvatn dryp.

Men – var det sant det øyra hennar hørde?  
Den milde Meister hadde sagt eit ord:  
Han var ’kje komen for å døma slike,  
men kalla deim til Jesu nåderike, –  
var det enn største syndaren på jord!

### *Då braut ei bylgja fram –*

Då braut ei bylgja fram i hjarta hennar.  
So varm ein straum igjennom hugen gjekk.  
I nattemyrkret skimta ho ei stjerne;  
ei fager lysning såg ho i det fjerne.  
Ei liti von eit vonlaust hjarta fekk.

No *måtte* ho få møta denne Jesus.  
Hans frelsar-kjærleik drog so sterkt og mildt.  
Ho hadde nådd det store tidarvende.  
No skulle ingi makt få ho attende  
til syndelivet armt og tomt og vilt.

Ho hørde at han var til Simon beden.  
Han var so fin ein farisear, han.

I rennesteinen ei han hadde vore,  
var hard mot syndarar – og ingi tåre  
på kinni over egne brotsverk brann.

Ho vóg og vóg, – seg, skulle ho det våga  
å gå dit inn der Meisteren no var?  
Ho visste at dei ville henne dolka  
med kvasse augnekast, og henne svolka  
med iskald hån frå hugen hatsk og hard.

Det var å gå mot spjot og kvasse piler.  
Det fekk so vera, berre ho fekk sjå  
den mann som makta hennar livs-leid venda  
og von om vår i hennar hjarta tenda. –  
So sagde ho til sist: ”Jau, eg vil gå!” –

### *Ho hadde med det dyraste ho åtte*

So bøygde ho seg ned ved Jesu føter.  
Ho brast i gråt, og strigrét gjorde ho.  
Ho hadde med det dyraste ho åtte:

ei krukka full av myrra; for ho måtte  
det beste gjeva han som var so god.

Ho vätte føtene med sine tårar,  
og so ho turka deim med håret sitt.  
Ho kyste deim, og so med salven herleg  
ho smurde føtene so varleg, kjærleg.  
Den handi strauk so mildt og lett og blidt.

### *Stakkars Simon*

Men Simon skjøna ei det frelses-under.  
Han hadde aldri syndstilgjeving røynt.

Han visste ikkje kva det er å fæla  
for Herrens dom, og kjende ikkje sæla  
som bårar der vår Gud hev syndi løynt.

So tenkte han med seg, den farisear:  
”Var denne mann i sanning ein profet,  
so visste han kva dette er for kvinna,  
ei namnspurd og djupt sokken syndarinna.” –  
Ho enn ved Jesu føter låg og grét.

### *Meister, seg fram!*

Då Jesus tok til ords og sa til honom:  
”Du Simon, eg vil noko seia deg.” –  
Og Simon svara: ”Tala, meister, berre!”  
Og Jesus Kristus – frelsar, konge, Herre –  
dei ordi sa som enn so mykje veg:

”To armingar so djupt i gjeld var sokne.  
Til same mannen begge stod i skuld:  
Fem hundrad peningar den eine karen;  
den andre femti – han var betre faren. –  
Men ingen åtte korkje gods ell’ gull.

Og so han ettergav deim baa skuldi.  
Seg, kven av deim vil no han elska mest?” –  
”Eg tenkjer, den han mest hev ettergjeve,”  
var Simons svar, og atter stend det skrive:  
”Du dømde rett,” – so sa den høge gjest.

### *”Du ser denne kvinna, Simon”*

So snudde han seg mot kvinna,  
i høg og heilag ro,

og mens han såg på henne,  
til Simon sagde so:

”Du ser denne kvinna, Simon.  
Inn i ditt hus eg kom.  
Du gav meg ’kje vatn til føtene mine.  
Ho deim med tåror vätte,  
og turka deim med sitt hår.

Du gav meg ingen kyss.  
Men ho hev halde ved  
og kyst mine føter  
frå den stund eg kom inn.

Du salva ei mitt hovud  
med olje; men ho smurde  
med myrra mine føter.  
For den skuld eg deg seier  
at hennar mange synder  
er henne no tilgjevne.  
Ho difor elsker mykje.  
Men den som vert lite tilgitt,  
han ogso lite elsker.”  
So sa han til henne: ”Kvinne,  
tilgjevne er syndene dine!”

Men dei som sat med til bords,  
dei tenkte med sjølv seg:  
”Kven kan vel den mannen vera  
som jamvel tilgjev synder?”

Men Meisteren sa til henne, –  
det sokk i hennar sjel:  
”Di tru hev frelst deg, kvinna!  
Gakk heim, og lev no sæl!” –

## *Og so gjekk ho heim*

”Ei syndefull kvinna” var all hennar æra.  
Det namnet er tungt for ein stakkar å bera.  
Dei sylkvasse augnekast tidt fekk ho møta.  
For den lettlynte livnad ho beiskt måtte bota.

Då møtte ho Meisteren, merka hans kjærleik,  
si synd og sin ureinskap såg i hans nærleik.  
Då fekk i hans miskunn sitt hjarta ho lauga.  
Tilgjeving, oppreisning ho las i hans auga.  
Ho kunne ’kje anna, ho elska han måtte,  
og gi han det største og beste ho åtte.

So over hans føter ein salve-flaum fløynde,  
alt medan i anger ein tårestraum strøynde.  
I hjarta det jubla; no trong ho ’kje fæla.  
Og so sprang ho heim, til ny song, til ny sæla.

## *Trufaste kvinnor*

I den tidi som no fylgde på,  
Jesus ikring i landet fór,  
frå by til by, frå grend til grend,  
forkynte Herrens ord.  
Fagnadbodet ut han bar.  
Dei tolv i lag med honom var.

Og nokre kvinnor òg var med, –  
av vonde ånder herja før.  
Men Jesus demonane dreiv på dør.  
MARIA var det, frå Magdala\*

\* Maria vart kalla Magdalena fordi ho var frå den litle byen  
Magdala på nordvestsida av Gennesaretsjøen.

Ho hadde hatt so tung ein lut:  
Sju djevlar herja henne hardt;  
men Jesus dreiv deim ut.

Ei onnor kvinna var JOHANNA.  
Med futen Kuzas gift ho var.  
Han tente då i kongens gard.  
Og so me nemna kan SUSANNA.

Og mange andre fylgde Jesus,  
og var til hjelp med det dei åtte.  
Sin bergingsmann dei tena måtte.

*”Han må vera frå vitet”*

Då ferdi til Galilea  
var enda, gjekk Jesus heim  
til huset i byen ved sjøen.  
No trong han so sårt til kvila, –  
læresveinane ogso.  
Men straks stimla folket omkring deim.  
Dei kunne ’kje eingong få seg mat.

Og då hans eigne fekk høyra det,  
då fór dei heimantil, –  
dei ville få tak i honom.  
Dei sa: ”Han må vera frå vitet!”

*Mållaus – blind*

Mållaus, blind – med vonde ånder i seg,  
kan tyngre lagnad nokon mann vel få?  
Men dei til Jesus kom med denne arming.  
Dei visste: Meisteren veit alltid råd.

Det store hende: No han kunne tala!  
Og meir enn det: No kunne grant han sjå!  
Han sette i eit glederop, – han jubla,  
med friske augo såg mot himlen blå.

Alt folket såg det, vart reint opp i under.  
I hugen vakna då den gamle von.  
Dei sagde: ”Han som gjer dei store teikni,  
han skulle vel ’kje vera Davids son?”

*Er Djevelen komen i strid  
med seg sjølv?*

Men Jesu motmenn, skriftkloke og ”fromme”, –  
som alt dit opp frå hovudstaden kom, –  
i hugen hyste myrke ovunds-tankar,  
og so dei felde denne fæle dom:

”Be’elsebul, dei vonde ånders hovding,  
hev fare i han, hjelper honom til  
å driva djevlane på dør, – han elles  
for sant og visst det ikkje makta vil.”

Men Jesus visste deira vonde tankar,  
deim til seg kalla, og i likningar  
han alvors-ord til sine motmenn tala:

”Kor kan vel Satan driva Satan ut?  
Kvart kongerike som vert kløyvt  
og strir imot seg sjølv,  
det riket kan ’kje standa.  
Det snart kjem til å øydst.

Og om ein by eller eit hus  
vert kløyvt og strir imot seg sjølv,

då stend det ikkje lenge.  
Eitt hus dett over hitt.

Om Satan mot seg sjølv no set seg opp,  
i strid er komen med seg sjølv, –  
om Satan kastar Satan ut, –  
kor kan hans rike standa seg?  
Og kor kan sjølv han standa seg?  
Nei, då det ute er med han.

Og hjelper me Be`elsebul\*  
til djevlane å driva ut,  
kven hjelper dykkar søner då  
til deim å driva ut or folk?  
Dei difor dykkar domarar skal vera.

Men er det ved Guds Ande, ved Guds finger  
eg vonde ånder kastar ut,  
då er Guds rike til dykk kome. –

### *To kjempor*

Når ei kjempa er væpna og vaktar sin gard,  
fær han hava alt sitt i fred.  
Men kjem so til honom ein sterkare kar,  
so legg han den kjempa ned.  
Han vinn over honom, legg kjempa i band,  
tek våpni frå honom, og plundra kan  
alt det han eig og har.  
Den som ikkje er med meg,  
imot meg han er.  
Og den som 'kje sankar i lag med meg,  
han spreider.

\* Filistar-guden Be`elsebul (fluge-guden) vart seinare namn på Djevelen.

### *Saka i evig synd*

Difor eg seier for sant og visst  
at alt – både synder og spottord –  
skal tilgjenvast menneskeborni,  
kor mykje dei so enn spottar.  
Men spott imot Anden vil ikkje bli tilgitt.

Og kvar den som lastar Menneskesonen,  
skal få tilgjeving for det.  
Men den som talar mot Den Heilage Ande,  
han aldri tilgjeving fær,  
korkje i dette livet  
eller i det som skal koma.  
Han er saka i æveleg synd.”  
For so hadde dei sagt om Jesus:  
”Han hev ei urein ånd.”  
De anten lyt seia: ”Treet er godt,  
og frukti på det er god,”  
eller òg lyt de seia: ”Treet er låkt,  
og frukti på det er låk.”  
For på frukti kjenner ein treet.

### *Orme-ungar*

De orme-ungar, seg korleis kan  
de tala det som er godt,  
de som vonde er?  
For ut av hjarta si overflod  
er det at munnen talar.

Den gode mann gode ting ber fram  
av det gode han gøymer hjå seg.  
Og den vonde mann vonde ting ber fram  
av det vonde han gøymer i hjarta.

Men det seier eg dykk:  
Kvart eit gagnlaust ord  
som folk hev tala,  
skal dei svara for på domens dag.  
For etter dine ord skal du kjennast rettferdig,  
og etter dine ord vert du felt.”

### *Jonas-teiknet*

So kom dei atter, hans motmenn –  
dei skriftlærde og so ”dei fromme” –  
dei sagde: ”Meister, me gjerne vil  
få sjå eit teikn av deg!”

Som folket no flokka seg kring han,  
tok han til ords og sagde:

”Ei vond og utru ætt krev teikn;  
men anna teikn skal de ikkje få  
enn det som hende med Jona.  
For liksom profeten Jona  
vart eit teikn for Ninive-folket,  
so skal Menneskesonen òg  
vera for denne ætti.

For liksom profeten Jona var  
tri dagar og netter i fiskebuken,  
soleis skal Menneskesonen vera  
tri døger i jordi sitt hjarta.

### *Ninive-menn og dronningi frå Saba*

Ninive-mennene skal møta  
på domen sin store dag  
saman med denne ætti.

Og dei skal fella deim.  
For dei vende om då profeten  
Jona tala for deim.  
Og her er meir enn Jona.

Og sudlands-dronningi fram skal standa  
med denne ætti i lag  
på domen sin store dag.  
Og ho skal fella deim.  
For ho kom frå verdsens ende,  
ville Salomos visdom høyra.  
Og her er meir enn Salomo.

### *Urein ånd over vasslause vidder*

Når den ureine, vonde åndi  
ut or eit menneske dreg,  
ho over vasslause vidder  
flakkar og finn seg veg,  
leitar etter ein kvilestad,  
men ho kan ingen finna.

So seier ho: ”Eg vil fara  
attende til huset mitt,  
som eg flytte ifrå.” –  
Og når dit ho kjem då,  
finn ho det tomt og feia og fjelga.

Då fer ho av stad og tek med seg  
andre demonar sju,  
argare enn ho er sjølv.  
Dei gjeng inn, og der vil dei bu.  
Og hev ille det vore med det mennesket før,  
då endå verre vert sidan.



Slik kjem det òg til å ganga  
med denne vonde ætt.” –  
Tider som fylgde, synte:  
Meisteren spådde rett. –

*”Sælt er det livet som bar deg!”*

Medan han soleis tala,  
var det ei kvinna bland folket  
som brått sette i og ropa:  
”Sælt er det livet som bar deg!  
Sælt er det brystet du saug!”

Då sagde han: ”Sæle er heller  
alle som høyrer Guds ord  
og som tek vare på det!”

*Han er min bror og mi syster*

Medan han tala til folket,  
var mor hans og brørne hans komne.  
Dei ville han finna, men kunne for folkestimen  
ikkje innåt koma.  
Dei difor stod utanfor huset,  
og freista å få han i tale,  
sende bod til honom  
om han ut ville koma.  
Det sat ein stor flokk kringom Jesus,  
og dei sa til honom: ”Sjå, mor di  
og brørne dine stend utanfor  
og spør etter deg!”  
Men Meisteren svara og sagde:  
”Kven er vel mi mor, og kven mine brør?”

So såg han på deim som ikring honom sat,  
rette handi mot sveinane sine  
og sagde: ”Sjå, det er mi mor  
og brørne mine.  
For den som høyrer Herrens ord,  
og gjer det som Far min i himmelen vil,  
han er min bror, mi syster, og mor.”

*So sit han i båten og lærer*

Same dagen gjekk Jesus ut  
og sette seg nede ved sjøen.  
Då samla det seg so mykje folk –  
dei kom ifrå byane rundt ikring –  
at han ut i ein båt laut ganga.

Og heile folkehopen stod på strandi.  
Ei uhorveleg mengd stod og lydde  
då Jesus i båten seg sette  
og mangt og mykje i likningar sa deim.

*Ein såmann gjekk ut*

Ein såmann gjekk ut, skulle sædet sitt så.  
Han strødde so rikt og raust,  
vona på vokster og mogning og haust.

Som han no gjekk der og sådde, so fall  
det noko ved vegkanten hard.  
Farande føter trakka det ned,  
himmelens fuglar pikka det opp og bort det bar.

Sumt fall på steingrunn, og snøgt rann det opp  
fordi det var lite jord.

Det hadde 'kje væte, det hadde 'kje rot;  
so kunne det solsteiken ei stå imot,  
men turka, og so skein det av.

Sumt millom tornar og tistlar fall,  
og tornane, dei voks med.  
Dei kjøvde den vonfulle unge sæd,  
so ikkje han grøda bar.

Men noko fall i den gode jord,  
og rann or den djupe mold.  
Det voks og gav grøda so rik og raust,  
opp til tretti og seksti og hundrad foll.”

Då Jesus sa dette, ropa han:  
*”Høyr etter, kvar ein som høyra kan!”*

*”Kva tyder vel denne likning?”*

Då folket sin veg hadde fare  
og Meisteren so vart åleine,  
dei tolv kom til honom og spurde –  
i lag med dei andre som fylgde –  
kva likningi vel skulle tyda.  
Han svara og sa: ”De fær vita  
Guds rike sin dulde løyndom.  
Til deim som stend utanfor Riket,  
kjem allting i likningars form.  
For den som hev, han skal få,  
so han nøgdi hev.  
Men den som hev ingen ting,  
skal endåtil missa det som han hev.  
Og difor i likningar eg til deim talar,  
so om dei ser, skal dei ikkje sjå,  
og om dei høyrer, dei skal ikkje skjøna.

På deim vert det sanna, det ordet  
som Jesaja, profeten, spådde:  
”Ja, høyra de skal nok, men ikkje håtta.  
Og sjå skal de nok, men ikkje skilja.”  
For dette folket hev so hard ein hug.  
Tungt dei med øyro høyrer,  
og augo let dei att,  
so dei med augo ikkje sjå,  
med øyro ikkje høyra skal,  
og ikkje med sitt hjarta skjøna,  
og venda om å få tilgjeving  
og eg få lækja deim.

For det eg seier dykk for sant:  
I farne år mang ein profet  
og gudleg mann hev stunda sårt  
og lengta etter det å sjå  
som de no ser,  
og høyra det som de hev høyrte,  
og fekk det ikkje høyra.  
Men når de ikkje kan forstå  
den likning eg dykk nyst hev sagt,  
kor skal de greida då  
dei andre likningar de fær på hjarta lagt?

### *Fire slag hjartejord*

So høyr no de denne likning  
om han som gjekk ut for å så.  
Det er han som sår Guds ord.  
*Det er det gode sædet.*  
Dei frammed vegen, det er dei  
som høyrer det ord om Guds rike.  
Det ned vert lagt i hjartans jord;  
men dei det ikkje skjønar.

Og straks den vonde, Satan, kjem  
og stell bort det som nyst var sådd  
i deira hjarta, so dei ei  
skal tru og verta frelste.

Slik òg med deim som vart på steingrunn sådde:  
Når ordet ifrå Gud dei høyra fær,  
med gleda tek dei straks imot det;  
men rot dei ikkje i seg hev,  
og bare for eit bel dei trur.  
Og kjem dei so i naud og fære,  
i freistings-stundi fell dei frå.

Og det som fall millom klunger,  
er dei som òg Guds ord hev høyrte.  
So gjeng dei bort, og kjøvde vert dei  
av suter, rikdom, verdsens lyst  
og attrå etter andre ting.  
Og ordet, det vert utan frukt.

Men dei som i den gode jord vart sådde,  
er dei som høyrer ordet, tek imot det,  
det gøymer i et godt og vakkert hjarta,  
ber frukt i tolmod, og gjev grøda,  
i tretti, seksti, hundrad foll.”

### *Set ljuset i staken!*

Sidan sa han til deim: ”Ingen kveikjer eit ljus  
og kjem inn med det, gøymer det under eit kjer,  
set det under ei seng eller skjeppa.  
Men i staken han set det, so dei som kjem inn,  
det klåre ljuset fær sjå.

For det finst ingen ting som er duld  
og ikkje vert kunnig eingong  
og fram i dagsljuset kjem.  
Høyr etter, kvar som øyro hev!

So sa Meisteren til deim: ”De vel må sjå til,  
akta vel på det som de høyrer!  
Det målet de gjev, vert det målet de fær.  
Og attpå det meir skal dykk gjevast.  
For kvar den som hev, han skal få.  
Og den som ingenting hev,  
skal endåtil mista  
det som han tykkjest hava.

### *Løyndomsfulle voksterlover*

Løyndomsfulle voksterlover  
ovrar seg i alt som lever.  
Underfulle mogningskrefter  
verkar i kvar kim, kvart korn,  
er i gang i blad og blomar,  
fisk og fugl og mannsens born. –

På åkeren gjekk han, og sædet han sådde.  
Han kornet i moldi den solvarme strådde.  
Det myrkna mot natt, og han trøytt gjekk til ro.  
Den svevnen var søt, og den kvila var god.

Han sov, og reis opp, –  
slik gjekk natt etter natt,  
og dag etter dag.  
Om kornet han brydde seg ikkje det slag.

Men kornet han sådde, i moldi det ydder, \*  
og so opp i dagen det bryt seg og brydder. \*\*  
Og bonden, han veit 'kje kor dette går til,  
men gled seg ved voksteren frodig og gild.

Av seg sjølv ber jordi si grøda.  
Først kjem dei spede strå.  
Og so kjem det aks på strået,  
og sidan – når hausten er komen –  
fulle korn i kvart aks kan han sjå.

Men so snart som årker'n er mogen, –  
er gyllen og skir og skjær, –  
gjeng bonden av stad og tek sigden.  
For då er haust-tidi der.

Slik er det òg med Guds rike:  
det mognar og veks i det stille,  
for evige krefter seg ovrar.  
Om vaken du er, eller sover,  
so verkar dei gudgjevne lover,  
i hjarta sin djupe grunn.  
Og sistpå kjem hausten si stund.  
Då sjeli for evig er mogen. –

Slik tala Jesus om vokster-lovi  
i himmelriket. –

### *Ugras i åkeren*

Gud sår den gode sæd i verdsens åker.  
Men vonde makter òg vil vera med.  
So sette Jesus fram ei onnor likning,  
der han med sterke ord forklåra det:

Han himmelriket likna med ein bonde  
som edelt såkorn i sin åker sådde.  
Men medan folket sov, ein uven kom,  
og nattes tid han sådde svimling\*\*\*  
millom kveiten, – og gjekk sin veg.

Då åkeren voks opp, fekk strå, skaut aks,  
då ogso svimlingen kom fram i dagen.  
Og sveinane det såg, og so dei gjekk  
til husbonden og melde frå om dette.

### *Det hev ein uven gjort*

”Kor kan det ha seg, Herre,” spurde dei;  
godt frø me veit i åkeren du sådde, –  
kvar kjem so dette ugraset ifrå?” –  
”Det hev ein uven gjort,” – so lydde svaret.

”Vil du at me skal gå og dra det opp?” –  
”Nei,” svara han, ”for då det lett kan henda  
at de kan riva kveiten opp i same venda.  
Lat bare baa veksa med einannan  
til det vert haust, og når so skuren kjem,  
til onnefolki mine vil eg seia:  
”De først skal sankta svimlingen i saman,  
og bunta han i hop, og brenna han;  
men kveiten skal de ha inn i mi løa!”

\* Ydda (av odd): koma med ein liten odd eller spiss.

\*\* Brydda (av brodd): skyta spirer, koma opp.

\*\*\* Svimling: Eit slag ugras som liknar kveite.

## *So gav han ei tolking med einfelde ord*

So bad han farvel med folket,  
i huset kan inn att gjekk.  
Dei tolv kom då bort til honom,  
og so han den bøni fekk:  
”Tyd ut for oss, meister, den likning du sa  
om ugraset i din åker!”

So gav han ei tolking med einfelde ord:  
”Menneskesonen er det  
som sår det gode frøet.  
Åkeren er verdi.  
Det gode frø er Rikets born,  
og svimlingen dei som høyrer Satan til.  
Den uven som svimlingen sådde,  
er sjølvve Djevelen.  
Og hausten endelykti er på verdi.  
Onnefolket er Guds englar.

Og som no svimlingen i hop vert sankar,  
brend opp av eld,  
slik skal det ganga til ved verdsens ende:  
Guds Son skal senda sine englar,  
og dei or riket hans skal sankar  
alt det som skjemma ut,  
og alle som gjer urett,  
og i den glødde omn deim kasta,  
der det er gråt, og dei skjer tenner.

Då skal dei rettferdige skina  
i riket åt Far sin som soli.  
Høyr etter, kvar som øyro hev!

## *Bare eit senapskorn*

Senapskornet, so smått det er,  
mest som eit lite fjom.  
Og dett det i moldi, so fyller det  
bare eit ørlite rom.  
Av alle frøkorni minst det er,  
men i seg so mektig ei livskraft det ber.

Ein mann tok eit sovore vesalt frø  
og sette i hagen sin.  
Det jordskorpa braut, og so vaks det opp  
og fekk seg ei form so fin.  
Og sistpå av frøet det vart eit tre;  
av alle mat-urter størst er det.

Og himmelens fuglar, so svint dei flyg:  
dei inn millom greinene stilt seg smyg,  
og reir dei seg byggjer der. –  
Guds rike, sa Jesus, er likt slikt eit frø.

Vel vanvyrdd var kornet – i gravi lagt, –  
av ovund og vondskap og myrkers makt, –  
men atter det brydde, og gravi braut.  
Til signing vart blodet som skuldlaust flaut.

Og greinene breidde seg, år etter år.  
So vide dei no over verdi når.  
Og livd søkjer himmelens fuglar der.  
Ein heim han seg finn, den som heimlaus er.  
Det store tek til i det små. –

## *Kvinna med surdeigen*

Ei kvinna knadde og elta ein deig  
av tri skjepper mjøl,  
og la han i troget, – han steig og steig,  
for ho hadde sjøl  
ein surdeig inne i honom lagt.  
Og alt vart syrt av den gjærande makt.

Sjå, himmelriket er surdeigen likt, sa Jesus.  
Og difor skal eingong den vide jord  
helgast og adlast av Herrens ord.  
Då alt er blitt nytt.  
Syndi og døden sin veg hev flytt.

## *Ein skatt i åkeren*

Ein mann gjekk ein dag i ei åker-rein.  
Brått såg han noko som gleim og skein.

Vel var det bare ein liten skimt  
som brådde imot honom, glimt i glimt.  
Forviten han var, so han bortåt gjekk,  
grov jordi til sides, – og då han fekk  
eit ser-syn skoda, – du store min:  
So rik ein skatt ligg og glim og skin!

Der låg det sekler\* og sylv og gull;  
der var ei øskja av perlor full. –  
I hugen leika ein tanke då:  
Eg framom alt lyt den rikdom få! –

\* Sekel – hebraisk mynt.

Han molda over den skatten stor,  
og glad han var, og sin veg han før,  
og sidan selde han alt han åtte,  
og so han kjøpte den åkerjord.  
So var skatten hans.

Ein rikdom han fekk utan like.  
Slik er det, sa Jesus, med himmelens rike.

## *Den fagre perla*

Det var ein kjøpmann, sa Jesus,  
som før ifrå land til land,  
leita etter vene perlor.  
Til sist han ei ov-gild fann.  
So ven og so vakker var ho  
at maken det ikkje fans.  
Han såg at den perla hadde  
so sjeldsynt og djup ein glans.

Han hugteken stod og skoda.  
”Den perla eg eiga må!”  
So selde han alt han åtte,  
og kjøpte den skatten då.

Han hadde so mange perlor,  
men glad deim ifrå seg gav.  
No åtte han ”perlenes perle”.  
Ho var han eit rikdoms hav.

Slik er det med himmelriket, –  
so lydde då Meisterens ord.  
Gjev avkall på alt, so fær du  
ei perla so skir og stor!

Ho aldri i æva mister  
sitt verd og sin fagre glans.  
I ævone alle ho glimar  
i livsens klåre krans.

### *Ei not fangar fisk*

Dei kastar ei not, ho hamnar  
i sjøen so fin og frisk.  
Ho stend der ei stund, og sankar  
ein brote med alle slags fisk.

Og so tek dei i og halar,  
og noti dei dreg i land.  
Fisken, han ligg der og spratlar  
og sprett på ei steinut strand.

So set dei seg ned og sankar  
i koppar den fisken god.  
Den fisken som ikkje duger,  
dei kastar, – dei gjer det so.  
Slik er det med himmelriket,  
og slik skal det ganga til  
når det vert ende på verdi:  
Gud englane senda vil.  
Og dei skal dei vonde skilja  
frå deim som ber rettferds skrud,  
i den gloande omnen deim kasta,  
fordi dei forkasta Gud.  
Der gråta dei skal, skjera tenner.

### *Skjøna de dette?*

”Skjøna de alt dette?” spurde Jesus.  
Apostlane svara: ”Ja!” –

”Det er godt,” sa han, ”for ein lærar  
som himmelriks-skulen hev gjenge,  
han ein husbond er lik  
som hentar fram  
både nytt og gamalt av det han hev gøymt.”

### *I likningar vil eg opna min munn*

Alt dette til folket Jesus  
tala i likningar,  
etter som dei var god til å høyra.  
Og utan likningar aldri tala han til deim,  
so det skulle sannast som gjennom profeten er sagt,  
når han seier:  
”Med likningar vil eg opna min munn,  
seia fram det som løynt var  
frå verdi vart grunnlagd.” –

Men når han so var aleine  
med sine læresveinar,  
alt saman la han ut for deim.

Då Jesus so hadde tala  
alt dette i likningar,  
so fór han bort derifrå. –

### *På stormfull sjø*

Det leid til kvelds den same dagen, –  
det nærma seg eit soleglad,  
og skuggane tok til å siga.  
Då Jesus såg at mykje folk  
seg hadde kringom honom samla,  
til læresveinane han sagde:

”Lat oss no over sjøen fara,  
over til den andre sida!” –  
So skildest dei med folkehopen,  
la ut på den blanke fjorden.

Den dagen hadde slitsam vore,  
frå gry til kveld so heit og hard.  
Og difor stend det: ”Dei tok Jesus  
i båten med seg som han var,”  
so trøytt og sliten, svolten, svevnug.  
Og slik det ut på bylgja bar.  
Det andre båtar også fylgde.

Då Jesus la seg bak i båten.  
I blund so blidt han sovna inn.  
Då fór det brått frå bratte fjellet  
på sjøen ned ein kvervelvind.  
Den litle båten skolv og skog,  
og sjøen stod i rok og kok.

Og båten, han heldt på å fyllast,  
for bylgjone inn i han slo.  
Men på ei puta bak i båten  
låg Meisteren og sov i ro.

### *Kvi er de redde?*

Då gjekk dei til han, vekte han or blunder,  
og sagde: ”Meister, bryr du deg ei om  
at me gjeng under?”

So reis han opp, og truga sjøen vill,  
til honom sagde: ”Teg no, og ver still!” –  
Då logna vinden, bylgjone seg lagde.  
Det blikstilt vart, – og Jesus til deim sagde:

”Kvi er de redde? Kvar er dykkar tru?” –  
Dei undra seg, og fulle var av gru.

”Kven tru han er,” dei spurde, ”denne mann,  
at både vind og våger lyder han?”

Dei siglde fram, og fåre-ferdi enda.  
Dei trygt der aust, i Gergesenar-bygdi lenda.

### *Herre over storm og sjø*

So er det ein som i den vonde verdi  
vil trygt oss fylgja fram på fåre-ferdi.  
Han òg i dag dei ville våger trugar,  
dei vonde vargar, hatske heilheims-mugar.

Han over storm og bårer herre er.  
Med han me når den ljose æve-verd.  
Med Krist om bord me sistpå trygge lender  
ved stille, stormfri, sæle himmel-strender.



## HERRE OVER VONDE ÅNDER —

### *Det store drama i Gadarenar-landet*

Enda var ferdi  
på fårleg fjord,  
enno all verdi  
minnest den ror.  
Jesus var med,  
so vart berga kvar mann.  
Dei landa i fred  
i Gadarenar-land.  
Der hende det store drama.

### *Møte med myrkret*

Der møtte dei myrkret  
so nifst og so ilt,  
so svart og so svært  
og so vondt og so vilt.  
Ein mann kom imot deim,  
han huja og skreik.  
Forgjord var den stakkaren,  
sundriven, bleik.

Det stana 'kje klær på han, naken han gjekk.  
Og ingen den arming i hus halda fekk.  
I gravholer myrke, der stødt heldt han til,  
for folk stengde vegen, – han vond var og vill.

Med fotjarn og lekkjor dei ofte han batt.  
Han sleit deim i sunder; som trådar dei spratt.

Og ingen var god til å døyva den mann,  
for han var forgjord av den ureine ånd.  
Når sund både lekkjor og fotjarn han reiv,  
ho armingen langt ut i utmarki dreiv.

### *”Kva vil du meg, Jesus?”*

Ved natt og ved dag han i gravi heldt til,  
og stundom på fjelli, – han huja, var vill.  
Han slo seg med steinar, han aldri var still.

So stend han ein dag, ser ein båt gli mot land.  
Han lendar, legg til ved den austlege strand.  
Langt borte fær armingen Meisteren sjå.  
I barmen seg rørde noko underleg då.

Han huja so stygt, – so han sprang utan stans,  
fram til Jesus, og fall ned for føtene hans.  
So ropa han høgt, i fortvilning og tjon:  
”Kva vil du meg, Jesus, den Høgste sin Son?  
Du er vel 'kje komen og pina meg vil  
før tidi, før Herren sin dom stundar til?” –  
For Meisteren hadde då nyst sagt til han:  
”Far ut or mannen, du ureine ånd!”

### *Mitt namn er Legion*

Då Jesus so sa: ”Kva er namnet du ber?”  
han svara: ”Legion\* – for so mange me er.” –  
Dei åndene talar i mannen og bed.  
”Å, lat oss få fara i avgrunnen ned!” –

\* Legion – herflokk hjå romarane, på om lag 6 000 mann.

## *To tusund svin*

Langt unna, i fjellet, ein svineflokk gjekk.  
Dei beitte på bøen, og føda si fekk.  
Dei ureine ånder då valde sin heim:  
”Send oss bort i svineflokken,  
og lat oss bu i deim!”

Det gav han deim lov til, – i svini dei fór, –  
to tusund i talet; den flokken var stor.  
Brått sette dei utføre stupet og ned, –  
det var vel eit nifst og uhorveleg skred, –  
og alle, dei bleiv i den brådjupe fjord.

Dei som gjætte svini, dei rømde sin veg.  
Forstøkte, forfærde dei var,  
fortalde i byen om det som var skjedd,  
og sagde ifrå i kvar gard.

Og folket tok ut, – dei kom alle som ein,  
ville sjå kva det var som var hendt.  
Då til Jesus dei kom, såg dei armingen der.  
No eit livslys i augo var tent.

## *Han var merkt av Guds ro*

Han sat påkledd og still der ved Meisterens fot,  
han som hadde ein djevle-hær hyst.  
Han var fredfull og klår, han var merkt av Guds ro.  
Og hans andlet var vonfullt og lyst.

Dei var fulle av otte, og so gjekk dei heim,  
og fortalde om det som var hendt, –  
om dei svini som strauk, og den arming som no  
i sitt hjarta fekk livslyset tent.

So til Jesus dei gjekk, ifrå bygdene der,  
og i hjarta ein otte-eld brann.  
Alle saman so bad dei at Meisteren no  
måtte fara ifrå deira land. –  
Dei skjøna ikkje si gjestingstid.

## *Han møtte morgonroden*

Men han som møtte morgonroden  
og no var løyst og glad og fri,  
han ville gjerne fylgja Jesus,  
hjá honom vera all si tid.

Då Jesus gjekk i båten, bad han:  
”Må eg få vera no med deg!”  
Men Jesus sende han ifrå seg  
og synte han ein annan veg:

”Gakk heim til folket ditt, og seg deim  
kor mykje Gud for deg hev gjort,  
kor han hev vore god imot deg,  
deg synt et underverk så stort!” –

So tok han ut, og gjorde kunnig  
i byen og Dekápolis  
kva Jesus hadde gjort for honom;  
han høgt forkynte Herrens pris.

## *Heim att frå Gadarenar-landet*

So gjekk ferdi atter over fjorden,  
som no låg blank og blid og blå.  
Då båten deira kom tilbake,  
ei mengd so stor dei då fekk sjå.

Dei venta på han som ein skatt,  
og ynskte han velkomen att.

Han skulle til sin eigen by, –  
mens endå han ved sjøen stod,  
det kjem til han med bøn eit bod.

### *Døden anda på ei livsens lilja*

Døden hadde anda på ei livsens lilja.  
Bare tolv år gamal, – no ho skulle døy.  
Kinni hennar bleikna, armane dei veikna  
på den litle møy.

Far og mor dei syrgde, for dei hadde bare  
denne bleike blomen. Tunge tåror rann.  
Dei so kjær ho hadde, – no når soli gladde,  
sorgmods-eldar brann.

God var heimen hennar; faren heitte Jairus,  
var ein mann so gjæv,  
synagogen styrde, alle honom vyrde,  
heidersmannen hæv.

### *Det vaknar ei von*

Kva er det han høyrer, kva er det han ser?  
Ein hop som han telja ei kan.  
Og fremst der i flokken som framover skrid,  
der ser han profeten, Guds mann.

Han høyrer dei lovar Guds heilage namn.  
Han veldige under hev gjort.  
Han lækjer dei sjuke, dei døde stend opp,  
gjeng inn gjennom livet sin port.

Han Jesus må finna, – det vaknar ei von, –  
må mannen frå Nasaret sjå!  
So spring han av stad, og for Jesus fell ned.  
Kan henda veit Meisteren råd?

Han tolkar si naud, med stillferdige ord.  
I sorgi han mild er, og mjuk:

”Å, meister, vil du verta med heim til meg?  
Mi dotter til døden er sjuk.  
Vil du leggja hendene dine på henne,  
so ho kan bli frisk, og leva?”

Og Frelsaren, aldri han tung var å be,  
kvar sorgtyngd tok venleg imot.  
”Til heimen din, Jairus, eg gjerne gjeng med.” –  
So styrde han straks dit sin fot.  
Og læresveinane fylgde.

### *Ho fekk tak i det ytste av kjolen hans*

Men naudi var stor i dei dager, – som no.  
So mange vil Meisteren nå.  
Dei trengjer seg kring han, om miskunn dei bed,  
so gjerne vil lækjedom få.

Sjå, der er ei kvinna, so sorgtung og arm.  
Ho blodflod hev hatt i tolv år,  
og alt det ho åtte, til lækjarar gav,  
men enno so sjuk her ho står.

Under mange lækjarar hadde ho lidit,  
og alt det ho åtte, sett til.  
So mange råder ho alt hadde prøvt, –  
den siste no freista ho vil.

Ho hadde om Meisteren høyrte, – no ho kom,  
ho tenkte med sjølve seg:  
”Kan eg bare få taka i kledi hans,  
so vil han nok hjelpa meg.” –  
So blanda ho seg med mengdi.

Med bankande hjarta og skjelvande hand,  
ho innåt Meisteren går,  
får tak i det ytste av kjolen hans, –  
ein straum gjennom lekamen får.

*”Eg er frisk!”*

Med eitt stansa blodflodi. – ”Å, eg er frisk!”  
Det jublar, det tonar eit kvad.  
For den som til døden var sjuk, og vert lækt,  
nei, ingen som han er vel glad.  
Då Meisteren vender seg roleg, og spør:  
”Kven var det som nyst tok i meg?”  
Då nekta dei alle, og Peter, han sa:  
”Det er folket som slik trengjer deg.”  
So sagde òg dei som var med han.  
Då kvinna no såg at det ikkje var dult,  
det som ho i si naud hadde gjort,  
ho skjelvande kom, og ho kasta seg ned,  
og pulsen slo hastig og fort.

*Gå heim i fred!*

Då ned ho for Frelsarens fot hadde falle,  
ho jubla det ut, so dei høyrde det alle:  
”Det vonde er vekke, – det kjenner eg no.  
Flodi er stansa, og friskt er mitt blod.”

Og Frelsaren såg på den frigjorde kvinne.  
Det olla ei kjelda av gleda der inne.  
”Di tru hev deg frelst, dotter mi,” so han sa.  
”Gakk heim, og lev sæl!” –  
Ho gjekk heim hjarteglad.

*Den blodsottige syng*

”Mitt unge liv vart knekt i vårens dag.  
Den bjarte blomen brått tok til å visna,  
midt i si bløming, – å, kor tungt eit slag!  
Sky seig for sol; myrkt vart mitt andlets-drag.  
I gru og gråt og angest hjarta isna.

Min ungdoms draum, – ja, ogso eg hev drøymt, –  
han fraus til is i livsens kalde røyndom.  
Den fagre von som livsfriskt hadde strøymt,  
og som eg trutt i hjarta hadde gøymt, –  
ho døydde der, – det var min såre løyndom.

Å, lækjedom, – kor fint det ordet kling!  
Å vera frisk, kor herleg det må vera  
å springa fritt og freidig rundt omkring  
og sleppa kjenna nokon verdsens ting,  
og få ei gjerning her i verdi gjera!

So søkte eg i mange, mange år.  
Og alt eg åtte, eg på dette øydde.  
Verst var det kvar ein gong det kom ein vår.  
Då var min hug so sorgtung og so sår.  
Eg vona tidt, – men voni atter døydde.

## *Men so ein dag –*

Men so ein dag, då fekk eg *honom* sjå,  
den fagraste av ætti sine søner.  
For honom synd og sjukdom røma må.  
Ja, lækjedom hjå Jesus kan me få.  
Han – Meisteren – vår synd med nåde løner.

Han var på veg til Jairus' dotter no,  
og ville vekkja henne opp av døde.  
Og eg som full av sorg ved vegen stod,  
eg sank saman alt mitt vesle mod.  
Og voni skein som venast morgonrøde.

Men hopen larma: Jesus stille gjekk.  
Eg nærma meg til han so lognt eg kunne.  
Men hjarta hoppa som ein vårfrisk bekk.  
Ved kanten av hans klær eg røra fekk,  
og lækjedom med eitt eg hadde funne.

## *Å, sæle fryd!*

Å, sæle fryd, – ei kraft eg kjende då!  
Det vårens krefter var som i meg strøymde.  
Tenk, eg var *lækt*, no kunne frisk eg stå,  
og jubla opp mot vårens himmelblå,  
mens livsens bylgjor i min lekam strøymde.

Eg skjelvande for Meisteren fall ned.  
Ei kraft gjekk ut frå han; det grant han kjende.  
Han tala mildt til meg: ”Gå heim i fred!  
Di tru hev frelst deg!” – Enn dei ord meg gled.  
Min tunge lagnad han til lukka vende.

Kor kan eg anna no enn elska han  
som slik hev vendt til liv min myrke lagnad!  
Han tende i min barm ein vonfull brand.  
No fær eg bu i livsens lukkeland.  
Mi natt var myrk, – no det for godt hev dagna.” –

## *”Ho hev ikkje slokna – ho søv”!*

Alt medan han tala dei trøystande ord,  
ein mann kjem til Jairus med bod:  
”Di dotter hev slokna, i døden sov inn.  
Kvifor umaka Meisteren lenger no?”

Då Jesus det hørde, han sa desse ord  
som døyvde den vonlause gru:  
”Ottast no ikkje, men berre tru!  
So skal ditt barn verta berga.”

So kjem han til syrgjehuset.  
Der jamra dei alle, og grét.  
For visna var livsens lilja,  
og syrgje-tonane lét.

”De må ikkje gråta; for jenta,  
ho søv, ikkje slokna ho har.”  
Då Jesus sa desse ordi,  
ein latter fekk han til svar.  
Då dreiv han deim ut alle saman.  
Han kjærleg, men myndig var,  
og so gjekk han inn i romet,  
med Peter, Johannes og Jakob,  
og jenta si mor og far.

## *Då hende det store under*

Der låg denne kvite lilja  
i døden sitt dække rom.  
Men Jesus steig inn i stova.  
Då stråla Guds herlegdom.

To augo so tidleg slokna.  
Eit hjarta i våren brast.

To barnekinner brått bleikna  
i dødsvindens kalde kast.

Men Meisteren stod i stova.  
Då livet var ogso der.  
I samband han stod med makter  
frå himmelens æve-verd.

Han ser på den visne lilja,  
den døds-merkte vesle kropp.  
So tek han henne i handi,  
og seier: ”Talita kumi!”  
Det tyder: ”Du vesle jenta,  
eg seier deg: Ris opp!

Då skjedde det store under,  
det største som henda kan:  
Brått kom hennar ånd attende  
frå Hades\* til livsens land.

So banka det barnehjarta.  
So brusa det unge blod.  
Kinni fekk atter farge.  
Opp ho or sengi stod.

\* Hades (gresk) = dødsriket.

”No må de mat henne gjeval!”  
sa Jesus til far og mor. –  
Kva under at deira gleda  
var doggfrisk og djup og stor.

Tolv år var den vesle jenta,  
som smilte og gjekk ikring. –  
Då vart dei som var dei frå seg  
av age og otte og undring.

Men Jesus sa strengt: ”Om dette  
de melda ’kje må nokon ting!”

Men ordet om det som hende hin dag,  
kom ut til kvart bygdelag.

## *Eg er blind!*

Å, eg er blind!  
Eg fuflar meg ut,  
og eg famlar meg inn.  
Eg veg ikkje finn.

Ja, eg er blind!  
Ei endelaus natt!  
Eg synet hev mist,  
den skinande skatt.  
Og sårast av alt:  
Det visst aldri kjem att.

Eg kan ikkje sjå!  
Eg ser ikkje blomen  
og sol-kvelven blå.  
Og ljuset frå stjernone  
kan meg ’kje nå.

## *Sidan fekk dei i ljuset bu*

Dei vandra i ei natt som aldri enda:  
dei blinde var, – dei såg ’kje sol og dag.  
So fekk dei høyra gjetordet om Jesus,  
som kom frå Jairus, – og med han slo lag.

Dei slokna augo ut i myrkret stirde;  
men hjarto lyste no ein gneist av von.  
Dei fylgde etter Jesus, og dei ropa:  
”Gjer sælebot på oss, du Davids son!”

Då han var komen heim, då gjekk dei etter,  
kom inn i huset; Jesus til deim sa:

”Trur de at eg kan opna augo dykkar?”  
Og baa svara hugheilt: ”Herre, ja!”

Då tok han bortpå augo deira, sagde:  
”Det dykk skal henda etter dykkar tru!”  
Med eingong skjedde so det store under:  
Dei såg – og sidan fekk i ljuset bu.

Og Jesus tala strengt til deim og sagde:  
”Sjå til at ingen dette fær!”  
Men dei gjeng ut, og gjetordet om Jesus  
ut over alle bygdela dei ber.”

## *Atter lyt den vonde ånd på dør*

Då desse no gjekk bort, de førde til han  
ein stakkar som besatt og mållaus var.  
Då so den vonde åndi ut var drivi,  
då tala han, med røysti rein og klar.

Og folkemengdi jubla glad.

Dei undra seg og sa:

”Aldri hev nokon gong slikt vore sett i Israels land!”

Men ”dei fromme” sagde, – so harde dei var:

”Det er Djevelen sjølv som hjelper han  
til å driva åndene ut.”

## *Jesus gjestar barndomsbyen*

Atter kom Jesus til Nasaret,  
han gjesta sin fødesheim.  
På kviledagen til synagoga  
han gjekk, og han lærde deim,  
dei mange som der var samla.  
Hans læresveinar var ogso med.

Reint opp i under dei alle var.  
So sagde dei til kvarandre:  
”Kvar hev han fenge alt dette frå?  
Kva er det for visdom som han hev fått?  
Og slike underverk me fær sjå!

Er ikkje dette bygningsmannen,  
son åt Maria, og bror til Jakob,  
og Joses og Simon og Judas?  
Og systrene hans, bur ’kje ogso dei  
alle i grendi vår?  
Kvar hev han so fenge alt dette ifrå?” –  
Og folket stygdest ved honom.

## *Profeten i heimbygdi*

Men Meisteren tok då til ords og sa:  
"Ein profet, han vert ikkje vanvyrd  
utan i si eigi grend,  
hjá sitt eige folk, i sin eigen heim."

Han kunne 'kje gjera noko under der,  
på nokre fåe nær,  
fordi dei så vantrue var.  
Men han hendene lagde på nokre få  
som sleit med sjukdom og sotter.  
Og han lækte deim.  
Og han undra seg over deira vantru.

## *Hausten er stor!*

Sidan gjekk Jesus omkring  
i alle byar og bygder.  
I synagogene deira han lærde  
og fagnadbodet forkynte, –  
ordet om himmelriket, –  
all sjukdom og vanhelsa lækte.

Og då han såg ut over alle som fylgde, –  
den veldige folkeskaren, –  
tykte han inderleg synd om han.  
I hjarta loga ein medynks-brand.  
For han var forkomen og ille faren.

Dei var som ein saueflokk heilt utan hyrding,  
av verste og villaste vargar herja,  
vanka på veglause heidi,  
var utan vern og verja.

Til læresveinane sagde han då:  
"Hausten er stor; onnefolki få,  
be difor haustens herre  
driva onnefolk ut i sin haust!"

Hausten er stor den dag i dag.  
Varmt er vår Frelsars hjartelag.  
Enno han bed: Ver med i bøn!  
Haustfolki fær ei herleg løn. –

## *Meisteren talar til sine apostlar*

Jesus kalla i hop dei tolv  
og gav deim makt og velde  
over dei ureine ånder, –  
kraft til å driva demonane ut,  
all sjukdom og vanhelsa lækja.

## *Gå til dei forkomne lam!*

Han sende deim ut, to og to i lag.  
Dei skulle forkynna Guds rike, –  
den nye, evige dag, –  
og gjera dei sjuke gode.  
Han rettleidde deim og sagde:

"Tak ikkje vegen til heidning-greder,  
og gå ikkje inn i ein einaste by  
der samaritanarar bur!  
Gå heller til dei forkomne lam  
av Israels hus!

Og kvar de so kjem, og kvar de so fer,  
gjer kunnig: Guds rike er nær!



Gjer sjuke friske, vekk døde opp,  
gjer spillsjuka reine, driv djevlar ut!  
For inkje hev de fenge det;  
for inkje skal de gjeva det!

### *Enkelt utstyr*

Tak ingen ting med dykk på vegen:  
anna enn ein ferdastav,  
ikkje skreppa, ikkje brød eller pengar, –  
gull eller sylv eller kopar i beltet, –  
ikkje to trøyor og ikkje to par skor!  
For ein arbeidar er kosten sin verd.

Kvar gong de so kjem til ein by, til ei grend,  
so høyr etter kven som er verd  
å taka imot dykk, – hjå han skal de bu  
til de fer bort frå den bygdi.

### *Guds fred i huset!*

Og når de kjem inn i eit hus,  
so lys over det Guds velsigning.  
Og dersom det huset er verdt det,  
dykkar fred over heimen kome!  
Det skal få den velsigning de lyste. –  
Men dersom det ikkje er verd det,  
skal velsigningi koma attende til dykk.

### *Rist dusti av føtene*

Og er det ein stad der dei ikkje vil  
dykk helsa velkomen og ikkje høyra  
dei ord de talar,  
so gange de ut or det huset, den byen!

Rist dusti av føtene dykkar!  
Det skal verta eit vitnemål mot deim.

Det seier eg dykk for visst og sant:  
På domens dag skal de ganga  
Sodoma- og Gomorra-landet  
likare enn den byen.

### *Som sauer millom ulvar*

Sjå, no eg dykk sender som sauer  
midt millom ulvar inn.  
Ver då kloke som ormar,  
og tak dykk i vare for folk!  
Til domstolen gjev dei dykk over,  
og til å hudfletta dykk  
i synagogone sine.

Og for mi skuld dei fram dykk skal føra  
for kongar og landshovdingar,  
so de skal vitna for deim og for heidning-folki.

Men når dei for retten dykk dreg,  
de ikkje for dette skal syta:  
Korleis eller kva de skal tala!  
For det de skal seia, skal gjevast dykk  
i same stundi.

For det er ikkje de som talar.  
Det er dykkar Faders Ande  
som talar i dykk.

### *Men den som held ut til endes –*

Bror skal senda bror i døden,  
og faren sitt eige barn.  
Og born skal stå fram mot foreldri sine  
og valda at dei lyt døy.  
For mitt namn skuld skal alle dykk hata.  
Men den som held ut til endes,  
han skal verta frelst.

Når dei so etter dykk søkjer  
i ein by, so røm til ein annan!  
For det eg dykk seier for sant og visst:  
De vinn ikkje vitja alle Israels byar  
før Menneskesonen kjem.

### *Det som vert kviskra i øyra på dykk –*

Ein læresvein er ikkje over sin meister,  
og tenaren er ikkje over sin husbond.  
For ein læresvein nok lyt det vera  
at han som sin meister vert,  
og tenaren som sin herre:  
Hev dei husbonden kalla Be'elsebul,  
kan so husfolket venta det betre?

So skal for deim de 'kje reddast!  
For ingen ting løynt er  
anna det eingong kjem opp,  
og ingen ting dult som ikkje vert kjent.

Det eg dykk seier i myrkret,  
det skal de i ljuset tala.  
Og det som vert kviskra i øyra på dykk,  
de ut skal på hustaki ropa.

### *To sporvar og fem sporvar*

Eg seier dykk som er venene mine:  
"Ottast 'kje deim som drep lekamen dykkar,  
men ikkje hev makt til å gjera meir,  
og ikkje kan drepa sjeli!

Eg skal syna dykk kven de skal ottast:  
De heller skal ottast for honom  
som hev makt til i helvetet kasta,  
og der tyna lekam og sjel.  
Ja, eg dykk seier, de honom skal ottast!

Sel dei 'kje sporvar to for ein skilling,  
sel dei 'kje fem for to?  
Og ikkje ein fell til jordi  
utan at Far dykkar vil.

### *Jamvel alle håri er talde*

Og jamvel alle håri  
på hovudet dykkar er talde.  
So ver ikkje ottefulle!  
De er meir verd en mange sporvar.

Den som då kjennest ved meg for folk,  
han skal òg eg kjennast ved  
for Far min og himmelens englar.

Men den som avneittar meg for folk,  
han skal òg eg forneakta  
for Far min og for Guds englar.

### *Ikkje fred, men sverd*

De må ikkje tru eg er komen  
for fred å senda på jordi!  
Eg er ikkje komen med fred, men med sverd.

Eg er komen for ufred å setja  
millom far og son, millom mor og dotter,  
millom vermor og sonekona.  
Og mannen skal få sin eigen huslyd til uven.

Den som hev far eller mor  
 kjærare enn meg,  
han er meg ikkje verd.  
Og den som hev son eller dotter  
 kjærare enn meg,  
han er meg ikkje verd.

Og den som ikkje tek korset sitt  
og fylgjer etter meg,  
han er meg ikkje verd.  
Den som livet sitt finn,  
han skal mista det.  
Og den som mister sitt liv  
for mi skuld, han  
skal finna det.

### *Ei skål med kaldt vatn*

Den som dykk tek imot,  
han meg tek imot.  
Og den som meg tek imot,  
han tek imot honom som sende meg.

Den som tek imot ein profet  
fordi ein profet han er,  
han skal få ein profet si løn.  
Og den som tek imot ein rettferdig  
fordi han rettferdig er,  
skal få ein rettferdig si løn.

Og den som gjev ein av desse små  
om 'kje meir enn ei skål med kaldt vatn,  
fordi han er min læresvein,  
han skal ikkje mista si løn.  
Det seier eg dykk for visst.”

### *Så tok dei i veg*

So tok dei i vegen og tala til folket  
og mana deim til å venda om.  
Dei fór ikring ifrå grend til grend  
og gledebodet forkynte.

Mange demonar dei dreiv ut,  
mange sjuke med olje dei salva,  
og lækte folk kvar dei kom.

Og det hende, då Jesus var ferdig  
med å leggja dei tolv på minne  
det han deim ynskte å seia,  
då fór han bort att, tok til å læra  
folket, og tala i byane deira.

## *Kong Herodes og Jesus*

Ved dette leitet var det at Herodes,  
Tetrarken,\* hørde gjetordet om Jesus.  
For Meisteren var namnspurd vorten no.  
Folk sagde: ”Det er døyparen Johannes.  
No hev han frå dei døde stade opp.  
Og difor slike underfulle krefter  
er verksame i honom.”  
Herodes sa det same til sine sveinar.

Men andre sa: ”Det er Elia  
som hev seg synt.”  
Og atter andre: ”Ein profet, –  
ein av dei gamle, –  
hev opp ifrå dei døde stade.”  
Herodes difor ikkje visste  
kva då han skulle tru.  
Men so han sa: ”Johannes,  
han hev eg hovudet hogd av.  
Men Jesus, kva er det for ein  
som slike ting eg høyrer om?”  
So freista han få møte Jesus,  
profeten ifrå Nasaret.

## *Dei lagde Johannes i bolt og jarn*

For Herodes sjølv hadde folk sendt ut;  
dei skulle Johannes taka.  
I band og lekkjor dei lagde han.  
So fekk han den lagnad smaka,  
den største fødd av ei kvinna.

\* = fjerdingsfyrste, – vart ogso kalla ”konge”

Men kvifor vart denne udåd gjord, –  
ei valds-ferd som ei gjeng av minne?  
Jau, Herodes seg skilde frå kona si,  
og Herodias ekta, ei kvinne  
som gift var med Filip, bror hans. –  
Då sagde Johannes til kongen:  
”Du må ikkje hava brorkona di!”

Og difor Herodias hat til han bar, –  
det hatet som elden loga. –  
Ho gjerne døyparen drepa vil.  
Men ho kunne ikkje få det til.  
Herodes òg ville slå han i hjel;  
men ikkje for folket det våga.  
Dei som ein profet honom vyrde.  
Og Herodes ottast Johannes.  
Han hadde for honom age,  
visste han var ein heilag mann.  
og tok honom ikkje av dage,  
som Herodias gjerne ville.

Om mangt og mykje han kom i tvil  
når han på Johannes lydde.  
Han høyrde gjerne på honom då;  
men myrkret frå sjeli ei flydde.  
So fylgde det svære drama.

## *Fødseldags-ball i Machærus-borgi*

Dei vonde som ventar eit høve  
å gjera si ugjerning i,  
dei tidt slepp å venta fåfengt. –  
So kjem det ei lagleg tid.

Det hende i borgi Machærus,  
Herodes sitt festningsslott.

Høgt oppe i fjellet låg det.  
Og under låg Salthavet\* blått.

Der sat – i ei fangehola –  
den største av kvinnor fødd,  
fengsla fordi han sa sannings-ordi, –  
av motgang og myrker mødd.

So bar det slik til: Herodes,  
han hadde sin årsmålsdag.  
Den skulle dei feira med pomp og prakt,  
og halda eit drusteleg lag.  
Der hovdingar var det frå Galilea,  
og stormenn av ymse slag.

No var dei i salane samla, –  
dei gjevaste folk som fans.  
Det skifte frå eit til anna:  
no skulle det vera dans.

Herodias hadde ei dotter.\*\*  
No sveiv ho i salen inn,  
svingar seg svint på tilet,\*\*  
og godhug hjå alle finn.

### *Døyparens hovud på eit fat!*

Å du for ein dans! Dei sat fjetra,  
i ov-undring sterk og stor.  
Dei tykte so gildt i henne –

\* Eit av namni på Dødehavet. Det heitte ogso "Havet mot morgonen", dvs. "Austhavet", og "Hedemarkshavet" ("Moavatnet"), og endeleg "Asfalthavet".

\*\* Ho heitte Salome

\*\*\* Golvet

Herodes og gjestene hans –  
og kongen sa desse ord,  
imedan ein eid han svor:

"Bed meg om kva du vil, og eg  
so sant skal gjeva deg det!  
Du skal få det du bed om, om so det er  
mitt halve rike og land."

Men noko er det som større er  
for kvinna i hemn og hat.  
Ho spurde mor si: "Om kva skal eg be?" –  
"Om Johannes sitt hovud på eit fat!"

Då skunda ho straks seg til kongen inn,  
den kvinna so kald og hard.  
Og der, i dei strålande salar,  
ynsket sitt fram ho bar.  
So lydde det i ein festprydd hall:  
"Eg vil at du no med det same skal  
gje meg døyparens hovud på eit fat!"

### *Blodig gåva*

Kongen bleikna og kolna,  
der han ved bordet sat.  
Han vart reint ille ved.  
Men fordi han ein eid hadde svore,  
og for skuld dei som sat ved bordet,  
han ville 'kje seia nei.

Ei livvakt sende han straks av stad,  
og han honom bad  
henta Johannes sitt hovud.

Mannen til fengselet gjekk,  
og han fatt i døyparen fekk,  
hogg hovudet av,  
kom med det på eit fat  
og til jenta det gav.  
Og ho til mori det flidde.

Då døyparens læresveinar  
fekk høyra om det som hende,  
kom dei til fengselet, tok liket hans,  
og so i ei grav det lagde.  
Sidan gjekk dei til Jesus  
med bod om det som var hendt.

### *På gravi liljor gror*

Slik lagnad fekk den største  
som var av kvinnor fødd.  
Dei beste og dei første  
hev tidt uskuldig blødd.

Men sjå – der blodet fløynde,  
det livsens liljor gror.  
Ei signing frå deim strøynde  
ut over all vår jord.

Gud som vår lagnad vender, –  
han som er evig god, –  
han tek i sine hender  
og signar skuldlaust blod.

So skal me ikkje gråta  
for deim som livet gav.  
Ein gong er løyst kvar gåta,  
ved livsens klåre hav.

### *Kvil dykk litt!*

Apostlane samla seg atter  
hjá Jesus, og sagde ifrå  
om alt som var gjort i Herrens namn,  
og det som dei hadde forkynt for folk.  
Meisteren sagde då:

”Kom no de, vener, aleine med meg,  
til ein øyde stad, og kvil dykk litt!  
For det var mange som kom og gjekk,  
og matro ikkje eingong dei fekk.  
Og so var Frelsaren fylt av sorg  
ved det som hende i Herodes' borg.  
Og difor stunda han etter ro,  
ein stad med stilla og kvila god.

Det valdsverk som enda døyparens liv,  
eit varsel for Meisteren var:  
Han visste med seg at han møta vil  
den same lagnaden hard.  
Og no vil han nytta den tid som er att,  
før dagen hans endar i dødsens natt,  
til samvær med deim som skal fremja hans verk.  
Den flokken skal gjerast ved Ordet sterk.

### *Dei fekk ikkje vera åleine*

So tek han apostlane med seg.  
Åleine i båten dei er.  
Til ein øyde stad nær Betsaida\*  
gjeng deira ferd.  
Der vil han vera åleine med deim.

\* Betsaida Julias, på nordaust-sida av sjøen.

Men folket fekk spurt det, – såg at dei fór,  
Jesus og dei tolv apostlar om bord.  
So fylgde dei etter, sprang landveges dit  
frå alle byane der ikring.

Vel var det rundt strandi so dryg ein sving;  
men lell var dei framme før båten la til land.  
Dei visste at Jesus gav lækjedom,  
og difor den lange vegen dei kom. –  
Det leid mot påskehelgi,  
jødane si store høgtid.

Men Jesus gjekk opp i fjellet.  
Der sette han seg med dei tolv.  
Nedunder Gennesaretsjøen låg. –  
Då Jesus den store folkehøp såg,  
so tok han vel imot deim.  
Han tykte hjarteleg synd i alle;  
for dei var som ein hyrding-laussaudeflokk.  
Han tok til å læra deim mykje,  
tala om himmelriket  
og lækte deim som lækjedom trong.  
Då tona hjå mange ein gledesong.

### *Folket hev 'kje mat!*

Då dagen tok til å halla,  
dei tolv fram til Jesus gjekk,  
og sagde: ”Send folket frå deg,  
so dei kan til gardane ganga  
i grendene herikring,  
koma i hus og få seg mat!  
For her er det audt, og dagen lid,  
og timane, so fort dei skrid.”

”Dei treng ikkje ganga bort,”  
sa Jesus.  
”Gjev de deim noko å eta!”

Og so han til Filip seier:  
”Seg, kvar skal me kjøpa brød,  
so desse folki kan noko få å eta?”

So sagde Jesus til venen Filip  
av di han no ville honom røyna.  
Han visste sjølv kva han ville gjera.  
Og so la han til: ”Kor mykje brød hev de?  
Gakk å sjå etter!”

”Brød for eit halvt hundrad dalar  
rekk ikkje til  
so kvar av deim kan ein liten bete få,”  
svara Filip.

### *Fem brød og to fiskar*

Fram stig Andreas, bror til Simon Peter,  
seier til Jesus:  
”Her er ein liten gut.  
Og han fem byggbrød hev.  
Og so han hev to fiskar.  
Men kva er det til denne store skaren?”

”Kom hit til meg med det!” sa Jesus,  
og lat so folket setja seg  
i bordlag på femti mann!” –

So sette dei seg i det grøne graset –\*  
det syner at det var vår-tid –

\* Det var mykje gras (Joh 6,10), so det var mjukt å sitja.

i flokkar på hundrad, og sume på femti.  
Det var om lag fem tusund mann,  
forutan kvinnor og born.

So tok han dei fem små byggbrød  
i hendene sine, og fiskane to.  
Han vende augo mot himmelen,  
velsigna det vesle og takka Gud.

Brødet han braut i molar,  
til læresveinane gav det,  
so dei skulle setja for folket det fram.  
Fiskane to han òg skifte ut,  
åt alle, so mykje dei hava ville.

Og alle åt, og vart mette, –  
den veldige folkeskaren.  
Og då det i bord-lagi stilna,  
til læresveinane sa han:  
”Sanka i hop dei molar  
som att er, so ingen ting spillest!”

So gjorde dei det, og dei fylte  
tolv korgar av stykki som att var  
av byggbrødi fem og litt fisk.

### *Bort frå folket – opp i fjellet*

Då folket no såg dette teiknet stort  
som Jesus frå Nasaret hadde gjort,  
so sagde dei: ”Dette er visst og sant  
den profet som skal koma til verdi.”

Då skjøna Jesus: Dei koma vil,  
taka honom med makt  
og gjera honom til konge.  
Men ikkje han ville ein brød-konge vera.

So nøydde han sine vener,  
dei tolv, til å ganga i båten,  
over sjøen føre han fara,  
framom Betsaida, og sidan  
heim til Kapernaum.

Sjølv bad han farvel med folket,  
og då han med deim hadde skilst,  
han atter gjekk opp i fjellet.  
Der var han åleine, i bøn til Gud.  
Og soli heldt på å glada.

### *I den fjerde nattevakt*

Dei tolv gjekk ned til strandi  
då det vart kveld,  
steig ut i ein båt, ville fara  
over Gennesaretsjøen,  
heim til Kapernaum.  
Og då det alt myrkt var vorte,  
var båten midt ute på vatnet.  
Sjølv var han åleine på land,  
var ennå ’kje komen til deim.

Men augo hans fylgde frå fjellet  
dei tolv som rodde der ute.  
Han såg det gjekk tungt med roren.  
Hardt båten i bylgjone tevla.  
Høgt gjekk dei, og harde vindar bles.  
Dei vêret imot seg hadde.



Då, i den fjerde nattevakt,  
då fram dei seg hadde slite  
tjuefem eller tretti stadier,\*  
då ser dei at Meisteren deira  
kjem gangande der på sjøen;  
nærmare og nærmare båten.  
Å sjå til han framom vil ganga.

Då vart dei forfærde og sagde:  
”Det er eit skrymt!”  
og sette i eit skrik.  
Men i det same han til deim tala:  
”Ver ikkje redde! for det er eg.”

### *Kom du!*

Då Peter tok til ords og sagde:  
”Herre, er det du, so bed meg  
koma til deg der på vatnet!”

Jesus svara honom: ”Kom du!”  
Og so steig Peter ut or båten.  
Bortover vatnet gjekk han,  
ville møta Meisteren.

Men då han såg det harde vêret,  
då vart han redd, tok til å søkkja.  
Og so han ropa: ”Herre, frels meg!”

Jesus med det same  
handi si rette ut,  
greip den søkkjande læresvein,  
venleg til honom sagde:

\* Stadion, lengdemål hjå grekarane og romarane, om lag 185 m.

”Peter, kor du hev lite tru!  
Kvi tvila du?”

### *Og vinden lagde seg*

So steig han opp i båten.  
Og vinden lagde seg. –  
Men endå dei var so forstøkte  
at reint ifrå seg dei var.

For av det som var hendt med brødet –  
der Meisteren synte si allmakt –  
dei hadde forstand ikkje fenge.  
So seige og tungnæme var dei.

Då fall dei på kne for honom,  
i båten, og sagde til Jesus:  
”I sanning er du Guds Son!”

Og straks var båten ved strandi dei skulle til.  
Dei lagde til lands ved Gennesar-sletta,  
litt sør for Kapernaum.

### *Jesus er komen til bygdi vår!*

Med same han steig ut or båten,  
kjende folket han att.  
”Jesus frå Nasaret,” sa dei,  
”er komen til bygdi vår!”  
Og rundt i heile grendi  
sprang dei so fort dei vann,  
tok til å bera dei sjuke  
i sengene sine, dit  
som dei høyrde at Jesus var.

Og kvar han so kom,  
til grender, byar og gardar,  
dei la sine sjuke på tunet,  
bad at dei måtte få taka  
om so bare i falden på kjolen hans.  
Og dei som kom nær han – alle som ein –  
vart gode att.

### *Dagen etter det store under*

Dagen etter det store under  
på den andre sida av sjøen,  
stod det endå ein folkehop der.  
Dei hadde sett at det bare var  
ein einaste båt der ved strandi  
og at Jesus ikkje i båten gjekk med,  
med læresveinane sine,  
men at dei fór bort åleine.

Men no kom det båtar frå hi sida sjøen,  
frå byen Tiberias.  
Dei lagde til land tett innmed den staden  
der underet hende,  
der måltid dei heldt etter Herrens velsigning.

### *Kvar er profeten?*

Då folket no såg: Jesus ikkje var der –  
ikkje læresveinane heller –  
dei sjølve i båtane steig, til Kapernaum fór,  
og leita der etter Jesus.  
Då sistpå dei fann han, dei sagde til honom:  
”Rabbi, når kom du hit?”

Jesus deim svara og sagde:  
”Det eg dykk seier for visst og sant:  
Det er ’kje fordi de såg teikn  
at no etter meg de leitar,  
men fordi de fekk brød og vart mette.

Vinn dykk ’kje mat som forgjengst,  
men føda som varer  
og gjev dykk eit æveleg liv!  
Den Menneskesonen skal gje dykk.  
For honom hev Faderen, Gud,  
sett sitt innsigle på.”

### *Korleis gjera Guds gjerning?*

Då sagde dei til han: ”Seg, korleis  
skal me då fara åt  
so me kan Guds gjerningar gjera?”

”Guds gjerning er,” svara Jesus,  
”at de skal tru på den  
som han ifrå himmelen sende.”

Då sagde dei til han: ”Kva teikn gjer du då  
so me kan sjå det og tru deg?  
Seg, kva for verk det er du gjer?  
Fedrane våre åt manna i audni,  
som skrive stend:  
”Han gav deim frå himmelen brød å eta.”

### *Brødet frå himmelen*

Då Jesus tok atter til ords og sa:  
”Det seier eg dykk for visst og sant:  
Moses, han gav dykk ’kje brødet frå himlen.

Men Far min, han gjev dykk  
det rette himmelbrødet.  
For Guds-brødet er det  
som kjem ifrå himmelen ned  
og gjev verdi liv.”

Då sa dei til honom: ”Herre,  
alltid det brødet oss gjev!”

Då Meisteren sa: ”Eg er livsens brød.  
Den som kjem til meg, ikkje hungra han skal.  
Og den som trur på meg, ikkje tyrsta han skal.  
Men eg sa: De hev sett meg, og endå ’kje trur.  
Alle som Far min gjev meg,  
dei kjem til meg.  
Og den som då kjem til meg,  
skal so visst eg ’kje visa bort.

### *Eg skal vekkja deim opp på den siste dag*

For frå himmelen ned hev eg kome,  
ei til å gjera det sjølv eg vil,  
men det han vil som meg sende.  
Og det er hans vilje som sende meg  
at eg ikkje skal nokon mista  
av deim han hev gjeve meg,  
men vekkja deim opp att  
på den siste dag.”

### *Murring*

Då murra jødane atter  
imot han fordi han sagde: ”Eg er det brød  
som ned ifrå himmelen kom.” –

”Er dette ’kje Jesus Josefsson?  
Både far hans og mor hans me kjenner.  
Kor hev det seg då at han seier:  
Eg ned ifrå himlen hev kome”?

Då tok Jesus til ords og sagde:  
”Murra ikkje dykk imillom!  
Ingen til meg kan koma utan at Faderen,  
han som til verdi meg sende,  
honom hev drege.  
Og eg skal vekkja han opp att  
på dagen den siste.  
Det stend hjå profetane skrive:  
”Og alle so skal dei vera  
lærde av Gud.”  
Kvar som på Far min hev lydt og lært,  
han kjem til meg.”

### *Eg er livsens brød*

Ikkje so at nokon hev Faderen sett  
utan han som er ifrå Gud.  
Han hev Faderen sett.

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Den som trur, han hev æveleg liv!  
Eg er livsens brød.

Fedrene dykkar, dei manna åt  
i øydemarki, og døydde.  
Her er det brød som frå himmelen kjem,  
so dei som det et, ikkje skal døy.

Eg er det levandet brødet  
som ned ifrå himmelen kom.

Om nokon et av det brødet,  
han skal i all æva leva.  
Og brødet eg gjev, det er kjøtet mitt,  
som eg gjev til liv for verdi.”

### *Evig liv ved himmelbrødet*

Då tretta jødane med kvarandre:  
”Kor kan han vel gjeva oss  
kjøtet sitt eige å eta?” –  
Då sagde Jesus til deim:

”Det seier eg dykk for visst og sant:  
Et de ’kje kjøtet åt Menneskesonen,  
og drikk de ’kje blodet hans,  
so hev de ’kje liv i dykk.  
Den som et mitt kjøt og drikk mitt blod,  
hev eit æveleg liv.  
Eg skal vekkja han opp att den siste dag.  
For kjøtet mitt, det er retteleg mat.  
Og blodet mitt, det er retteleg drykk.  
Den som et mitt kjøt og drikk mitt blod,  
han vert i meg, og eg i han.

Som den levande Faderen sende meg,  
og eg ved Faderen lever,  
so skal ogso den som et meg,  
leva evig ved meg.  
Det er det brød som frå himmelen kom, –  
ikkje det brødet som fedrene dykkar  
åt og like vel døydde.  
Den som et brødet frå himlen,  
i all æva han leva skal.”

Dette sa den store lærar  
i eit synagoge-møte,  
mens han lærde i Kapernaum. –

### *Dette er harde ord!*

Læresveinane sagde – då denne talen dei hørde:  
”Dette er stride ord!  
Kven kan vel lyda på honom?”

Meisteren visste med seg at dei murra.  
Og so han sagde til deim:  
”Støyter de dykk på dei ordi?  
Enn om de nå fær Menneskesonen sjå  
fara opp dit før han var!

Det er Anden som gjev liv.  
Kjøtet, det gjer inkje gagn.  
Dei ordi eg hev tala til dykk,  
dei er ånd, og dei er liv.  
Men nokre av dykk ikkje trur.” –  
Jesus visste med seg sjølv,  
alt ifrå den fyrste stund,  
kven det var som ikkje trudde,  
og kven som skulle svika honom.

So sa Jesus: ”Difor var det  
at eg sagde dykk dei ordi:  
Det er ingen som kan koma  
til meg utan det er gjeve  
honom av min Fader.”

Mange i læresveins-flokken  
tolde ’kje denne talen.  
Difor dei drog seg unnan,  
gjekk ’kje ikring med han lenger.

## *Vil ogso de ganga bort?*

Med sorgmod i stemmen sa Jesus då  
til dei tolv apostlane sine:

”Vil de gå dykkar veg, de ogso,  
som alle dei andre hine?”

Då gav Simon Peter det svaret,  
som sidan gjekk over jord:  
”Herre, kven skulle me gå til?  
Du hev det evige livsens ord.  
Og me trur og veit: Du Guds Heilage er.”

”Hev eg ’kje sjølv valt dykk ut,  
alle tolv?” svara han.  
”Og ein av dykk er ein djevel!”  
Han tenkte på Judas, – Simon Iskariots son, –  
For det var han som sidan kom til  
å svika Menneskesonen.

## *Til kven skal me gå?*

Nei, kven skal me elles gå til,  
Jesus, vår Meister, vår bror?  
Einaste du på den gamle jord  
hev det evige livet sitt ord.

I tidi sin kveld hev me kome.  
Årtusund kom og fór.  
Ogso i dag er det sanning,  
ein lovnad so sæl og stor:  
Du, einast du på den aldrande jord,  
hev det evige livet sitt ord!

## UNDER PÅ UNDER

### *Ein broten bord-skikk*

Sidan fór Jesus Kristus  
kringom i Galilea.  
Han ville ’kje ferdast kring i Judea;  
for jødane freista å drepa honom.

Jesu uvener endå ein gong  
gjeng frå Jerusalem.  
Den lange veg til Kapernaum  
dei lærde og ”fromme” kjem.

Ein dag ser dei noko som øser deim opp:  
Nokre av Jesu disiplar  
med vanheilage hender maten sin åt, –  
dei meinte: med u-tvegne hender.  
Og harmen i hugen brenner.

For alle jødar – dei ”fromme” især –  
tvær alltid hendene vel  
før til bords dei gjeng.  
Frå dei gamle hev dei den skikken fått.  
Den held dei fast på, trutt, og med trott.

Når frå torget dei kjem, då dei ikkje ét  
før dei vatn over seg hev skvett.  
Og mykje anna hev vorte sed  
og skikk i heimane deira,  
som å skylja koppar og kar og krus  
og kopar-kjelar og benkjer.  
Ingen dei skikkane krenkjer.

So kom dei til Jesus og spurde han,  
dei skriftkloke og dei fromme:  
"Kvi fylgjer 'kje dine disiplar  
dei skikkar me hev frå dei gamle,  
men bryt deim ope med di dei ét  
sin mat med vanheilage hender?" –  
Jesus imot deim seg vender:

*Å jau – det er vakkert gjort!*

"Sant spådde profeten Jesaja om dykk,  
de hyklarar, som det stend skrive:  
"Dette folk meg med lippene ærar;  
men hjarta deira er langt ifrå meg.  
Det er liten mun i at dei vil meg æra  
når det som dei folket vil læra,  
er menneske-bod."

De ansar ikkje Guds heilage bod,  
men menneske-lærdom de fylgjer.  
Å jau, det er rett fint åtfare, det  
at de gjer Guds bod om inkje  
so de dykkar skikkar kan fylgja!

Herren hev sagt, ved Moses:  
"Du far din og mor di skal æra!"  
Og: "Den som bannar far eller mor,  
han skal visseleg døy!" –  
Men no, når ein mann seier so til far  
eller til si mor:  
"Det som eg kunne ha hjelpt deg med,  
skal vera ein korban, ei tempel-gåva,"  
so let de han ikkje lenger få lov  
å gjera noko for far og mor.

Slik gjer de Guds ord om inkje  
med skikkane dykkar, som de folket hev lært.  
Og slikt gjer de mykje av."

*Når ein blind leder ein blind –*

So kalla han folket til seg att,  
og han tala til deim og sagde:  
"Høyr på meg alle! Skjøna det eg seier!  
Det er ikkje det som i munnen kjem inn,  
som gjer eit menneske ureint.  
Men det som gjeng ut or munnen,  
det er det som gjer mennesket ureint, –  
ingen ting som er utanfor mennesket,  
men det som kjem ut or hjarta.  
Høyr etter, kvar som øyro hev å høyra med!"

Då han so var gått inn i huset  
og hadde med folket skilt lag,  
då gjekk hans læresveinar  
fram, og til Jesus sagde:  
"Veit du, dei sokalla fromme,  
dei harmast på deg då dei høyrde  
det som du nyst til deim sagde?"

Meisteren svara: "Kvar plante  
som ikkje min himmelske Far hev sett,  
skal rivast opp med rot.  
Bry dykk 'kje om deim!  
Blinde vegleidarar er dei for blinde.  
Og når ein blind leder ein blind,  
då dett dei bære i grøfti."

## *Det vonde kjem frå hjartedjupet*

Då spurde disiplane honom,  
og Peter, han førde ordet:  
”Tyd ut for oss likningi di!”

Meisteren sveinane svara:  
”Hev de ’kje enn betre vit, de heller?  
Skjønar de ikkje at alt som kjem inn  
gjennom mennesket, utantil,  
gjennom munnen hans,  
kan aldri gjera han urein.  
For det kjem ikkje i hjarta inn,  
men i buken hans, og ut der det skal.  
Soleis vert all føda rein.  
Men det som gjeng ut or mennesket,  
or munnen hans, frå hjarta det kjem.  
Og det gjer mennesket ureint.

For innantil, ifrå hjartedjupet,  
dei vonde tankane kjem:  
lauslivnad, tjuvskap, manndrâp,  
ekteskapsbrot og vondskap,  
ukjurskap, svik og ovund,  
gudsspotting, vitløysa, ovmod.  
Alt dette vonde kjem innantil.  
Det er det som gjer mennesket ureint, –  
ikkje å eta med uvaska hender.”

## *Ei kvinna av syro-fønikisk ætt*

Sidan tok Jesus vegen mot nord,  
mot heidensk Fønikia-land.  
Til landet kring Tyrus og Sidon han fór,  
der Midhavet bryt mot si austlege strand.

Der oppe det hende: ein stad gjekk han inn,  
ville ikkje det skulle bli kjent.  
Men det kunne ’kje dyljast, – so folket han finn.  
Slik hadde det tidt før òg hendt.

Då kjem det ei kvinna frå grendene der.  
I djupaste naud er ho stadd.  
Ein urein demon no i dotteri er.  
For godt synest soli no gladd.  
Ei heidning-kvinna den stakkaren var,  
av syro-fønikisk ætt.

Og no fekk ho høyra: den framande mann  
var Jesus frå Nasaret.

Då kom ho med eitt, og ho kasta seg ned  
for føtene hans, og ho bad:  
”Gjer sælebot på meg, du Davids son,”  
ho atter og atter sa.

Ho Jesus fortalde om dotter si,  
og klaga si såre sut:  
”Demonen, han herjar med henne hardt.  
Kan du ikkje driva han ut?”

Men Messias tagde, sa ikkje eit ord.  
Då steig læresveinane fram:  
”Ho ropar etter oss,” sagde dei,  
og syntest det var ei skam.

”Kjære, få henne vekk!” dei til Jesus sa.  
Og av han dette svaret dei fær:  
”Dei bortkomne sauer av Israels ætt,  
til dei bare send eg er.”

## *Borni og hund-ungane*

Men atter fall ho på kne og sa:  
”Davids son, hjelp mi dotter!”  
Ho so inderleg bad.

“Lat først borni få eta seg mette!”  
sagde Jesus, ”det vent ikkje er  
taka brødet på bordet frå borni  
so småhundane fatt i det fær.”

”Det er sant, Herre,” svara då kvinna,  
og so lagde ho til desse ord:  
”Men dei litle hundane ét då lell  
av dei småe smular som stundom fell  
ifrå deira herrer sitt bord.”

Jesus vart gripen i hjartans grunn.  
Og so desse ordi kom frå hans munn:  
”For det ordet skuld kan du ganga heim att.  
Stor er di tru.” – Og han lagde til:

”Du skal få det som du vil.  
Den vonde åndi er faren ut or dotter di.”  
Og jenta vart god att i same stund. –

## *Lett og glad ho hastar heim*

Lett på foten var den kvinna,  
runnen av ei heidensk ætt,  
då ho hasta heim til sine.  
Hugen var so fugle-lett.  
For i natt og naud ho møtte  
Jesus ifrå Nasaret.

Der låg heimen – hjarta banka  
då ho gjekk i huset inn.  
Der på sengi veslejenta  
frisk og fjåg og glad ho finn.  
For demonen hadde flytta  
frå det stakkars barnesinn.

Bare Jesus Kristus maktar  
vinna over myrkheims hær.  
Han – og einast han – er voni  
for den falne, vonde verd.  
Kristus Kyrios åleine  
sistpå sigerherre er. –

## *Under på under*

Jesus tok so ut på ei onnor ferd,  
frå Tyrus-bygdene fór,  
la vegen om Sidon, ein by lenger nord,  
og so til Gennesaretsjøen,  
midt gjennom Dekapolis-bygdi, –  
ti-by-landet aust for sjøen.

Jesus gjekk opp i fjellet  
og sette seg der.  
Då kom dei til han i store flokkar,  
og hadde med seg so mange blinde,  
lame, mållause, kryplingar,  
og mange andre som leid og talmast.  
Dei ned for føtene hans deim lagde.

Og han deim lærte i same stundi,  
so folk seg undra då dei vart vare  
at stumme tala og blinde såg, –



Og dei som lame i sengi låg  
og stakkars uføre, arme ting,  
dei brått stod opp og dei gjekk ikring,  
og dei høglova Israels Gud.

### *Effata – lat deg opp!*

Då kom dei til han med ein stakkars mann.  
Døv han var, og dertil godtsom mållaus. –  
”Meister,” bad dei, ”vil du dine hender  
leggja på mannen og lækja han?”

Jesus tok mannen til sides,  
bort ifrå folkehopen,  
stakk fingrane sine i øyro hans  
og tunga hans vøtte med råke av munnen sin.  
So såg han opp mot himlen,  
sukka og sa til honom:  
”Effata – lat deg opp!”  
Oppladne vart då øyro hans.  
Bandet losna av tunga.  
No kunne han tala klårt.

Og Jesus forbaud deim og sagde:  
”Seg ikkje dette til nokon!”  
Men di meir han forbaud det,  
di meir dei det utover bar.  
Og alle som såg det, reint tekne var.  
Dei undra seg stort då dei fekk sjå  
at mållause tala og lame kunne gå,  
kryplingar vart friske og føre  
og blinde såg sol og dag.  
Kva under at folket vart godt i lag  
og lova Israels Gud?  
Dei sagde: ”Han alt hev gjort vel.”

### *”Eg tykkjer hjarteleg synd i folket”*

Ein gong i dei dagar det atter var samla  
so stor ei mengd, ville Meisteren møta.  
Han tenkte i kjærleik på alt, –  
gjorde det ogso den gong, –  
såg kva som vanta den veldige mengd,  
fylte so rikt deira trong.

Han læresveinane til seg kalla.  
Og då dei stod der, han til deim tala:  
”Eg synest hjarteleg synd i folket.  
Dei alt hev vore her dagar tri,  
og ingen ting hev dei no å eta.  
Let eg deim fastande fara heim att,  
dei kunne ormektast då på veggen.  
Eg vil ikkje senda deim svoltne frå meg.  
Og lange vegar hev sume kome.”

### *Sju brød og nokre få fiskar*

”Kvar kan ein vel her i øydemarki  
få brød frå, so me kan alle metta  
og hungeren til den hopen stetta?”  
So svara rådlause læresveinar.  
”Kor mange brød hev de?” spurde Jesus. –  
”Sju leivar,” sa dei, ”og nokre fiskar,  
og dei er fåe, og attåt småe.”

På Jesu bod sette folkehopen  
seg ned på marki.  
Og so tok Jesus dei sju brødleivar;  
og deim velsigna, og takka Gud,  
som gjev gode gåvor.

So braut han brødet, og først det flidde  
til sine sveinar.

Og dei for folket det sette fram.  
Dei små fiskar han òg velsigna,  
og sa dei òg skulle delast ut.

So åt dei alle, og mette vart dei.  
Dei sidan molane samla saman  
som vart til overs, – sju fulle korger.  
Dei som den gongen fekk seg sin mette  
i øydemarki, var fire tusund,  
forutan kvinnor og born.  
So bad han farvel med folket. –

### *Himmelen er raud og myrk*

Straks etter gjekk Jesus i båten,  
med læresveinane sine.  
Til bygdi Dalmanuta fór dei,  
i nærleiken av Magadan,  
på vestsida av sjøen.  
Der var det at dette hende:

Endå ein gong kom hans motmänner til han –  
saddukearar og dei ”fromme” –  
ordkastast med han og Meisteren bad  
at han eit teikn ifrå himmelen gav deim.  
Dette dei kravde for honom å freista.  
Då sukka Jesus av hjartans grunn,  
sine motmänner svara og sagde:

”Kvi krev denne ætti eit teikn? –  
Om kvelden dei seier: Fint ver det vert;  
for himmelen rodar no.”

Og so de om morgonen seier:  
”Det vert uvêr i dag;  
for himmelen er raud og myrk.”

Om himmels-bragdi de veit å døma;  
men tidarteikni de ei kan tyda.  
Ei vond og utru ætt krev teikn;  
men denne ætti skal ikkje få  
noko anna teikn enn Jona-teiknet.” –

So snudde han seg frå deim, og bort han gjekk,  
med sine vener steig om bord  
og over til hi sida fjorden fór.

### *Den fårlege surdeigen*

Dei hadde gløymt å ta med seg brød.  
Ein leiv var alt dei hadde med.  
So vara han dei åt, og sa:  
”Sjå de dykk føre, akta dykk  
for farisear-surdeigen og saddukear-surdeigen  
og surdeigen til kong Herodes!”  
Dei tolv då sagde seg imillom:  
”Det er av di me ei tok med oss brød.” –  
Men Jesus gådde det og sagde:

”Kvi talar de slik dykk imillom  
om det at de hev ikkje brød,  
de menn av liti tru?”  
Hev enno de so lite vit  
og ser og skjønar ingen ting?  
Er hjarto dykkar so trege?

Hev de då augo – og ikkje ser?  
Og hev de øyro – og ikkje høyrer?

Kjem de då ikkje i hug  
då eg braut dei brødleiver fem  
til dei fem tusund mann –  
kor mange korger av brødmolar fulle  
tok de då opp?” –  
”Tolv,” svara dei.

”Og då eg dei leivane sju bytte ut  
åt dei fire tusund mann,  
kor mange fulle brødkorger tok de då opp?” –  
”Sju,” svara dei. –  
”Skjønar de endå ingen ting?” sa han då.  
”Kan de ’kje skjøna det var ’kje om brød  
eg tala til dykk? Men akta dykk vel  
for farisear- og saddukear-surdeigen!”

Då skjøna hans læresveinar:  
Det var ikkje surdeig i brød  
Meisteren hadde meint,  
men saddukear-læra  
og læra åt ”dei fromme”.

### *Den blinde fekk skoda Guds fagre verd*

So kom dei til Betsaida, –  
Andreas og Peter sin by,  
og barndomsbyen til Filip. –  
Eit under gjer Jesus på ny.  
Der leidde dei fram til honom  
ein blind og stakkarsleg mann  
og bad at han ville leggja  
på honom si lækjande hand.

Då tok han den blinde i handi  
og leidde han ut or grendi.  
Han vätte dei slokna augo  
med råke av munnen sin,  
la hendene på han og spurde så:  
”Kan noko du sjå?”

Mannen såg opp og sagde:  
”Eg augnar folk som gjeng omkring.  
Dei ser ut for meg som tre.”

So lagde Jesus enn ein gong  
sine hender på augo hans.

Då braut syni hans fram;  
allting skilde han klårt.  
Han var lækt, og i sjeli det song.  
Han såg ljuset sin fagre glans.

Og medan han stod der so glødd og glad,  
Meisteren sende han heimatt og sa:

”Gakk ikkje i grendi inn,  
og seg det ikkje til nokon der!” –  
Den blinde fekk skoda Guds fagre verd.  
Det jubla og song i hans sinn. –

### *Kven seier folk at eg er?*

Under det kvitkrona Hermon-fjellet,  
nørdst i Det heilage landet,  
ligg Cesarea Filippi.

Til bygdene kring den byen  
Meisteren no er på vandring,  
i lag med disiplane sine.

Ein dag han var på den ferdi,  
var han åleine i bøn.  
Då spurde han sveinane sine:  
"Kven seier no folk at eg er?  
Kva trur dei om Menneskesonen?"

Då svara dei: "Somme seier:  
"Han er Johannes den døypar."  
Andre seier: "Elia,"  
og andre igjen: "Jeremia," –  
og andre at ein av dei gamle  
profetar hev stade opp att."

Inn mot hjarta søkjer  
Meisterens neste spørsmål:  
"Men kven seier so de at eg er?"

Då var det at Simon Peter  
kom med si store vedkjenning.  
Han tok til ords og svara:  
"Du er *Messias* – *Kristus* –  
*Son av den levande Gud!*"

### *Sæl er du, Simon, son av Jona!*

Då Meisteren sagde til honom:  
"Sæl er du, Simon, son av Jona!  
For kjøt og blod er det ikkje  
som hev openberra deg dette,  
men Far min som er i himlen.

Og no seier eg deg: Du er Peter.  
Over det berg vil eg byggja mi kyrkja.  
Og helheimens portar skal ikkje få  
henne til jordi slå.

Eg himmelriks-lyklane gjev deg.  
Og det som på jordi du bind,  
i himmelen bunde skal vera.  
Og det som på jordi du løyser,  
skal vera i himmelen løyst."

So la han dei strengt på hjarta:  
ikkje med nokon seia  
at han var Guds Messias.

### *Korset kastar skugge*

So skulle ein venta: no byrja  
den veldige sigers-ferdi  
åt han som var komen til verdi  
og skulle som konge regjera,  
tufta og byggja Guds rike. –  
Voner og ventingar slike  
læresveinane hyste.

Då var det at Meisteren byrja  
eit underleg ord å tala,  
som inn over lagnaden lyste.

Han læresveinane synte:  
Han laut til Jerusalem fara.  
Der Menneskesonen laut lida;  
han mykje vondt måtte tola.

Og der vil dei honom vraka,  
alle dei øvste prestar,  
dei skriftlærde og dei eldste.  
Ja, dei vil honom drepa,  
og han lyt lata livet.

Men tredje dagen skulle  
han opp frå dei døde standa.  
Dette sa han med reine ord.

Då Peter tok honom til sides,  
tok til tala honom til rettes, –  
ein læresvein lærer sin meister:  
Han sagde: ”Gud hjelpe deg, Herre!  
Slikt må deg aldri henda!”

Men Jesus seg snudde, og då han såg  
læresveinane sine,  
strengt han til Peter tala:

”Gakk utor augo mine, Satan!  
Du set ei snara for meg.  
Du hev ikkje sans for Guds vilje,  
men bare for det som menneske vil.”

### *Om du vinn all verdi –*

So kalla han folket til seg,  
og læresveinane sine.  
Han ord i alvor tala:

”Vil nokon vera i lag med meg,  
so lyt seg sjølv han gløyma,  
kvar dag taka krossen sin opp  
og fylgja meg  
på livsens tronge veg.

For den som vil livet sitt berga,  
han skal mista det.  
Men den som mister livet  
for mi og evangeliet skuld,  
skal finna og berga det.

For kva batar det eit menneske  
om heile verdi han vinn,  
men lider den skade å tapa si sjel  
og øyda seg sjølv?  
For kva kan eit menneske gjeva  
i byte for sjeli si?

### *Han koma skal i herlegdom*

Den som skjemmest ved meg og mine ord  
i denne utru og syndige ætt,  
han skal Menneskesonen òg skjemmast ved  
når ein gong han kjem i sin og sin Fars  
og dei heilage englars herlegdom.

Og då skal han gjeva kvar og ein  
like for det dei hev gjort.

Men det seier eg dykk med sannom:  
Somme av deim som her no stend,  
skal ikkje smaka døden  
før dei hev sett Menneskesonen  
koma i kongeleg velde, –  
at Guds rike hev kome med makt.”

### *Høgt oppi Hermon-fjellet*

Seks dagar etter skjedde  
det som me no skal fortelja.

Fagert er Store Hermon,  
fjellet der lengst i nord.

Snøen kring krunga kviler.  
Liljor ved foten gror.

Jesus tok Peter med seg,  
Johannes og Jakob òg.  
Høgt opp i Store Hermon  
det firkløver-fylgjet drog.

Der var dei i stilla åleine,  
i fjell-lufti skir og rein.  
Med eitt vart Jesus forklåra.  
Hans åsyn som soli skein.

Det var mens han bad, det hende, –  
til bøn var det dit opp dei gjekk.  
Hans åsyn var annleis å sjå til.  
Det var som ein ny dām det fekk.

Og kleidi, dei skein som lynet, –  
ein glimande ljøsens brand, –  
so ingen bleikjar i verdi  
so kvite deim gjera kan.

Det evige livet var det  
som braut gjenom tenarens drakt.  
Dei såg ein skimt av hans guddom,  
hans himmelske herlegdoms prakt.

### *Moses og Elia kjem*

Då brått stod det fram der på fjellet  
i lysglans to kvitkledde menn:  
profeten Elia og Moses.  
Dei der attmed Meisteren stend, –  
to hovdingar høge og hæve,  
dei fremste frå framfari tid.

Guds kjempor var dei på jordi,  
for sanningi stridde sin strid.

Og no fekk Messias dei møta,  
ein glimt av hans guddoms-glans sjå, –  
Guds Son, men òg Menneskesonen.  
Dei fegnast og fryda seg då.

Dei kom ifrå paradís-landet,  
i herlegdom synte dei seg.  
Dei tala om Frelsaens bortgang  
frå lidingsfull sonofferveg.

Dei visste: Messias lyt lida.  
I Jerusalem henda det skal.  
Han gjer det for verdi å frelsa  
frå syndi sitt djupe fall.

Dei tri som med Mesteren fylgde,  
på fjellet dei sovande låg.  
Men då dei lysvakne var vortne,  
dei Frelsaens herlegdom såg.

Dei såg kor det lyste av honom,  
kor kleidi hans skein som eit lyn.  
Dei skoda Elia og Moses,  
og stokk ved det himmelske syn.

### *Tri hyttor vil eg byggja*

Elia og Moses laut skiljast  
med Jesus, og velfar dei bad.  
Då Peter var frampå, som elles.  
Han visste 'kje då kva han sa:

”No er det godt at me er her.  
Og vil du, vår meister, skal eg  
byggja tri hyttor her oppe,  
til Moses, Elia og deg.”

Han ville nok halde attende  
dei to frå den andre verd,  
i lag med deim vera på fjellet  
og med honom dei hadde so kjær.

Ei sky kom, og over deim skygde, –  
den skyi var ljøs og bjart. –  
Og då dei kom inn i henne,  
då fælende redde dei vart.

Då kom det ei røyst utor skyi.  
Ho lydde frå himmelens hallar.  
Ho kom frå den opphøgde herlegdom,  
og enno på ættene kallar:

*”Dette er Son min,  
han som eg elsker,  
han eg hev hugnad i,  
han eg hev kåra meg ut.  
Han skal de høyra på!”*

Då disiplane hørde dette,  
då kasta dei seg å gruve,  
og ovleg redde dei var.  
Men Jesus gjekk bort, lagde handi på deim,  
og sa: ”Reis dykk opp: Ver ’kje redde!”

Men best som dei skoda ikring seg,  
såg dei ingen ting meir utan Jesus.  
Han var åleine hjå deim.

### *Sæle de læresveinar!*

Sæle de læresveinar som Jesus i herlegdom såg,  
der oppe i Hermon-fjellet,  
då lysglansen over han låg, –

som møtte Elia og Moses  
og hørde dei livsæle ord, –  
den sælaste syni som nokon  
fekk sjå på den aldrande jord!

Men det er den dyre voni:  
Me ogso eingong skal han sjå,  
når pilegrims-ferdi vår endar.  
Å, kor skal me fryda oss då!  
So stutt var den store stundi  
på snøkledd Hermon-fjell.  
Men der skal hjå han me få vera,  
der livsvåren æveleg vell.

### *Ned frå fjellet*

So gjekk dei då ned frå fjellet,  
og Jesus sagde til deim:  
”Tala ikkje til nokon om syni de såg  
før Menneskesonen er staden opp  
frå dei døde!”

Dei merka seg det ordet,  
men undrast seg imillom  
kva *det* vel kunne tyda:  
opp frå dei døde standa.  
Og so dei til han sagde:  
”Kvi seier då dei lærde:  
”Først lyt Elia koma?”  
”Jau, først so kjem Elia.  
Han alt i stand skal setja.  
Men seg, kva er i Skrifti  
om Menneskesonen skrive? –  
at han skal lida mykje,  
for inkje verta akta!

Men det for sant eg seier:  
Elia òg er komen,  
og dei med honom gjorde  
alt det dei gjerne ville,  
som det om han er skrive.  
Dei kjendest ikkje ved han.  
Slik kjem dei til å fara  
med Menneskesonen ogso.”

Då skjøna dei: Johannes den døypar  
er det Jesus no talar til oss om.

### *Frå helgefred til natt og naud*

Der oppe på fjellet var helgefred.  
Og himmelen var so nær.  
Då so dei i dalen var komne ned,  
då møtte dei natt og naud.  
Der rådde demonars hær.

Dei fire som kom frå den store ro,  
dei møtte ein folkehøp  
som kringom disiplane flokka seg  
med tretting og høge rop.

### *Nede i dalen*

Ned frå fjellet – ned i dalen,  
ned til dagsens strid og kav.  
Ned frå herleg, himmelsk lysglans  
til det myrke lidings-hav.  
Ned frå høge himmel-gjester  
til ein kvardag grå og arm.  
ned frå fred og heilag stilla,  
ned til verdsens ståk og larm.

Der dei møter natt-demonar,  
i eit lidings-djup ser inn.  
Der – i strid med myrke makter –  
er det bare ein som vinn.

Med det same folkemengdi  
fekk sjå Jesus, stokk dei til,  
sprang imot han, og dei helsar.  
Det er noko dei han vil.

Lærde menn var med i laget  
i ei stoda vonlaus, svart.  
Dei med Jesu læresveinar  
var i ordkast heitt og hardt.

### *Stakkars gut!*

”Kva er det de dregst med dei om?” spurde Jesus.  
Då kom det frå ein i den hopen det svar:  
”Meister, eg til deg med son min er komen,  
det einaste barnet eg har.”  
Eit naudrop det er i fortvilning, frå far.  
Han for Jesus på kne fall ned.

”Han ei mållaus ånd hev i seg.  
Hardt ho tek han, riv og slit.  
Då han brått set i og hujar,  
han skjer tenner, bort han visnar.  
Utor munnen stend fraudi kvit.  
Det er med naud og neppe  
at ho vil guten sleppe.

Tidt den arme dett i elden.  
Tidt i vatnet fell han ned.  
Å, gjer sælebot mot son min!”  
Inderleg han Jesus bed.



”Eg til dine læresveinar  
tok den nedfallsjuke gut.  
Men dei kunne ikkje hjelpa.  
Difor er so tung mi sut.”

### *Kom til meg med guten!*

Då tok Jesus til ords, og han sagde:  
”Å, du vantru og vrangsnudde ætt!  
Kor lenge skal eg dykk vel tola?” –  
Dei so streng hadde sjeldan han sett.

”Kom til meg med han!” Meisteren sagde.  
So den arme ved handi dei tok.  
I den stund han fekk auga på Jesus,  
guten riste; han skolv og han skok.

Åndi reiv i han, rasa i sinne,  
so han stupte mot marki og fall.  
Og han låg der, togg skum og seg tvinna  
i den vonde demonen sitt vald.

### *Frå han var eit lite barn*

”Kor lenge hev han hatt det so?”  
spurde Jesus mildt.  
”Alt frå han var eit lite barn,”  
svara faren stilt.

”Ofte åndi kasta han  
ned i vatn og eld,  
og vil tyna honom reint  
når han soleis fell.

Men om det er mogeleg, –  
om du, Meister, kan,  
so må du miskunna deg,  
hjelpa oss og han!”

Jesus svara: ”Om eg kan!”  
seg mot faren snur.  
”Alt er mogeleg for den  
som trur!”

Straks ropa far åt barnet, –  
av ihuge han brenn:  
”Eg trur, å, hjelp mi vantru!”  
Dei ordi lever enn.

### *Frisk og fri*

Då Jesus såg at folket strøymde til,  
då truga han åndi so urein og vill.  
”Du mållause ånd, du dauve ånd,  
eg seier til deg: Far ut or han!  
Og far aldri i han meir!”  
Då huja ho, i guten reiv ho hardt,  
og før or honom ut.  
Og som eit lik det arme kryptet vart.  
So sa dei fleste om den stakkars gut:  
”No hev han slokna.”

Men Jesus tok han i handi,  
og vekte honom igjen.  
Han reiste seg opp, og frisk og fri  
på føtende han stend. –  
Jesus gav han attende til far.

Og alle vert tekne av age  
og undring over Guds velde,  
hans makt og hans majestet,  
då dei såg profeten frå Nasaret  
myrkheimens makter felde.

### *Då slaget var stilna*

Då slaget omsider var enda  
og stilna var stormens brus  
og Meisterens læresveinar  
med honom var komne i hus,  
då sa dei til honom: ”Meister,  
du lækte den sjuke gut.  
Kor kan det då ha seg at ikkje me  
kunne drivi den åndi ut?”

Då måtte Jesus deim svara:  
”Av di de so vantru er.  
Det seier eg dykk for visst og sant” –  
og so dei den bodskapen fær:

”Om tru de hev, – sjølv om ho ikkje er  
større enn senapskornet, –  
so kan de seia til dette fjell:  
”Flytt du deg herfrå og dit!” –  
då det flytja seg skal.  
Og då ingen ting skal vera  
umogeleg for dykk.

Men dette slag som de såg no i dag,  
det gjeng ikkje ut utan med bøn og fasta.”

### *Lat ordi i øyra søkkja!*

So vandra dei frå Hermon vekk,  
og gjennom Galilea gjekk.  
Men han ville ikkje nokon  
skulle vite det.

For i einsemd, ro og fred  
ville læresveinane han læra  
om den lagnad som han venta  
når han kom til hovudstaden.

So, mens alle storleg undrast  
over underi han gjorde,  
sagde han til sine sveinar:  
”Høyr vel etter desse ordi,  
og lat dei i øyro søkkja,  
so de ikkje bort deim gløymer,  
men i hjartans djup deim gøymer:

”Menneskesonen skal gjevast  
over i menneskehender.  
Og dei skal honom drepa.  
Og når han so er drepen, –  
tri dagar etter, – skal han  
or gravi atter risa.”

Men dei skjøna ikkje det ordet.  
Det var dult for deim so dei ikkje  
kunne få tak på det.  
Og dei torde ’kje spørja han om det.  
Men ovleg sorgfulle vart dei.

## *Fisken og dalaren*

Atter kom dei til byen ved sjøen,  
Kapernaum, Jesu by.  
Då kom dei som kravde inn tempelskatten,  
til Peter ein dag og sagde:  
”Legg ikkje meisteren dykkar  
skatt til Herrens tempel?”

”Jau,” svara Simon, og gjekk i huset inn.  
Før han noko fekk sagt, spurde Jesus:  
”Kva meiner du, Simon Peter?  
Kven tek kongane på jordi  
toll av, eller skatt av?  
Av borni sine eller dei framande?”

”Av framande,” var Peters svar.  
”So er då borni skattefrie.  
Men me vil ikkje arga deim.  
Gakk ned til sjøen, kasta kroken ut,  
og grip den første fisken som kjem opp!

Når du so opnar gapet hans,  
skal du ein stater\* finna.  
Tak den, og gjev den so for meg og deg!”

## *Pinleg episode*

Veslebarnet stend på tå,  
tøyer seg for høgt å nå,  
spør so far og mor:  
”Sjå, er eg ikkje stor!” –

\*Stater svara til den hebraiske sekel, og var om lag 3 kroner.  
Tempelskatten for kvar vaksen israelitt var ½ sekel.

Men korleis er det med vaksne då,  
for ikkje å nemna apostlane?  
Dei er vel for slike tankar i fred?

Stordoms-tanken trivst til alle tider.  
Kven vil ikkje vera best og først?  
Sjølv hjå Jesu vener voks den tanken:  
Kven av deim som vel var fremst og størst.

Jesus visste deira hjartans tankar.  
Då dei so kom til Kapernaum  
sa han: ”Seg meg no, kva var det  
som på vegen hit de tala om?”

Då tagde dei – dei skjemdes sakte alle.  
I hjarta kjende dei den harde dom  
fordi dei nyst so låke høgmodts-tankar  
i hugen deira hadde gjeve rom.

## *Han tok eit barn i famnen*

Då sette Jesus seg, og til seg kalla  
dei tolv, og tala desse sterke ord,  
som ei kom opp i noko mannehjarta  
og enno lyder kring den vide jord:

”Vil nokon vera den første,  
so skal han den siste vera  
av alle, og tenar for alle!”

So kalla han til seg eit lite barn,  
midt millom dei tolv det sette,  
tett innmed seg i stova.

”Det seier eg dykk for sant,” han sa:  
”Med mindre de vender om, og som borni vert,  
kjem de aldri inn i Guds rike.  
Den som liten seg gjer som dette barn,  
han er den største i himmelriket.”

So tok han den vesle i fanget sitt,  
strauk det på kinni so mildt og blidt,  
til læresveinane sagde:  
”Den som eit sovore barn tek imot,  
han meg tek imot.

Og den som meg tek imot, tek ei imot *meg*,  
men den som sende meg.  
For den som er minst av dykk alle, – han er stor.”

### *Bare ei skål med vatn*

Sjølv dei beste og største kan taka i miss.  
So myrk er vår hug og vår tanke.  
Åleine Guds Ande kan klåra vårt vit,  
ved sannings-ljoset det blanke.

Johannes ein gong kom til Jesus og sa:  
”Meister, me såg her ein dag  
at ein mann som ikkje med oss er i lag,  
vonde ånder dreiv ut i ditt namn.  
Me forbaud honom det av di ikkje han var  
i fylgje med oss.” – Han fekk dette svar:

”De skal ikkje forby honom dette!  
For den som eit under i namnet mitt gjer,  
kan ikkje so snart tala ille om meg.

Og den som ikkje er mot oss, er med oss.  
For den som gjev dykk ei skål med vatn  
av di Kristus de høyrer til, –  
det seier eg dykk for visst og sant:  
Han skal ikkje mista si løn.”

### *Møllesteinen*

Ord i alvor tala Jesus  
då på freistingar han tenkte  
og på deim som ville øyda  
verjelause barnesjeler:

”Men den som freistar ein av desse små  
som trur på meg, til synd,  
for han var det betre dei hadde hengt  
ein kvernstein om halsen på han  
og søkt han ned i det djupaste havet.

Ve over verdi for freistingi hennar!  
Freistingar lyt det nok koma;  
men ve over den som ho kjem ifrå”

Om handi di eller foten din  
vil freista deg til synd,  
so hogg deim av, og hiv deim frå deg!  
Det betre er for deg å gå  
halt eller vanfør til livet inn  
enn hava hender og føter to  
og verta kasta i helvetet,  
i den usløkkjande, evige elden.

Og er det ditt auga som freistar deg til synd,  
so riv det ut og hiv det frå deg!

Det er betre for deg ganga einøygd  
inn til det evige livet  
enn hava begge augo  
og bli kasta i helvetes-elden,  
der ormen deira ikkje døy  
og elden ikkje sloknar.

Sjå til at de ikkje vanvyrder  
ein av desse små!  
For det eg dykk seier, at englane deira  
i himmelen, alltid fær sjå  
min himmelske Faders åsyn.

For kvar ein skal saltast med eld.  
Og kvart offer skal saltast med salt.  
Ein god ting er saltet.  
Men dersom det mister si saltkraft,  
kva vil de så salta det med?  
Hav salt i dykk sjølve – og haldt fred med  
kvarandre!”

### *”Kva meiner de?”*

”Kva meiner de?” held Meisteren fram.  
”Om ein mann hev hundrad sauer  
og ein av deim villar seg vekk, –  
let han ’kje då dei ni og nitti  
ganga lause i fjellet  
og tek so ut på leiting  
etter den som fer vilt?

Og hender det so at han finn han,  
då seier eg dykk for visst:

Han gleder seg meir over sauene han fann,  
enn over dei ni og nitti  
som ikkje hev villa seg vekk.

Slik vil ’kje heller dykkar himmelske Far  
at ein einaste ein av desse små  
fortapt skal gå.

### *Hev bror din synda mot deg –*

Hev bror din synda imot deg,  
so skal du gå til han,  
tala honom til rettes på tomannshand.  
Høyrer han då på deg,  
so hev du bror din vunne.

Men vil han ’kje høyra, so skal du ta med deg  
endå ein eller to,  
so kvar ein ting kan bli stadfest  
med to eller tri manns vitnemål.

Men høyrer han ikkje på deim,  
so seg det til kyrkjelyden!  
Og høyrer han ikkje på kyrkjelyden heller,  
ja, då skal han vera for deg  
som ein heidning og ein tollmann.

### *Mektiv lovnad*

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Alt det de bind på jordi,  
i himmelen bunde skal vera.  
Og alt det de løyser på jordi,  
skal vera i himmelen løyst.

Og sameleis seier eg til dykk:  
Alt det som to av dykk her på jordi  
er samde om å be om,  
det skal dei få av min himmelske Far.  
For der to eller tri er samla i mitt namn,  
der er eg sjølv midt iblant deim.

### *70 gonger 7!*

Fritt-talande Peter gjekk fram og sa:  
”Herre, kor mange gonger  
skal eg tilgjeva bror min  
når han hev synda imot meg?  
Skal eg sju gonger tilgjeva honom?”

Jesus sin læresvein svara og sagde:  
”Ikke sju gonger, seier eg deg,  
men sytti gonger sju skal du tilgje!

### *10 000 talentars gjeld*

For Guds rike kan liknast med ein konge  
som ynskte å gjera opp  
rekneskapen med tenestefolket.

Då so med den oppgjerd han tok til,  
då førde dei fram for honom  
ein som var skuldig ti tusund talentar.\*  
Men han hadde ’kje noko å betala med.

So sa herren hans: ”Mannen skal seljast,  
både han og kona hans med,  
og borni og alt det han eig,  
so gjeldi kan betalast.”

Då fall den stakkars tenar på kne  
for herren sin, og sagde:  
”Hav tol med meg, so skal alt du få!”  
Då tykte herren hans synd i sin tenar.  
Han gav honom fri og ettergav han  
ti tusund talentars skuld.

### *Utruleg trongt var hjarta*

Då den same tenar kom ut att,  
han møtte ein medarbeidar  
som var han hundrad peningar\*\* skuldig.

Han greip han, og ville han strøypa, og sa:  
”Kom hit med det du er meg skuldig!”

Då fall den andre på kne for honom,  
bad pent for seg og sagde:  
”Hav tol med meg, so skal du få det!”  
Men hardhjarta var han og ville ikkje,  
sette medtenaren sin i fengsel.  
Der skulle han sitja til skuldi var greidd. –

Då dei andre tenarar såg kva som hende,  
då vart dei ille ved.  
So gjekk dei til herren sin og fortalde  
alt det vonde som var hendt.

Då kalla herren han føre seg, sagde:  
”Du vonde tenar!  
Heile den store skuldi di  
ettergav eg deg då du meg bad.

\* Talent – 6 000 drakmer (denarer). 1 denar var vanleg dagløn  
for ein arbeidar.

\*\* Pening = denar.

Skulle so ikkje du òg ha vore  
mild mot medtenaren din,  
som eg hev vore mot deg!

Og herren hans vart harm, gav han over  
til fangevaktarar harde,  
til dess han hadde betalt  
heile si store skuld. –  
So skal òg Far min i himmelen  
gjera med dykk når de ikkje  
av hjarta tilgjev kvarandre.”

## AUGO VENDE MOT JERUSALEM

### *Lauvhytte-helgi seg nærmar*

Meisteren no hadde fare kringom i Galilea.  
Han ville 'kje ferdast ikring der sud,  
i Judeas byar og bygder.  
For jødane stod han etter livet.

No enda var nåde-året  
for Galilea-landet,  
bygdene der i nord,  
der rikt og raust han sådde Guds ord.  
Snart skulle han derifrå fara.

For ut mot den tidi leid det  
at opp han til Gud skulle takast.  
Då vende han augo sine  
stødt mot Jerusalem.  
Dit etla no Meisteren seg.

So leid det fram til den jødiske helg  
dei lauvhytte-høgtidi kallar.\*  
Då sagde brørne hans til han:  
”Far herifrå, og far til Judea,  
so læresveinane dine  
fær sjå dei verki du gjer!  
For ingen som namnspurd vil vera,  
han noko i løynd vil gjera.  
Når du gjer slike ting,  
so syn deg for verdi fram.” –  
For brørne hans trudde 'kje på han, dei heller.

\* Lauvhyttefesten i september-oktober. Folk flytte ut og budde i lauvhytter den veka festen varde.

*”Mi tid er ’kje enno komi.”*

Meisteren brørne svara:  
”Mi tid er ’kje enno komi.  
Men for dykk er det allstødt lagleg tid.”

So sa han til brørne sine,  
og vart verande i Galilea.  
Men då dei til lauvhytte-helgi  
i den heilage byen var farne,  
då fór han òg dit, – ikkje berrsynt,  
men som i løynd.

*Eld frå himmelen?*

På vegen mot sud sende Meisteren bod føre seg.  
Dei gjekk då av stad, og kom inn i ein by i Samaria,  
skulle tinga herbyrge for Jesus.  
Men dei tok ’kje imot han, av di åsyni hans  
var vend mot Jerusalem.

Då so Jakob og Johannes, hans læresveinar,  
såg det, dei harmast og sagde:  
”Herre, vil du me skal seia  
det eld ned frå himlen skal koma  
og øyda deim, slik som Elia,  
profeten, gjorde på Karmel?”

Då vende seg Meisteren mot deim,  
og strengt til dei to han tala:  
”De veit ’kje kva ånd de er av.  
Menneskesonen er ikkje komen  
for menneskeliv å øyda.  
Han komen er for å frelsa.” –  
So gjekk dei til ei onnor grend. –

*Revane hev holer, men –*

Medan dei vandra på vegen,  
den lovnaden Jesus får  
av ein som var med i flokken, –  
ein av dei skriftlærde var han:  
”Eg vil fylgja deg kvar du so går.”

Svaret frå Meisteren lydde:  
”Revane, dei hev holer,  
og himmelens fuglar reir.  
Men Menneskesonen, han hev ikkje det  
han kan halda sitt hovud nedpå.”

Han møtte ein annan, ein læresvein,  
og sagde til honom: ”Fylg meg!”  
Men Meisteren fekk det svar:  
”Herre, du først må gjeva meg lov  
gå bort og gravleggja far!”

Men han sagde til han desse ordi,  
som ei frå vår ætt hev vike:

”Lat dei døde jorda sine døde!  
Men gakk du i veg og forkynn Guds rike!”

*Hev handi du lagt på ploegen –*

Ein annan sa òg: ”Eg vil fylgja deg, Herre.  
Men først må du gjeva meg lov  
ganga heim, be farvel med dei kjære der,  
som stend meg i livet so nær!”

Men Jesus sagde til honom  
dei alvors-ord utan like:



”Ingen som handi på plogen hev lagt  
og sidan ser seg tilbake,  
er skikka for himmelens rike!”

### *Den festlege lauvhytte-helg*

Lauvhytte-helgi er komen.  
Folk ifrå heile landet  
er i den heilage byen.  
Sju dagar festen skal vara.

Frukt av dei finaste trei  
skal dei i lauvhyttor nyta,  
lovsyngja Herren, som folket  
fylgde på øydemarks-ferdi  
då dei i lauvhyttor levde, –  
høglova han som gjev grøda,  
aks på dei gulnande åkrar,  
alde på bognande greiner.

Glade til Siloa-kjelda  
drog dei kvar einaste morgon.  
Ferdi tok til innmed templet.  
Fremst gjekk ein prest i det fylgjet.

Nede ved Siloa-dammen  
tok han ei gyllen krukka,  
henne med kjelde-vatn fylte.  
So – under folket sin jubel –  
bar han den krukka attende  
til føregarden i templet.

Der steig han opp på det høge  
brennoffer-alter og helte  
vatnet som drykkoffer ut,

alt medan tempel-musikken  
spela, og folkeskaren  
song frå profeten Jesaja:

”Og de skal ausa med fagnad  
vatn ifrå frelse-kjelda!”

### *Han hev ’kje gått nokon skule!*

På høgtidi jødane no etter Meisteren leita:  
”Kvar er han vel, denne mannen?”  
Og det var mykje mulling om honom.  
Sume sagde: ”Ein god mann han er!”  
”Nei,” meinte andre, ”han folket forvillar.”

Men ingen fritt ut om Meisteren tala.  
Dei redde for jødane var.

Då det leid midt uti lauvhytte-helgi,  
var det at Jesus frå Nasaret  
gjekk opp i templet og lærde.  
Jødane stod der og lydde,  
undra seg storleg og spurde:  
”Kvar hev han vel lærdomen frå?  
Han hev då ’kje gått nokon skule.”

### *Kvi tenkjer de på å drepa meg?*

Til ords tok då Jesus og sagde:  
”Mi læra er ikkje mi, men hans som sende meg.  
Vil nokon gjera hans vilje, han røyna skal  
om læra mi er ifrå Gud,  
eller om av meg sjølv eg talar.

Kvar ein som talar av seg sjølv,  
han søker si eigi æra.  
Men den som søker æra åt den  
som honom hev sendt, han sannordig er,  
og det finnst ikkje urett i han.

Hev ikkje Moses gjeve dykk lovi?  
Og ingen av dykk henne held!  
Kvi tenkjer de på å drepa meg?”

### *Du er forgjord!*

”Du er forgjord!” svara folket.  
”Kven tenkjer vel på å drepa deg?”

Då svara Jesus: ”Eg gjorde eit verk  
som de alle undrar dykk over.  
Moses omskjeringi gav dykk –  
no, ho er ikkje frå Moses,  
men ifrå fedrene dykkar –  
og de eit menneske omskjer  
på sjølvaste sabbatsdagen.

Når no de på kviledagen  
omskjer eit menneske,  
so lovi åt Moses ikkje skal brjotast,  
er de då harme på meg fordi eit heilt menneske  
eg godt att på sabbaten gjorde?  
Døm ikkje etter det de ser,  
men lat domen vera rettferdig!”

### *Jesus ropar i templet*

Då var det nokre som sagde,  
av deim frå Jerusalem:

”Seg, er ’kje dette den mannen  
som jødane tenkjer å drepa?  
Fritt ut han no talar,  
og ikkje eit ord dei seier til honom!  
Skulle dei styrande retteleg  
ha skjøna at han er Messias?”

Men om denne mannen veit me  
kvar han er komen ifrå,  
og når Messias kjem, veit ingen  
kvar ifrå han er.”

Difor var det at Jesus ropa,  
medan i templet han var:  
”Ja, de meg kjenner,  
veit òg kvar eg er ifrå.  
Og endå eg er ikkje komen av meg sjølv.  
Men ein som hev makt til å senda,  
han hev meg sendt,  
han som de ikkje kjenner.  
Eg honom kjenner; for eg kjem ifrå han.  
Og det var han som meg sende.”

### *Då ville dei gripa Jesus*

Då ville dei gripa Jesus.  
Men ingen la hand på honom;  
for enn var ’kje tidi hans komi.

Men mange av folket trudde på han.  
Og dei sa: ”Når Messias kjem,  
tru då han skal gjera fleire teikn  
enn denne mannen hev gjort?”

”Dei fromme” hørde at folket mulla  
soleis om honom, og so dei sende –  
i lag med dei øvste prestar –  
sveinar som skulle han gripa.

### *Endå ei liti stund –*

Då sagde Jesus dei vemods-ordi:  
”Endå ei liti stund  
er eg hjå dykk, so gjeng eg bort,  
til honom som sende meg.  
Då skal de leita og leita,  
og finne meg ikkje de skal.  
For der eg er, kan de ikkje koma.”

Då sagde jødane seg imillom:  
”Kvar vil han vel fara  
sidan ikkje me honom skal finna?  
Tru han vil fara til våre landsmenn  
som bur millom grekarane  
og for grekarane preika?  
Kva meinte han vel med dei ordi han sa:  
”Leita de skal etter meg, og ikkje meg finna,  
og der eg er, kan de ikkje koma?”

### *Den siste, den store dagen*

Den siste dagen er komen,  
den største i lauvhytte-helgi,  
Hosianna-dagen dei kalla.  
Då prestane sju gonger toga  
kring altaret utanfor templet,  
berande pile-greiner.  
Det store Hosianna song dei.

Og so dei med jubel henta  
vatn i den gyldne krukka  
nede ved Siloa-kjelda.

So var vel alle glade, –  
glade i hjartegrunnen,  
ikkje bare med munnen?  
So hadde vel alle drukke  
so dei var utyrste vortne  
og dei no heim kunne fara  
med freden som flodi i hugen?

### *Elvar med levande vatn*

Jesus såg like til botnen  
i hjarta sin djupe grunn.  
Som han no stod der i templet,  
opna han atter sin munn,  
tala dei sterke, store ord  
som enno tonar utover jord.  
Han ropa dei ut over mengdi  
i denne store stund:

”Om nokon tyrstar, so lat han koma  
til meg og drikk!  
Kvar den som trur på meg,  
ifrå hans liv skal –  
som Skrifti seier –  
det renna straumar av livsens vatn.”

Det sagde Jesus om Heilag-Anden  
dei skulle få, dei som trudde på han.  
For endå var ikkje Anden komen;  
for Jesus var ikkje endå vorten  
herleggjord i Guds høge himmel.

## *Kløyving for Jesu skuld*

Sume blant folket sagde  
då desse ord dei høyrde:  
”Dette må sanneleg vera profeten!”  
Andre sagde: ”Messias.”  
Men atter andre meinte:  
”Messias, han kjem då vel ikkje  
frå Galilea-landet?  
Hev ikkje Skrifti sagt oss:  
”Av Davids ætt er Messias  
og kjem ifrå Betlehem,  
den by som var Davids heimstad?”

Soleis kløyvde seg folket  
i flokkar for Jesu skuld.  
Sume av dei var huga  
å gripa han med det same.  
Men lell lagde ingen hand på honom.

### *”Ingen hev tala som han”*

Då sveinane so kom attende,  
dei øvste prestane sagde, og farisear-flokken:  
”Kvi tok de han ikkje med dykk?” –  
Sveinane svara: ”Aldri  
hev noko menneske tala som han.”

Då sa farisear-flokken:  
”Hev ogso de vorte dårå?  
Er det vel nokon av deim som styrer  
og råder, som trur på honom,  
eller nokon av oss, dei fromme?  
Men denne hop som ikkje kjenner lovi,  
han er forbanna.”

## *Me møter atter Nikodemus*

Seier so Nikodemus, han som eingong var komen  
til Jesus – det var om natti –  
og høyrde til flokken deira!

”Dømer vel lovi vår nokon  
før dei hev høyrte på honom  
og fenge vita kva mannen gjer?”

”Kan henda du ogso,” sa dei,  
”er frå Galilea.

Bare granska, so fær du sjå  
at aldri kjem nokon Guds profet  
frå Galilea-landet?” –  
So gjekk dei, kvar ein, heim til seg.

## *Ei kvinna skal steinast*

Jesus gjekk til Oljeberget.  
So strid ein dag var til ende.  
Men morgonen etter å nyo han  
tilbake til templet vende.

Då kjem det eit fylgje av hardhjarta menn, –  
dei fremste av folket var det:  
skriftkloke karar, og so ”dei fromme”.  
Ei stakkars kvinna imillom deim stend.

Kvinna var teki i ekteskapsbrot, –  
det var både synd og skam.  
No kom dei med henne, dei harde hugar,  
og stelte henne for Meisteren fram.

Dei steina kvinna med augne-kasti,  
med iskalde, dømande ord,  
og sagde: ”Meister, dei denne kvinna  
kom over medan ho gjorde hor.

Og slike kvinnor skal steinast.  
Det Moses i lovi hev sagt.  
Kva meiner no du?” dei spurde,  
og nøye på svaret gav akt.

”No hev me i felle han fenge,  
og sidan me klaga han kan.”  
So tenkte dei arge motmenn.  
I skadefryd hjarta brann.

### *Den som er rein – kaste første stein!*

Men Meisteren tagde, – han lutte seg ned,  
med fingeren skreiv nokre ord.  
Han skreiv deim på marki, – me veit ikkje kva  
han rita på tiltrampa jord.

Dei grov og de spurde, – han rette seg opp.  
Hans åsyn var klår og rein.

So sa han: ”Lat den som er utan synd,  
kasta den første stein!”

Han lutte seg ned att, på marki skreiv.  
Då bort gjekk dei, ein etter hin.  
Dei eldste gjekk først, det sanna seg då:  
Kvar ein hev på skogen svin.  
Og flest hev dei som lengst hev levt.

### *Heller ikkje eg dømer deg*

Då alle sin veg hadde fare,  
var Jesus og kvinna tvo-eine. –  
ho som var skulda for synd og brot,  
og han, den heilage, reine.

Då opp han seg rette, og sagde  
til henne: ”Kvar er dei, kona?  
Hev ingen domen felt over deg?” –  
”Ingen, Herre,” ho svara spakt.  
No var for døden ho skona.

Då sagde Jesus til kvinna:  
”Eg heller ’kje dømer deg.  
Gakk heim, og synda so ikkje meir!” –  
So fór ho fri sin veg. –

Men aldri sidan i livet  
ho gløynde sin bergingsmann,  
som møtte henne med miskunn  
hennar fridomsbrev skreiv i sand.

### *Jesus talar ved tempelkista*

So tala Jesus atter til folket, og sagde:  
”Eg er verdi sitt ljøs.  
Den som meg fylgjer, skal ikkje i myrkret ganga,  
men hava livsens ljøs.”

Då sagde til honom ”dei fromme”:  
”Det er om deg sjølv du vitnar.  
Ditt vitnemål sæter ikkje.”

Men Meisteren svara: ”Om eg so  
vitnar no om meg sjølv,

so er mitt vitnemål sant.  
For eg veit kvar eg er komen ifrå,  
og eg veit kvar eg fer av.  
Men de veit ei kvar eg kjem ifrå,  
ei heller kvar eg fer av.

De dømer etter kjøtet. Eg dømer ingen, eg.  
Men om eg endå dømer, då domen min er rettviss.  
For eg er ikkje åleine; men eg og han som meg  
sende,  
me saman er. Og i dykkar lov stend skrive  
at to manns vitnemål sæter.  
Her er det eg som vitnar om meg sjølv.  
Og Faderen som sende meg, han vitnar òg  
om meg.”

”Kvar er din far?” dei spurde.  
Og Jesus svara deim so:  
”Korkje meg eller Far min de kjenner.  
Kjende de meg, so kjende de Far min òg”

Det var innmed tempelkista  
Jesus tala dei ordi,  
medan han lærde i templet.  
Og ingen la hand på honom;  
for endå hans tid var ’kje komi. –

### *De skal døy i syndi dykkar*

Ein annan gong sa Jesus til dei.  
”Eg gjeng bort, og de etter meg skal leita,  
og de skal døy i dykkar synder.  
Dit som eg gjeng, kan de ikkje koma.”

”Tru han vil drepa seg sjølv?” sagde jødane,  
sidan han seier: Dit som eg gjeng,  
kan ikkje de koma?”

Då sagde Jesus til deim:  
”Nedantil er de – ovantil eg.

De er frå denne verdi;  
frå denne verdi er ’kje eg.

Difor sagde eg til dykk  
at de i syndene dykkar skal døy.  
Når ikkje de trur at eg er den eg er,  
skal i syndene dykkar de døy.”

### *Kven er du?*

”Kven er du?” sagde dei til han. –  
”Kvi let eg ’kje heller reint vera  
å tala til dykk?” svara Jesus.  
”Mykje hev eg å seia og døma om dykk,”  
la han til.  
”Men han som meg sende, sannordig er.  
Og eg talar ’kje anna til verdi  
enn det eg hev høyrte av honom.”

Men endå dei ikkje skjøna:  
Det var hans himmelske Fader  
han tala til deim om.  
Difor sa Meisteren til deim:

”Når de fær Menneskesonen lyft opp,  
skjøna de skal at eg er den eg er  
og at eg ingen ting gjer av meg sjølv,  
men talar dette soleis som Far min lærde meg det.

Og han som meg sende, er med meg.  
Han let meg 'kje vera åleine;  
for allstødt eg gjer det som er han til hugnad.”

### *I sanning frie*

Då soleis han tala, det mange var  
som trudde på Menneskesonen.  
Og so han til jødane sagde,  
dei som på honom trudde:

”Vert i mitt ord de verande,  
mine rette disiplar er de.  
De skal læra å kjenna sanningi,  
og sanningi skal gjera dykk frie.”

”Me er Abrahams ætt!” la dei imot,  
”og hev aldri vore træljar for nokon.  
Kor hev det seg då at du seier så:  
at de skal verta frie?”

Jesus deim svara og sagde:  
”Sanneleg, sanneleg seier eg dykk:

Kvar den som gjer synd, er syndi sin træl.  
Men trælen, han vert ikkje verande  
i huset til evig tid.  
Sonen for alltid vert verande der.  
Fær no Sonen dykk frigjort,  
so vert de i sanning frie.

### *Var de Abrahams born –*

Eg veit de er Abrahams ætt.  
Men de tenkjer å drepa meg,

av di ordet mitt ikkje fær rom hjå dykk.  
Eg talar om det eg hev sett hjå min Far,  
og de gjer det som de hev høyr av dykkar far.”

”Vår far er Abraham,” svara dei. –  
Då Meisteren seier so:  
”Var de Abrahams born, so gjorde de  
som Abraham, far dykkar, gjorde.  
Men no legg de dykk ut om å drepa meg,  
ein mann som hev tala til dykk  
om sanningi som eg hev høyr av Gud.  
Slikt gjorde 'kje Abraham.  
De gjer det som far dykkar gjorde.”

”Me er ikkje fødde i hor,” dei sa.  
”Me hev *ein* far, – det er Gud.” –  
Då Jesus svara deim so:

”Var Gud dykkar far, so hadde de meg kjær;  
for eg hev gått ut ifrå Gud, og er komen frå han.  
Ei heller av meg sjølv er eg komen.  
Det er han som hev meg sendt.  
Kvi skjønar de ikkje min tale?  
Av di de 'kje toler å høyra mine ord!

### *Djevelen hev de til far*

Djevelen hev de til far, og det som de vil,  
er å gjera det far dykkar hugast.  
Ein manndråpar var han frå første tid.  
I sanningi står han ikkje.  
For det finst ikkje sanning i honom.  
Når han då talar lygn, so talar han av sitt eige.  
For ein ljugar er han, og far åt lygni.

Men de trur meg ikkje av di eg talar  
sanningi einast, – kven av dykk kan vel  
seia meg saka i nokor synd?  
Men når eg so talar sanning,  
kvi trur de meg ikkje då?  
Den som av Gud er, høyrer Guds ord.  
De er ikkje av Gud.  
Difor er det de ikkje høyrer.

### *I all æva ikkje sjå døden*

Vatn på mølla fekk jødane då.  
Til ords dei tok og til honom sagde:  
”Er det ’kje sant som me seier: du er  
ein samaritan og forgjord?”

Jesus då svara: ”Eg er ’kje forgjord.  
Eg ærar min Far, og de vanærar meg.  
Men ikkje mi eigi æra eg søkjer.  
Ein er det som søkjer henne, og dømer.  
Det seier eg dykk for visst og sant  
at den som seg held etter mine ord,  
skal i all æva ikkje sjå døden.”

”No veit me,” sa dei, ”at du er forgjord.  
Abraham, far vår, hev døytt,  
profetane òg, – og du seier  
at den som seg held etter dine ord,  
i all æva skal ei smaka døden.  
Er du større en Abraham, ættfaren vår?  
Han døydde, profetane òg?  
Kven er det du sjølv gjer deg til?”

### *Abraham såg min dag*

Då svara han: ”Dersom eg ærar meg sjølv,  
er æra mi ingen ting.  
Det er Far min som ærar meg.  
De seier han er dykkar Gud.

Lell hev de ’kje honom kjent.  
Og sagde eg då at eg kjenner han ei,  
so var eg ein ljugar som de!  
Men eg kjenner honom,  
og etter hans ord eg meg held.

Abraham, ættfaren dykkar, hjarteleg gledde seg  
til å sjå min dag.  
Og han honom såg, og seg fryda.”

”Du enno ikkje er femti år,  
og so hev du Abraham sett!”

”Meisteren sagde: ”Det seier eg dykk  
for visst og sant: Før Abraham var, er eg.” –

Då tok dei opp steinar, ville kasta på han.  
Men Jesus seg løynde, or templet gjekk ut.

### *Blindfødd*

Då Jesus gjekk frametter vegen,  
med eitt fekk han sjå ein mann,  
som frå han var fødd, hadde vore blind.  
I nattmyrker levde han.



Då spurde dei tolv honom: ”Rabbi, kven er det som synda har, han eller far og mor hans, sidan han laut fødest blind?” – Jesus deim gav dette svar:

”Korkje han sjølv hev synda eller foreldri hans.

Men dette hende fordi Guds verk skulle openbarast på han.

Mens det er dag, lyt me gjera hans verk som sende meg.  
Det kjem ei natt då ingen eit verk kan gjera.  
Medan eg er i verdi, eg ljuset i verdi er.”

### *Gå til Siloa og två deg!*

Då dette var sagt, han sputta på jordi, og laga ei gyrma av sputtet.  
Den gyrma han smurde på augo hans, og so til den blinde han sagde:  
”Gakk og två deg i Siloa-dammen!” – Siloa sendemann tyder.

So gjekk han av stad og tvo seg.  
Og då han kom att – han såg!

Då sagde grannane og dei som såg han jamleg før, – som tiggjar sat han tidt framføre deira dør:  
”Er ikkje dette han som sat og bad seg?”

”Jau, det er han,” sa andra.  
”Nei, men han liknar honom.” – Sjølv sa han: ”Det er eg.” –  
”Seg, korleis vart augo dine opna?” spurde dei då.

Han svara so som sant var:  
”Den mann dei kallar Jesus, av sputt ei gyrma laga, på augo mine smurde, og so han til meg sagde:  
”Gakk ned til Siloa og två deg.”  
Og eg so gjorde. Eg gjekk av stad og tvo meg.  
Då fekk eg syni att. No natti er forbi.”

### *Korleis fekk du syni?*

”Kvar er han, denne mannen?” dei spurde. Og han svara:  
”Et veit det bare ikkje.”  
So tek dei honom til seg, han til ”dei fromme” fører.

No var det på ein sabbat at Jesus laga gyrma og augo på han opna.  
Og so ”dei fromme” spurde:  
”Seg, korleis fekk du syni?”

Han svara: ”Mannen lagde ei gyrma på augo mine.  
So tvo eg meg, og no eg ser.”

Då nokre av deim mælte:  
”Den mannen, han er ei frå Gud, av di han ei sabbaten held.” –

Men andre sagde: "Korleis kan ein syndig mann vel gjera slike teikn?" – Dei usams var om dette.

### *Han er ein profet!*

So sa dei til den blinde att: "Kva seier du om honom når han hev opna augo dine?" – "Han er ein profet," svara han.

Då ville om honom dei ikkje tru at mannen blind hadde vore og so fenge syni si, før foreldri hans henta dei hadde. Og so dei spurde deim:

"Er dette son dykkar, han som de seier er blind frå fødselen av? Kor hev det seg då at han no kan sjå?"

### *Han er gamal nok til å svara*

"Me veit at dette er sonen vår og at han var blind frå første stund," svara foreldri hans. Men korleis det hev seg at han no ser, det ikkje me veit. Og kven som hev opna augo hans, me heller 'kje veit. Spør honom sjølv. Han er gamal nok; han sjølv kan svara for seg."

So sagde foreldri av di dei var redde for jødane. For jødane alt var samrødde om at den som sanna han var Messias, dei ut skulle støyta or synagoga. Og difor var det foreldri sagde: "Spør honom sjølv! Han er gamal nok."

So henta dei andre gongen den blindfødde mannen til seg, sa til honom: "Gjev no Gud æra! Me veit denne mannen ein syndar er!"

### *Ein ting veit eg*

"Om han er ein syndar, det veit eg ikkje. Ein ting eg veit: Eg var blind, og no ser eg."

"Kva gjorde han med deg?" dei då til han sagde. "Korleis gjekk det til at han augo opna?"

"Eg hev dykk alt sagt det, – de akta 'kje på det. Kvi vil de då høyra det opp igjen? Kan henda de òg i hans fylgje vil fara?"

Så skjelte dei ut han og sagde til honom: "Hans læresvein er du, men sjølve so er me læresveinar av Moses. Me veit at Gud til Moses tala; men om denne mannen ei me veit kvar han er ifrå."

## *So kasta dei han ut*

”Då er det underleg at de ’kje veit kvar han er ifrå; han hev mine augo då opna,” svara den blindfødde mannen.

”Syndarar hører ’kje Gud på, – det veit me, men den som han ottast, hans vilje vil gjera, – den hører Herren på. Frå ævords tid hev det ei vore spurt at nokon hev opna augo på blindfødd mann. Var denne mannen frå Gud ikkje komen, då kunne han inkje gjera.”

Då ropa dei mot han i harm:  
”I synder du fødd er og boren, og du vil læra oss!” –  
So kasta dei honom ut.  
Skulle han le eller gråta?  
I alle fall var han glad.  
Og då han vidare vandra,  
tona eit takkekvad.

## *Trur du på Guds Son?*

Jesus fekk gjetordet høyra at ut dei hadde han kasta. Og då han so mannen møtte, venleg han spurde honom:  
”Trur du på Guds Son?”

”Kven er det då, Herre?” sa han,  
”so eg kan tru på honom.”  
”Du hev honom sett,” svara Jesus.

”Det er han som no talar med deg.” –  
”Eg trur, Herre,” sagde mannen, på kne seg for honom kasta. Og so gjekk han glad sin veg.

## *Kan henda me òg er blinde?*

Då so han var gått, sa Jesus:  
”Til dom er eg komen til verdi, so dei som ei ser, skal sjå og dei som ser, verta blinde.”

Innmed han stod nokre ”fromme”.  
Då dette dei høyrde, dei sagde:  
”Kan henda me òg er blinde?” –  
Då svara han: ”Var de blinde, so hadde de ikkje synd. No seier de at de ser, og syndi dykkar vert verandre der før ho var.” –

## *Den gode hyrdingen*

Jesus heldt fram og tala, djupe og sanne ord. Sidan dei tidt hev tona utover all vår jord:

”Det seier eg dykk for visst og sant: Den som ei gjennom døri gjeng inn i saue-kvii, men stig over ein annan stad, han er ein tjuv og ein røvar. Men den som gjeng inn gjennom døri, han hyrding åt sauene er.

Honom let vaktaren opp åt.  
Sauene målet hans høyrer.  
Han kallar sine sauer på namn  
og leider deim ut.

Når alle so ut han hev fenge,  
han føre deim gjeng.  
Og sauene fylgjer honom.  
For dei kjenner røysti hans.  
Ein framand dei aldri vil fylgja.  
For honom dei vekk vil røma  
av di dei 'kje røysti hans kjenner.”

### *Eg er døri*

Denne likning fortalde Jesus.  
Men ikkje dei skjøna og skilde  
kva det var han tala om.

Atter tok Jesus til ords og sagde:  
”Det seier eg dykk for visst og sant:  
Eg er døri som ber inn til sauene.  
Alle som før meg er komne,  
dei tjuvar og røvarar er.  
Men sauene høyrde 'kje på deim.

Eg er døri.  
Den som gjeng inn gjennom meg,  
han berga skal bli.  
Inn og ut skal han ganga, og finna føda.  
Tjuven kjem ikkje for anna  
enn stela, slakta og øyda.  
Sjølv er eg komen so liv dei skal hava,  
og overflod.

### *Eg er den gode hyrding*

Eg er den gode hyrding.  
Den gode hyrding set livet sitt til  
for sauene sine.

Leigekaren, som ikkje er hyrding,  
og som sauene ei høyrer til,  
han skrubben ser koma,  
men lell let dei skræmde sauer  
vera åleine att.  
Han rømer, og ulven røvar deim  
og jagar deim frå einannan.  
So gjer han av di han er leigekar  
og ikkje hev omsut for hjordi.

Eg er den gode hyrding.  
Eg kjenner mine. Og mine kjenner meg,  
liksom Faderen meg kjenner  
og eg kjenner Faderen.  
Og eg livet set til for sauene.

### *Eg hev ogso andre sauer*

Eg andre sauer hev ogso,  
som ei høyrer til denne hjordi.  
Deim òg lyt eg leida,  
og dei skal høyra mi røyst.  
Ei hjord skal de verta, ein hyrding.

Og difor elsker Faderen meg,  
fordi eg set livet mitt til  
so eg kan taka det att.  
Ingen tek det ifrå meg;  
eg set det til av meg sjølv.

Eg hev makt til å setja det til;  
eg hev makt til å taka det att.  
Det bodet eg fekk av min Far.”

På desse ordi atter kløyvdes Jesu motmenn.  
Mange av deim sa: ”Han er forgjord.  
Han er frå vitet!  
Kvi lyder de på honom?”  
Men andre sagde: ”Dette er ’kje  
forgjord manns tale!  
Kan ei vond ånd vel  
opna augo på blinde?”\*

\* Denne talen heldt Jesus i lauvhytte-helgi, den 15. – 22. i månaden tishri (svarar om lag til oktober), – om lag eit halvt år før han – våren etter – vart krossfest. – Etter denne talen ser det ut til at han forkynte i Judea, utanom Jerusalem, til tempelvigslingsfesten i slutten av desember.

## PÅ EVANGELIE-FERD I JUDEA-LANDET

### *Sytti vert sende ut*

Endå sytti læresveinar  
tok Herren Jesus ut,  
og sende deim føre seg, to og to,  
til kvar ei bygd og kvar ein by  
som sidan han sjølv ville gjesta.

Han tala til deim før dei drog sin veg,  
og då han sa desse ord:  
”Sjå, grøda er stor,  
men onnefolki få.  
Be då hausten sin herre  
at han arbeidsfolk sender  
ut til sin haust!

Far no i veg!  
Eg sender dykk  
som lam millom ulvar ut.  
Ber ikkje med dykk skreppa og skor!  
Tak ikkje med dykk pung!  
Og gjev dykk ikkje i prat  
med nokon de møter på vegen!

### *Fred vere med dette huset!*

Kvar gong de kjem inn i ein heim,  
skal det første de seier, vera:  
”Guds fred vere med dette huset!”

Og dersom det då nokon er  
som fred er verd,  
so skal dykkar fred over honom kvila.  
Dersom ikkje, so skal han venda  
til dykk sjølv attende.

Gjev dykk til der i heimen!  
Og et og drikk det dei dykk byd!  
For ein arbeidsmann, han er verd si løn.  
Flytt ikkje frå hus til hus!

Kvar gong de kjem inn i ein by,  
og dei tek imot dykk der,  
so ét det dei fram for dykk set!  
Og læk dei sjuke som er der,  
fortel deim: ”Guds rike er kome dykk nær!”

### *Stryk dusti av føtene dykkar!*

Men når de so kjem til ein by  
der dei ikkje vil taka imot dykk,  
gakk på gatone ut og seg:  
”Sjølv dusti som vart hengande  
ved føtene våre i dykkar by,  
me av oss stryk.  
Her hev de henne att!  
Men dette skal de vita:  
Guds rike er kome nær!”  
Eg seier dykk: På den siste dag  
skal det ganga Sodoma likare  
enn denne by.”

### *Ve over deg, Betsaida!*

So tok han til å lasta  
dei byane han hadde gjesta,  
og hadde gjort flest under i,  
fordi dei ’kje vende om:

”Ve over deg, Betsaida!  
Ve over deg, Korasin!  
Hadde dei under som er gjorde i dykk,  
vore gjorde i Tyrus og Sidon,  
so hadde dei lange angra  
og site i sekk og oska.

Men det eg dykk seier at det skal gå  
Tyrus og Sidon likare  
på domens dag enn dykk.  
For hadde dei under som er gjorde i deg,  
vore gjorde i Sodoma,  
so hadde han stade til denne dag.

Og du Kapernaum, min by.  
Til himmelen vart du lyft opp;  
til helheimen ned skal du støytast.  
For hadde dei under som er gjorde i deg,  
vore gjorde i Sodoma,  
so hadde han stade til denne dag.  
Men det seier eg dykk: På domens dag  
skal det ganga Sodoma-landet  
likare enn dykk.

Den som høyrer på dykk, han høyrer på meg.  
Og den som dykk vrakar, han vrakar òg meg.  
Men den som meg vrakar, han vrakar  
den som meg sende.”

## *Korleis vinna evig liv?*

Då steig det fram ein mann  
som kunnig i lovi var.  
Han ville setja Jesus på prøve, og sa:  
”Meister, kva skal eg gjera  
so eg kan vinna eit æveleg liv?”

”Kva stend det i lovi?” sa Jesus.  
”Seg meg korleis du les.”  
Då svara den lovlærde mannen:  
”Herren, din Gud, skal du elska,  
av alt ditt hjarta, med all din hug,  
og med all di makt og med alt ditt vit,  
og elska din neste so høgt som deg sjølv!”

Då sagde Jesus: ”Du svara rett!  
Gjer det, so skal du leva!”  
Men mannen, han ville forsvara seg –  
forklára kvifor han spurde –  
og difor han sa til Jesus:  
”Kven er då nesten min?” –  
Jesus tok spørsmålet opp.

## *I røvar-hender*

Ein mann drog ned frå Jerusalem,  
den bratte, svingete vegen.  
Han etla seg alt ned til Jeriko.  
Dagen var solvarm og ljuv og god.  
Og mannen var glad og fegen.

Først runda han Oljeberget,  
gjekk framom Betania.  
Og so bar det inn i Juda-audni,  
med kollar i rekkje og rad.

Der var det vel nifst og nake  
med holor og røvarpakk.  
Det var som om jordi sine bunor\*  
her fram i dagen stakk.

Og best som han runda ein kolle,  
der sprang det ein røvarflokk fram.  
Dei kjende ’kje nokor miskunn;  
dei åtte ’kje spor av skam.

Dei ribba den arme mannen,  
og slo han so blodet rann,  
og let honom halvdaud liggja.  
Slik honom dei andre fann.

Ein prest kom den same vegen.  
Han auga på mannen fekk,  
såg honom skamslegen liggja der, –  
men radt framom honom gjekk.

Litt seinare so det hende:  
Ein levitt kom til same stad.  
Han òg såg den arme mannen, –  
fór framom, var likeglad.

## *Han var ein samaritan*

Ein tredje var ute og ferdast,  
og kom til den same stad.  
Han såg den slegne stakkar.  
Han var frå Samaria.

Den framande inderleg ynkast,  
og bort til den plyndra går.

\* Bunor – beinpiiper.

Han fetlar han, heller so olje og vin  
i dei djupe, blødande sår.

Og opp på sitt eige asen  
han lyfte den arme mann,  
og førde han til eit herbyrge.  
Der sytte han vel for han.

Og då han so morgonen etter  
skulle vegen sin vidare dra,  
to peningar fram han or pungen tok,  
gav deim tiil verten og sa:

”No må du vel for han syta,  
og kva han so meir skuldar deg,  
skal eg betala tilbake  
når eg kjem att denne veg.”

”Kven tykkjer du no?” spurde Jesus,  
”av desse tri menner det var  
som fór åt som ein neste mot honom  
som møtte ei røvarhand hard?”

Då svara den lovlærde honom:  
”Det er han som hev sælebot gjort.”  
”Gakk du av og gjer likeins!” sa Jesus. –  
Då den lovlærde stiltra seg bort.

### *Harmonisk heim i Betania*

Minne so ljose og gilde,  
minne som gjer oss glad,  
vaknar når tankane streifar  
byen Betania.

På Oljeberget si skråning  
mot aust låg den litle by.  
Soga om det som hende der,  
alltid er ung og ny.

Det budde ein liten huslyd  
der i den vesle heim:  
Marta, Maria og Lasarus.  
Aldri me gløymer deim.

Jesus den ljose heimen  
gjesta so mang ein gong.  
Dei gledde seg so godt i lag,  
samtala, bad og song.

Marta var arbeids-jernet,  
Lasarus stø og still.  
Maria – den djupe botnen,  
sjelfull og mjuk og mild.

Marta var eldst i laget,  
hadde det siste ord.  
Glade dei var i einannan.  
Freden var djup og stor.

### *Marta tek det so travelt*

Meisteren er på vandring,  
atter ein gong tek inn  
i heimen ved Jeriko-vegen,  
husrom og hygge finn.

Atter Maria set seg  
stilt ved hans føter ned,  
lyder på Jesu ljuvlege ord.  
Stova er fylt av fred.



Marta, ho hev det so annsamt, –  
so mykje å stella til, –  
hev ikkje tanke for anna,  
Jesus ho tena vil.

Stundom ho ser til sides, –  
der sit dei andre to, –  
kjenner seg arg når ho systeri ser,  
korleis ho tek det med ro.

### *Maria hev valt den gode lut*

So stig ho fram og seier:  
”Bryr du deg ikkje om,  
Herre, at syster mi let meg  
vera åleine med å stella for deg?  
Seg då til henne, meister, at ho  
skal koma og hjelpa meg no!”

Då svara Jesus so lognt og stilt.  
Og ordi lydde so mjukt og mildt;  
men endå dei mynde hev:

”Marta, Marta, du gjer deg strev  
og uro med mange ting.  
Men bare eitt er naudsynleg!  
Maria hev valt seg den gode lut,  
som aldri skal frå henne takast.” –  
Den livsens kjelda ei tornar ut.

### *Lær oss å be!*

Ein gong var Jesus ein stad og bad.  
Og åsyni lyste av gleda.  
Då han heldt opp, ein av sveinane sa:

”Herre, lær oss å beda!  
Det lærde Johannes eingong  
læresveinane sine.  
No lyt du lære dine!”

Og Meisteren, han so gjorde,  
sa føre dei einfelde ord.  
Ho lever enno, den Herrens bøn,  
vert bedt kring den vide jord.

Han sa: ”Når de bed, skal de seia:  
”Fader vår  
du som i himmelen er,  
helga verte ditt namn!  
Lat riket ditt koma!  
Lat viljen din råda,  
på jordi som i himlen!  
Gjev oss kvar dag  
vårt daglege brød!  
Og forlat oss våre synder;  
for me òg forlet  
kvar den som oss skuldig er!  
Og før oss ikkje i freisting ut,  
men frels oss frå det vonde!”

### *Lån meg tri brødleivar!*

Då bøni var beden, den same dag,  
tok Meisteren fram eit kvardags-drag:  
”Om nokon av dykk hev ein ven, og gjeng  
til honom so seint at han er i seng, –  
høgst nattes det er, – og seier so:  
”Kjære, lån meg tri brødleivar no!  
For ein ven kom innom meg på ei ferd,  
og i heile huset det ingenting er

å setja åt honom fram,” –  
skulle so han der inne svara:

”Gjer meg no ikkje slikt bry, min ven!  
For no er døri stengd,  
og småborni mine er i seng med meg.  
Eg kan ikkje standa opp  
og det du meg bed om, gjeva deg.”

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Om han ikkje stend opp og gjev han det  
fordi det er hans ven,  
so ris han då opp, gjev han alt han treng  
fordi han so fripostig er.

Og det seier eg dykk for visst og sant:  
Bed, so skal de få!  
Leita, so skal de finna!  
Banka på! og det skal verta  
opna for dykk ei dør!

For kvar den som bed, han fær.  
Og den som leitar, han finn.  
Og den som bankar på, vert det opplate for.

### *Finst det ein far – ?*

Finst det ibland dykk nokon far  
som so uklok og hardhjarta var  
at han son sin ein stein ville gje  
når han bad om eit brød, –  
eller gje han ein orm  
når han bad om ein fisk –,  
eller når han bad om eit egg,  
ville gjeva han ein skorpion?

Når då de som er vonde,  
veit å gje dykkar born  
bare det som er godt, –  
kor mykje meir vil ’kje då  
dykkar himmelske Far  
gjeva deim som han bed,  
Den Heilage Ande, med liv, kraft og fred!”

### *Gjest hjå ein farisear*

Då Jesus hadde tala ut,  
bad ein farisear honom  
koma eta dagverd hjå seg.  
Jesus gjekk då inn til honom  
og til bords seg sette.

Men den farisear undrast  
då han såg at gjesten, Jesus,  
ikkje tvo seg føre målet.  
Då sa Herren Jesus til han:  
”Ja, de farisearar, de reinsar  
fat og skåler fint utvendig.  
Men innvendig er dei fulle  
utav ran og vondskap.

Dårar er de! Han som gjorde  
det som er utvendig, – seg meg  
gjorde han ’kje det som er innvendig òg?  
Men av det som inni er,  
gjer ei miskunns-gåva!  
Då skal de få sjå og skjøna  
at alt er reint for dykk!”

*”Seg eit ord til min bror!”*

Ein utor folkehopen sagde til Jesus dei ord:  
”Meister, ver god og seg til min bror  
at arven med meg han skal skifta!”

Men Jesus svara: ”Kven sette meg  
til domar og skiftemann over deg?”

So sagde han til deim dei alvorsord  
som enno tonar utover vår jord:

”Sjå til og tak dykk vel i vare  
for havesykja si lumske fare!  
For ingen sitt liv hev av det han eig,  
om han er aldri so rik.” –  
Og so han ei likning fortalde:

### *Den arme rike bonden*

Allting såg ut til å lukkast.  
Heppen hadde han vore.  
Jordi hans rikt hadde bore,  
det eine og andre året.  
Og no var løa for liti.

So han ein dag med seg sagde:  
”Seg, kva skal no eg vel gjera?  
Eg hev ikkje husrom til grøda.  
Jau,” sa han, ”so vil eg gjera:

Løene ned vil eg riva;  
so vil eg byggja deim større.  
Der vil eg avlingi samla,  
grøda og gods, all mi eiga.

Og so vil eg seia til sjeli:  
”Sjel, du hev mykje å nyta,  
nøgdi for mange år.  
Slå deg til ro, og et og drikk!  
Og so må du vera glad!  
og leva vel, mi sjel!”

Men Herren sagde til honom, –  
det slo som lynet ned:  
”Du dåre, i denne natti  
krev dei di sjel av deg!  
Kven skal no erva og eiga  
det du hev sankt i hop?”

”So gjeng det kvar og ein,” sa Jesus,  
som samlar seg gods og gull,  
og ikkje er rik i Gud.

### *Lat lyktene brenna!*

Lat lendene omgjorde vera!  
Og lyktene dykkar lat brenna!  
Og ver de som folk som ventar,  
biar på herren sin,  
til han frå bryllupsfesten  
bryt opp og heimatt kjem,  
so de for han kan lata opp  
med same han kjem, bankar på!

Sæle dei tenarar herren finn  
vakande når han kjem att!  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Han skal binda livsgjordi om seg,  
fram deim til bordene føra,  
rettene fram for deim setja  
og so ganga fram og deim tena.

Anten han kjem midt på natti,  
eller det lid ut i otta,  
sæle er dei når han soleis dei finn!

### *Ingen veit når tjuven kjem*

Men det skjønar de nok:  
Dersom husbonden visste  
kva tid og time tjuven vil koma,  
då ville han vaka, og lata ingen  
bryta seg inn i huset.  
So ver då reide, de òg!  
For Menneskesonen kjem på ei tid  
som ikkje de ventar.”

### *Kvar er han, den trugne hushaldar?*

Spurde so Peter: ”Herre,  
er det åt oss denne likning du seier,  
etter åt alle dei andre med?”  
Då svara Herren Jesus:

”Ja, kvar er han, den trugne hushaldar,  
den vituge tenar som husbonden hans  
hev sett over tenestfolket,  
so han skal lata dei maten sin få  
i den rette tid?

Sæl er den drengen som husbonden finn  
so gjerande når han kjem!  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Han skal setja han over alt det han eig.

### *Men er drengen ein skarv –*

Men er drengen ein skarv og seier med seg:  
”Herren min drygjer nok endå ei stund;  
husbonden lenge vert borte,”  
og han so tek til å slå drengene,  
og jentone med,  
og eta og drikka og fylla seg,  
i lag med drikkarar,  
då skal herren hans koma  
ein dag han ’kje ventar,  
og ein time han ikkje veit av,  
og hogga han sund, lata han få sin lut  
i lag med dei utrue hyklarar, –  
der det tanngnistring er, og gråt.

### *Mykje hogg – mindre hogg*

Den tenar som veit kva herren hans vil  
og ingen ting steller i stand eller gjer  
av det som han vil, skal få mykje hogg.

Men den som ’kje veit det  
og gjer det som hogg er verdt,  
han skal få mindre.  
Av den som hev fått mykje,  
ventar ein mykje,  
og den dei hev trutt mykje til,  
av han krev dei mykje meir.

### *Eld vil eg kasta på jordi*

Eg er komen for eld å kasta  
ut over jordi all.  
Kor gjerne eg ville han alt var tend!

Men ein dåp eg hev å døypast med.  
Kor eg gruvar til han er fullførd!

Trur de at eg er komen  
for fred å skapa på jordi?  
Nei, seier eg dykk, men strid!  
Heretter skal fem i same huset  
liggja i srid med kvarandre:  
tri mot to, og to mot tri,  
far mot son, og son mot far,  
mor mot dotter, og dotter mot mor,  
vermor mot sonekona, og sonekona mot vermor.”

### *Det kjem regn – det vert heitt*

Til folket ogso han sagde:  
”Når de ser at det stig ei sky opp i vest,  
då seier de straks: ”Det kjem regn.” –  
Og regnet kjem.

Og ser de det blæs ifrå sud, seier de:  
”Det vert heitt.” – So det vert, –  
”Hyklarar!” sagde Jesus.  
”Jord- og himmels-bragdi  
veit de nok å tyda.  
Kor hev det seg då at de ikkje veit  
å tyda denne tidi?  
Og kvi dømer de ikkje ut frå dykk sjølve  
om kva som er rett?”

### *Udåden ved offeraltaret*

Det hende noko so svært og sårt  
i templet i Jerusalem.

Med sorg i sinnet det nokre menn  
med bod om dette til Jesus kjem.

Dei sagde: ”Pilatus ein udåd hev gjort,  
og det i vår heilagdom.  
Han drap nokre menn som bar offeret fram.  
Ifrå Galilea dei kom.  
Han slo deim ihel, og då ut dei so anda,  
vart deira blod med offerblodet blanda.”

Då tok han til ords og sagde til deim:  
”Trur de dei menn frå Galilea-landet  
som laut sitt blod med offerblodet blande,  
var større syndarar enn alle andre  
i bygdene der nord, sidan so ille dei fór?  
Nei, seier eg dykk,” sa Jesus,  
”men vil ikkje om de venda,  
de alle på sovori vis skal enda.

### *Då tårnet i Siloa fall*

Eller dei som Siloa-tårnet  
datt ned over, slo deim ihel, –  
atten i talet dei var, – trur de vel  
dei verre brotsmenn var  
enn hitt folk i Jerusalem?

Nei, seier eg dykk for visst og sant;  
men vil ikkje om de venda,  
de alle på sovori vis skal enda.”

### *Ein mann hadde eit fikentre*

So sagde han denne likning:  
”Ein mann eit fikentre åtte.

I vingarden hans det stod.  
Om hausten han ut i hagen gjekk,  
leitte etter frukti god,  
men ingi på treet fann.

Då sa han til vingardsmannen:  
”No er det tridje året  
eg kjem, vil finna frukt  
på dette fikentreet.  
Men alde\* det ikkje hev bore.  
Hogg det ned!  
Kvi skal det stå her til ingi nytta  
og binda bort jordi?” –  
Men vingardsmannen bed,  
og seier til honom dei ordi:  
”Herre, å, lat det få standa  
endå eit år,  
til eg fær kringom det grave  
og hevd det får.  
Kan henda det ber eit anna år.  
Gjer det ’kje det, ja, så du fær  
hogga det ned!”

### *Ei tvikrokut kvinna vert lækt*

Ein kviledag lærde Jesus  
i ei av synagogene.  
Der var det ei stakkars kvinna  
som hadde i samfulle atten år  
hatt ei vond ånd i seg.  
Den hadde gjort ho so maktlaus  
at ho var tvikrokut vorten,  
og ikkje på nokor vis  
kunne seg opprett halda.

\*Alde = frukt.

Då Jesus fekk sjå denne kvinna,  
kalla han henne til seg,  
sagde so mildt og kjærleg:  
”No er du løyst frå di vannmakt!” –  
lagde so hendene på ho.  
Med ein gong ho rette seg opp,  
og lova Gud.

Men det var ein som harmast  
fordi ho vart lækt på sabbaten:  
forstandaren for synagoga.  
Og so han sagde til folket:  
”Seks dagar lyt ein arbeida.  
På deim kan de hit få koma  
og lata dykk lækja då,  
og ikkje på sabbatsdagen!”

### *”Hyklarar!”*

”Hyklarar!” svara Herren.  
”Mon ikkje kvar ein av dykk løyser  
oksen, og asnet sitt med,  
av båsen om kviledagen,  
og leider deim ut og deim vatnar?  
Og denne kvinna, ei Abrahams dotter,  
som Satan hev halde bundi, –  
tenkje seg til, i atten år! –  
skulle ho ikkje løysast  
or denne tunge lekkja  
fordi om det kviledag er?”  
Då dette han sa, dei skjemdest,  
alle som stod han imot.  
Og heile folket seg gledde  
over det underfulle  
Jesus av Nasaret gjorde.

## *Namni skrivne i himmelen*

Dei sytti kom glade attende;  
åsyni deira skein.  
So sagde til Herren Jesus  
den glade læresvein:  
”Jamvel dei vonde ånder  
lyder oss når me nemner  
namnet ditt, Herre.”

Då sagde Meisteren til deim:  
”Eg Satan såg falla frå himmelen ned  
som eit lyn.  
Sjå, eg hev makt dykk gjeve  
til å trøda på skorpionar  
og ormar med,  
og over alt fiendens velde.  
Og ingen ting skal gjera  
dykk det minste mein.

Men gled dykk ikkje over  
at åndene lyder dykk!  
Gled dykk heller fordi dykkar namn  
er skrivne i himmelen!”

### *Kom og kvil ut hjå meg!*

I den same tidi tok Jesus til ords,  
sæl i Den Heilage Ande,  
og sagde: ”Eg lovar deg, Fader,  
som rår over himmel og jord,  
at du dette hev løynt for dei lærde og kloke,  
synt det fram for dei ulærde små!  
Ja, Fader, for soleis tykte du  
at det er best.

Alt hev min himmelske Fader  
gjeve i mine hender.  
Og ingen utan Faderen  
veit kven Sonen er.  
Og ingen kjenner Faderen  
utan Sonen og dei  
som Sonen vil syna det for.

Kom til meg, de som slit og strever,  
og de som hev tungt å bera!  
Hjå meg fær de kvila dykk ut.

Tak mitt åk på dykk, og lær av meg!  
For eg i hjarta er mild og mjuk.  
So skal de finna kvila  
for dykkar trøytt sjeler.  
For mitt åk er godt, og mi bør er lett.”

## *I Salomo's søylehall*

So høgtida dei i Jerusalem  
tempelvigsle-helgi.\*  
Det var vinter.  
Og Jesus gjekk ikring i templet,  
i Salomo's søylehall.

Då flokka jødane seg rundt ikring han,  
og dei til honom sagde:

”Kor lenge vil du halda oss i uvissa?  
Er du Messias, so seg oss det beint ut!”

\* Tempelvigsle-helgi – i slutten av desember – vart halden til minne om at templet vart vigsla på nytt (året 165 f. Kr), etter at det var blitt vanhelga av Antiokus Epifanes.

Jesus svara: ”Eg hev dykk sagt det,  
og de, de trur det ikkje.  
Dei verki eg gjer i min Faders namn,  
om meg dei vitne ber.  
Men de vil ikkje tru av di  
de høyrer ’kje til mine sauer.

Men mine sauer lyder røysti mi.  
Og eg deim kjenner, og dei fylgjer meg.  
Og eg deim gjev eit evig liv.  
I æva all dei ei forkomast skal.  
Og ingen skal deim riva ut or handi mi.

Min Far som hev meg gjeve deim,  
han større er enn alle,  
og ingen kan deim riva ut  
or handi åt min Far.  
Eg og Faderen er eitt.”

### *På nytt tok dei steinar –*

På nytt tok dei steinar opp  
og ville steina honom.  
Då tok Jesus til ords og sagde:  
”Mange gilde verk eg synte dykk  
frå Far min.  
Seg meg kva for eit av deim det er  
de no meg steinar for?”

”For gilde verk me ikkje steinar deg.”  
dei jødar svara.  
”Me steinar deg av di du spottar Gud,  
fordi du gjer deg sjølv til Gud,  
du som eit menneske er.”

### *”De er gudar!”*

Då svara Jesus: ”Stend det ikkje skrive  
i lovi dykkar: ”Eg hev sagt:  
De gudar er?”

Når han no kallar deim for gudar,  
dei som Guds ord er kome til –  
og Skrifti kan om inkje ikkje gjerast –  
kor kan de då seia til han  
som Faderen hev helga og til verdi sendt:  
”Du spottar Gud,” fordi eg sa:  
”Eg er Guds son?”

Om eg ’kje verki åt min Fader gjer,  
so tru meg ikkje!  
Men gjer eg det, so tru dei verk eg gjer,  
om ikkje meg de trur!  
Då skal de skjøna og få sjå  
at Faderen, han er i meg,  
og eg i honom er!”

### *Men taket glapp*

Då freista dei atter å gripa han.  
Men taket glapp.  
Han utor deira hender slapp.

Så fór han attende til hi sida Jordan.  
Han drog til den stad der Johannes den døypar  
først hadde vore og døypt.  
Ei tid vart han verande der.

Og mange kom til han, – dei sagde:  
”Johannes, han gjorde vel ei noko teikn.



Men alt det Johannes om denne mannen sa,  
det var sant.”

Og mange trudde på honom der.

### *Er det få som vert frelste?*

So fór Jesus frå by til by,  
og frå grend til grend,  
og folket hans lærde alt medan han var  
på veg til Jerusalem.

Det var ein som sa til han: ”Herre,  
seg, er det få som vert frelste?” –  
Då sagde Jesus til deim:

”Streva alt de kan for å koma inn  
igjennom den tronge døri!  
Mange, seier eg dykk,  
skal freista å koma inn,  
men skal ikkje kunna det.

### *For seint!*

Når husbonden først hev reist seg  
og døri for godt hev stengt  
og de tek til å stå utanfor,  
bankar på døri og seier:  
”Herre, Herre, lat opp for oss!”  
då skal han svara dykk så:  
”Eg veit ikkje kvar de er ifrå.”

Tek de då på å seia som so:  
”Me hev ete og drukke i lag med deg,  
og du lærde i gatone våre,”  
so skal han svara deim:

”Eg veit ikkje kvar de er ifrå.  
Hav dykk bort ifrå meg, alle de  
som gjorde urett!

Der skal det gråt og tanngnistring vera  
når de fær sjå fader Abraham  
og Isak og Jakob og alle profetar  
i himmelens rike,  
men de sjølve vert kasta ut.

Og folk skal det koma frå aust og frå vest  
og frå nord og frå sud,  
seg setja til bords i Guds rike.  
Men hugs: det finst dei  
som millom dei siste er,  
og millom de første skal verta.  
Og dei finst det òg  
som millom dei første er,  
og millom dei siste skal verta.”

### *”Gakk og seg den reven!”*

I same belet kom det nokre ”fromme”,  
og sa med han: ”Tak ut, far herifrå!  
Herodes hev i sinne deg å drepa.” –  
Meisteren, han svara då:

”Gakk og seg den reven:  
”I dag og i morgon driv eg ut demonar,  
gjer sjuke friske att.  
Tridje dagen er eg til endes komen.  
Men i dag og i morgon og dagen etter  
eg ferdast lyt.  
For det aldri ber til at ein profet  
let livet ein annan stad  
enn i Jerusalem.”

## *Jerusalem, Jerusalem!*

Jerusalem! Jerusalem!  
du som drep profetane  
og steinar deim som Gud til deg hev sendt,  
kor ofte ville ikkje eg  
ha samla borni dine kring meg,  
som fuglemori samlar ungeflokken  
under sine vengjer!  
Men de ville ikkje.

Sjå, audt og tomt skal huset dykkar verta.  
Eg seier dykk: De aldri  
frå no skal meir få sjå meg  
før tidi kjem då de skal ropa:  
Velsigna vere han som kjem i Herrens namn!”

## *Straks dreg du sonen og oxen or brunnen*

Det hende ein sabbat at Jesus kom  
til ein av dei øvste ”fromme”.  
Han var so gjæv og so vyrd ein mann.  
Måltidet skulle han halda der.  
Men Jesu fiendar òg var her.  
Og no dei gjætte på han.

Best det var, såg han framfor seg  
ein mann som av vass-sotti plågast.  
Då spurde han dei lovkunnige menn,  
dei ”fromme” med, som innmed han stend:  
”Er det rett å lækja på sabbaten,  
eller det ikkje?” han sagde. –  
Dei tagde.

Då tok han bort på den arme mannen  
og lækte han, – let han gå sin veg.  
Med song i sjeli han heimatt dreg.

So tok han til ords og sa til deim:  
”Kven av dykk dreg straks ikkje sonen sin opp,  
eller oxen sin om dei dett i ein brunn  
på ein sabbatsdag?”  
Men dei var ikkje god til å svara han  
noko på det. Som rimeleg er.

## *Når du vert beden til bryllups*

Jesus er i gjestebod,  
ser gjestene gjeng til bords,  
vel seg ut dei øvste sæti.  
Meisteren tek til ords,  
seier deim denne likning:

”Når nokon hev bedt deg til bryllups,  
so set deg ’kje øvst ved bordet!  
For det kunne henda at ein var beden  
som gjævare er enn du.  
Og at han som hadde dykk båe bede,  
kom og sagde til deg:  
”Gjev rom åt denne mannen!”  
Og då fekk du den skammi:  
du laut deg setja nedst.

Nei, når du ein stad er beden,  
so gakk og set deg nedst ved bordet!  
Når han so kjem som hev deg bede,  
so vil han med det same seia:  
”Venen min, flytt deg høgare opp!”

Då fær du æra hjå alle deim  
som sit til bords med deg.  
For kvar den som sjølv set seg høgt,  
skal gjerast låg.  
Men den som sjølv seg seg lågt,  
skal gjerast høg.”

### *Når du held eit gjestebod –*

So sa han til verten dei djerve ord,  
då benka han sat ved hans selskaps-bord:  
”Når du vil gjera eit gjestebod,  
anten til middag eller kvelds,  
so skal du ’kje be dine vener  
eller brørne eller skyldfolket ditt,  
og ikkje rike grannar!  
For dei kjem til å be deg att,  
so lika du fær for det du hev gjort.

Nei, når du gjer eit gjestebod,  
so skal du desse beda:  
fattige og kryplingar, dei lame og dei blinde!  
Då vert du sæl; for gjestene  
hev ingen ting å gje deg att;  
men du skal få ein fager skatt:  
Når dei rettferdige stend opp,  
du vederlag skal få.”

### *Ein mann ville gjera eit gjestebod*

Det la seg so stor ei stilla, –  
dei ordi i hjarta sokk.  
Først sat dei i togn og tagde,  
den undrande gjestebods-flokk.  
Men so var det ein som sagde:

”Sæl er den som fær sitja til bords i Guds rike!”  
Då svara Jesus: ”Det var ein gong  
ein mann som eit gjestebod gjorde.  
Det stort skulle vera, og mange det var  
som skulle benkast ved bordet.

Då tidi so kom til høgtid og fest,  
han sveinen sin sende i veg  
for å seia til dei som var bedne:  
”No er det ferdig. Kom!  
Herren min ventar på deg.”

Då hende det uhøyrd: Alle som ein  
tok til å undan seg beda.  
Dei ville ’kje koma til gjestebod,  
til festen si høgtid og gleða.

### *”Eg hev kjøpt fem par oksar”*

Den første, han sa: ”Eg ein jordveg hev kjøpt;  
eg er nøydd å gå ut sjå på han.  
Du lyt gjera so vel og orsaka meg!”  
So ut på jordet han gjekk sin veg,  
den stakkars jordbundne mann.

En annan sagde: ”Nei, eg hev kjøpt  
fem par oksar, og no lyt eg av  
og prøva deim, – du lyt gjera so vel  
å orsaka meg!”

Endå ein annan til sveinen sa:  
”Eg ei kona heve teke meg,  
og difor eg kan ikkje koma.” –  
Soleis han unndrog seg.

Sveinen kom att, det til herren sin sa.  
Då vart husbonden heit og harm.  
So han sveinen sin bad:

*”Det er endå rom!”*

”Gakk snøgt ut på gator og strete i byen,  
og før alle tiggjarar hit,  
og kryplingar, blinde og lame!” –  
Sveinen, han gjekk med det same.  
Og då so igjen han kom,  
han sa: ”Det er gjort som du baud,  
og det er enno rom.”

Då svara herren: ”Gakk ut på nytt,  
på vegane og stigane,  
og nøyd deim til å koma inn,  
so huset mitt vert fullt!

For det eg dykk seier at ingen av deim  
som innbedne var,  
skal smaka min gjestebodskost.”

*Då snudde Meisteren seg*

Det fylgde mykje folk med honom,  
der fram han gjekk sin veg.  
Og so med eitt han snudde seg  
og tala til deim desse ordi,  
som enno lyder over jordi:

”Om nokon kjem til meg  
og ikkje set det høgare  
enn far og mor

og kona, born og syster, bror, –  
ja, endåtil sitt eige liv, –  
so kan han ’kje vera min læresvein.

*Vil du byggja eit tårn?*

Er det nokon av dykk som vil byggja eit tårn, –  
tru han ikkje då først set seg ned,  
reknar etter kva det vil kosta han:  
”Hev eg nok til å fullføra det?”

For om han hev grave og grunnsteinar lagt,  
men maktar ’kje ferdig det gjera,  
då alle som ser det, gjer narr av han,  
og so må den skammi han bera  
at dei om honom vil seia:  
”Den mannen tok til å byggja eit tårn,  
og var ikkje god til å gjera det ferdig!”

*Vil du draga i strid?*

Eller om no ein konge vil draga  
ut i strid mot ein annen drott,  
trur du ikkje han då først vil setja seg ned  
og slå over om han kan med ti tusund mann  
møta ein som kjem mot han med to gonger ti?

Og kan han ’kje det, han ei sendeferd gjer av  
og tingar om fred,  
medan hin er endå langt borte.

Soleis kan ingen av dykk vera min læresvein  
utan han seier ifrå seg alt det han hev.

## *Salt*

Ein god ting er saltet.  
Men vert det òg dove,  
kva skal so gjeva det smak?  
Det duger korkje i mold eller møk.  
Dei kastar det ut.  
Høyr etter kvar som øyro hev å høyra med!”

## *Den mannen tek imot syndarar*

Dei kjende seg dregne til Jesus, –  
dei skjøna: han hadde deim kjær.

Tollmenn og syndarar difor  
heldt seg til Jesus nær,  
og lydde på det han tala.

”Dei fromme”, dei mislika dette,  
med dei skriftlærde murra og sa:

”Den mannen tek imot syndarar,  
og bed dei honom i gjestebod,  
svarar han gjerne ja.” –  
So sa han deim denne likning:

## *Ein mann hadde hundrad sauer*

”Hev ein av dykk hundrad sauer  
og mister so ein av dei,  
gjeng han ’kje då frå dei ni og nitti  
som er i beitemarki,  
ut i den aude hei  
og leitar etter den sau han hev mist, –  
leitar til dess han finn han til sist?”

Når han so sauven hev funne,  
er han so hjartans glad,  
tek han på herdane sine,  
nynnar eit takkekvad.

Med same han heim hev kome,  
kallar han grannane saman,  
seier: ”Eg sauven hev funne igjen,  
den som eg hadde mist.  
Gled dykk med meg, –  
no vil me halda gaman!”

Slik er der gleda i himlen  
over ein einaste syndar  
som om frå sin syndeveg vender,  
meir enn den gleda dei kjenner  
over dei ni og nitti  
som om seg sjølve meiner  
at dei rettferdige er  
og difor ’kje treng omvending.”

## *Ei kvinna og ein sylvpening*

”Eller,” so sagde Jesus,  
”seg at det er ei kvinna, –  
ti sylvengar er hennar eige.  
So ho den eine mister.  
Kveikjer ho då ikkje ljuset,  
huset sitt sopar, og leitar  
trottug, til dess ho han finn?  
Når ho hev sylvpenen funne,  
kallar ei lukkeleg kvinna  
vener og grannkonor saman,  
seier so: ”Gled dykk med meg!  
For eg hev peningen funne, –  
mynten eg hadde mist, fann eg til sist.”

”Slik, seier eg dykk,” sa Jesus,  
”vert det gleda millom Guds englar  
over *ein* syndar som vender om.”

### *Det finst ingi rikare gleda*

Det finst ingi rikare gleda  
i himmelens høge hallar  
enn den som englane kjenner på  
når Kristus den bortkomne kallar,  
finn han på ville heidi,  
riv han frå vonde vargar, –  
trugar og jagar deim, –  
tek han med sterke armar,  
ber han på hyrding-herdar  
varleg og kjærleg heim,  
heim til den sæle tryggleik,  
heim til den store gleda.  
Høyr kor Guds englar kveda!

### *I det framande landet*

Dei hadde bår so god ein far.  
Hans hjarta slo varmt for deim.  
So vis og venleg og klok han var.  
Dei hadde so gild ein heim.

Men yngste sonen var misnøgd, han,  
og ville i verdi ut.  
”Lat meg få den arven som fell på meg!”  
so sagde den fåvise gut.

So skifte han arven millom deim, –  
snart etter den unge mann

samla i saman alt sitt og drog  
langt bort til eit anna land.

Og far, han ute på troppe stod,  
han syrgde då sonen fór.  
So gagna det ei at han var so god!  
So gagna ’kje kjærlege ord!

Men guten, han var forventningsfull.  
No fór han frå heimen trong!

No skulle han sank seg gods og gull.  
So drog han sin veg med song.

### *Dei brostne voners land*

Langt ute i verdi han slo seg ned.  
No var han som fuglen fri!

No skulle for alvor det store skje.  
No venta den gylne tid.

Han slepte seg laus, og han levde vilt,  
i used og sus og dus.  
Dei flokka seg om han, – du, det var gildt  
i festen sin larm og brus!

Slik gjekk det ei stund, – han var velsedd gjest  
so lenge pengane rakk.  
Men so ein dag, etter siste fest,  
han vakna opp, og var ”blakk”.

Og no var han einsam, – det ingen var  
som brydde seg meir om han.  
No såg han at verdi var vond og hard, –  
dei brostne voner sitt land.

Han tenkte å skjota ein gullfugl der, –  
sjølv skadeskoten han vart.  
Med pjuskete vengjer med nebben han hang,  
og livet var tungt og svart.

### *Uår i landet*

Då alt var øydd opp, bar det soleis til:  
det uår i landet vart.  
Og hungeren herja som ulven vill.  
Då vart det for alvor hardt.

Han svalt og leid naud, den arme mann.  
So ut han på leiting gjekk.  
For svolten tærde, og torsten brann.  
Og sistpå ein jobb han fekk.

Ein av mennene i landet  
var det han tydde seg til.  
”Jau, du skal få arbeid,” sa han,  
”om du det då hava vil.”

Kvar morgon drog han på marki ut,  
i dagningi ung og fin.  
Den byrge og bortskjemde gardagut, –  
no skulle han gjæta svin.

Han huga var til å fylla sin buk  
med skolmar som svini åt av.  
So utarma var han, og hjartesjuk,  
og ingen noko han gav.

Nett slik er det framande landet.  
Det lovar so mykje, men inkje det gjev.  
Det dreg og det dårar, men øyder og krev.

Til sist stend du ribba og uthungra, arm,  
og angeren gneg som ein orm i din barm.  
For livs-lukka kvarv,  
og øydt er din einaste odels-arv.

### *Eg vil gå heim – til far!*

Han kom til seg sjølv ein vakker dag.  
Han såg han var fillut og fæl.  
Sulka og simpel var vorten hans sjel.  
Utarma drakk han den beiske vin,  
gjekk der på jordet og gjætte svin.

Han – frå den gode heimen!  
Han – med so gild ein far!  
Fullt opp med mat åt alle,  
nok til kvar leigekar.  
Her stryk eg med av hunger.  
Eg vil stå opp, vil gå heim – til far.

### *På heimveg*

Ja, eg vil heim til far!  
Heim frå dei brostne voners land,  
sanna kor stygg eg var.  
”Far,” vil eg seia, ”eg synda har  
mot himmelen og mot deg.  
Eg er ikkje verdig å kallast din son,  
men tak meg til leigekar!”

Så tok han på heimveg, – ein liten bylt  
han hadde i vinstre hand.  
I høgre hadde han staven sin.  
Farvel til det framande land!

Han var ikkje lenger so ung og rak  
som då han i verdi strauk ut.  
Nei, ufjelg og fillut og merkt han var,  
og herja av synd og sut.

Og tunge var stegi, – dei tyngre vart  
då heimen han nærma seg.  
Kva ville dei seia når no han kom,  
ein lassis frå villan veg?

### *I fars famn*

Far òg hadde eldest, i lange år. –  
”Kor gjeng det min stakkars gut?” –  
Der heime på troppi so tidt han står  
og skygnar på veggen ut.

No stend han der atter, – mot kveld det lid.  
Han ser, men med mindre von.  
Han kvepp og han stirer – du store tid!  
”Det er vel ikkje min son?”

Han kjem der i laser, men kvart eit drag  
fortell kven den guten er.  
Å, syndi hev slege so djupe slag  
i fårefull, framand verd.

Far ser han langt borte, han sturtar av stad.  
Og inderleg ynkast han.  
Og samstundes er han so hjarteglad  
for guten frå framandt land.

Han kasta seg kringom halsen hans.  
So kysste han sonen sin. –

Ei lukkesol glitra i all sin glans.  
For faren det tapte finn.

Og guten, so velkjend med sorg og sut,  
han låg der ved far sin barm.  
Han hulka si smerte, sin anger ut,  
og tåra brann heit og varm.

”Å far, eg hev synda mot himmelen,  
og synda mot deg, min far!  
Eg er ikkje verd kallast son din lenger.”  
So mjuk han i mælet var.

### *Den kvite drakt*

Men far ropa glad til sin tenarflokk:  
”Kom snøgt med ein kledning hit!  
Ja, henta den gildaste drakt her er!”  
Dei kom med ein kledning kvit. –  
Den sveinane hadde på han.

”Og set so ein gullring på fingeren hans,  
på føtene nye skor!  
Og henta so gjødkalven feit og fin,  
tak med dykk den gamle og klåra vin!

So vil me festmåltid halda  
og gle oss av hjartans grunn.  
For denne min son var i dødsens natt,  
men no hev han vakna til live att.  
Han bortkomen var, men hans gamle far  
hev han funne igjen.”  
So byrja den store gleda.



## *Den eldste guten på garden*

Den eldste guten på garden,  
han ute på marki var.  
Han såg ikkje broren koma,  
fekk famntak og kyss av far.

Då so han kom heim om kvelden  
og bort imot huset gjekk,  
han stogga, og stod og lydde.  
Kva var det han høyra fekk?

Jau, glade festtonar var det  
han høyrde, og dans og spell.  
Han ropa på ein av drengene:  
”Seg, kva er no dette, vel?”

”Jau, bror din er heimatt komen.  
Og far din, so glad han var.  
Han slakta den gjødde kalven  
fordi frisk han kom heimatt til far.”

## *Harm*

So stod han då der og sturde,  
var gledelaus, grå og tver.  
Ein skugge sig over augo.  
Ei sinne-flaga han fær.

Han såg ikkje broren kvila  
i lukka ved farens barm.  
No vaknar dei vonde vargar.  
No er han so heit og harm.

Han kunne ’kje sinnet styra.  
Det koka i gutens sinn.  
Faren kom ut, tala blidt til han,  
men han ville ’kje ganga inn.

## *Demningen brest*

So brotna den dryge demning,  
og flaumen utover går.

Det fram braut eit vell av klage.  
Han er både harm og sår.  
Og so han til far sin sagde:

”I mange år hev eg tent deg trutt,  
og aldri mot deg eg gjorde.  
Men meg hev du aldri gitt so mykje som eit kje  
til å setja på selskapsbordet,  
so eg kunne gle meg i veners lag  
etter ein annsam arbeidsdag.

Men når han kjem heim, denne sonen din,  
som din eigedom opp hev ete,  
i lag med skjøkjor, då slaktar du  
den gjødde kalven for honom,  
og set han i ære-sete.”

## *Ei pil gjekk i hjarta*

So fekk han då sagt det, – og tagde so.  
Men faren stod sår og still.  
Ei pil gjekk i hjarta, ei sol vart sløkt.  
So svara han, mjuk og mild:

”Du alltid er hjå meg, du sonen min.  
Og alt det som mitt er, er ditt.  
Men skulle ’kje me vera glade no?” –  
Han sagde det stilt og blidt.  
”For bror din var inne i dødsens natt;  
men no hev han vakna til live att, –  
var bortkomen, – atter er funnen.  
Den nye dagen er runnen.”

### *Epilog*

Det er ei gleða å finna.  
Det er ei frelsa å få.  
Det er ei fullending å vinna,  
ei æveleg dawning å sjå.  
Det ventar ein far ved grinda.  
Det går frå det framande landet  
ein veg til heimen, til Far.  
Der løysest det jernharde bandet.  
Å, gjev du so lukkeleg var  
og lydde Den Heilage Ande!

### *Utru hushaldar*

Han sagde òg til sine læresveinar:  
”Det var eingong ein mann, og han var rik.  
Han hadde ein hushaldar, og folk på honom klaga.  
Dei sa det slik:  
”Han utru er, din eigedom han øyder.”

Då sa han til hushaldaren: ”Kom hit!  
Kva er det vel om deg eg no fær høyra?  
At du er utru, kom meg nyst for øyra.

Gjer rekneskap for styringi!  
for du for huset mitt kan ikkje lenger standa.” –  
No var han komen vakkert ut å køyra.

Då tenkte den utru tenar:  
”Kva skal eg vel gjera no  
når herren min tenkjer å seia meg ut  
or tenesta for honom?  
Eg orkar ikkje å grava,  
med tungarbeid å kava.  
Og eg skjemmest ved å tigga. –  
Jau, no veit eg kva eg vil gjera  
so dei skal taka meg til seg  
når eg vert omsider avsett.”

### *Skriv femti!*

So kalla han til seg ein for ein,  
dei skuldmenn åt herren sin.  
Og so han sa til den første:  
”Kor mykje skuldar du herren min?” –  
”Hundrad anker med olje,” han svara. –  
”Her hev du ditt skuldbrev,” hushaldaren sagde.  
”Set deg ned og skriv brennfort: Femti!”

Og so han ein annan spurde: ”Enn du,  
kor mykje er du no skuldig?” –  
”Hundrad tunnor med kveite,” han svara. –  
”Her er skuldbrevet ditt: skriv: Åtti!”

### *Vinn vener med mammon!*

Og herren rosa den utru hushaldar, –  
ikkje fordi han var utru,  
men fordi han for framtidi sytte,

fordi han klokt åt hadde fare.  
”For denne verdens born  
er klokare mot si eigi ætt  
enn Ijosens born.”

”Og no eg dykk seier,” sa Jesus,  
”at vener de vinna dykk skal  
ved den urettferdige mammon,\*  
so dei – når han tryt – kan taka imot dykk  
i dei evige heimar hjå Gud!”

### *Tru i smått*

Jesus vil ikkje uærlegdom løna.  
Difor òg dette han sagde,  
sine vener på hjarta det lagde:  
”Den som er tru i smått,  
han ogso er tru i stort.  
Og den som i smått er uærleg,  
er ogso uærleg i stort.

Hev true de då ikkje vore  
med den urettferdige mammon,  
kven vil då åt dykk tru dei sanne skattar?  
Og hev de ’kje vore true  
med andre sin eignedom,  
kven vil då gjeva dykk noko  
som de kan sjølve eiga?

Ingen tenar kan tena to herrar.  
Han anten den eine vil hata  
og elska den andre,

\* Mammon – eit aramaisk ord som tyder jordisk eiendom. –  
”Urettferdig” fordi det hefter so mykje urett ved han.

eller halda seg trutt til den eine  
og vanvyrda hin.  
Både Gud og mammon de kan ikkje tena.”

### *Dei blés åt det som han sa*

Alt dette hørde ”dei fromme” på.  
Og då glade i pengar dei var,  
blés dei åt det som han sagde.  
Då tala Jesus til deim:

”De er dei som fær folk til å tru at de  
er rettferdige, fromme menn.  
Men Gud kjenner hjarta dykkar.  
For det som er høgt i folkeaugo,  
for Gud det ein styggedom er.

Lovi ho råde, profetane med,  
alt til Johannes kom.  
Frå den tidi av hev det glade bod  
om Guds rike vorte forkynt.  
Og kvar og ein bryt seg inn i det, med makt.  
Men det vil lettare henda  
at himlen og jordi forgjengst  
enn at ein einaste prikk i lovi fell bort.”

### *Den rike mannen og Lasarus*

Han var rik, var ein mektig og velhalden mann,  
kledd i purpur og lin, i eit kosteleg skrud.  
Han i herlegdom levde kvar einaste dag.  
Gløypst av verdi han gløymde Gud.

Men rett utanfor porten ein armodsmann låg.  
Lasarus var det namnet han bar.

Full av verkjesår var han, og fattig og arm.  
Den lagnad er tung og hard.

Han var hungrig, og stunda so sårt etter mat,  
etter molar frå rikingens bord.  
Jamvel hundane kom, og dei sleikte hans sår.  
Hans armod var skrikande, stor.

So det hende at Lasarus døydde ein dag,  
i tillit til Gud anda ut.  
So mødd og so mod var den armodsdoms mann;  
no enda var sorger og sut.

### *Englane kom*

Då augo hans slokna – i døden dei brast –  
då enda den lagnaden arm.  
For englane kom, og dei bar han av stad,  
og la han ved Abrahams barm.

Ja, englane kom, og dei Lasarus bar,  
og la han i Abrahams fang.  
Dei tok han frå jordi si naud og natt,  
til kvila so ljuv og lang.

Den rike, ein dag ogso han anda ut.  
Med gråt dei til gravi han bar.  
Og då han i dødsriket augo slo opp,  
i pine og vånde han var.

Med eitt langt der borte han Abraham ser,  
og Lasarus innmed hans barm.  
Han såg kor den fattige no var blitt rik –  
han sjølv so useieleg arm.

### *Send Lasarus hit!*

Då ropa han ut i sin våde og verk:  
”Far Abraham, miskunna meg!  
Send Lasarus hit, lat han duppa i vatn  
det ytste av fingeren sin  
og svala mi brennheite tunga!  
For fælt eg lid i denne logen.”

Men Abraham svara: ”Min son, kom i hug:  
Det gode du deg ynskte, du fekk i di livstid,  
og Lasarus det som var vondt.  
Men no vert her han trøysta  
medan vondt du lid.

Og attåt alt det, – millom oss og dykk  
ein avgrunn, eit svelg er lagt,  
so dei som vil herifrå gå og til dykk,  
dei kan ikkje greida det.  
Heller ikkje kan nokon koma derifrå  
og over til oss.”

### *Send han til farshuset mitt!*

Då sagde den rike: ”So bed eg deg, far,  
at du Lasarus senda vil  
til farshuset mitt; for fem brør eg hev.  
Eg vil han skal vitna for deim,  
so ikkje dei ogso skal koma hit  
til denne pinslestaden!”

Då Abraham svara: ”Dei Moses hev,  
og alle profetane med.  
Dei kan høyra på deim.”

”Å nei, far Abraham!” svara han,  
men dersom det nokon kjem  
til deim frå dei døde, so gjer dei bot.”

Då sagde Abraham: ”Høyrer dei ei  
på Moses og profetane,  
so trur dei ikkje heller  
om nokon stend opp frå dei døde.”

### *Dersom bror din syndar –*

Sidan sa han til sine disiplar:  
”Tak dykk i vare! Syndar bror din mot deg,  
so tal han til rettes!  
Og angrar han, so tilgjev han!

Om han so mot deg syndar  
sju gonger om dagen, og sju gonger kjem att  
og seier: ”Eg angrar!”  
so skal du tilgjeva honom!”

### *Gjev oss meir tru!*

Disiplane sa til Herren:  
”Gjev oss meir tru!” –  
Då svara Jesus og sagde:  
”Hadde de tru som eit senapskorn,  
so kunne de seia til dette morbærtre:  
”Rykk deg opp, og røt deg i havet!”  
Og det skulle lyda dykk.

### *Me er uverdige tenarar*

Om nokon av dykk hev ein dreng  
som pløyer eller gjæter,  
seier han då til honom  
når han kjem heim frå marki:  
”Kom straks og set deg til bords!” –  
Seier han ikkje heller:  
”Stell kveldsmaten til for meg!  
Spenn beltet om livet, og gakk meg til hande  
medan eg ét og drikk!  
sidan kan du eta og drikka?”  
Takkar han vel drengen fordi han hev  
gjort det som han føresagd var?  
Eg trur ikkje det.

Soleis òg, – når de hev gjort  
alt som var sagt dykk føre,  
so skal de seia: ”Me er  
uverdige tenarar.  
Me hev ’kje gjort anna enn skyldnaden vår.”

### *Det bleikna ein blom i Betania*

Tungt var det for dei systrer to  
å sjå korleis bror deira bleikna.  
Den vonde sjukdomen ned honom slo,  
og dag etter dag han veikna.  
Sende dei då til Jesus bod:  
”Lasarus, han som du elsker so,  
er vorten sjuk.”

Det bodet kom frå Betania,  
den vesle byen ved Oljeberget,  
der Marta budde og so Maria.

Maria var det som sidan salva  
den Herre Jesus med myrra-salve,  
med håret sitt turka hans føter.  
Bror hennar, Lasarus, var det  
som no låg sjuk.

Då Jesus det hørde, han sagde:  
”Den sotti er ikkje til døden –  
ho til Guds æra er.  
Guds Son skal få æra av det.”

### *Jesus drygde dagar to*

Jesus var glad i dei gilde sysken.  
Han tykte so godt om deim.  
So ofte han hadde hyggjast  
i den logne Betania-heim.

Og lell, då han hørde at venen var sjuk,  
tok han det endå med tål og med ro,  
på den staden han var, drygde dagar to.

Først då til dei tolv sagde Meisteren: ”Kom,  
lat oss gå til Judea att!”

”Rabbi, ” dei sagde, ”nyst jødane ville deg steina.  
Lell til Judea i dag du attende vil fara.” –  
Jesus deim svara:

”Er det ikkje tolv timar i dagen?  
Den som er ute om dagen og ferdast,  
ikkje han snåvar; for ljuset han ser,  
ljuset åt denne verdi.

Men den som gjeng om natti  
han snåvar og fell;  
for han hev ikkje ljuset i seg.”

### *Sovna hev venen Lasarus*

Slik tala Meisteren til deim,  
so, om eit bel, til deim sagde:  
”Sovna hev venen vår, Lasarus.  
No gjeng eg av og han vekkjer.”

”Herre,” dei sa, ”hev han sovna,  
so vil han nok verta god att.” –  
Dei trudde han tala om vanleg svevn.  
Jesus hadde meint han var slokna.

Då sagde han beint fram til deim:  
”Lasarus, han hev slokna!”  
Og for dykkar skuld er eg glad at eg  
ikkje i heimen hans var,  
so de kan koma til tru. Men kom,  
lat oss ganga til honom!”

Tomas – dei Tvilling\* han kalla –  
då til dei andre disiplane sagde:  
”Lat oss ganga med,  
so me kan døy med honom!”

### *Herre, om du hadde vore her!*

So kom dei då fram til Betania.  
Der fekk dei høyra at Lasarus,

\* Gresk: Didymos. –

var død og alt hadde lege  
fire dagar i gravi.

Byen låg nær ved Jerusalem,  
bare ein fjordung\* på lag.  
Og mange jødar var komne dit ut,  
ville trøyta Maria og Marta  
på sorgi sin tunge dag.

Då no Marta høyrde at Jesus kom,  
gjekk ho til møtes med honom.  
Men Maria sat heime og sturde.  
So sagde Marta til Jesus:  
”Herre, om du hadde vore her,  
so hadde ’kje bror min døytt.

Men eg veit kor som er,  
Gud vil gjeva deg alt  
som du bed honom om.”

”Din bror skal stå opp att,”  
var Meisterens svar. –  
”Eg veit han stend opp att  
når alle skal stå opp,  
på den siste dag,” svara Marta.

### *Den største utsegn sagt på jord*

Då sagde Jesus dei sterke ord,  
den største utsegni sagt på jord.  
Dei utfordrar helheims mugar  
og døden sitt velde trugar:

\* Gresk: 15 stadier. 1 stadion = 185 m.

”Eg oppstoda er og livet!  
Den som trur på meg,  
skal leva om han døyr.  
Og kvar den som lever og trur på meg,  
i all æva skal ikkje døy.  
Trur du det?” la han til.

”Ja, Herre,” ho sa, ”eg hev trutt, og eg trur  
at du er Messias, Guds Son,  
som skulle koma til verdi.”

Med so sagt gjekk ho av stad,  
på systeri kalla, Maria,  
og sa til henne i løynd:  
”Meisteren er her og kallar på deg.”

### *Maria til møtes med Jesus*

Då Maria høyrde dei ordi,  
ho turka ei tåra vekk.  
Ho reiste seg snøgt, og sorgfull  
til møtes med Jesus gjekk.

Han var ikkje endå komen  
i byen Betania inn,  
men var på den staden der Marta han møtte.  
Der systeri Meisteren finn.

Heime i huset var venene samla;  
Maria dei trøyta ville.  
Dei såg at ho reiste seg brått, og gjekk;  
då fylgde dei etter, stille.  
Dei tenkte ho gjekk til gravi ut  
og der ville gråta i sorg og sut.

Men då ho kom dit som Jesus var,  
og Meisteren der fekk sjå,  
ho kasta seg ned for føtene hans,  
og gråtande sagde så:  
”Herre, om du hadde vore her,  
hadde min bror ikkje døytt.”

Då Jesus såg at ho grét so sårt  
og at jødane ogso grét, –  
dei som i fylgje med henne var, –  
han oppløyst og oppskaka sa:  
”Seg, kvar hev de lagt han?” –  
Dei svara då: ”Kom, Herre, og sjå!”  
Jesus grét.

### *Sjå kor han elska honom! –*

Då jødane såg kor han hulka  
og tårar på kinni rann,  
då sagde dei stilt om Jesus:  
”Sjå kor han elska han!”

Men somme av jødane sagde:  
”Kvi kunne då ikkje han  
som opna augo på den blinde,  
ha gjort det so at denne mann  
ikkje hadde døytt?”

Då Jesus vart atter oppøst  
og gjekk so til gravi bort.  
Ei hola var det i fjellet,  
og attføre låg det ein stein.

### *Siger over døden*

”Tak steinen bort!” byd Jesus.  
Men Marta seier som så:  
”Herre, det tevjar alt av honom,  
for han hev lege i gravi  
på fjorde dagen nå.”

Jesus seier til henne, –  
dei ordi so vidt skulle gå:  
”Sa eg deg ikkje at dersom du trur,  
skal du Guds herlegdom sjå?” –  
So tok dei steinen ifrå.

Og Jesus lyfte augo opp  
i bøn mot himmelen,  
og sagde: ”Far, eg takkar deg  
fordi du mi bøn hev høyr.

Eg visste nok at du alltid  
høyrer meg når eg bed.  
Men for folket skuld som her kringom stend,  
seier eg dette so dei skal tru  
at det er du som hev sendt meg.”

Då han det hadde sagt, då ropa han  
med røysti høg: ”Lasarus, kom ut!” –  
Ut kom den døde, med lindar kring føter og hender,  
og ein sveitteduk bunden kring andletet på han. –  
”Løys honom, so han fær ganga!”  
Meisteren myndig sagde.

### *Tru og vantru*

Mange av jødane, alle som var komne  
saman i Maria sin heim,



og såg det under han gjorde  
ute ved gravi den dökke,  
trudde på han frå den stundi.

Lell var det nokre av flokken  
som til ”dei fromme” la vegen.  
Der dei fortalde kva Jesus  
nyst hadde gjort der ved gravi.

Dei kalla Synedriet\* saman,  
i lag med dei øvste prestar,  
og sagde: ”Kva skal me vel gjera?  
Denne mannen gjer mange teikn.  
Let me honom få slik halda på,  
kjem alle til tru på honom.  
Og då kjem romar-hæren  
og tek både landet og folket.”

### *Drepast skal dødens overvinnar*

Ein av deim, Kajafas, sagde, –  
han var øvsteprest det året:

”De skjønar då ingen ting!  
Heller ikkje på dette de tenkjer  
at det er til bate for dykk  
at *ein* mann for landslyden døyr,  
so ikkje alt folket  
omsider skal ganga til grunns.”

Men det av seg sjølv han ’kje sagde;  
men øvsteprest var han det året,  
og difor hans ord var ein spådom

\* Synedriet, eller Sanhedrin, Det Høge Råd, hadde 70 medlemmer. Øvstepresten var formann.

at Jesus for folket laut døy,  
og ikkje bare for folket,  
men at han òg skulle samla til eitt  
Guds born som er spreidde ikring.

Frå den dagen lagde dei vonde råd:  
døden sin overvinnar ville for visst dei drepa.

### *Til landet nær øydemarki*

Jesus gjekk difor ikkje  
fritt millom jødane lenger;  
men frå Jerusalem drog han  
til landet nær øydemarki,  
til ein by som Efraim heitte.  
Der ute eit bel han budde  
med læresveinane sine.  
Den siste påske seg nærma.

### *Elleve spedalske*

Medan han på vegen var  
til Jerusalem,  
midt imillom Samaria  
og Galilea fór han.

Då bar det so til at inn han gjekk  
i ein liten by.  
Og der kom ti menn imot han.  
Spedalske-sykja dei hadde.

Eit langt stykke undan dei standande vart.  
So ropa dei høgt dei arme:  
”Jesus, meister, miskunna oss!”

Då Jesus vart var deim, han til deim sa:  
"Gakk og te dykk for prestane fram!" –  
Og medan dei var på vegen,  
hende det store under:  
Alle saman vart reine.

Ein av deim kom attende  
då han såg han var lækt og rein.  
Med glederøyst han lova Gud,  
å gruve seg kasta for Jesus ned  
og takka han inderleg. –  
Han var ein samaritan.

### *Kvar er då dei ni?*

Då tok Jesus til ords og sagde:  
"Vart dei 'kje reine alle ti?"

Kvar er då dei ni?  
Var det ingen utan denne mann,  
ein framand samaritan,  
som kom attende og ville  
himmelens Gud gjeva æra?"

So sa han til mannen som stod der,  
lukkeleg, lækt og glad:  
"Statt opp og gakk heimatt! Trui di  
hev hjelpt deg." – So gjekk han av stad,  
med lovsong i sjeli si.

### *Når skal Guds rike koma?*

"Dei fromme" spurde han eingong:  
"Når skal Guds rike koma?"  
Då svara Meisteren deim og sa:

"Guds rike, det kjem ikkje so  
at ein kan sjå det for augo.  
Ein kan ikkje heller seia:  
"Sjå, det er her, eller der!"  
For Guds rike, det inni dykk er."

Sidan sa han til disiplane sine:  
"Det kjem ei tid då de skal stunda, –  
so hjartans gjerne vil de sjå  
ein av dei dagar då Menneskesonen  
råder i sitt rike.  
Men de skal ikkje få sjå det.

Då kjem dei til å seia til dykk:  
"Sjå – der er han! Sjå her!"  
Men de må ikkje gå der bort.  
Fylg ikkje etter deim!

For liksom lynet når det kjem,  
blinkar og brår og blenkjer  
frå himmelbryn til himmelbryn,  
slik skal det vera den dagen  
når Menneskesonen kjem.  
Men først må han lida mykje,  
verta vraka av denne ætti."

### *Ei stakkars enkja og ein gudlaus domar*

"De skal beda og ikkje trøytna!"  
sa Jesus til sine disiplar.  
Og so han fortalde ei likning:

"I ein by var det eingong ein domar,  
som ikkje ottast Gud  
og ikkje hadde age for nokon.

I den byen var det ei enkja,  
og ho kom til domaren jamleg.  
Ho inderleg bad han og sagde:  
"Hjelp meg so eg fær rett  
på motparten min!"

Lenge han ville 'kje høyra.  
Men då det so leid på, han tenkte:  
"Endå eg Gud ikkje ottast  
og ikkje hev age for nokon,  
eg lell denne enkja vil hjelpa  
til retten sin. For ho meg plagar.  
Elles kjem ho vel til slutt  
og legg til meg midt i syni!"

"Høyr kva han seier, den gudlause domar!"  
sa Herren.  
"Skulle so Gud sine utvalde då ikkje hjelpa  
til deira rett, dei som ropar  
til honom dag og natt?  
Er han sein til å hjelpa deim?"

Eg seier: Han skal deim til retten sin hjelpa,  
og gjera det fort.  
Men når Menneskesonen kjem,  
skal han då finna trui på jordi?" –  
Gud gjev oss i alvor å akta dei manande ordi! –

### *To menn til Guds tempel*

At to kan so ulike vera!  
Den eine var høg og hæv.  
Den andre var vanvyrd av hine;  
for, toll han for Roma krev.  
Ein dag dreg dei to til templet.  
Den eine, – seg sjølv han nyt.

Han hadde nok tenkt, han også, å be;  
det vart bare sjølvros og skryt.

Han stod for seg sjølv der inne,  
so inderleg sjølvnøgd var.  
So ramsa han opp sine dygder,  
og venta 'kje noko svar.

Han lyfte hendene høgt, og var  
si eigi rettferd sin tolk:

"Eg takkar deg, Gud, at eg ikkje er  
som alle dei andre folk, –  
ein røvar, ein horkar, ein som fer med svik, –  
og at tollmannen der eg ikkje er lik!

Eg fastar to gonger i veka, eg,  
gjev tiend av alt eg tek inn." –  
Slik stod han og skrøyte i tempelhallen.  
So sjølvtrygt og stolt var hans sinn.

*"Gud, ver meg syndar nådig!"*

Men tollaren, stakkar, langt undan stod,  
seg valde ein avgøynd stad.  
Han ville 'kje eingong mot himmelen sjå,  
men slo seg for bringa og bad:  
"Å Gud, ver meg syndaren nådig!"

"Rettferdiggjord fekk han gå heim til sitt hus,"  
sa Jesus, "men ikkje hin."

Ei bør var no lyft ifrå herdene hans.  
Han var kledd i Guds rettferds lin.

”For kvar den som trur han er høg og hæv,”  
sa Jesus, ”skal gjærast låg.  
Men lyftast skal alle som lågt seg set.” –  
Dei sant på seg sjølve såg.

### *Bryt ikkje ekteskapet!*

Jesus dreg gjennom Austjordan-landet.  
På veg til Judea han er.  
Mykje folk fylgde med han på ferdi,  
og av honom dei lækjedom fær.  
Og han lærde deim, som han var van med.

Då ”dei fromme” kom til han og spurde:  
”Tru ein mann hev lov til å skilja seg  
ifrå kona si, av kva grunn som helst?” –  
Det var for å setja ei fella for han  
at dei spurde slik.

”Kva hev Moses sagt dykk føre?”  
lydde Meisterens svar. –  
”Moses gav lov til eit skilsmåls-brev skriva  
og senda henne frå seg,” svara dei.

”Av di de so hardhjarta er,  
skreiv Moses den lovi åt dykk.  
Men alt frå den første skapningstid  
gjorde Gud deim til mann og kvinna.

Hev de ’kje lese at Skaparen  
gjorde det so, og sagde:  
”Difor skal mannen skiljast med far og mor  
og halda seg til kona.  
Og dei to skal vera eitt kjøt?”

So er dei då ikkje lenger to,  
men eitt kjøt er dei.  
Og det som Gud i hop hev bunde,  
det skal ikkje menneske skilja.”

### *Dei tolv spør igjen om det same*

Då dei so var komne i hus att,  
spurde dei tolv han igjen om det same.  
Då sagde Meisteren til deim:  
”Den som frå kona si skil seg,  
for anna enn utruskap,  
og gifter seg med ei onnor,  
bryt ekteskapet med henne og gjer hor.  
Og dersom ho skil seg frå mannen sin  
og gifter seg med ein annan,  
då gjer ho hor.”

Då sa disiplane til han:  
”Er det slik millom mann og kvinna,  
då er det ’kje godt å gifta seg.”

”Det er noko som ikkje  
alle kan læra,” sa Jesus,  
”men bare dei som det er gjeve.

Somme lever i ugift stand;  
for frå fødselen av dei uskikka er  
til å gifta seg.  
Andre er uskikka gjorde  
til ekteskap av menneske.  
Atter andre frå ekteskap avstår  
for himmelriket skuld. –  
Lat dei skjøna det, dei som kan!”

## *Han tok dei små i famn*

Mødrer bar sine born til Jesus, –  
so spede dei var og småe, –  
kom med dei blide menneske-blomar,  
knuppane mjuke og mjåe.

Dei bad at han ville leggja  
på borni dei signande hender,  
og beda for deim at himmelens Gud  
sitt signande solskin deim sender.

Men læresveinane fåvise var,  
og truga dei mødrer som småborni bar.  
Tonen var heller hard.  
Då vakna det vreide i Meisterens barm.  
Han kjende seg heilag harm.

”Lat småborni koma til meg!” han sa.  
”De ikkje deim hindra må!  
Guds rike, det høyrer då slike til,  
er etla nett til dei små.

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Den som Guds rike ei tek imot  
som eit lite barn, –  
med barnet sitt sinn, –  
på ingen måte skal koma dit inn.”

So tok han dei små i fanget,  
la hendene varleg på deim,  
velsigna dei spede spirer.

Mødrene glade gjekk heim.  
Og Jesus gjekk derifrå.

## *Den unge rådsherren*

Rådsherre var han, og rik og ung.  
Og alt hadde lukkast vel.  
Lell han i hugen var trist og tung.  
Han hadde ’kje ro i si sjel.

Fint hadde han levd, – det var ikkje *det*, –  
og opp til han alle såg.  
Men lell laut han sakna det største – fred.  
Ei tyngsla på hjarta låg.

Dei trudde nok alle at han var trygg, –  
so rik og so ung av år.  
Lell var han uroleg i hjartans grunn,  
og kjende seg sjuk og sår.

Dei trudde nok alle at han var glad, –  
so høg og so hæv han var.  
Han hadde då bak seg so vent eit liv.  
Og lell han på byrdor bar.

Han høyrde om Jesus, – kan henda han  
kan hjelpa meg fram til fred?  
Då Meisteren ut ifrå borni kom,  
han fall for hans føter ned.

## *Korleis arva evig liv?*

”Gode meister,” sa han,  
”seg kva eg skal gjera  
so eg kan erva eit evig liv!”

Meisteren svara honom:  
”Kvi spør du meg om det gode?”

Kvifor seier du eg er god?  
Ingen er god utan ein – det er Gud!

Vil inn du til livet ganga,  
so lyt du halda hans bod.  
Og bodi, dei kjenner du.” –  
Men mannen spurde: ”Kva for bod?” –  
Jesus då svara han:

”Du skal ikkje drepa, og ei gjera hor!  
Du skal ikkje vitna rangt!  
Du skal ’kje slå under deg  
annan manns eigedom!  
Æra din far og di mor!  
Du skal elska din neste som du elsker deg sjølv!”

Då svara rådsherren: ”Meister,  
alt dette hev eg halde frå eg var ung.  
Kva er det som vantar meg då?”

### *Jesus fekk han kjær*

Og so stend det skrive, – so fint det er:  
”Då såg Jesus på han, og fekk han kjær.”

Men sannings-sverdet, det skjer so djupt,  
til botnen det brøyter seg veg.  
Og difor Jesus til rådsherren sa:  
”Ein ting enno vantar deg:

”Vil fullkomen du vera,  
so sel det du eig,  
og det til dei fattige gjev!

Då fær du att i himlen ein skatt.  
Kom so og slå fylgje med meg!”

Då rådsherren hørde dei strenge ord,  
ein skugge over hans andlet fór.  
For han var mykje rik. –

So gjekk han sturen bort.  
Kor sårt at den soga enda slik! –

### *Kven kan då verta frelst?*

Frelsaren ogso på sorgmodet kjende.  
So såg han seg kringom, til dei tolv seg vende:

”Kor vandt det vil vera  
for deim som eig mykje,  
å koma inn i Guds rike!” –  
Disiplane stokk over ordi hans.

Då Jesus tok atter til ords og sa:  
”Kor vandt det er, borni mine,  
for deim som lit på sin rikdom,  
å koma inn i Guds rike!

Det lettare for ein kamel  
gjennom eit nålauge ganga  
enn for ein rik koma inn i Guds rike.”

Då disiplane hørde dette,  
vart dei endå meir forfærde  
og til kvarandre sa:  
”Kven kan då verta frelst?”

Jesus såg på deim og svara:  
For menneske er det umogleg,  
men ikkje for Gud.  
For alt er mogleg for Gud.”

## *Når verdi vert fødd på nytt*

Då tok Peter til ords og sa til han:  
”Enn me som hev skilt oss frå alt og fylgt deg,  
kva skal då me få?”

Jesus svara: ”Det seier eg dykk for sant:  
Når verdi vert fødd på nytt  
og Menneskesonen sit  
i sin glimande kongsstol,  
då skal de òg, som meg fylgde,  
sitja i høgsæte tolvtolv  
og dei tolv Israels-ættene døma.

Og kvar som hev skilt seg med hus eller brør,  
eller syster eller far eller mor,  
eller born eller gard eller kona,  
for mitt namn skuld,  
for evangeliet skuld,  
for Guds rike skuld, –  
skal få det hundrefoll att,  
no i denne tidi heim og brør  
og systrer og mødrer og born og gardar,  
alt om han jamt er i fåre,  
og i den komande verdi  
eit æveleg liv.

Men mange som er med dei første,  
skal verta dei siste.  
Og dei siste skal verta dei første.

## *Arbeidsfolk i ein vinhage*

For himmelriket kan liknast  
med ein husbond som tidleg gjekk ut, –

det var i morgongryet, –  
ville arbeidsfolk leiga til vingarden sin.

Med arbeidsfolki vart han samd  
om ein pening om dagen i løn,  
og sende deim so i vingarden bort.  
So gjekk han ut ved den tridje timen,  
og fekk sjå nokre andre som stod der  
gjerandslause på torget.  
Han sagde til deim: ”Gakk de ogso bort  
i vinhagen min!  
Og det som er rett, skal de få.” –  
So gjekk dei så.

Sidan gjekk han til torget igjen  
ved den sjette og niande timen  
og gjorde like eins.  
Og då til den ellefte timen det leid,  
gjekk han ut att og fann  
endå nokre menn som stod der.

Han seier til deim: ”Kvi stend de her  
arbeidslause all dagen?” –  
”Av di ingen hev leigt oss,” svara dei. –  
Då sa han: ”Gakk de ogso bort  
i vingarden min!”

## *Misnøye og murring*

Då kvelden so kom, ein arbeidsdag enda,  
sa han som vingarden åtte, til hushaldaren sin:  
”Ropa arbeidsfolket inn,  
og lat deim få løni si!  
Tak til med dei siste  
og haldt fram til dei første!”

So kom då dei som sist var leigde, –  
dei ved den ellefte timen, – fram.  
Dei fekk ein pening kvar, –  
i gamal mynt ein denar. –

Då so dei første kom,  
som tok til i morgontimen,  
ved den første solskins-glimen,  
dei tenkte dei skulle få meir.  
Men dei òg fekk kvar sin denar.

Då dei so tok denaren imot,  
dei mot husbonden murra og sa:  
”Desse siste, dei hev ikkje arbeidt meir  
enn ein times tid.  
Og so gjev du deim likt med oss  
som hev slite og sveitta all dagen, –  
dagsens byrde og hite hev bore.”

### *”Eg gjer deg ’kje urett, min ven”*

Då svara han ein av deim:  
”Eg gjer deg ’kje urett, venen min.  
Var me ’kje samde om ein pening?  
Tak no ditt du og gakk!  
Men eg hev hug til å gjeva  
denne siste likso mykje som deg.

Hev eg ’kje lov til å gjera med mitt som eg vil?  
Eller er auga ditt vondt fordi eg er god?  
Gjer det deg vondt å sjå at eg er god?

Soleis skal dei siste verta dei første,  
og dei første verta dei siste.”

### *”Sjå, me dreg opp til Jerusalem!”*

No var dei på veg til Jerusalem.  
Og Jesus gjekk føre deim.  
Ottefulle var då dei tolv.  
Forstøkte var dei som fylgde.

Då samla han atter disiplane kring seg,  
og tok til å tala til deim  
om det som snart skulle henda honom:  
”Sjå, me dreg opp til Jerusalem!  
Og alt som er skrive om Menneskesonen  
av Guds profetar, skal gå i oppfyljing.

I sine motmenners hender  
der skal han gjevast –  
dei øvste prestar og dei skriftlærde menn. –  
Frå livet skal dei han døma,  
til heidningar over han gjeva.  
Han skal spottast, svivyrkast, sputtast på.  
Dei skal hudfletta honom, krossfesta honom,  
slå honom i hel.  
Og tridje dagen han opp att skal standa.”  
Men dei skjøna ’kje noko av dette.  
Det var dult for deim kva som låg i dei ordi.  
Dei forstod ikkje det som han sagde.

### *Burde ikkje ha hendt*

Stordoms-tankar ligg alle nær.  
Kvar og ein deim i hjarta ber.  
Ogso hjå deim som me minst hadde tenkt,  
stordoms-syner for augo hev blenkt.

Ein dag kom det tri til Jesus.  
Johannes og Jakob det var –



Sebedeus var deira far –  
og mori deira, Salome,  
syster til Meisterens mor, Maria.  
Fordi ho var Jesu moster  
og dei andre hans syskenborn,  
trudde dei nok at dei hadde rett  
til å be om ei velgjerd stor.

So kom då dei tri til Jesus.  
Og mori for han fall på kne.  
Ho ville om noko han be. –  
”Kva er det du vil?” spurde Jesus.  
Ogso dei to fall inn med si bøn:  
”Meister,” dei sa, ”det er noko me vil  
gjerne beda deg om.  
Vil du gjera det for oss?” –  
”Kva vil de at eg skal gjera for dykk?”  
lydde svaret.  
Då kom det utrulege ynsket:  
”Lat oss få sitja hos deg i din herlegdom,  
ein på di høgre og ein på di vinstre sida!”  
Og mori bad om det same:  
”Seg at desse to sønene mine  
skal få sitja innmed deg i ditt rike,  
den eine på di høgre,  
den andre på di vinstre sida!”

*”De veit ikkje kva de bed om!”*

”De veit ikkje kva de bed om,”  
sa Meisteren til deim då.  
”Kan de drikka den skåli som eg drikk,  
eller taka den dåpen som eg tek?” –  
”Ja, det kan me,” sa dei.  
Då sagde Jesus til deim:

”Den skåli eg drikk, skal de drikka.  
Den dåpen eg fær, skal de få.  
Men sætet ved mi høgre eller vinstre sida,  
er det ikkje mi sak gjeva bort.  
Det lyt dei få som det er etla til.  
Der skal dei sitja som Far min hev tenkt det åt.”

### *Sann stordom*

Då dei ti høyrde det, tok dei til å harmast  
på sønene til Sebedeus.  
Då kalla Jesus deim til seg og sagde:

”De veit at dei som gjeld for fyrstar,  
dei råder over folki sine.  
Og deira stormenn styrer  
med velde over deim.  
Men so det ikkje er hjå dykk.  
Den som vil verta stor millom dykk,  
lyt tena dei andre.  
Og den som vil vera den første av dykk,  
han træl for dykk alle lyt vera.

For Menneskesonen er heller ikkje  
komen for å lata seg tena,  
men for å tena, og gjeva sitt liv  
til løysepening for mange.”

### *Kan henda allikevel –*

Kan vera det lell burde henda  
at denne bøni dei bad.  
For denne dårskap gav høve til  
at Jesus – myndig, men endå mild  
gav oss den gode lærdom:

At tenardrakti er presteskud.  
Det største av alt er å tena Gud  
og deim som me møter på ferdi.  
Ja, det er det største i verdi.  
Og so fekk me høyra det sæle bod:  
Han gav til vår utløyning sitt hjarteblood.

### *Ved vegen einsam sat ein blind og sturde*

Jesus drog ut ifrå Jeriko  
på si siste livsens ferd.  
På vegen opp til Jerusalem  
til liding og kors han er.

Ved vegen sit det ein stakkars mann.  
Han er fattig, og han er blind.  
Han sit og ber seg, – med slokna syn  
han ser i si framtid inn.

Med eitt han høyrer at mykje folk  
i dag framom honom fer.  
Og so han spør deim som attmed stend,  
kva ståk og styr dette er.

Ja, ”Jesus frå Nasaret dreg forbi,”  
dei svara, – då ropa han:

”Jesus, du Davids son, miskunna meg!”  
Han ropa so høgt han vann.

Dei trugar han, bed han å teia still,  
dei menn som i brodden dreg.  
Men endå høgare ropar han:  
”Davids son, å, miskunna meg!”

### *Han var som i paradís*

Då stana Jesus, og sa til deim:  
”Leid han ved handi til meg!”  
Då ropa dei til han: ”Ver hugheil! Ris opp!  
for Meisteren ropar på deg.”

So kasta han kjolen, Timeus sin son,\*  
spratt opp, og til Jesus han gjekk.  
Og då han kom innåt, stod Jesus still.  
Han medynk med mannen fekk.

So spurde han honom: ”Kva er det du vil  
at eg no skal gjera for deg?” –  
”Rabbuni, lat meg få syni att!”  
Han naudbad so inderleg.

Då Meisteren tok bortpå augo hans:  
”Sjå, no fær du syni att!  
Di tru hev frelst deg. Gakk heim i fred!” –  
Brått enda den nifse natt.

Og ljuset fløynde i augo inn.  
Han var som i paradís.  
Han fylgde Jesus, – med mann og møy  
gav Herren æra og pris. –

### *Overtollar og rik*

Ein tollmann frå Jeriko skreiv sitt namn  
djupt inn i slekti si soga.  
Han ville so gjerne den største sjå.

\* Namnet hans var Bartimeus. Det tyder son til Timeus. – Etter det som evangelisten Matteus fortel, vart to blinde lækte den gongen. Den eine var då Bartimeus. –

Han hjarteleg lengta: det høgste nå.  
Og alt for det eine han våga.

Det kviler ein dåm av høgtid og fest, –  
so var det då ogso om våren  
det hende at Jesus vart beden til gjest,  
og verten mot lyset vart boren.

So stend det fortalt: han ein høg tollmann var,  
og rikdomar store han åtte.  
Og lell han seg kjende so liten og arm.  
Han kjende på noko der djupt i sin barm, –  
eit tomrom, – og fyllast det måtte.

So kom det ein dag, – det var nyvakna vår,  
og fuglane fløyta av fagnad.  
Og lufti var ange-fylt, kvelven var klår.  
Den dag for Sakkeus det dagna.

### *Opp i morbær-treet*

Han hadde slik hug å sjå Jesus, –  
kven vel denne mannen var.  
Men folkemengdi, ho skygde  
for honom, ein småvaksen kar.

Han hovudet beit av skammi.  
Dei såg den vesle kropp  
som svint sprang i førevegen  
og kleiv i eit morbærtre opp.

Då Jesus kom framom, då opp han såg,  
og so han til honom sa:  
”Sakkeus, du skunda deg må, og stig ned!

I dag vil eg vera i heimen din.” –  
Då var det ein som vart glad.

### *Ned frå treet*

Sakkeus kleiv snøgt ifrå treet ned,  
og tok imot Jesus med gleda.  
Og huset fyltest med frygd og fred.  
Hans hjarta laut takkekvad kveda.

Men ingen som fylgde i flokken, var glad.  
Dei knurra og murra, imillom seg sa:  
”Tenk, han gjeng inn til ein syndig mann,  
og tek herbyrge der!” –  
Men desse ordi hev sidan fylt med fagnad vår verd.

Men Sakkeus sagde, då fram han steig:  
”Kyrie,\* helfti av alt eg eig,  
vil eg dei fattige gjeva.  
Og hev eg pengar truga av nokon,  
so gjev eg det firedobbelt att.” –  
Slik er det når hjarta femner Guds skatt.  
Då kan det i kjærleik leva.

Og Jesus, han heimen so fagert helsa:  
”I dag hev det timst dette hus å få frelsa,  
etter di ogso han er ein Abrahams son,  
erving til Israels lovnad og von.

For Menneskesonen til verdi er komen  
for å leita opp det som hev vildra seg vekk,  
Og frelsa det ifrå døden og domen.”

\* Kyrios = Herre.

## *Ein høgætta mann fór utanlands*

Medan dei lydde på dette,  
heldt han fram og fortalde ei likning,  
av di han var nær Jerusalem,  
og dei tenkte at himmelriket  
straks skulle koma til synes.

”Det var eingong,” sa han, ”ein høgætta mann  
som reiste langt bort til eit anna land,  
ville der få seg kongedøme  
og sidan venda attende.

Tenar-flokken han til seg kalla –  
ti i talet – ti pund deim gav,  
og sa: ”Driv no handel med desse pengar  
til eg kjem frå ferdi igjen!”

Men hans landsmenn, dei hata honom,  
og lét sendemenn fara av stad  
etter han for å seia til honom:

”Me vil ’kje at denne mannen  
skal vera kongen vår.”

## *Då kongen kom tilbake*

Då mannen so konge var vorten,  
tilbake til heimlandet kom,  
han kalla dei tenarar til seg  
som han hadde pengane gjeve, –

han ville av deim få vita  
kva kvar av deim hadde vunne.  
Då gjekk den første fram og sa:

”Herre, det pundet du gav meg,  
hev kasta av seg ti pund.”

”Vel gjort, du gode tenar!”  
sa kongen då til honom.

”Fordi du var tru i det små,  
skal over ti byar du råda.”

So kom den andre, og sagde:

”Herre, det pundet du gav meg,  
sjå, det fem pund hev gjeve.” –

Til honom ogso sa herren:

”Du over fem byar skal råda.”

## *”Eg lagde pundet i ein klut”*

So kom det ein tridje og sagde:

”Herre, sjå her er pundet ditt,  
som eg i eit knyte hev hatt.  
For eg var redd deg, herre,  
av di du er so streng ei mann:  
Du tek opp det du ikkje la ned,  
og haustar det du ikkje sådde.”

Då sagde herren til denne tenar:

”Etter det du sjølv har sagt, eg dømer deg,  
du dårlege tenaren min!

Du visste at eg er so streng  
at eg tek opp det eg ei la ned,  
og haustar det eg ikkje sådde.  
Kvi sette du då ikkje pundet  
i banken, so eg hadde fenge  
det att med renter når eg kom?

Tak pundet frå han!” sa han  
til deim som innmed honom stod,  
”og gjev det til han som hev ti frå før!”

”Herre, han hev då ti pund,” dei sa. –  
”Ja, men eg seier dykk,” sa han,  
at kvar og ein som hev, skal få.  
Og den som ikkje noko hev,  
skal mista jamvel det han hev.

Men desse mine uvener  
som ikkje ville at eg skulle  
vera kongen deira,  
før deim hit og hogg deim ned  
for augo mine!”

Då han det hadde sagt, gjekk han føre  
på vegen opp til Jerusalem.

### *Kjem ikkje mannen frå Nasaret?*

No leid det til påskehelgi.  
Og mange frå bygdene fór  
opp til den heilage byen.  
Dei ville reinsa seg der,  
og høyra Guds heilage ord.

Dei leita då etter Jesus.  
Og seg imillom dei sagde,  
medan dei stod i templet:  
”Kva tenkjer de? Kjem han slett ikkje  
til høgtidi denne gongen?”

Men øvsteprestane hadde –  
i lag med dei sokalla fromme –  
bode: om nokon fekk vita  
kvar nasarearen budde,  
skulle han frå om det melda,  
so dei med makt kunne ta han.

### *Gjestebod i Betania*

På den siste ferd til Jerusalem –  
der venta han daudedomen –  
seks dagar før påske, var Meisteren  
til byen Betania komen.

No òg tok han inn i den kjære heim  
som Maria og Lasarus hyste,  
og Marta, som trugen for stellet stod.  
Guds fred over heimen han lyste.  
For Jesus dei gjorde eit gjestebod.

So gjerne dei ville han glede.  
I huset til Simon den spedalske det var.  
Han Lasarus òg hadde bede.  
Han sat til bords med Jesus den kveld.  
Og Marta sytte for mat og stell.

### *Det hende noko so vakkert*

Det hende noko so vakkert  
då dei sat til bords den kvelden.  
Maria gav Jesus det beste ho åtte, –  
so varmt loga kjærleiks-elden.

Ei krukka av ven alabaster,  
med nardus so dyr og ekte,  
ho braut over Meisterens hovud.  
Ei noko ho ville han nekte.  
Det var eit pund av den salven.

So salva ho Jesu føter.  
Og nardus'en, fritt han fløynde.

Med håret turka ho føtene hans.  
Og angen i romet strøymde,  
so huset vart fullt av vellukt.

### *Den kalde kritikk*

Men ikkje alle var glade.  
Judas Iskariot knurra –  
ein av hans læresveinar,  
som sidan Meisteren sveik.  
Dei andre disiplar òg murra.  
Det trongt er i mange hjarto.

I harme dei sa seg imillom, –  
og Judas Iskariot talar:  
”Kva skulle den øydingi vera til?  
Den salven kunne ha vore seld  
for meir enn hundrad dalar  
og til dei fattige gjeven.”  
Dei kvast til Maria tala.  
Det kaldt er i kritiske hjarto.

Det var ’kje av omsut for fattigfolk  
at Judas dei hard-ordi sagde.  
Men han var ein tjuv, styrde kassa, og tidt  
tok av det som i denne dei lagde. –  
Den gongen ei Meisteren tagde.

### *”Kvi er de so leide med henne?”*

”Kvi er de som leide med henne?” han sa.  
”Lat henne vera i fred!  
Det var vakkert og godt det ho gjorde med meg.

Dei fattige hev de då alltid hjå dykk,  
og vel mot deim stødt kan de gjera.  
Men meg hev de ikkje alltid.”  
So fylgde dei lov-ordi store,  
som enno vert hugsa i verda:

”Ho gjorde det ho kunne.  
Ho føreåt salva lekamen min  
til mi jordeferd.  
Det er som ho skulle ha salven gøymt  
til gravferdi mi.  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
kvar helst i den vide verdi  
gledebodet vert bore,  
der skal dei òg minnast Maria,  
fortelja om det som ho gjorde.”

### *Me kan ikkje gløyma Maria*

Den salve-angen som strøymde  
hin kveld i Betania,  
han ut over verdi fløymde,  
og aldri vil ende ta.

Han bårar til fjerne strender,  
ustanseleg vidare vell,  
til jordheimens ytste grender,  
til verdi sin siste kveld.

Me kan ikkje gløyma Maria  
hin kveld i Betania.  
Ho minner at sælare er det  
å ofra og gi enn å ta. –

## *Ogso Lasarus skal drepast*

”Jesus er i Betania!”

Det gjetordet gjekk ifrå stad til stad,  
og nådde Jerusalem.

Av jødar ei mengd til Betania kjem.  
Dei dit skulle gå og Meisteren sjå,  
og Lasarus med,  
som han frå dei døde lét opp att stå.

Då øvsteprestane lagde opp råd  
om å drepa Lasarus ogso.  
For mange av jødane ut til han gjekk  
og kom so til tru på Jesus.

## SISTE FERD TIL JERUSALEM

*Kongehylling på Oljeberget*

### *Dagen renn over Moab's fjell*

Soli stig attom Moab's fjell,  
sender sitt skire strålevell  
inn over Det heilage landet,  
glimar i dogg og glitrar på sjø.  
Blomen seg opnar i bakke og bø.  
Barnelett dreg han ande.

Dagen som rann over Moab's fjell  
skal minnast til tidi sin siste kveld.  
Då kongekrynt vart vår Frelsar.  
Vel bar han den dagen eit fattig skrud –  
Menneskesonen og Son av Gud. –  
Men lovsongen høgt han helsar.

### *I dag skal kongen kronast*

Meisteren vakna tidleg  
den dag i Betania.\*  
No vil, over Oljeberget,  
han inn i Jerusalem dra.

Han takkar dei kjære vener  
i heimen so ljuv og god.  
No vil han dra til Jerusalem  
og gjeva sitt hjarteblod.

\* Palmesundag, dagen etter gjestebodet i Betania.

I dag vil – for første gongen –  
som konge han stiga fram,  
utan all jordisk herlegdom,  
ganga til spott og skam.

Oppetter den austre sida  
av Oljeberget han går.  
No er han nær ved Betfage,  
utanfor landsbyen står,  
sender to læresveinar i veg.  
Dette bodet dei får:

### *Ridedyret til kongen*

”De inn skal ganga i denne grend,  
som ligg rett framføre dykk!  
Der finn de straks eit esel som bunde stend,  
og ein fole saman med det.  
På esefolen det aldri  
hev sete eit menneske. –  
Deim skal de løysa og leida til meg!

Og er det nokon som talar til dykk  
og spør kvifor dette du gjer,  
so svarar de bare at Herren deim treng,  
og straks de attende deim fær.”

Dette som skjedde den palmesundag,  
hende av di det laut sannast,  
det som Gud Herren hev tala  
gjennom profeten Sakarja:  
”Gled deg storleg, Sions dotter!

Rop av frygd, Jerusalem!  
Sjå, din konge til deg kjem.  
Fattig er han, og rettferdig.  
Mild og mjuk og full av frelsa  
rid han på ein asenfole.  
Han skal tala fred til folki,  
og hans konge-herrevelde  
skal frå hav til hav seg tøya,  
frå den store Eufrat-elvi  
og til alle heimsens endar.  
Seg til Sions dotter:  
”Sjå, din konge kjem!”

### *Eit esel og ein fole*

So gjekk dei to, og gjorde  
som Jesus hadde bode.  
Dei eslet fann, og folen.  
Attmed ei dør i gata  
dei dyri to stod bundne.

Då so dei hadde løyst deim,  
kom dei som åtte dyri,  
og sagde: ”Seg, kva gjer de?  
De løyser vel ’kje folen?  
Og kvifor gjer de dette?” –

Dei svara so som Jesus  
deim hadde sagt, og folket  
let deim få baa dyri.  
Dei vart til Jesus leidde.  
So tok dei kappene av seg,  
la deim på eslet og folen,  
og let Jesus setja seg oppå.



## *”Jesus frå Nasaret kjem!”*

Det spurdest i folkeskaren  
som var i Jerusalem –  
komne til påskefesten:  
”Jesus frå Nasaret kjem!”

Då fann dei seg palmegreiner  
og gjekk so til møtes med han.  
Dei ropa sitt hosianna,  
so varmt som dei bare vann.  
”Velsigna vere han som kjem  
i Herrens namn til Jerusalem,  
han som er Israels konge!”

Det store som hende med Lasarus,  
hadde kome folket for øyra.  
Og tekne av undring og otte dei var  
då dei fekk det gjetordet høyra:  
”Han vekte opp Lasarus, livet han gav.  
Han herre er over død og grav!”  
Dei difor til møtes med Jesus drog,  
vil sjå han som døden sitt velde vóg. –  
No vitna dei glade den kongehyllings-dag:  
”Han sigra over døden! Han vann det store slag.”

## *Det susar av palmegreiner*

På andre sida av Oljeberget  
møtte dei Kristus, kongen.  
Dei såg han sat på ein asenfole.  
Då tona den jublande songen.

So vart det eit høgtidsamt hyllingstog  
som sakte fram mot Jerusalem drog.

På vegen breidde dei kleda  
der Kongen fór fram sin veg.  
Dei syng i si store gleda,  
med fryd mot Jerusalem dreg.

Nokre strødde lauv på vegen.  
Dei hadde det henta på marki,  
hogge greiner av trea der.

Det susar av palmegreiner.  
Det lyder so glade rop.  
På eselfolen sit Jesus,  
midt i den jublande hop.

Og folket som gjekk føre,  
og dei som fylgde etter,  
dei lyfte hyllingsropet:  
”Hosianna, Davids son!  
Velsigna vere han som kjem i Herrens namn!  
Velsigna vere riket som kjem,  
riket til David, vår far!  
Hosianna i det høgste!”

## *Jubelen når nye høgder*

Som no dei er nær den staden  
der det ned fra Oljeberget ber,  
når jubelen nye høgder;  
for alle so oppglødde er.  
Heile flokken av læresveinar  
tok til – dei so glade var –  
høglydt å lova og prisa Gud,  
deira heilage, himmelske Far,  
for alle dei under dei hadde sett  
av Jesus frå Nasaret:

”Velsigna vere kongen  
som kjem i Herrens namn!  
Fred i himlen, og æra i det høgste!”

### *Då skal steinane ropa*

Men ogso i dette koret  
ein mislyds-tone skurrar.  
Det var nokre ”fromme” i flokken:  
so arge dei er, og murrar.  
”Meister,” dei sa, ”du må tala  
til læresveinane dine!”

Då svara kongen på eselfolen:  
”Eg seier dykk: Dersom desse  
teier, skal steinane ropa.”

Då Jesu fiendar vreide var,  
og seg imillom dei sagde:  
”Der ser de: det nyttar dykk ingen ting.  
Heile verdi flyg etter han.”  
Og so dei i harme tagde.  
Slik loga den heite ovunds-brand.

### *Først sidan skjøna dei dette*

I førstningi skjøna ikkje  
Jesu apostlar dette  
som hende på Oljeberget.  
Men då Jesus Kristus var herleggjord,  
først då kom dei til å minnast  
at dette var skrive om honom:

Ottast ikkje, Sions dotter!  
Sjå, her kjem din konge til deg,  
ridande på asenfolen.”  
Med eigne augo dei hadde  
sett kva Meisteren gjorde,  
sett dette ord var oppfylt.  
Dei hadde hjelpt til med dette.

### *Kongen græt over byen*

Noko som ingen venta,  
hende på hyllings-vegen.  
Skulle no ikkje Kristus  
kjenna seg glad og fegen?  
For folkemengdi han helsa,  
hyllings-tonane lét.  
Men då han såg ut over byen,  
Jesus grét.

Ja, då han såg ut over byen,  
syrgde den Herre Krist,  
sagde med gråt i røysti:

”Hadde du bare visst  
om ikkje før enn den dag i dag,  
kva som tener til din fred!  
Men no er det dult for augo dine.

For det skal koma ei tid for deg  
då fiendhærar seg flokkar.  
Kringom deg kastar dei opp ein voll,  
kringset og trengjer og trykkjer deg  
hardt ifrå alle kantar,  
støyter deg heilt ned i grunnen,  
og borni dine med deg.

Dei let det 'kje liggja att stein på stein  
i deg, du Jerusalem,  
fordi du 'kje skjønar di gjestings tid.”

### *Toget løyser seg opp*

Vegen gjeng nedetter bratta,  
til Kedron sin djupe dal.  
No skrid dei framom Getsemane.  
Der venta han kvide og kval.

Og so rid han inn i byen,  
til templet sin strålande glans.  
So fattig – so rik – ein konge  
på jordi det aldri fans.

Då so dei til sist var komne  
til Sions-berget sin topp,  
steig Jesus ned av eslet.  
Og toget løyste seg opp.

### *Kongen på asenfolen*

Ingen konge i verdi  
hev bore so ringt eit skrud  
som han som reid over Oljeberget, –  
han som var Gud av Gud.

Ingen hærar han fylgde.  
Ingen stormenn der var.  
Ingen strids-hest, – ein asenfole  
kongen bar.

Han bar ingi purpurkåpa.  
Han åtte 'kje glim og glans.

Sidan ein krans av klunger  
vart krana hans.

Men ingen so varmt vart hylla,  
og ingen slik fagning fann.  
Frå alle ætter og tungor  
stig lovsongen opp til han.

Konge på asenfolen,  
du fylgde det tunge kall.  
No råder du i ditt rike  
i æva all.

Konge på asenfolen,  
truna du longe hev nått.  
Me hyller deg, Jesus Kristus,  
allheims drott.

### *Oppstyr i byen*

Oppstyr det vart i byen  
då dit inn Meisteren drog.  
Dei undrast då dei fekk auga  
på dette særmerkte tog.

Dei spurde: ”Kven er vel dette?”  
då dei dette syn hadde sett.  
Og folkemengdi, ho svara:  
”Profeten frå Galilea, Jesus frå Nasaret.”

Meisteren sjølv gjekk i tempelet inn.  
Der såg han seg alle stader ikring.  
Men då det tok til å kvelda  
dagen for godt byrja halla,  
og enda var den ugløymande dag,

då gjekk han med dei tolv i lag  
ut til Betania att.

Der sovna han søtt, og kvilde  
den myrke austerlands-natt.

### *Eit fikentre ved vegen*

Atter randar ein morgon.  
Og atter Meisteren dreg  
inn til den heilage byen,  
om lag ein fjordungs veg.

Han kjenner seg svolten.  
Langt borte, ved vegen  
eit einsleg fikentre er.  
Han bortåt det gjeng, men bare  
lauv – ingi frukt – han ser.  
Det var ikkje tidi for fiken.

Då sa han til fikentreet:  
”Aldri meir skal du bera frukt.  
Gjev aldri i verdi nokon må  
eta frukt av deg igjen!” –  
Dei ordi disiplane høyrde. –  
Treet tok straks til å visna.

### *Profeten reinsar Guds tempel*

Han atter gjekk inn i Guds tempel,  
og såg seg allstad ikring,  
i føregarden seg merkte  
mang ein usømeleg ting.

Då vakna ein heilag harme;  
då tendest so heit ein brand.

Han brydde seg ikkje om nokon,  
og ingen ting ensa han.

Alle som handla i heilagdomen,  
ut han med sveipa dreiv.  
Bordi åt deim som veksla pengar,  
i koll han reiv.

Krakkane til deim som handla med duvor,  
han kringom seg heiv,  
lét ingen få lov til å bera  
nokon ting gjennom føregarden.

Og han sagde til deim: ”Det stend skrive:  
”Mitt hus skal kallast eit bønehus  
for alle folk på jordi.”  
Men de hev det gjort til eit røvarbol.”  
So lydde dei strenge ordi.

Men sidan, då han var der inne,  
kom til honom lame og blinde.  
Og han gjorde deim gode att.  
Sidan lærde han dagstødt i templet.

### *Småborn og spedborn syng Guds pris*

Kven er det som stend og skuler  
og agg til Meisteren ber,  
imedan dei stend i templet,  
hans mektige under ser?  
Dei øvste prestar i folket  
og skriftlærde menn det er.

Dei høyrde borni som ropa  
”hosianna” i tempelhall.

Då arge dei vart, og spurde, –  
og hugen var hard og kald:  
”Høyrer du kva desse seier?”

”Ja,” svara han, ”hev de aldri  
lese kva skrive stend:

”Av munnen på småborn og sogborn  
hev ein lovsong du laga deg?”

### *Hatet gror*

Men dei øvste prestar og skriftlærde menn,  
dei hadde so heit ein trå:  
Dei lurde på korleis dei skulle få  
taka livet av Jesus nå.  
Det gjorde ogso dei leidande menn  
i Israels land.  
I hjarto deira so hatsk ein brand  
logar og brenn.  
Det valde deim hovudbry, stendig sut;  
for ikkje kunne dei finna ut  
korleis dei skulle bera seg åt.

Dei ogso redde for Jesus var;  
for folket age for honom bar  
og lydde kvar gong han tala.  
Dei hugtekne var av hans læra.

Slik auka elden frå dag til dag –  
det heite hat og det harde nag –  
ut mot ein skræmeleg ende.

So snudde han ryggen til deim.  
Ut han or tempelet gjekk,  
i lag med disiplane sine,

mot aust, over Kedrons bekk,  
vidare austover leidi la,  
i kveldingi, til Betania.  
Der tok han inn for natti.

### *Kvifor visna fikentreet?*

Om morgonen dagen etter\*  
dei framom fikentreet fer.  
Då ser dei at det frå roti  
visna og turka er.

Då læresveinane såg det,  
då undrast dei storleg og sa:  
”Seg, korleis kunne det ha seg  
at treet turka so brått?”  
Då mintest Peter dei ordi  
som Jesus til treet tala,  
og sagde til honom: ”Meister,  
det treet som du forbanna,  
sjå, no hev det longe turka!”

Då tok Jesus til ords og sagde:  
”Hav tru til Gud!  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Dersom de trur og ikkje tvilar,  
so skal de gjera større ting  
enn det med fikentreet.  
Ja, om de so seier til dette fjellet:  
”Lyfta deg opp! Ut i havet deg kasta!”  
og trur det vil ganga soleis,  
so skal det gå som han vil.  
Ja, det skal verta so.

\* Tirsdag i den stille veka.

Difor eg seier dykk dette:  
Alt det de bed om i bønene dykkar, –  
tru bare at de har fått det,  
so skal det verta dykk gjevel!  
Når de då stend og bed  
og de hev noko mot einkvan,  
so må de tilgi han dette!  
Då dykkar himmelske Fader  
og dykkar synder vil tilgi.”

### *Morske og bryske menn*

So kom dei fram til Jerusalem.  
Der gjeng han i tempelet inn.  
Og medan han folket lærer –  
ber fram for deim fagnadbodet –  
hans fiendar honom finn.  
Dei øvste prestane var det,  
dei fremste styresmakter  
og so dei skriftlærde menn.  
Dei framføre Meisteren stend.

Morske og bryske dei mælte:  
”Eit spørsmål me til deg hev:  
Kva rett hev du vel til å gjera dette?  
og: kven denne retten deg gjev?”

Jesus:  
”Eg òg om ein ting vil dykk spørja.  
Svarar de meg, skal eg ogso  
seia, og lata dykk vita  
kvifor eg dette kan gjera:

Var Johannes sin dåp ifrå himlen,  
eller var han frå menneske bare?”

Dei skjøna dei sat i ei klemma,  
og so med seg sjølve slo over:  
”Dersom me svarar: ”Frå himlen,”  
han seier: ”Kvi trudde de han ikkje då?”  
Og svarar me: ”Ifrå menneske,”  
so må me reddast folket.  
Då vil dei steina oss i hel.  
For dei trur fullt og fast og heilt  
at Johannes var ein profet.”

So svara dei Jesus: ”Me veit det ikkje.” –  
”So seier eg dykk ikkje heller  
kva rett eg hev til å gjera dette.” –  
Hans fiendar tagde då dei fekk dette svar.

### *Vil du ut i min vingard ganga?*

Etter denne ordstrid tok Jesus til  
i likningar tala til deim:  
”Men kva meiner de om dette:  
Ein mann hadde søner to.  
Han kom til den eine og sa:  
”Gakk bort i vingarden min  
og arbeid so der i dag, min son!”  
So vent han bad.

”Nei, det vil eg ikkje,” han svara.  
Men sidan han anger i hugen sin fekk,  
og ut i vinhagen gjekk. –  
So gjekk far til den andre sonen,  
og det same til honom sa.  
”Ja, herre, det skal eg,” han svara.  
Men like vel ikkje han gjekk.

Kven av dei to gjorde no  
det som far deira ville?” –

”Den første,” dei svara, og Jesus sa:  
”Det seier eg dykk for sant  
at tollmenn og skjøkjor kjem før  
inn i Guds rike enn de.  
For Johannes kom til dykk på rettferds veg.  
Men honom de ikkje trudde.  
Tollmenn og skjøkjor, dei trudde honom.  
Men endå de såg det, so kom de  
ikkje på andre tankar,  
og trudde han ikkje då heller.”

### *Vonde vingardsmenn*

So byrja han tala til folket:  
”Høyr no ei onnor likning:  
Det var eingong ein husbond  
som laga seg ein vingard.  
Han sette gjerde kringom,  
grov ut ei vinpressa i han.  
So bygde han eit vakttårn.  
Han leigde so hagen bort  
til nokre som dyrka vin.  
Sjølv fór han utanlands,  
vart borte so lang ei tid.

Då det leid mot den årstid  
då dei frukt skulle hausta av hagen,  
sende han sveinane sine  
til deim som hagen leigde,  
til dei som skulle gjeva honom  
noko av vinhagens frukt.

Men dei som hagen hans leigde,  
lagde hand på sveinane hans.  
Dei skamslo ein, og ein dei drap.

Ein tridje svein dei steina.  
Dei andre vart sende tomhende bort.

So sende han andre sveinar,  
fleire enn første gongen.  
Men dei gjorde det same med deim,  
spotta og slo deim i hovudet,  
og sende deim tomhende bort.

Han sende ein til. Honom slo dei i hel  
og kasta han ut.  
Og mange andre han sende.  
Somme dei skamslo, og somme dei drap.

### *No hadde han bare sonen sin att*

No hadde han att bare einaste son sin,  
som han hadde so inderleg kjær.  
Han sagde med seg: ”Kva skal eg no gjera?”  
Eg vil senda min son, som eg elskar so høgt.  
Kan henda dei hev age for han!”

Men då brukarane såg han,  
dei sa til kvarandre:  
”Der hev me arvingen!  
Lat oss slå han i hel!  
Dermed vert arven vår.”

Dei ut han or vinhagen kasta.  
So slo dei honom i hel. –  
Kva skal no vingardsherren  
gjera med desse valdsmenn  
når han attende kjem?”

Då dei høyrde dette, sa dei:  
”Slikt må aldri henda!

Med vondt skal han løna  
desse vonde vingardsmenn.  
Og vinhagen skal han leiga bort  
til andre brukarar,  
som gjev han frukti i rette tid.” –

### *Hyrnesteinen vart vraka*

Då såg Jesus på deim og sagde:  
”Hev de aldri i Skriftene lese:  
”Den stein bygningsmennene vraka,  
den var det som hyrnestein vart.  
Det er Herren sjølv som hev gjort det so.  
For oss eit stort under det er.

Kvar den som fell på den steinen,  
han skal slå seg sund.  
Men den som steinen fell på,  
skal til dust han smuldra.”  
Og difor seier eg til dykk:  
”Guds rike skal takast ifrå dykk.

Og til eit folk skal det gjevast  
som Gudsrikets frukter ber.”  
Då dei øvste prestar, ”dei fromme”  
og dei skriftkloke menner med  
desse likningar høyrde,  
dei skjøna han tala om deim.  
Gjerne ville dei hand på han leggja  
i same stund, men dei ottast,  
dei torde ikkje for folket,  
som heldt han for ein profet. –  
So lét dei han vera, og gjekk sin veg.

### *Bryllup i kongsgarden*

So tok Jesus til ords att  
og sagde ei onnor likning:  
”Guds rike med ein konge kan liknast  
som bryllup for son sin skulle halda.  
Han sende ut sveinane sine,  
og kalla deim som var bedne.  
Men koma ikkje dei ville.  
So sende han andre sveinar og sa  
”Seg til deim som er bedne:  
”Festmåltidet hev eg stelt til.  
Oksane mine er slakta, og gjøfeet med.  
Og alt er ferdig – kom no til bryllups!”  
Men dei brydde seg ikkje om det.  
Ein utpå åkeren gjekk,  
ein annan til krambua si.  
Og dei hine greip sveinane hans,  
svivyrde deim og slo deim i hel.

Då kongen med rette vart harm.  
Ut hærane sine han sende.  
På drapsmennene gjorde dei ende  
og brende opp byane deira.

### *Salen vart full av gjester*

So sa han til sveinane sine:  
”Alt er til bryllupet ferdig:  
men dei som er bedne til festen,  
er ikkje verde det.  
Gakk no ut på vegar og vegskil,  
bed alle de finn, til bryllups!”



På vegar og vegskil gjekk sveinane ut,  
og alle dei fann, bad i hop,  
vonde so vel som gode.  
Og bryllups-salen av gjester vart full.

Då so kongen kom inn, ville gjestene sjå,  
vart han var ein mann utan bryllupsklednad på.

Han seier til honom: ”Kjære,  
korleis hev du kome inn  
og er ikkje bryllupskledd?” –  
Men ingen ting kunne han svara.

Då sa kongen til sine sveinar:  
”Bind hender og føter på han!  
Og kasta han ut, i det ydste myrker,  
der det gråt og tanngnistring er!  
For mange er vel kalla,  
men fåe utvalde er.” –

### *Er det rett å gje keisaren skatt?*

Då gjekk ”dei fromme” bort og heldt råd  
om korleis dei skulle han fanga i ord.  
So gjætte dei på han kvarhelst han fór  
og sende ut folk: læresveinane sine,  
i lag med Herodes-menner.\*  
Dei skulle lura på Jesus,  
gje seg ut for å vera fromme,  
so dei kunne honom fanga i ord.

Dei sagde til honom: ”Meister,  
me veit at du ærleg er.  
Du talar og lærer rett.

\* Herodianarar – eit parti som heldt med kong Herodes.

Det du seier om Guds veg, er sanning.  
Og du bryr deg ikkje om nokon;  
for du gjer ikkje skil på folk.  
Seg oss no: Kva meiner du?  
Er det rett å gje keisaren skatt?  
Eller er det ikkje rett?  
Skal me det gjera eller lata det vera?” –

Jesus skjøna deira list og vondskap.  
So sa han til sendebodi:  
”Kvi freistar de meg, de hyklarar?  
Kom med ein pening og lat meg få sjå han!  
Lat meg skattemynten få sjå!” –  
So flidde dei han ein denar.

### *Gud og keisaren*

”Kva er dette for bilete?” sa han.  
”Og kva er dette for namn?” –  
”Det er keisarens,” svara dei honom. –  
”Gjev då keisaren det som keisarens er,  
og Gud det som Guds er!” sa Jesus.

Soleis kunne dei ikkje fanga  
honom i noko ord  
medan folket høyrde på.  
Dei undra seg bare over svaret hans.  
Dei tagde, og gjekk bort frå honom. –

### *Utspekulert spørsmål*

Ikkje bare ”dei fromme”  
gjætte på Herren Jesus.  
So gjorde ogso den flokken  
dei saddukearar kalla.

Dei trudde ikkje på englar,  
og ikkje at dei døde stend opp.

Den same dagen\* det hende  
at nokre av desse kom til han.  
Dei gav han eit spørsmål og sagde:  
”Meister, Moses hev sagt:  
Om ein gift mann døyr, og ikkje hev born,  
so skal bror hans med enkja seg gifta,  
og halda oppe ætti åt bror sin.  
No var det sju brør her hjå oss.  
Den eine, han gifta seg og døydde.  
Han hadde ’kje born og etter seg lét  
si kona til broren sin.

So tok den andre broren enkja, –  
so gjorde òg den tridje,  
og sameleis alle sju.  
Dei døydde, og hadde ’kje born.  
Til slutt døydde kona òg.  
Kven av deim skal ho då høyra til  
i eit anna liv, når dei opp att hev stått?  
For alle sju hev hatt henne til kona.”

### *I den komande verdi*

Men Jesus deim svara og sagde:  
”De fer vilt sidan ikkje de kjenner  
dei heilage Skrifter, ei heller Guds kraft.  
Dei som lever i denne verdi,  
dei gifter seg, og dei bortgifte vert.  
Men dei som vert verdige haldne  
vera med i den komane verdi  
og stå opp at ifrå dei døde,

\* Tirsdag i den stille veka.

dei gifter seg ikkje,  
og bortgifte ikkje dei vert.  
Heller ikkje dei meir kan døy,  
fordi dei er englane like, og er Guds born  
av di dei hev stade opp att  
til eit nytt og evig liv.

### *Gud er Gud for dei levande*

Men at dei døde skal vekkjast opp att, –  
hev de ’kje lese i boki åt Moses,  
i saga om klungeren,  
korleis Herren til honom sagde:  
Eg er Abrahams, Isaks og Jakobs Gud? –  
Og han er ’kje Gud for dei døde,  
men Gud for dei levande.  
For alle er levande for han.  
De tek storleg feil.”

Då folket høyrdet dette,  
dei reint opp i under vart  
over Meisteren læra. –  
Nokre skriftlærde tok då til ords og sa:  
”Meister, no tala du vel.” –  
Og ingen våga å spørja han meir.

### *Det største bodet i verdi*

So snøgt som ”dei fromme” fekk høyra  
at Meisteren målbunde hadde  
dei saddukeiske motmenn,  
samla dei seg kringom honom.  
Millom deim var ein skriftlærd som hadde  
høyrt på ordsiftet deira,  
og skjøna at Jesus svara deim godt.

No kom han og spurde, og ville honom freista:  
”Meister, kva bod er det største i lovi?  
Kva for eit er det største av alle?”

Jesus den lovlærde svara:  
”Det første bodet er dette:  
Israel, høyr! Herren vår Gud,  
Herren er ein.  
Og Herren din Gud skal du elska  
av alt ditt hjarta, av all di sjel,  
av alt ditt vit og av all di makt!  
Det er det største og første bodet.

Men eit anna det er som er like stort:  
Du skal elska din neste som deg sjølv!  
Det finst ikkje noko anna bod  
som er større enn desse.  
På desse to bodi kviler  
heile lovi og profetane.” –

### *Vel tala du, meister!*

”Vel tala du, meister,” sa den skriftlærde då.  
”Og sant er det som du sa, at han er ein,  
og det finst ingen annan Gud enn han.  
Og å elska han av alt sitt hjarta,  
av alt sitt vit og av all sin hug,  
av all si sjel og av all si makt, –  
og elska nesten som seg sjølv,  
det er mykje meir enn alle offergåvor.”  
Då Jesus høyrde kor visleg han svara,  
då sagde han til honom:  
”Du er ikkje langt borte frå Guds rike.” –  
Sidan våga ingen å spørja han meir.

### *Kven er Messias son til?*

Medan Jesus lærde i templet  
og ”dei fromme” var samla der,  
var det han som kom med eit spørsmål:  
”Kva trur de om Kristus, Messias?  
Kven er det som han er son til?” –  
”Til David,” svara dei honom.

”Men korleis kan de seia det?”  
spurde Meisteren deim.  
”Korleis hev det seg då at David  
i Anden kallar han herre?  
Han seier då sjølv i Salmane:  
”Herren sa til herren min:  
”Set deg ved mi høgre hand,  
til dess eg fær dine fiendar lagt  
til fotskammel under dine føter!”

Kallar no David Messias herre,  
kor kan han då vera hans son?” –  
Men ingen kunne svara han eit ord.  
Og etter den dag torde ingen  
gjeva han flere spørsmål. –

### *På Moses' stol*

Atter tok Jesus til orde,  
tala til dei tolv og til folket,  
ord som i ætti enn minnest.  
Millom anna som han lærde dei, sa han:

”På Moses' stol, der sit ”dei fromme”  
og dei som granskar Skriftene.  
Alt det dei seier til dykk,  
det lyt de gjera og halda.

Men etter deira gjerningar  
skal de ikkje fara!  
For visstnok seier dei det,  
men dei lever 'kje etter si læra.

Dei tunge byrdor bind i hop  
og legg deim på folk sine aksler;  
men sjølve vil de 'kje røra deim  
med ein finger.

Alt det dei gjer, gjer dei so folk  
skal sjå kor gjæve dei er.  
Dei gjer sine bønband breide  
og duskane på kjolen sin store.

Ja, akta dykk for dei skriftlærde!  
Dei likar å ganga i lange kjolar,  
vil at folk skal deim helsa på torgi.

Dei høgste sæti i gjestebodi,  
dei fremste sessar i synagogen,  
der vil dei so gjerne sitja.  
Og gjævt det er verta kalla "rabbi".

### *De er alle brør*

Men de skal ei la dykk kalla rabbi.  
For det er ein som er dykkar meister.  
Og de er alle brør.  
Og "far" skal de ei kalla nokon på jordi.  
For *ein* far de hev, han i himmelen.  
Ei heller skal de nokon lata "lærer" dykk kalla;  
for *ein* lærar hev de, Messias.

Den største av dykk skal vera  
den som tener dei andre.

For den som seg sjølv gjer stor,  
han skal gjerast liten.  
Og den som seg sjølv gjer liten,  
han skal gjerast stor.

### *Eit sjufaldig ve*

So ropa den store meister  
modig eit sjufaldig ve.  
Over den vide verdi enno tonar det:

"Men ve over dykk, de skriftlærde og "fromme",  
hyklarar som de er!  
Guds rike stengjer de for folk.  
Sjølve gjeng de ikkje inn,  
og deim som gjerne ville,  
let de ei få koma inn.

Ve over dykk, de skriftlærde og "fromme",  
hyklarar som de er!  
De ét opp husi for enkjor,  
for ei syn skuld gjer lange bøner.  
So mykje strengare dom  
skal de for dette få.

Ve over dykk, de skriftlærde og "fromme",  
hyklarar som de er!  
De fer land og strand  
for å vinna ein einaste læresvein.  
Og fær de so ein, so gjer de han  
til eit helvetes-barn,  
to gonger verre enn sjølve de er.

## *Blinde vegleidarar*

Ve over dykk vegleidarar blinde!  
de som til folket seier:  
”Dersom ein sver ved templet,  
har det ’kje noko å seia.  
Men sver han ved gullet i templet,  
er han av eiden sin bunden.” –

Dårar og blinde! Kva er vel størst,  
gullet de sver ved, eller det tempel  
som gullet hev vigsla? –  
Og – seier de – ”om ein ved altaret sver,  
har de ’kje noko å seia.  
Men sver han ved offergåva  
som ligg på altaret,  
då er han av eiden sin bunden.”

Blindingar! Kva er vel størst:  
offeret eller det altar  
som vigslar offergåva?  
For den som ved altaret sver,  
sver både ved det  
og ved alt som på altaret er.  
Og den som ved tempelet sver,  
han sver både ved det og ved han  
som i tempelet bur.  
Og den som ved himmelen sver,  
han sver ved Guds kongsstol  
og ved han som på høgsetet sit.

## *Myhanken silar de av*

Ve over dykk, de skriftkloke og de ”fromme”,  
hyklarar som de er!

De gjev tiend av mynte og anis og karve,  
men ansar ’kje det som veg meir i Guds lov:  
rettferd og miskunn og truskap.  
Dette skulle gjerast,  
og hitt ikkje latast ugjort.

Blinde vegleidarar! Myhanken silar de av,  
men svelgjer kamelen!  
Ve over dykk, de skriftlærde og ”fromme”,  
hyklarar som de er!  
Skåler og fat de utanpå reinsar;  
men inni er fati fulle  
av ran og havesykje.  
Du blinde farisear!  
Gjer først skåli di rein innvendig!  
Då utanpå òg vert ho rein.

## *Kalka graver*

Ve over dykk, de skriftlærde og ”fromme”,  
hyklarar som de er!  
De liknar kvitkalka graver.  
Utanpå er dei vel vene og sjå til,  
men innvertes fulle av daudingbein  
og allslags ureinskap.  
Soleis er også de utanpå –  
å sjå til for folk – utan flekker.  
Men inni – i hjarta – de fulle er  
av hyklarskap og urett.

Ve over dykk, de skriftlærde og ”fromme”,  
hyklarar som de er!  
Over dei gamle profetar de gravmæle byggjer,  
og gravene åt dei rettferdige menn  
de pyntar og pryder,

og seier: ”Om me hadde levd  
den gongen fedrene levde,  
so hadde me ei vore med  
og drepe profetane.”

So vitnar de då om dykk sjølve  
at de er borni åt deim  
som slo Guds profetar i hel.  
So hald de fram på same vis  
som fedrene dykkar, til målet er fullt!

### *Eiterormar og slange-ungar*

De eiterormar, de slange-ungar,  
kor kan då vel de  
sleppa undan helvetes-domen?  
Sjå, difor sender eg til dykk  
profetar og vismenn og skriftlærde menn.  
Somme av deim kjem de til å drepa  
og nagla til krossens tre.  
Somme kjem de til å piska  
i dykkar synagogor,  
jaga frå by til by,  
so over dykk det skal koma,  
heile det skuldause blodet  
som hev på jordkringen runne,  
frå blodet til den skuldause Abel,  
til blodet åt presten Sakarja, –  
son til Barakia var han, –  
han som de drap millom templet  
og Herrens offeraltar.  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Straffi for dette skal koma  
over denne ætti.

### *Jerusalem! Jerusalem!*

Jerusalem! Jerusalem,  
som slær i hel profetane,  
og steinar deim som Herren til deg sende!  
Kor ofte ville ikkje eg  
samla borni dine kring meg,  
som høna sine kyllingar!  
Men de ville ikkje.  
Høyr, audt og tomt skal huset dykkar verta.  
For det eg seier dykk for sant:  
De aldri meir fær sjå meg før de ropar:  
Velsigna vere han som kjem i Herrens namn!”

### *Ei armodslig enkja i tempelhall*

Det var midt i den stille veka.  
Dagen var stormfull og strid.  
Då hende det noko so vakkert,  
som minstest frå tid til tid.

Ved tempelkista sat Jesus,  
såg straumen som der gjekk forbi.  
Han såg korleis mange rike  
lagde mykje pengar i.

So såg han ei armodslig enkja.  
Ho stilt framom kista går.  
Ho opnar eit lite knyte,  
og tagal i bøn ho står.

So tek ho to skjervar i handi, –  
til saman ein øre det er, –  
og varsamt ho slepper deim nedi. –  
Ein smil ho av Meisteren fær.

Kven bryr seg, – ei fattig enkja?  
To skjervar – kven tenkjer på slikt?  
Lell er det so vakker ei soga,  
meir fin enn det fagraste dikt.

### *Lell var ho rik*

Men Meisteren såg det, – han kalla  
disiplane til seg og sa:  
”Denne fattige enkja hev gjeve meir  
enn alle deim som i kista la.

For alle so gav dei av nøgdi.  
Ho gav av si fattige råd.  
Ja, alt det ho åtte, gav ho,  
alt det ho hadde å leva av,  
ho lét til Guds tempel gå.”  
Ei armodslig enkja, – og lell var ho rik.  
Det vesle til Herren ho gav.  
Det tok han, – og i hans allmektige hand  
det vart til ein rikdoms hav.

Ei armodslig enkja i tempelhall.  
Ho minnest frå ætt til ætt.  
Ho vart til ein lærar for folkeslag:  
Å gi er å leva rett! –

### *Det var nokre grekarar der*

”Det var nokre grekarar der, av deim som  
jamleg fór opp og tilbad på høgtidi. Dei kom  
til Filip, han frå Betsaida i Galilea, og bad  
han: ”Gode herre, me ville so gjerne få sjå Jesus.”

Dei kom ifrå landet der kunst og kultur  
so herleg ei høgd hadde nått.  
Olympen sin gude-hær visste dei om,  
men endå var sjeli so sollaus og tom.  
Dei livsdrykken hadde ’kje fått.

Der Fidias forma; Homér sitt geni  
la lysglans om Hellas sitt namn.  
Og difor dei lengtande, spørjande stod.  
Dei visste ’kje leid eller hamn.

Sokrates og Platon, ja, vismenn i mengd  
vel freista å spreida det hav  
av skodda som låg over livet sitt land;  
men lell var det mørkt for kvar møy og kvar mann  
på vegen frå vogga til grav.

Olympiske leikar i spaning dei såg,  
dei unge som spela seg der.  
For kraft i den lekamen manndig og mjuk!  
Men – kan det vel hjelpa når sjeli er sjuk  
og gåta uløysande, svær?

Frå Hellas si soga det strøymde eit vell  
av minne frå eldgamal tid:  
Herakles og Solon og Troja sitt fall.  
Men – ljøs det ei gav over dødsgåta kald,  
og døyver ’kje sjeli sin strid.

### *Då bleikna Olympen sin glans*

So fekk dei då høyra om Israels Gud.  
Då bleikna Olympen sin glans.  
Det demra av dag; stort var ljuset som rann.  
Med undring dei løysing på verds-gåta fann  
i ordet om allmakti hans.

So synte det seg at den aning var rett:  
Av guddoms-ætt menneskja er.  
Om mørkret, det tunge og svære på jord, –  
dei ogso om det fann det løysande ord:  
eit *fall* i den nyskapte verd.

Då biletet brast – det som Gud hadde skapt –  
og livsstraumen torna og kvarv.  
Og paradis-portane stengdest for dei.  
No vanka dei om på den audslege hei.  
Og øydd var den herlege arv.

Dei høyrde om storflodi, Babel sitt tårn  
og Abrahams utvalde ætt.  
I svartaste natti ei stjerna var tend:  
Ein frelsar skal verta frå himmelen send  
og råda med miskunn og rett.

### *So drog dei opp til Jerusalem*

So drog dei kvart år til Jerusalem opp.  
Dei Gud ville tilbede der.  
Kvar påskehelg var det ei høgtid so stor.  
Då samlast frå ættene utover jord  
so veldig ein pilegrimshær.

Men no – denne gong – det so underleg var:  
slik uro, slik venting og von.  
Den ovstore hop var eit bårande hav.  
Kven er det som folket den uroi gav!  
Den namngjetne Menneskeson! –

Det gjekk som ei mulling, ei kviskring, eit rop.  
Og gjetordet nådde kvar mann:  
Han er her, profeten frå Nasaret by.

Han seier Guds rike sin dag snart skal gry  
og lysa frå land og til land.

Han er her som talar som ingen hev gjort,  
so sant og so myndig og mildt,  
som lækjer dei sjuke, demonane driv.  
Dei døde han ropar attende til liv,  
og roar sjølv stormhavet vilt.

Han er her som kallar seg verdi sitt ljøs  
og seier at Gud gav han makt  
å tilgjeva synder og lækja kvart sår,  
forkynna for jordi eit hugnadsamt år,  
som for dum Jesaja hev sagt.

Han er her som kallar seg livet sitt brød  
og livsvatn dei tyrstande gjev.  
Ja, ”vegen og sanningi, livet er eg.  
De aldri skal døy, de som stolar på meg.  
So tru då på Kristus – og lev!”

### *Jesus me gjerne vil sjå!*

So kjem dei til Filip, og tolkar si bøn,  
og spør om han trur det er råd  
å møta profeten og tala med han.  
”Me framande er, ifrå Grekenland,  
men *Jesus me gjerne vil sjå.*”

Og Filip seg samråder først med sin ven,  
Andreas, og saman dei går  
til Jesus: ”Det er nokre grekarar her –  
frå Hellas dei kjem – og so fint dei oss ber  
om Meisteren møta dei får.



Det rørde seg noko hos Frelsaren då.  
Han verds-vide utsyn fekk sjå:  
No timen var komen; no skulle han snart  
få atter sin herlegdom, strålande bjart.  
Til alle Guds rike skal nå.

Men kornet – først lyt det i moldi, og døy!  
For elles det grøda ei ber.  
Skal livet si gåva til mange det gje,  
det først lyt seg leggja i moldjordi ned.  
Det kornet sin livs-lagnad er.

”Den som livet sitt elsker, han mista det skal;  
den som hatar sitt liv her på jord,  
han skal berga det fram til eit æveleg liv.  
Den løyndom er rik, djup og stor.

Om nokon meg tener, han fylgja meg lyt.  
Og der som eg er, skal òg han  
som tener meg, vera i æva hos meg  
i livet og lyset sitt land.  
Den som tener meg, Far min skal æra.

No sjela er full utav uro og sorg  
og angst for døden sin veg.  
Men etterpå livet i soldagen gror,  
og når eg til sist vert lyft opp ifrå jord,  
då alle eg inn til meg dreg.”

### *Fekk dei møta Messias?*

Det vert ei fortalt at dei Jesus fekk sjå.  
For visst me då trur at dei fekk.  
Han såg på deim kjærleg, og dei såg på han,  
fekk livs-ordet høyra, og heim til sitt land  
med jubel i sjelsdjupet gjekk.

Me minnest dykk, grekarar, for det var de  
som først tolka lengselen vår, –  
den djupaste lengsla i hjarta sin grunn  
med finaste ordi i menneskemunn.  
Gud gjeve den takki dykk når!

Ja, kornet det døydde, og grøda var stor,  
i årtusund auka og vaks.  
Sjå, åkrane gulnar i land etter land,  
ved sjøar og skogar og havet si strand, –  
dei gylne og solmogna aks! –

### *Var det tora som slo?*

Ved tanken på kveitekornet,  
på døden som nærma seg,  
vart Jesus teken av angst,  
gruar for krossen sin veg:

”No er mi sjel full av uro.  
Og kva skal eg seia: ”Fader,  
frels meg frå denne stundi!”

Men nei, nettopp difor er eg  
komen til denne timen, –  
Herleggjer namnet ditt, Fader!”

Då kom det ei røyst frå himlen:  
”Eg både hev herleggjort det,  
og på nytt herleggjera det skal.”

Folket som stod der og hørde,  
trudde at det hadde tordna.  
”Det var ein engel som tala til han,”  
meinte dei andre som stod der.

## *No gjeng det dom over verdi*

Då tok Jesus til ords og sagde:  
”Det var ’kje for mi skuld den røysti kom.  
For dykkar skuld det var.  
No gjeng det dom over verdi.  
Verdi sin hovding skal no kastast ut.

Og når eg ifrå jordi vert opplyft,  
då alle eg til meg skal dra.” –  
Det sagde han for å syna kva død han skulle døy.

Då svara dei som stod der:  
”Me hev høyrst at det stend i lovi  
at Messias skal leva evig.  
Seg, korleis kan du då seia  
at Menneskesonen skal lyftast opp?  
Kven er denne Menneskesonen?”

## *Vandra før myrkret kjem!*

Då sagde Meisteren til deim:  
”Endå ei stund er ljuset imillom dykk.  
Vandra so lenge de ljuset hev,  
so myrkret ikkje fell på dykk!  
Den som i myrkret vandrar,  
veit ikkje kvar han kjem av.  
So tru på ljuset den stund de hev ljuset,  
so de kan bli ljusens born!” –

Slik tala Jesus, – so gjekk han bort  
og løynde seg for folket.

## *Eit gamalt profet-ord vert oppfylt*

Hardt er menneske-hjarta,  
stridt so det er ei gru.  
Endå so mange teikn og under  
Jesus gjorde for augo deira,  
ville dei ikkje på honom tru.  
Det skulle sannast det ordet  
profeten Jesaja hev tala:  
”Herre, kven trudde bodskapen vår?  
Og kven syntte Herrens arm seg for?”

Difor kunne dei ikkje tru;  
for ein anna stad hev Jesaja sagt:  
”Han hev augo deira gjort blinde,  
og hev hugen deira gjort hard,  
so dei ikkje skal sjå med augo  
og ikkje med hjarto skjøna  
og venda om so eg kan lækja deim.” –  
So sagde Jesaja fordi han såg  
hans herlegdom og om Jesus tala.

Like vel var det mange som trudde på han,  
jamvel av deim i Det høge råd.  
Men dei ville ’kje kjennast ved det  
for skuld dei sokalla fromme.  
Dei ottast at dei kunne verta  
støytt ut or synagoga.  
For dei heldt æra hjå menneski  
gjævare enn æra hjå Gud.

## *Jesus ropar atter ut*

Men Jesus ropa ut og sa:  
”Den som trur på meg, trur ikkje på meg,  
men på honom som sende meg.

Og den som ser meg, ser honom  
som meg hev sendt.

Eg er komen til verdi – eit ljøs,  
so kvar den som trur på meg,  
ikkje skal bli i myrkret.  
Om nokon høyrer mine ord  
og ikkje tek vare på deim,  
so dømer eg ikkje honom.  
For eg er 'kje komen for verdi å døma,  
men for å frelsa verdi.

Den som meg vrakar og ei tek imot  
dei ordi eg talar,  
han hev ein domar over seg:  
Det ord eg hev tala, skal døma han  
på den ytterste dag.

For eg hev ikkje tala ut frå meg sjølv,  
men Faderen, han som meg sende,  
han sa meg føre kva eg skal seia  
og kva eg skal tala.  
Og eg veit at det han med bodet sitt vil,  
er eit æveleg liv.  
So talar eg det som eg talar,  
slik som min Fader hev sagt meg.”

### *Den store tale om dei siste ting*

Det leid imot kveld i Jerusalem\*  
Ut or tempelet Jesus då steig.  
Skuggane fall i den heilage byen.  
Og soli i vester seig.

\* Tirsdags kveld i den stille veka.

### *”Sjå for steinar og bygningar!”*

Og som dei gjekk bortetter vegen,  
kjem apostlane bort til han,  
vil syna han tempelbygget  
som lyste i solfalls-brand.  
Det var prydd med vigde gåvor  
og dei fagraste steinar som tenkjast kan.

Det gløste i gull og i marmor.  
Det skein i kvar søylehall.  
Det stråla og gleim og glimta  
mot avdag og solefall. –  
”Sjå, meister!” dei tekne sagde.  
”Sjå for steinar og bygningar der!”  
Dei tenkte på Jesu doms-ord.  
Var templet sin undergang nær?

”Ja, ser de alt dette?” sa Jesus,  
”dei veldige bygningar der.  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Det skal koma ei tid då det ikkje her  
vert liggjande stein på stein  
som ikkje skal rivast ned.”

### *Seg oss – når dette skal henda?*

Sidan, på vegen heim den kvelden,  
på Oljeberget han sat.  
Det siste solvellet låg over landet.  
So myrkna det ut imot natt.  
Der såg han den heilage byen  
og templet i solfalls-brand.  
Då kom Peter, Johannes og Jakob  
og Andreas og spurde han:

”Seg oss når dette skal henda?  
Og kva er det teiknet me fær  
når dette er åt og skal koma,  
som syner at tidi lid nær  
når desse ting skal fullendast?

Kva teikn skal me ha på di koma  
og enden på denne verd?”

Då svara han: ”Sjå dykk føre  
so ingen forvillar dykk!  
For mange skal taka mitt namn og seia:  
”Det lid innpå tidi. Messias er eg!”  
og leida mange på villan veg.  
De må ikkje fylgja deim!

Når de so høyrer om ufred og opprør –  
krigar og rykte om krig –  
so må de ’kje vera fælne!

Sjå til at de ikkje vert skræmde!  
For først lyt dette henda;  
men enden kjem ikkje straks.

### *Folk skal mot folk seg reisa*

Folk skal mot folk seg reisa,  
og rike mot andre rike.  
Store jordskjelv skal koma  
og uår og sott kring i landi.

Og det skal syna seg skræmor  
og store teikn ifrå himlen.  
Alt dette er bare det første  
av harde føderier.

Men sjå de dykk føre!  
Før alt dette hender,  
dei hand på dykk legg og forfylgjer dykk.  
For domsstolen skal dei dykk draga  
og inn i fangeholer.  
I synagogene skal dei dykk piska.

### *Fram skal de førast for kongar*

Fram skal de førast for kongar og fyrstar;  
fordi de nemner mitt namn.  
Då skal de få vitna for deim.  
Og først lyt fagnadbodet  
berast ut til alle folk.

Men når dei då fører dykk fram  
og over til retten dykk gjev,  
so legg dykk på minne at ikkje de treng  
føreåt tenkja på korleis de då  
skal svara for dykk.

Syt ikkje for kva de skal tala!  
Det som de får i same stundi,  
det skal de seia.  
For eg i den stundi skal gjeva  
dykk visdom og munn som ingen  
av dykkar motmenn kan standa seg for  
eller seia imot.

For det er ikkje de som talar, –  
det er Den Heilage Ande.

### *Bror skal senda bror i døden*

Bror skal senda bror i døden,  
og far sitt eige barn.  
Born stend fram mot foreldri sine,  
og skyldfolk og vener dykk svik.  
Dei somme av dykk valdar døden.

Dei skal driva dykk ut i naud og fåre.  
Og alle folk skal hata dykk fordi de elsker meg.

Men ikkje eit hår på hovudet dykkar  
skal forkomast.

Mange skal då falla frå,  
og svika og hata kvarandre.  
Og falske profetar i hopetal  
stig fram, fører mange på avveg.

Av di uretten då vert stor,  
skal kjærleiken kolna hjå mengdi.  
Men den som held ut alt til endes,  
han skal bli berga for evig.  
Han skal vinna si sjel.

Og gledebodet om Riket,  
skal forkynnast for alle folkeslag.  
Og då kjem endens dag.

### *Den øydande styggedomen*

Når de då ser at fiendhærar  
kringset den heilage byen  
og ser at den øydande styggedom  
som profeten Daniel tala om

stend der han ikkje skulle,  
stend på den heilage staden, –  
skjøna det, den som les! –  
då skal de vita: det er ikkje lenge  
før byen vert lagd i røys og ruin.

Då må dei som er i Judea,  
flykta opp i fjelli.  
Og dei som er inni byen,  
dei lyt koma seg ut.

Den som er oppe på taket,  
ned må han ikkje stiga,  
gå inn i huset og henta noko!  
Den som er ute på landet,  
er ute på marki og onnar,  
må ikkje gå heim etter kjolen sin!  
For dette er hemnar-dagane –  
straffedoms-tidi er komen –  
då alt som er skrive, skal gå i oppfylling.

### *Då skal det vera so hard ei naud*

Usæle dei som gjeng med barn  
og dei som gjev bryst i dei dagar!  
Be at det ikkje på vinters-tid,  
ei heller ein kviledag hender  
so at de då må flykta.  
For naudi vert stor i landet.  
Guds vreide skal råka dette folket.  
Ja, den tidi skal vera so hard  
at det aldri hev vore so hard ei tid,  
frå skaparverket sitt opphav,  
frå den tid då Gud skapte verdi,  
og alt til no, og vert ikkje sidan heller.

Og gjorde 'kje Herren den tidi stutt,  
då fanst det 'kje liv som vart berga.  
Men for deira skuld som han valde seg ut,  
hev han kortare gjort den tidi.

For sverds-eggi skal dei falla,  
og hær-tekne bort skal dei først  
til alle heidningfolk.  
Og heidningar skal Jerusalem  
trøda under fot til dess  
tidi åt heidningane er ute.

### *Liksom lynet –*

Dersom då nokon vil seia:  
"Sjå, her er Messias! – Sjå, der!"  
so må de 'kje lit til det festa!

For falske messias'ar skal det stå fram.  
Og falske profetar kjem òg.  
Store under og teikn skal dei gjera,  
so jamvel dei utvalde kunne forvillast  
dersom det mogeleg var.  
Kom i hug: Eg hev føreåt sagt dykk alt dette!

Dersom dei no med dykk seier:  
"Der ute i audni han er,"  
so må de 'kje ganga dit ut!  
eller: "Han er der inne i huset,"  
so må de 'kje lit til det festa!

For – liksom lynet gjeng ut ifrå aust  
og skin radt til vest,  
so skal det òg vera  
når Menneskesonen kjem.  
Der åtselet er, vil gribbane samlast.

### *Teikn i sol og måne*

Og straks etter trengsla i desse dagar  
skal det syna seg teikn  
i sol og måne og stjernor.  
Soli skal myrkjast  
og månen mista sitt ljøs.  
Ned ifrå himlen skal stjernone falla,  
og himmelkraftene skakast.  
På jordi skal folki i vonløysa fælast  
når hav og brotsjøar dyn.

Folk fell i avmakt av redsla og gru  
for det som då kjem over jordi.  
For i himmelrømdi skal kraftene skakast.

Då skal teiknet åt Menneskesonen  
på himmelen syna seg.  
Og alle ætter på jordi  
skal øya og jamra seg.  
Då skal dei sjå Menneskesonen  
koma i himmelens skyer  
med velde og herlegdom stor.

### *Medan luren ljomar –*

Og då, medan luren ljomar,  
han englane sine skal senda,  
og dei i hop skal sank  
deim han hev valt seg ut,  
frå heimsens fire hyrno,  
frå himmelbryn  
til himmelbryn.

Men når dette tek til å henda,  
då rett dykk opp og lyft hovudet!  
For utløysingi dykkar er nær!

### *Lær av fikentreet!*

Lær ei likning av fikentreet,  
og alle andre tre!  
Når sevja hev kome i greinene  
og lauvet tek til å spretta,  
då veit de av dykk sjølve  
at sommaren alt er nær.

Like eins når de ser alt dette,  
då veit de han er utfor døri.  
Då veit de Guds rike er nær.

Det seier eg dykk for visst:  
Denne ætti skal ikkje forgangast  
før alle desse ting hev hendt.  
Himmel og jord skal forgangast.  
Men aldri forgangast skal mine ord.

Men den dagen og timen veit ingen,  
ikkje eingong himmelens englar,  
og ikkje Sonen heller –  
ingen utan Faderen åleine.

For som det var i Noahs dagar,  
so skal det ogso vera  
når Menneskesonen kjem:  
For liksom i den tidi før storflaumen kom,  
dei åt og drakk og gifte seg  
og bortgifte vart,  
alt til den dagen då Noah i arken gjekk inn,

og ingen visste ordet av før storflodi kom  
og tok deim alle bort, –  
so skal det ogso vera når Menneskesonen kjem.

Då skal to menn vera ute på marki.  
Den eine vert henta, og den andre vert att.  
to kvinner skal mala saman på kverni.  
Den eine vert henta, og den andre vert att.

### *Vak kvar tid og stund!*

Men vara dykk at de aldri let  
dykkar hjarta tyngjast av drikk og svir  
eller verdsleg sut,  
so den dagen kjem uventa på dykk som ei snara!  
For han over alle skal koma  
som bur kring i vidande verdi.

Men vak kvar tid og stund!  
For de veit 'kje kva dag eller time  
dykkar Herre kjem.  
Og bed, so de kan få styrke  
røma undan alt dette som koma skal  
og stå dykk for Menneskesonen!

### *Ein mann drog utanlands*

Det er liksom med ein mann  
som tok ut på ei ferd til framande land.  
Då han heimanfrå fôr, lét han sveinane sine  
styra og stella for seg.  
Og kvar fekk so sitt å gjera.  
Til portnaren sa han at han laut vaka.

So vak då! – de veit 'kje når husbonden kjem –  
om kvelden, midt på natti,  
når hanen gjel, ved solarsprett.  
Lat han 'kje finna dykk sovande  
når han brått og uventa kjem!  
Men det eg dykk seier, det seier eg alle:  
*Vak!*

### *Ingen veit når tjuven kjem*

Men det de nok skjønar:  
dersom husbonden visste  
kva tid på natti tjuven kom,  
so vakte han og let ingen mann  
bryta seg inn i huset.

Ver difor budde, de òg!  
Menneskesonen kjem på ei tid  
då de ikkje ventar honom.

### *Men er drengen ein skarv*

Kvar er no den trugne og vituge drengen  
som husbonden sette over tenestefolket,  
so han i rett tid skal gjeva deim mat?

Sæl er den drengen som husbonden ser  
gjera soleis når han kjem.  
Det seier eg dykk for visst:  
Han set han over alt det han eig.

Men er drengen ein skarv og seier med seg:  
"Husbonden min gjev seg tid.  
Han kjem 'kje på lenge enno,"

og so gjev seg til å slå dei hine sveinar  
og et og drikk i lag med drankarar,  
då skal husbonden koma ein dag han 'kje ventar,  
i ein time han ikkje veit av,  
og hogga han ned, la han få sin lut  
i lag med deim som med hyklarskap fer,  
der det gråt og tanngnistring er.

### *Ti brurmøyar*

Då kan himmelriket liknast  
med brudemøyar ti,  
som tok sine lampor,  
til møtes med brudgomen gjekk.  
Fem av deim var uvise.  
Og fem av deim var kloke.

Dei uvise tok sine lampor.  
Men olje dei ikkje tok med.  
Men dei kloke tok olje med seg i krukkor  
saman med lampone sine.

Då det no drygde før brudgomen kom,  
dei alle vart trøytt, og sovna.  
Men midt på natti høyrdest eit rop:  
"Sjå, brudgomen kjem! Gå han i møte!"

### *Lampone våre sloknar!*

Då vakna alle møyane  
og stelte lampone sine.

Dei uvise sa til dei kloke:  
"Lat oss få noko olje av dykk!  
Lampone våre sloknar."



”Nei,” svara dei kloke, ”det rekk ikkje til både åt oss og åt dykk. De lyt heller åt kjøpmannen ganga og kjøpa dykk noko der.”

Men medan dei gjekk for å kjøpa, då brudgomen kom. Dei som var ferdige, gjekk då med han til bryllupet inn. Og døri vart stengd.

Då det leid om eit bel, kom dei hine møyar òg. Og dei sa: ”Herre, herre, lat opp for oss!” Men han svara: ”Det seier eg dykk for sant: Eg kjenner dykk ikkje.” – De difor må vaka! For de veit korkje dag eller time.”

### *Fem tusund – to tusund – eitt tusund dalar*

For det er som då ein mann ville utanlands fara. Han kalla sveinane sine inn og flidde deim alt han åtte.

Ein gav han fem tusund dalar.\* Ein annan to tusund fekk. Eitt tusund fekk den tridje, – etter som kvar dugde til. So fór han ut or landet.

\* Gresk: Fem talentar. Ein talent var om lag 6 000 kroner.

Den som fekk fem tusund dalar, tok straks til å handla med deim, og vann seg fem tusund til. Sameleis den som fekk to tusund dalar. Han òg vann seg to tusund til. Men den som fekk eitt tusund, han gjekk bort og grov eit hol i jordi. Der gøymde han husbondens pengar.

Det leid so lang ei tid; då kom husbonden heim att og kravde rekneskap av sveinane sine.

### *Vel gjort, du trugne tenar!*

Og han som hadde fenge fem tusund dalar, steig fram.

Han fem tusund til hadde med seg, og sagde: ”Herre, du gav meg fem tusund dalar; sjå her, eg hev vunne fem tusund til.”

Då sagde husbonden til han: ”Vel gjort, du gode og trugne tenar! Du var tru i det som var lite. Eg vil setja det over mykje. Gå inn og gled deg med husbonden din!”

So gjekk han fram, han som hadde fått to tusund dalar, og sagde: ”Herre, du to tusund dalar meg gav. Sjå her, eg vann to tusund til!”

Og husbonden sagde til honom: ”Vel gjort, du gode og trugne tenaren min!”

Du var tru i det som var lite.  
Eg vil setja deg over mykje.  
Gå inn og gled deg med husbonden din!”

### *Du låke og late tenar!*

Sidan kom han som hadde  
eitt tusund dalar fenge.

Han sagde: ”Herre, eg visste  
at du er so streng ein mann,  
som haustar der ikkje du sådde  
og sankar der ikkje du strådde.  
Eg difor vart redd, og so gjekk eg bort  
og gøymde pengane dine i jordi.  
Sjå, her hev du ditt!”

Då svara husbonden honom:  
”Du låke og late tenar!  
Du visste eg haustar der ikkje eg sådde,  
og sankar der ikkje eg strådde.  
Skulle du då ’kje ha sett mine pengar i banken!  
So hadde med rentor eg mitt fenge att  
då eg kom frå utlandet heim.

Tak ifrå han dei tusund dalar,  
og gjev deim til honom som ti tusund hev!  
For kvar den som hev, han skal få,  
og det i overflod.  
Men den som ikkje hev, skal mista  
jamvel det som han hev.  
Og kasta den duglause tenaren ut  
i myrkret utanfor,  
der det gråt og tanngnistring er!

### *Når Menneskesonen i herlegdom kjem*

Men når Menneskesonen i sin herlegdom kjem,  
og alle englar med han,  
i den glimande kongsstolen sin skal han sitja.

Alle folkeslag samlast framføre han då.  
Og han skal skilja deim åt,  
liksom hyrdingen sauene frå geitene skil,  
og sauene setja på si høgre sida,  
og geitene på den vinstre.

So skal kongen seia  
til deim på den høgre sida:  
”Kom hit, de velsigna borni åt Far min!  
Tak det riket i eige som var etla åt dykk  
alt ifrå verdi var skapt!

For eg var svolten – de gav meg mat.  
Eg var tyrst – og de gav meg drikka.  
Eg var heimlaus, og de meg hyste.  
Eg var naken, og de meg kledde.  
Eg var sjuk, og de såg om meg.  
Eg var i fengsel, og de meg vitja.”

### *Når såg me deg svolten og tyrst –*

Då skal dei rettferdige svara:  
”Herre, når såg me deg svolten, og gav deg mat,  
eller tyrst og gav deg drikka?  
Når såg me deg heimlaus og hyste deg,  
eller utan klede og kledde deg?  
Når såg me deg sjuk og i fengsel  
og kom til deg?”

Då kongen skal svara og seia til deim:

”Det seier eg dykk for sant:

Det de hev gjort mot ein  
av dei minste brørne mine,  
det hev de gjort mot meg.”

So han seier til deim på den vinstre sida:

”Gakk bort frå meg, de forbanna,  
til den ævelege eld  
som er tilbudd åt Satan og englane hans!  
For eg var svolten, og de gav meg ’kje mat.  
Eg var tyrst, og de gav meg ’kje drikka.  
Eg var heimlaus, og de meg ’kje hyste.  
Eg var naken, og de meg ’kje kledde.  
Eg var sjuk og i fengsel, og de såg ikkje om meg.”

### *Det hev de ’kje gjort imot meg*

Då tek dei òg til ords og seier:

”Herre, når såg me deg svolten,  
eller tyrst eller heimlaus eller naken,  
eller sjuk eller fengsla, og hev ikkje tent deg?”  
Då svarar kongen og seier til deim:  
”Det seier eg dykk for sant:  
Det de ikkje hev gjort mot ein av desse minste,  
hev de heller ’kje gjort mot meg.”

So skal til æveleg straff bort dei ganga,  
men dei rettferdige inn til eit evig liv.”

## INN I LIDINGS-ELDEN

### *Om to dagar –*

Då Jesus alle desse ordi hadde tala,  
han endå hadde noko på sitt hjarta, –  
eit ord i alvor sa til sine vener:

”Påske det er, som de veit, om to dagar.\*  
Menneskesonen skal då  
gjevast i sine uveners hender.  
Og dei skal krossfesta honom.”

### *Myrke makter*

Då det no bare var to dagar att  
til påske og søtebrød-helgi,\*\*  
myrke makte seg ovra,  
ein loge kveikt av den vonde,  
ein eld ifrå avgrunns-djupet,  
nørd i forherda hjarto.

Dei øvste prestar i folket  
og styresmennene deira  
og so dei skriftlærde karar –  
dei vyrde menner – kom saman  
i garden til øvstepresten.  
Han namnet Kajafas bar.

\* Om to dagar var torsdag i den stille veka. Dette var då sagt tirsdag e. m. – Kva Jesus gjorde dagen etter – onsdag – vert ikkje nemnt.

\*\* Til sjøve påskehelgi – 14. nisan – knytta seg usyrdebrød-helgi, som varde ei veka. Då måtte bare usyrd brød etast.

Dei grunda på korleis dei skulle  
bera seg åt so dei kunne  
Jesus rydja or vegen.  
So lagde dei over: dei ville  
gripa Menneskesonen  
med list, og slå han i hel.  
”Men ikkje med helgi,” dei sagde,  
”for elles kunne det verta  
oppstyr og opprør blant folket.”  
For det var dei livande redde.

### *Tretti sylvdalar*

Ein mann hadde mogna for myrkret.  
I tynne, men sterke trådar  
meir og meir vart han bunden, –

Judas Iskariot, ein av dei tolv.  
Og so til sist vart han funnen  
med Satan sjølv i sitt hjarta.

Og so det utrulege hende:  
Han gjekk til dei øvste prestar  
og dei som styrde med tempel-vakti,  
og tala med deim korleis han skulle  
få gjeva Jesus over til deim.

Då vart dei glade, og so dei lova  
å gje han pengar. –

”Kva vil de gjeva meg?” spurde Judas,  
”so eg skal laga det slik for dykk  
at de fær honom i dykkar makt?”

Då tretti sylvdalar opp vart talde.  
Han vart forlikt med dei høge herrar,  
og frå den stundi han stendig leita, –  
han ville finna eit lagleg høve  
å gjeva Jesus i deira hender  
forutan oppstyr.

### *Dei kjøpte eit lite offerlam*

So kom då den første dagen  
i søtebrød-helgi, i påsken,  
då offerlammet dei slakta.

Meisterens læresveinar  
kom då til honom og sagde:  
”Kvar vil du at me skal ganga av  
og laga påskemålet for deg?”

So sende Jesus Johannes  
og Peter i veg og sa:

”Gakk de av stad og stell til  
påskemålet åt oss,  
så me kan halda måltid!” –

Dei spurde han atter: ”Kvar vil du at me  
skal stella måltidet til?”

”Høyr her,” svara han,  
”når de kjem inn i byen,  
då vil de møte ein mann  
som ber på ei krukka med vatn.  
Han skal de fylgja  
til dess han gjeng inn i eit hus.

Og so skal de seia til han som eig huset:  
”Meisteren helsar: Mi tid er nær.  
Hjå deg vil eg halda påske.

Kvar er det romet der eg kan halda  
måltid med sveinane mine?”  
Då ein stor sal han dykk syner.  
Ferdig han stend med duka bord.  
Der skal de stella til.”

Og læresveinane gjorde  
som Jesus hadde deim bede.  
Dei tok av stad og kom inn i byen  
og fann det so som han hadde sagt. –  
Dei laga til påskelammet.

Dei kjøpte eit lite offerlam,  
og bar det til Herrens tempel.  
På kopar-altaret blodet rann.  
Og so bar dei lammet attende  
til salen, og gjorde det ferdig.

*”Eg hev hjarteleg lengta – ”*

Då so det vart kveld, etter annsam dag,  
kom Jesus til salen, med dei tolv i lag,  
seg sette til bords med apostlane.  
Og han sagde til deim: ”Eg hev inderleg lengta  
etter å eta dette påskemåltid  
i lag med dykk før eg lider.  
For eg seier dykk: Eg kjem aldri til  
å eta det meir  
før det hev fenge fullendingi si  
i himmelens rike.”

*Kven av oss er størst?*

Underleg er det å tenkja på:  
I denne heilage stundi  
vart det ein ordstrid imillom deim  
om kven som vel skulle gjelda  
for størst å vera.

Då sagde den store meister:  
”Kongane rår over folki sine.  
Og dei som held deim i age,  
vert kalla velgjerdsmenn.  
So er det ikkje med dykk.  
Men den som er størst iblant dykk,  
skal vera som den yngste,  
og styraren som tenaren.  
For kven er vel størst:  
Den som sit til bords,  
eller den som på bordet ber?  
Er det ’kje den som sit til bords?  
Men eg er bare som ein bordsvein iblant dykk.

De er dei som har halde ut med meg  
i prøvingane mine.  
Og no overlét eg riket åt dykk,  
liksom min Far overlét det til meg.  
De skal eta og drikka ved bordet mitt  
i mitt evige rike,  
og sitja på troner og styra  
dei tolv Israels-ætter.”

*Kjærleik til det siste*

No nærmar seg den nifse natti.  
Den beiske skåli stend og ventar.

Snart myrke makter kjem og hentar  
til døden livsens ljose hovding.

Det var straks føre påskehelgi.  
Og Jesus visste at hans time  
var komen då han skulle fara  
frå denne verd, heim til sin Fader.  
Og som han hadde sine eigne elska  
som var i verdi, so han deim elska  
til siste slutt.

Då dei heldt kveldverd, og Satan hadde  
i hugen skote på arme Judas,  
son til Simon Iskariot,  
han skulle Jesus, sin meister, svika, –  
og Jesus visste at Faderen  
då hadde alt i hans hender gjeve,  
at han frå himmelens Gud var komen  
og gjekk til Gud, –

so reiser Meisteren seg frå bordet,  
legg av seg kjolen og tek eit klede  
av lin omkring seg.  
So slær han vatn i vaskefatet  
og tek so til vaska føtene  
åt læresveinane sine  
og turka deim med den duk av lin  
han hadde bunde kring livet.

*”Herre, vaskar du mine føter?”*

Dei er i undring – og so dei skjemmest.  
*Dei* burde vaska sin meisters føter.  
Det er for gale, det som no hender.  
Og no – som før – tolkar Simon Peter  
det alle inst i sitt hjarta kjenner.

Då Jesus bøyer seg ned til honom  
og vil han tvætta, då seier Simon:  
”Min Herre, vaskar du mine føter?” –  
Då svara Jesus sin ven og sagde:  
”Det som eg gjer, du no ikkje skjønar.  
Men du skal skjøna det sidan.”  
Men Simon Peter, han gjev seg ikkje.  
Han brenn av ihuge når han seier:

”Du aldri i verdi skal två mine føter!” –  
Men Jesus svarar han, mildt og myndig:  
”Dersom eg ikkje vaskar deg, Peter,  
hev du ikkje noko samfunn med meg.”

Då svarar Simon og seier: ”Herre,  
du må ’kje två mine føter berre,  
men hendene og hovudet med!”

”Den som hev lauga seg, treng ikkje två  
anna enn føtene sine.  
Han elles er heitopp rein.”  
So sagde Meisteren, og han la til:  
”og de er reine, men ikkje alle.” –  
Han visste vel kven det var av flokken  
som skulle Menneskesonen svika.  
Difor var det at Jesus sagde:  
”De er ikkje reine alle.”

*”Eit mønster hev eg synt dykk”*

Då han no hadde tvege føtene deira  
og teke på seg kjolen sin  
og atter seg sette til bords,  
til skamfulle, tagale læresveinar  
sagde den store meister:  
”Skjønar de kva eg hev gjort med dykk?

De kallar meg meister og herre,  
og det de med rette seier.  
For det eg i sanning er.  
Hev no eg, dykkar herre og meister,  
tvege føtene dykkar,  
då skyldige er ogso de  
två føtene åt kvarandre.

Eit mønster det er eg hev synt dykk:  
Som eg no gjorde med dykk,  
so skal de ogso gjera.  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Ein tenar er ikkje større enn herren sin.  
Og ein ærendsvein er ikkje større  
enn den som hev honom sendt.  
Veit de det, er de sæle  
so sant de gjer etter det.

Eg talar ei om dykk alle.  
Eg veit kven eg valde meg ut.  
Men Skrifti, ho skulle sannast:  
”Den som ét sitt brød med meg,  
hev lyft sin hæl imot meg.”

Eg seier det til dykk alt no,  
før det hev hendt,  
so de – når det hender –  
skal tru at eg er den eg er.  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Den som tek imot ein eg sender,  
han meg tek imot.  
Og den som meg tek imot,  
han tek honom imot som sende meg.”

### *Best for den mann om han aldri var fødd*

Medan dei sat til bords og åt  
og Jesus hadde tala dette,  
då vart han oppøst i åndi  
og sagde sterkt og alvorleg:  
”Det seier eg dykk for visst og sant:  
Ein av dykk kjem til å svika meg,  
ein som i lag med meg ét.  
Sjå, han som meg svik,  
held handi si framover bordet med meg.”

Disiplane såg på kvarandre.  
Dei var reint ille ved,  
og ikkje kunne dei skjøna  
kven Herren tala om.  
Dei dryfte seg imillom  
kven av deim det kunne vera  
som denne udåd skulle gjera.  
So tok dei til å spørja han,  
kvar for seg:  
”Herre, det er då vel ikkje eg?”  
”Det er ein av dykk tolv,” svara Jesus,  
”den som duppar i fatet med meg.  
Han er det som meg vil svika. –  
Menneskesonen, han går nok bort,  
som det er skrive om honom.  
Men ve over mannen som veld  
at Menneskesonen vert gjeven i fiendehand!  
Det var betre for den mann om han aldri var  
fødd!”

## *Herre – kven er det?*

Ein av hans læresveinar,  
den som Jesus elska,  
sat til bords ved Jesu sida.  
Honom gjer Simon Peter eit teikn til,  
og seier til honom:

”Spør kven det er han meiner!”

Då bøygde Johannes seg nærare innåt  
Jesus, og seier til honom:

”Herre, kven er det?”

”Det er han som eg gjev den beten  
som eg no duppar i fatet,”  
sa Jesus. So duppar han beten  
og gjev han til Judas Simonsson Iskariot.

Då svara svikaren honom:

”Rabbi, det er vel ’kje eg?’ –

”No sa du det sjølv,” svara Jesus.

## *Og det var natt*

Då han no hadde fenge beten,  
då Satan fór i honom. –

Jesus til Judas seier:

”Det du vil gjera, gjer det snart!”

Men ingen av deim som sat med til bords,  
forstod kvi han sa det med honom.

Sidan Judas hadde hand om kassa,  
tenkte somme at Jesus ville seia:

”Kjöp det me treng til helgi!”

eller at han skulle gjeva

noko til deim som det trong.

Med det same Judas hadde fenge beten,  
gjekk han ut.

Og det var natt. –

Natt der ute.

Natt i hjarta.

Evig natt.

## *No er Menneskesonen herleggjord*

Då Judas var gått, sa Jesus:

”Menneskesonen er herleggjord no.

Og Gud er i han herleggjord.

Er Gud då herleggjord i han,

skal Gud òg herleggjera han i seg sjølv.

Og han skal herleggjera honom snart.”

## *Den første nattverd*

Medan dei no sat til bords,

tok Jesus eit brød,

takka, velsigna og braut det,

gav det til deim og sagde:

”Tak, og et!

Dette er lekamen min

som vert gjeven for dykk!

Gjer dette til minne om meg!”

Like eins tok han kalken

etter dei hadde kvelds-verden ete.

Han takka og gav deim og sagde:

”Drikk av det alle!

Dette er blodet mitt, paktblodet,

som vert utrent for mange

til forlating for syndene.



Denne kalk er den nye pakt i mitt blod,  
det som renn for dykk.

Det seier eg dykk for sant:  
”Heretter skal eg ’kje drikka  
av frukti frå vintreet  
før dagen kjem då eg drikk henne ny  
i riket åt min Fader.

### *Det nye bod*

No bare ei liti stund, mine born,  
eg endå imillom dykk er.  
De kjem til å leita etter meg,  
og – som eg sagde til jødane – :  
Dit eg gjeng, kan ikkje de koma,  
so seier eg ogso no til dykk.

Og so eit nytt bod eg dykk gjev:  
at de skal elska kvarandre.  
Liksom eg dykk hev elska,  
skal de ogso elska kvarandre.  
På dette skal alle skjøna  
at de mine læresveinar er,  
at de hev innbyrdes kjærleik.”

Seier so Simon Peter til honom:  
”Herre, kvar gjeng du av?” –  
Jesus honom det svaret gav:  
”Dit eg gjeng, kan du ikkje fylgja meg no.  
Men du skal fylgja med meg sidan.”

### *Læresveinar med store ord*

Då seier Jesus til venene sine:  
”I denne natt kjem de alle til  
å styggjast ved meg og forlata meg.  
For det stend skrive: ”Eg hyrdingen slær.  
Og saueflokken skal spreidast.”  
Men når eg hev stade opp att,  
skal eg føre dykk fara til Galilea.”  
Då tok Peter til ords og sagde:  
”Om alle styggjest ved deg,  
so aldri styggjast skal eg.”

”Simon, Simon, høyr kva eg seier:  
”Satan kravde å få dykk i sitt vald,  
so han kunde sælda dykk liksom korn.  
Men eg hev bede for deg at di tru  
ikkje må tryta.  
Og når du eingong vender om,  
so styrk dine brør!”

### *Før hanen gjel –*

”Herre,” sa Peter, ”med deg er eg budd til å gå  
både i fengsel og døden.  
Rabbi, kvi kan eg ’kje fylgja deg straks?  
Eg vil gjeva mitt liv for deg.”

”Vil du gjeva ditt liv for meg?” spør Jesus.  
”Det seier eg deg for visst og sant:  
før hanen i natt hev to gonger gale,  
tri gonger hev du nekta at du kjenner meg.”

Men Peter tok endå sterkare i:  
”Om eg so må døy med deg,  
skal eg ikkje forneakta deg.”  
Det same sagde dei alle.

### *To sverd er nok*

So sagde han til deim:  
”Då eg i veg dykk sende  
forutan pung og skor og skreppa,  
vanta de då nokon ting?” –  
”Ingen ting!” svara dei.  
”Men no lyt den som hev pung,  
ta han med!” sagde han.  
”Og like eins den som hev skreppa.  
Og den som ikkje hev noko sverd,  
lyt selja sin kjole og kjøpa seg eit.  
For eg seier dykk at på meg lyt det sannast  
det ord som stend skrive:  
”Og han vart millom brotsmenn rekna.”  
For med meg det mot enden lider.”

”Herre,” dei sagde, ”sjå, her er to sverd!” –  
”Det er nok,” svara Jesus.

### *Lat ikkje hjarta reddast!*

Lat ikkje hjarta dykkar  
uroast, ikkje reddast!

Tru på Gud! Og tru på meg!  
I huset åt Far min er mange rom.  
Var det ’kje så, eg ville vel då  
hava sagt dykk det.

For no gjeng eg bort og vil stella til  
ein verestad åt dykk.

Og når eg hev gått bort  
og stelt til ein stad åt dykk,  
sjå, då kjem eg att, tek dykk til meg,  
so de òg skal vera der som eg er.  
Og dit eg gjeng, veit de vegen.”

Seier so Tomas til honom:  
”Herre, me veit ikkje kvar du gjeng av.  
Korleis kan me då vita vegen?” –  
Meisteren svara med sterke ord,  
som sidan vart kjende i sud og nord.  
Årtusund fór;  
men enno skin denne fagre skatt,  
klåre stjernor i tidi si natt.  
Åri, dei gjeng, utan stogg, utan stans;  
Men aldri dei stjernone tapar sin glans:

### *Vegen – sanningi – livet*

”Eg er vegen, sanningi og livet.  
Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg.  
Hadde de kjent meg, so hadde de òg  
kjent Far min, og frå denne stundi  
kjenner de han og hev sett han.”

Seier so Filipi: ”Herre,  
vis du oss Faderen, so hev me nok!” –

Meisteren svarar: ”No hev eg vore  
so lenge med dykk i lag,  
og du kjenner meg ikkje, Filip?  
Den som hev sett meg, hev Faderen sett.  
Kor kan du seia då: ”Lat oss Faderen få sjå?”

Trur du då ikkje at eg er i Faderen,  
og Faderen er i meg?  
Dei ordi eg talar til dykk,  
dei talar eg ei av meg sjølv.  
Men Faderen som bur i meg,  
han er det som gjer sine verk.

Tru meg at eg er i Faderen,  
og Faderen er i meg!  
Om ikkje det, so tru meg for sjølve verki skuld!

### *Sannings-Anden skal koma*

Det seier eg dykk for visst og sant:  
Den som trur på meg,  
skal gjera dei same verk eg gjer.  
Ja, han skal gjera større verk enn dei.  
For eg gjeng til Faderen no,  
og alt de bed om i namnet mitt,  
det vil eg gjera so Faderen  
kan herleggjord verta i Sonen.  
Når de bed meg om noko i namnet mitt,  
so skal eg gjera det.  
Elskar de meg, so held de mine bod.  
Då skal eg beda Faderen,  
so gjev han dykk ein annan talsmann,  
som skal vera hjå dykk i all æva,  
Sannings-Anden, som verdi ei kan få;  
for ho ser honom ikkje, og kjenner honom ikkje.  
Men de honom kjenner; for han bur i dykk  
og skal vera inni dykk.

### *Eg lever – og de skal leva*

Eg vil ikkje lata dykk vera att  
åleine, som farlause born.  
Eg kjem til dykk. – Om ei liti stund  
ser verdi meg ikkje lenger.  
Men de meg ser, for sjå, eg lever!  
Og de skal ogso leva!  
Den dag skal de skjøna at eg er i Far min,  
og de er i meg, og eg i dykk.

Den som hev bodi mine, og lyde deim,  
han det er som elsker meg.  
Og den som meg elsker, honom skal  
ogso min Fader elska.  
Eg ogso skal elska honom  
og gje meg til kjenne for han.”

### *Kva er grunnen til – ?*

Judas – ikkje Iskariot – seier:  
”Herre, kva er vel grunnen til  
at du vil gje deg til kjenne for oss,  
og ikkje for verdi deg syna?” –  
Meisteren svara og sagde:

”Om nokon elsker meg,  
tek han vare på mine ord.  
Og Far min skal elska honom,  
og me skal til honom koma  
og taka vår bustad i honom.  
Den som ikkje elsker meg,  
tek ikkje vare på mine ord.  
Og ordet de høyrer, er ikkje mitt,  
men Faderens, han som hev sendt meg.

Dette til dykk hev eg tala  
medan eg enn hjå dykk er.  
Men Talsmannen, Heilag-Anden,  
som min Fader i mitt namn skal senda,  
han skal læra dykk alt og dykk minna på alt  
som eg til dykk hev tala.

### *Fred*

Fred etterlét eg dykk.  
Min fred gjev eg dykk.  
Eg gjev dykk 'kje fred på den måten  
som verdi det gjer.  
Lat ikkje hjarta dykkar  
uroast, ikkje reddast!

De høyrde eg til dykk sagde:  
"Eg gjeng bort, og kjem til dykk att."  
Elska de meg, so gledde de dykk  
fordi eg til Faderen gjeng.  
For Faderen er større enn eg.  
Og no hev eg sagt det før det hev hendt,  
so de skal tru når det hender.

Det heretter ikkje vert mykje som eg  
kjem til å tala med dykk.  
For no kjem verdi sin hovding.  
I meg eig han ingen ting.  
Men for at verdi skal vita  
at eg elsker Faderen og at eg gjer  
so som Faderen sagde til meg, –  
reis dykk, og lat oss gå herifrå!

### *Det sanne vintreet*

Eg er det sanne vintre.  
Og Far min er vingardsmannen.  
Kvar grein på meg som ikkje ber frukt,  
den tek han bort.  
Kvar grein som ber frukt, den reinsar han  
so ho meir frukt skal bera.  
På grunn av det ordet eg tala til dykk,  
alt reine de er.

Ver i meg, so er eg i dykk!  
Som greini ikkje kan bera frukt  
av seg sjølv,  
men bare når ho på vintreet er,  
so kan 'kje de heller utan de er i meg.

Eg er det sanne vintre, – greinene er de.  
Den som er i meg, og eg i han,  
han ber mykje frukt.  
For utan meg kan de ingen ting gjera.

Om nokon ikkje vert verande i meg,  
han ut vert kasta som ei grein, og visnar.  
Folk sankar deim saman, kaster deim på elden.  
Og dei brenn.

Vert i meg de verande, og mine ord i dykk,  
so bed om kva de vil! Og de skal få det.  
På denne vis vert Far min herleggjord  
at de ber mykje frukt.  
Og de skal verta mine læresveinar.

### *Ver i min kjærleik!*

Som Faderen hev elska meg,  
so hev eg elska dykk.  
So ver då i min kjærleik!  
Når de bodi mine held,  
då de i min kjærleik er,  
som eg hev halde bodi åt min Far  
og i hans kjærleik er.

Dette hev eg til dykk tala  
so gleda mi i dykk kan bu  
og gleda dykkar kan fullkomi verta.

Det er mitt bod: de skal kvarandre elska,  
som eg hev elska dykk.  
Og ingen større kjærleik hev  
enn at han livet sitt for sine vener gjev.  
De mine vener er so sant de gjer  
det som eg seier til dykk.

Eg tenarar kallar dykk 'kje lenger.  
For tenaren veit 'kje kva herren hans gjer.  
Men dykk eg vener kallar.  
For alt eg hev høyrte av Far min,  
det hev eg sagt til dykk.

### *Frukt som varer*

De hev ikkje utvalt meg.  
Men eg hev utvalt dykk,  
og sett dykk til å ganga ut  
og bera frukt –  
ei frukt som varer ved,  
so Faderen kan gje dykk alt

de bed om i mitt namn.  
Dette er det eg byd dykk,  
at de skal elska kvarandre.

### *Når verdi hatar –*

Når verdi dykk hatar, so skal de vita  
at ho hev hata meg føre dykk.  
Var de av verdi, då verdi ville  
elska sitt eige.  
Men fordi de ikkje av verdi er,  
men av verdi dykk ut eg hev valt,  
sjå, difor verdi dykk hatar.

Minnast det ordet eg sa dykk:  
Ein tenar er ikkje større  
enn husbonden sin.  
Hev dei då meg forfylgt,  
vil dei forfylgja dykk òg.  
Hev dei halde seg etter mitt ord,  
skal dei òg taka vare på dykkar.

Men alt dette dei kjem til å gjera  
mot dykk for namnet mitt skuld,  
av di dei ikkje kjenner  
honom som sende meg.  
Var eg 'kje komen, og hadde tala til deim,  
so hadde dei ikkje synd.

Men no hev dei ingen ting  
å orsaka syndi si med.  
Den som meg hatar,  
han hatar Far min òg.

## *Dei hata meg utan orsak*

Hadde eg ikkje gjort slike verk  
iblant deim som ingen annan,  
so hadde dei ikkje synd.  
Men no hev dei sett deim, og like vel  
hatar både meg og Far min.

Men det er av di det laut sannast,  
det ord som er skrive i lovi:  
"Uten orsak hata dei meg."

Når talsmannen kjem,  
han som eg til dykk skal senda  
frå Faderen, – Sannings-Anden,  
som gjeng frå Faderen ut, –  
so skal han vitna om meg.  
Men de skal ogso vitna.  
For de hev vore med meg frå det første.

## *Det vil koma ei tid*

Dette eg til dykk hev tala  
so de ikkje skal førast til fall.  
Dei kjem til å støyta dykk ut  
or synagogene sine.  
Ja, det vil koma ei tid  
då kvar den som dykk drep,  
trur at han tener Gud med det.  
Og dette dei gjer av di dei ikkje  
Faderen kjenner og ikkje meg heller.

Men dette eg til dykk hev tala,  
so de, når den tidi kjem,  
skal koma i hug at eg sagde dykk det.

Frå det første eg sa det 'kje til dykk,  
av di eg var hjå dykk då.

## *No gjeng eg bort*

Men no gjeng eg bort, til han som meg sende.  
Og ingen av dykk spør meg: "Kvar gjeng du av?"  
Men fordi eg hev tala dette til dykk,  
er hjarta dykkar fullt av sorg.

Men eg seier dykk so som sant er:  
Det er til gagn for dykk at eg gjeng bort.  
For gjeng eg 'kje bort,  
kjem talsmannen ikkje til dykk.  
Men gjeng eg bort, eg honom til dykk skal senda.

Og når han so kjem,  
han verdi skal overtyda  
om synd – om rettferd – om dom:  
Om synd, av di dei 'kje trur på meg:  
om rettferd av di eg til Faderen gjeng  
og de ikkje ser meg lenger;  
om dom av di han er dømd,  
denne verdi sin hovding.

## *Fram til all sanning*

Enn hev eg mykje å seia dykk.  
Men de kan ikkje bera det no.  
Men når han kjem, Sannings-Anden,  
skal han leida dykk fram til all sanning.  
For han skal ikkje tala av seg sjølv,  
men tala alt det han høyrer,  
og kunngjera dykk det som koma skal.

Meg skal han herleggjera.  
For av mitt skal han ta og forkynna for dykk.  
Alt det som Faderen hev, er mitt.  
Difor sa eg at han tek av mitt  
og forkynner for dykk.

### *Om ei liti stund –*

Om ei liti stund de ser meg ikkje lenger.  
Og om ei liti stund att skal de meg få sjå.”  
Somme av hans disiplar sagde då seg imillom:

”Kva meiner han vel med dette  
som no han seier til oss:  
”Om ei liti stund de meg ikkje ser;  
om ei liti stund att skal de få sjå meg,”  
og: ”Eg til Faderen gjeng?”

Kva meiner han vel med dette:  
Ei liti stund?” sa dei.  
”Me skjønar ’kje kva han talar om.”

Jesus visste dei ville han spørja.  
Og so til disiplane sa han:  
”Er det dette de dryfter med kvarandre, at eg sa:  
Om ei liti stund de meg ikkje ser, –  
om ei liti stund att skal de få sjå meg?”

### *Sorgi skal vendast til glede*

Det seier eg dykk for visst og sant:  
De skal gråta og øya; men verdi skal gle seg.  
De skal syrgja; men sorgi dykkar,  
ho skal til glede vendast.

Når ei kvinna skal føda, då sutfull ho er  
av di hennar time er komen.  
Men når ho hev fenge barnet,  
då kjem ho ’kje lenger si trengsla i hug,  
so glad er ho at eit menneskebarn  
til verdi er kome.

Soleis er de ogso sutfulle no.  
Men eg skal sjå dykk att.  
Då vert de hjarteglade.  
Og ingen tek glede ifrå dykk.

### *Bed – so skal de få*

Den dagen skal de ’kje spørja meg  
om nokon ting.  
Det seier eg dykk for visst og sant:  
Bed de min Fader om noko,  
skal han gjeva dykk det i mitt namn.

Til no hev de ikkje bede  
om noko i namnet mitt.  
Bed – so skal de få,  
so glede dykkar kan verta fullkomi!

I likningar dette til dykk hev eg tala.  
Ei tid skal det koma då eg ikkje lenger  
skal tala i likningar til dykk;  
men ope og endefram skal eg  
fortelja dykk om Faderen.

Den dag skal de beda i namnet mitt,  
og eg seier dykk ikkje at eg då vil  
Faderen beda for dykk.

For Faderen sjølv dykk elskar  
fordi de hev elska meg og trutt  
at eg hev gått ut frå Gud.

Eg hev gjenge frå Faderen ut  
og er komen hit til verdi.  
No fer eg atter frå verdi bort,  
og heim til Faderen gjeng.”

### *Eg over verdi hev vunne*

Seier so læresveinane:  
”Sjå, no talar du endefram,  
og ingi likning du seier.  
No veit me, meister, at du veit alt,  
treng ikkje at nokon spør deg.  
Difor me trur du er komen frå Gud.”

”No trur de,” sa Jesus, ”men sjå, det kjem  
ei stund – ja, ho alt er komi –  
då de skal spreidast kvar til sin heim  
og la meg vera att åleine.  
Men eg er ikkje åleine.  
Faderen, han er med meg.

Eg dette hev tala til dykk so de  
skal hava fred i meg.  
I verdi hev de trengsel; men hugheile ver!  
Eg over verdi hev vunne.”

### *Det er det evige livet*

Soleis tala Jesus; so lyfta han augo sine  
mot himmelen og sagde:  
”Fader, timen er komen!

Herleggjer Son din,  
so Son din kan herleggjera deg!  
etter di du hev gjeve han makt  
over alt som menneske heiter,  
so han kan lata alle deim  
som du hev han gjeve, få æveleg liv.

Og det er det evige livet  
at deg dei kjenner,  
den einaste sanne Gud,  
og den du sende, Jesus Kristus.

Eg hev på jordi herleggjort deg,  
og fullført det verket du gav meg å gjera.  
Og no, Fader, herleggjer meg  
hjá deg med den herlegdomen  
eg hadde hjå deg før verdi var til!

Ditt namn hev eg openbara  
for dei menneski du gav meg av verdi.  
Dine dei var, og du gav meg deim.  
Og dei hev halde seg etter ditt ord.  
No veit dei at alt du hev gjeve meg,  
det er frå deg.

For dei ordi du gav meg, dei gav eg deim,  
og dei hev teke imot deim  
og sanna fullt ut: eg er komen frå deg.  
Og dei trur at du hev meg sendt.

### *No bed eg for deim*

Eg bed for deim. Eg bed ’kje for verdi,  
men for deim som du hev gjeve meg;  
for dine dei er.



Og alt som mitt er, er ditt,  
og alt som er ditt, er mitt.  
Og eg er herleggjord i deim.

Og eg er 'kje lenger i verdi.  
Men dei er i verdi, og eg kjem til deg.  
Heilage Far, haldt deim fast i ditt namn,  
som du hev gjeve meg,  
so dei kan vera eitt, liksom me!

Då eg hjå deim var, heldt eg deim fast  
i ditt namn som du hev gitt meg.  
Og eg vara deim vel, so ingen av deim  
gjekk fortapt utan han  
som laut ganga til grunns,  
so Skrifti skal sannast.

Men no kjem eg til deg. Og dette eg talar  
medan eg er i verdi,  
so dei skal hava mi gleda i seg,  
og det i fullkome mål.

Ditt ord hev eg gjeve deim.  
Og verdi hev lagt deim for hat  
fordi dei ikkje av verdi er,  
som eg ikkje er av verdi.

Eg bed ikkje at du skal taka deim bort  
or denne verdi,  
men at du skal vara deim vel frå det vonde.  
Av verdi er dei ikkje, som eg ikkje er av verdi.

### *Eg helgar meg for deim*

Helga du deim i sanningi!  
Ordet ditt sanning er.

Som du hev sendt meg til verdi,  
so hev eg òg deim til verdi sendt.

Og eg helgar meg for deim, so ogso dei  
skal vera helga i sanning.

Og eg bed ikkje einast for desse,  
men ogso for deim som kjem til å tru  
på meg ved dei ord som dei talar,  
at dei alle må vera eitt,  
som du, Fader er i meg,  
og eg er i deg –

at dei ogso må vera eitt i oss –  
so verdi kan tru at du hev meg sendt.

Eg hev gitt deim den herlegdomen  
som du hev gjeve meg,  
so dei skal vera eitt, som me er eitt,  
eg i deim og du i meg,  
so fullkomeleg eitt dei skal vera –  
so verdi skal skjøna at du hev meg sendt  
og elska deim som du hev elska meg.

### *Fader, eg vil –*

Fader, eg vil at dei du meg gav,  
dei skal ogso vera der eg er,  
vera hjå meg so dei fær sjå  
den herlegdom som du meg gav,  
av di du, Fader, hev elska meg  
før verdi sin grunnvoll vart lagd.

Rettferdige Far, verdi kjenner deg ei.  
Men eg kjenner deg, og desse  
hev sanna at du hev meg sendt.

Eg ditt namn hev gjort kunnig for deim.  
Og eg skal gjera det kunnig,  
so den kjærleiken du hev hatt til meg,  
kan vera i deim, og eg i deim.” –

### *Det er so myrkt i Getsemane*

Det er so myrkt i Getsemane,  
so djupe og svarte skuggar.  
Ingen lys-stråle skin dit inn.  
Ingen glede-glimt hjarta huggar.

Ja, det er myrkt i Getsemane.  
Angesten hugen knugar.  
Blodig sveitte til jordi dryp  
i striden mot heilheimens mugar.

Men sjå – ein engel frå himmelen,  
med styrke til han som strider!  
So vart ogso der det siger til sist.  
Det lysna mot dag omsider. –

### *Over Kedron*

Natt over Kedron-dalen.  
Det vandra so stilt eit tog.  
Tolv menn i eit fylgje var det  
som inn i Getsemane drog.  
Og fullmånen skin attom skyer.

Nyst hadde dei nattverd halde  
i lag, på ein liten sal.  
So song dei den siste lovsong,\*

\* Salme 115-118.

og gjekk over Kedrons dal.  
Det brusa i Frelsarens hjarta.

Høgt over Getsemane-hagen  
fullmånen lyser ned.  
Han lagar so lange skuggar.  
Og natti er full av fred.  
Men angesten bårar i barmen.

### *So stig dei inn i hagen*

So stig dei inn i hagen.  
Og Jesus sagde då:

”Bed Gud at de i freisting  
no ikkje koma må!  
Og ver so her imedan  
eg sjølv gjeng bort og bed!” –  
Han tok Johannes, Jakob  
og Simon Peter med.

Og han kom inn i dødsangst,  
i kval og namnlaus kvida.  
Og aldri nokon fullt forstend  
kva då han måtte lida.

Han såg den beiske skåli  
som Gud laut honom gjeva.

Og ingen henne drikka kan  
til botnar, og so leva.

Det staup var fylt til randi  
av Herrens strenge vrede  
for verdsens synd – kven er vel då  
til denne drykken reide?

## *Sorgtyngd til døden*

Det var som alle redslor  
då ville Jesus gjesta:

”Mitt hjarta er so fullt av sorg, –  
det er som det vil bresta.  
So ver då her og vak med meg!”  
ein sorgtyngd frelsar sagde,  
eit steinkast seg ifrå deim sleit,  
og der på kne seg lagde.

Han bad at denne stundi  
framom han måtte skrida, –  
”om det er råd”, han lagde til  
i sorg og hjartekvida.

”Far, er det råd, du denne skål  
må no ifrå meg taka!  
Men er det viljen din, eg vil  
den beiske drykken smaka.”

## *Han søker sine vener*

Han søker sine vener,  
tilbake til deim går.  
Kan henda litt oppmuntring,  
litt trøyst av deim han får.

Men sjå, dei søv og kviler!  
Til Peter gjeng hans veg:  
”So kunne de ’kje vaka  
ein times tid med meg!  
De vaka må og beda,  
for freistaren er nær.

Og åndi er vel viljug;  
men kjøtet, veikt det er.”

So gjekk han andre gongen  
bort til sin bønestad.  
Han bøygde seg til bakken.  
Og inderleg han bad:

”Far, kan eg ikkje sleppa,  
men skåli drikka må,  
so vil eg henne tøma,  
din vilja lata rå.”

I uro, angst og otte  
attente søker han  
til sine veike vener –  
og sovande deim fann.

Av svevn var augo tunge, –  
so gjekk han til sin stad.  
Og der, for tredje gongen,  
den same bøn han bad.

## *Ein engel frå Guds himmel*

Ein engel frå Guds himmel  
då synte seg for han,  
og styrkte han i striden,  
den heite lidings-brand.

Han kom so stilt til hagen,  
med helsing ifrå Far.  
So var han ei åleine.  
Og ikkje gløymd han var.

Og var han ikkje komen,  
kva då? – me ikkje veit.  
Han trong det sårt; for striden  
var hard og tung og heit.

Med sterke skrik og tårer  
og med naudbedings-ord  
han bad, til sveitten perla  
og draup som blod til jord.

Han reiste seg frå bøni,  
i nattetimen still.

Kor stort at til det siste  
han sa: ”Som du, Gud, vil!”

So var det *ein* som valde  
Guds viljes vegar gå  
om enn det allting kosta, –  
so me kan sæle stå. –

### *Striden er enda*

So kom han tridje gongen  
og sine vener finn.  
Dei atter hadde sige  
i svevn og draume inn.

Og Meisteren, han seier  
til sin disippelflokk:  
”Eg ser de søv og kviler.  
Statt opp – no er det nok!

Sjå, no er stundi komen!  
Eg overgjevast skal  
i harde syndar-hender,  
til deira vondskaps vald.

Statt opp, og lat oss ganga!  
Sjå, svikaren er nær.” –  
Før ut han hadde tala,  
so var alt Judas der. –

### *Eit anna tog over Kedron*

Det gjekk over Kedron eit anna tog,  
med kyndlar og lampor og våpen.  
Dei ut imot verdi sin frelsar drog,  
som då var i lidings-dåpen.

Og stavar og sverd dei i hendene bar.  
Mot kven skal dei bruka stokken?  
Av øvsteprestane sende dei var.  
Og Judas gjekk fremst i flokken.

So vel han kjende den stille stad.  
So tidt han der før hadde vore.  
Der Jesus ofte med sine bad.  
Der hjarta mot Gud vart bore.

Men Jesus veit kva som koma skal.  
No eig han den store ro.  
So stig han fram mot den væpna hop,  
med andletet merkt av blod.

*”Det er eg!”*

Han stod i skinet frå kyndlars mengd.

”Kven leitar de etter? – Seg!”

Dei sagde: ”Jesus frå Nasaret!” –

Han svara deim: ”Det er eg!”

Då no han svara deim: ”Det er eg!”

dei fælne attende fór.

Dei makta ikkje det mektige syn.

Og alle dei fall til jord.

So spurde deim Meisteren enn ein gong:

”Kven leitar de etter? Seg!”

Dei svara: ”Jesus frå Nasaret!” –

”Eg hev dykk alt sagt: Det er eg.

Og er det då meg de vil taka no,

so lat desse andre gå fri!” –

Dei ordi som fall i den nifse natt,

skal minnast frå tid til tid. –

Slik skulle det sannast ved Kedrons dal,  
det ord av den Herre Krist:

”Av deim som du meg, min Fader, gav,  
eg hev ikkje nokon mist.”

### *Sviken med ein kyss*

So djupt som ei sjel kan søkkja!

So myrkt kan eit hjarta bli!

So vond sjølv ein ven kan verta

som svik i ein lagnads-strid!

Eit teikn hadde Judas gjeve

då sviket i hjarta var gjort:

”Den mannen eg kysser, er det.

Tak honom, og trygt før han bort!”

Og Judas gjekk straks bort til Jesus.

Han ”rabbi” – min lærar – sa,

og gav han ein kyss på kinni. –

So kunne dei Meisteren ta.

Men mildt han til svikaren sagde:

”Kvi er du då her, venen min?” –

Og so la han til: ”Seg, vil du

meg svika med kyss på mi kinn?”

### *Eit øyra sneidd av*

Då dei som stod innmed Jesus,

fekk sjå kor det bar i veg,

då sa dei til honom: ”Meister,

vil du at me sverdet dreg?”

Og Peter rette ut handi,

drog sverdet, – eit hogg han gav

til øvstepresten sin tenar,

og sneidda øyra hans av.

Då sagde Jesus til honom:

”Stikk sverdet i slira di!

For alle som grip til sverdet,

skal sverdet sitt offer bli.

Den skåli som Far min gav meg,

seg, lyt eg ’kje drikka den?

Lat det vera nok med dette!” –

Han rakleg blant motmenn stend.

”Og trur du då ikkje eg kunne  
min Far i det høge be,  
og han i same stundi  
meg meir enn tolv legionar  
av englar sende her ned?

Men kor skulle då det sannast  
som Skrifti hev sagt om meg:  
at dette med meg lyt henda, –  
ein lut av min lidings-veg?”

Han tok bort på tenarens øyra,  
og lækte den arme mann.  
Og tenarens namn var Malkus. –  
Mon sidan Messias han fann?\*

### *Flukt*

So tok dei Jesus, og batt han.  
Dei basta dei heilage hender,  
med harde nevar og tjukke reip. –  
Han stilt seg imot deim vender.

Han sa til deim som var komne  
og skulle taka han her –  
dei øvste prestar og tempelvakt-sjefar;  
dei eldste ogso var der:

”De kjem med sverd og med køller,  
som om eg ein røvar vore.  
Men dag etter dag eg i templet var,  
min bodskap der fram hev bore.

Då tok de meg ikkje; men alt dette hev hendt  
av di ordi laut sannast, av profetane skrivne.” –

Då tok alle disiplane ut, rømde frå han,  
av angst og otte drivne.

### *Mannen med linkledet*

Men ein fylgde etter Jesus.  
Han ville 'kje røma sin veg.  
Då hærfolket inn imot byen fer,  
han etter den flokken dreg.

Han ung var av år, den gongen.  
Det natt var, og nifst og kaldt.  
Han hadde kring kroppen bare  
eit linklede sveipt, – det var alt.

Soldatane ser den guten.  
Kven er han? dei spurde seg.  
Dei grip han, – han linkledet slepper,  
og rømer naken sin veg.

Kven er han? – Sovidt me skjønar,  
JOHANNES MARKUS det var.\*\*  
Han seinare trugen fylgde  
i Frelsarens fotefar.

Han Paulus og Peter tente,  
då sistpå til Roma dei kom.

Han var det som gav til verdi  
det andre evangelium.

\* Av dei fire evangelistane er det bare den siste – Johannes, som  
skreiv sitt evangelieskrift i slutten av det første århundre – som  
fortell at tenaren heitte Malkus. Det er ikkje urimeleg å tru at han  
nemner han fordi han sidan vart ein kristen.

\*\* Det er bare evangelisten Markus som fortell dette. Difor trur  
ein at den unge mannen var han sjølv.

Han skildra Getsemane-natti,  
då hærmener Meisteren tok.  
Han minnest då sjølv han laut røma, –  
og skriv det ned i si bok.

### *Til Annas*

Det fer eit fylgje i natti,  
med kyndlar og sverd og stavar:  
tempelvakti og hovudsmenn.  
Mot Jerusalem fram dei seg kavar.

Dei dreg over Kedron-bekken.  
Dei stavane svingar, og sverdi.  
Mot vest, gjennom Hinnoms-dalen –  
den døkke og dystre – gjeng ferdi.

Ein fange dei fører med seg,  
frå den myrke Getsemane-lunden.  
Til øvstepresten dei tek han med,  
forsvarleg basta og bunden.

Og ANNAS heitte den presten.  
Han øvsteprest før hadde vore.  
Og verfar var han til Kaifas,  
som øvsteprest var det året.

Vegen tok av frå Hinnoms dal, –  
me enno den bakken kan gange.  
Der oppe låg øvstepresten sin gard.  
Dit førde dei Jesus som fange.

Me minnest at det var Kaifas  
som jødane gav den rådi:  
”Det er best at *ein* mann for landslyden døyr,  
so ikkje heile folket gjeng til grunne.”

I øvstepresten sin gard var samla  
ei mengd med høge prelatar:  
alle de øvste prestar,  
skriftlærde karar og eldste.  
Alle dei Jesus hatar.

### *Ved kol-elden*

To av Jesu vener trega at dei rømde.  
Tenk at dei so feige var!  
Seg sjølv hardt dei dømde.  
Difor brått dei snudde, –  
etter Jesus sprang dei.

Peter og Johannes var det.  
Skam og trege tvang dei.  
Men dei fylgde eit langt stykke etter.

Då toget til sist so svinga inn  
i øvstepresten sin gard,  
Johannes ogso dit inn vart med.  
Med øvstepresten kjend han var.

Men Peter vart standande utanfor.  
Ved porten han einsam står.  
Johannes gjeng ut, med portnarjenta talar,  
og innanfor Peter får.  
Han vil sjå korleis dette skal enda.

So seier jenta til Simon, –  
ho kjensel på honom dreg:  
”Du skulle vel ikkje vera ein  
som til denne mannen er læresvein?” –  
Han sa: ”Nei, eg er ikkje, eg.”

Vaktmenn og tenarar hadde i lag  
ein kol-eld gjort opp midt i øvsteprestens gard.

No stod dei der og vermdde seg.  
So kaldt det i natti var.  
Peter stod ogso og vermdde seg der,  
ein stakkars sørgmodig kar.

### *Jesus hjå øvstepresten Annas*

Mens kol-elden loga der ute  
i natti so skum og kald,  
er Jesus inne hjå øvstepresten,  
i sine uveners vald.

Og spørsmåli strøymdde frå Annas.  
Dei hagla forutan stans.

Han spurde om Jesu forkynning,  
om læresveinane hans.

”Eg ope og fritt hev tala,”  
sa Jesus, ”for verdi all,  
i synagogene dykkar,  
i Jerusalems tempelhall,  
der alle jødane samlast.

I løynd hev eg aldri tala.  
Kvi spør du då meg?” han sa.  
”Spør heller deim som hev høyrte meg,  
kva eg deim på sinne la!”

Då var det ein hardbarka vaktmann  
som Jesus i andletet slo.  
So hardt var det slag, og han sagde:  
”Svarar du øvstepresten so?”

”Hev eg sagt noko urett,” sa Jesus,  
”so prova at urett det er!  
Men var det no rett det eg sagde,  
seg kvifor du då meg slær?”

### *Til Kaifas og Det høge råd*

So sende då Annas honom  
bunden til Kaiafas.  
Harde hender tok tak i Jesus,  
med hærdding og spott og spas.

Der samla dei var, i natti,  
alt som var gjævt og stort:  
Øvsteprestar, Det høge rådet  
var gått inn gjennom prestens port.

Alle saman dei freista –  
styresmennene med –  
leita so godt dei kunne;  
men endå dei makta ’kje det:  
eit vitnemål finna mot Jesus,  
so dei kunne klaga han,  
sidan han døma frå livet.  
Men ikkje noko dei fann.

Fram førde dei falske vitne, med heite og høge rop.  
Det var bare det at vitnemåli,  
dei høvde ikkje i hop.

### *”Er du Guds Son?”*

Fram stod det då to som òg vitna rangt.  
Dei sa: ”Denne mannen hev sagt:



Ei skal riva ned dette tempel,  
som med hender er gjort,  
og på dagane tri skal eg reise det att  
og byggja eit anna med mi makt,  
eit som ikkje er gjort med hender.”

Men heller ’kje her var det samsvar  
millom det som dei to menn vitna.

Då øvstepresten han reiste seg,  
og sagde til Jesus so:  
”Hev du ’kje noko å svara til det  
dei klagar deg for, desse to?”

Men Jesus tagde, sa ei eit ord.  
Då spurde presten, han morsk seg gjer:  
”Ved den levande Gud – du oss seie no  
om Messias, Guds Son, du er,  
son åt den Høglova?”

*”Ja, eg er Guds Son!”*

Jesus svara: ”Du sjølv hev sagt det.  
Men dette eg seier dykk:  
Frå denne stundi so skal de få  
Menneskesonen, Messias, sjå  
sitja ved Makti si høgre hand  
og koma i himmelens skyer.”

Då øvstepresten reiv kledi sine sund:  
”Kva skal me med vitne fleir?  
De høyrde sjølve han spotta Gud.  
Me treng ikkje høyra meir.  
Kva meiner no de?” han spurde.  
Dei svara: ”Han er skuldig til å døy!”  
So lydde domen frå alle.

Dei menner som hardheldt Jesus,  
dei håna han, spotta og slo,  
eit klede la over andletet hans:  
”Kven var det som slo deg no?  
Du er då profet; so seg det.”  
I andletet sputta dei han,  
og dengde med stavar og nevar  
den skuldlause, lidande mann.

*”Eg dreg kjensel på deg”*

Medan alt dette hende med Jesus  
slikt til det bar:  
at Peter, Herrens apostel,  
nede i gardsromet var.  
Medan han sat der ved bålet,  
i den råkalde, nifse natt,  
kom det ei jenta som tente hjå presten,  
og ho kjenner Peter att.

Ho ser han i lyset sitja, –  
han sat der og vermde seg, –  
stirer på honom og seier:  
”Eg kjensel på deg dreg.  
Denne var òg i lag med han,  
med galilearen Jesus,  
mannen frå Nasaret.”

Men han nekta so alle høyrde:  
”Eg skjønar ’kje kva du meiner.  
Eg kjenner han ikkje, kvinna.” –  
So gjekk han i gardsromet ut.  
Då var det ein hane som gol.

Eit lite bel etter  
ei onnor jenta såg han,  
og sa til dei andre som sat der:  
"Han der er ein av deim.  
Han òg var med Jesus frå Nasaret." –  
Til Peter sa ho det same.

Men atter han nekta, og no med ein eid:  
"Eg er ikkje det.  
Eg kjenner ikkje den mannen."

*"Målet ditt røper deg!"*

Då ein time var liden, var Peter  
enno ved kol-elden med.  
Og dei som seg vermdde og kvilde,  
dei unte han ikkje fred.

Dei kom bort til Peter og sagde:  
"Ja, men er du òg ein av deim.  
Du er då ein galilear.  
Det kan eg høyra på målet ditt." –

Og ein av øvsteprestens sveinar, –  
ein slektning han til Malkus var,  
som Peter sneidde øyra av, –  
stod òg i øvsteprestens gard.  
No seier han til Simon Peter:  
"Seg, såg eg deg 'kje sjølv i dag  
i Getsemane med han i lag?"

Då nekta Peter atter:  
"Eg skjønar ikkje kva du meiner, mann,"  
sa han.  
Og straks, før han hadde tala ut,  
gol hanen andre gongen.

*Eit blick han aldri gløymde*

Då hanen gol andre gongen, –  
då kom Herren Jesus forbi.  
Han snudde seg, såg på Peter,  
eit blick med eit havdjup i, –  
eit havdjup av sorg og kjærleik.

Då mintest Simon kva Jesus sa  
til sveinen so sjølvtrygg og strid:  
"Før hanen hev gale to gonger i natt,  
hev du fornekta meg tri."

Han tok det til hjarta, og sårt han grét,  
og gjekk so i myrkret ut.  
Det enn var natt over Hinnoms dal.  
I hugen var sorg og sut.

Det demra ein dag over bergi i aust.  
Ein stråle i sjeli skein:  
Han hugsa to augo som såg på han.  
Det blikket døyvde hans mein.

Og kvar han enn sidan i verdi gjekk  
og vanka i nord og sud,  
han såg desse augo, – av kjærleik dei brann, –  
og tilbad sin Herre og Gud. –

# DEN LANGE DAGEN

## *Då den lange dagen demra*

Morgonen renn, –  
den siste i Jesu jordiske vandring, –  
den lengste dagen, den tyngste dagen,  
den myrkaste dagen som nokon såg randa,  
med pinsla og dødsangest blanda.  
I våde og hjarteverk Frelsaren anda.

Morgonen renn, –  
langfredags morgon.  
Han ogso vert kalla den gode dagen.  
For då vart det store skuldoffer gjeve.  
No lyser det blommar i hagen,  
ævelivs-blomar, der blodet på kross-treet draup.

Då det alt tok til å dagast,  
kom styresmennene saman,  
og alle dei øvstre prestar,  
og so dei skriftlærde menn.  
Dei førde han fram for Det høge rådet.  
No skulle dei døma honom.

*”Ja, eg er Guds son!”*

Dei sagde: ”Er du Messias, so seg oss det!” –  
”Om eg seier det åt dykk, so trur de ei.  
Og om eg spør, ikkje svar eg får,”  
so sagde Jesus, – han still og sterk  
og høgrest iblant deim står.

Og so han sa: ”Det eg seier dykk:  
Frå denne stundi so skal de få  
Menneskesonen, Messias, sjå  
sitja ved høgre handi  
til den guddomlege Allmakt.”

Då spurde dei alle: ”Er du då Guds Son?” –  
Han svara: ”De seier sjølve eg er det.” –  
Då sagde dei høge herrar:  
”Kva skal me med fleire vitnemål?  
No høyrde me det av hans eigen munn.” –  
Det var ei historisk lagnads-stund. –

## *Stakkars Judas!*

”Å, dei hev dømt han til døden,  
min meister, som god mot meg var!  
Og so var det eg som sveik han.  
Eg bod til hans fiendar bar.”

No brann det ein eld i bringa,  
av anger, av sorg, av harm.  
Alt heitare loga den elden.  
Han glør i den vonlause barm.

Og løni, dei usle slantar,  
dei ogso i barmen brenn.  
Dei svir i den harde handi.  
Som simplaste svikar han stend.

So tek han dei sylvslantar med seg,  
til øvsteprestane går.  
Han finn deim der inne i templet,  
i lag med dei eldste i folket,  
og so han framføre deim står.

Det var ikkje mykje han mælte,  
der framfor dei store han stod:  
"Eg hev synda," han sa, "eg hev svike  
det skuldause blod!"

Men iskaldt dei Judas svarar:  
"Kva skil det vel oss?" dei mælte.  
"Den saki, ho vert di eigi!" –  
Enn meir då svikaren fælte.

So tok han dei tretti slantar –  
herja av harm og sut –  
og kasta deim frå seg i templet.  
So tok han fortvila ut. –

### *Blodpengar*

Dei øvste prestane såg det.  
Dei stakk, og so sa dei til sist:  
"Me kan deim 'kje leggja i tempelkista;  
for blodpengar er dei for visst."

"Men," sa dei, "i Hinnoms-dalen,  
der ligg det ein åkerteig  
som me for dei pengane kjøper.  
Ein pottemakar han eig.

Ein gravstad for framande treng me.  
Den teig er av høveleg slag."  
Og difor den åkeren heiter  
"Hakeldama"\* den dag i dag.

Og då vart det ordet sanna  
som profeten Jeremia talar:

\* = Blodåkeren.

"So tok dei desse tretti dalar,  
det som han var verdsett til,  
han som dei verdsette for Israel.  
for krusmakar-garden dei det gav,  
so som Herren baud meg."

### *Eit svikar-drama si siste akt*

Gravnatt i svikarens sjel,  
det svartaste myrker som nokon  
av ætti i hugen hyste.  
Ikkje ei einaste stjerna  
i hjarta hans blenkte og lyste.

Svikar! Den beste av alle  
over til fienden gav du!  
Ingen som han deg elska.  
Ingen so god mot deg var.  
Aldri han skjente, aldri var hard.  
Ingen so edel, ingen so sann.  
Men – du hev svike han!

Tenk om han gjekk attende,  
fall for hans føter ned!  
Kanskje at endå ein gong han kunne  
finna tilgjeving og fred!

Men nei, Judas heitnar og hardnar.  
I trass kvitnar knokane hans.  
I anger nyst augo hans mildna.  
No fekk dei ein myrkare glans.

Og Djevelen pusta til elden.  
Han hadde i hjarta fått rom.  
So slokna det siste ljuset.  
So bleikna den siste blom.

## *So gjeng han til Hakeldama*

So gjeng han til Hakeldama,  
dei siste skjelvande steg.  
Gud fri oss ifrå å fara  
den same vonlause veg!

Der ute på Hakeldama,  
der finn han eit reip, eit tre. –  
Der heng det ein stakkars svikar,  
til dess han på bakken dett ned.

So vert det fortalt: Han rivna.  
Hans innvolar, dei rann ut.  
Då hadde alt hjarta broste  
i smerta og sorg og sut.

Nemner me namnet JUDAS,  
ei sky framom soli fer.  
Me anar at attom ligg det  
av synd og av svik ei verd. –  
Gud gje oss å vandra den vegen  
som til ljuset og livet ber!

## *Til Pilatus*

No tok det alt til å dagast.  
Det demra i aust so smått.  
Ei natt med liding som ingen anar,  
for Jesus Messias var gått.

Det høge rådet var ferdig.  
Og herrane reiste seg.  
Å nyo dei batt Herren Jesus.  
Til Pilatus gjekk deira veg.

Dei hadde til døden dømt han,  
imedan dei andre sov.  
Men stadfest av Rom måtte domen verta.  
So lydde den gamle lov.

Den mektige romerske hovding  
eit møte med Jesus fekk.  
Og aldri det sidan gløymdest.  
I heims-soga inn det gjekk.

Det var i Antonia-borgi –  
på tempelplassen i nord –  
at Pontius Pilatus budde.  
Den borgi var sterk og stor.

Dit kom dei i morgongryet, –  
men inn ville ikkje gå.  
Då ville dei ureine verta,  
og påskemat ikkje få.

## *Kva anke hev de mot denne mann?*

So gjekk då Pilatus ut til deim,  
og høgtidssamt spurde han:  
”Kva er det for anke og klagemål  
de fører mot denne mann?”

”Var ei denne mannen ein illgjerdsmann,  
me ikkje til deg med han kom.” –  
”So døm de han etter dykkar lov,  
og fell dykkar eigen dom!” –

”Me hev ikkje lov til å taka liv,”  
so svara dei jøder då.

Og slik vart det sanna det Jesus sa,  
kva avferd han skulle få. – \*  
So tok dei til å klaga han  
so Pilatus høyrde på:

”Me hev kome etter at denne mann  
forvillar vårt folk,” dei sa.  
”Han forbyd deim å gjeva keisaren skatt.  
Han kongemakti vil ha.  
Han seier at han er Messias.”

Pilatus gjekk inn att i borgi si.  
Han sat på sin høge tram.  
So kalla han Frelsaren føre seg.  
Han steig for Pilatus fram.

### *Ja – eg er konge!*

Romaren spurde om det var sant  
at jødekongen han var.  
Han Meisteren mønstra, og denne gav  
Pilatus eit uventa svar:  
”Seier du dette av sjølve deg?  
Eller tala dei andre til deg om meg?”

”Er eg då ein jøde,” han svara butt.  
”Det folket og prestane var  
som gav deg over til meg i dag.  
Kva hev du so gjort? Gjev svar!”

Då sagde Jesus dei æve-ord,  
som tona frå tid til tid:

\* Etter romersk lov korsfeste dei forbrytarane. Og Jesus hadde sagt – Joh 12,32 – at han skulle lyftast opp (på korset).

”Mitt rike er ikkje av denne verd.  
Var det so, ville sveinane mine  
ganga for meg i strid,  
so ikkje eg skulle falla  
for jødefolket sitt sverd.  
Men no er mitt kongerike  
ikkje av denne verd.”

”So er du då ein konge?”  
sagde Pilatus då.  
Og Meisteren svara atter  
ord som me minnst må:

”Det er som du seier:  
Ein konge eg er.  
Til det er eg fødd og boren,  
og til det er komen til denne verd  
at eg skal for sanningi vitna.

Kvar den som av sanningi er,  
lyder på røysti mi.”

Då svara Pilatus, tørt og kort:  
”Kva er vel sanning?”  
Med dette han viste sanningi bort. –

### *Framføre eit opprørt hav*

So gjekk han atter til jødane ut.  
Dei var som eit opprørt hav. –

”Eg finn ingi skuld hjå denne mann,”  
var fråsegn som han gav  
dei øvste prestar og folkemengdi.

Øvsteprestane tok då til,  
og styresmennene med,  
å klaga Jesus for mykje og mangt.  
Dei gav honom ikkje fred.

Men Jesus Messias tagal stod.  
Han sa 'kje eit einaste ord.

Då sagde Pilatus: "Høyrer du ei  
alt det dei skuldar deg for?"

Men heller ikkje den romerske ørn  
av Menneskesonen fekk svar.

Den mektige landshovding undra seg.  
Stor hans forundring var.

### *Til Herodes*

Då tok dei sterkare i, og sa,  
mens hatet i hugen brann:

"Han øser opp folket med læra si  
i heile Jødeland.  
I Galilea, der tok han til.  
Og no er han komen hit."

Og då Pilatus fekk høyra det,  
han øygna ein utveg med gleda.  
Og difor spurde han jødane:  
"Er denne mannen frå Galilea?"

So snart Pilatus vart vis med det,  
han tenkte med sjølve seg:

"Han lyder under Herodes' velde.  
Eg dit han sender i veg."

Herodes var òg i påskehelgi  
den gong i Jerusalem.  
Og so til honom i morgontimen  
med Jesus Messias dei kjem.

### *Herodes og Pilatus vert vener*

Herodes vart sværende glad og fjåg  
då Jesus frå Nasaret no han såg.  
Alt lenge hadde det vore hans trå:  
han måtte den store profeten sjå.

Han mykje og mangt hadde høyrte om han,  
og gjorde seg von om at "kanskje kan  
eit under av han eg få sjå."

So spurde han honom om mykje og mangt.  
Men Jesus var tagal enn.  
Han svarar ikkje eit einaste ord.  
I kongeleg ro han stend.  
Dei øvste prestar stod ogso der,  
og so dei skriftlærde menn.

Dei arge motmenn seg øste opp.  
Og hatet, det heite, brann.  
Dei stend og klagar på Meisteren  
so sterkt som dei bare kan.

Og kong Herodes – hans hærmenn med –  
dei spotta og håna han,  
ei brikjeleg kåpa om Jesus la,  
og sende den svivyrde, svikne mann  
tilbake til Pontius Pilatus.

Den dagen dei to vart vener,  
Pilatus og kong Herodes.  
Før hadde dei fiendar vore  
og agg til einannan bore.  
Eit vondskapens venskap var det.  
Og avgrunnens merke bar det.

### *Fangen er skuldlaus!*

Og so var Pilatus like langt,  
midt oppe i saki den vrange:  
ein rasande jødisk folkehøp  
og so ein uskuldig fange.

Han kalla dei øvste prestar i høp,  
og Rådet og folket, og sa:

”De hev ført denne mannen fram for meg  
og skuldar honom fordi han dreg  
folket inn på ein fårleg veg.

No hev eg – de sjølve det høyrde –  
spurt denne fangen ut,  
men hev ikkje funne han saka  
i noko av det som de klagar han for.  
Det hev ’kje Herodes heller;  
for han sende honom attende til oss.

Og so kan de sjå han hev inkje gjort  
som han bør lata livet for.  
Difor eg vil honom refsa,  
og sidan gjeva han fri.”

### *Bar-abbas – Faderens son*

Endå ein utveg Pilatus øygnar:  
Kvar påskehøgtid han hadde for vis  
å gjeva folket ein fange fri,  
kven dei so valde seg ut.

Kan henda dei ville betala den pris, –  
lata Jesus vera den fangen, –  
so kunne han sleppa si såre sut:  
Han trong ’kje i hendene deira gje  
Jesus frå Nasaret.

No var det den gongen ein fange,  
ein fårleg og velkjend ein.  
Han førar var for eit oppstyr i byen.  
Han gjorde so mangt eit mein;  
hans hender var sulka av blod.

No sat han i fangehøla,  
bunden i bolt og jarn,  
i lag med dei andre oppreist-menn, –  
eit mislukka menneskebarn.

Namnet hans minnes me alle:  
Bar-abbas – faderens son,  
eingong ein liten uskuldig dreng,  
foreldri si gleda og von.  
Men myrkret han tidleg fekk fanga.  
Til freistingi svara han ja.  
So gjekk han frå vondt til verre,  
mot avgrunnen førdest av stad.

Då folket so hadde samla seg –  
den hopen so hard og strid –  
spurde Pilatus: ”Kven vil de no  
at eg skal gjeva dykk fri:



Barabbas eller Jesus,  
han som dei kallar Messias,  
kongen over jødane?” –  
For han skjøna det var av misunning  
at dei øvste prestar  
gav Jesus over til han.

### *Bod frå fru Pilatus*

Medan han sat i domar-setet,  
visna hans veike mod.  
Då med eitt kom frå heimen hans,  
frå kona, eit uventa bod:

”Ha ikkje noko å gjera  
med denne rettferdige mann!  
For eg hev lide so mykje vondt  
i draume i natt for hans skuld.” –  
I hjarta hans heitare otten brann.

Men øvsteprestane stride var,  
og styresmennene med.  
Dei eggja opp folket og talde dei til  
Barabbas fri å be, og lata Jesus drepast.

Då tok Pilatus til ords igjen,  
og spurde folket so:  
”Kven vil de at eg skal gje dykk fri  
av desse fangane to?”

Då ropa dei alle, kvar einaste mann:  
”Ikkje denne! Bort med honom!  
Gjev oss Barabbas fri!” –  
Men Barabbas var ein røvar.

### *Krossfest! Krossfest!*

På nytt tok Pilatus til orde.  
Han gjerne vil Jesus gje fri:  
”Kva skal eg då gjera med Jesus,  
han som de kallar Messias,  
jødefolket sin konge?” –  
Då sette dei alle i  
og ropa i samstemmig, kraftig kor  
dei harde og hatske hemnar-ord:  
”Krossfest han! Krossfest han!”

So tala han til deim for tridje gong,  
og sagde: ”Kva vondt hev han gjort?  
Eg hev ikkje funne han saka  
i noko som dødsdom fortener.  
Eg difor vil refsa honom,  
og etterpå gjeva han fri.”

### *Hudflengd – med krunga av klunger*

So gjekk Pilatus atter inn i Antonia-borgi,  
tok med seg den tagale fangen,  
heile livvakti samla om honom  
og lét deim hudfletta Jesus.

Dei kledde han av og hengde kring honom  
ei brikjeleg kåpa av skarlak.  
Ei krunga av klunger dei fletta  
og lagde kring panna hans,  
og gav han ein røyrstav i handi.  
Den skulle hans scepter vera. –  
No hadde dei laga ein narrekonge.

Då dette var gjort, dei fram for han gjekk  
og fall so på kne for honom.  
Dei spotta honom og sagde:  
"Heil deg, du jødekonge!"  
So sputta dei på han, med røyrstaven slo han  
i hovudet hardt.

### *Ecce Homo!*

So gjekk då Pilatus atter  
ut til den rasande hopen  
og sagde til deim:  
"Her kjem eg til dykk med denne mann,  
so de skal sjå at eg ikkje finn  
nokor skuld hjå han.

Bleik og blodig kom Jesus ut,  
med klungerkruna kring panna.  
Og purpurkåpa han ber. –  
Pilatus seier til hopen:  
"Sjå det mennesket der!"  
På hans eige mål "écce homo" det er!

Han tenkte vel i sitt stille sinn:  
"Den arme mannen vel miskunn finn.  
Når dei fær skoda hans lidings-drag,  
dei vil vel syna litt hjartelag.  
Og so fær dei sjå: Han hev mist all æra.  
Den kongen kan ikkje fårleg vera."

Men då dei leidande han fekk sjå,  
hat og hemn bare auka på.  
Ifrå sin vonskap dei ikkje veik.  
Dei øvste prestane skreik og skreik.

Og deira sveinar var med i koret.  
Dei atter ropa det harde ordet:  
"Krossfest! Krossfest!"

### *Krossfest honom sjølv!*

Den arme landshovding seier då:  
"De sjølv honom krossfesta må!  
Eg ingi skuld kan hjå honom finna."  
Jødane svara den romerske mann,  
imedan ofsen i barmen brann:  
"Me hev ei lov, – etter den lyt han døy,  
fordi han hev gjort seg sjølv til Guds Son."

### *Men Jesus gav han 'kje noko svar*

Då Pilatus hørde det ordet,  
vart han endå meir forfærd.  
Han gjekk inn att i borgi og spurde  
Jesus: "Kvar er du ifrå?" –  
Men Jesus gav han 'kje noko svar.

Då seier Pilatus, heit og hard:  
"Vil du 'kje gjeva meg noko svar?  
Veit du då ikkje at makt eg hev  
til å gjeva deg fri,  
og makt til å krossfesta deg?"

### *Då svara den bleike og blodige mann*

Då svara den bleike og blodige mann,  
myndig, men ogso mild:

”Du hadde slett ingi makt over meg  
var det ’kje ovariantil gjeve deg.  
Difor hev han større synd og skuld  
som gav meg over til deg.”

### *Då er du ’kje keisarens ven!*

Etter dette ville Pilatus  
gjerne gjeva han fri.  
Men folkehopen var endå  
oppøst og vond og strid.  
Dei ropa og skreik: ”Gjev du honom fri,  
då du keisarens ven ikkje er.  
For kvar den som sjølv seg til konge gjer,  
imot keisaren set han seg opp!”

### *Pilatus på domarsetet*

Då romaren hørde dette,  
auka hans angst og sut.  
Og atter ein gong han førde  
Jesus til jødane ut, –  
i domarsetet seg sette,  
på staden dei Steinlagt kallar.  
På hebraisk mål er det Gabbata. –  
Den domaren då var lite glad.

Tidleg om morgonen var det, –  
om lag den sjetten timen, –  
og førebuing-dagen til sabbaten i påsken.  
So seier Pilatus til jødane:  
”Sjå her er kongen dykkar!”

### *Og skriket fekk overhand*

Då ropa dei endå sterkare,  
braut på med so stort eit skrik.  
Det var som eit hav som marma,  
ei brusande hav-båra lik:  
”Bort med honom! Bort med honom!  
Krossfest! Krossfest!”  
Og ropi deira fekk overtaket.

Spakt lydde romarens redde røyst,  
den siste gong han til motmæle tok:  
”Skal eg då krossfesta kongen dykkar?” –  
Då svara dei øvste prestar:  
”Me hev ingen annan konge  
enn keisaren!”

### *Pilatus vil vaska skuldi vekk*

Då såg Pilatus, i redsla og rygd,  
han ingen ting kunne gjera;  
men ståket heller vart verre.  
So tok han vatn, vaska hendene sine  
midt for augo på folkehopen,  
og sagde so:

”Eg hev ingi skuld i blodet  
åt denne rettfærdige mannen.  
De sjølv lyt svara for dette!”

Då ropa heile folket,  
sterkt som ei havsens båre:  
”Blodet hans kome over oss,  
og over borni våre!”

### *Pilatus dømmer på Gabbata*

Då dømde Pilatus på Gabbata, –  
imens han var ille ved:  
Som folket kravde, so skal det skje!

Han ynskte å gjera mengdi til lags.  
Han løyste honom som fengsla var  
for opprør og mord,  
han som dei ville hava,  
mordaren Barabbas. –  
Men Jesus gav han over  
til den hatske folkehøp,  
so dei med honom  
kunne gjera som dei ville, –  
la honom lida krossens beiske død.

### *Eit underleg fylgje*

Det fer eit underleg fylgje  
ut ifrå Gabbata,  
langs Via Dolorosa\*  
til Skallestaden dei kallar,  
til Golgata.

Der gjeng dei hardhendte hærmenn  
og ein oppøst, hatande høp.  
Og stundom høyreast hæse  
og hædande spottar-rop.

Og fremst i det dystre fylgjet  
der sleper seg fram ein mann.

\* Latin = Lidingsvegen.

Han dreg på ein kross  
so tung og hard.  
Kvi fer dei so vondt med han?

Han gjeng der so bleik og blodig  
og krossen den tunge ber.  
Ein krans av kvassaste klunger  
kring panna hans pressa er.

Ingen i verdi si soga  
so tung ein lidingsveg gjekk.  
Ingen i år og i aldrar  
eit beiskare lidings-staup fekk.

Men gjennom ei endelaus æva  
skal lovsongen stiga mot han  
som vandra den klunger-vegen  
og voni å verdi vann.

### *Simon frå Kyrene*

På Via Dolorosa  
vart Kristus tyngd av krossens tre.  
Til sist han trøytt og utmødd sig  
til jordi ned.  
Han makta ikkje meir.

Dei møtte ein mann på vegen.  
Simon var namnet hans.  
Han var frå Kyréne i Afrika.  
Hans namn hev so fin ein glans.

Han nøydde dei til å bera  
til Golgata Kristi kross.  
Men Jesus det var som måtte  
lida og bløda for oss.

Frå marki han kom den dagen,  
og so dei han tok med makt.  
Krossen åt Jesus, den tunge,  
vart på hans herdar lagt.

Frelsaren, han gjekk føre  
på vegen til Golgata.  
Og etter han fylgde Simon,  
som krossen hans måtte ta.

Dei tvang han, – han ille lika  
å ganga på denne veg.  
Men sidan, til dagen han døydde,  
han prisa seg lukkeleg.

På krossens veg sidan gjekk han,  
og kona og sønene hans.  
Aleksander og Rufus dei heitte.\*  
Dei tevla for livsens krans.

Han minna vil alle ætter  
i heile den vide verd:  
Ingen på jordi er sæl som den  
som krossen åt Jesus ber.

### *De Jerusalems døtrer!*

Ein folkehop fylgde Jesus  
på ferdi so lagnadsfull.  
Blant deim var det mange kvinner.  
Dei øyra og grét for hans skuld.

\* Rufus som er nemnd i Rom. 16,13, saman med mori, og som hørde til kyrkjelyden i Roma, er truleg den same som son til Simon av Kyréne. Mark 15,21.

Frelsaren snudde seg mot deim,  
på krossen sin tronge veg,  
og sagde: ”Jerusalems døtrer,  
gråt ikkje over meg!

Gråt heller over dykk sjøelve!  
Gråt over dykkar born!

For dagar kjem då dei seier:  
”Sæle dei kvinner er  
som aldri bar barn under beltet!  
Sælt er det livet som aldri hev født,  
og det brystet som aldri hev fostra!”

Då skal dei seia til fjelli:  
”Ned over oss må de falla!”  
Då dei til haugane talar:  
”Gøym oss! Gøym oss!”  
For fer dei so med det grøne treet,  
kor skal det då gå med det turre?”

### *Det grøne treet*

Han var det grøne treet,  
det einaste på jordi.  
Han kjærleikens fagre frukter bar  
og tala livsens-ordi.

Og lell dei turre trei  
den grøne livs-urt tynte.  
Det visna brått i sno frå nord,  
men atter si livskraft synt.

Det liv gjev til turre greiner.  
No kan me for alvor leva.  
I tid og i ævor alle  
sin livs-drykk vil han oss gjeva.

### *To røvarar*

Meisteren var 'kje åleine  
som dømd til kross-døden var.  
To utskot i denne verdi –  
to røvarar – fylgde på ferdi,  
møtte ein lagnad hard.  
Ut til Golgata-haugen  
krossane sine dei bar.  
Dei skulle for broti bøta,  
ein pinefull død måtte møta.  
Snart livssoli deira glar.

Dei eingong var små og spede,  
to liljor i livsens vår,  
foreldri til fryd og glede.  
Men kulden dei blomar når.

Det vonde vart deira herre.  
So gjekk dei frå vondt til verre.  
No syndi si løn dei får.

### *So er dei framme ved Golgata*

So er dei framme ved Golgata –  
skalle-staden det tyder. –  
Fylgjet stansar, men larmen ei.  
Høge hædings-rop lyder.

Simon – mann frå Libya –\*  
krossen legg ned på bakken.  
Trøytt han er av den tunge bør,  
retter ryggen og nakken.

Det gjer ogso dei brotsmenn to.  
Dei reddest for rettfjerds-domen.  
Jesus Kristus er merkt av ro,  
er til sin offerstad komen.

### *Ei skål med myrra og galle*

Dei Frelsaren først byd ei skål med vin,  
blanda med myrra og gall.  
Dei harde pinslor ho døva skal.  
Men då han hadde den drykken smaka,  
han ville ikkje den skåli taka.  
Det hørde med til hans tunge kall  
å drikka ei ublanda lidings-skål.  
Først då når han fram til kallet sitt mål.

### *Hammarslag på Golgata*

Harde hærmenn finn verkty fram,  
hammar og nifse naglar.  
Jesus legg dei på krossens tre.  
Spott-ord og spit-ord haglar.

Jesus legg dei på krossen hard,  
hender og føter strekkjer,  
naglar driv gjennom fot og hand.  
Men ingen medynk det vekkjer.

\* Kyrene låg i Libya i Nord-Afrika.

På baa sidor av Kristi kross  
to andre fær same lagnad.  
Illgjerds-menner dei arme er,  
fylgde den vonde dragnad.

### *Gjennom dei hender som alltid var milde*

Harde hugar og harde hender  
naglane driv  
gjennom dei hender som allstødt var milde;  
tena og tårone turka ville,  
og signa liv.

Harde hugar og harde hender  
naglane driv  
gjennom dei føter som stødt ville vandre  
dei mange miler bare for andre,  
og berga liv.

Men blodet som rann på korset,  
verdi si synd vaska vekk.  
Og difor ein lovsong frå folki strøymer,  
Og i all æva den flodi fløymer  
fordi han dei såri fekk. –

### *Korset vert reist*

Då hammar-slagi so stilna er,  
blodsdropar jordi bløyter.  
Hærmenn reiser opp krossar tri,  
og hardt deim i jordi støyter.

So han heng millom himmel og jord,  
han som er heimsens frelsar.

Kvida er hard, og hans pine stor.  
Hædings-rop honom helsar.

Men Frelsaren sagde dei ordi –  
dei første frå korset dei er:  
”Fader, forlat deim!” so bad han;  
”for dei veit ikkje kva dei gjer!”

### *Men heilvoven var hans kjortel*

Då Jesus var nagla til korset,  
hærfolket sette seg ned.  
No kunne dei hærfanget dela  
i mak og fred.

Og byttet var Jesu klede.  
So tok dei og skifte deim ut,  
deim delte i fire deler,  
og so fekk dei kvar sin lut.

Men kjolen til verdsens frelsar  
var heil, som han sjølv det var.  
Heilvoven var han heilt oventil.  
Slik var den kjortel han bar.

Og difor dei fire hærmenn  
imillom seg sagde så:  
”Lat oss no ikkje riva han sund!  
Lat heller oss draga strå  
om kven som skal hava honom!”

Og slik skulle Skrifti sannast;  
i Salmane me det finn:  
”Dei skifte klede imillom seg,  
og kasta lut om kjolen min.”

## *Meisterens tunica*

Heilvoven var din tunica.  
Heil-rend du sjølv, meister, var.  
Det fanst ingen brest, ingi sprunga i deg  
då trugen du vandra din jordlivs-veg,  
då verdi si synd du bar.

Din heilvovne kjortel på Golgata  
vart andre sin eigedom.  
Slik kleder du enno i rettferds-skrud  
kvar arming som søker den heilage Gud.  
Den drakt er vår herlegdom.

## *Hagl av spott-ord*

Den var i den tredje timen\*  
dei nagla Kristus til korset.  
Og so vart dei sitjande der,  
og vakt over honom heldt.

Imedan stod folket og såg på.  
Deira rådsherrar spotta og sagde:  
”Andre han frelste; no kan han –  
dersom han er Guds Messias,  
den utvalde – frelsa seg sjølv.”

Ogso dei hærmennar gjorde  
narr av den krossfeste frelsar,  
fram gjekk til korset og baud han  
eddik, imedan dei sagde:  
”Dersom du konge over jødane er,  
so frels deg sjølv!”

\* Kl. 9 om morgonen (etter jødisk rekning).

## *Det stod ei innskrift på krossens tre*

Pilatus skreiv òg ei innskrift  
og sette på krossens tre,  
oppover Jesu hovud, og soleis lydde det,  
klagemålet mot honom:  
”DETTE ER JESUS FRÅ NASARET,  
KONGEN OVER JØDANE.”

Skrive det var på latin og gresk,  
men òg på hebraisk mål, –  
eit vakkert vitne om Jesus Krist,  
tenkt til ei spottings-skål.

Dei ordi las mange av jødane;  
for Golgata byen låg nær.  
Men ogso folk ifra andre land  
såg det som stod skrive der.  
Dei skjønna sitt eige språk.

## *”Det eg skreiv, det skreiv eg”*

Dei øvste prestane mislika det  
som skrive på korset stod.  
Og so til Pilatus dei sende bod  
og sagde til honom so:  
”Skriv ikkje: ”Jesus frå Nasaret,  
jødane sin konge”,  
men skriv: ”Denne mannen sagde  
eg jødane sin konge er!”

Pilatus vart då i hugen harm,  
og gav deim det stutte svar:  
”Det eg hev skrive, eg skrive hev!”  
Reine ord det på tiltale var. –



## *So fekk det lysa frå Golgata*

So fekk det lysa frå krossens tre  
at Kristus, han konge er.  
Og sidan vart dette vitnemål  
kjent over all vår verd.  
So fekk det lyda frå Golgata  
ut over all vår jord.  
Og enno gjeng dei frå ætt til ætt,  
dei sterke og store ord.

I vanmakt vart han krossfest hin dag;  
men endå han konge er.  
Med naglemerke i fot og hand  
han styrer den vide verd.

Den æra ingen kan frå han ta;  
dei freista på krossens dag.  
Dei ord som vart skrivne på Golgata,  
enno dei stend ved lag.

So skriv det djupt i mitt hjarta inn,  
og hjelp meg å skjøna rett:  
Einast Jesus er kongen min,  
Jesus frå Nasaret!

## *Nye skurer av spott*

Folk som gjekk framom, spotta,  
på hovudet riste og sagde:  
”Du som riv ned Guds tempel  
og byggjer det opp att på dagar tri,  
frels no deg sjølv!  
Er du Guds Son, so stig ned av korset!”

Sameleis spotta dei honom,  
både dei øvste prestar,  
dei skriftlærde og dei eldste.  
Dei sagde seg imillom:

”Han andre hev frelst.  
Seg sjølv kan han ikkje frelsa.  
Lat no Messias, Israels konge,  
stiga av korset ned,  
so me kan sjå det og tru.  
Han hev si lit til Gud Herren sett.  
Lat Gud no honom berga,  
dersom han bryr seg om han!  
Han hev då sagt: ”Eg er Guds Son.”

## *I dag med meg i paradís*

Jamvel dei arme brotsmenn  
som krossfeste i lag med han var,  
på same vis honom spotta.  
Kor hugen kan vera hard!  
Men ein av dei to seg angra.

Den andre heldt fram og håna,  
spotta ifrå sin kross:  
”Er ikkje du Messias?  
Frels då deg sjølv og oss!”

Den andre røvaren skjende  
på han frå sitt tronge rom:

”Hev du ’kje eingong otte for Gud,  
du som er under same dom?”

Og me, me er det med rette;  
me fær lika for det me hev gjort.

Men han hev 'kje gjort noko gale  
korkje i smått eller stort.

”Jesus,” han sagde, ”kom meg i hug  
når du i ditt rike kjem!”

Då svara Jesus dei sæle ord,  
verde vår lov og pris:

”Det seier eg deg for sant: I dag  
skal du få vera med meg i lag  
i paradís.”

### *Men røvaren, han fekk svar*

Han stod framfor falske vitne.  
Og skuldingi deira var hard.  
Men Meisteren stod der tagal.  
Han gav deim ikkje eit svar.

Han stod framfor øvstepresten,  
hin gong i Pilatus sin gard.  
Skuldingar over han hagla.  
Han gav deim ikkje eit svar.

Han stod der for kong Herodes.  
Den fyrsten forviten var.  
Men Meisteren atter tagal stod.  
Han gav honom ikkje eit svar.

Han hang der i blod på korset.  
Med tålmod han pinsla bar.  
Hærmenn og rådsherrar håna han, –  
men ikkje eit ord til svar.

Men då ein røvar i dødsens naud,  
i sjelekval heit og hard,  
bad: ”Herre Jesus, kom meg i hug!”  
då fekk han eit herleg svar.

### *Den sælaste på Golgata*

Den sælaste på Golgata,  
på krossen so vond og hard, –  
det vert ikkje sagt, men eg trur for visst:  
Den angrande røvar det var,  
som fekk ei helsing frå Jesus Krist.

Det mislukkast for han i livsens strid,  
men lukkast til aller sist.  
For mannen som hang på den midtre kross,  
han gav honom livsens kvist.  
Han fekk han av Jesus Krist.

Eg sjølv er ein stakkars arming.  
Eg ogso kjem døden nær.  
Og difor eg ogso må ropa:  
”Å Jesus, meg nådig ver!  
Du veit, eg uverdige er.”

Og når seg so natti nærmar,  
med kaldskodd og gufs av is,  
å Herre, ver då meg nære,  
og seg: ”I dag skal du vere  
med meg i paradís!” –  
Der evig eg syng din pris.

## *Dei stod innmed Jesu kors*

Innmed Jesu kors stod mor hans,  
og hennar syster, Salome,  
Maria, kona til Klopas,  
og Maria frå Magdala.

I denne stundi gjekk sverdet  
igjennom Maria sitt hjarta,  
då innmed korset ho stod,  
og sonen ho såg på korset,  
med naglar og klungerkruna,  
i angst og pine og blod.

Då Jesus fekk auga på mor si  
og såg innmed henne standa  
den læresveinen han elska,  
då sa han til mor si: ”Kvinne,  
sjå, der er din son!”

So sa han til læresveinen:  
”Sjå, der er di mor!” –  
Frå denne stundi Johannes  
tok henne heim til seg.  
Han vel for Maria sytte,  
som Frelsaren bar til verdi  
og sidan fekk kjenna sverdi  
stinga gjennom sitt hjarta.

Midt i si sværaste pine  
Frelsaren tenkte på sine.  
Midt i si såraste kvida  
ein røvar som hang ved hans sida,  
på korset sin dystre dag,  
fekk møta hans hjartelag.

## *Eit stort og skræmeleg myrker*

Tri timar hadde no Jesus  
hange i ve og vande  
på krossens harde tre.  
No var det den sjetten timen,\*  
og soli stod høgst på himlen.

Då seig det inn over landet,  
frå Hermon i nord, til sud,  
eit stort og skræmeleg myrker,  
sendt av Gud.

Soli slutta å skina.  
Fuglane slutta å syngja.  
Verdi sin nattetide,  
no var han sistpå komen.  
Frelsaren var under domen,  
under Guds rettvise vrede  
for ætti si store synd.  
Og dette myrkret vara  
alt til den niande timen.

Inne i tempelet hende det noko  
i denne dystre og nattsvarte stund:  
Det store forhenget rivna,  
frå øvst til nedst i to.  
Eit bilete er det for oss at no  
er vegen til himmelens heilagdom fri,  
open og fri, til evig tid.

\* Klokka var då 12.

## *Min Gud, min Gud – !*

Og so, ved den niande timen,  
lydde det oppe på Golgata  
eit rop so sterkt og sårt;  
”Elo’i, Elo’i lamá sabaktani?”  
Det tyder: ”Min Gud, min Gud,  
kvi hev du forlate meg?”

Det sjelemyrkret var større  
enn det som den stundi kvilde  
tungt over Israels land.  
I denne, den svartaste timen,  
då drakk vår frelsar den siste,  
den beiskaste dropen i kalken  
som nokon i verdi hev drukke.

Då nokre av deim som ved korset stod,  
hørde dei ordi, dei sagde:  
”No ropar han på Elia!”

### *”Eg tyrstar!”*

Då Jesus no visste at fullført var alt  
so Skriftene sannast skulle,  
då sagde den lidande frelsar: *”Eg tyrstar!”*  
det femte ord som lydde på krossens tre.

No stod det eit kjer der, av vineddik fullt.  
Og straks sprang ein til og fylte ein svamp  
med den beiske drykk  
og sette han på ein bergmynte-stylk,\*  
heldt han so opp til munnen hans,  
og gav han å drikka av den.

\* = isop-stylk.

Men dei andre sagde: ”Vent, lat oss sjå  
om Elia kjem og bergar han nå,  
og tek han av korset ned!”

### *Det er fullført!*

Den siste drykken vår frelsar fekk  
på denne jord, det eddik var.  
No bar det mot enden av striden hard.  
Då lydde frå korset dei sterke ord,  
som enno tonar ut over jord:  
”Tethelesthai! – Det fullført er!”

Og so var det stilt ei liti stund  
på gravnatt-myrkt Golgata.  
Då lydde frå korset so høgt eit rop, –  
det siste vår frelsar sa:  
*”Fader, i dine hender  
overgjev eg mi ånd!”*

So bøygde han stilt sitt hovud,  
gav åndi si over til himmelens Gud.

### *So brast det store hjarta*

So brast det store hjarta.  
det heile verdi rømde.  
Dei harde, kalde hugar  
til døden honom dømde.  
Men då det sistpå stilna,  
dei livsens liljor blømde.  
So brast det reine hjarta.

Det aldri vondskap hyste,  
og lell dei hatske hugar  
i ovund mot han fnyste.  
Men då det sistpå brotna,  
dei livsens liljor lyste.

So brast det varme hjarta.  
Og blodet, fritt det fløynde,  
til aller siste drope  
ifrå hans sida strøynde.

Men dette purpur-vellet  
all verdsens synder gøynde.

Det var den verste urett  
i verdsens lange saga.  
Men i den myrke midnatt  
Guds kjærleik mot oss loga.  
No kan me oss med frimod  
fram til hans truna våga.

### *Og so var striden stilna*

Og so var striden stilna,  
den tyngste som nokon hev stridd.  
Den lange liding var enda;  
ho skulle 'kje lenger brenna,  
den sværaste nokon hev lidd.

Det siste rop hadde tagna.  
So stilt det kring korset var  
i dødsens time, den svarte.  
For knust var det store hjarte  
som verdi sitt skuld-berg bar.

Og brostne dei var, dei augo  
som stråla Guds kjærleik ut.  
Dei alltid av reinleik lyste  
og alltid Guds solskin hyste.  
No brast dei i namnlaus sut.

### *Dramaet enda*

Og so var dramaet enda,  
det største vår verd hev sett.  
Men ætti si synd var sona.  
No kan me på æveliv vona.  
Hans død vann oss barnerett.

So hadde det store hjarta  
slege sitt siste slag.  
Men døden var ei det siste;  
for atter han vann det han miste.  
Det demra ein påskedag.

Snart to tusund år er farne  
frå korset sin store dag.  
Men enno dei gjeng over jordi,  
dei ov-sæle Golgata ordi:  
Vår Frelsar hev vunne vårt slag!

### *Jordi skolv, og bergi brast*

Og sjå, då han ut hadde anda,  
inne i templet rivna  
førehenget i to,  
frå øvst og til nedst.  
Vegen til Gud var no opna.

Og jordi skolv, og bergi brast.  
Og gravene ogso vart opna,  
og heilage lekamar mange  
av deim som i svevn hadde falle, –  
no stod dei opp.

Og ut av gravene gjekk dei  
då Jesus hadde stått opp.  
Dei kom inn i den heilage byen  
og synte for mange seg der.

### *Ditt altar, Kristus, var ein kross*

Ditt altar, Kristus, var ein kross.  
Der sårt du leid og blødde.  
Der gav du livet ditt for oss,  
då hjarteblodet flødde.

Din klednad var ein klunger-krans,  
din pryd var harde naglar.  
Di ros var spott-ord utan stans,  
og hædar-ordi haglar.

Men der du ære-kruna vann –  
ein heider utan like –  
ei evig frelsa for oss fann  
i Guds og Kristi rike.

Me lovar deg, vår Herre Krist,  
som valde klunger-krona.  
På ferdi her, hjå deg til sist  
skal evig lovsong tona.

### *Kva under var det?*

Kva under var det at jordi myrkna  
og dagen døktest som det var natt,  
når slekti sløkte det skire ljuset  
og vraka verdi sin fagre skatt!

Kva under var det at fjelli rivna  
og bergi skolv i den dökke dag,  
når slekti sprengde det trugne hjarta  
som slo i kjærleik dei varme slag!

Kva under var det at førehenget  
då rivna sunder frå øvst til ned,  
når vegen no inn til Gud var open,  
ved blod var vunnen den dyre fred!

Kva under var det at graver opnast  
og mange heilage oppatt stod,  
når atter livet sin veg var bana  
og paradiset var kjøpt med blod!

### *Han var Guds Son!*

Men då hovudsmannen, som beint mot han stod,  
og dei som i lag med han  
heldt vakt over Jesus, jordskjelvet såg  
og det som på korset hende,  
at han anda ut med so sterkt eit rop,  
då vart dei med age fylde.  
Og hovudsmannen lova Gud og sa:  
”I sanning var denne mannen  
rettferdig – han var Guds Son!”  
Og heile mengdi som samla var  
for dette synet å sjå,

dei slo seg for brystet og øya seg  
då dei såg det svære som hende.  
Og so dei attende vende.

Men langt unna korset stod venene hans  
og fylgde det fælslege drama,  
i lag med dei mange kvinnor  
som hadde fylgt Meisteren  
alt ifrå Galilea  
og tent han med det dei åtte.  
Maria fra Mågdala var millom deim,  
og so ei onnor Maria, –  
mor til Jakob den yngre og Joses.

Millom dei sorgtyngde kvinnor  
som stod der, var ogso Salome,  
mor til Johannes og Jakob,  
søner til Sebedeus,  
Frelsarens syskenborn.  
Mange andre kvinnor stod ogso der,  
som komne var til Jerusalem  
saman med den korsfeste.

### *Ikkje eit bein var brote*

Dagen før sabbaten var det,  
og liki måtte 'kje hanga der  
på korset over helgi.  
For storheilag var den sabbaten.  
Difor bad jødane Pilatus  
at beini måtte brytast  
på dei tri som var krossfeste,  
og at ned dei måtte takast.  
So kom dei romerske hærmenn,  
braut beini sund på den første,

og so på den andre røvar  
som hang der i lag med Jesus.  
Men då dei so kom til honom  
og såg at han alt var slokna,  
dei braut ikkje beini hans sund.

Men ein av dei romerske hærmenn  
stakk han i sida med spjotet.  
Og straks kom det ut blod og vatn.

Dette vitnar den læresveinen  
som såg det med eigne augo.  
Og vitnemålet hans er sant,  
so ogso de må tru.  
For dette med Jesus hende  
so skriftordet skulle sannast:

”Det skal ikkje brytast eit bein på han.” –  
Og eit anna skriftord seier so:  
”Dei skal sjå bort på honom  
som dei hev gjennomstunge.”

### *Dei siste gåvor Jesus fekk*

Dei siste gåvor Jesus fekk av oss:  
Narre-kåpa, klungerkruna,  
naglar, sneid-ord, kross.

Dei siste gåvor Jesus fekk på jord:  
Svipe-slag, blodig rygg,  
harde hædar-ord.

Dei siste gåvor Jesus av oss fekk:  
edikk-drykk, eit spydstikk djupt,  
som inn i hjarta gjekk. –  
Til sist ei tidleg grav.

## *Ein rådsherre gjekk til Pilatus*

Då kveld det var vorte, kom Josef,  
ein mann ifrå Arimatea –  
ein by i Israels land – .  
Han var høgvyrd og rik og gjæv.  
Ein Jesu læresvein var han i løynd;  
men dulde for det av di han ottast  
dei hatske styresmenner.

Han var med i Det høge rådet,  
ein god og rettferdig mann,  
ein av deim som venta Guds rike.  
Då Sanhedrin\* domfelte Jesus,  
han var ikkje med på dette.

Han våga seg til å ganga  
inn til Pilatus og beda  
honom om Jesu lekam.

Pilatus undrast om Jesus  
verkeleg alt var slokna.  
Og difor han hovudsmannen  
kalla, og honom spurde  
om Jesus frå Nasaret nyst hadde andast.  
Då han vissa om det hadde fenge,  
lét han Josef få Jesu lekam.  
So kjøpte han lintøy og gjekk av stad,  
tok honom ned av korset.

## *Ogso Nikodemus kom*

Og Nikodemus kom ogso,  
han som den første gongen

\* = Det høge råd.

var komen til Jesus om natti.  
No hadde han med seg ei blanding  
av myrra og aloé.  
Det var om lag hundrad pund.

So tok dei då Jesu lekam,  
i linkledet sveipte han,  
med dei angande kryddor imillom,  
soleis som jødane hadde for vis  
når dei ein til likferd budde.

## *Ein hage ved Golgata-haugen*

Like ved staden der han var krossfest,  
var det ein hage,  
og i hagen ei grav som var ny.  
Josef frå Arimatea hadde  
hogge den gravi i berget,  
og ho var tenkt til å hysa  
honom når livssoli gladde.  
Difor det aldri var nokon  
lagd i den gravi ned.

Der lagde dei Jesu lekam,  
fordi det var helgedags-aftan  
og gravi låg like innåt  
den staden der han anda ut.  
Og so ein stor stein dei velte  
attfor den nye gravi. –  
Og so gjekk dei båe bort.

## *Ogso der var dei trugne kvinnor*

Nikodemus og Josef var ikkje åleine  
i Jesu gravferd.



Ogso då var dei trufaste kvinnor med:  
Maria frå Mágdala, og so den andre Maria, –  
mor til Jakob den yngre og Joses.  
Midt framfor gravi sat dei og syrgde.

Der, attmed gravi, var ogso dei kvinnor  
som hadde fylgt han frå Galilea.  
Dei skoda gravi, og la til merkes  
korleis lekamen hans var lagd.

So gjekk dei heim att, og laga til  
angande kryddor og salvar.  
Sabbaten over dei heldt seg i ro,  
som sagt er i Mose lov.

### *Romersk segl på Jesu grav*

So skjedde det dagen etter –  
den siste dagen i veka:  
Dei myrke makter var ei gått til ro.  
Jesus var rudt or vegen.  
Dei sigeren ville forseгла no.  
So gjekk då dei øvste prestar –  
”dei fromme” òg var i lag med deim –  
beint til Pilatus heim.

”Herre, me kjem i hug,” dei sa,  
”at denne folkedårar  
sagde medan han levde:  
”Tri dagar etter eg oppatt stend.” –  
Me difor bed deg å setja folk  
til vel å vakta på gravi  
alt til den tridje dagen.

Elles kunne hans vener koma,  
stela han og til folket seia:

”Han opp frå dei døde hev stade.”  
Då vert denne dåring verre  
enn den første dåringi var.”

Då sagde Pilatus: ”Sjå her hev de vakt!  
Gakk no og tak vare på gravi som best de kan!” –  
Dei gjorde som han hadde sagt:  
sette vakt til å sikra gravi.  
Men først forsigla dei steinen. –

### *Ein sabbats-dag er til ende*

Sabbats-dagen er enda.  
Soli gjekk sistpå ned.  
Tri kvinnor kjøper angande kryddor,  
vil ta dei til gravi med  
og salva Jesu lekam.

Maria frå Mágdala var det,  
Maria, mor til Jakob,  
og Salome, Jesu moster.

Myrkret sig inn over landet,  
løyner den heilage byen.  
Kvinnone gjeng til ro.  
Samde var dei: i morgon tidleg  
gjeng me til Jesu grav.

Det var den siste natti  
før sigers-dagen den store,  
då Kristus skulle bryta  
dei svære dødsens lekkjor.

## DEN STORE SOLOPPGANGEN

### *Døden gav tapt i den nye dag*

Det glitra Guds sol i den nye dag.  
Døden gav tapt i det store slag.

Guds engel steig ned i det morgongry.  
Den gamle jord vart med eitt som ny.

Det hende noko so mektig, stort:  
Til livet opnast den stengde port.

I gryet ovra seg Herrens verk:  
Brått kom ein jordskjelv, so ovleg sterk.

Ein engel ned ifrå himlen fór,  
gjekk innåt steinen so tung og stor.

Han velte steinen frå gravi vekk.  
Kvar vaktmann slegen då vart av skrekk.

Ein ljosens engel på sigers-veg:  
På steinen roleg han sette seg.

Som lynet å sjå til den engel var.  
Som snøen kvit var den drakt han bar.

Kva under då at dei vaktmenn skolv?  
Som døde låg dei på jordi sitt golv.

## *Dei kom til gravi då soli rann*

Tidleg i otta – det endå var myrkt,  
men lysna so smått mot den første vekedagen –  
tri kvinner vandra med stille steg  
ut imot gravi i hagen.  
Hjarta i sorgmod banka.

Det var Maria frå Mágdala,  
Jakobs-Maria, Salome.  
Med angande kryddor vil dei salva han.  
Dei kom til gravi då soli rann.

Dei sa seg imillom: ”Kven skal me få til  
å velte frå gravi den steinen?”  
Men då dei såg opp, dei med undring såg  
at fråvelt han var, – der på jordi låg.  
Den steinen var ovleg stor,  
og det romerske seglet var brote.

## *Den første som bar bod*

Då spring ho av stad,  
Maria frå Mágdala,  
til Simon Peter vil bera bod,  
og til Johannes, den læresveinen  
som Jesus elska.

Ho seier til deim:  
”Dei ut or gravi  
hev Herren teke.  
Og ikkje veit me  
kvar dei hev lagt han.”

## *Han er ikkje her!*

Dei andre kvinnor stod att ved gravi.  
Og Herrens engel, han til deim sagde:  
”Ver ikkje redde, eg veit de søkjer  
den Herre Jesus, han som vart krossfest.  
Han er ’kje her! Han hev stade opp att,  
so som han sagde.  
Kom og sjå staden der dei han lagde!”

So gjekk dei inn i den opne grav,  
men fann ikkje Jesu lekam.  
Og då dei rådvile stod der inne,  
med eitt to menner stod innmed deim,  
kledde i skinande klede.  
Den eine, so ung å sjå til,  
sat på den høgre sida.

Medan dei fulle av otte  
stirde nedføre seg, mennene sagde:  
”Ver ikkje forfærde!  
De søkjer Jesus frå Nasaret,  
han som var krossfest.  
Kvi leitar de etter den levande  
millom dei døde?  
Han er ikkje her! Han hev stade opp.  
Sjå staden der dei han lagde!

Kom i hug kva han sagde med dykk  
då enn i Galilea han var:  
Menneskesonen skal gjevast  
i syndige menneske-hender.  
Krossfestast skal han. Men tridje dagen  
skal opp att han standa.” –  
Då kom dei hans ord i hug.

## *No må de skunda dykk!*

Og vidare englane sagde:  
”Men gakk no av stad – de skunda dykk må –  
og seg med hans vener, og Peter,  
at Jesus hev stade opp frå dei døde.  
Og no gjeng han føre dykk til Galilea.

Der skal de sjå honom, som han hev sagt dykk. –  
Sjå, no hev me sagt dykk det.”

So skunda dei seg frå gravi,  
redde, men jublande glade.  
Fælska hadde deim teke.  
Dei skolv og var mest ifrå seg.  
Dei tala ikkje eit ord til nokon, –  
so redde var dei vortne,  
men sprang av stad, ville bera bod  
til Jesu læresveinar.

## *To læresveinar til gravi spring*

Dei neste som kom til den tome grav,  
var Peter og so Johannes.  
Varsla dei var av Maria,  
med tilnamnet Magdalena.  
Brått tok dei ut,  
og gav seg på vegen til gravi.

Først sprang dei båe saman.  
So sprang Johannes føre,  
fortare enn Peter. –  
Sprekare var han, og yngre av år.  
So kom han først til gravi.

Han lutte seg ned, og glytte inn.  
Då såg han at lindane låg der.  
Men han gjekk ikkje inn. –  
So kjem Simon Peter etter.  
Og han gjekk inn i gravi,  
ser lin-kledi liggja der.

Men sveitteduken som Jesus  
hadde kring hovudet hatt,  
låg ikkje i lag med lin-kledi,  
men på ein stad for seg sjølv  
og var rulla i hop.

Då gjekk den andre læresvein  
ogso i gravi inn,  
han som var komen dit først.  
Og han såg og trudde.

For dei skjøna 'kje endå Skrifti,  
at han frå dei døde  
opp skulle standa. –  
So gjekk dei heimatt, dei to.

### *Sveitteduken var fint lagd saman*

Sveitteduken var fint lagd saman.  
Slik var det med lin-kledi ogso.  
So var det ikkje eit lik-rov øvd  
i nattetimen.

Men det var sjåande til  
at han som der hadde lege,  
stilt av sin svevn hadde vakna,  
og i ro hadde teke av seg  
dei klede han fekk for den dødsens natt  
som no for evig var enda.

### *Jesus møter Maria*

Men Maria, som atter til gravi var gått,  
no utanfor stod ho og grét.  
Som ho no gråtande lutte seg ned  
og inn i gravromet glytte,  
to kvitkleddede englar ho såg sitja der, –  
den eine ved hovudet, medan den andre  
ved fot-enden sat,  
der Jesu lekam hadde lege.

So seier dei: "Kvinna, kvi græt du?" –  
"Fordi dei hev teke Herren min bort,  
og eg veit ikkje kvar dei hev lagt han."

Med so sagt snudde ho seg.  
Då ser ho at Jesus stend der.  
Men ho visste ikkje at det var han.  
Jesus seier til henne:  
"Kvinna, kvi græt du so?  
Kven er det du leitar etter?"

Ho tenkte: Det hagemesteren er,  
og seier til honom: "Herre,  
er det du som hev bore han bort,  
so seg meg kvar du hev lagt han!  
Då vil eg honom henta."  
Jesus seier: "Maria!" –  
Då snur ho seg, og seier til han  
på det hebraiske mål:  
"Rabbuni!" – det tyder: "Meister".

"Rør ikkje ved meg!" sa han,  
"for eg hev 'kje enno fare  
opp til min himmelske Fader.  
Men gakk du til brørne mine,  
og gjev deim frå meg den helsing:

No fer eg opp til honom  
som er min Far og dykkar Far,  
min Gud og dykkar Gud!”

So sprang ho til Herrens vener  
og gav deim so sælt eit bod.  
Dei som syrgde og grét so sårt,  
fekk denne tidend god:  
”Eg hev sett den Herre Jesus!  
Han lever! Og no vil han fara  
opp til sin himmelske Fader,  
til sin Gud og dykkar Gud.”

### *So fekk ho den levande møta*

Ho var den aller første  
som fekk den oppstadne sjå,  
Maria Magdalena.  
So lukkeleg var ho då.  
Frå byen Mågdala var ho,  
ved ”Harpesjøen” den blå.  
Ein dag fekk ho møta Jesus.  
Det lenge var sidan nå.

Ho stridde med vonde ånder,  
so mange som sju i alt.  
Dei herja i hugen hennar,  
og livet var vondt og kaldt.

So møtte ho Menneskesonen.  
Ei bøn han for henne bed.  
Dei vonde ånder på døri lyt.  
So gjeng ho heim i fred.

Og sidan ho fylgde Jesus.  
Ho livet åt honom gav,

fylgde honom til Golgata,  
og til den myrke grav.

Då slokna lukke-soli,  
og dagen vart belgmyrk natt.  
Livet hev mist si meining.  
No hadde ho ingen ting att.

Men so rann ein påskemorgon,  
med solhimmel skir og blå.  
So møtte ho den oppstadne, –  
den første som fekk honom sjå.

Lukkeleg var du, Maria!  
Og salig er kvar og ein  
som fylgjer den Herre Jesus.  
Den rikdom er sann og rein.

### *Dei andre kvinnor møter Meisteren*

Imens var dei andre kvinnor  
også på veg bort frå gravi.  
Og best det var, såg dei Jesus.  
Han kom imot deim og helsa: ”Guds fred!”

Då gjekk dei innåt, og fall på kne  
og tok kringom føtene hans.  
Og Jesus sa til deim dei same ord  
som englane hadde sagt:  
”De må ikkje vera redde!

Gakk og seg med brørne mine  
at dei skal fara til Galilea!  
Der skal dei få sjå meg att.”

### *Dei tenkte det var noko vas*

So kom det eit fylgje av kvinnor  
fram til apostelflokken  
og dei andre Herrens vener, –  
ville fortelja deim det som var hendt.  
Maria frå Mágdala var det,  
Johanna og Jakobs-Maria,  
og dei andre kvinnor i fylgjet deira.  
Men då dei fekk høyra at Frelsaren levde  
og at dei han hadde sett,  
då ville dei ikkje tru det.  
Dei tenkte det var noko vas dei før med.

### *Den store lygn*

Medan dei kvinnor på vegen var  
til Herren Jesu apostlar,  
nokre av deim som vakt hadde halde  
ved gravi, kom inn til byen,  
og fortalde dei øvste prestar  
alt det som hadde hendt.

Då kom dei i hop, med dei eldste.  
Dei samrødde seg, og vart samde:  
Gav vaktene mykje pengar  
og sa: ”Seg at Jesu vener –  
hans læresveinar – om natti  
kom og stal honom bort mens de sov!  
Og skulle Pilatus få høyra det,  
so skal me vel med han tala,  
og laga det so at de trygge kan vera.”

So tok dei mot pengane, gjorde so  
som dei var føresagde.

Og soleis det ord millom folket kom ut,  
og hev millom jødar seg halde  
til denne dag.

### *Lett å tru lygni*

Kor lett det er å tru lygni!  
Tenkje seg til at dei ville  
våga seg til, Jesu vener,  
midt i den myrke natti  
gå til ei grav som var vakta  
av morske romerske hærmenn, –  
der den øv-store steinen var velta  
framføre gravi i fjellet,  
ei grav med det romerske seglet!

Tenkje seg til: dei fekk rulla  
den svære steinen frå gravi,  
Frelsarens lekam fekk fjerna  
midt i den myrke natti,  
utan at sovande stridsmenn  
vakna av styret og ståket!  
Kan det vel elles tenkjast  
at alle dei romerske vaktmenn  
sovna på posten sin?

Men, som det skrive stend:  
Når ein ’kje sanningi elsker,  
då lyt ein lygni tru. –

### *No brann i anger hans blod*

Ingen i læresvein-flokken  
var so sørgmodig som han,  
Peter, føraren deira.

Ved dag og ved natt han sturde.  
Anger i barmen brann.

Han hadde Meisteren svike  
då han ved kol-elden stod,  
banna og svore: ”Eg kjenner han ikkje!”  
No brann i anger hans blod.

Kunne han bare få sagt han:  
”Tilgjev meg, meister, mi skuld!” –  
Men no var Frelsaren borte.  
Barmen av gråt var full.

Ein ting han kunne ’kje gløyma:  
at Meisteren på honom såg.  
Eit havdjup av kjærleik og smerte  
i dette blikket låg.

Men no fekk han helsing frå Jesus!  
Som salve det var på sår.  
So er han ’kje død, – han lever!  
Og so var det framtid og vår.

### *Meisteren møter Peter*

Og so kom Meisteren til han.  
Av flokken den første han er  
som møter den oppstadne Herre,  
den første som honom ser. –

Det rislar igjennom barmen  
ein underleg glede-flaum.  
So hev han ’kje mist sin Herre!  
Ein røyndom det er, ingen draum.

Og Frelsaren ser på han atter.  
Eit havdjup av kjærleik ligg gøymt –  
og gleda – i Jesu augo.  
Det er røyndom – han hev ikkje drøymt.

Å, kjærleik som ikkje trøytnar!  
Å, kjærleik som ei tek far vel,  
som elsker ein ussel syndar!  
Hav takk! – Han er trygg og sæl.

### *Skyer og solskin skifter*

Det lid ut på påskedagen.  
Soli, mot vest ho går.  
Skyer og solskin skifter,  
som ofte det gjer mot vår.  
Vonlause Herrens vener  
hev det so langt frå lett.  
Men so kjem det nokre kvinner,  
fortel dei hev englar sett.

Dei englane sa: ”Han lever!” –  
Det kan ikkje vera råd!  
Slik tenkte to læresveinar  
som ville til Emmaus gå.

So heiter den litle byen,  
frå Jerusalem vel ei mils veg.  
Dit er det dei to læresveinar  
i ettermiddags-timane dreg.

## *Til Emmaus*

So såre til sinns dei til Emmaus gjekk.  
Den gongen eit møte med Jesus dei fekk.  
Den levande frelsar, han kom og slo lag.  
So vart det for deim ein ugløymande dag.

På vegen dei tala om det som var hendt,  
om lyset som brått vart til vonløysa vendt.  
Då Jesus kom innåt, slo fylgje med deim.  
Han ville gå med deim til Emmaus heim.

Men augo var fjetra, – dei kjende ei han.  
Og so han deim spurde, den framande mann:  
”Kva er det de gjeng her og talar om no?” –  
Med sorgfulle åsyn då stille dei stod.

Kleopas var namnet på ein av dei to.  
No tok han til ords, og han svara han so:

”Av alle som gjestar Jerusalem nå,  
heilt visst du den einaste vera må  
som ikkje veit om kva som hende der  
i helgi som no snart til endes er.”

”Kva då?” spurde honom den framande mann.  
”Det med Jesus frå Nasaret,” svara dei han.  
”Han var ein profet so mektig og stor,  
for Gud og alt folket, i gjerning og ord.

Men dei øvste prestar av ovund brann,  
fekk dømt han frå livet, og krossfeste han,  
i lag med Det høge rådet.  
Og me som levde i voni sæl,  
at han skulle løysa ut Israel!

## *Men so var nokre kvinnor ved gravi*

Og attåt alt dette so er det no  
på den tridje dagen sidan  
alt dette gjekk føre seg.

Men so hev nokre kvinnor i flokken vår  
sett oss i undring og uro.  
I otta var dei ved gravi,  
men fann ikkje lekamen hans.  
Dei kom og fortalde at dei hadde sett  
eit syn av englar som sa at han lever.

Nokre av dei som var med oss,  
gjekk då til gravi ut.  
Og desse fann det nett so  
som kvinnone hadde fortalt.  
Men honom sjølv såg dei ikkje.”

Då tok den framande mannen til ords:  
”Å, kor de uvituge er!  
Og kor seine de er til å tru  
alt det som profetane tala!

Laut ikkje Messias lida alt dette  
før inn til sin herlegdom han kunne gå?”

Og so tok han til frå Moses,  
og alle profetane med.  
Og i alle Skriftene lagde han ut  
det som er sagt om han der.

*”Bli hos oss, Mester!”*

Dei nærma seg byen, og soli gjekk ned.  
Det loga og brann. Det var kveld. Det var fred.



Han lest vilja vidare ganga; men då  
dei bad han: ”Du må ’kje forlata oss nå!

Sjå, dagen han hallar; til kvelds det no lid.  
Kom inn og ver hjå oss, til trøyst i vår strid!” –  
Dei bad han so vent, og han inn til deim gjekk.  
Og so eit ugløymande samver dei fekk.

Og seinare, då dei ved kveldsbordet sat,  
den fredfulle kvelden, og fekk seg litt mat,  
han brødet velsigna og braut det, og då  
at gjesten var Jesus, med fryd fekk dei sjå.

So fekk dei ha hjå seg den himmelske gjest.  
Dei fekk vera med i so salig ein fest.

Han sat der so fredfull, med åsynet bjart.  
Men brått var han borte; usynleg han vart.

### *Dei måtte dela den gleda*

No kunne dei skjøna: det nettopp var han.  
Dei mintest kor hjarto på vegen brann  
då Ordet han opna, gav løysing og svar.  
Dei burde ha skjøna at Jesus det var.

Når voni er ute for godt – det er natt –  
å få henne lysande, levande att,  
kven kjende då gleda meir klokke-klår, varm?  
Ho strøymer som vårfriske bekker i barm.

Som skyer for soli då kvarv deira sut.  
Og so med ein gåande gong tok dei ut.  
Dei måtte få dela den gleda med seg.  
Og lett gjekk den lange Jerusalems-veg.

### *Ein underleg dag er til ende*

Ein underleg dag er til ende.  
Soli hev no gått i hav.  
Kva var det vel som hende?  
Opna er Jesu grav!

Meisterens læresveinar  
er samla bak attstengd dør.  
Av otte for jødefolket  
opna dei ikkje tør.

Men dei to ifrå Emmaus-ferdi,  
fram dei til salen finn.  
Dei bankar på døri, – ho opnast.  
So kjem dei til venene inn.

Der høyrer dei gledebodet, –  
apostlane fram det bar:  
”Herren hev sanneleg stade opp,  
og synt seg for Simon han har!”

Og sidan dei to fortalde  
om det som deim sjølv var hendt,  
om kor han braut brødet for deim.  
Då hadde dei honom kjent.

### *Då stod han sjølv midt iblant deim*

Best dei tala om dette,  
medan dei sat kring bordet,  
han sjølv midt iblant deim stod,  
og sagde: ”Guds fred vere med dykk!” –  
Den helsing er ljuv og god.

Først kvakk dei til og vart redde,  
trudde ei ånd det var  
dei såg no i seine kvelden.  
Men Meisteren gav det svar:

”Kvi er de so forstøkte?  
Kvi stig det i hjarto dykkar  
tvilande tankar opp?  
Sjå hendene mine og føtene mine,  
sjå at det er eg sjølv!  
Og kjenn so på meg og sjå!  
Ei ånd hev då ikkje kjøt og bein,  
som de sjølve ser at eg hev.”

Då han det hadde sagt,  
då synte han deim  
hendene sine og føtene sine.  
Han synte deim sida si òg.

### *Hev de noko etande her?*

Då enda dei kunne ’kje tru for gleda,  
men undra seg bare, han sagde:  
”Hev de noko etande her?” –  
Då gav dei honom eit stykke steikt fisk  
og noko av ei honningkaka.  
Han tok det og åt det for augo deira.

Og Meisteren mildt deim refsa  
fordi dei so vantrue var  
og ikkje trudde dei vitne  
som bod om oppstoda bar.  
Dei hadde då sjølve sett han.  
Men hugen deira var hard.

So gjekk gjennom hjarto deira  
av gleda og fryd ein flaum  
då læresveinane Herren såg.  
Det verkeleg var – ingen draum. –

### *Tak imot Den Heilage Ande!*

So sagde han atter til deim  
dei ljuvlege ord: ”Guds fred!  
Som Faderen ut meg sende,  
so sender eg ogso dykk.”

Med desse ordi han anda  
på deim og sagde til deim:  
”Tak imot Den Heilage Ande!  
Tilgjev de nokon syndene deira,  
då dei tilgjevne er.  
Held de deim atter for nokon,  
so er dei atterhaldne.”

### *Kristus sagde ogso dette*

Den ugløymande påskekvelde  
Jesus sa òg desse ordi:  
”Det var dette eg tala til dykk om, dei dagar  
eg endå i lag med dykk var,  
at det som er skrive i Skrifti om meg, –  
i Lovi, profetane, Salmane, –  
alt saman måtte sannast.”

So lét han opp for deira tankar  
so Skriftene dei kunne skjøna:  
”So stend det skrive,” sagde han,  
”at Kristus – Messias – skal lida,  
og tridje dagen standa opp ifrå dei døde.

Og i hans namn skal ropast ut  
forlating for syndene, for alle folkeslag.  
Frå Jerusalem skal ut det ganga.  
De sjølve skal vitna om dette.

Og no vil eg over dykk senda  
den gåva som Far min hev lova.  
Men de skal i ro dykk halda  
og her i Jerusalem vera,  
til budde de vert med kraft frå det høge!”

### *Tilbakeblikk på den store dag*

Den dagen det store hende:  
Vår Frelsar braut dødsens band.  
Vår lagnad til von han vende  
og vann oss eit livsens land.

I årtusund ætti stunda  
i lengt etter livsens urt,  
imens dei mot gravi skunda,  
og sistpå dei bleikna burt.

Ein stein framom gravi stengde.  
Og sterke var dødsens band.  
Men Frelsaren lekkja sprengde.  
Me òg triumfera kan.

Sitt livsblod han ville gjeva,  
men livet sitt tok han att.  
Me skal ikkje døy, men leva.  
Den von er vår fagre skatt.

### *Då sigra livet grenselaust*

Då soli rann den dag i aust,  
då sigra livet grenselaust.  
Då påske-morgonsoli rann,  
då livet over døden vann.  
Det demra mot den nye dag,  
då dødsens vald leid nederlag.  
For ætti all den siger gjeld.  
Me difor glad vår høgtid held.

### *Min Herre og min Gud!*

Ein av dei tolv var ikkje med  
den kvelden då Jesus deim gjesta.  
Tomas – Didymus, tvilling – var det. –  
Då dei so sagde: ”Me Herren hev sett,”  
han tiltru til det ikkje festa.  
Han meinte det kunne ’kje vera rett.

Han sagde til deim: ”Med mindre eg  
fær naglegapet i hendene sjå  
og stinga fingeren min i det  
og stinga mi hand i sida hans,  
so kjem eg ’kje til å tru.” –  
Kven kan slik ei vantru snu?

Då åtte dagar var lidne,  
var læresveinane atter  
inne, og Tomas i lag med deim var.  
Stengde var alle dører.

Då Jesus kom, og stod midt iblant deim.  
Velsigning han med seg bar.  
Han sagde: ”Guds fred vere med dykk!”

So vende han seg til Tomas:  
”Kom hit med fingeren din,  
og sjå på hendene mine!

Og kom so hit med handa di  
og stikk henne i mi sida!  
Og ver ikkje vantru, men truande!

Då sagde Tomas dei store ord,  
som enno tonar ut over jord.  
Dei lyder i nord, og dei seiest i sud:  
”*Min Herre og min Gud!*”

Jesus seier til honom:  
”Fordi du hev sett meg, trur du.  
Sæle er dei som ikkje hev sett  
og endå trur!”

### *Evig liv i hans namn*

Endå mange andre teikn  
gjorde Jesus Kristus.  
Hans læresveinar deim såg, –  
teikn som ei er skrivne ned.  
Men desse, dei er skrivne  
so de kan tru at Jesus  
Messias er, Guds Son,  
og for at de ved trui skal  
ha evig liv i hans namn.\*

\* Truleg er dette den opphavelige slutten av evangeliet etter Johannes. Sidan vart kap. 21 føyd til, for å oppklare ei misforståing (v. 23).

### *Det hende ved Harpesjøen*

Endå ein gong synte Meisteren seg  
for læresveinane sine.  
Det hende ved Harpesjøen,  
Tiberias-sjøen, der nord,  
der før han forkynte det livsæle ord  
og myndig han truga stormvinden vill.  
Med det gjekk det soleis til:

Peter og Tomas – som ”tvilling” dei kalla –  
og Natanael – han som frå Kana var –  
og so Johannes og Jakob – Sebedeus var deira  
far –  
to andre apostlar også var med dei andre i lag,  
den ugløymande glededag  
der oppe ved Harpesjøen.

Då seier Simon Peter:  
”No gjeng eg av stad å fiska.”  
Dei svarar: ”Me òg gjeng med.” –  
So tok dei ut, og i båten gjekk.  
Men ingen ting dei den natti fekk.

### *Born – hev de fisk?*

I det belet det byrja å dagast,  
stod Jesus med eingong på strandi.  
Men læresveinane visste ei  
at det var han.

”Born, hev de fisk?” seier Jesus til dei.  
Dei svara han: ”Nei.”  
”Kasta garnet på høgre sida av båten,  
so fær de fisk,” sagde han.

Dei lydde honom som stod på land.  
Då var dei 'kje god til å draga garnet, –  
so mykje fisk var det i det.

Då seier den læresveinen  
som Jesus elska, til Peter:  
"Du, det er Kyrios – Herren!" –

Med same Simon fekk høyra det,  
tok han sin kjole på seg –

han hadde lagt honom av –  
og kasta seg brått i sjøen.  
Han hadde 'kje tid til å venta  
til båten nådde land.

Dei andre kom etter med båten,  
og slepte garnet med fisk etter seg.  
For dei var ikkje langt ifrå land, –  
bare to hundrad alner på lag.

### *Kom og få dykk ein morgon-bete!*

Då dei so steig i land, dei ein glo-haug ser  
som ligg der, med fisk på, og brød.  
Jesus seier til deim: "Kom no hit til meg  
med litt av den fisken de fekk!"

Då steig Peter ut i båten, og drog garnet på land.  
Det var fullt av store fiskar;  
hundrad femti tri var talet.  
Trass i at det var so mange,  
so gjekk garnet ikkje sund.

"Kom hit og få dykk ein morgon-bete!"  
seier Jesus til venene sine.  
Ingen våga å spørja: "Kven er du?"  
Dei visste at det var Herren.

Då Jesus kom, og han brødet tok  
og gav deim, og like eins fisken.  
Slik stend det fortalt i Den gamle bok.

Dette er tridje gongen Jesus seg openbara  
for sine vener etter at han  
hadde stått opp frå dei døde.

### *Elskar du meg?*

Då dei no hadde halde måltid,  
sa Jesus til Simon Peter:  
"Simon Johannesson, elskar du meg  
meir enn desse?" –  
"Ja, Herre," apostelen svarar.  
"Du veit at eg hev deg kjær." –  
"Fød mine lam!" seier Jesus.

So seier han andre gongen  
til læresveinen som svikta:  
"Simon Johannesson, elskar du meg?" –  
"Ja, Herre," apostelen svarar.  
"Du veit at eg hev deg kjær." –  
"Gjæt sauene mine!" sa Jesus.

So seier han tridje gongen:  
"Simon Johannesson, hev du meg kjær?" –  
Då tykte Peter at det var leidt  
at han spurde han tridje gongen:  
"Hev du meg kjær?" –  
Han svara: "Kyrios, du veit alt.

Du veit eg hev deg kjær.” –  
Jesus seier til honom då:  
”Sauene mine du føda må!

### *Ein martyrdød vert varsla*

Det seier eg deg for visst og sant:  
Då du var yngre, då sjølv du bandt  
livgjordi om deg og gjekk dit du ville.  
Men når du vert gamal,  
skal hendene dine du retta ut.  
Og ein annan skal livgjordi binda  
om deg, og føra deg dit du ’kje vil.”

Det sa han fordi han ville  
apostelen varsla om kva slag død  
han Gud skulle æra med.  
Med so sagt han seier til honom: ”Fylg meg!”

Då Peter seg snudde, ser han  
den læresvein fylgja som Jesus elska,  
han som sat tett innåt honom  
den kveld dei held nattverd, og spurde:  
”Herre, kven er det som svik deg?”

Då Peter såg honom, han seier til Jesus:  
”Herre, kor skal det då honom ganga?”  
Meisteren svara han: ”Om eg vil  
at han skal leva til dess eg kjem,  
kva kjem det deg ved? Fylg du meg!”

Soleis det ordet blant brørne kom ut:  
”Den læresvein ikkje døy.” –  
Men Jesus sa ikkje til honom  
at han skulle ikkje døy.

Det som han sagde, var dette:  
”Om eg vil han skal leva til dess eg kjem,  
kva hev so du med det? Fylg meg!”

### *Verdi ville ’kje røma dei bøker*

Det er den læresveinen  
som vitnar om desse ting  
og som dette hev teikna ned.  
Og me veit at han vitnar sant.

Den læresvein var Johannes.  
Med ørnen dei hev honom likna.  
Han flyg so høgt under himmelen blå.  
Dei seier han beint inni soli kan sjå.  
So nær han Meisterens hjarta låg.  
So djupt han inn i hans løyndom såg.

I livsens kveldstid han pennen tok,  
til verdi gav ei evangelie-bok.  
Der ser me inn i ein rikdom stor.  
Til sist han lell seier desse ord:  
”Det endå er mykje anna  
som Jesus hev sagt og gjort.  
Skulle det skrivast, kvar ting for seg,  
då trur eg at heile verdi  
ikkje vil røma dei bøker  
som måtte skrivast då.” –

### *Meir enn fem hundrad menn fekk den oppstadne sjå*

Det var ikkje bare apostlane  
og dei trufaste, tenande kvinnor  
som fekk den oppstadne møta.

So skriv apostelen Paulus  
til dei truande i Korint:

”Han synte seg for Kefas,  
og so for dei tolv.  
So synte han seg ogso  
for meir enn fem hundrad brør,  
på ein og same gong.” –  
Av deim var dei fleste i live  
då Paulus skreiv første brevet  
til dei heilage i Korint.  
Men nokre var avsovna då.

Sidan Jesus seg synte  
for Jakob, Herrens bror.  
Men aller sist han synte seg  
for Saulus ifrå Tarsus,  
heidningane sin apostel.

Det er ei historisk hending,  
prova av hundretals truverdige vitne,  
at Kyrios Kristus lever.

### *Snart to tusund år etter*

I solstill påskemorgon me høglydt lovar deg  
som gjekk igjennom døden og opna livsens veg.  
No lyser von i verdi; me glade vitna kan:  
Om tornar sting på ferdi, me gjeng til  
livsens land.

Å, sæle trøyst: Han lever! Han sigra sterkt og stort.  
Ein solfylt påskemorgon kan opna livsens port.  
Han lever i all æva; kvar dag han er oss nær.  
Kvar morgon kan me jubla: Den Herre Krist er  
her!

Me skal ’kje døy, men leva. Ein påskemorgon renn  
då me i lys og lukka ved sprengde graver stend.  
So gjeng me inn til livet, og bak ligg dødsens svelg.  
Då skal me i all æva i himlen halda helg.

### *Siste gong til Galilea*

Dei elleve læresveinar  
ein dag frå Jerusalem fór.  
No skulle dei Meisteren møta  
i Galilea der nord,  
der han gjorde dei store under  
og tala Guds evige ord.

Der hadde han sett deim stemne.  
Der skulle dei han få sjå.  
Eit berg der oppe var møtestaden.  
Dit ville i dag dei gå.

No er dei sistpå framme.  
Ferdi, ho enda er.  
So hender atter det store:  
Den oppstadne Kristus dei ser.

Dei ser han stå der på berget,  
i lysande herlegdom.  
Dei tilbad; men nokre tvila.  
Då fram til deim Kristus kom.

### *Konge-ordren*

Han tala til deim og sagde  
mektige hærførar-ord,

ein konge-ordre som sidan  
lydde, og enno lyder  
ut over all vår jord.

So lydde konge-ordi:  
”All makt er gjeven meg  
i himlen og på jordi.  
Gakk difor ut i verdi all.  
Forkynn eit heilagt himmelsk kall!

Gjer alle folkeslag  
til mine læresveinar,  
med di de døyper deim  
til Faderens og Sonens  
og Heilagandens namn,  
og lærer deim å halda alt  
som eg hev bode dykk!  
Og sjå, eg sjølv er med dykk  
alle komande dagar  
til denne tidsalder endar!”

### *De skal ta ormar i hendene –*

Ein annan gong lydde konge-ordren  
frå den oppstandne Kyrios:  
”Ut i all verdi gå,  
og kunngjer evangeliet  
so heile skapningen  
kan gledebodet få!  
Kvar den som trur, fær kristen dåp,  
skal verta frelst.  
Men den som ikkje trur,  
skal bli fordømd.

Og desse teikn skal fylgja deim som trur:  
I namnet mitt dei driva skal  
dei vonde ånder ut.  
Dei skal tala med nye tungor.  
Dei skal ormar i hendene taka,  
og om noko giftig dei drikk,  
so skal det ’kje skada deim.  
Legg dei på sjuke hendene sine,  
so skal dei få helsa att.”

### *Eit ord frå Acta\**

Etter at han hadde lide,  
han læresveinane synte  
med mange overtydande prov  
at han var i live.  
For i fyrti dagar han tedde seg  
tid om onnor fram for deim  
og tala om det som høyrer  
himmelriket til.

Og ein gong han var saman med deim,  
sa han til deim at dei skulle ’kje fara  
bort frå Jerusalem,  
men venta på det som hans Far hadde lova, –  
”det som de,” sa han, ”hev høyrte om av meg.

For Johannes døypte med vatn.  
Men de med Den Heilage Ande skal døypast  
når det lid om nokre dagar.”

\* Acta = Apostelgjerningane (kap. 1,3 fg.)



## *De skal få kraft*

Medan dei soleis var samla,  
spurde dei honom: ”Herre,  
er tidi komen då du vil reisa  
opp att riket for Israel?”

Han svara: ”Det høyrer ’kje dykk til  
å vita tider og timar  
som Far min hev sett i si eigi makt.  
Men når Den Heilage Ande  
over dykk kjem, fær de kraft.

De då mine vitne skal vera  
både her i Jerusalem-byen,  
i heile Judea og Samaria-landet  
og til ytste enden av jordi.”  
Slik lydde konge-ordi. –

## *Eit vakkert Jesus-ord*

Eit vakkert Jesus-ord  
som ikkje er fortalt  
i dei fire evangelia,  
me her vil taka med.  
Det Paulus er som gjev det att  
i talen som han eingong heldt  
til dei eldste ifrå Efesus,  
då han møtte deim i Milét:

”Herren Jesu ord me minnast må;  
for han sjølv hev sagt:  
*Sælare er det å gi enn å få.*”

## *Siste ferd til Oljeberget*

Atter ein gong ut til Oljeberget,  
på vegen som gjeng til Betania, –  
den oppstadne Kristus førde deim dit.  
Atter ein gong over Kedron-dalen,  
og sidan framom Getsemane-hagen,  
der Jesus i angest stridde,  
sorgfull til døden, blodig, kvit.

Stilt gjeng den fylking,  
fylgjer sin førar bakken opp.  
Det vert lite sagt.  
Ein lågmælt flokk av læresveinar  
kvarandre spør: ”Kva er no hans akt?”

No er dei komne opp øvste åsen.  
Der stansar Kristus. Still han stend.  
Mot vest dei ser – Jerusalem i kveldsol –  
mot aust, der Jordan ut i Asphalt-havet\* renn.

So lyfter Jesus naglemerkte hender  
opp over flokken som i undering står.  
For siste gong på jordi han velsignar  
dei trugne vener, før han frå deim går.

## *Heim!*

Og so – mens han velsignar sine vener –  
han lyftest ifrå Oljeberget stilt.  
Dei stend og ser dei naglemerkte hender  
han retter ut til signing mjukt og mildt.

\* Dødehavet vart kalla so pga. at flak av asphalt flaut opp frå botnen.

Dei stend og ser – sin Herre og sin meister –  
for siste gong dei ser han her på jord.  
So tek ei sky han bort frå deira augo.  
Og Jesus Kristus heim til himlen fór.

### *De menn frå Galilea!*

Som dei no stod og stirde  
mot himlen då opp han fór,  
då stod det to mennar hjå deim,  
kledde i kvite klede,  
og sagde so desse ord:

”De mennar frå Galilea,  
kvi stend de og ser opp mot himlen?  
Denne Jesus som frå dykk er teken,  
til himmelen opp,  
han att skal koma på same måten  
som de såg han til himmels fara.” –

### *Hans rike skal sigra til sist!*

So stod dei vel der og sturde? –  
Nei, tekne i hjartans grunn  
hans vener på kne seg kasta,  
og tilbad, med hjarta og munn.

Og so stend det skrive i Boki  
at då dei attende fór  
til byen, då syrgde dei ikkje,  
men hyste ei gleda stor.

Og sidan i templet var dei,  
kledde i kvardags-skrud.  
Dei vitna om Kristus Kyrios.  
Dei lova og priste Gud.

Dei visste at han som dei fylgde,  
dei hadde han ikkje mist.  
Han lova kvar dag med deim vera,  
den levande Jesus Krist.  
Hans rike skal sigra til sist. –

